

Endre Brunstad

Det reine språket

Om purisme
i dansk, svensk, færøysk og norsk



Avhandling til doctor artium-graden

Nordisk institutt
Det historisk-filosofiske fakultet
Universitetet i Bergen
Februar 2001

ISBN 82-497-0039-2
Bergen, Norway, 2001
Copyright by © Endre Brunstad

Føreord

Arbeidet med denne avhandlings vart i hovudsak gjort som NFR-stipendiat ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, i perioden 1. august 1996–31. juli 2000. Under arbeidet har eg fått hjelp og støtte frå fleire, og eg vil nytte dette høvet til å takke:

Fyrst og fremst vil eg takke professor Helge Sandøy som har vore rettleiar. Han har fylgt prosjektet frå det vart planlagt heilt til sluttfasen, og har heile vegen kome med viktige merknader og innspel.

Dernest vil eg takke professor Øystein Sørensen som har vore siderettleiar, og gitt kommentarar på historiefaglege spørsmål.

Takkast skal òg adjunkt Asgerd Gudiksen for fleire innsiktsfulle tilbakemeldingar, særleg på danskkapitlet.

Takk til stipendiat Magnhild Selås for korrekturlesing og for merknader til færøysk-kapitlet.

Tilsette og studentar ved Nordisk institutt har skapt gode rammer for forskning, og skal takkast for det.

Ei takk går til Institut for Dansk Dialektforskning, Københavns Universitet, som tok godt imot meg under eit studieopphald haustsemesteret 1997.

Takk til stipendiatar, ex-stipendiatar og andre ved HF-fakultetet for viktige faglege og sosiale innspel.

Takk til Noregs forskingsråd for finansiell støtte.

Takk til familien for ulike former for støtte.

Takk til andre personar som på ulike måtar har gitt tilbakemeldingar som har støtta opp om arbeidet med avhandlings. Om desse ikkje er nemnde, er dei ikkje gløymde.

Dei som er takka skal sjølvsagt ikkje lastast for eventuelle feil og manglar som måtte hefte ved avhandlings.

Bergen, 16. februar 2001

Endre Brunstad

Føreord til andre utgåva

Til disputasen 12. oktober 2001 har eg trykt opp ein del nye eksemplar av avhandlings. Der har eg retta opp nokre prentefeil og tilvisingsmanglar. Innhaldet er ikkje endra.

Føreord til tredje utgåva

I denne elektroniske utgåva av doktoravhandlings har det ikkje skjedd endringar i sjølve innhaldet, men sidetalsvisinga er ikkje alltid heilt identisk med dei to føregåande utgåvene.

Når det gjeld seinare publikasjonar som er relaterte til doktoravhandlings, anten gjennom presentasjon av stoff eller av vidareutvikling av stoff, kan desse nemnast:

- 2002a. Islandsk purisme etter 1945. I *Nordica Bergensia* 26, 69–93.
- 2002b. Nordisk purisme. I *Språknytt* 2, 10–14
- 2003a. Svar frå doktoranden. I *Maal og Minne* 1, 71–80.
- 2003b. Standard language and linguistic purism. I *Sociolinguistica* 17, 52–70.
- 2003a. Det reine språket. I Sandøy, Helge, Randi Brodersen og Endre Brunstad (red.) *Purt og reint*. Volda: Høgskulen i Volda, 7–17

- 2003b. Purismeomgrepet gjennom to tusen år. I Sandøy, Helge, Randi Brodersen og Endre Brunstad (red.) *Purt og reint*. Volda: Høgskulen i Volda, 37–64
- 2003c. Mellom rasjonalitet og patriotisme. Om svensk purisme. I Sandøy, Helge, Randi Brodersen og Endre Brunstad (red.) *Purt og reint*. Volda: Høgskulen i Volda, 147–179.

Innhald

Del I Bakgrunn

1 Innleiing 1

Del II Purisme

21

2 Ei innsirkling av purisme-omgrepet 23

3 Purismen i vest-europeisk og nordisk skriftradisjon 41

Del III Engelsk som problem

73

4 Språklån frå engelsk 75

Del IV Dei fire språksamfunna

121

5 Dansk purisme 123

5 Svensk purisme 184

5 Færøysk purisme 251

5 Norsk purisme 305

Del V Avslutning

381

9 Jamføringar og konklusjonar 383

Referansar

426

Forkortingar 454

Detaljert innholdsliste

1 Innleiing	1
1.1 Føremål	1
1.2 Purisme	1
1.3 Engelsk	2
1.4 Problemstillingar og hypotesar	3
1.5 Dansk, svensk, færøysk og norsk	10
1.6 Kjeldegrunnlag og litteratur	13
1.7 Disposisjon	19
Del II Purisme	21
2 Ei innsirking av purisme-omgrepet	23
2.1 Innleiing	23
2.2 Nokre definisjonar	23
2.3 Det reine språket	27
2.4 Purisme på ulike lingvistiske nivå	28
2.4.1 Leksikalsk purisme	28
2.4.2 Ortografisk purisme	32
2.4.3 Morfologisk purisme	34
2.4.5 Fonetisk purisme	35
2.4.6 Fokus i denne studien	35
2.5 Normomgrepet	36
2.5.1 Internaliserte og fastsette normer	38
3 Purismen i vest-europeisk og nordisk skrifttradisjon	41
3.1 Innleiing	41
3.2 Dei antikke føresetnadene	41
3.2.1 Den retoriske tradisjonen	41
3.2.2 Grammatikken	46
3.3 Purismen i europeisk språkstandardisering	47
3.3.1 Oppgjeret med latin	48
3.3.2 Latinsk purisme	53
Ekskurs: Kyrkjeslavisk og gresk	54
3.3 Morsmåls patriotisme og puritas	55
3.3.1 Språkakademi	55

3.3.2 Morsmålsselskap	56
3.4 Purismen og det kvinnelege	58
Ekskurs	60
Kvinneleg språkpølering?.....	60
3.5 Prentekunsten og makt	62
3.6 Opplysningsfilosofi og patriotisme	63
3.7 Kva skjedde med den retoriske tradisjonen	64
3.8 Purisme og nasjonalisme.....	65
3.9 Skandinavismen	68
3.10 Breidda i det puristiske engasjementet.....	70
3.11 Oppsummerande merknader	71
Del III Engelsk som problem	73
4 Språklån frå engelsk.....	75
4.1 Innleiing	75
4.2 Korleis ein låner.....	75
4.2.1 Leksikalske lån	75
4.2.2 Namn, titlar og sitatord	82
4.2.3 Sitatord	84
4.2.4 Kodeveksling	85
4.2.5 Ortografisk og morfologisk påverknad frå engelsk.....	87
4.3 Omfanget av engelske lån	89
4.3.1 Omfanget i dansk.....	89
4.3.2 Omfanget i svensk	91
4.3.3 Omfanget i færøysk	94
4.3.4 Omfanget i norsk	94
4.4 Engelsk som verdsspråk	98
4.4.2 Engelsk i tevling med andre språk.....	101
4.4.3 Den historiske utbreiinga av engelsk som verdsspråk	103
Ekskurs: Engelsk i USA	106
Ekskurs: Anglifering av India	108
4.4.4 Domene for bruk av engelsk	111
4.4.5 Engelsk som uttrykk for livsstil.....	116
4.4.6 Engelsk – eit nøytralt språk?.....	117
4.4.7 Avrunding	120

Del IV Dei fire språksamfunna.....	121
5 Dansk purisme	123
5.1 Innleiing	123
5.2 Det danske språksamfunnet	124
5.3 Purisme gjennom tidene.....	126
5.3.1 Språkstandardisering gjennom patriotisme, verselære og tyske ideal	126
5.3.2 Danske bokstaveringsprinsipp.....	132
5.3.3 Klassisk dansk purisme på 1700-talet.....	133
5.3.4 Ludvig Holberg og purismen.....	135
5.3.5 Puritas-tradisjonen.....	138
5.3.6 Fagterminologisk purisme	140
5.3.7 Det anti-tyske og skandinavismen	141
5.3.8 Frå skandinavisme til nordisme.....	143
5.3.9 Rettskrivingsstrevet og purismen	146
5.3.10 Ei kort oppsummering.....	147
5.4 Purisme imot engelsk etter 1945	149
5.4.1 Frå 1945 til 1980	149
5.4.2 Normeringsideologien.....	151
5.4.3 Modersmål-Selskabet.....	155
5.4.4 Majonæse-krigen	156
5.4.5 1980- og 1990-talet	160
5.4.6 Danske lingvistar engasjerer seg	162
5.4.7 Ein dansk språkpolitikk?.....	165
5.4.8 Nasjonalisme	167
5.4.9 Språkhaldningar.....	169
5.5 Purisme på lingvistiske nivå	171
5.5.1 Leksikalsk purisme.....	171
5.5.2 Ortografisk purisme	173
5.5.3 Morfologisk purisme.....	181
6. 1 Svensk purisme	184
6. 1 Innleiing	184
6.2 Det svenske språksamfunnet.....	185
6.3 Purisme gjennom tidene.....	188

6.3.1 Svensk statspurisme på 1600-talet.....	188
6.3.1.1 Svensk språkpatiotisme og göticismen.....	189
6.3.1.2 Forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge	191
6.3.2 Svensk stilpurisme på 1700-talet.....	193
6.3.3 Rettskrivingsutviklinga på 1700-talet	195
6.3.4 Svenska Akademien	197
Ekskurs: Svenska Akademien	198
6.3.5 Nasjonalisme, skandinavisme og anti-skandinavisme	199
6.3.6 Svensk purisme imot dansk og dansknorsk	201
6.3.7 Svensk nasjonsbygging	209
6.3.7.1 Motstand imot finsk og samisk.....	211
6.3.8 Det rasjonelle språkvårdsprinsippet	212
6.3.9 Ei kort oppsummering	215
6.4 Purisme imot engelsk etter 1945.....	217
6.4.1 Utgangspunktet.....	217
6.4.2 Den offisielle normeringa	218
6.4.3 Erik Wellander.....	220
6.4.4 1960-talet og den mottakarorienterte normeringa	222
6.4.5 1970-talet og demokratismen.....	224
6.4.6 1980-talet og meir merksemd på engelsk	226
6.4.7 1990-talet og statusvern	229
6.4.8 Språknasjonalisme på ny.....	231
6.4.9 Språkhaldningar.....	235
6.5 Purisme på ulike nivå av språket	237
6.5.1 Leksikalsk purisme.....	237
6.5.2 Ortografisk purisme.....	238
6.5.3 Morfologisk purisme	241
Ekskurs: Finlandssvensk.....	245
7 Færøysk purisme	251
7.1 Innleiing	251
7.2 Det færøyske språksamfunnet.....	252
7.3 Purisme gjennom tidene	253
7.3.1 Tidlege tankar om den reine færøysken	254
7.3.2 Det færøyske standardspråket.....	255
7.3.3 Etableringa av ein puristisk orden	256

7.3.3.1 Jakob Jakobsen	256
7.3.3.2 Christian Matras	257
7.3.3.3 Føroysk-donsk orðabók	259
7.3.3.4 Terminologiarbeid.....	260
7.3.4 Purisme og nasjonalisme	260
7.3.5 Shetland og Orknøyane som problem.....	262
7.3.6 Islandsk som førebilete	264
Ekskurs: Færøysk, islandsk og skandinavisk.....	267
7.4 Purisme i tida etter 1945	269
7.4.1 Purisme imot engelsk?	269
7.4.2 Omsynet til Danmark	271
7.4.3 Rådgiving og ordbøker	272
7.4.3.1 <i>Institusjonalisering av normeringa</i>	272
Ekskurs: Føroyamálsdeildin og det normative	273
7.4.3.2 <i>Jóhannes av Skarði og den dialektiske purismen</i>	274
7.4.3.3 <i>Grensa for purisme: Jógvan við Áanna</i>	276
7.4.4 Jóhan Hendrik Winther Poulsen.....	277
Ekskurs: Paven og il computatore	281
7.4.5 Purisme-kritikken	281
7.4.6 Ordbøkene på 1990-talet.....	285
7.4.6.1 <i>Ensk-føroysk orðabók</i>	285
7.4.6.2 <i>Donsk-føroysk orðabók</i>	285
7.4.6.3 <i>Føroysk orðabók</i>	289
7.4.7 Språknasjonalisme og implementering	291
7.5 Purisme på lingvistiske nivå	293
7.5.1 Leksikalsk purisme.....	293
7.5.2 Ortografisk purisme	297
7.5.3 Morfologisk purisme.....	301
7.6 Kort oppsummering.....	303
8 Norsk purisme.....	305
8.1 Innleiing	305
8.2 Det norske språksamfunnet.....	305
8.3 Purisme gjennom tidene.....	308
8.3.1 Språkpatiotisme.....	308
8.3.2 Seks normeringsstrategiar.....	310

8.3.2.1 Den reine dansken	311
8.3.2.2 Dansk-norsk språkkonservatisme	314
8.3.2.3 Målreising	318
8.3.2.4 Folkemålsradikalisme	326
8.3.2.5 Fornorskingspurismen	328
8.3.2.6 Tilnæringslina	331
8.3.2.7 Ei oppsummering	332
8.3.3 Skandinavismen	334
8.3.4 Purisme imot finsk og samisk	335
8.3.5 Dei seks fyrste hypotesane	337
8.4 Purisme imot engelsk etter 1945	340
8.4.1 Institusjonsbasert purisme på 1950- og 1960-talet	340
8.4.1.1 Alf Hellevik	341
8.4.1.2 <i>Språknemnda og ålmenta på 1960-talet</i>	342
8.4.2 Dei kulturkonservative	345
8.4.3.1 <i>Sigmund Skard</i>	347
8.4.3.2 <i>Noregs Mållag</i>	350
8.4.4 Anti-amerikanisme?	351
8.4.5 Norsk språkråd på 1970- og 1980-talet	352
8.4.6 Oljespråket	353
8.4.7 Aksjonen for språkleg miljøvern	355
8.4.8 Nasjonalisme	366
8.4.9 Finn-Erik Vinje	368
8.4.10 Språkhaldningar	371
8.5. Purisme på lingvistiske nivå	373
8.5.1 Leksikalsk purisme	373
8.5.2 Ortografisk purisme	378
Morfologisk purisme	382
V Avslutning	383
9 Jamføringar og konklusjonar	385
9.1 Innleiing	385
9.2 Kva er purisme?	386
9.3 Purisme og språkstandardisering	388
<i>Hypotese 1 Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av dansk, svensk, færøysk og norsk som skriftspråk.</i>	388

<i>Hypotese 2 Purismen i Vest-Europa byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk</i>	394
9.4. Maktutøving og nasjonalisme.....	396
<i>Hypotese 3 Purismen har vore nært knytt til maktutøving i dei nordiske språksamfunna</i>	396
<i>Hypotese 5 Nasjonalismen er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka</i>	402
9.5 Heimlege tradisjonar eller påverknad utanfrå?.....	406
<i>Hypotese 6 Utforminga av purismen i kvart av dei nordiske språka er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå</i>	406
9.6 Purisme og engelskpåverknad	408
<i>Hypotese 7 Det har skjedd ei intensivering av purismen på 1980- og 1990-talet, særleg i dei skandinaviske språksamfunna, på grunn av engelskpåverknad.</i>	409
<i>Hypotese 8 Fokuseringa på engelskpåverknad på 1980- og 1990-talet heng saman med større merksemd om nasjonale spørsmål.</i>	411
9.7 Purisme i høve til språkinterne faktorar.....	413
9.8 Purismen og allmenn teori om språknormer og språknormering	417
9.8.1 Konstitutive og regulative normer.....	418
9.8.2 Operative og preskriptive normer	419
9.8.3 Diakron versus synkron tilnærming	420
9.8.4 Deskriptiv og normativ tilnærming til purismen	422
9.9 Er det positivt eller negativt med purisme?	424
Referansar	426
Forkortingar	426

1 Innleiing

1.1 Føremål

Denne studien har som hovudmål å arbeide ut ei forståing av purisme som historisk-ideologisk og sociolingvistisk fenomen, og å vinne teoretisk innsikt om purisme som element i språknormeringa.

Som utprøvingssområde er det valt fire nordiske språksamfunn: det danske, det svenske, det færøyske og det norske. Desse språksamfunna skal her sjåast i eit lengre historisk og jamførande perspektiv. Føremålet med det er å få fram meir grunnleggjande og overordna sider ved purismen, samstundes som ein kan vinne meir innsikt om likskapar og ulikskapar mellom dei nordiske språksamfunna.

I tillegg til det lengre historiske perspektivet vil studien leggje vekt på måten purismen er vorten aktualisert dei seinare åra gjennom påverknaden frå engelsk. I den samanhengen kjem òg føresetnader for engelskpåverknaden til å stå sentralt.

1.2 Purisme

Nemninga *purisme* kjem etymologisk frå det latinske ordet “*purus*”, som tyder ‘rein’. I ein språkpolitisk samheng refererer purisme til ein normeringsideologi prega av tanken om det reine språket: Visse framande språkinnslag bør haldast ute, av di dei gjer språket ureint. Denne oppfatninga er gjerne kombinert med aktiv innsats for å avløyse språklån med heimleg materiale, eller med strategiar for å tilpasse lån til heimleg språkstruktur. På handlingsplanet er det mest vanleg at purismen er retta mot ord, men han kan i prinsippet gjelde alle nivå av språket, både ortografi, morfologi, syntaks, fonetikk etc.

Lingvistisk sett er ingen språk i og for seg reine. Alle språk har ulike former for lån, og mange språk har oppstått som resultat av språkkontakt. Når det like fullt eksisterer eit ideal om det reine språket må vi sjå det i høve til motsetnaden, det ureine. Nettopp gjennom motsetnaden mellom det reine og det ureine får ein skapt eit grunnlag for å kategorisere og markere språklege grenser og språkleg orden på. Slike språklege reinleiksmarkeringar kan i sin tur sjåast på som aspekt av meir allmenne førestellingar om korleis ein skal byggje opp og oppretthalde sosiale og kulturelle system. Det er ein forståingsmåte vi kjenner mellom anna frå sosialantropologien.

Historisk har purismen spela ei viktig rolle for utviklinga av europeiske standard-språk. Han har markert og presisert kva som høyrer til og kva som ikkje høyrer til standardspråket, og kva som skil ulike språk frå kvarandre. I tillegg har purismen vore

med på å byggje opp prestisje for språka. Frå Norden kjenner vi særleg til den danske og svenske purismen imot fransk på 1700-talet og mot tysk på 1800-talet, og på same måten den færøyske, nynorske og islandske purismen mot dansk og nedertysk på 1800- og 1900-talet. I perioden etter 1945 har spørsmålet om engelskpåverknad fått ein meir framstående plass i purisme-ordskiftet, ikkje minst i dei skandinaviske språksamfunna. Merksemda på engelsk har òg gjort at purismen er aktualisert. At Norsk språkråd i 1995 arrangerte eit seminar med tittelen “Purisme på norsk?”, er eit symptom på det.

I løpet av dei seinare åra er den vitskaplege interessa for purisme vorten større, med fleire nyare granskingar (jf. Gerdener 1986, Jernudd et al. 1989, Hansen og Lund 1994, Simonsen 1997, Sandøy 1997a og 2000). Også den teoretiske forståinga er vidareutvikla, ikkje minst gjennom studien *Linguistic purism* (1991) av George Thomas. Denne studien vil freiste å gå vidare inn på problemfelt og utfordringar som er formulerte i desse arbeida.

1.3 Engelsk

At det no er engelsk som står i fokus for purismen, heng saman med den sterkare påverknaden frå engelsk.

Engelskpåverknaden skjer i hovudsak på to måtar: Den fyrste er gjennom korpuspåverknad, dvs. på det lingvistiske nivået gjennom lånord eller ulike former for morfologisk, ortografisk, semantisk, syntaktisk og fonetisk påverknad. Den andre er gjennom statuspåverknad, dvs. når engelsk får innpass i bruksdomene som tradisjonelt høyrer heimespråket til, eller vert dominerande i nye domene.

Her er det tale om to påverknadsmåtar som i prinsippet kan gå føre seg relativt uavhengig av kvarandre. Engelskpåverknad på eit dansk, svensk, færøysk eller norsk språkinventar treng til dømes ikkje å føre med seg at statusen for språka vert svekt. På same måten treng ikkje statustap føre til at dei einskilde språka vert påverka gjennom lånord etc. Ein kritikk av den norske haldningskampanjen “Aksjonen for språkleg miljøvern” (på 1990-talet) gjekk på at ein ikkje skilde klart nok mellom dei to påverknadsmåtane: Ein brukte ofte korpuspåverknad (i form av engelske lånord) som argument for at statusen for norsk kunne vere truga (jf. Hovdhaugen 1991).

I praksis er der likevel gjerne ein vekselverknad: Når det kjem særleg mange lånord frå engelsk i datatekstar og populærkultur etc., har det noko med at engelsk står sterkt innanfor desse domena. Vi veit dessutan at eit stort innslag av lånord og sterk interferens er typisk for dei mest ekstreme former for statustap, nemleg språkdaude (Grenoble et al. 1998). Såleis er det ikkje føremålstenleg å sjå desse påverknadsmåtane

som heilt isolerte. Her høyrer det òg med at den sterkare bruken av engelsk er med på å danne grunnlag for puristiske haldningar mot engelsk. Det ein derimot bør unngå, er å drage “naturnødvendige” slutningar mellom korpuspåverknad og statuspåverknad.

Purisme er retta mot korpuspåverknad, og er såleis uttrykk for det Heinz Kloss (1978) har kalla *language corpus planning*. I løpet av dei siste åra har tendensen vore å setje eit sterkare fokus på om dei nordiske språka har eit domenetap for engelsk, dvs. på det Kloss kalla *language status planning*. Språkstatusproblem står ikkje i fokus her, men vert handsama i høve til kva funksjon dei har for purismen.

1.4 Problemstillingar og hypotesar

Ut frå hovudmålet vil denne studien gå nærmare inn på sju problemstillingar:

1) Kva er purisme?

For å kunne tale om purisme, må vi ha ei meining om kva fenomenet går ut på. Det viser seg at purismen skiftar farge i høve til konteksten og den historiske tradisjonen. Det fordrar ei historisk og jamførande tilnærming.

Samstundes har purismen eigenskapar som er relativt konstante. Desse eigenskapane kan koplast til tre grunnleggjande funksjonar språk har i eit samfunn, *separasjon, solidaritet og prestisje*.

Solidaritetsfunksjonen går ut på at språket skaper oppleving av fellesskap og gjensidigheit. Denne opplevinga skjer både gjennom gjensidig forståing og kommunikasjon, og gjennom dei affektive solidaritetsbanda som vert skapte ved gruppeidentitet og symbolproduksjon. Folk får felles røynsler gjennom språket, og dermed får også ord, vendingar og språket som heilskap ein sosial verdi.

Separasjonsfunksjonen inneber på si side ei identifisering av kva og kven som ikkje høyrer med i den språklege fellesskapen. Utskiljing av framande språktrekk er då eit viktig moment.

I realiteten er det her tale om to sider av same sak: Utan ei utskiljing og avgrensing kan ein ikkje definere nokon fellesskap. Derimot kan vektlegginga av funksjonane ymse, og då kjem purismen særleg sterkt fram gjennom separasjonsfunksjonen.

Både dei to funksjonane kan sjåast på som fundamentale eigenskapar, ikkje berre ved språk, men ved sosiale kategoriar meir allment. Alle fellesskap (t.d. familiar, lokalsamfunn, subkulturar, yrkesgrupper, statar etc.) føreset at ein held nokon utanfor, og definerer seg sjølv i høve til “dei andre”. I denne utdefineringa er der fleire problem: Kvar skal grensene for fellesskapen gå? Kva og kven skal definere grensene? Kor kategoriske skal grensene vere? Slike problem har alltid vore aktuelle i purisme-

ordskiftet. Det som så skil purismen frå andre sosiale grensemekanismar og frå språkstandardisering meir allment, er to aspekt: for det fyrste den programmatisk fokuseringa på separasjonsfunksjonen for språk og for det andre det ideologiske aspektet knytt til førestellinga om det reine språket.

Prestisjefunksjonen er særleg viktig for standardspråk. Høg prestisje gjer det lettare å få språket i bruk i viktige bruksomene, låg prestisje kan gi språket avgrensa bruksfunksjonar. Purismen kan ved å fokusere på eigenart og høge verdimål ved visse språkformer, vere med på å byggje opp og halde ved like prestisjen til eit språk.

2) *Kva plass har purismen hatt i språkstandardiseringa?*

Denne problemstillinga går inn på kva måte purismen historisk sett har verka, kva roller og funksjonar han har hatt, kor stort omfanget av purismen har vore, og om purismen har vore viktig eller uviktig. I tillegg dreier problemstillinga seg om kva som har vore drivkrefter eller føresetnader.

Utviklinga av den “moderne” skriftspråkpurismen skjedde på 1500-, 1600- og 1700-talet, parallelt med standardiseringa av dei europeiske skriftspråka. Her er hypotesen at purismen ikkje berre har vore viktig, men avgjerande i måten skriftspråka vart standardiserte på. Vi skal her halde oss til Norden:

Hypotese 1

Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av dansk, svensk, færøysk og norsk som skriftspråk.

Dei idéhistoriske og stilistiske føresetnadene for purisme er eldre: dei kan førast tilbake til Hellas og Roma for 2000 år sidan der idealet om reint språk fyrst kom til uttrykk språketeoretisk. Det skjedde gjennom den omfattande læra om talekunst, retorikk, og idealet om *puritas*. Gjennom *puritas* oppstod det eit språkleg reinleiksideal som har vorte formidla vidare gjennom latinundervisning, retorikklære, litterær stilistikk etc.

Hypotese 2

Purismen byggjer på tradisjonar som kan knytast til *puritas*-idealet i klassisk retorikk.

3) *Korleis er tilhøvet mellom purisme, makt og nasjonalisme?*

Bakgrunnen for denne problemstillinga er tanken om at drivkreftene for purismen på 1500-, 1600- og 1700-talet kan søkjast i fleire av dei faktorane som også dreiv språkstandardiseringa fram: statsbygging, nasjonalspråklege hevdingar overfor latin,

endring av vilkåra for kommunikasjon, patriotisme og nasjonalisme, omsynet til folkeopplysning etc.

Ei viktig side er her den maktpolitiske. Noko som kjenneteiknar standardspråk er nettopp ein maktbasis; standardspråket har særrettar som gjer at det kan utbreiast i skule, kyrkje og administrasjon. Det vert positivt diskriminert i høve til andre språk, og gjennom grammatikkar, ordbøker, språkopplæring etc. vert det framstelt som “høgare”, “finare”, “betre” eller “reinare” enn andre språkvarietetar. Her kan purismen spele ei rolle ved å vere med på å definere visse former som reine og andre som ureine. På denne måten kan han stadfeste og styrkje posisjonen til standardspråket. Det er då rimeleg å tenkje seg at dei aktørane og den konteksten som har prega utviklinga av standardspråka, også har prega utviklinga av purismen. Her skal vi gå nærmare inn på tilhøvet til den meir generelle samfunnsmakta.

Hypotese 3

Purismen har vore nært knytt til maktutøving i dei nordiske språksamfunna.

Ei anna viktig side er *nasjonalismen*. Også i nasjonalismen er det tale om å markere separasjon mellom det heimlege og det framande, og om å skape solidaritet innanfor fellesskapen. Nasjonalismen har hatt eit språkpolitisk aspekt, og spela ei viktig rolle for normeringa og utbreiinga av standardspråk på 1700-, 1800- og 1900-talet; likeins har språket hatt ein sterk symbolfunksjon for fleire nasjonalistiske rørsler (jf. Brunstad 1995, 1997). I den samanhengen har purismen kunne vere med på å markere nasjonale språktrekk.

I forlenginga av makthypotesen kjem dei ulike historiske føresetnadene for språk-nasjonalisme inn. Dansk og svensk høyrer til dei eldre europeiske standardspråka med fleire hundre års skrifttradisjon bak seg, og med solid støtte frå ei sterk statsmakt. Dei to statsmaktene fekk omsett bibelen på midten av 1500-talet, og innførte nasjonalspråket i kyrkje, administrasjon og etter kvart også i skule. Nynorsk og færøysk høyrer på si side til dei språka som vart danna og standardiserte på 1800-talet, og som har ført ein historisk strid for språklege rettar. Dei har ein tradisjon for å vere i opposisjon, utan støtte i noka sentralmakt, og er fremja av grupper som på ulike måtar stod utanfor dei sentrale maktposisjonane. (Bokmålet kjem her i ein mellomposisjon.)

For å setje denne ulikskapen inn i ein større, komparativ samanheng, kan det vere innsiktsgivande å trekkje inn den todelinga nasjonalismeforskaren Anthony D. Smith gjer mellom nasjonalisme skapt ovanfrå gjennom *byråkratisk inkorporering* (“bureaucratic incorporation”) og nasjonalisme skapt nedanfrå gjennom *folkeleg mobilisering* (“vernacular mobilisation”). Desse to modellane er presenterte i bøkene

The Ethnic Origins of Nations (1986:77f.) og *Nationalism and Modernism* (1998:193f.).

Den byråkratiske inkorporeringsnasjonalismen kjenneteiknar nasjonalismen slik han etter Smith sitt syn utvikla seg i gamle europeiske nasjonalstatar som Frankrike, England og Spania. Dei leiande for utviklinga var her statseliten, særleg artistokratiet. Den historiske bakgrunnen er maktkampen mellom ulike monarkar i Europa som tvinga eliten i kvar stat til å mobilisere mellomklassen i ein territorielt definert fellesskap. Den vitskaplege, byråkratiske staten er ramma, og han skapte fellesskapsband ved ein kulturell homogeniseringspolitikk og ved å gradvis inkorporere fleire grupper i fellesskapen. Resultatet vart ei sivilrettsleg, ikkje-etnisk form for nasjonalisme. Vi kan tenkje oss at nasjonalismeutviklinga i Danmark og Sverige fylgjer mange av desse trekka.

Den andre nasjonalismetypen, folkeleg mobiliseringsnasjonalisme, byggjer på folkeleg tradisjonsstoff, og er leidd av ein intelligentsia som er frikopla eller ekskludert frå den etablerte statseliten. Prototypene er land i Sentral-Europa, Aust-Europa, Midt-Austen og delar av Afrika der innfødde intellektuelle har gjenoppdaga ei selektiv historie basert på mytar, symbolar og tradisjonar som har lang historisk tradisjon. Ein vektlegg det som er “vårt” og “ekte”. I vår samanheng er det nærliggjande å plassere færøysk og nynorsk språknasjonalisme her. (Bokmål kjem i ein mellomposisjon.)

Smith sine to modellar er idealtypiske, og må nyanserast i høve til det empiriske materiaet. Her er føremålet å få fram hovudperspektivet.

Hypotese 4

Svensk og dansk språknasjonalisme er utvikla ovanfrå, gjennom byråkratisk inkorporering, medan færøysk og nynorsk språknasjonalisme er utvikla nedanfrå, gjennom folkeleg mobilisering.

Eit anna spørsmål er kor viktig nasjonalismen har vore for purismen. Ei oppfatning går ut på at nasjonalisme er ein *føresetnad* for purisme (jf. Kirkness 1984:292). Den oppfatninga er det i realiteten lite grunnlag for. Det eksisterte purisme langt tidlegare enn då nasjonalismen braut ut på slutten av 1700-talet (jf. puritas-tradisjonen, kap. 3.2). Utgangspunktet her er at nasjonalisme er knytt til *ideologiar* og *rørsler* som utvikla seg på 1700-talet og seinare. Jamvel om det heilt klårt fanst nasjonale identitetsdanningar, haldningar og symbol før den tida, hadde ein ikkje det ideologisk og organisatorisk grunnlaget som kjenneteiknar nasjonalismen (jf. Smith 1998:190, Østerud 1994, Sørensen 1998).

Hypotese 5

Nasjonalisme er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka.

4) Er purismen fyrst og fremst utvikla gjennom heimlege tradisjonar eller gjennom påverknad utanfrå?

Slik George Thomas (1991:195) ser det, har purisme generelt oppstått “autochtonously”, som respons på spesielle historiske og språklege problem i språksamfunnet. Sidan ulike språksamfunn har ulike problem, kan utforminga av purismen ymse. Samstundes har det gått føre seg ei “spreiing” ved at purisme i eitt språksamfunn har verka som ein modell for eit anna. Thomas legg særleg stor vekt på sambandet mellom purisme i Tyskland og andre europeiske språksamfunn (s. 196). Det vil vere interessant å sjå om dei nordiske språksamfunna går inn i eit spreingsmønster, og i så fall på kva måte og i kva grad. Her vert det relevant å trekkje inn latin, som var modell for korleis språk skulle sjå ut på 1500-talet, og å sjå på påverknaden mellom dei ulike nordiske språksamfunna (t.d. den rolla islandsk har spela for færøysk, dansk har spela for svensk etc.). Utgangspunktet her er at purisme er eit internasjonalt fenomen med parallellar i fleire land, og at det viser seg att i utforminga.

Hypotese 6

Utforminga av purismen i dansk, svensk, færøysk og norsk er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå kvart einskild språksamfunn.

Denne hypotesen føreset at studien også ser ut over dei nordiske språka, og då er det nærliggjande å halde seg til dei vest-europeiske språka som ein hadde eit forhold til i Norden.

5) Kva rolle spelar purismen for handteringa av engelskpåverknad i dansk, svensk, færøysk og norsk språknormering?

Engelskpåverknad har vore kanskje det mest aktuelle emnet i skandinavisk språkdebatt på 1980- og 1990-talet. I denne samanhengen er også purismen vorten aktualisert, både som studieobjekt (jf. Hansen og Lund 1994, Sandøy 2000c) og gjennom språknormeringa. Det er rimeleg å tenkje seg at aktualiseringa også har ført til ei intensivering av purismen:

Hypotese 7

Det har skjedd ei intensivering av purismen på 1980- og 1990-talet, særleg i dei skandinaviske språksamfunna, på grunn av engelskpåverknad.

Dersom vi føreset at purisme er eit relevant omgrep for å analysere handteringa av engelskpåverknad i Norden, vil neste steget vere å kome inn på årsaker og bakgrunn.

Språklege reaksjonar heng saman med sosiale og kulturelle reaksjonar. Såleis er det grunn til å tru at purisme imot engelsk har å gjere med dei språkeksterne faktorane som verkar saman med engelskpåverknaden. Kan det t.d. vere motstand imot engelsk som verdsspråk? Eller meir allmennpolitisk motstand imot USA som teknologisk, økonomisk, politisk og kulturell stormakt; ein slags anti-amerikanisme eller språkleg “anti-imperialisme” slik Robert Phillipsons bruker nemninga i boka *Linguistic imperialism* (1992)? Ei meir moderat tolking vil vise til kulturell uvisse og trong til å markere nordisk språk og nordisk kultur i eit samfunn som vert stendig meir internasjonalisert, og der internasjonalisering er knytt til bruk av engelsk.

Å markere språklege grenser imot engelsk kan sjåast på som ei markering av språkleg og kulturell identitet. Der kan vere ulike og samansette grunnar for å markere ein slik identitet. Her skal det fokuserast på eitt ideologisk fenomen som har vore påfallande dei siste tiåra; den veksande merksemda om nasjonale spørsmål. Vi ser denne merksemda både i samfunnsordskiftet og i forskning (jf. t.d. Feldebæk 1991, Østerud 1994, Sørensen 1998, Hall 2000).

Hypotese 8

Fokuseringa på engelskpåverknad på 1980- og 1990-talet heng saman med auka merksemd om nasjonale spørsmål.

6) *Kva rolle spelar purisme i høve til språkinterne faktorar?*

Denne problemstillinga er knytt til eit meir grunnleggjande språkteoretisk spørsmål: Er det mogleg at strukturar i eit språk i seg sjølv kan motverke framand språkpåverknad?

I det klassiske verket *Languages in Contact* formulerer Uriel Weinreich (1953:44) den velkjende tesen om at språk har “a complex resistance to interference”. Weinreich eksemplifiserer synet sitt med å vise til at det er meir sannsynleg at morfem med komplekse grammatiske funksjonar vert overførde enn dei med enklare funksjonar (s. 35, 38). Det er altså større sjanse for at det skjer ei overføring dersom der er strukturelle likskapar mellom to språk (og mindre sannsynleg dersom det motsette er tilfellet). Eit anna eksempel på vektlegginga av språkstrukturell motstand er når Einar Haugen (1966) forklårer kvifor samnorskpolitikken ikkje lukkast, med å vise til at det

var “the resistance of structure” (s. 288), “the well-drilled structures” (s. 291) i bokmålet som motsette seg endringar.¹ Denne språkinterne forklaringsmåten kan vi finne att mellom anna i færøysk og islandsk språkrøkt; der vert det hevda at språkstrukturen med omfattande bøyingsmorfologi gjer at færøysk og islandsk har vanskeleg for å take i bruk visse nedertyske og romanske former (Poulsen 1988).

Også Oddrun Grønvik meiner at der er sider ved språkstrukturen som motset seg språklån. Slik ho ser det, vert purismen i mange tilfelle ei ideologisk rasjonalisering over språkinterne faktorar:

Hypotesen min er denne: Syntetiske språk med gjennomregulert rettskriving krev streng formell tilpassing av lånord, medan analytiske språk med veikt samsvar mellom uttale og rettskriving kan ta opp lånord utan nokon formell tilpassingsprosess. [...] Eg trur altså at behandlinga av lånord i einskildspråk i stor grad kan vera eit spørsmål om kva språktype mottakerspråket høyrer til. Er det rett, skulle det tyda på at ein god del av ideologiseringa rundt purismespørsmålet er rasjonalisering – eller etterpåklokskap, om vi skal halda oss til morsmålet. (Grønvik 1991:161–162.)

No nyttar Grønvik nemningane syntetiske språk og analytiske språk på ein måte som ikkje er vanleg i lingvistikken. Det kan dessutan vere problematisk å avgjere kva som ligg i “veikt samsvar mellom uttale og rettskriving”, då samsvaret kan fungere ut frå ulike kriterium (ortofoni, morfo-fonemisk samanheng, etymologi etc.). Hennar hypotese om systemtvang for eit “syntetisk språk med gjennomregulert rettskriving” må elles tilbakevisast når det gjeld tysk som har ein god del lånord, og dessutan tek inn mange ord frå engelsk i dag utan streng tilpassing (jf. Korlén 1979). På same måten kan ein stille seg tvilande til påstanden frå prahalingvisten Vladimir Skalička (1979) om at “isolerande språk” som engelsk og fransk har lett for å take i bruk lånord, fordi ordlaging gjennom avleiing eller samansetjing ikkje skal vere så sterkt utvikla der,

¹ Denne vektlegginga av språkinterne føringar er i fylgje Sarah Grey Thomason og Terrence Kaufman (1988:14) historisk knytt til den franske lingvisten A. Meillet; han meinte at grammatiske lån berre var moglege mellom to språk som hadde svært like grammatiske system. Premissen om språkstrukturell motstand mot framand språkpåverknad har vorte delt av mange lingvistar både i den strukturalistiske og den generative tradisjonen, jf. Thomason og Kaufmans (1988:13-34) gjennomgåing av ein del seinare studiar. Det er òg vorte utvikla meir sofistikert versjonar av Meillet's postulat; til dømes meinte Roman Jakobson at språk aksepterte framande språkelement når desse korresponderte med utviklingstendensar i låntakerspråket: “La langue n’accepte des éléments de structure étrangers que quand ils correspondent à ses tendances de développement” (Jakobson 1938:241). Implisitt i dette resonnementet ligg det også at språklån vert tilpassa det heimlege språkinventaret. Jakobson eksemplifiserte dette med å vise til ustemte labio-dentale frikativar i russisk: Ein hadde i russisk eit foneminventar med ustemte frikativar som /s, sʲ, x/ og stemte frikativar /v, vʲ, z, zʲ/, og som ei tilpassing til dette vart seinare lånord med ein opphavleg /f/ komne i bruk med ein ustemt /f/ og /fʲ/. Når desse fonema vart tilføyd russisk, innebar det ikkje eit skifte i det russiske fonemsystemet, meinte Jakobsen.

Dette synet på lingvistisk affinitet kan kritiseras for å vere sirkulært: “if a language has accepted foreign structural elements, then, on Jakobson’s hypothesis, it must already have had a tendency to develop in that direction” (Thomason and Kaufman 1988:17).

medan språk der denne ordlagingsmåten står sterkt, t.d. tsjekkisk, har ein tendens til å nytte heimlege leksikalske element. Det viser seg nemleg at eit språk med den same typologiske strukturen som tsjekkisk, polsk, har svært mange lånord (Selberg 1993:108). Når tsjekkisk så har fått fleire heimlege ordlagingar, er det meir nærliggjande å sjå det i samanheng med den sterke purismen i tsjekkisk.

Går vi ut frå nyare sosiolingvistik, vert det prinsipielt problematisk å hevde at ein språkstruktur har ein eigeneksistens uavhengig av språkbrukarar og kontekst: Studiar av språkkontakt syner at språk med nokså ulike strukturar ikkje berre låner leksikalske element frå ein annan, men også overfører grammatiske einingar. Det er slike studiar Sarah Grey Thomason og Terrence Kaufman refererer til når dei i *Language Contact, Creolization, and genetic Linguistics* (1988) argumenterer for at der er ingen lingvistiske barrierar for språkovertøringar:

As far as the strictly linguistic possibilities go, any linguistic feature can be transferred from any language to any other language; and implicational universals that depend solely on linguistic properties are similarly invalid. (Thomason og Kaufman 1988:14.)

Frå eit liknande utgangspunkt har òg George Thomas (1991:59) hevda at strukturelle forklåringar på purisme ikkje er stort anna enn “rationalisations of attitudes motivated by other factors”. Purisme er ein *ideologi*, og ikkje nokon eigenskap ved språk.

På grunn av den ideologiske tilnærminga i denne studien, vil studien ikkje kunne formulere hypotesar som kan teste språkinterne i høve til språkeksterne faktorar; det ville føresetje utprøving av grammatiske avgrensingar, noko som igjen ville sprengje rammene for studien. Målet er i staden å få meir generell innsikt i korleis språkinterne og språkeksterne faktorar kan verke.

7) *Kva generelle konklusjonar kan vi trekkje om purismen i høve til meir allmenn teori om språknormer og språknormering?*

Dette vert den språkteoretiske utfordringa: Å formulere ein teori om kva rolle purismen spelar i språknormeringa som heilskap.

1.5 Dansk, svensk, færøysk og norsk

I nordstikken er det eit mål i seg sjølv å få fram sosiolingvistiske og normeringshistoriske likskapar og ulikskapar i Norden. I tillegg er der fleire metodiske fordelar med å take utgangspunkt i nettopp nordiske språksamfunn.

Dei nordiske språka er for det fyrste språkstrukturelt relativt like. Dermed er det – med eit visst unntak for færøysk – grunnlag for å fokusere meir på dei ideologiske og

andre språkeksterne føresetnader for purismen, og i mindre grad på språkinterne tilhøve.

Derneft er samfunnsstrukturen nokså lik. Det vert internasjonalt tala om den “skandinaviske modellen” med blandingsøkonomi, dvs. ein kombinasjon av marknadsliberalisme og statleg styring. Dei offentlege velferdsordningane er relativt like, og organisasjonsmønsteret viser sterke parallellar. Religiøst er alle dei nordiske landa dominerte av lutheranisme med sterke pietistiske vekkingrørsler (som igjen har hatt ei politisk og økonomisk kraft) (jf. Østergård 1994:33). I tillegg er det etnisk sett nokså homogene land, jamvel om der er ein viss skilnad mellom på den eine sida Sverige som har fleire “framandkulturelle” innvandrarak og på den andre sida Færøyane (og Island), som har fåe. Det er ikkje nødvendig å take så mange atterhald som jamføringar mellom heilt ulike samfunn ville ha medført.

Den nordiske kulturfellesskapen er eit tredje moment. Gjennom unionar, krigar og dynastisk slektspolitikk har dei nordiske landa vore nært knytte til kvarandre. Også i dag er desse landa tett vovne inn i kvarandre gjennom næringslivssamarbeid, turisme, politisk samarbeid etc. Eksistensen av “nordisk” som universitetsfag og nordiske samarbeidsinstitusjonar som Nordisk råd, Nordisk språkråd, nordiske sommarkurs i språk og litteratur, nordiske studentutvekslingsprogram, nordiske arbeidsutvekslingsprogram og skatt- og trygdesamarbeid etc. er uttrykk for ein vilje og eit ynske om å halde ved like det ein meiner er ein nordisk fellesskap.

Eit fjerde moment er den nordiske språkfellesskapen. Der er (ei viss) gjensidig forståing mellom dei skandinaviske språka, ulike former for kommunikasjon og kontakt mellom folk i dei nordiske landa, og ei kjensle av språkleg samhørsle og ein ideologi om språkleg fellesskap. (I dei ikkje-skandinaviske landa, Færøyane og Island, skal ein også lære eit skandinavisk språk, dansk.)

Ved jamføringar er det eit metodisk krav om at dei elementa som ikkje er objekt for granskinga, bør vere så konstante og like som råd er. Ut frå dei likskapane som finst mellom dei nordiske landa i dag, verkar det som om dei nordiske landa i så måte byr på fleire fordelar. Sandøy (2000c:8) talar då òg om dei nordiske språka og samfunna som “det ideelle laboratoriet” for studiar av språkhaldningar.

Vi skal samstundes vere merksame på at dei komparative likskapane vert noko mindre ved ein historisk analyse. For trass i mange felles historiske røynsler har det mest vanlege vore konfrontasjonar og geopolitiske motsetnader. Dei ulike nordiske landa, kulturane (og til tider språka) er vortne definerte i forhold til kvarandre. Dessutan har det skjedd endringar av statsgrensene. Også dei regionale tilknytningane og statstypene ymsar: Aust-Norden vs. Vest-Norden, Atlanterhavsområdet vs. Auster-sjø-området, Nordkalotten vs. sørlegare område, øysamfunna (Island, Færøyane) vs.

fastlandet, gamle statar (Danmark, Sverige) vs. nye statar (Finland, Noreg [Island]). Her kjem dei ulike historiske føresetnadene for skriftspråka inn, t.d. dei ulike formene for språknasjonalisme (jf. hypotese 3). Ut frå språkeksterne tilhøve kan det verke vel så problematisk og omfattande å jamføre dei nordiske landa med kvarandre som å jamføre eit nordisk land med andre europeiske land. Som Uffe Østergård (1994:33) skriv:

Set i det lange historiske perspektiv er de nordiske lande ikke nær så forskjellige fra de andre europeiske lande, som den nordistiske ideologi og talen om den skandinaviske model gerne ville have os til at tro.

Her skal vi like fullt utnytte dei ulikskapane som finst mellom dei nordiske landa. Gjennom ulikskapane vert det mogleg å arbeide med problemstillingar og hypotesar som kan gi innsikt om purisme på eit meir generelt plan, ikkje berre innanfor heilt like språksamfunn. Samtidig gjer likskapane som finst – ikkje minst språklege likskapar og ideologien om språk- og kulturfellesskap – det mogleg å setje fokus på ein del avgrensa moment ved purismeproblematikken.

I nynorsk og færøysk har opposisjonen imot dansk lagt grunnlag for ein purisme. Her fell dei to språka inn i eit større mønster. At ein har ein puristisk tradisjon, vil likevel ikkje seie at tradisjonen nødvendigvis vil gjelde overfor eit nytt språk, t.d. engelsk.

I dansk og svensk verkar det som ein det siste hundreåret har ein hatt ein meir liberal praksis overfor framandord. Det er samtidig verdt å merke seg at svensk, som har mange felles historiske føresetnader med dansk, tidlegare fekk ei offentleg merksemd mot engelskpåverknaden. Historisk har likevel dansk sterke puristiske tradisjonar; ein fekk gjennom 1700- og 1800-talet utvikla ein tradisjon med å avløyse lånord med heimlege ord. I tillegg har dansk ved fleire høve vore meir utsett enn svensk, t.d. minska det danske språkområdet på slutten av 1600-talet (ved tapet av Skåne, Halland og Blekinge til Sverige) og på 1800-talet (tapet av Noreg, omfattande språkskifte frå dansk til tysk i Slesvig og tapet av Syd-Slesvig). Derimot verka det lenge som om ein var mindre interessert i å drive offentleg normering av engelskpåverknaden enn ein var i Sverige. Her verkar det som om det har skjedd eit haldningsskifte i løpet av 1990-talet.

Svensk skil seg noko ut ved at det har ein varietet i Finland, finlandssvensk, som igjen har ein eigenarta puristisk profil retta imot finsk.

Bokmålet og nynorsk vert her handsama i det same kapitlet. Bokmål er rett nok i ein annan posisjon ved at det er eit skriftleg majoritetsspråk. Men på grunn av den offentlege språkplanlegginga er der fellestrekk i måten bokmål og nynorsk handterer

framand språkpåverknad på. Særleg dei seinare åra har ein freista å harmonisere handteringa av lånord (t.d. ved morfologisk og ortografisk integrering) (jf. Sandøy 1997a). Det er òg problematisk å tale om bokmål og nynorsk som uttrykk for to ulike språksamfunn (jamvel om der finst *tendensar* til det i form av ei litterær ålmente for nynorsk, nynorske aviser, nynorsk teater etc.).

Island er kjent som det mest puristiske språksamfunnet i verda; der er purismen så å seie allmenn, dvs. han gjeld overfor alle språk. Det kan då verke påfallande at islandsk ikkje vil verte handsama her (anna enn gjennom somme historiske tilvisingar og i samband med handsaminga av færøysk purisme). Men jamvel om islandsk purisme er svært interessant, er han også spesiell. Dei andre nordiske språksamfunna (inkludert det færøyske) har eit språkklima og ein språksituasjon som ikkje direkte let seg jamføre med det islandske. Såleis ville det ha sprengt tids- og omfangsrammene for prosjektet dersom ein hadde inkludert islandsk. (Det eksisterer ein inngåande studie av islandsk purisme: *Íslensk málhreinsun* [1990] av Kjartan Ottósson.)

1.6 Kjeldegrunnlag og litteratur

Kjeldematerialet for denne studien kan grupperast i ulike hovudkategoriar:

Offentleg språkdebatt

Det offentlege ordsiftet om purisme og språkpåverknad finn vi blant språkvitarar og lekfolk i aviser, tidsskrift, bøker, føreord i bøker (som går inn i ein større offentlig diskusjon), møte etc. Debattstoff – i vid tyding – utgjer den kanskje viktigaste kjelde-kategorien for studien. Kjeldene frå språkdebatten vil vere å finne blant den allmenne litteraturen om emnet (jf. nedanfor). Også forskingslitteraturen om emnet har ikkje så sjeldan eit normeringspolitisk poeng som del av resonnementet – eller som bakgrunn for å verte publisert.

Rettskrivingsvedtak

Det dreier seg her om normeringsvedtak frå statlege organ og institusjonar.

Ordbøker

I ordbøkene kan føreord seie ein del om den språkpolitiske tendensen. For leksikalsk, ortografisk og morfologisk purisme er ordbøkene også viktige kjelder. For eldre purisme er avløyсарordbøker særleg interessante.

For dansk er dei mest relevante for studiar av moderne purisme *Retskrivningsordbog* (1955) og *Retskrivningsordbogen* (1986 og 1996), likeins *Nudansk Ordbog*.

Også nyordbøker (Riber Petersen 1984 og Jarvad 1999) og frekvensordbok (Bergenholtz 1992b) er nytta.

For svensk er fleire utgåver av *Svenska Akademiens Ordlista* brukt: 9 (1950), 10 (1973), 11 (1986), 12 (1998). Nyordbøker som Seltén 1997 og *Nyord i svenskan* (1984) er òg aktuelle.

Færøyskkapitlet har ein relativt inngåande studie av ordbøker, av di ordbøkene har ein spesiell status og funksjon i færøysk. Det gjeld *Donsk-føroysk orðabók* (1. utg. frå 1967 og 2. utg. frå 1977 red. av Jóhannes í Skarði [2. utg. med Jóhan Hendrik W. Poulsen]), *Donsk-føroysk orðabók* (1995, 3. utg. red. av Hjalmar P. Petersen), *Ensk-føroysk orðabók* (red. av Jóhannes í Skarði), *Ensk-føroysk orðabók* (1992, red. av Arnfinnur í Skáli, et al.), *Føroysk orðabók* (1998, red. av Jóhan Hendrik W. Poulsen et al.), *Føroysk-donsk orðabók*. (1. utg. 1927–28 og 2. utg. 1961, red. av Chr. Matras).

Norskkapitlet er i mindre grad basert på ordbokstudiar, men har referansar mellom anna til *Nynorskordboka* 1993, *Nynorskordlista* 1996, Leira 1982, Graedler og Johansson 1997.

Offentlege kampanjar

Her vert det referert til dei ulike normative tiltaka som statlege institusjonar eller andre organisasjonar og institusjonar har hatt i samband med spørsmålet om engelsk-påverknad. Særleg inngåande er materialet frå “Aksjonen for språkleg miljøvern” vorte studert; det gjeld mellom anna brosjyrar.

Tidsskrift og skriftseriar

Denne studien har gått gjennom fleire årgangar av ei rad tidsskrift og skriftseriar som har nær kopling til dei nordiske språkamfunna. Det gjeld særleg desse:

Språknytt 1973–2000

Språkvård 1969–2000

Språklig Samling 1959–2000

Språk i Norden 1970–1999

Mål og makt 1971–1995

Mål & Mæle 1974–2000

Nyt fra Sprognævnet

Málting

Orðafar

Fróðskaparrit

Minervas kvartalsskrift 1957–75

Farmand (Utvalde nummer i 1955, 1956, 1963, 1965, 1968, 1970)

Ordet 1950–2000

Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård

Arkivmateriale

Det er her særleg Dansk Sprognævn sitt rikhaldige klipparkiv og Norsk språkråd sitt arkiv som er utnytta. Norsk språkråd har òg referat frå møter og vedtak gjorde i dei andre nordiske språknemndene. Arkivet etter Norsk språknemnd (plassert på ASTA, Riksarkivet) er også utnytta for det føremålet.

Munnlege intervju

Ein del lykelpersonar i språknormeringa er intervjuja.

Handbøker i god språkbruk

Desse bøkene gir normativ språk- og stillære, og er baserte dels på offisiell rettskriving og dels på smaken og språkbruken hos dei ein kallar “gode og sikre skribentar”. Ei oversikt over ein del viktige handbøker finst i *Språk i Norden 1990*. Studien har gått gjennom nokre handbøker, men ein systematisk studie av denne kjeldekategorien er nedprioritert i høve til den meir ideologiske diskusjonen.

Historiske skrifter, teoretisk litteratur og sekundærlitteratur

Den litteraturen som vert brukt, kjem frå ulike fagområde og ulike språk, og tek føre seg ulike problemfelt. På grunn av det komparative og normeringsteoretiske utgangspunktet, vil det ikkje vere urimeleg å gjere bruk av ein god del sekundærlitteratur, fyrst og fremst i samband med purismehistorie og med import og frekvens av engelske lån. På det sistnemnde feltet har det òg kome ein del forskning løpet av 1980- og 1990-talet. Denne forskinga har fleire sider ved seg: Ho vil òg kunne gå inn som studieobjekt i avhandlinga, av di ho kjem med synspunkt på engelskpåverknaden som dei ulike deltakarane i språkdiskusjonen har nytta.

Det totale kjeldetilfanget er nokså omfattande og samansett, med bruk av både primær- og sekundærkjelder. Samtidig er det stort sett avgrensa til å gjelde skriftlege og publiserte arbeid. Denne avgrensinga har gjort det praktisk mogleg å halde på målet om å gjere ein komparativ og makroorientert studie der også dei historiske aspekta ved purismen kan kome til synes. Det ligg altså eit medvite val til grunn når studien ikkje har gått ned på mikronivået, og gjort språkhaldningsgranskingar blant eit breiare spektrum av språkbrukarar, t.d. gjennom spørjeskjema. Ein studie på mikronivået ville krevje nokså store ressursar, og gjort at andre sider måtte få mindre merksemd. (Her

kan det òg nemnast at det no er på trappene ei komparativ haldningsgransking av purisme på mikronivået [jf. Sandøy 2000c].)

Av teoretisk litteratur om purisme har George Thomas sitt verk *Linguistic purism* (1991) vore ei viktig inspirasjonskjelde. Teoretisk inspirasjon har òg kome frå litteratur som tek føre seg purisme i historisk perspektiv og purisme i kvart einskild av språksamfunna (jf. nedanfor). I tillegg kjem litteraturen om språknormer.

Av litteratur om utviklinga av purismen i Europa har Gerhard Härle sitt arbeid om puritas-omgrepet, *Reinheit des Sprache, des Herzens und des Leibes* (1996), og William J. Jones (1995) sine tilretteleggingar av puristiske klassikarar vore særleg nyttige. For den retoriske vinklinga har også Jørgen Fafner (1984) sin historiske studie, *Tanke og tale*, Henrich Lausberg (1967) sitt arbeid *Elemente der literarischen Rhetorik*, og Elke Haas (1980) sitt verk om 1600- og 1700-tals-retorikk, *Rhetorik und Hochsprache*, hatt verdi. Perspektivutvidande er også den meir populære oversikta Tore Janson (1997) gir i *Språken och historian* og utgreiinga Helge Sandøy gjer i *Lånte fjører eller bunad?* (1997a, 2000b).

For dansk purisme har kjeldematerialet kome frå fleire hald. Peter Skautrup og hans *Det danske sprogs historie* (1953) gir bakgrunnsinformasjon. To artiklar av Niels-Åge Nielsen, “Dansk sprogrensing i 1700-tallet” (1950) og “Dansk sprogrensing” (1967), er innsiktsfulle, det same er Henrik Galberg Jacobsen (1973) sitt standardverk *Sprogrøgt i Danmark i 1930erne og 1940erne*. Galberg Jacobsen har òg fleire artiklar og oversikter om dansk språknormering som det er henta informasjon frå. Allmennhistorisk er Ole Fældbæk (1991) sitt bidrag i *Dansk identitetshistorie 1*. For nyare dansk purisme imot engelsk har Erik Hansen og Jørn Lund fleire bøker og artiklar, både som utøvarar og granskarar av normering; deira arbeid vil såleis kunne fungere både som kjelder og støttelitteratur. Fellesarbeidet *Kulturens Gesandter* (1994) peikar seg her ut, likeins Jørn Lund sin analyse av “Danskerne og deres sprog 1945–1990” i *Dansk identitetshistorie 4*. Pia Jarvad (1994) har i *Nye ord. Hvorfor og hvordan* og i fleire artiklar (t.d. 1999) gitt analysar som har vore av verdi. Bent Preisler arbeid *Danskerne og deres sprog* (1999) skal også nemnast; det same skal Knud Sørensen (1973; 1990) sine studiar om engelsk i dansk. I tillegg kjem fleire artiklar i tidsskriftet *Mål & Mæle*.

Om svensk purisme er det nytta nokså ulike tilvisingar for den historiske delen (både allmennhistoriske og litteraturhistoriske). Her kan nemnast fleire arbeid av Bengt Loman, mellom anna om “Försvenskningen av latinska substantiv” (1956a og 1956b) og om opprettinga av Svenska Akademien (1986), Stig Örjan Olsson sin studie om *Skånes språkliga försvenskning* (1978 og 1979) og Lars Svensson sin studie *Ett fall av språkvård under 1600-tallet* (1981). Boka *Främmande ord i nusvenskan* (1962)

har saman med fleire artiklar av forfattarane Karl-Hampus Dahlstedt, Gösta Bergman og Carl Ivar Ståhle nyttig informasjon om svensk purismehistorie. Ei ny doktoravhandling om svenske grammatikarar på 1700-talet, *Ordning i bruket, skäl till vanan* (1999) av Peter Weiss, har gitt korreksjonar. Prinsipielle utgreiingar om svensk språknormering kjem mellom anna frå Ulf Telemann i artiklane “Språkvårdens argument” (1969) og “Svenskan och språkvården under 40 år” (1984), likeins i boka *Språkrätt* (1979). For allmenn språkpolitikk og tilhøvet til innvandrarspråk kan nemnast Maria Wingstedt si doktoravhandling *Language Ideologies and Minority Language Policy in Sweden* (1998) og fleire artiklar av Kenneth Hyltenstam og Jarmo Lainio i Hyltenstam (red.) *Sveriges sju inhemska språk – ett minoritetsspråksperspektiv* (1999). Om utviklinga av svensk nasjonalisme er det henta inspirasjon frå Billy Ehn, Jonas Frykman og Orvar Löfgrens *Försvenskningen av Sverige* (1993) og frå Patrik Halls studie *Den svenskaste historien* (2000). Når det gjeld påverknad frå engelsk og politikk overfor engelsk er Magnus Ljung sine resultat frå prosjektet *Engelskan i svenskan* viktige. Judith-Ann Chrystal (1988) har granska omfang i avhandlinga *Engelskan i svensk dagspress* og Bo Seltén har ei oversikt i *Svensk ord-bok* (1. utg. 1987). Barbro Söderberg sin studie av fleirtals-s, *Från rytters och cowboys till tjuvstrykers* (1983), har vore viktig for studien av morfologisk purisme. Interessante studiar er også gjorde av Catharina Grünbaum, som har fleire artiklar om svensk språknormering. Dessutan har artiklar av ulike forfattarar i tidsskriftet *Språkvård* vore brukte, det same gjeld tidsskriftet *Språkbruk* for dei finlandssvenske tilhøva.

I studien av færøysk purisme har artiklar i tidsskriftet *Málting* vore viktige kjelder, både som analysar og som uttrykk for ulike posisjonar i språkdebatten. Ulla Clausén si gransking *Nyord i färöiskan* (1978) er nyttig ved å både take føre seg “tradisjonell” purisme rett imot dansk, og purisme retta imot andre språk. Ho har òg ei haldningsgransking. For leksikografiske prinsippstudiar av færøysk purisme er Johnny Thomsen sine artiklar, t.d. “Problems of Faroese lexicography” (1993), relevante, medan Helge Sandøy gir ei allmenn oversikt i artikkelen “Purisme på færøysk” (1997b). Ein kulturkritisk purismestudie er utført av Tom Nauerby i doktoravhandlinga *No Nation is an Island. Language, Culture, and National Identity in the Faroes Islands* (1996). For engelskpåverknad er den mest omfattande studien Torður Jóansson (1996) si historisk orienterte doktoravhandling om engelske lånord i færøysk.

For nynorskpurismen har Arne Lauvhjell (red.) si artikkelsamling *Heit strid om nynorsk* (1983) vore relevant. Også fleire arbeid av Helge Sandøy (1995, 1998), Lars S. Vikør (1999) saman med Helge Omdal (1996), og Martin Skjekkeland si oversikt i *Tysk-danske lånord i nynorsk og bygdemåla* (1999) har handsama nynorskpurismen. For tilhøvet til engelskpåverknad er Alf Hellevik ein sentral person, både som språk-

politisk aktør og som forskar med fleire artiklar om påverknad frå engelsk-amerikansk. Også Einar Lundeby (1987) spelar ei slik rolle. For engelskpåverknaden og dei lingvistiske konsekvensane av honom er Anne-Line Graedler si doktoravhandling *Morphological, semantic and functional aspects of English lexical borrowings in Norwegian* (1995) det mest grundige arbeidet. I tillegg er der komne fleire hovudfagsavhandlingar, mellom anna av Ingrid Ann Devenish (1990), Inger Valberg (1990), Grete Grønli (1990) og Stig Johansson (1992). Stig Johansson og Anne-Line Graedler gir ein oversikt over resultat frå eit forskingsprosjekt om engelskpåverknad i norsk i artikkelen “Rocka, Hipt and Snacksy: Some Aspects of English Influence on Present-Day Norwegian” (1995). Studiar gjorde av Inger-Lise Masvie (1992), Dag-Finn Simonsen og Helene Uri (1992) og Odd-Kjetil Rangnes (1996) tek opp haldningar til engelsk i ulike brukargrupper. Den ortografiske tilpassinga av lånord har Helge Sandøy gjort greie for i *Lånte fjører eller bunad?* (1997a og 2000b). I tillegg er der ein kort artikkel av Einar Lundeby frå 1955, “Prinsipper for staving av fremmede ord”. Når det gjeld den breiare historiske konteksten for purismen, har det vore henta inspirasjon frå arbeid av Arne Apelseth (1992), Oddmund L. Hoel (1996, 1998) og Øystein Sørensen (1997, 1998). Det vert òg referert til eit upublisert manus frå Øystein Sørensen, “Kampen om Norges sjel – Nasjonale ideer 1770–1905” (2000); manuset vert publisert våren 2001 som bind 3 i *Norsk idehistorie* (Oslo: Aschehoug).

For alle dei nordiske språksamfunna som er granska her, gjeld det at artiklar i årsskriftet *Språk i Norden* har vore brukte flittig.

I jamføringa av purisme-historia i dei nordiske landa har elles Uffe Østergård sin artikkel “Norden – europæisk eller nordisk?” (1994) gitt inspirasjon.

For studien av engelsk som verdsspråk har ulike arbeid av David Crystal (1995, 1997) vore til nytte, likeins ein artikkel av Peter Strevens, “English as an International Language” (1992), og dei meir kritiske arbeida av Alastair Pennycook, *The Cultural Politics of English as an International Language* (1994) og av Robert Phillipson, *Linguistic Imperialism* (1993).

I det meir normteoretiske arbeidet har studien hatt nytte av Nils Kristian Sundby si doktoravhandling i jus, *Om normer* (1976), Renate Bartsch sitt teoretiske verk *Norms of Language* (1987), Klaus Gloy sin kritiske artikkel “Normforschung in der Sackgasse?” (1993) og Helge Dyvik sin artikkel “Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk” (1993).

Tilhøvet mellom purisme og nasjonalisme står sentralt i denne studien, og her er det teoretiske perspektivet frå Anthony D. Smith sine bøker *The Ethnic Origins of Nations* (1986:77f.) og *Nationalism and Modernism* (1998:193f.) verdt å trekkje fram.

1.7 Disposisjon

Denne studien er delt opp i fem delar og til saman ni kapittel, og desse vil kaste lys over både allmenne og spesifikke sider ved purismen, særleg imot engelsk, i dei nordiske språksamfunna.

Del I gir bakgrunn for problemfeltet, og presenterer problemstillingar, hypotesar og viktige delar av kjeldematerialet.

Del II handlar om purismeteori og purisme som historisk fenomen. Delen består av to kapittel: Kapittel 2 tek føre seg definisjonar av purisme, ulike lingvistiske nivå som purismen opererer på, og normomgrepet. Kapittel 3 gir ein relativt brei analyse av den historiske utviklinga av purismen i vest-europeisk skriftnormering.

Del III med kapittel 4 går nærmare inn på engelskpåverknaden. Kapitlet er todelt: Fyrstedelen tek føre seg ulike former for engelsklån, og systematiserer ein del forskingsresultat. Andredelen går inn på dei eksterne sidene ved engelskpåverknaden, og drøftar den statusen engelsk har tileigna seg. Alt her vert det ymta fram ein del puristiske trekk ved språksamfunna i Norden.

I del IV vert det sett fokus på korleis dei ulike nordiske språksamfunna handterer engelskpåverknaden og purismen. Kapittel 5 tek føre seg dansk, kapittel 6 svensk, kapittel 7 færøysk og kapittel 8 norsk. Disposisjonen av desse kapitla tek utgangspunkt i hypotesane som er formulerte i innleiingskapitlet. Kvart kapittel har fire delar: fyrst ein kort presentasjon av språkstatus og språknormering, dernest fylgjer ein historisk analyse av korleis purismen har utvikla seg fram til 1945, før det i tredjedelen kjem eit fokus på purismen etter 1945, fyrst og fremst imot engelsk; fjerdedelen tek føre seg purisme på ulike lingvistiske nivå: det leksikalske, det ortografiske og det morfologiske. (I færøyskkapitlet vert det ei mindre vektlegging av purismen imot engelsk, av di purismen i så liten grad har dreidd seg om engelsk.)

Del V med kapittel 9 har som mål å gjere jamføringar mellom dei ulike språksamfunna, og å drøfte problemstillingane og hypotesane frå innleiingskapitlet.

Del II

Purisme

2 Ei innsirkling av purisme-omgrepet

2.1 Innleiing

Den fyrste delen av kapitlet vil gå inn på nokre måtar å definere purismen på. Tilnærminga er her mest mogleg open. Purismen tek farge av omgivnadene han opptrer i, og språkstrukturelle, sosiolingvistiske, historiske, politiske og kulturelle tilhøve er med på å gi ulik form i ulike språksamfunn. Ein purisme-definisjon må såleis vere relativt utprøvande. Samstundes må han kunne vere presis nok til å ikkje kunne forvekslast med andre ideologiar og strategiar i normeringa. Her kjem òg målet om det reine språket inn.

Den andre delen vil take føre seg ulike lingvistiske nivå som purismen kjem til uttrykk på: det leksikalske, det ortografiske, det morfologiske, det syntaktiske og det fonetiske.

2.2 Nokre definisjonar

I *Nynorskordboka* finn vi denne definisjonen av purismen: “det å arbeide for eit mål med minst mogleg av lån frå framande språk og mest mogleg av heimlege målmerke; språkreinsing”. I *Bokmålsordboka* (1994) vert purisme kalla eit “forsøk på å erstatte fremmede ord i eit språk med heimlege ord”. Ein liknande definisjon finn vi i *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon*:

Betegnelse for språkreinsning, bestrebelse som går ut på å renske språket for fremmedord og isteden sette avløserord laget av heimlege elementer; også om ord eller vending laget på denne måten.

I *Bonniers svenska ordbok* (1980) er definisjonen “strävan att göra språket fritt från lånord o. andra främmande drag, språkreinsning”, medan *Nudansk Ordbog* (1992) talar om “forsøg på at fjerne el. udelukke fremmede ord og afledninger fra sproget”. I dansk nyttar ein ofte purisme både om aktiviteten og om resultatet. Såleis definerer *Ordbog over det danske Sprog* purisme både som “tendens, bevægelse, der gaar ud paa at befri et sprog for fremmedord; sprogreinsning” og som “ord ell. udtryk af hjemlig oprindelse (evt. nydannet) hvormed man søger at erstatte (og fortænge) et tilsvarende ord, udtryk av fremmed oprindelse (hans stil er fuld af purismer)”. Den sistnemnde tydinga har derimot ikkje slege gjennom i dei andre nordiske språka. I færøysk (og i islandsk) unngår ein ordet ‘purisme’ av puristiske grunnar. Men omgrepet finst, og i *Føroysk*

orðabók (1998) talar ein om *málreinsing* som “tað at (royna at) reinsa mál fyri fremmendaorð og fremmandar máliskur”.²

Noko som slår oss med desse definisjonane, er at dei tenderer til å gjere purismen allmenn – som uttrykk for motstand imot påverknad frá alle språk. I praksis er ein slik allmennpurisme derimot meir unntaket enn regelen: Dei fleste språk – med unntak av islandsk og kinesisk – har ein *avgrensa* eller *spesifikk* purisme; purismen gjeld nokre, men ikkje alle språk (jf. Vikør 1994:165).³ I nynorsk har han t.d. vore retta imot danske og nedertyske former, medan ein har vore mindre kritisk til latinske og greske faguttrykk. Skepsisen gjeld språk eller språkformer som vert oppfatta som trugande eller konkurrerande. Eit anna moment som gjeld definisjonen i leksikonet, er avgrensinga til å gjelde framande *ord*. Utgangspunktet i denne studien er derimot at purismen også omfattar andre nivå i språket: ortografi, syntaks, morfologi, fonetikk etc.

Wilhelm Gerdener har i sin studie av nynorsk purisme, *Der Purismus im Nynorsk* (1986), laga ein definisjon som presiserer at purisme-omgrepet refererer til ulike former for språknormering, som alle har til felles strevet for å halde språket reint for framand påverknad:

Unter dem Begriff “Purismus” werden im allgemeinen verschiedene Formen der Sprachpflege und Sprachplanung zusammengefaßt. Ihnen gemeinsam ist das Bestreben, die eigene Sprache von fremden Einflüssen freizuhalten bzw. zu befreien. (Gerdener 1986.)

Også Lars S. Vikør presiserer dei fleire formene for purisme som finst, og at purismen kan vere til stades på ulike lingvistiske nivå:

Purisme er vanlegvis eit fagord for “målreinsing” (av latin *pur* = rein), og blir normalt oppfatta som strev for å halde eit språk fritt for fremmende ord og uttrykksmåtar. Men her let vi det også omfatte ein tilsvarande reaksjon mot “fremmende” innslag også på andre nivå i språket, dvs. uttale, rettskriving, morfologi og syntaks. (Vikør 1992:165.)

Definisjonane av purisme legg ofte vekt på den motstanden (separasjonsfunksjonen) som ligg i purismen. Samstundes er der òg i purismen ein vilje til å utnytte eit heimleg materiale. Som Annamalai (1979:3) skriv: “Purism is the opening of the native sources and closure of the non-native sources for the enrichment of language.” Annamalai

² I *Íslenzk orðabók* (5. pr. 1978) er *hrein tungustefna* definert som “sú stefna að halda málinu hreinu af öllum útlendum orðum”.

³ Som Vikør (1994:165) skriv om kinesisk og islandsk: “At ikkje desse språka er hundre prosent puristiske, er i denne samanhengen mindre viktig; begge har purisme som eit hovudprinsipp i språkplanlegginga.”

presiserer likevel at dialektale og skriftspråklege kjelder ofte vert handsama ulikt; det er helst dei skriftlege kjeldene som vert utnytta.

Eit interessant spørsmål er om motstand imot dialektar skal inkluderast i ein purisme-definisjon. Ein som gjer det, er George Thomas; han gir i *Linguistic purism* (1991:12) den vidaste definisjonen:

Purism is the manifestation of a desire on the part of a speech community (or some section of it) to preserve a language from, or rid it of, putative foreign elements or other elements held to be undesirable (including those originating in dialects, sociolects and styles of the same language). It may be directed at all linguistic levels but primarily the lexicon. Above all, purism is an aspect of the codification, cultivation and planning of standard languages.

I høve til etablert fagterminologi vert denne definisjonen problematisk. Det vanlege er å avgrense purismeomgrepet til å gjelde framande språkelement, og ikkje motstand imot dialektale, sosiolektiske og stilistiske trekk, dvs. heimlege språkelement. Motstand imot heimlege element vert som oftast oppfatta som aspekt av språkstandardisering.

Her høver det å gå nærmare inn på standardpråkomgrepet. Det som kjenneteiknar standardspråk, er for det fyrste ein særmerkt status og bruksfunksjon i samfunnet gjennom ein institusjonell basis (i skuleverket, administrasjon, religion, ordbøker, grammatikkar), fyrst og fremst som skriftspråk. Eit anna kjenneteikn er normhomogenisering med ei meir einskapleg rettskriving og med diskriminering av former som ein meiner ikkje høyrer med til språket. Der er sett opp ulike modellar for korleis språkstandardisering går føre seg; den mest brukte er truleg Einar Haugens (1969, 1990:49–52) fire-trinnsmodell der eit standardspråk vert utvikla gjennom fire trinn:

- 1) Val av norm (ideologisk utgangspunkt for å setje opp ei norm)
- 2) Kodifisering av form (lage ordbøker, rettskrivingsreglar, reglar for teiknsetjing, retningsliner for ordlaging etc.)
- 3) Iverksetjing/implementering (spreie norma i samfunnet)
- 4) Utbygging (vidareutvikling gjennom terminologi og stilistikk)

Haugen får her med at språkstandardisering både dreier seg om form (trinn 1 og 2) og funksjon (trinn 3 og 4) og om statusplanlegging (trinn 1 og 3) og korpusplanlegging (trinn 2 og 4).

Felles for alle trinna er at det skjer ei diskriminering av alternative normer og framgangsmåter, og det er i diskrimineringa at Thomas meiner det er nødvendig med ei eller anna form for purisme. Thomas kan, med litt velvilje, tolkast på den måten at både motstanden imot dialektismar og purismen imot andre språk *djupast sett* er resultat av den same ideologien og dei same prosessane, nemleg trongen til å oppnå det reine språket og for å homogenisere norma.

Utgangspunktet for Thomas er at det ikkje er mogleg med språkstandardisering utan purisme:

Purism – at least as defined here – is a universal characteristic of standardised languages. (Thomas 1991:195.)

Thomas freistar ikkje sjølv å teste denne universalhypotesen empirisk; det set han opp som ei oppgåve for vidare forskning. Men i fylgje honom kan hypotesen underbyggjast av all tilgjengeleg litteratur om emnet: I oversiktsverk som Fodor og Hagège (1983) vert purisme nemnt i nesten alle artiklar.

Her oppstår det eit problem. Samanhengen mellom purisme og språkstandardisering er til stades i sjølve definisjonen. Dermed går det vi tidlegare har formulert som ein hypotese (at purismen er avgjerande for utviklinga av dei nordiske standardspråka) i sirkel, og det vert uråd å teste nærvær eller fråvær av purisme.

Ei slik testing er heller ikkje noko mål for Thomas (s. 195). Han vil heller komparative studiar av bakgrunn og motivasjon for purismen, kva intensitet og verknad han har hatt i ulike språk, kva typar og gradar av purisme ein har hatt, kva lingvistiske nivå purismen har kome til uttrykk på etc.

Der er likevel fleire argument imot Thomas sitt aksiomatiske utgangspunkt. Der er for det fyrste det pragmatiske argumentet: Thomas bryt med etablert fagterminologi. For det andre er der ein fare for at ein misser viktige nyansar og kategoriar i studiane av språknormering, og ein endar opp med altfor generelle studiar. Dette er i vår samanheng eit alvorleg motargument. Eit tredje motargument går på faktiske skilnader: Framande og heimlege språkelement har ofte ulike språkkulturelle verdiar: Medan lån ofte vert assosierte med t.d. noko internasjonalt, urbant, profesjonelt, mobilt og vitskapleg, har dialektismane ofte verdiar i retning t.d. det heimlege, det nasjonale, det stillestående og det folkelege. Slike assosiasjonar heng saman med kulturelle og sosiale stereotypiar, men stereotypiane er i alle tilfelle med og styrer oppfatning folk har.

No er det lettare i teori enn i praksis å avgrense purisme til å gjelde motstand imot framande språkelement. Eitt viktig problem er å vite kvar skiljet mellom det framande og heimlege skal gå. Den svenske purismen overfor det ein oppfatta som danismar på

byrjinga av 1900-talet viste seg òg å vere retta imot dialektale trekk i svensk (jf. kap. 6.3). Tilsvarande avgrensingsproblem kan vi få ved den nynorske motstanden imot ord med affiksa *an-*, *be-*, *-heit* og *-else*. Jamvel om affiksa kjem frå nedertysk, og vert kopla til dansk og bokmål, har dei òg vore i bruk såpass lenge i norsk talemål at det kan vere grunnlag for å karakterisere dei som “heimlege”.

Her vil òg sjølvkategorisering spele ei viss rolle. Når normeringsaktørar har ei klår oppfatning om at visse språktrekk er framande, og handsamar desse som det, er det rimeleg å tale om purisme, jamvel om dei aktuelle språkelementa frå ein lingvistisk synsstad kan seiast å vere stilistiske trekk eller dialektismar.

Vi skal såleis halde fast ved definisjonen som vart ymta fram i fyrstekapitlet (og som ikkje skil seg så mykje frå andre sider ved Thomas sin definisjon):

Purisme er ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som “ureine”. Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vere retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske.

Framleis er det tale om ein relativt vid definisjon. Det som då er verdt å merke seg, er at purismen kan ha ulike former og ulik intensitet. Han kan vere retta mot ulike lingvistiske nivå (jf. kap. 2.4), ha ulik ideologisk motivasjon (nasjonalisme, demokratisk utjamning, kultur og danning etc.), ulik historisk og sosial kontekst, og gi ulike svar på korleis ein skal avløyse framande språkinnslag. Vi skal i dei konkrete kasusstudia kome nærmare inn på slike ulikskapar.

2.3 Det reine språket

Vi har i innleiinga vore inne på at det puristiske målet om reint språk kan forståast som ein måte å kategorisere og markere språklege grenser og språkleg orden på. I vid tyding kan ein sjå førestellingar om *det reine* som ein prototypisk måte å tenkje seg sosial og kulturell orden på.⁴

Eit standardverk for studiar av kulturelle og symbolske grensekonstruksjonar er *Purity and Danger* (1966 [1997]) av sosialantropologen Mary Douglas. Slik Douglas ser det, går distinksjonen mellom det reine og det ureine igjen i ulike kulturar over heile verda, og er fundamental for å skjønne korleis kulturelle og sosiale system vert etablerte og haldne ved like. Hennar tese er at kulturell orden er basert på at kategoriar vert differensierte: Det skjer ei sortering og utskiljing av det som høyrer saman (det

⁴ Spørsmål knytte til symbolske og kulturelle grensemarkeringar utgjer eit sentralt problemfelt i ei rad disiplinær, ikkje berre i antropologi og religionsvitskap, men òg i litteraturvitskap, sosiologi, kjønnsforskning etc.

reine) i høve til det som er framandt og utanfor (det ureine). Det som etter Douglas kjennteiknar det reine, er at det er etablert i sin eigen kategori, dvs. på den plassen det høyrer til. Det ureine er på si side det som flyt over grensene. Kvaliteten er då ikkje gitt i utgangspunktet, men vert til i relasjonen ved å vere på feil plass – ”matter out of place”. Eit hårstrå på ei pen kvinne er vakkert – i ei suppe vert det ureint. “Dirt is the by-product of a systematic ordering and classification of matters, in so far as ordering involves rejecting inappropriate elements”, skriv Douglas (1966:38).

Denne måten å tenkje kategoriar og grenser på, er i og for seg gamal. Eit tidleg døme finn vi i 3. Mosebok 11.3-7 der det vert gjort greie for kva dyr ein kan ete. Kriteriet var at dyra både skulle ha klauvar og jorte; alle andre dyr var ureine, og kunne ikkje etast. Ut frå slike prototypar kunne ein skilje ut t.d. kamelen (jortar, men har ikkje klauvar) og svinet (har klauvar, men jortar ikkje) som ureine.

Overføringa til språk er klår nok: Skiljet mellom det “reine” og “det ureine” språkinnslaget dreier seg også der om noko samsvarar med dei prototypane som i fylgje normene utgjer “eigenarten” til eit språk. Til liks med Douglas sitt hårstrå, er ikkje språktrekk per definisjon ureine. Engelske språktrekk som fleirtals-s er ikkje ureine i engelsk, men kan verte det når dei vert plasserte i andre språk.

Såleis skal vi ikkje leggje noko negativt i uttrykket *det reine*. Reinleiksidealet fører ikkje nødvendigvis til språkrasistisk xenofobi overfor “mindre reine” språk. Det er heller tale om eit ideal som finst i dei fleste samfunn, og som spelar ei viktig rolle i oppfatninga av eige språk og eigen kultur i høve til andre kulturar og andre språk.

2.4 Purisme på ulike lingvistiske nivå

Sidan purismen kan råke ulike sider ved språkssystemet, er det tenleg å skilje mellom ulike lingvistiske nivå: det leksikalske, det morfologiske, det ortografiske, det syntaktiske og det fonetiske. I praksis verkar purismen på fleire av nivåa samtidig, men verknaden er ikkje alltid like stor på kvart av dei. Den klårt mest utbreidde forma går på det leksikalske nivået. George Thomas (1991:66) talar såleis om leksikalsk purisme som umarkert, medan purisme på andre nivå er markert.

2.4.1 Leksikalsk purisme

Den mest vanlege forma for leksikalsk purisme er retta mot *direkte leksikalske lån*, kombinert med tiltak for å lage avløyssarord. Det kan vere tale om direkte lån både frå ei spesifikk kjelde (t.d. engelsk) og om internasjonalar (dvs. i praksis lån med utgangspunkt i gresk og latin). Det er særleg låna med ei spesifikk kjelde ein vil vere ute etter.

Medan der særleg på 1700-talet var eit omfattande puristisk strev i dansk med mykje ordlagingsverksemd, er det i dag dei to øyspråka færøysk og ikkje minst islandsk har den sterkaste leksikalske purismen. Ein har ikkje den same oppslutninga for nylagingar på heimleg grunn.

Dei direkte leksikalske låna er tradisjonelt delte opp i såkalla “utilpassa” og “tilpassa” lån. Dei utilpassa direkte låna skal ideelt sett svare til ord som i stor grad har halde på opphavleg fonologi, ortografi eller bøyning, t.d. skrivemåten av ord som *light*, *image* og *grand old man*. Dei tilpassa direkte låna skal på motsett side svare til lån som er vortne formelt integrerte i låntakarspråket, jf. skrivemåtar som *haike*, *mobbe*, *røff*, *teit* og *tøff* i norsk. Innanfor den puristiske diskursen skil ein ofte mellom desse låntypene. Eitt kriterium som Einar Lundeby (1987) har sett opp for å godtake lånord, er at det skal vere mogleg å tilpasse dei til norsk språkstruktur.

I den verkelege verda er det likevel sjeldan tale om anten å “vere” eller “ikkje vere” tilpassa. Då er det meir relevant å tale om *gradar* av tilpassing. No er der i tradisjonell leksikografi og språkhistorie etablert ein måte å skilje mellom tilpassa og utilpassa leksikalske lån gjennom nemningane *lånord* og *framandord*. Lånord viser til ord som ein gong i historia kom inn frå eit anna ikkje-nordisk språk, men er glidde inn i språket og tilpassa den heimlege språkstrukturen (t.d. *prest*, *kultur* og *treffe*). Framandord er innlånte ord som ikkje er tilpassa låntakarspråket i uttale, ortografi eller bøyning (jf. *light*, *keeper* og *deadline*). Slik Einar Lundeby (1987:79) ser det, kan framandorda også omfatte lånte ord som er så nye at dei kjennest som framande (noko som vil råke pseudolån), eller som ikkje er komne i så stor bruk (jf. òg definisjonen av “framandord” i *Norsk ordbok*). Dersom purismen ikkje er generell (noko han sjeldan er), vil han som oftast vere retta imot det som er kalla framandord (jf. sst.). Skiljet mellom lånord og framandord er godt kjent gjennom bruk i lærebøker for grunnskulen og den vidaregåande skulen, og i språklege standardverk som *Vårt eget språk* (bd. 1, Johnsen 1987:158) og *Norsk referansegrammatikk* (Faarlund et. al. 1997:18). Likevel er der visse problem ved denne term-bruken. Eitt problem gjeld at folk flest forstår ‘framandord’ på ein ganske annan måte, nemleg som ‘ord som det er vanskeleg å forstå’. (Dei ulike framandordbøkene illustrerer denne tydinga: Der finn vi ord av latinsk, gresk eller fransk opphav som både har vore lenge i språket, og er vortne tilpassa norsk språkstruktur; derimot er der lite av utilpassa lånord frå engelsk.) Eit anna problem gjeld kva slags kriterium ein skal nytte for å skilje mellom integrerte lån (lånord) og ikkje-integrerte lån (framandord).⁵

⁵ Også *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon* er inne på at skilnaden er “vanskelig å hevde i praksis” (bd. 5: *fremmedord*), men den alternative definisjonen der skil seg ikkje særleg frå den tradisjonelle: “mer

Skiljet mellom framandord og lånord er nytta også i nyare studiar av språklån som t.d. *Kulturens Gesandter* (1994:32) av Erik Hansen og Jørn Lund. Dei samlar så nemningane framandord og lånord i termen *importord*: Alt som ikkje er arveord, vert importord. Nemninga *importord* er også nytta av Helge Sandøy (1997a:12) i utgreiinga *Lånte fjører eller bunad*. På grunnlag av Sandøy si utgreiing har også Norsk språkråd teke nemninga ‘importord’ i bruk, t.d. i *Retningslinjer for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker* som Språkrådet vedtok 3. februar 1999. Den ulike termbruken refererer ikkje til store reelle skilnader, og vi skal her nøye oss med å konstatere at ulike nemningar vert nytta.

Det som så skil leksikalsk purisme frå ortografisk og morfologisk purisme er at den leksikalske er fokusert på sjølvne orda, og tek sikte på å avløyse dei med eit heimleg ord. (Dersom det er tale om tilpassingsmåtar, kjem den ortografiske og morfologiske purismen inn.)

I dei skandinaviske språka er det ein tendens til å lage omsetjingslån i form av samansetjingar, medan ein i færøysk har hatt ein språkpolitisk vilje til å satse meir på avleiingar med bruk av heimlege affiks, jf. også desse døma:

- Norsk: hand out > støtteark, whiplash > nakkesleng, boarding card > ombordstigningskort
- Svensk: clutch > kopplingspedal, soft ice > mjukglass
- Dansk: airbag > luftpude, sikkerhedspude, bungee-jumping > elastikspring
- Færøysk: computer > telda, radio > útvarp

Ein meir ekstrem variant av ordpurisme kan kallast *semantisk-leksikalsk purisme*. Då er ein ikkje berre puristisk imot leksem, men også imot tydingsoverføringar der omgrep vert overførte, til dømes gjennom omsetjingslån og tydingslån. Påverknaden frå desse låntypene verkar på eit langt djupare nivå i språket enn direkte lånord, og orda er gjerne så formelt tilpassa at folk flest som oftast ikkje oppfattar orda som framande. Det kan òg vere vanskeleg å identifisere kjelda for omsetjingslån. Ein av dei mest utprega motstandarane av omsetjingslån var truleg den tsjekkiske språkreformatoren Josef Dobrovský. Han var særleg skeptisk til samansetjingar etter tysk mønster. Denne ordlagingsmåten hadde vorte så frekvent og verka som eit så sterkt mønster at Dobrovský ottast at ein skulle ende opp med å ikkje lenger skrive bøhmisk, men tysk med bøhmiske ord (Thomas 1991:71).

rimelig er det å anse fremmedordene som den delmengde av lånordene i et språk som ikke er tilpasset dets struktur.” (Leksikonartikkelen er skriven av Dag Gundersen.)

Grunnlaget for den leksikalske purismen kan vere både språkstrukturelle, sosiolingvistiske og allmennkulturelle argument. Dei språkstrukturelle argumenta går gjerne på at dei framande orda kan skape rot i systemet for ordlagning (framande affiks) og skape hymonym. Dei sosiolingvistiske og allmennkulturelle argumenta baserer seg på tanken om at heimlege former er lettare for folk flest å forstå (og at den leksikalske purismen såleis har ein demokratisk funksjon), og at dei heimlege formene har ein særskilt symbolsk og kulturell verdi for språksamfunnet. For visse språk som er under press, kan det dessutan vere “nødvendig” å verne om heimlege former som ein vil skal arbeidast inn; slik har oppfatninga ikkje minst vore i færøysk språknormering (jf. Matras 1954:86). (Vi kjem nærmare inn på slike argument i dei ulike delkapitla.)

Vi bør samtidig minne om at der finst språkstrukturelle, sosiolingvistiske og allmennkulturelle argument også *imot* den leksikalske purismen. Eit mykje brukt språkstrukturelt argument er at det ikkje er ordtilfanget, men grammatikken som karakteriserer eit språk. Eit døme på det gir Oddvar Nes når han hevdar det er irrelevant og uvitskapleg å leggje vekt på ord-purisme:

Det er språkstrukturen som kjennemerker det nynorske skriftmålet i høve til skriftmålet bokmål. Denne strukturen ter seg i lydverket og særleg i formverket; langt mindre i setningsbyggnaden. Minst viktig er ordtilfanget. Dette er ei målvitskapleg kjensgjerning, basert på 150 års samanliknande språkvitskap. Ingen vil vel halde føre at ordtilfanget er brukande til å karakterisere eit språk som t.d. engelsk eller fransk, svensk eller dansk. – Det finst titusenvis av framandord, særleg fagord, som fritt kan nyttast i nynorsk. (Nes 1984:7. [Forfattaren sine understrekingar.])

Dette prinsipielle skiljet mellom ordtilfang og språkssystem har vore utbreidd i ulike former for strukturlingvistikk: hos junggrammatikarane, i strukturalismen etter Saussure og Bloomfield, i funksjonalismen, i generativ lingvistikk etc. Innanfor det strukturlingvistiske paradigmet er ikkje orda i seg sjølve interessante; det er dei fonologiske, morfologiske, syntaktiske og semantiske aspekta som er relevante når ein skal karakterisere eit språk strukturelt. Ein neglisjerer då dei språkkulturelle og sosiolingvistiske verdiane som er knytte til ordvalet.

Eit allmennkulturelt (og sosiolingvistisk) argument imot ordpurismen har gått ut på at ordtilfanget avspeglar kulturell kontakt og utvikling. I så måte er lånord med på å gjere språket rikare. Erik Hansen og Jørn Lund har nytta den danske språkforskaren Israel Levin (1810–83) sine ord til tittelen på boka *Kulturens Gesandter* (1994), og dei siterer Levin:

Hvad er fremmede Ord? Det er Culturens Gesandter. De have bragt, fra Land til Land, Christendommen, den gjenopvaagnende Videnskab, Konsten, Industrien. De bringe

endnu uafledelig nye Opfindelser, nye Opdagelser, nye Systemer fra Land til Land.
(Sit. etter Hansen og Lund 1994:24.)

I norsk språkdebatt hadde Bjørnstjerne Bjørnson (1900:12) liknande tankar (jf. kap. 8.3.2.2). Å arbeide imot lånord vert frå denne synsstaden synonymt med å arbeide imot utsyn, framsteg, utvikling og nye tankar.

Eit anna sosiolingvistisk argument imot ord-purisme er at han kan skape større avstand mellom tale og skrift. Det har negative konsekvensane for språkbrukarane, og dei kan oppleve språket som forbodsspråk, slik ein del kritikarar har hevda er tilfellet med purismen imot “anbeheitlese”-ord i nynorsken (jf. kap. 8.3.2.4 og 8.5.1).

2.4.2 Ortografisk purisme

Den ortografiske purismen rettar seg imot framande ortografiske element. Framande ord kan akseptast, men må integrerast i heimleg ortografi for at ein skal unngå språkstrukturelle avvik. Føremålet med denne purismetypen kan vere trongen til einskap i skriftspråket ved at representasjonstilhøvet mellom lyd og teikn ikkje vert skipla. Nokre døme på korleis ulike språk har tilpassa lånord til heimleg ortografi:

Norsk:	<i>genre > sjanger, service > sørvis, beef > biff, tough > tøff</i>
Svensk:	<i>fight > fajt, tough > tuff, rave > rejv</i>
Dansk:	<i>nerd > nørd, sauce > sovs, learner > lærner</i>
Færøysk:	<i>sjekk > kekki, chips > kips, skylight > skeilett, wire > veirur</i>
Islandsk:	<i>coffee > kaffi, tea > te, gear > gír, jeep > jeppi</i>
Tsjekkisk:	<i>quazi > kvasi, service > servis</i>
Polsk:	<i>container > kontener, businessman > biznesmen</i>
Portugisisk:	<i>theatro > teatro, chemistry > quimica, kilogramme > quilogramma</i>
Tysk:	<i>Ketchup > Ketschup, Step > Stepp</i>

Det skjer truleg ei ortografisk tilpassing av lånord i alle levande skriftspråk, men graden varierer. Eit interessant poeng som Vikør (1998:127f.) peikar på, er at det internasjonalt er ei gruppe av språk som skil seg ut med mindre ortografisk tilpassing, og det er dei germanske. I tillegg er det karakteristisk at lån frå engelsk i større grad har halde på den engelske stavemåten i nokså mange språk (sst.).

Gradsforskjellen i ortografisk tilpassing kan sjåast i samanheng med det generelle tilhøvet mellom skrift og tale: I dansk og engelsk rettskriving er der ein relativt stor avstand mellom skrift og tale, og også mindre ortografisk tilpassing av lånord (jf. Coulmas 1999). I svensk, tsjekkisk, polsk og portugisisk har det i større grad vore eit

mål at skriftona i skal attspegle uttalen (jf. Vikør 1998). Dermed vert det også viktigare å tilpasse framande ord til heimleg ortografi. Denne samanhengen kan vi til ein viss grad vurdere i høve til dei ulike ortografiske konvensjonane som rår for dansk, færøysk, nynorsk/bokmål og svensk.

Dersom prinsippet er å unngå lånord, vil den ortografiske purismen vere overflødig. Likevel har ein også i eit leksikalsk-puristisk språksamfunn som det islandske teke i bruk fleire lånord, som så er vortne ortografisk integrerte. I fylgje Baldur Jónsson (1997:167) er det i islandsk langt fleire lånord enn det mange trur, men den ortografiske tilpassinga gjer at orda i liten grad vert oppfatta som framande.

Helge Sandøy gir i *Lånte fjører eller bunad* (2000b:179f.) ei systematisk oversikt over argument for og imot ortografisk tilpassing av lånord. Han skil mellom argument som har med kulturpolitisk markering, internasjonal tilknytning vs. markering, nordisk samarbeid, sosiolingvistiske funksjonar, demokratisk deltaking (gjennom forståing), pedagogiske føremål, strukturlingvistik, skriftradisjon, kulturhistorie og omsynet til heimlege ordlagingar.

Eit generelt problem med ortografisk purisme gjeld kva uttale ein skal velje som grunnlag for normeringa. I norsk er der skilnader mellom ulike dialektar i måten ein uttalar visse lånord på; t.d. har det engelske ordet *charter* uttalen [kjarter] i vestnorsk, men uttalen [sjarter] i austnorsk (jf. Sandøy 1997a, 2000b). Dersom ein då vel den eine varianten (t.d. den austnorske *sjarter*, noko ein også har gjort i Norsk språkråd), vert den andre uttalevarieteteten diskriminert. Av slike grunnar meiner t.d. den tidlegare formannen for Føroyska málnevndin, professor Jóhan Hendrik W. Poulsen, at ei ortofon tilpassing av importord kan verte urettferdig overfor dei på Færøyane som ikkje får “sin” uttale representert i skrift.⁶

Den ortografiske purismen kan òg dreie seg om utelating av grafem. I tsjekkisk stengde ein på 1800-talet ute grafemet <w> og diagrafen <au> til fordel for <v> og <ou>, noko som førte til at eit ord som *obauwat* vart skriva *obouvat* (jf. Vachek 1989:142). I fylgje Vachek (sst.) er det rimeleg å sjå denne ortografiske endringa i samanheng med tendensen til å markere avstand til tysk. (Gjennom fleire hundre år med austerrisk herredøme hadde tysk ein sterk posisjon i det tsjekkiskspråklege området, og reisinga av det tsjekkiske skriftspråket på 1800-talet skjedde i opposisjon til tysk.) I færøysk har ein halde ute teikna *c*, *q*, *w*, *x* og *z*, pga. desse er rekna som framande (jf. kap. 7.5.2).

Eit viktig spørsmål dreier seg om *korleis* ortografiske tilpassingar skal gjennomførast. Spørsmålet er aktualisert i Norden dei seinare åra, særleg gjennom påverknaden

⁶ Jf. personleg intervju 12. oktober 1998.

frå engelsk (sjå t.d. *Språk i Norden* 1980). Ein har i Sverige hatt slike retningsliner sidan 1801 (gjennom Leopolds rettskriving) og i Danmark sidan 1892 (gjennom Bekendtgørelse nr. 24 af 27. februar 1892). Retningslinene seier derimot lite om handteringa av engelsk. I Noreg har ein vedteke retningsliner for ortografisk tilpassing – også for engelsk – i 1999 (på bakgrunn av utgreiinga i Sandøy 1997a).

2.4.3 Morfologisk purisme

Til liks med den ortografiske purismen kan ein ved morfologisk purisme i prinsippet godtake lånord så lenge dei vert tilpassa heimleg språkstruktur, særleg bøyning.

Idealet om at bøyinga skal haldast så rein og eintydig, dvs. fri frå framand påverknad, fell saman med dei allmenne språkplanleggingsprinsippa om morfologisk eintydigheit og stabilitet (jf Vikør 1994:144). På grunn av det samanfallet kan ein hevde at skepsisen til framande morfologiinnslag meir er eit spørsmål om språkrøkt – dvs. funksjonell utbygging og stilistikk – enn om purisme. Som Barbro Söderberg (1983:11) viser, er motstanden imot fleirtals-s i bunden form av substantiv i svensk vorten førd med språkrøktsargument, t.d. med at innføringa av ei ny bøyingsending gjer bøyingsverket meir komplisert, og at det ofte oppstår forvirring om når ein faktisk har ei slik fleirtalsform; i fleire tilfelle er s-en oppfatta som ein del av stamma, jf. ord som *slips*, *kjeks*, *pins*. Söderberg sjølv problematiserer påstandane, og meiner dei byggjer på argument som ikkje kan påvisast empirisk (sst., jf svensk-kapitlet). I denne samanhengen er det grunnlag for å sjå den nordiske motstanden imot fleirtals-s som døme på bøyingspurisme, og at purisme ligg til grunn for heimlege fleirtalsformer, t.d. *babies* > *babyar* (nyn.), *interviews* > *interview* eller *interviewer* (da.).

Motstand imot ordlagingselement kan òg seiast å høyre til morfologiske purisme, sjølv om han ofte vert referert til i samband med “ordtilfanget”. Denne purismen finst mellom anna i bulgarsk, slovakisk og jiddisk (jf. Thomas 1991:64). I jiddisk har ein vore særleg puristisk overfor prefiksa *er-* og *selbst-* og suffiksa *-bar*, *-haft*, *-loz* og *-ismus* (sst.), og ein har meir “tradisjonelle” affiks som språknormerarane meiner er betre. Vi kan òg tale om ordlagingspurisme i samband med den nynorske utelatinga av ein del affiks med nedertysk opphav, særleg prefiksa *an-* og *be-* og suffiksa *-heit* og *-else* (jf. Gerdener 1986, Lauvhjell 1983). Motivasjonen for å halde desse affiksa vekke, har dels vore at ein har oppfatta dei som ikkje-norske, dels at ein har identifisert dei med bokmålet, og dels at ein har vore redd for bruken av eksisterande nynorsk-affiks, til dømes at ord som endar på *-leik*, *-dom*, *-sam* og *-skap* ville verte avløyste av *-heit*-ord. I dag er det berre *-heit* som er produktivt, men framleis vert dei andre affiksa

av fleire framståande nynorsktilhengjarar sedde på som trugande for den nynorske ordlagingstradisjonen.

Felles for nynorsk, jiddisk, bulgarsk og slovakisk affikspurisme er otten for eit tevlande grannespråk, og frå den synsvinkelen kan ein sjå på purismen som tiltak for å halde ved like autonomien åt språka.

2.4.4 Syntaktisk purisme

Syntaktisk purisme dreier seg om motstand imot syntaktiske innslag frå andre språk. Denne purismen er ikkje av dei mest utbreidde, ikkje minst av di syntaktisk påverknad er vanskeleg å identifisere. Ein del utslag har ein likevel: I nynorsk har det funnest syntaktisk purisme overfor ein del passiv-konstruksjonar og imot fri bruk av s-/singentiv (jf. Vikør 1990). Også i færøysk har der vore eit strev for å gjere syntaksen “reinare”, t.d. ved å gjeninnføre relikve genitivsformer etter islandsk mønster (jf. kap. 7). Likeins har ein i alle dei nordiske språka hatt kampanjar overfor kansellispråket, og imot syntakspåverknad frå tysk.

Vikør (s. 24) meiner at det arbeidet som er gjort t.d. i svensk imot “substantivsjukan” ikkje dreier seg om purisme, men om språkrøkt. Ut frå målet om å gjere språket forståeleg for folk flest, vil ein avgrense bruken av visse typar substantiviske konstruksjonar, men ikkje prinsipielt sett gå imot alle slike konstruksjonar. Her vert det eit spørsmål om språkrøktarane oppfattar substantivsjuke som eit framandt språkdrag (slik Gjelsvik 1938 gjer for nynorsk); i så fall er det tale om purisme.

Engelsk syntakspåverknad har ein tradisjonelt vore mindre opptekne av, jamvel om ein slik påverknad faktisk har skjedd (jf. Larsen 1994). Vi kan kanskje merke ein liten snunad i og med at fleire no har peikt på denne påverknaden (jf. sst., Davidsen-Nielsen 1997a).

2.4.5 Fonetisk purisme

Ved fonetisk purisme reagerer ein mot framande fonem og fonematiske kombinasjonar, t.d. mot engelsk *r*-uttale i ord som *roll-on* og engelsk *w*-uttale i ord som *weekend* (jf. Davidsen-Nielsen et al. 1997a). Denne purismetypen gjeld talemålet, og vil såleis ikkje verte teken opp i denne samanhengen.

2.4.6 Fokus i denne studien

Denne studien vil ikkje sjå noko særleg på fonetisk og syntaktisk purisme, då desse nivåa har stått mindre sentralt i språknormering og det språkpolitiske ordsiftet i dei ulike nordiske språksamfunna. Det er fyrst og fremst leksikalsk purisme som har stått i

fokus, dernest den ortografiske (gjennom tilpassingar av skrivemåten), og så den morfologiske (for engelsk særleg i høve til fleirtals-s). Studien vil såleis fokusere på leksikalsk, ortografisk og morfologisk purisme.

2.5 Normomgrepet

Eitt av måla med denne studien er å vinne teoretisk innsikt om purismen i høve til språknormering som heilskap. Såleis høver det å kome inn på statusen for normeringsstudiar og litt om normomgrepet. (Jf. òg kap. 9.8.)

Det har i løpet av dei seinare tiåra kome viktige analysar og systematiseringar av ideologiar og prinsipp bak språknormering. Frå Noreg på 1990-talet kan mellom anna nemnast Sandøy m.fl. 1991, Dyvik 1993, Vikør 1994, Papazian 1994, Omdal 1996, Omdal og Vikør 1997, Sandøy 1997a og fleire skrifter av Norsk språkråd. Det er også utvikla fleire modellar og program, særleg innanfor den internasjonale språkplanleggingsvitskapen, *language planning*. Særleg interessant for oss er dei studiane som har fokusert på purisme (jf. Thomas 1992).

Like fullt har det vore hevda at den teoretiske side står svakt i studiar av språknormering. I 1980 skreiv Einar Haugen (1990: 53) at språkplanleggingsvitskapen framleis var mest skildrande og hypotetisk, og enno ikkje hadde nådd “et stadium av ‘forklarende brukbarhet’”. Over ti år seinare kunne Lars S. Vikør i standardverket *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (1994:46) konstatere at “språkplanleggingsvitskapen er ein sjølvstendig disiplin, men enno utan noen skikkeleg utvikla teori”. Vikør karakteriserte i ein annan samanheng forskinga som pre-teoretisk:

I was asked to talk about the relations between norms, status and regulations in a theoretical perspective. (...): how far do regulations really influence norms and status? The result is almost pre-theoretical: They do to some extent, but no systematic theory has been developed so far to explain what factors promote or present this influence. (Vikør 1997:108.)

Eit tilsvarande syn kjem til uttrykk hos Robert L. Kaplan og Richard Baldauf jr. i ei av dei siste oversiktsbøkene om disiplinen, *Language Planning From Practice to Theory* (1997). Dei skriv at språkplanlegging “has tended not to be theory driven, but rather responsive to real-world interdisciplinary solutions of immediate practical problems” (s. x–xi).

No er biletet meir nyansert: Det fins teoretisk arbeid om språknormering, t.d. i programmet til den funksjonalistiske Praha-skulen (m.a. av Roman Jakobson, V. Mathesius, Josef Vachek og Frantisek Danes (jf. Thomas 1991:5, 35). Ein del av dette arbeidet er òg vorte fylgd opp, t.d. av J. Neustupny med si vektlegging av språkplan-

legging som problemløysing. Likeins er der fleire nyare bidrag med ambisiøse teoretiske mål (t.d. Gloy, 1975, Teleman 1979, Skyum-Nielsen 1986, Bartsch 1987). Utgangspunktet for mange av dei nyare bidraga er like fullt meir allmennlingvistikk og sosiolingvistikk, ikkje så mykje normering. I normeringsstudiane har ein vore mindre opptekne av å gå inn i sjølve normomgrepet og utvikle allmenne teoriar. Som Vikør (1994:46) skriv: “Dei fleste som forskar i faget, er i første rekke områdespesialistar.”

Kva kan så ein teori om purisme og språknormering gå ut på? Her bør det presiserast kva som er meint med teori'. I norsk lingvistikk er det vorte vanleg å fylgje Helge Dyvik sitt velkjende skilje mellom *teori* og *modell*, slik det er formulert i *Grammatikk og empiri* (Dyvik 1980:19f og 1986:i). I fylgje Dyvik er ein teori kjenneteikna ved å ha påstandsfunksjon; han må postulere ein del grunnleggjande samanhengar, og vere meir eller mindre sann. Ein modell, derimot, er fyrst og fremst eit analytisk rammeverk; modellen er meir eller mindre brukbar for eit granskingsføremål, men påstår ikkje noko grunnleggjande verken om verda eller språket.⁷

Skal vi ha ein teori om språknormering, må vi altså kunne påstå noko grunnleggjande om kva som skaper språknormer, kvifor dei vert danna, kva verknader dei har osv.

Nemninga *norm* kjem etymologisk or det latinske ordet *norma* som tyder ‘vinkel’ (som reiskap). I dag er norm ei samnemning for ulike typar av vurderingsgrunnlag og retningsliner som er med på å rettleie og styre sosial handling. *Språknormer* er altså med på å rettleie og styre språkleg handling, dvs. *språkbruk*. Der er prinsipielt sett to måtar normer kjem til uttrykk på:

1. *Dei eksplisitt formulerte språknormene* kan vere skriftleg formulerte og lesast ut av ordbøker, grammatikkar og vedtak i normeringsorgan. Dei kan òg verte formulerte av mindre offisielle personar og institusjonar gjennom handbøker, debattbøker, munnlege ytringar etc., og kan gjelde både skriftspråk og talemål.

2. *Dei “tause” språknormene* er på si side ikkje-formulerte, og refererer til rådande haldningar, intuisjonar og forventingar om kva som er korrekt, mogleg og meiningsfull språkbruk. At normer kan vere “ikkje-formulerte”, vil seie at det ikkje berre er det som står i ordbøker eller grammatikkar som er normer. Til liks med den tsjekkiske lingvisten Bohuslav Havránek (1964:414) kan vi skilje mellom “Kodifikation der Sprachnorm” (t.d. ein skulegrammatikk) og “die Sprachnorm selbst”. All språkbruk er prinsipielt sett styrt av normer, men berre ein liten del av

⁷ Dyvik (1980) set i utgangspunktet nokså rigide popperianske krav til korleis ein empirisk skal tolke teoriar. I føreordet til 2. opplaget av *Grammatikk og empiri* presiserer han at det må vere mogleg å operere med det han kallar “ufortolkede teoretiske konstrukter” (Dyvik 1986:i), jamvel om teorien framleis må stille krav til “forståelighet” og “må kunne forstås som noe mer enn en rent formell konstruksjon” (ibid.).

desse er kodifiserte; dei fleste eksisterer uformelt (for skriftspråket gjeld det t.d. tekstnormer, stilnormer, grafiske normer etc.). Det er tale om den internaliserte semja om kva som er meiningsfull og mogleg språkbruk (jf. Gullvåg 1991: 16).

Språknormer er altså formulerte eller ikkje-formulerte postulat som verkar *retteiande* på språkbruk.

At normene verkar retteiande på språkbruk, fører oss over til eit anna poeng, nemleg at der er eit prinsipielt skilje mellom språknormer og språkbruk. Normer er *abstrakte fenomen*, dei er førestellingar i hovuda på folk, og eksisterer ikkje som konkrete handlingar eller som “brute facts” – “råfakta” – i John Searle (1990) si tyding (jf. sst., Vannebo 1980:4). Regelmessig åtferd kan nok vere teikn på at normer er internaliserte, men denne åtferda utgjer ikkje i seg sjølv normene (jf. Sundby 1974:31, Bartsch 1987:166f., Gloy 1993:44–45).⁸

Det er såleis ikkje nok å granske språkbruk gjennom innsamling og tolking av tekstkorpora, ordbøker etc. Slike granskingar må kombinerast med haldningsgranskingar og ideologiske studiar. Den ideelle forskingsmetoden vil vere nettopp ein kombinasjon av tilnærmingar. Denne studien er mest oppteken av ideologihistoria, men vil heile tida ha auge for dei andre aspekta.

2.5.1 Internaliserte og fastsette normer

Norm-omgrepet kan delast opp i ulike undergrupper. To normkategoriar som er relevante for studien av purisme i eit diakront perspektiv, er skilnaden mellom det Nils Kristian Sundby i doktoravhandlinga *Om normer* (1974) har kalla internaliserte og fastsette normer.

Internalisering viser til ein psykologisk prosess der einskildindividet får ei spesiell og nær tilknytning til normene: Normene vert ein del av det indre eg-et (super-eg-et). Felles for dei internaliserte normene er at individet kjenner seg indre bunde av dei; det

⁸ No er der somme som forstår språknormer som tilnærma lik språkbruk. John Lyons (1981:48) meiner t.d. at normer i alle fall er immanente i språklege handlingar. Eric Papazian (1994:6) hevdar at dersom ein kan lære normer ved å observere åtferd, må normene på ein eller annan måte ligge i åtferda. – Kvar skal dei elles ligge? spør han. Underforstått: Det er berre gjennom å observere språkbruk ein kan få empirisk kunnskap om normer. Når utgangspunktet her er noko anna, vil det sjølv sagt ikkje seie at språkbruk er irrelevant i normstudiar. Som Esa Itkonen (1978:125;390) skriv, er det uråd å tale om normer utan å take omsyn til det faktum at det finst handling, i dette tilfellet språkbruk (jamvel om Itkonen skriv ‘rules’ der vi talar om normer). Det er vidare klart at vi til ein viss grad kan avleie språknormer av regelmessig språkbruk, og at språkbruken er med på å reprodusere normer, ettersom folk lærer gjennom observasjon og deltaking med andre. Dessutan er det, som sosiolingvistikken har lært oss, ofte ein skilnad mellom den språkbruken folk trur dei har, og den dei faktisk har. At ein person kjem med puristiske ytringar, vil t.d. ikkje seie at språkbruken er like puristisk.

kan vere usamd i normene, men vil, medvite eller umedvite, kjenne ei indre plikt til å fylgje dei (s. 127).⁹

Fastsette normer (s. 149) består av normative utsegner frå ein person eller institusjon med særskild autoritet. Det kan t.d. vere vedtak som Norsk språkråd, Svenska språknämnden eller andre normeringsinstitusjonar kjem med (t.d. at ordet *service* kan skrivast *sørvis*). Men det kan òg vere normpraksis i visse institusjonar som har generelt stor makt over skriftproduksjonen, t.d. kyrkja og kanselliet på 1500- og 1600-talet, versedikting og sakprosa på 1700-talet, og mediebedrifter og omsetjingsbyrå i dag.

Som i normeringsstudiar generelt er det her dei fastsette normene som står i fokus. For desse normene er det fyrst og fremst skulen som har fått i oppgåve å stå for implementeringa. Når det i Noreg i siste halvdel av 1900-talet har vore ei ordning med at Norsk språkråd skal godkjenne lærebøkene språkleg før dei kan brukast i skuleverket, er det ut frå tanken om kor viktig denne institusjonen er.¹⁰ I tillegg er det i dei fleste land slik at den statlege administrasjonen er pliktig til å fylgje offisiell rettskriving. Tankegangen er så at dei andre store normpåverkarane (aviser, forlag, fjernsyn og radio, omsetjingsbyrå etc.) vil fylgje etter, og at normeringsvedtaka til slutt også vil nå fram til den vanlege språkbrukaren.

I praksis viser det seg at implementeringa ikkje går så eintydig føre seg. For det fyrste er det fleire normeringsvedtak som ikkje når fram til språkbrukaren (jf. Omdal 1996:132). For det andre spelar ikkje-offisielle normeringsaktørar ei viktig rolle (jf. Kaplan og Baldauf jr. 1997:254f). Eit tredje aspekt er at normutkast kan få ein annan effekt enn det som var tiltenkt. Jamvel om konkrete puristiske ordlagingar ikkje slår gjennom, vil ikkje det nødvendigvis seie at ordlagingane ikkje har hatt ein funksjon; dei kan t.d. ha vore med på å skape eit meir puristisk klima.

Det vert stundom hevda at internalisering er ein nødvendig føresetnad for at normer skal eksistere: Eric Papazian (1994:13) meiner at normer “alltid er internaliserte”, og at desse står i motsetnad til “utsagn om normene”. Renate Bartsch (1987:177) er av same oppfatninga, og bruker nemninga “norm formulation” der Sundby talar om “fastsette normer”. Her skal vi derimot halde oss til Sundby sin terminologi. Som Vikør (1994:70) er inne på, er målet med språknormering at dei fastsette normene skal verte internaliserte av flest mogleg. Det inneber at internalisering er

⁹ Av og til vert internaliserte normer karakteriserte som dei normene ein tileignar seg på ein uformell og umedviten måte, fyrst og fremst i barndomen (jf. Vikør 1994:66). Denne karakteristikken gjeld nok for dei fleste tilfella, men inneber likevel ei forenkling: Internalisering viser fyrst og fremst til ein *prosess*, og denne kan gjelde både for offisielle og uoffisielle normer, og kan skje også seinare i livet.

¹⁰ Ei ordning som rett nok vart oppheva i 1999.

ein *prosess*.¹¹ Nettopp det prosessorienterte gjer det relevant å leggje til grunn ein historisk synvinkel i studien av purisme.

¹¹ Lars S. Vikør (1994) nyttar Sundby sitt skilje mellom fastsette og internaliserte normer etter mønster av Vannebo (1980). Men medan skiljet hos Sundby (1976:158) er meir flytande, set Vikør normtypane opp som nokså klårt definerte. Vikør knyter òg internaliserte normer spesielt til talemål og fastsette normer til skriftspråk. Det innebér ei viss perspektivforskyving i høve til den psykologiske prosessforståinga som Sundby legg opp til; vi held oss til sistnemnde.

3 Purismen i vest-europeisk og nordisk skrifttradisjon

3.1 Innleiing

Dette kapitlet har som føremål å sjå purismen i Norden i eit langt historisk tidsspenn i høve til det som kan kallast ein europeisk purismetradisjon, og freiste å identifisere ein del føresetnader og drivkrefter for purismen i dansk, svensk, færøysk og norsk. I samsvar med dei seks fyrste hypotesane for denne studien vert det fokusert på språkstandardisering, puritas-tradisjonen, maktutøving, nasjonalisme og tilhøvet mellom heimlege tradisjonar og påverknad frå og mellom ulike land.

3.2 Dei antikke føresetnadene

3.2.1 Den retoriske tradisjonen

Retorikk er eitt av dei eldste vitskapsfaga; faget oppstod i Sicilia og vart utvikla i Hellas frå om lag 500 f.kr., og vidareført og systematisert av romarane fram til om lag 100 e.kr. Det var òg i klassisk retorikk at den teoretiske refleksjonen kring språkreinleik tok form for 2000 år sidan. Den som fyrst utforma eit retorisk reinleiksideal, skal ha vore grekaren *Theofrastos* (372-287 f.kr.). Han tala om *hellênismós*, rein gresk, som ei av fire retoriske dygdene. Dette reinleiksidealet vart til liks med resten av gresk retorikk overteke av romarane og kledd i ei latinsk språkdrakt. Det er den romerske varianten vi her skal take utgangspunkt i, for sjølv om grekarane var fyrst ute, vart utbreiinga av retorikken til resten av Europa hovudsakleg gjort på latin gjennom romersk retorikk.¹² Denne tilknytninga til *latin* bør understrekast: Gjennom romerske krigserobringar og etableringa av den romersk-katolske kyrkja fekk romersk kultur og latinsk språk ein eineståande posisjon. Latin oppnådde ein institusjonell og makt-politisk basis som retorikken og puritas-idealet nytte godt av; det var gjennom latinundervisninga eliten fekk den språkleg-stilistiske opplæringa, og var gjennom ideala for latin at retorikk og puritas-idealet vart spreidd.

Når retorikken kom til å spele ei så sentral rolle nettopp i Rom, må det sjåast på bakgrunn av den plassen talekunsten hadde i det politiske livet. For å kome seg opp og fram, var det ein føresetnad at ein var i stand til å tale godt for seg i folkeforsamlingar

¹² Leiestjerna for gresk retorikktradisjon er Aristoteles, som definerte retorikk som “kunsten å se i hver situasjon hvilke muligheter man har til å overbevise” (Eide 1990: 93). Målet her var *peitho*, “overtalelse” (ibid.). I den romersk tradisjonen etter Quintilian skal ein ha lagt meir vekt på å sjå på retorikk som *kunsten å tale vel* (jf. Helle 1993:5).

og i rettssalar. Karakteristisk nok sat også fleire av dei fremste romerske forfattarane i høge maktposisjonar; det galdt mellom anna Cicero, Cæsar, Saustius og Tacitus (jf. Janson 1997:70). I eit samfunn der talekunst var makt, vart det viktig for eliten å gi borna utdanning i retorikk. Dermed fekk retorikk som læredisiplin ein sentral plass i utdanningssystemet.

I den retoriske stillæra vart det òg sett opp reglar for språkleg reinleik. Dei romerske retorikarane formulerte eit reinleiksideal som dei kalla *sermo purus* eller *puritas*. Omgrepet refererte primært til korrekt idiomatisk språk, talaren skulle halde seg til språklege normer og grammatiske reglar (jf. Lausberg 1960:254; Eide 1990:105, 119). Men i tillegg skulle ein unngå språkfeil som skuldast påverknad frå andre språk. Desse to måla kunne ein nå gjennom å unngå to grove typar av mistak.

Det eine mistaket var *barbarismar*, dvs. feil på ordplanet, anten som feil lyd-samansetjing, feil ordtyding, feil stilistisk bruk av ord, eller bruk av ord med ikkje-latinsk opphav (jf. Quintilian 1972:I.5.6 [s. 61f.]). Nemninga ‘barbarisme’ kom opphavleg frå gresk *barbaroi*, og var der eit lydhermande ord for dei som tala eit språk som var uforståeleg for grekarar. Romarane nytta det så overfor språkformer som ikkje var latinske eller greske.

Det andre mistaket var *solesismar*, som var galne grammatiske former i form av uklår eller ukorrekt leddstilling, brot på kongruensreglar for genus, kasus, tempus etc. (Quintilian 1972:I.5.34 [s.73f.]). Også nemninga ‘solesismar’ kom opphavleg frå gresk, der ho viste til blandingspråket hos dei athenske kolonistane i byen Soloi (i Litle-Asia).

Fire retoriske dygder

I romersk retorikk opererte ein med mange ulike typar av barbarismar og solesismar, og fleire av desse typane refererte til nokså allmenne korrektheitsbrot (ei oversikt finst hos Lausberg 1960:259). Der låg like fullt innbaka ein skepsis til framande språkinnslag, noko som ikkje minst kom til uttrykk gjennom sjølve nemningane, der ein fekk markert at skilnaden mellom “oss” og “dei andre” hadde med skilnaden mellom språk å gjere. Barbarismar og solesismar var alvorlege, for dei braut med ein større heilskap, den retoriske stillæra (elocutio). Der gjekk *puritas* inn som ei av dei fire retoriske *dygdene*, *virtutes dicéndi*, saman med *perspicúitas*, *ornatus* og *aptum*: Vi kan forklåre desse på denne måten:

- *Perspicúitas* refererte til klårleik og eintydigheit, særleg i setningsoppbygginga.
- *Ornatus* stod for utsmykking (t.d. gjennom bruk av tropar og figurar).

- *Aptum* representerte det føremålstenlege – ein skulle take omsyn til situasjonen og tilpasse talen til ein harmonisk heilskap.¹³
- *Puritas* var reinleik og viste dels til korrekt idiomatisk språk og dels til at ein unngjekk framande språkinnslag i form av barbarismar og solesismar.

Av desse dygdene var *perspicúitas*, idealet om klår tale, det som hang nærast saman med *puritas*. Ikkje minst skulle publikum vere i stand til å forstå orda, og det gjorde at visse lånord ikkje vart rekna som gode:

Für den antiken Redner und Dichter galt die Regel, das Fremdwort zu meiden [...] Als Begründung wurde zum einen auf das Publikum verwiesen, daß die Rede oder die Dichtung verstehen sollte, zum anderen aber auf das Thema, die behandelte Sache, die einen bestimmten Anspruch erhebe: einem bedeutenden Inhalt kann nur eine entsprechend anspruchsvolle Sprache gegenüberstehen. (Haas 1980:10.)

Forståingsargumentet er òg noko seinare puristar har lagt vekt på (jamvel om George Thomas 1991:52 meiner dette argumentet meir er ei rasjonalisering over nasjonalistisk motivert purisme). Av dei andre retoriske dygdene kunne *ornatus* verke i motsett lei av *puritas* og klårleik ved å fremje eksotiske framandord, eller verke til at talen vart uklår og fleirtydig. Slike unotar kunne ein unngå ved å take omsyn til *aptum*. Dei fire dygdene som her er nemnde, utgjorde i klassisk retorikk ein heilskap, og det vart rekna som feil å leggje altfor stor vekt på den eine av dei: La ein for stor vekt på *puritas* og neglisjerte *ornatus*, vart det rekna som affektert språkbruk (jf. Lausberg 1967:45).

Dei retoriske dygdene og føresegnene hadde fleire føremål. Eitt var å utdanne gode samfunnsborgarar: Dersom ein fylgde ideala for god talekunst, dvs. var sannferdig, appellerte til det gode i menneska, og fylgje dei meir tekniske framgangsmåtane for god tale, ville det verke til det gode for samfunnet og menneska som heilskap (sst.). Det var ei grunngeving som vi finn hos fleire retorar. I våre augo verkar grunngevinga naiv. Men jamvel om det finst nok av eksempel på at romerske politikarar ikkje handla moralsk rett (heller ikkje ut frå dei ideala som rådde på den tida), var idealet om rett og sannferdig språkbruk til stades. Retorikk var så absolutt eit maktmiddel, men ikkje berre det.

Når det gjeld maktaspektet ved *puritas*-idealet, kan det her vere verdt å trekkje fram den underliggjande symbolpolitikken overfor dei mange språka i Romarriket: Ved å definere latin som det rådande, *reine* og heimlege språket, gav ein både latin og dei som brukte det ei symbolsk makt. At det så var dei romerske borgarane som tala

¹³ Av og til vert òg *brevitas*, knappheit, rekna som ei av dygdene.

den (ut frå retorikken) reinaste og beste latinen, bygde så opp under deira kulturelle hegemoni.

Fire faktorar for reint språk

Den autoritative framstillinga av romersk retorikk er *Marcus Fabius Quintilianus* (35-98) sitt verk *Institutio oratoria* (som kom ut ca. 95 e.kr.).¹⁴ (Verket er ikkje omsett til noko nordisk språk; her vert det referert til den tyske omsetjinga i to band frå 1972-75.) Dette opphavleg 12-bands store verket gir ei oversikt over heile det antikke retoriske systemet. Quintilian legg i hovudsak det same innhaldet i dei fire retoriske dygdene som grekarane gjorde, men han kallar hellênismós for *latínitas*, dvs. rein latin eller idiomatisk korrekt latin.¹⁵ Målet om rein latin var viktig. Det reine og heimlege refererte då til språket til eliten, dei romerske borgararane, medan det framande var språket til dei utan borgarstatus. Kva var det så ved latinen som eliten nytta som gjorde språket rein? Quintilian sette opp fire faktorar som etter hans syn verka til det:

- *Ratio*, dvs. fornuft. Fornufts faktoren verka særleg ved at ein fylgde analoge reglar i grammatikken. Analogi-prinsippet gjorde språkbruken lettare: Dersom ein person var i tvil om genus for eit substantiv som *funis* (segl), kunne han berre jamføre med eit analogt substantiv, t.d. *panis* (brød), og bøye etter det; å måtte lære seg å bøye kvart einskilt substantiv for seg var urasjonell bruk av tid (Quintilian 1972:6.3.2 [s. 89]). (Analogi-prinsippet stod sentralt i romersk retorikk og grammatikk; mellom anna skal det i Cæsar sitt namn ha vore forfatta ein grammatikk med tittelen *Analogia* [som no er tapt].) I høve til analogiprinsippet var det fornuftig å nytte korrekt etymologi (i latinsk tyding: ‘mening’ [jf. Law 1996:291]). Argumentet var då at ein gjennom etymologisk gjennomsiktighet kunne binde saman ord og ordtydingar i eit språk.

- *Vetustas*, dvs. alder. Gamle ord og vendingar hadde ofte i seg sjølve ein verdi, fordi det var fedrane som i sin visdom hadde valt dei mest høvelege nemningane på ting. Eit anna moment var at eldre språkelement kunne gi “talen en viss verdighet og en spesiell tiltrekning, for arkaiske ord har alderens autoritet, og, siden de er gått ut av bruk, har de en virkning som minner om nyhetens” (Quintilian 1972:1.6.32 [s. 103]; her omsett av Eide 1990:23). Dei eldre formene måtte samstundes ha hevd i språkbruken, og vere forståelege. (Det greske ordet for *vetustas* var *arkhaismós*, som hos oss er avleidd til nemninga *arkaisme*.)

¹⁴ Quintilian var fødd i Spania, men verka som lærar i retorikk i Rom frå 68 e.kr. Keisaren utnemnde honom til professor i retorikk – han var òg den fyrste som fekk eit professorembete i Europa.

¹⁵ *Latínitas* vil i denne samanhengen tyde det same som *sermo purus* og *puritas*.

- *Auctoritas*, dvs. tilvising til autoritetar. Språkbruken hos dei mest framstående forteljarane og historikarane skulle fungere som rettesnor.
- *Consuetúdo* eller *usus*, dvs. tilvising til bruken eller brukssmaken. Ein skulle avstemme språkbruken etter språkkjensla eller språkmeininga i det danna sjiktet i samfunnet, *consensus eruditorum*.

Desse fire faktorane gjekk i retorikken inn som kriterium for å vurdere kva som var språkleg reint. Det slår oss at det her ikkje berre er likskapar med seinare purisme: Parallellane er kanskje tydelegare med synspunkta åt dei som i dag legg vekt på standardspråket og språkvanen til eliten. Vi kan i denne samanhengen take utgangspunkt i den oppstillinga over prinsipp for språkplanlegging som Lars S. Vikør set opp i *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (1994:144-145). Der vil ratio kunne kome inn under mange av prinsippa Vikør kallar “interne språklege prinsipp”, t.d. prinsippa om eintydigheit, enkelheit, det etymologiske prinsippet, logikk, stabilitet og fastheit. Vetustas vil passe med prinsippet om “tradisjonisme” (ein del av Vikørs pkt 4: “Forholdet til generelle ideologiar”). *Auctoritas* viser synonymitet til “prestisjeprinsippet” (under pkt 3: “Forholdet til andre språk og språkvarietetar”). Den siste faktoren, *consuetúdo* eller *usus*, er identisk med det Vikør kallar “ususprinsippet”. Ut frå likskapen med desse prinsippa for språkplanlegging, kan vi kanskje sjå dei antikke omgrepa puritas og barbarisme meir som allmenne korrektheitstesar enn som uttrykk for ein tidleg purisme? (I så måte har George Thomas eit poeng når han i *Linguistic purism* [1991] legg så stor vekt på purismen som føresetnad for standardisering.) Der er heller ikkje alltid samsvar mellom puritas-idealet og det vi i dag forstår som purisme. Det var tilfellet når ein åtvare overfor avløyсарord: I fylgje Quintilian “innebærer” nyord “en viss risiko, for dersom de blir godtatt, er det lite anerkjennelse å vinne for talen, og blir de avviste, blir de direkte latterlige” (Quintilian 1,5,71 [omsett av Eide 1990:84]).

Ut frå dette resonnementet kan vi ikkje utan vidare setje likskapsteikn mellom puritas og dei formene for språkleg purisme som vi finn i dei seinare hundreåra. Det er heller ikkje grunnlag for å hevde at puritas-idealet slik vi finn det i antikken er ein *nødvendig* føresetnad for seinare purisme. Her kan vi vise til språk som ikkje har vore påverka av romersk og gresk retorikk, t.d. kinesisk, og som likevel har hatt ein streng purisme (jf. Endresen og Rongen 1977:106f.).

Samstundes er det slåande at nettopp kinesisk nokså tidleg fekk utvikla ein stilistisk tradisjon som seinare purisme nytta som basis, nemleg dei klassiske verka frå den seinare Zhou-tida (dvs. 600–200 f.kr.). Gjennom konfutsiansk livsfilosofi og stilideal

vart det eit mål å halde språket så reint som råd var i høve til dei klassiske verka (s. 114). Denne reinleiksideologien vart formidla gjennom det keisarlege skuleverket, og framstod etter kvart som ein reiskap til politisk makt og eit maktsymbol – på same måten som fyrst latin og seinare dei nasjonale standardspråka gjorde det i Europa. Dei tidlege stilistiske og retoriske ideala var altså ikkje drivkrefter “i seg sjølve”, verken i Kina eller i Europa; dei var ideal som vart *utnytta* til spesielle føremål. Men at dei vart “utnytta” underslår ikkje det faktum at dei har vore til stades, og at dei har verka både som forløparar og formverktøy for den seinare purismen. Dømet frå Kina kan utfyllast med døme frå arabisk, sanskrit, hebraisk, persisk etc., språk som tidleg vart nytta til religiøse føremål og som utvikla estetiske og stilistiske reinleiksideal (jf. Thomas 1991:140). Desse døma illustrerer det nære sambandet mellom reinleikstanke og språkstandardisering, likeins at det vestlege puritas-idealet ikkje er det einaste stilistiske reinleiksidealet som kan stå som føresetnad for purisme. Like fullt var det puritas-idealet ein fylgde i Europa, og puritas fekk påverknadskraft på europeisk skriftliv, ettersom romersk retorikk, romersk stilistikk, det romerske undervisningssystemet etc. vart ideal i dei europeiske landa i mellomalderen og renessansen. Også i normeringa av dei nye standardspråka kom det retoriske stilidealet til å stå sterkt, noko William J. Jones er inne på i innleiinga til ei dokumentsamling om purisme i tysk, *Sprachhelden und Sprachverderber* (1995:2-3):

Es liegt uns fern, die puristischen Bestrebungen des deutschen Sprachgebiets als linguistischen Sonderweg zu kennzeichnen. Die Sprachreiniger des 17. Jahrhundert waren sich schon bewußt, daß das Ideal des *sermo purus* im klassischen Altertum vorgeprägt war und daß *puritas* neben *perspicuitas* und *ornatus* zu den Grundlagen antiker Rhetorik gehörten.

3.2.2 Grammatikken

Idealet om puritas vart òg fremja av romerske *grammatikarar*. Mest kjend er *Aelius Donatus* (ca. 350 e.kr.), som skreiv *Ars minor* og *Ars maior*. Det sistnemnde verket, som kom i tre band, har ikkje berre vore grunnleggjande for latinundervisninga heilt fram til nyare tid; mange av dei eldste folkemålsgrammatikkane i Europa er baserte på omsetjingar av Donat (Pinborg og Dal 1979:E235). I høve til purismen er det særleg det siste bandet hos Donat som er interessant. Det handlar om stilistikk, og tek opp seks moment: *barbarismus*, *soleicismus*, *cetera vitia*, *metaplasmus*, *schemata* og *tropi*. Donat rådde lesaren frå å nytte *barbarismar*, og knytte denne nemninga til påverknad frå framande språk. 1000 år etter at Donats grammatikk kom ut, finn vi barbarisme-åtvaringane hans att mellom anna på Island, i den 3. grammatiske avhandlinga (*MS Wórmsbok*, AM 242 fol., ca. 1350), skriven av Ólafr Þórðarson. I den delen av

avhandlinga som vert kalla *Málskrúðsfræði*, handsamar Ólafr Þórðarson barbarismar í islandsk etter mønster av Donat-grammatikken:

Barbarismus fekk af því nafn at þá er rómverskir hofðingjar hofðu nálíga unnit alla veröld undir sína tign, tóku þeir unga menn af öllum þjóðum ok fluttu þá í Romam ok kenndu þeim at tala rómverska tungu. Þá drógu margir ónæmir menn látínu efter sínu eiginligu máli ok spilltu svá tungunni. Kolluðu Rómverjar þann málslost *barbarismum*. (12,61, sit. etter Sverriger og Tómasson 1993:223)

Sverrir Tómasson (1993:223) skriv í ein kommentar til sitatet at purismen má vere ei romersk oppfinning: “Af þessum orðum má ljóst vera að hreintungustefnan er rómversk uppfinning!”. Akkurat det er nok å take for hardt í. Det sitatet fyrst og fremst illustrerer, er at påverknaden frá romersk grammatikk også hadde nådd Island, og at dei metaforane som var knytte til puritas-idealet, hadde fått ei viss gjennomslagskraft. Malm (1990:113) kallar til dømes delar av mållæra åt Ólafr for ei “ordagrønt översatt tolkning och utvidning av tredje delen i Donatus’ *Ars maior*” (dvs. den delen av *Ars maior* som hadde med stilistikk og retorikk å gjere).¹⁶ (Når det gjeld sitatet frå Ólafr, er det elles verdt å merke seg at den 3. grammatiske avhandlinga generelt ikkje var så sterkt prega av puristiske tankar som dei seinare avhöandlingane; på Island var det fyrst på 1500-talet ein fekk artikulert relativt klåre puristiske haldningar.) Eit anna moment som kjem fram i verket, er den høge statusen som latin hadde: I fylgje Malm meinte Ólafr, til liks med Snorre Sturlason (1179–1241), at islandsk og latin hadde eit felles opphav: “Ólafrs ambition är att sammansmälta de både kulturernas skaldespråk; eftersom de ursprungligen är ett, bör de åter kunna harmonieras.”(sst.). Ved sida av Donat-grammatikken spela her den etymologiske framgangsmåten åt bispen og kyrkjefaren *Isidor av Sevilla* (550–636) ei viss rolle. Hans skrifter, t.d. frå det ufullførte leksikonet *Etymologiae sive Origines*, var mykje brukte ved lærde skular i mellomalderen. At Snorre i *Edda* knytte saman norrønt språk med dei klassiske språka gjennom (tvilsame) etymologiar som t.d. *Trakis* > Þruðheim, kan sjåast í samanheng med at han hadde lese arbeid av Isidor (jf. Johansen 1993:20).

3.3 Purismen i europeisk språkstandardisering

Å setje opp eit år 0 for purismen i dei europeiske standardspråka, let seg vanskeleg gjere. Ikkje minst er det problematisk å slå fast når desse faktisk fanst som individuerte språk, dvs. når folk hadde medvit om t.d. engelsk, tysk, fransk, italiensk etc. som

¹⁶ Det vil ikkje seie at mållæra mangla sjølvstende og originalitet; ein må sjå omsetjingane i ljøs av det synet på originalitet og opphavsrett som rådde på den tida: Ein tekst kunne inngå i ein annan tekst utan at det var markert; dette galdt særleg ved omsetjingar frå latin til folkemåla.

sjølvstendige språk. I tillegg kjem kjeldeproblema: Utanom det som gjeld latin, er det frå mellomalderen fåe skriftlege refleksjonar om standardspråk. Rett nok finst det nokre utsegner som med ein viss godvilje kan tolkast som utslag av purisme (noko Jones 1995:4 har gjort). Som normeringsideologi er det likevel fyrst på 1500-talet og utover på 1600- og 1700-talet at purismen får si meir moderne form. Den utviklinga som då skjer, må vi sjå i samanheng med språkstandardisering. For italiensk, fransk, spansk, tysk, nederlandsk og engelsk hadde det eksistert fleire regionale skriftspråksvarietetar, og ein hadde ikkje lagt så stor vekt på å ha ei uniform rettskriving.

I takt med veksande statsskipningar, ein gryande kapitalisme, generelt meir kommunikasjon og endringar av vilkåra for produksjon av skriftleg materiale, ikkje minst gjennom prentekunsten, skjedde det så ei kodifisering og utbygging av meir einsarta normalar; det “voks fram” standardspråk.

3.3.1 Oppgjeret med latin

Eit påfallande trekk ved språkstandardiseringa er defineringa i høve til latin. Denne defineringa kom mellom anna til uttrykk gjennom namngivinga av dei kontinentalgermanske språka. Når ein tala om *diets* (i Flandern), *duits* (i Brabant) eller *teusch* (tysk) var det ‘folk’ og ‘folkemål’ ein refererte til, og det som stod i motsetnad til folkemålet, var latin (jf. Kluge 1989:138). Denne bruken av ‘folk’ vart òg nytta av romarane. Når dei tala om germanske språk nytta dei nemninga *theotisca lingua*; “theotisca” var her ei latinisering av dei germanske nemningane for ‘folk’.

Etter reformasjonen kan vi registrere ei endå sterkare markering av dei nye standardspråka i høve til latin. Målet var at språka kunne nyttast på same måten og til dei same føremåla som verdsspråket.

Ein bakgrunnsfaktor var her opplysning: å bruke folkemålet til å spreie idéar og lære til så mange som råd var. Ein annan bakgrunnsfaktor var (som vi kjem inn på nedanfor) litterære og estetiske problem som latinsk verselære førte med seg. Samtidig måtte dei nye folkemåla få *prestisje*. Her kom dei patriotiske sjølvhevdningane inn, der språkleg avstamming stod som sentralt kriterium for språkleg prestisje og individuering.

På 1500- og 1600-talet voks det fram ein sjanger for nokså ekstrem språk-patriotisme (jf. Eco 1997:96f). Utgangspunktet var den nye “jamførande” språkgranskinga som voks fram i Europa på denne tida. Ein grunnleggjande tese i denne granskinga var at alle språk kunne førast tilbake til eitt urspråk, nemleg hebraisk. Adam tala altså hebraisk med Eva i Paradiset, og det var fyrst då babeltårnet fall at Gud vildra tungene åt folk, og det språklege mangfaldet oppstod. På 1500- og 1600-

talet freista ein så å finne ein historisk samanheng mellom dei nyare språka og hebraisk. Dei språkpatristiske skriftene ville vise at nettopp eins eige språk var det som hadde ein nærast mogleg samanheng med hebraisk. Eit tidleg eksempel på det er Johannes Goropius Becanus (Jan van Gorp) sitt skrift *Origines Antwerpiane* frå 1569. Becanus sitt utgangspunkt var kvalitetane til nederlandsk: Han hevda at nederlandsk slik det vart tala i Antwerpen, best viste samanhengen mellom ord og uttrykk, fordi det i størst grad samsvara med det språket Adam tala. Bakgrunnen skal ha vore at innbyggjarane i Antwerpen stamma frå kimbrarane, som igjen stod i slektsline til sønene til Jafet. Sidan desse ikkje hadde vorte omfatta av det som skjedde då babeltårnet fall, framstod deira tungemål som det reinaste og mest opphavlege i heile verda. Tilsvarende tankar kom seinare om tysk frå tyskarar, til dømes frå Georg Philipp Harsdörffer i *Frawen-Zimmer Gespräch-Spiel* (1641) og Justus Georg Schottelius i *Teutsche Sprachkunst* (1641) (jf. Jones 1995:163f., 243f.).

I Norden var både Sverige og Danmark med i denne patriotismekrigen.

I Sverige finn vi den mest fantasifulle utgreiinga hos Olof Rudbeck i hans *Atlantica – Atland eller Manhem* (latinsk tittel: *Atlantica sive Manheim, vera Japheti posterorum sedes et patria*) (3 bd., 1677-98). Svensk vart framstelt som det eldste og mest verdfulle språket i Europa (jf. kap. 6.3).

I Danmark drøfta Peder Syv i *Nogle Betenkninger om det cimbriske Sprog* (1663) korleis språka hadde utvikla seg. Hos honom var det dansk som vart framstelt som det eldste og mest verdfulle språket (jf. kap. 5.3).¹⁷

Stilistikk og grammatikk

På det språkleg-litterære planet fekk markeringa overfor latin konsekvensar for verselæra. Tradisjonelt låg dei metriske førebileta i latin og gresk, og idealet var å skandere dikt i høve til kvantitet eller talet på stavingar. Slike skanderingsprinsipp var problematiske å bruke på germanske språk, der staving- og trykkforholda spela ei anna rolle. Ut på 1600-talet vart det formulert alternativ som passa betre for germanske språk. Særleg kjend er verselæra som Martin Opitz formulerte i *Buch von der Deutschen Poeterey* (1624) (jf. 3.4.2). Her får vi det mest omfattande litteraturteoretiske arbeidet som primært var retta mot germanske språk. Liknande *idéar* om ei versereform hadde vore formulert tidlegare – blant anna av tyskaren Joh. Klaj d.e. (Claius) i 1578 (jf. Fafner 1982:291) og av den danske professoren Hans Stephanius

¹⁷ Ei norsk svale i denne patriotismen var presten Jonas Ramus [1649–1718] med verket *Ulysses et Otinus unus et idem* [Odyssevs og Odin er ein og den same], prenta i 1702 [jf. Ekrem 1993:5]. Ramus hevda mellom anna at Arganauertoktet gjekk føre seg i Noreg, at Odyssevs var ein norrøn helt og at Kharybdis svara til Moskenesstraumen. Der låg derimot ikkje ein separatisme eller noko språkprogram i hans arbeid.

(Johannes Stephanius, 1561–1625) i 1606 (jf. kap. 5.3) – men det var med Opitz desse fekk ei konkret form, og denne forma gav inspirasjon i fleire germanskspråklege land.

Nettopp dei estetiske og litterære faktorane var viktige faktorar for språkstandardisering generelt.

I det tyske språkområdet vart også kvaliteten “Eigentlichkeit” framheva (Gardt 1994:132). Tysken var det “eigentlege” språket; han vart oppfatta som meir naturleg enn latin, og betre eigna til å gjengi røyndom (s. 132). Ein underliggjande tanke var at det fanst ein språkleg urtilstand, og at tysken på eit gitt tidspunkt hadde vore i samsvar med den tilstanden (s. 136).

Sidan dei nye vest-europeiske nasjonalspråka skulle fylle dei same funksjonane som latin hadde hatt, vart det også eit program å laga nasjonale avløyasarord for latinske nemningar. Ordpurismen overfor latin kom til å stå særleg sterkt i dei romanske språka (jf. Thomas 1991:143f.). Desse hadde endå sterkare trong for å markere eigenart, og normgivarane ville gå i rette med dei som karakteriserte språka som ”vulgærlatin” eller “oppspalting av latin”. I romanske språk tok puristane dessutan føre seg ulike typar indirekte lån og grammatisk påverknad frå latin (sst.). I dei germanske språka, derimot, var purismen nokså konsentrert om *ordforrådet*, mindre om morfologi, og knapt noko om syntaks. Såleis kom på denne tida òg ein latinsk påverknad på syntaksen. I dansk og svensk skriftspråk skjedde dette særleg på 1300- og 1400-talet gjennom ulike typar genitivs- og partisippkonstruksjonar (jf. Skautrup 1947:57–58). Til nederlandsk vart det på 1500- og 1600-talet overført fleire grammatiske former frå latin, til dømes spesielle typar relativsetningar, konjunktiv partisipp og ulike infinitivkonstruksjonar (Van der Wal 1992:271–275). Jamvel i ortografien kunne det skje ei latintilpassing; i engelsk vart på 1500-talet fleire lånord som ein hadde fått frå fransk, tilpassa det latinske opphavet, t.d. *describe* > *describe*, *peynture* > *picture*, *aventure* > *adventure* (Jespersen 1967:197–108). Ein freista dessutan å beskrive dei nye språka etter ein grammatisk terminologi nytta for latin, med bruk av kasus som ikkje fanst i heimemålet. Også stilistisk var påverknaden frå latin merkbar. I dansk vart denne påverknaden jamvel sterkare då dansk i seinmellomalderen vart lovspråket, for då overførte ein stilen frå dei latinspråklege diploma til dei danske kansellidokumenta, og utvikla den såkalla kansellistilen (handsama av Karker 1992:122–133).¹⁸

¹⁸ Det var fyrst med Ove Mallings lesebok *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* (1777) ein fekk eit stilistisk og syntaktisk mønster meir i tråd med dansk talemål. Mallings lesebok fekk stor påverknadskraft på allmennspråket, men kansellistilen fekk råde vidare i den offentlege administrasjonen.

Svensk böyingstilpassing

I svensk finn vi den same tendensen som i dansk, med utviklinga av ein kansellistil der latin var førebiletet. Men som i dansk skjedde der visse endringar på 1500-talet. I svensk ser vi då ei viss böyingstilpassing av dei latinske substantiva. Det vert m.a. vist av Bengt Loman i *Försvenskningen av latinska substantiv* (1956a og b). Gjennom forsvenska avleiingssuffiks som *-tion*, *-ense*, *-or* og *-i* kunne fleire latinske ord tilpasse seg svensk, og også få svensk fleirtalsending på *-tioner* (*reformationer* [s.95]), *-enser* (*amanuenser* [s. 117]), *-orer* (*pastorer* [or *pastores*] s. 117) og *-ier* (*ceremonier* [s. 124]). Medan idealet i det fornsvenske vadstenaspråket var å gjengi latinske lån i opphavleg form, er idelaet kring midten av 1500-talet noko anna. Loman diskuterer om desse endringane kan skuldast puristisk innstilling – “med dess negativa oppgift att ur modersmålet utplåna osvenska former och med dess positiva resultat att skapa mera lätthanterliga och lättförstådda former” (s. 118), men avviser sjølv ei slik tolking. Han viser til at forsvenskinga av substantivböyinga ikkje var konsekvent: Fleire substantiv heldt på den latinske böyinga, og viktige latinske personnamn heldt seg. Dessutan meiner han at ein purisme ville ha ført til mindre bruk av *-era*-verb (som t.d. *annotera*, *appellera*). Etter Lomans syn bør overgangen frå latinsk til germanisert substantivböying hos bibelomsetjaren Olaus Petri meir sjåast på som påverknad frå Luther, og den same overgangen i kansellispråket bør sjåast på som påverknad frå Olaus Petri:

Man kan sålunda i denna språkutveckling se icke en isolerad nationell eller nationalistisk strevan utan först och främst en modeväxling, eller om man så vill en växling i bildningsideal och språklig orientering hos de tongivande skribenterna. (S. 119.)

Når Loman avviser purismen, ser vi samtidig at han koplar purismen med nasjonalismen. Men, som vi seinare skal kome nærmare inn på, treng ikkje purisme nødvendigvis å vere knytt til nasjonalisme. At det elles ikkje er nokon purisme mot *-era*-verb som *appellera*, er ikkje noko avgjerande argument, i og med at det her er tale om verbformer som glir inn i eit svensk böyingmønster. Loman tenkjer seg nok her purisme som einstyding med ‘ordpurisme’. Det er elles interessant at Loman sjølv meiner at bruken av latinske sitatformer hos Olaus Petri i visse tilfelle kan vere ein måte å markere anti-katolisisme på; det er i så fall ein bruk av språket som symbol:

Mot bakgrunden av den försvenskningstendens, som annars karakteriserar OPS I, göra dessa citatformer ett påfallande intryck och kunna måhända bedömas som utslag av stilistisk beräkning – de latinska citatformerna synas uttrycka en ironisk-parodisk

biton, vilken understryker textens negativa inställning till de katolska institutionerna. (S. 128.)

Med den svenske substantivbøyinga er vi inne i eit grensetilfelle mellom kva som kan kallast purisme, og kva som er resultat av heilt andre faktorar (påverknad frå nærliggjande språk, moteluner etc.). Likeins kan det vere vanskeleg å skilje mellom konvensjonell og stilistisk bruk av latinsk form (sst.). Det verkar like fullt som om der hos Olaus Petri og andre på 1500-talet var eit medvit om kva som var rein og ikkje-rein svensk, og at bøyingstilpassinga var eit resultat av medvitne val om å få ein mest mogleg rein svensk. Dessutan er det ikkje urimeleg å tenkje seg at bøyingstilpassinga vart medverkande til seinare tilpassingar, dvs. at det på 1500-talet vart skapt eit mønster for seinare språknormering.

Latin som sjølvve språket

Om vi no går tilbake til den stilistiske utviklinga, ser vi at det ikkje berre er i dei germanskspråklege landa ein var påverka av latin – det gjeld òg i dei romanskspråklege. Joachim du Bullay skreiv i den vidgjetne avhandlinga frå 1549, *Défence et illustration de la langue françoise* (Forsvar for og hevding av det franske språket), at det var viktig å ha modellar frå mønsterspråka og imitere desse (på ein nyskapande måte), og for Bullay var det den antikke litteraturen og stilen som var idealet. Det idealet stod fast jamvel om du Bullay gjekk sterkt til åtak mot andre former for språk-påverknad frå gresk og latin (jf. Calvet 1998:44f.).

Ei stilistisk tilpassing til latin kunne gi høgare status til eins eige språk (jf. Van der Wal 1992:271). I tillegg var der eit meir grunnleggjande ideal som latin lekamleggjorde, nemleg idealet om kva eit språk skulle vere. Som Tore Janson (1997:130) har peikt på, var latin det fyrste og viktigaste framandspråket folk i Europa kom i kontakt med. Latin var også det einaste einskaplege skriftspråket som fanst i Europa.

Latinet hade et namn. Latinet hade en fastställd rättstavning. Latinet talades och skrevs i princip på samma sätt överalt. På latin fanns litteratur. I allt detta skilde sig latinet från det som talades i Norden. (...) Det var, för svenskarne liksom för hela Europa, det stora exemplet på hur ett språk kunde vara, och det fanns hela tiden närvarande (...) (Janson 1997:130f.).

Denne oppfatninga av latin som sjølvve “Språket” kan vi finne uttrykt heilt tilbake til Dante Alighieri (1265-1321) og hans bok om å skrive på folkemålet, *De vulgari eloquentia*. Dante skilde her mellom språk (*ydiomata*) og folkemål (*vulgara*), og rekna italiensk til sistnemnde. Tanken var då at italiensk i prinsippet ikkje var genuint annleis enn latin – det var meir ei manifestering av latin i tale (Janson 1997:98).

At dei ulike nasjonalspråka under renessansen tok opp i seg det latinske stilidealet, førte på sikt med seg at idealet ikkje lenger vart organisk knytt til det latinske språket. Dermed vart det – igjen på sikt – heller ikkje så viktig å lære seg latin. Ein kunne få den stilistiske opplæringa (og danninga) gjennom nasjonalspråka.¹⁹

3.3.2 Latinsk purisme

På 1700-talet skjedde det ei viss innstramming av norma i latin, noko som kom til uttrykk mellom anna gjennom motstanden imot mellomalderlatin (ca 600-1500). I løpet av mellomalderen hadde latin utvikla ulike regionale varietetar, teke opp i seg mange lån, og danna nye avleiingar, nye tydingar og nye uttaleformer. Denne utviklinga vart av italienske renessansehumanistar vurderte som ei barbarisering; dei jamførte mellomalderlatin med ein viltveksande skog, som ein del av det barbariet mellomalderen førte med seg. Også dei nordiske epigonane delte denne oppfatninga; dansken Ole Borch sukka i 1675 oppgitt over kvaliteten på latinen:

dersom Cicero levede op i vor Tid og hørte dens Latin, vilde han sige, det var Punisk eller Sarmatisk. (Sit. etter Petersen 1929:680.)

Åtgjerda imot utskiljinga var ein regressiv purisme – å gå tilbake til antikken og Cicero sin latin. Som retningsliner stod auctoritas og vetustas, kombinert med ein imiterings-retorikk (jf. Fafner 1982:180f). Eit døme på dette retoriske idealet er Thomas Bangs *Aurora latinitatis* ('latinens morgonraude'), ei dansk lærebok i latin (nyttå i latinskulen frå 1638-1789) der målsetnaden var å lære ungdomen den reine latinen av Cicero, og språkbruken var prega av sterke antipatiar mot nydanningar – "Barbarismer" (Petersen 1929:680). Nordmannen Anders Ivarsson Borch (1664–1709) var ein av dei som gav ut fleire polemiske skrifter med åtak mot dei som ikkje skreiv rein nok latin (Ekrem 1993:52). Hovudverket er *Vindiciæ purioris Latinitatis* ("Hevding av ein reinare latinitet"), prenta i 1706 (sst.).

Purismen hos renessansehumanistane gjorde latin meir einskapleg og dermed meir internasjonal. No kom latin også inn i ei stordomstid der han dominerte som inter-

¹⁹ I tillegg til markeringa overfor latin spela også *grannespråkseffekten* ei rolle. Her var utviklinga av statsmaktene avgjerande. Staten stod som understøttar av sitt statsspråk. Og ikkje uventa var det også dei språka med nær tilknytning til ei politisk makt som kom til å få suksess, medan språk som ikkje hadde (eller miste) ei slik tilknytning, t.d. frisisk og nedertysk, kom til å misse den sterke posisjonen. Når så eitt standardspråk vart fremja av ei statsmakt, fekk ein den reaksjonen at grannen oppfatta det som skjedde som ein trugsel. Trugselen må ha hatt ein del å seie når engelsk vart fremja i høve til fransk i Storbritannia og svensk i høve til dansk i dei nyare områda av Sverige (jf. seinare). Men sjølv om der var ein granneopposisjon, og denne kom fram ved at ein framheva sitt språk i motsetnad til grannen sitt, var det likevel latin som stod mest i fokus når ein ville grunnge bruken av dei respektive språka.

nasjonalt vitskapspråk – for humanistiske fag ut 1600-talet, og for naturvitenskaplege fag ut 1700-talet. Viktige verk av Copernicus, Descartes, Newton, Linné etc. vart alle skrivne på latin. Men einskapleggjeringa av latin hadde biverknader. Arkaismen, purismen og den strengare einskapleggjeringa gjorde det vanskelegare for “folk flest” å tileigne seg latin. Det var skapt eit språkideal som gjorde at latin vart opplevd som livsfjern, ja, som død. På same tid auka talet på skriftlærde. Ein hypotese vil då vere at den latinske purismen også var med på å leggje grunnlaget for det fallet latin seinare gjekk gjennom (jf. Petersen 1929:865). Men her er vi på utrygg is. For ein ting er formulert skriftideal, noko anna er kva som faktisk vart skriva. Ser vi på vitskapspråket, var det slett ikkje prega av purisme og stilistiske perler:

Det latin Linné och andra naturvetare skrev var inte något ciceronianskt skönlatin [...]. Naturvetarna använde latinet som ett rent kommunikationsspråk och lade inte in några andra funktioner i det. (Lindberg 1993: 83)

Ut frå det vi elles veit om språkdomene og vilkår for språkbruk, er det meir rimeleg å sjå fallet for latin i samanheng med dei ytre vilkåra for skriftspråk generelt. Fleire fekk tilgang til utdanning, og skriftspråket kom i bruk til fleire meir kvardagslege føremål. Purismen kan i så måte meir vere eit symptom på enn ei årsak til fallet.

Ekskurs: Kyrkjeslavisk og gresk

For å få eit meir samla bilete av språkpurismen i Europa, kan det høve å gå litt inn på dei to andre sterke mellomstatlege språka, *kyrkjeslavisk* og *gresk*.

Kyrkjeslavisk vart nytta av dei gresk-katolske serbarane, bulgarane og russarane, men frå desse kom det ikkje noko renessanse-oppdreg. Det var fyrst på 1700- og 1800-talet at kyrkjeslavisk vart avløyst av serbisk, bulgarsk og russisk i dei prestisjefulle domena (med unntak av kyrkja), samstundes som dei same nasjonalspråka vart moderniserte. I dei vest-slaviske landa som ikkje var ortodokse, spela ikkje kyrkjeslavisk noka tilsvarande rolle. Her skjedde det då òg på 1500-talet ei gjenreising og modernisering av nasjonalspråka, dvs. av kroatisk, tsjekkisk, slovensk etc. (jf. Rytter 1971:113f; Mønnesland 1995:74f). Desse språka fekk, med unntak av kroatisk, likevel ikkje den tilsvarande funksjonen som dei vest-europeiske nasjonalspråka, fyrst og fremst på grunn av framande statsmakter og motreformasjonen: I staden kom andre nasjonalspråk inn og dominerte, særleg tysk, men òg madjarsk og ikkje minst latin (som hadde ein sterk posisjon fram til 1700-talet). Dei slaviske “renessansespråka” bukka ikkje under, men vart undertrykte.

Den skilnaden som utvikla seg mellom dei slaviskspråklege landa i Aust-Europa og dei germansk- og romanskpråklege i Vest-Europa fekk konsekvensar for korleis språknasjonalismen og purismen seinare utvikla seg. I Aust-Europa kom der ein seinare språknasjonalisme jamvel i dei større statane (dvs. ikkje berre blant minoritetane), og ein nasjonalistisk inspirert purisme har gått inn som ein del av

denne heilt fram til vår tid. Utviklinga av språknasjonalisme kom her nedanfrå, og fylgde føresetnader som er karakteristiske for det vi tidlegare har kalla “folkeleg mobiliseringsnasjonalisme”.

Når det gjeld gresk, hadde han på 1500-talet alt hatt eit domenetap og mist status som samlingspråk for Bysants og det austlege mellomhavsområdet. Som bruksspråk hadde gresk vorte pressa attende til kjerneområdet (Hellas, øyane i Egearhavet, Kreta og delar av Kypros).²⁰ Like fullt vart språket nytta i nokre overnasjonale samanhengar, t.d. av visse skriftlærde (som etter dei tyrkiske erobringane av Bysants i 1453 flykta til andre europeiske land, særleg Italia) og i den gresk-ortodokse kyrkja.

Mest viktig i ein internasjonal samanheng var at gresk framleis hadde prestisje som “lærd verdsspråk”: Den stolte historiske og litterære tradisjonen frå antikken hadde framleis kraft, det same hadde kansellistilen frå den bysantinske perioden. Som med latin oppstod det også ein gresk renessanse på 1500-talet, der ein plasserte klassisk gresk og “hellênismós” i høgsetet. Denne skriftkonservatismen og purismen kom til å prege gresk i fleire hundre år framover. I løpet av dette hundreåret har det derimot skjedd ei oppmjuking gjennom utbreiinga av *dimotiki* (ei form av skriftleg gresk med fleire innovasjonar og lånord, særleg frå tyrkisk og venetiansk) på kostnad av *katharevusa* (det arkaiske og reine språket). Oppmjukinga fekk ein stopp under militærstyret (1967-1974) som gav *katharevusa* ei særstilling, men heldt fram under den nye sivile regjeringa som jamvel gjekk inn for at *dimotiki* skulle verte einerådande. Det siste har ikkje slege til – sjølv om *dimotiki* no har fått overtaket, held *katharevusa* stand i ein del bruksområde. Og framleis er referansen til det gamle greske språket viktig: Medan ein i andre språk skil nokså klårt mellom “klassisk gresk” og “nygresk”, nyttar grekarane den same nemninga for desse språkstega, den nemninga som også vart nytta for 2000 år sidan – “elleniki glossi”, det hellenske språket.

3.3 Morsmåls patriotismisme og puritas

3.3.1 Språkakademi

På 1500- og 1600-talet voks dei fyrste offisielle normeringsinstitusjonane fram i Europa. Fyrst ute var dei såkalla *språkakademia*. Det aller fyrste, *Accademia della Crusca*, vart danna i Italia i 1583 etter lengre tid med normdiskusjon blant italienske filologar. *Accademia della Crusca* stod bak kodifiseringa av eit moderne italiensk skriftspråk, *Vocabolario* (1612), basert på ein mest mogleg *rein* toskansk. Toscana stod på denne tida for svært mykje av litteraturen i det italienske området, særleg viktig var det at Dante Alighieri kom derifrå, og hans språkform vart av akademiet trekt fram som eksemplarisk. (At akademiet vart etablert i Toscana, i Firenze, spelar

²⁰ Framleis vart språket nytta i ein del overnasjonale samanhengar, t.d. av visse skriftlærde (som etter dei tyrkiske erobringane av Bysants i 1453 flykta til andre europeiske land, særleg Italia) og i den gresk-ortodokse kyrkja. Som bruksspråk hadde gresk vorte pressa attende til kjerneområdet (Hellas, øyane i Egearhavet, Kreta og delar av Kypros).

nok òg ei rolle for kva dialekt ein la vekt på.) Arbeidet som det italienske akademiet gjorde, danna mønster for liknande insitusjonar i fleire europeiske land (Schmitt 1988:97-98). Mest vidgjete er *Académie Française* (1635) i Frankrike. Dette eliteorienterte språkakademiet har hatt som mål og politikk å halde fransken mest mogleg rein, klår og smakfull. Det franske akademiet vart modell for fleire andre akademi, mellom anna det spanske *Real Academia Española* (1713), som igjen dannaførebilete for dei latin-amerikanske landa. Med mottoet *Limpia, fija y da expandor* (klårleik, reinleik og forherliggjeri) har det spanske språkakademiet vidareført den retoriske puritas-tradisjonen (Guitarte et al. 1974).²¹

Generelt har dei ulike språkakademia vore eliteinstitusjonar, og i hovudsak samansette av litteratar, ofte utan lingvistar. Det er uklårt kva academia faktisk har hatt å seie for språknormering og for purisme. Mest sannsynleg er rolla overvurdert. Ved sida av ordboksarbeidet er det lite av det academia har kome med framlegg om, som har fått gjennomslag (jf. Thomas 1991:110). Når det gjeld purisme overfor lånord, har innsatsen vore nokså svak. For Frankrike sin del er det dei seinare åra ulike private språkgrupper som har arbeidd mest mot engelske lånord, medan språkakademiet har mangla lingvistisk kompetanse og autoritet i språkspørsmål (Beinke 1990:225-226). Det som er interessant ved academia, er at dei på 1600-talet representerer eit ynske om å gå inn i meir organiserte former for å drive språknormering.²²

3.3.2 Morsmålsselskap

På 1600-talet skulle det kome fleire organiserte tiltak for å drive språknormering, og dei viktigaste er *morsmålsselskapa*. Desse selskapa var òg eliteinstitusjonar, men noko mindre eksklusive enn språkakademia, då det var råd for alle akademiske borgarar å delta i lag med dei adelege. Det voks fram tilsvarande selskap i fleire europeiske land og regionar, og dei vart forum for litterære og språklege debattar, og verka til å normere og røkte språka. (Det er mogleg at førebiletet for morsmålsselskapa var dei flamske *rederijerskamers* frå 1400-talet, men det er uklårt.) I fylgje Jørgen Fafner kan innsatsen til morsmålsselskapa samanfattast i tre punkt:

²¹ Det vart på 1800-talet etablert språkakademi i Colombia, Mexico, Ecuador, El Salvador, Venezuela, Chile, Peru og Guatemala. På 1900-talet har det kome akademi i Bolivia, Costa Rica, Cuba, Honduras, Panama, Paraguay, Puerto Rico og Den dominikanske republikken. Desse spansk-akademia er i dag knytte saman gjennom ein samarbeidsorganisasjon. Tradisjonelt har det spanske Real Academia hatt stor gjennomslagskraft.

²² Det er eit allment trekk at språkakademi har oppstått i land med lang litterær tradisjon bak seg, men likevel ikkje i alle av desse landa; i den engelskspråklege verda er akademitradisjonen vorten assosiert med statsentralisme, og ut frå ein liberalistisk ideologi har private ordbokselskap stått for normeringa. I dei nordiske landa har ein fått språknemnder eller språkråd som har vore meir "lingvistisk" funderte institusjonar enn dei litterære academia. Sverige utpregar seg med sitt *Svenska Akademien* sidan 1786, medan *Det Danske Akademi* i Danmark og *Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur* i Noreg har hatt heller lite å seie.

1. Selve besindelsen på modersmålet og dets forherligelse som samlingsmærke for nationen.
2. Dette modersmåls forædling ved renselse for alle fremmede og dialektale elementer.
3. Dets forædling gennem en ny og strengere kunstform, der bl.a. omskabte lyrikken til en kunstlyrik med alle de konsekvenser dette fik for synet på den folkelige lyrik. (Fafner 1991:291)

Det største og viktigaste av morsmålsselskapa var *Die Fruchtbringende Gesellschaft*, oppretta 1617 i Weimar. Den mest framstående medlemen, *Martin Opitz* (1597-1639), skreiv i 1617 ein programartikkel kalla *Aristarchus* (både originalen på latin og den tyske omsetjinga er prenta i Jones 1995:39–53). I denne artikkelen gjer Opitz greie for forfallet åt dei klassiske språka, verdien og reinleiken i morsmålet åt germanarane, og dei farane som låg i å skjemma ut morsmålet. Ein kunne rett nok lære *humanitas* og *elegantia* frå Frankrike og Italia, men skulle ikkje gløyme å røkte morsmålet sitt, formana Opitz. Den uskuldirge reinleiken i morsmålet vart så sett opp mot tilsmussinga frå latinske, greske, franske, spanske og italienske lån.

Opitz var litterat og ville skape ei skandering som høva med nasjonalspråket, dvs. ikkje etter dei metriske ideala i latin eller gresk. Derfor gjekk òg Opitz inn for ei verse-reform – samtidig som han la vinn på å påvise at tyskspråkleg dikting var like god som dei klassiske førebileta.

Det var i framlegget om versereform at fokuseringa på *zierlichkeit* kom inn, særleg i *Buch von der Deutschen Poeterey* (1624). For Opitz var *zierlichkeit* identisk med *elegantz* (jf. Jones 1995:38), men båe desse omgrepa hadde fleire aspekt ved seg. Det som for oss er særleg interessant, er det som kan knytast til språkstandardisering og språkreinleik. I fylgje Opitz hadde nemleg det sirlege språket òg å gjere med bruken av eit riksspråk utan dialektale element, likeins med å halde ute skjemma framandord. I *Buch von der Deutschen Poeterey* (1624) skriv han:

Die ziehrigkeit erfordert das die worte reine vnd deutlich sein. Damit wir aber reine reden mögen / sollen wir vns befeissen deme welches wir Hochdeutsch nennen besten vermögens nach zue kommen / vnd nicht derer örter sprache / wo falsch geredet wird / in vnsere schrifften vermischen [...] So stehet es auch zum hefftigsten vnsauber / wenn allerley Lateinische / Frantzösische / Spanische vnnnd Welsche wörter in den text unserer rede geflickt werden [..]. (kp. VI, Bl. EF. Her sit. etter Härle 1996:141.)

Det retoriske og stilistiske program må her heilt klårt kunne kallast puristisk. Purismen vert illustrert både ved hjelp av satire og parodi (over framandord), og ved hjelp av eigne ordlagingar, eldre bøyingsformer og eldre ortografi (jf. Jones 1995:38). Det som

særpregar Opitz sitt program, er at han ikkje berre ynskte reinleik og opposisjon; der låg òg eit ideal om det *tydelege* språket. Eller meir presist: Reint og tydeleg språk var to sider av same sak, og dei gjekk båe inn som byggjesteinar i “die zierlichkeit” (jf. Härle 1996:141). Opitz stod her i den retoriske tradisjonen frå antikken, der puritas og perspicuitas hang nært saman (jf. s. 141, 292; Jones 1995:38-39). Men Opitz gjekk like fullt vidare enn det antikke grunnlaget. Vi finn hos honom også ein språkpatiotisme og tanken om at tysk var meir “eigentleg” og betre eigna til å gripe røyndomen enn latin (Gardt 1994:139).

Også andre medlemer av Fruchtbringende Gesellschaft priste det reine tyske språket, og åtvara mot framandord; det galdt mellom anna Justus Georg Schottel og Georg Phillip Harsdörffer. Den sistnemnde sette i 1644 opp eit program for kva “Spracharbeit” skulle gå ut på, og der gjekk “Sprachreinheit” inn som det fyrste punktet framføre fem andre mål: “Sprachschönheit”, “Sprachrichtigkeit”, “Wörterbuch”, “Fachwörterbuch” og “Gute Übersetzung” (sit. etter Jones 1995:257). Med Sprachreinheit meinte Harsdörffer “Daß die Hochdeutsche Sprache in ihrem rechten Wesen und Stande / ohne Einmischung fremder ausländischer Wörter / auf das möglichste und thunlichste erhalten werde.” (Sst.) Hos Harsdörffer og andre finn vi, som hos Opitz, det todelte grunnlaget for purisme; på den eine sida eit retorisk ideal om reinleik for å oppnå sirlegheit, på den andre sida tanken om reint språk som ei patriotisk plikt overfor arven frå forfedrane. Desse haldningane kom såpass sterkt fram på 1600-talet, at vi kan seie at det då vart utvikla ein puristisk språkideologi på tysk grunn.

3.4 Purismen og det kvinnelege

Puristane på 1600- og 1700-talet var alle menn. Det same var dei aller fleste av puristane på 1800-talet og fyrste halvdel av 1900-talet.²³ Samtidig har *Kvinna* vore eit viktig symbol for puristane.

For tyske puristar som Adelung og Campe representerte kvinna ein rein, naturleg og mild språkbruk, og ein burde orientere seg mot hennar stil (Härle 1996:231). I fylgje Gerhard Härle finn ein hos Adelung, Campe, Schottels, von Harsdorffer etc. ein metaforbruk der språket vart kroppsleggjort som “mannleg” – ein tala om språket som ein rasjonelt organisert “kropp” med mannlege kvalitetar (s. 231), og om ein “starkem

²³ I Dansk forening til nordisk sprogrøgt er det ingen kvinner som engasjerer seg. Heller ikkje i den einaste puristiske masseorganisasjonen som har funnest i Europa, den tyske Allgemeine Deutsche Sprachverein, er der ei utprega kvinneledertaking (Kirkness 1975). Språknormering generelt må kunne seiast å ha vore ei mannsfære fram til dei siste tiåra. Kikar vi i personregisteret i Arne Torp og Lars S. Vikørs *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (1993) finn vi 107 namn, og av dei er det berre éi kvinne, Amalie Skram.

und männlichem” dialekt (s. 230). Men i kraft av å vere mannleg, var språket også rått og hardt (sst.) – det hadde trong for ei avdemping. Her var det kvinna kom inn. “Anmut, Sauberkeit, Lieblichkeit, Wohlklang, Milde, Sänfte, Natürlichkeit und Zucht” (s. 231) var kvinnelege eigenskapar som gjorde språket reinare. Fornyaren av dansk språkstil på 1700-talet, J. C. Sneedorff, skreiv svært så rosande om den kvinnelege språkbruken: Kvinna var ikkje tyngd ned av latinsk lærdomsstradisjon, og representerte ein meir praktisk skrivemåte, på same tid som ho skapte noko forfina (jf. Mai 1993: 358).²⁴ Eit tilsvarende syn vart uttrykt av den store puristen Frederik Eilschow i *Forsøg til en Fruentimmer-Philosophie* (1749); også Eilschow meinte at ein kunne lære noko av måten kvinna skreiv på, t.d. i brev.

At kvinna vart oppfatta som *reingjerar*, kan kanskje forundre, i alle fall dersom vi ser på tilhøvet mellom “reint” og “ureint” i eit mentalitetshistorisk perspektiv. Det har vore ei utbreidd oppfatning i jødisk-kristen tenking at kvinna – den menstruerande – representerer noko ureint. Mykje av den moderne symbolorienterte kjønnsforskninga har då òg teke utgangspunkt i motsetninga mellom “det reine” og “det ureine” for å seie noko om korleis kvinner vert kategoriserte som “ureine” i høve til mannen (jf. Solheim 1998). Samtidig har det funnest ein annan tradisjon, nemleg gjennom dyrkinga av *jomfru Maria* som “Den Reine Kvinna” (Härle 1996:54). Det kan kanskje vere element av denne dyrkinga som låg til grunn for fokuseringa på “det mannlege” og “det kvinnelege” ved språket i tysk normeringsdebatt på 1600- og 1700-talet. At ein tala om *morsmålet* (*Muttersprache, mother-tongue, Modersmaalet*) kan òg sjåast i den samanhengen.

Men sjølv om ein var oppteken av kvinna og kvinneleg språkbruk, kunne ikkje kvinna verte nokon læremeister. Ho var meir det uskuldige barnet, og representerte det reine gjennom sin ikkje-lærde natur og sin ikkje-akademiske naivitet (s. 232). Det *enkje* ved den kvinneleg skrivemåten vart òg framheva av kvinnelege forfattarar, t.d. Dorothe Engelbretsdatter (1634–1716). I fortalen til salmesamlinga *Sjælens Sang-Offet* (1681) skriv ho: “Om Stijlen gaar end noget Laut / Jeg har dog got i Sinde, / Tilgifvis bør der i min Faust, / Jeg er ickun en Qvinde. / J Simpelhed som jeg formaar / Er disse sammenføyed [...]” (S. 25 i *Samlede Skrifter I*, 1956.) Gjennom denne retoriske smålæteposen tilpassa ho seg forventingane om kva ei kvinne skulle meine om si eiga skrivning. I andre samanhengar, t.d. i brev til Petter Dass, bruker Dorothe Engelbretsdatter motsett strategi, nemleg ein god del framandord (Pettersen 1957:13). Francis Bull har kritisert språkbruken hennar pga. det, og meint at ho ikkje kan ha kjent til den danske purismen frå samtida (jf. sst.). Egil Pettersen meiner derimot at

²⁴ Sneedorff skreiv det i fortalen til ei dansk omsetjing av tyske Margareta Klopstocks *Breve fra Døde til Levende* (1760).

Dorothe Engelbretsdatter var vel kjend med dansk purisme, mellom anna eigde ho Peder Syvs bok *Om det Cimbriske Sprog*, men ho ville også vise lærdom overfor herrane (sst.) – her kan kjønnsfaktoren ha hatt ein del å seie. (I tillegg vart det generelt nytta mange framandord i skrifter på denne tida, også av dei som propaganderte for danske avløyssarord; slik sett skilde ho seg ikkje ut [s. 56].)

No kunne forfininga av språket gå for langt. Såleis finst der òg ei forståing av kvinneleg språkbruk som affektert og pompøs. Det vert då særleg vist til “dei presiøse” på 1600-talet. “Dei presiøse” var ei gruppe åndsinteresserte franske adelskvinner som spela ei viss rolle i det litterære salonglivet i Paris. Dei utvikla ein barokk språkstil prega av mange metaforar, hyperbolar og omskrivingar: “Kost” vart til “renhedens redskab”, “nase” til “hjernens dør”, “solen” til “dagens fakkel” etc. (jf. Jespersen 1941:164). Føremålet var å skjerpe språkmedvitet og å dyrke finessen. (Mykje av det som kvinner skreiv i Danmark og Sverige på 1700-talet, var prega av dei presiøse førebileta. Men då gjerne utan språkleiken og dei emansipatoriske tankane som dei franske hadde i si tid.²⁵) Stilen vart derimot latterleggjord under klassisismen, særleg av Molière i komedien *Les précieuses ridicules* (1659) [dei latterlege presiøse]. Gjennom latterleggjeringa frå klassisistane har dei presiøse damene fått eit heller dårleg ettermæle. Det ettermælet er kanskje ikkje heilt rettferdig: Den presiøse stilen går inn i barokken og den blomstrande språkbruken der; dessutan kan ein seie at “dei presiøse” freista å tale om emne og synspunkt som tradisjonelt ikkje var under offentlig debatt – for jamstelling, imot ekteskapet – og dei ville utvikle ein særeigen stil for det (jf. Mai 1993:355). I *Nordens kvinnelitteraturhistorie* (1993) vert såleis dei presiøse framstelde som forløparar for feminismen (sst.). Like fullt har ein gjennom Molières latterleggjering skapt ei forståing av at kvinneleg språkbruk kan verte *for* fin. Kvinneleg språkbruk kunne dermed stå i motsetnad til purismen.

Ein kan sjå dette frå ein kjønnspolitisk synsstad: Det puristiske språkidealet kunne ha vore med på å halde kvinner borte frå skriving, og ein vurderte skrifter av kvinner (den “kvinnelege stilen”) som mindreverdige.

Ekskurs: Kvinneleg språkpolering?

I forlenginga av dei presiøse kvinnene på 1600-talet kjem ein annan stereotypi fram: Medan kvinner gjerne ikkje har engasjert seg med purisme mot framandord, er det ein del kvinner som har vore svært så merksame på ord og uttrykk som er uhøviske på annan måte – konkrete uttrykk, vulgaretar, banning etc. Otto Jespersen er inne på dette i essaysamlinga *Sproget. Barnet, kvinden, slægten* (1941):

²⁵ Som Mai (1993:355) skriv i kvinnelitteraturhistoria: “Den præromantiske og romantiske iscenesættelse af kvinden er langt mindre radikal og langt mere symbolsk”. Den svulstige og pompøse stilen dominerte.

Det er ret karakteristisk at når mændene er sprogrensere, er det fremmedordene de vil til livs, men det som kvindelige sprogrensere vil ha afskaffet, er grove eller uhøviske udtryk. (Jespersen 1941:164.)

Inge Lise Pedersen (1990) er kritisk til ei slik oppfatning. Ho viser til at det på den danske landsbygda tradisjonelt *ikkje* var nokon nemneverdig kjønnskilnad i bruken av grove uttrykk. I ordbøker og dialektsamlingar finn ho nok av døme på at kvinner ikkje stod tilbake for menn i munnbruk. For ein kvinneleg sfære som baking finn vi ord som t.d. *nonnefitte*, *pissallike* og *kællingepuse* (Pedersen 1990:10). Det fanst òg kvinnelege rituale som t.d. barselgilde med ein ordbruk så grov at menn burde halde seg vekke, så dei ikkje vart “udsat for kvindernes drøje drilleri og latterliggørelse, ofte på det seksuelle område.” (S. 11.) I fylgje Pedersen er eufemiseringa av den kvinnelege talemåten noko nytt som kom med utbreiinga av den borgarlege finkulturen på 1800- og 1900-talet:

Når vi oplever det naturligt, og regner det for noget medfødt, at kvinder taler mere poleret og i højere grad end mænd undgår grove og anstødelige udtryk, så er det et resultat af den kulturelle påvirkning vi alle – dialektologer såvel som meddelere – har været udsat for igjennem nogle generationer: En nymodens pænhed importeret fra byen, fra andre socialgrupper og fra kulturfaktorer som højskolen [...] (Pedersen 1990:11)

Historiske granskingar av talemålet i Bergen kan tyde på at ein heller ikkje der hadde den store kjønnsforskjellen. Egil Pettersen, skriv i *Ka e' tiss?* (1996:14): “Av litteraturen både fra 1800- og 1900-tallet ser det ut til at kvinner har brukt bymålet like friskt som menn.” Pettersen føyer rett nok til eit spørsmål: “Men det har vel vært en viss forskjell til alle tider?”. Han viser her til erindringsbøker frå midten av 1900-talet (t.d. av Sverre Steen) som tyder på ein skilnad. Men ut på 1900-talet er vi komme til miljø og til tider der den borgarlege kulturen har spreidd seg utover.

Førestellinga om kvinneleg aversjon imot det uhøviske, kan knytast til ein klassisk sosiolingvistisk tese om at kvinner oftare nyttar standardspråket, at dei i større grad enn menn tilpassar seg dei språkformene som har offisiell eller “open” prestisje, og generelt er meir “konservative” enn menn i språkbruken. “Dette har vore kalla det best dokumenterte resultatet i språk og kjønn-granskinga,” skriv Kjell Venås i det sosiolingvistiske standardverket *Mål og miljø* (1991:147).

No kan sosiolingvistikken ha overgeneralisert kjønnskilnadene. Som Deborah Cameron (1995) skriv, er det problematisk å gjere disponering for konservative haldningar og søking etter status til nærmast “essensielle” trekk ved kvinna; dei peikar på kontekstuelle forhold – som igjen kan variere og på sikt endre seg. Forskinga er heller ikkje eintydig: Studiar av språkbruk i minoritetsgrupper viser at kvinner kan bruke fleire ikkje-standardformer enn menn. Penelope Eckert (1989) har i sine studiar av språkbruk blant amerikanske ungdomar vist at det blant kvinner er stor språkbruksvariasjon i høve til sosial klasse, alder og etnisitet. Av dei som Eckert har granska, er både dei mest konservative og dei mest innovative språkbrukarane kvinner:

Ut frå Eckerts resonnement vert det for enkelt å sjå på kjønn som ein kategori for seg. Ein må vurdere tilhøvet mellom språk og kjønn nøye i høve til sosiale og kontekstuelle forhold.

3.5 Prentekunsten og makt

Dei materielle og teknologiske vilkåra for skriftbruk og skriftproduksjon endra seg, fyrst ved at ein i Europa på 1300-talet tok til å gjere seg nytte av papiret, og dernest ved utviklinga av boktrykkarkunsten på midten av 1400-talet. Trykking av bøker i større opplag gjorde, i alle fall på lang sikt, skriftmediet tilgjengeleg for langt fleire enn den gamle skrifteliten, og skapte grunnlag for eit lesande publikum rundt om i Europa. Det førte til at kommunikasjonsmønsteret og skriftkulturen generelt gjekk gjennom nokså omfattande endringar. I tillegg fylgde det med boktrykkinga eit instrument for standardisering: I staden for eit avgrensa tal med avskrifter, kom det no ei stor mengd av kopiar som var heilt einsarta. På den måten nådde same skriftbiletet ut til mange.²⁶

I ein del tilfelle kunne også typografiske val ha puristisk verknad. På midten av 1500-talet tok tyske boktrykkarar til å nytte antikva-typar for ikkje-tyske ord og orddelar der teksten som heilskap var prenta i fraktur eller schwabach (Loman 1956b:119). Denne typografiske markeringa var med på å isolere ikkje-assimilerte latinske former; isoleringa var i fylgje skrivemeisteren i Nürnberg gjord på ein ganske medviten måte (sst.).²⁷ Tilsvarende skilje kom i svensk: fraktur for svenske tekstar og tekstpassasjar, antikva for latinske. Peter Weiss (1999:36) skriv i sin studie av eldre svensk ortografi: “Die Aufteilung zwischen Antiqua und Fraktur in den älteren Texten nach Sprache ist sehr einheitlich durchgeführt.” Også i dansk var der eit slikt skilje, t.d. hos Holberg når han refererte til latinske og franske namn og ord. Dansk var også seinare ute med å gjere eit allment skifte til antikva. Medan skiftet skjedde i svensk på slutten av 1700-talet, vart antikva alminneleg i dansk fyrst ut på 1800-talet (Skautrup 1953:162).

Boktrykkarkunsten la føringar og skapte særleine rammevilkår. Derimot normerte han ikkje språka – det var *personar* som gjorde det. I denne samanhengen kom vala til nokre fåe aktørar til å spele ei viktig rolle; det gjeld ikkje minst dei som på 1500- og 1600-talet drøfta kva som skilde ulike språk frå kvarandre, og som stod for utforminga og omsetjinga av viktige tekster.

At det vart utvikla ein boktrykkarkunst, låg på sett og vis i tida. Der var på 1500-talet oppstått ein sterkare trong for koordinering og opplysning til fleire menneske.²⁸

²⁶ Jamvel om det i fleire hundre år framover eksisterte ein vaklande ortografi, til og med i den same boka, og at det innanfor same språkområdet fanst ulike trykkeri som nytta ulike skrivemåtar (jf. Crystal 1997:66).

²⁷ Sjø og E. Crous og J. Kirschner, *Die gotischen Schriftarten* (1928).

²⁸ Sjølv om ein ikkje skal undervurdere Gutenbergs innsats, og sjølv om boktrykkarkunsten førte med seg enorme endringar, vil det vere naivt å sjå på framkomsten av trykkekunsten uavhengig av den allmenne utviklinga i Europa, for det var neppe tilfeldig at den europeiske boktrykkekunsten vart utvikla nettopp på midten av 1400-talet: For det fyrste fanst det sidan byrjinga på 1400-talet ein forløpar i blokktrykket (som er kjent i Kina frå 700-talet); og denne kunne prinsipielt sett ha utvikla seg vidare. Dernest var det fleire rundt i

Stikkord er her: stridar i den romersk-katolske kyrkja, reformasjonen, framveksten av handelskapitalisme, framveksten av større statar etc. Desse faktorane sette krav om å nå fleire, og sette samtidig krav til måten ein kommuniserte på (kven ein skulle inkludere og ekskludere i den skriftlege kommunikasjonen). Særleg viktig har i denne samanhengen staten vore. Gjennom statsadministrasjonen, skuleverket, intellektuelt liv og statskontrollert kyrkje (i Norden) har staten gitt standardspråket ein særleg posisjon. Standardspråket har vore med på å definere og markere grensene for kven som vart omfatta av ein kommunikasjonsfellesskap, og såleis har standardspråket òg hatt ein klår maktfunksjon.

3.6 Opplysningsfilosofi og patriotisme

Utover på 1700-talet finn vi mindre av den fantasifulle og brautande språkpatrisismen. Det vil ikkje seie at det no mangla interesse for å hevde morsmålet og for å gjere skriftkulturen tilgjengeleg for dei som ikkje var latinkunnige. Det er meir tale om endringar i uttrykksmåten. No var purismen meir basert på ein *kombinasjon* av patriotisme og opplysningsfilosofi.

Opplysningsfilosofien sette opp som ideal at lærdomen ikkje skulle vere avgrensa til dei som kunne latin: Også den opplyste borgaren skulle verte danna, og for at det skulle skje, var det nødvendig å bruke eit språk som borgaren kunne forstå. Framandhemja tileigninga av opplysning og danning, og purismen kunne derfor gå inn som ein del av opplysningsprosjektet. Nasjonaliseringa av latinske, franske og tyske termar i vitskap, handel, jus, forvaltning etc. kan forståast i ljøs av opplysningsidéen. I forlenginga av opplysningsprosjektet kom også den *erkjenninga* den einskilde gjorde: Framandord kunne vere til hinder for eiga erkjenning. J. S. Sneedorff var oppteken av å skrive klart nettopp ut frå eit slikt føremål, og han skreiv i 1757: “Man begriper ikke en Ting ret, førend man kan sige, hvad man tænker, saaledes at andre kunde forstaae det.”²⁹

Patriotismen sette opp ære og lojalitet mot fedrelandet som viktige ideal, og i denne samanhengen spela morsmålet ei rolle; det måtte berre reinsast for å verte eit like godt instrument som andre nasjonalmål. Nemninga ‘patriotisme’ må her forståast i den før-moderne tydinga, ut frå den etymologiske samanhengen med det latinske ordet *patria*. Det ordet finn vi mellom anna i danske tekster på 1500- og 1600-talet, og då

Europa på 1400-talet som om lag samtidig og uavhengig av kvarandre gjorde eksperiment med å lage trykksats av lause typar (ein metode som hadde vore brukt i t.d. Kina og Korea i fleire hundre år). Gutenbergs spesielle innsats gjekk ut på at han laga ein svært god støypemetode i bly, og det var denne som seinare er vorten kalla “oppfinninga av trykkekunsten” (jf. Coulmas 1999). Eit anna moment er at boktrykking naturlegvis ikkje “i seg sjølv” stod for språknormering.

²⁹ J. S. Sneedorff i *Om den borgerlige Regiering*, Kbh. 1757. Her sit. etter Grepstad 1997:87.

som synonym til “fædernelandet” (jf. Ilsøe 1991:34). I ein etnisk samansett stat som Danmark var det på 1500- og 1600-talet vanleg å rekne med fleire gradar av fedreland: Nordmenn, islendingar og holsteinarar kunne ha eit fedreland knytt til området dei kom frå, men òg eit fedrelandsmedvit knytt til riksfellesskapen. Denne doble tilknyttinga kjem fram i fleire historiske kjelder frå den tida (sst.). Purismen på 1500-, 1600- og 1700-talet hadde såleis patriotiske drag ved at han ville fremje æra og statusen til fedrelandsspråket, og dermed også statusen til fedrelandet.

I daglegtale vert ofte nemningane “nasjonalisme” og “patriotisme” brukte om einannan. I nasjonalismegranskinga, derimot, skil ein mellom dei: Tankegangen er at patriotismen utgjer eit medvitssteg før nasjonalismen. (Grensa er likevel glidande, og ikkje så lett å setje, jf. Storsveen 1997:18.)

3.7 Kva skjedde med den retoriske tradisjonen

Kring 1800 og framover vart tilhøvet mellom purisme og retorikk veikare. Det skuldast dels den nasjonalistiske og romantiske innretninga som purismen vart prega av, og dels det allmenne statustapet som retorikk gjekk gjennom.

Eitt moment var den faginterne kritikken, særleg frå filosofi og realfag. Retorikk vart framsteld som irrasjonell maktvilje, uklår språkføring og teknikk for overtaling. Kant, med sin enorme prestisje, karakteriserte retorikken som “Kunst sich der Schwächen der Menschen zu seinen Absichten zu bedienen [...] gar keiner Achtung würdig”.³⁰ Idealet var fornuft og saklegheit, og for å oppnå det, laut ein reinse språket for uklåre og forførande element, som altså retorikken var ein eksponent for.

Kritikken var ikkje ny; motargumenta hadde funnest sidan Platons tid (jf. Platons dialog *Gorgias*). Når kritikken fekk ei særleg kraft på 1800-talet, må det sjåast i samanheng med meir grunnleggjande endringar i skriftlivet og i høgare utdanning. Desse intellektuelle institusjonane hadde i fleire hundreår vore dominerte av den gamle embetsmannseliten og av aristokratiet. På 1800-talet kom nye grupper inn i akademia, lesekonsten vart utbreidd, og det voks fram ei diskuterande ålmente. Borgarskapet hadde andre utdanningsbehov, og praktiske fag vart viktigare enn allmenne danningsfag som retorikk. Embetsmannstanden var politisk pressa, men heldt på gamle danningsideal som stadfesta deira spesielle karakter: Dei hadde oppnådd “danning” og “kultur”, og var på denne måten – i fylgje dei sjølve – best eigna til å styre staten (jf. Andresen 1994:102). Dei klassiske faga fungerte dermed som legitimering for ein gamal maktstruktur.

³⁰ I. Kant. Kritik der Urteilkraft. Her sit. etter Haas 1980:205.

No døydde ikkje retorikkfaget ut. Tdleg på 1800-talet fekk det jamvel ein renessanse gjennom nyhumanismen. I Danmark-Noreg gjekk retorikk inn som ein del av morsmålsundervisninga i latinskulen i 1805, og i 1810 vart det gitt ut ei norsk lærebok, Jacob Rosteds *Forsøg til en Rhetorik i et Udtog af Hugo Blairs Forelæsninger over Rhetoriken, med hensyn til Underviisningen i de lærde Skoler*. Den allmenne tendensen var derimot at medvitet om den retoriske tradisjonen vart veikare. Ein måte det kom til uttrykk på, var gjennom romantikken og dei syna han forfekta om originalitet og autentisitet. I retorikken var målet ikkje originalitet og autentisitet, men meir å etterlikne god språkbruk – det romarane kalla *imitatio* (imitere) og grekarane *mimesis* (mime). På 1800-talet kom romantikken til å bløme, medan den klassiske retorikken visna.

3.8 Purisme og nasjonalisme

Det har så langt vore lagt vekt på purismen som fanst før nasjonalismen. Studien vil i så måte ha styrkt hypotesen om at nasjonalisme ikkje er nokon føresetnad for purisme. Spørsmålet vert så kva slag verknad og kraft nasjonalismen fekk for purismen frå slutten av 1700-talet og framover.

Nasjonalismen kom til å prege mange sider ved språkutviklinga i Europa. Han utvida kommunikasjonsfellesskapen; ikkje berre eliten, men heile “folket” vart inkludert. Dessutan var han med på å utvikle ein *identifikasjon* mellom folk, nasjon og språk. Språket skulle fungere som nasjonalt symbol, som medium for nasjonal kommunikasjon, og som uttrykk for tilhøvet mellom folk og nasjon. I denne samanhengen kom purismen inn – som ein måte å fremje og markere nasjonale eigenskapar på.

Sjølv nasjonalismeomgrepet er ikkje eintydig; det dekkjer eit vidt knippe av idéar og rørsler. Eit felles mål er like fullt å fremje ein nasjon. Idealet for fleire nasjonalistsiske rørsler har dessutan vore eit samanfall mellom nasjon og ei politisk eining, som oftast ein stat. Det er samstundes dei færraste statar som representerer *ein* nasjon: Fleire nasjonar går på tvers av statane (t.d. den samiske) og ein stat kan ha fleire nasjonar (t.d. Sveits). Både Danmark og Sverige var i fleire hundre år multi-kulturelle statar med fleire nasjonar samla innanfor statsgrensene.

J. G. Herder karakteriserte i *Über den Ursprung der Sprache* (1770) språket som hjartet og sjela åt ein nasjon og eit folk. J. G. Fichte og W. von Humboldt fylgde opp med å vise til at sjølv om Tyskland gjennom fleire hundreår ikkje hadde vore nokon politisk einskap, eksisterte der ein einenskap gjennom den tyske kulturen og det tyske språket. Språket vov folk og nasjon saman og fekk fram det eineståande ved kvar

einskild nasjon. Bonden sitt språk vart då framheva som det “naturekte”; bymål og akademisk stil hadde eit meir kultivert og framandt preg, og vart dermed mindre nasjonale. Det er denne nasjonalismetradisjonen Ivar Aasen (1836) stod i då han skreiv at “Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte.” Denne måten å vurdere tilhøvet mellom språk og nasjon på, er tradisjonelt vorte kopla til den tyske nasjonalismetradisjonen.

I praksis viser det seg å vere vanskeleg å nytte språk som eit objektivt kriterium på ein nasjon. For det fyrste finst det langt fleire språk (4000–5000 språk) enn det finst nasjonar. For det andre kan ein nasjon eksistere utan eit sjølvstendig språk; ein kan tale om ulike nasjonar i Sør-Amerika jamvel om desse nyttar spansk. I dei fleste samfunn (statar eller regionar) er der òg nasjonale eller språklege spenningar. Dessutan finst det nasjonalistiske reisingar der språklege spørsmål har vore uviktige (jf. Hutchinson 1994), på same måte som det i fleire språkreisingar og språknormeringssamanhengar har vore eit fråvær av nasjonalistiske problemstillingar.

Det problematiske ved å nytte “objektive” kjenneteikn fører i retning av *subjektive* kriterium for å definere ein nasjon – at nasjonen har med nasjonalt medvit og nasjonal identitet å gjere. Her kjem den franske historikaren Ernest Renan (1882) inn, han meinte at ein nasjonal fellesskap fyrst og fremst var eit resultat av ein vilje til å høyre saman. Her har vi tradisjonen frå den franske revolusjonen; dei revolusjonære definerte nasjonen som eit subjektivt val om å vere borgar på lik line med andre borgarar. I denne samanhengen spela *staten* ei rolle: Stat og nasjon vart rett nok ikkje oppfatta som identiske, men målet for dei franske revolusjonære var at staten skulle vere eit uttrykk for nasjonen – for allmennviljen. Til denne nasjonsoppfatninga kom universelle ideal om folkesuverenitet, politisk tilknytning og naturrett og territorium (jf. Brunstad 1995:19f.). Storbritannia og Frankrike vert prototypar på måtar denne nasjonalisme kom til uttrykk på.

I dei fleste tilfella har ein likevel fått element både frå den “objektive” og “subjektive” nasjonalismen, og dei fleste nasjonalismegranskarar vil meine at nasjonen er eit samspel mellom tradisjon og konstruksjon. Det var ikkje berre i Tyskland det oppstod ein språknasjonalisme; det same skjedde i Frankrike. Når vi talar om “tyske” og “fransk” nasjonalismetradisjon, er det såleis som idealtypar.

Separasjonsfunksjonen fekk ein særskild plass i den nasjonalistiske ideologien. Det kom til uttrykk på 1800-talet då mange europeiske språk vart reiste eller gjenreiste i opposisjon til eitt eller fleire framande standardspråk (eller “hybridformer” av framande standardspråk); det galdt mellom anna tsjekkisk (overfor tysk), finsk (overfor svensk), det norske landsmålet (overfor dansk), frisisk (overfor nederlandsk), færøysk (overfor dansk). Den purismen som då vart utvikla, hadde klåre

nasjonalistiske trekk: Målreisinga vende seg mot eit standardspråk som ofte vart forvalta av ein internasjonalt orientert elite, og målreisarane meinte sjølve at dei representerte det eigentlege “folket” og “nasjonen”. Målstrevet og purismen inn som del av eit meir allment strev for nasjonalt sjølvstende. Dermed vart valet av språk ein markerte grenser mot, ofte avhengig av kva ein oppfatta som trugande.

Solidaritetsfunksjonen har vorte aktivert ved den fellesskapskjensla som purisme har skapt. Purismen kan markere noko som genuint, autentisk, typisk eller ekte ved språket, og det kan igjen koplast til dei ein meiner er trekk ved nasjonen og ved einskildmennesket som del av nasjonen. Det gjorde Vuk Karadžić (1787-1684) i Serbia og Ivar Aasen (1813–1986) i Noreg då dei skulle vise til kva former som hørde til den nasjonale arven. Purismen har integrert språkbrukarar i ein fellesskap. Det er like fullt ulike måtar det kunne gjerast på. Den serbiske språkreformatoren Vuk Karadžić la stor vekt på bondemålet i normeringa, og retta purismen i hovudsak mot tysk, som var elitespråket, men ikkje mot tyrkisk, som det var mange innslag av i bondemålet (jf. Rytter 1971). Dermed kan ein òg seie at purismen verka til å integrere bondestanden meir inn i språksamfunnet. Vi finn den same tendensen hos Ivar Aasen i landsmålsnormeringa (purismen var rettai mot dansk elitespråk) og hos V.U. Hammershaimb og seinare Jakob Jakobsen i færøysk-normeringa (purismen var retta mot dansk elitespråk). I Danmark og Sverige var det derimot talemålet til eliten i hovudstaden som utgjorde “det nasjonale språket”.

Det siste poenget fører oss over til dei to modellane Anthony D. Smith (1998:193f.) har nytta for skilnaden mellom nasjonalismen i eldre europeiske nasjonalstatar, og nasjonalismen i yngre statar eller blant grupper som har vore i opposisjon til eit maktsentrum. Ved nasjonalisme ovanfrå gjennom “byråkratisk inkorporering” er det staten som smir nasjonen ved å gradvis inkorporere grupper og territoriale område tettare i statsfelleskapen, og ved å late desse take del i nasjonale idéar, verdiar og tradisjonar.³¹ Den folkelege mobiliseringsnasjonalismen vert på si

³¹ Eit døme på denne nasjonalismeforma finn vi i Frankrike. I tida etter revolusjonen skjedde det ei i Frankrike språkleg einsretting, med spreieing av fransk på kostnad av andre språk (Østerud 1984:70f., Flaitz 1988:2). Ut frå idéane frå den franske revolusjonen ynskte ein å innlemme alle borgarane i ein nasjonal kommunikasjonsfellesskap: Tanken var at alle skulle *få lov* til å tileigne seg fransk. Å føre folk inn i det franske språket vart då ein måte å integrere dei i Frankrike, og gjere dei til borgarar av republikken. Ved å spreie fransk var ein samstundes med på å spreie revolusjonen, og frigjorde folk frå dei føydale tradisjonane som dei ulike regionalspråka bar med seg. Denne tankegangen hadde mykje til felles med gamle franske førestellingar om at fransk hadde ein “mission civilisatrice”: Ved å spreie og dyrke fransk språk var ein samstundes med på å gjere menneska meir danna og kultiverte, meinte fleire franskmenn (jf. Flaitz 1988:2). Dermed kunne også strevet for å halde fransken rein for regionalismar og ikkje-franske innslag framstå som ein sivilisasjonsskapande og dannande aktivitet. Denne haldninga har òg kome til uttrykk seinare i Frankrike, t.d. i diskusjonen om anglisismar i fransk, ein diskusjon som er analysert av Christiane Beinke i avhandlinga *Der Mythos françlais* (1990).

side forma til ein nasjonal identitet av ein intelligentsia som står meir uavhengig av eller i opposisjon til statsmakta. (Språknasjonalisme for minoritetsspråk er klassiske døme på ein slik folkeleg mobiliseringsnasjonalisme.) At det er tale om ein førande intelligentsia understrekar at det ikkje er Folket eller folkeanda som i romantisk tyding vaknar opp. Samstundes står denne intelligentsiaen i eit nært forhold til folkelege tradisjonar, og nyttar seg òg av desse tradisjonane og av etnisitet i oppbygginga av den nye nasjonalismen.

3.9 Skandinavismen

Skandinavismen er ei ideologisk retning som på 1800-talet kom til å spele ei viss rolle for korleis ein i dei ulike skandinaviske – og etter kvart nordiske – landa kom til å tenkje på språk og språknormering.

Skandinavismen er som ideologi laus og samansett; han var både liberal og konservativ, både opposisjonell og maktstøttande, både kosmopolittisk og isolasjonistisk, og fanst både i politiske og meir kulturelle variantar (Thorkildsen 1994:191). Den kulturskandinavistiske retninga dreidde seg om ulike former for samarbeid og utveksling innanfor litteratur, kunst, vitenskap, språk etc., medan den politiske skandinavismen hadde som mål å skape ein skandinavisk union. I utgangspunktet var skandinavismen boren fram av ei studentrørsle; studentar frå dei skandinaviske landa hadde store samlingar prega av opptog, diktopplesingar, flammande talar, festar og utflukter. På 1850- og 1860-talet prega tankeuniverset også politikarane (etter kvart som dei tidlegare studentane fekk politiske verv).

No finn vi tankar om skandinavisk språksamarbeid i danske skrifter alt på 1700-talet (jf. Jacobsen 1973:30). På denne tida er det likevel meir tale om fornuftig samarbeid og gjensidig forståing, ikkje om kulturell einskap og identitet slik ein får det formulert på 1800-talet (jf. Thorkildsen 1994:194). Det er fyrst på 1840-talet at språk-skandinavisme vart eit reelt prosjekt, eitt tiår etter den politiske skandinavismen tok form. Sentrale namn er her Fr. Barfod, Carl Ploug, Fr. Bajer, Martin Hammerich, Lucianus Kofod og N. M. Petersen; særleg sistnemnde stod sentralt som professor og forfattar av fleire avhandlingar om det fellesnordiske.

Danmark var heimlandet for skandinavismen, og der kom også det språklege aspektet til å stå sterkt. Mellom anna var det danskar som tok initiativet til rettskrivingsmøtet i Stockholm i 1869, og som ivra for tettare rettskrivings samarbeid. Grunnen til det kan truleg søkjast i det spente forholdet Danmark stod i til Tyskland gjennom striden om Slesvig (jf. kap. 5.3).

Også i Sverige stod skandinavismen sterkt blant studentane, men skandinavismen fekk i fyrste omgang ikkje den sterke støtta hos adelen ettersom han var redd for at demokratiske idéar skulle verte spreidde frå dei andre skandinaviske landa. På 1850-talet skjedde der ei vriding ved at kongen gjekk inn for ei skandinavisk samling – med Sverige i ei førarrolle. Den svenske statsskandinavismen slo derimot ikkje til, verken i Sverige eller resten av Norden.

Dei to nye skriftspråka færøysk og landsmål (nynorsk) kan sjåast på som motsetnader til skandinavismen. Samstundes var dei, som Christian Matras (1951) og Kjell Venås (1990) er inne på, merkte av skandinavistiske idéar, men færøysk meir enn nynorsk: Etter påverknad frå særleg Jón Sigurðsson og N.M. Petersen kom V. U. Hammershaimb til å velje ein sterkt etymologiserande skriftnormal for færøysk, og ved hjelp av denne kom færøysk nærmare det norrøne (dvs. det fellesskandinaviske) og islandsk. Skriftnormalen vart då knytt så tett som mogleg til det felles-nordiske; Hammershaimb peikte på det poenget i *Færøysk anthologi* (1891:LV) (jf. Brunstad 1995:157). For Aasen kom dei nasjonale faktorane til å spele ei endå sterkare rolle – han var interessert i å markere at norsk var eit sjølvstendig språk i høve til dansk (jf. sst. og s. 218–225, Venås 1990, Linn 1998:117).

Skandinavismen vert ofte sett i motsetnad til nasjonalismen (som døme på overnasjonalitets-ideologi). Det er lite fruktbart; meir dekkjande er det å sjå på skandinavismen som *ei form* for nasjonalisme. Mønsteret vert her Tyskland og Italia: Også der var det tale om å samle statar og regionar med kulturelle særtrekk til ein nasjonalstat (jf. Thorkildsen 1994:191; 205). Skilnaden låg i at der i Skandinavia ikkje lukkast å få ein stat med sterkt militærvesen til å take noka leiarrolle, slik Preussen gjorde i Tyskland og Piemonte i Italia. (Sverige kunne ha gjort det, og i Kong Oscar I sin regjeringsperiode [1844–59] kan vi sjå tendensar i ei slik retning.)

I 1864 vart tanken om eitt politisk Skandinavia lagd i grus. Det vil ikkje seie at skandinavismen tek slutt, men han skifta ham og gjekk over til det vi kan kalle *nordisme*, ei vektlegging av kulturelle fellestrekk og av kulturelle samarbeidstiltak. I kunst- og litteraturkrinsar vart det utvikla eit nært samarbeid; gjennom folkehøgskulerørsla skjedde det eit breitt folkeleg samarbeid, og det folkelege samarbeidet kom òg til uttrykk gjennom skulemøter for lærarar, møter mellom juristar, felles utstillingar, opprettinga av Foreningen Norden i 1919 etc. (jf. Østergård 1994:16 og Hansen 1994:115). Her er det rett å seie at tiltaka i stor grad har kome “nedanfrå”, ikkje ovanfrå gjennom statlege tiltak. Samstundes er det interessant at det moderne nordiske samarbeidet er vorte styrkt av nasjonalstatane – gjennom statleg sjølvstende har ein stått friare til å ha eit samarbeid også på tvers av grensene (sst.). På det

grunnlaget kan vi òg forstå kvifor det språklege samarbeidet er vorte styrkt i løpet av 1900-talet.

3.10 Breidda i det puristiske engasjementet

Historia om purismen har så langt vore historia om den skriftlærde eliten og deira tankar om “reint” språk. Det er ikkje så merkeleg. Det er eit fåtal som opp gjennom tidene har skrive i offentlege samanhengar, og det er eit fåtal som har engasjert seg i språklege spørsmål. Kva den tusen gonger større allmugen har meint, veit vi mindre om.

No finst det nokre historiske kjelder som kan tyde på visse puristiske haldningar “nedanfrå”. Eitt døme er det velkjende rettsdokument frå Skien datert 1489 som fortel om då Lidvar skåla med den lågtyske helsinga “got sint ju”. Denne helsinga provoserte, og leidde til krangling, slåstkamp og det fyrste (og einaste) “drapet i norsk språkstrid”. Han som reagerte mot det lågtyske, skal ha i fylgje rettsdokumentet ha sagt: “Laath oss tala vorth fader moll och moder moll. Myth verdæ ei framare en thaw haffue varet.” (DN I. 1847:961). Vi merker oss i denne utsegna at det ikkje er tale om norsk versus lågtysk, men om fars- og morsmål versus det framande. Her er det rimeleg å tale om ein purisme på *mikronivået*. Tallause sosiolingvistiske granskingar viser at den solidariteten og identiteten folk på mikronivå kjenner til ein dialekt (i vid tyding), kan gi seg utslag i markering av ulikskapar overfor ei anna gruppe og ein annan dialekt. Det kjem mellom anna fram i det Amund B. Larsen (1917) kalla “nabo-opposition”: Larsen viste til at dialektskilnader ikkje alltid jamna seg ut ved dialektkontakt, men kunne tilspisse seg og verte overførte til nye samanhengar. Når målet i Indre Sogn hadde *å*-uttale i ord som [bjårk] og [smår] (for *bjørk* og *smør*), og Larsen ikkje fann språkhistoriske forklåringar for det, var det nærliggjande å tenkje seg ein hyper-korreksjon overfor hallingmålet som ofte hadde *ø*-uttale i ord der sognemålet hadde *å* (t.d. [køst] vs. [kåst] for *kost*).

I eit større språkhistorisk perspektiv er mikronivå-purisme viktig og utbreidd. Vi kjenner markeringa frå Bibelen. I *Domarane* 12.5–6 avslørte dei som sa *Sibbolet* at dei tala Efraim-dialekt, og kom frå ei anna folkegruppe, Efraim-folket. Denne bruken av språket for å markere tilhørsle er eldgamal; språket har aldri berre vore eit kommunikasjonsmiddel utan symbolverdi. Derimot er det lite som tyder på at vanlege folk historisk sett har hatt særleg sterke synspunkt om *skriftspråket* (anna enn ein allmenn skriftkonservatisme). Den skriftspråklege purismen har (fram til vår tid) i all hovudsak vore eit elitefenomen, på same måten som skriftspråket har vore eit elitefenomen.

Med *Allgemeiner Deutscher Sprachverein* i Tyskland som unntak, har ein hatt fåe puristiske masserørslar i Europa. *Allgemeiner Deutscher Sprachverein* vart skipa i 1885, og hadde i 1891 11000 medlemmer, i 1919 var medlemstalet 39000 (Kirkness 1984: 297). Det som elles har funnest av puristiske organisasjonar, har vore småe einingar dominerte av studentar eller andre frå mellomklassen, gjerne skribentar eller pedagogar (jf. Thomas 1991:101). Der er fåe frå arbeidarklassen og fåe frå det akademiske toppsjiktet. *Allgemeiner Deutscher Sprachverein* var dominert av lærarar og embetsmenn (jf. Kirkness 1984:297).

Der er somme lingvistar som har markert seg puristisk; det gjeld mellom anna på Færøyane, i Noreg og på Island, men òg i Danmark på 1930- og 1940-talet. Generelt i Europa har likevel ikkje lingvistane vore blant dei ivrigaste og mest ekstreme puristane. George Thomas (sst.) meiner det er dei “glade amatørar” frå mellomklassen som utgjer gruppa.³²

Biletet er litt klårare når det gjeld anti-puristane, av dei finn vi mest lingvistar og litteratar.

3.11 Oppsummerande merknader

Når vi står på utkikkstoppen i ettertida og skodar ut over det puristiske landskapet på 1500-, 1600-, 1700- og 1800-talet, ser vi både dei store formasjonane og det meir kuperte og varierte landskapet. William J. Jones (1995:7) har i dokumentsamlinga *Sprachhelden und Sprachverderber* fokusert på variasjonen når han skil mellom ni ulike former for tysk purisme på 1600-talet:

- 1) akademisk orientert purisme som gjennom populærframstillingar vart verksam i breie krinsar,
- 2) ein høgare-adeleg purisme, til dømes uttrykt gjennom *Die Fruchtbringende Gesellschaft*,
- 3) kulturpatriotisk purisme (Opitz, Schottelius),
- 4) konservativ-arkaisk purisme, mykje basert på Tacitus sine beskrivingar av germanarane,
- 5) purisme basert på religiøse og etiske funderingar,
- 6) folkestammepurisme,
- 7) purisme som del av standssatiren,
- 8) purisme for pedagogiske føremål,
- 9) purisme i ein filosofisk- og dannelsespolitiske kontekst (Leibniz).

³² Ein kan då i og for seg hevde at det gjennom desse har funnest eit slags “folkeleg” engasjement. Det er mogleg at ein kan kalle ein del av desse som representantar for ein “folkeleg” elite.

Det mangetydige og samansette ved purismen vert òg framheva av Jürgen Schiewe (1988) i studien om J. H. Campe sitt purismeprogram, *Sprachpurismus und Emanzipation* (1988):

Die Geschichte des Purismus im Deutschland ist kein einsträngiges, mit einem einheitlichen Urteil zu erledigendes Phänomen. So wie die Gleiche Rede, zu verschiedenen Zeiten gesprochen, nicht das Gleiche meinen muß, so hat auch der ansonsten gleich erscheinende Wunsch, das Deutsche von Fremdwörtern zu 'reinigen', nicht in allen Epochen der deutschen Sprachgeschichte ein gleiches Motiv. Insofern meint Purismus auch nie das Gleiche. (Schiewe 1988:246)

Schiewe går i rette med dei som har lagt for sterk vekt på den nasjonale sida ved purismen, og jamvel sett nasjonalitetstanken og nasjonal sjølvhevdning opp som eit allment trekk ved purismen.³³ Gjennomgåing her kan seiast å støtte opp om Schiewe sitt synspunkt, for purismen har vore knytt til nokså mange faktorar: estetikk, litteratur-stilistikk, patriotisme, språkstandardisering, maktpolitikk, statsbygging etc. – i tillegg til nasjonalismen.

Dei kurvene og landskapsformasjonane som skil seg ut, kan knytast til hypotesane om drivkrefter for purismen: a) språkstandardisering, b) puritas-tradisjonen, c) maktutøving, d) nasjonalismen og e) heimlege føresetnader vs. utanlandsk påverknad. I tillegg til desse faktorane viser det seg at purismeordskiftet også har hatt innslag av omsynet til at folk skal kunne *forstå språket*, og at ein ikkje skulle bruke lånord som folk ikkje forstod. Det omsynet gjekk på 1700-talet inn i eit større dannelsings- og opplysningsprosjekt der målet var å skape ein opplyst borgar. Det er i denne samanhengen verdt å understreke at faktorane ofte har verka samtidig, og at det aldri har vore tale om absolutte skilje mellom bolkane i purismehistoria.

Det har vore sterke sosiale krefter som har lege bak språkstandardiseringa, t.d. statsmakter og andre interessegrupper. Desse sosiale kreftene har òg lege bakom purismen; han har tent visse sosiale interesser og vore nytta for å løyse problem knytte til ein språkkontaktsituasjon. På same tid har der, som nemnt, mellom anna vore estetiske årsaker og ein viss eigendynamikk i sjølve språktradisjonen (t.d. etter retorikken). Purismen har i så måte mange sider ved seg.

³³ Overtoninga av den nasjonale sida gjeld i fylgje Schiewe (1988:47) mellom anna Alan Kirkness og hans purismedefinisjon i *Das Phänomen des Purismus in der Geschichte des Deutschen* (1984:292).

Del III

Engelsk

som

problem

4 Språklån frå engelsk

4.1 Innleiing

I løpet av dei siste tiåra er purismen i dei nordiske språksamfunna, særleg dei skandinaviske, vorten meir retta mot engelsk. Innrettinga kjem til synes gjennom den allmenne språkdebatten, der ein diskuterer om engelsk utgjer ein “trugsel”, og gjennom ulike tiltak, strategiar og aksjonar frå normeringsorgana. Utgangspunktet for purismen imot engelsk er den auka påverknaden som har kome frå engelsk i tida etter 1945, med ulike former for språklån, og den statusen engelsk har tileigna seg som internasjonalt språk.

Dette kapitlet vil gå nærmare inn på dei ulike føresetnadene for engelskpurismen, nemleg engelsk korpuspåverknad og statuspåverknad. Kapitlet er delt inn i to hovudbolkar:

Den fyrste bolken tek føre seg korleis ein låner frå engelsk og omfanget av lån frå engelsk (dvs. frekvensen av engelske lånord målt i løpande tekstar). På 1980- og 1990-talet har det kome ny forskning om engelskpåverknad i dei skandinaviske språka, og kapitlet vil gå nærmare inn på resultat frå forskinga

Den andre bolken vil gå nærmare inn på dei språksosiologiske føresetnadene for engelskpåverknad, og sjå desse føresetnadene i eit historisk ljøs.

4.2 Korleis ein låner

4.2.1 Leksikalske lån

Sidan leksikonet er det mest omskiftelege av språkinventaret, er det òg mest utsett for framandspråkleg påverknad. Der er fire hovudmåtar det skjer leksikalske lån frå engelsk på: gjennom direkte lån, hybridlån, indirekte lån eller pseudolån. Denne oppdelinga viser tilbake til fire ulike lånestrategiar:

- | | | |
|---------------|---|--|
| Direkte lån | > | bruk av framande element og framande førebilete i ordlaginga |
| Hybridlån | > | kombinasjon av både framande og heimlege element i ordlaginga |
| Indirekte lån | > | bruk av heimlege element, men med framande førebilete for ordlaginga |
| Pseudolån | > | bruk av framande element på ein måte som ikkje er vanleg i språket ein låner element frå |

Direkte leksikalske lån

Direkte lån omfattar lån av heile språkelement, som oftast ord eller ordformer. Dei direkte låna vert sjeldan brukte i “rå” tilstand; der er gradar av tilpassing, avhengig av bruk, tradisjon etc. Det poenget vert understreka av Bo Seltén som i *Svensk ordbok* (1987) kjem med framlegg til oppdeling av tilpassingsmåtar for engelske lånord i svensk. Han set opp åtte ulike nivå frå “uforandra ord” til ord som har tilpassa både fonemstruktur, staving og tyding:

1. Uforandra ord: *team*
2. Forandra fonemstruktur, uforandra staving og tyding: *sulky*
3. Forandra staving, uforandra fonemstruktur og tyding: *hajk*
4. Forandra tyding, uforandra fonemstruktur og staving: *city*
5. Forandra fonemstruktur og staving, uforandra tyding: *strejk*
6. Forandra fonemstruktur og tyding, uforandra staving: *hammock*
7. Forandra staving og tyding, uforandra fonemstruktur: *hoj*
8. Forandra fonemstruktur, staving og tyding: *keps*

Desse nivåa representerer eit kontinuum av tilpassing, men kan òg delast opp i større nivågrupper igjen (dvs. nivå A: 1, nivå B: 2–4, nivå C: 5–7 og nivå D: 8).

Direkte lån kan i sin tur danne utgangspunkt for nye ord gjennom samansetjingar og avleiingar. I norsk fylgjer dei fleste engelsk-samansetjingane rekkjefylgja <eit engelsk ord + eit norsk ord>, t.d. *rockejente*; i materialet til Graedler (1998:199) dreier det seg om 68 % av samansetjingane. Ved avleiingar er det mest vanleg med kombinasjonen <engelsk ord + norsk ending>, t.d. *rockete* (s. 210). Det kan òg skje ein ordklasseovergang, ved at t.d. lånte substantiv dannar utgangspunkt for verb som ikkje finst i långivarspråket, jf. *hands* > *handse* (s. 190). Som Graedler (s. 219) har vist, vil det ved dei fleste engelske lån skje ei tilpassing til heimleg tyding, fyrst og fremst gjennom ei innsnevring. I dei nordiske språka er t.d. ein *drink* berre ei alkoholhaldig drikkevare, ikkje ei fellesnemning på drikke (som i engelsk), medan *boots* refererer til cowboystøvlar eller støvletter, ikkje til støvlar generelt. Denne forma for tilpassing er i fylgje normteoretikaren Renate Bartsch (1987:200) allmenn for ordlån; ho meiner at det ikkje vil kome nye ord for tydingar det alt finst eit ord for i språket, såframt då ikkje eitt av orda får ei særskilt sosial markering. (Det kan likevel

diskuterast om vi ikkje ved fleire høve gjennom fleire ordlån har fått dubletter i språket; i alle fall er det puristar som hevdar det.³⁴)

Hybridlån

Hybridlån er samansette eller avleidde ord der den eine delen er heimleg eller tilpassa heimleg språkstruktur, medan den andre delen inneheld framand språkstoff. Mest vanlege er hybridsamansetjingane, jf. *shapingkurs*, “*Dog me dig me*”-konserten. Ein kan diskutere om hybridlån burde takast med i oppteljingar over anglisismar; i fleire tilfelle kan det t.d. vere tale om heimleg nydanning. Pia Jarvad (1995:60, 78f.) reknar såleis hybridlån for indirekte lån. (Ho legg vekt på at der er bruk av heimleg materiale, men utanlandske førebilete.) Denne grupperinga er derimot ikkje vanleg i språk-kontaktforskinga (jf. Chrystal 1988 og Graedler og Johansson 1997).

I løpet av dei siste tiåra har ein i dei skandinaviske språka òg fått inn ein del hybride ordlagingar der affikset er av gresk eller latinsk opphav, men der bruken av avleiingane sansynlegvis er vorten intensivert og delvis styrt etter påverknad frå engelsk eller frå engelskspråklege kanalar. Det gjeld særleg ordformer med prefiksa *anti-*, *co-*, *de*, *dis-*, *ex-*, *extra-*, *hyper-*, *inter*, *makro-*, *maxi-*, *mega-*, *mini-*, *multi-*, *non-*, *post-*, *super-* og *ultra-* (jf. Graedler 1998:195, Graedler og Johansson 1998:12).³⁵ Chrystal (1988:32) inkluderte ikkje ord med desse internasjonale prefiksa i sine opp- teljingar over lånord frå engelsk, medan *Anglisismeordboka* gjer det (i visse tilfelle, jf. s. 12).

Når det samtidig er problematisk å karakterisere desse prefiksa som “engelske”, er det pga. fleire etter kvart har gått inn som produktive ordlagingslement i språka i Norden. Det gjeld truleg *ultra-* (1450 treff i helmer-basen) og *mega-* (2320 treff [fleire av desse er rett nok ‘MEGA-butikkar’]). Jf. desse eksempla:

ULTRA: “*ultralange* negler”, “den *ultrakorte* saksbehandlingstiden”, “et *ultrakynisk* kommersielt syn”, “*ultratøffe* premier”, “*ultratynne* metallinnfatninger”, “antrekket [er] *ultrasexy* og *ultraopraktisk*”, “Den *ultravoldelige* dukken ligger kanskje under juletreet ditt i år.” (Døme frå HIT sitt korpus over ord frå norske avistekstar, jf. Internett: <<http://helmer.hit.uib.no/cgi-bin/cqp-x>>.)

MEGA: *megafirma*, *megaflaut*, *megaflopp*, *megaklassen*, *megaklyse*, *megakonsserter*, *megakor*, *megakul*, *meganavn*, *megaoppsetning*, *megaoverskudd*, *megaparykken*, *megaprojekt*, *megatabbe*, *megatap*, *megareksi*, *megarektikere*, *megarexia*. (Dagbladet 7.september 2000: “Mens anoreksi lenge har vært et problem blant jenter, er den motsatte tilstanden nå på frammarsj blant gutta: Legene har døpt fenomenet “bigger- exia”, som kan oversettes med “megareksi”.”) (Sst.)

³⁴ Jf. gjennomgåinga av purismen i dei ulike nordiske språksamfunna.

³⁵ I databasen til HIT-senteret (helmer-basen) kan ein registrere mange treff på ordeksemplar med desse prefiksa, t.d. *anti-* (8403 treff), *hyper-* (819 treff), *mega-* (2320), *ultra-* (1450).

At ein omset engelske *bigger-exia* med *megareksi* kan tyde på at prefikset *mega-* har gått inn i eit norsk ordlagingsmønster. Andre døme er når internasjonale affiks vert nytta som ordlagingselement som i t.d. *biopat* og *heterofil*; Jarvad (1995:209) vil her tale om “kryptorødder” som dannar “kryptosammensætninger”. Her er vi likevel inne i eit grenseområde.³⁶

Indirekte lån

Indirekte lån har som felles karakteristika bruk av heimlege språkelement etter utanlandsk førebilete. Vi skil mellom to undertypar: omsetjingslån og tydingslån.

Omsetjingslån er skapte gjennom omsetjing av ei utanlandsk ordform til ei heimleg ordform, morfem for morfem, jf. *frogman* > *froskemann*, *e-mail* > *e-post*. Dei fleste omsetjingslån frå engelsk er som desse døma morfologisk gjennomsiktige.

Tydingslån er lån der eksisterande ord eller uttrykk får ei tydingsutviding som skuldast påverknad frå eit korresponderande ord i eit anna språk. Tydingsutvidinga skjer som oftast, men ikkje alltid, ved at ein utvidar den semantiske meininga frå eit konkret til eit meir abstrakt innhald:

- *suge* vert også nytta der ein tidlegare nytta *stinke* (frå engelsk “it sucks”), jf. overskrifta “Kiss suger, Abba ruler” (*Dagbladet* 4.2.2000) eller “Statsbudsjettet suger” (parole ved studentdemonstrasjon i Bergen 1999)
- *virus* vert ikkje berre nytta om kropplege sjukdomar, men òg i tydinga ‘datavirus’
- *synlege* leiarar er ikkje berre innanfor det konkrete synsfeltet, men generelt meir frampå og i rampelyset (etter eng. *visible*)

Det kan vere problematisk å skilje mellom desse underkategoriane av indirekte lån. Eit døme på det er uttrykket *varm potet*. Det kan seiast å vere tydingslån ved at ein overfører frå den engelske tydinga *hot potato*, men der kan vere like gode grunnar for å kategorisere dette som omsetjingslån (jf. Jarvad 1995:65 som diskuterer denne

³⁶ Andre internasjonalar enn affiksa, t.d. ordstammar som *urban* og *global* er i visse fall inkluderte blant anglisismar i den tyske *Anglizismen-Wörterbuch* (Carstensen 1993:63*). Utgangspunktet er at ein trur at det eksisterer ein engelsk påverknad. Ordboka presiserer like fullt at det “in diesen Fällen meistens um Vermutungen handelt” (sst.). I dei skandinaviske språka er avleiingar som *globalisering* og *globalisme* ikkje lette å plassere. Oppslagsordet *global* er registrert i Nudansk Ordbog (NUD) 1953 og SAOL 9 (1950), men ikkje i *Norsk riksmålsordbok* (1937), dvs. at stamma er tydelegvis etablert i skandinavisk alt kring 1950. Derimot er der ingen avleiingar med ordet, verken i NUD eller SAOL. Avleiingane har kome seinare, tydeleg ut frå engelske førebilete (*globalization* og *globalism*).

problematikken). I slike tilfelle må ein gjere ei grundig gransking av historia åt einskildordet.

Eit meir grunnleggjande spørsmål er om indirekte lån egentleg bør takast med i ei oversikt over lånord: Det er ved desse ordlagingsmekanismane ikkje tale om noka eintydig overtaking av framande språkelement: Tvert imot bruker ein heimleg språktilfang på ein ofte kreativ måte. I mange tilfelle er det berre filologar eller spesielt engelskkunnige som ser at det er tale om påverknad frå engelsk. Såleis er det ikkje uventa at dei fleste granskingar av engelske lånord ser vekk frå dei indirekte låna. I mange tilfelle kan det òg skje at direkte og indirekte lån tevlar med kvarandre (jf. Sørensen 1995: 74), og denne tevlinga kan i og for seg sjåast på som ei tevling mellom framand og heimleg ordbruk.

Eit anna spørsmål er kva form for påverknad som kjem gjennom indirekte lån. Dersom ein t.d. skal tale om påverknad frå engelsk ordlagingsmønster, må det påvisast at der er overført mønster som ikkje inngår i den skandinaviske norma eller det skandinaviske ordlagingsmønsteret, og som så verkar til å lage nye ord i skandinavisk. Ei slik påvising er vanskeleg å få til. Der finst rett nok mønster som er langt meir frekvente i engelsk enn i skandinavisk, t.d. imperativsamansetjingar (jf. nedanfor), som i fylgje Jarvad (1995:188) har eit mønster med stigande produktivitet. Avleiingar med dei gresk-latinske affiksa er eit anna mogleg døme. Vi skal altså ikkje sjå vekk frå at der kan skje ein viss mønsterpåverknad, men denne påverknaden er likevel ikkje eintydig og klår. I fleire tilfelle kan det vere meir rimeleg å tale om ordlagingar etter analogi. Det vil seie at der ved indirekte lån frå engelsk går føre seg ei ordlagjing med eitt ord som førebilete, men det er då ordet og ikkje ordlagingsmønsteret som vert transformert til skandinavisk.

På same tid er det tale om ein språkleg *påverknad* – ein bruker førebilete frå eit anna språk. Dermed er det også rett å take med dei indirekte låna i ei oversikt over lånord.

Det er vesentleg å skilje mellom direkte og indirekte lån i oppteljingar av lån. Ein kan t.d. kalle *e-post* for eit omsetjingslån av *e-mail*, men det gir lita meining å seie at båe to orda er “lån” utan å spesifisere ulikskapane.

Pseudolån

Pseudolån refererer til ordformer som formelt sett er oppbygde av element frå eit anna språk, men der ordforma i seg sjølv ikkje eksisterer i långivarspråket. Pseudolån frå engelsk har altså engelskspråkleg materiale, men finst ikkje med same tydinga i engelsk:

- *grillparty* (her har eng. *barbecue*)
- *stressless* (kan i eng. berre nyttast i tydinga ‘fonetisk trykkfri’)
- *speaker* (svarar til det som i eng. heiter ‘announcer’, medan eng. *speaker* er ein som talar til ei forsamling, t.d. formannen i det britiske Underhuset)
- *roligan* (dansk etter mønster av eng. *hooligan* [men med motsett tyding])
- *freestyle* (svensk for det som på engelsk er ‘walkman’)
- *Handy* (tysk for ‘mobiltelefon’).

Utgangspunktet er at ordlagingsprosessen nyttar både heimlege og framande førebilete om einannan. Ein dannar orda slik ein – ut frå sin kjennskap til engelsk – trur eit tilsvarande ord vil verte danna i engelsk, men fylgjer mange av føresetnadene frå heimleg ordlagingsmønster.

Som illustrasjon på ordlagingsprosessen kan vi take utgangspunkt i *Stressless*, eit varemerke som i norsk ofte vert nytta som appellativ (jf. Brunstad 1998). Ordstoffet er her engelsk (*stress + less*), skilnaden går på måten ordstoffet vert tolka på. I engelsk har ein ordforma *stressless* i tydinga ‘fonetisk trykkfri’; ordforma går inn i den store gruppa av avleiingar med suffikset *-less* (i tydinga ‘without, free from’ [jf. Marchand 1969:324]). I engelsk er konstruksjonar med *-less* produktive, og fungerer ofte som motsetnad til *-ful* (Bauer 1983:224). I norsk viser det seg derimot at det har skjedd ei anna tyding av nettopp *Stressless*. Ei lita spørjegransking blant norske språkbrukarar (Brunstad 1998) viser at eit fleirtal tolkar *-less* ikkje som suffiks, men som komparativform av adjektivet *little*, altså med tydinga ‘mindre’. Denne tolkinga finn vi jamvel hos dei som laga og introduserte *Stressless* som varemerke.³⁷ Produsenten Jens Petter Ekornes uttalar seg på denne måten:

Når du da har en lenestol som du skal slappe av i, gir ordet “stressless” seg helt automatisk: Her stresser du mindre. Da har du skapt et produktnavn som publikum umiddelbart assosierer det de skal med. Når du kaller en stol *Stressless*, forteller du folk at her sitter de godt, rett og slett. (Giske og Grytten 1987:134.)

Stressless vert her tolka som ei imperativsamansetjing, dvs. ei samansetjing av <verb i imperativ + utfylling> (jf. terminologien i Faarlund et al. 1997). Tydinga av slike imperativsamansetjingar skil seg frå vanlege determinative samansetjingar ved at det som dannar meining vert underforstått; den underforståtte tydinga er her ‘ein stol som

³⁷ Jf. telefonsamtale med han som laga namnet i 1970, dåverande reklamesjef Erling Ekornes.

ein stressar mindre i'. På denne måten går ordet inn i same ordlagingsmønsteret som t.d. ein *svingom* og eit *krypinn* der ein også har <verb i imperativ + utfylling>. Sjølv om røtene i *Stressless* er engelske, og ordet intuitivt også av språkbrukarane vert knytt til engelsk, er det oppstått og vert tolka ut frå ei norsk forståing av ordet som imperativsamansetjing. (At den norske forståinga botnar i ei "misforståing" av engelsk, er ei anna sak.) Norsk har tradisjonelt fåe samansetjingar med verb som forledd (jf. s. 75), medan engelsk har fleire slike (særleg possessive) som også er komne i bruk i norsk, t.d. *lock-out*, *sit-in*, *sit-up* og *break-down* (jf. s. 67). Nettopp desse låna kan gjere at ein i norsk er "open" for å tolke og nytte engelsk-liknande ord på denne måten.

Pseudolåna illustrerer at skandinavar både forstår engelsk såpass godt at ein kan lage nyord ved hjelp av det, og at ein samtidig kan det såpass "dårleg" at ein lagar ord som ikkje passar inn i det engelske mønsteret. Til det siste poenget høyrer også trongen for forståing og forenkling inn. Eit pseudolån kan for det fyrste vere lettare å forstå enn eit direkte lån, jf. det danske pseudolånet *babylift* (som er gjennomsiiktig i tydinga 'noko som ein lyfter ein baby med') vs. det tilsvarende engelske ordet *carrycot* (jf. Szubert 1999:10). Dessutan er pseudolånet gjerne enklare å uttale og handtere i skrift. Den siste årsaka verkar òg til at det oppstår ein sidevariant av pseudolån, nemleg avkortingslån (ellipsar), t.d. *basket* (av *basketball*), *body* (av *bodystocking*) og *aircondition* (av *airconditioning*).

Som ved dei indirekte låna er det også ved pseudolån ofte eit ope spørsmål om der har eksistert eit tilsvarende engelsk ord. Ord som *time-manager* er t.d. registrert tidlegare i dansk enn i engelsk, det same gjeld *browser* (i da. 1993, eng. 1994 [Jarvad 1999a) og *dropout* (da. 1964 og eng. 1968). Mykje tyder då på at det faktisk er tale om eit pseudolån. Like fullt kan orda ha eksistert i engelsk tidlegare, for registreringsmåten er usikker. Eit anna problem ved klassifiseringa av pseudolån i høve til direkte lån er at sjølv om ordet har eksistert i engelsk tidlegare, er det prinsipielt mogleg at ordet kan verte danna relativt uavhengig i eit anna språk. Her må ein gå grundig inn på dei einskilde orda. På grunn av kreativitet på mange hald, kan likevel ikkje alle slike tilfelle avklårast full ut.

Skilnaden mellom låna

Distinksjonen mellom direkte lån, indirekte lån og pseudolån er ikkje absolutt, og ein vil ha fleire tvilstilfelle (jf. Graedler 1998:48). I etableringsfasen kan eit ord dessutan opptre på ulike måtar, før det etablerer seg. Jarvad (1995:84–85) gir døme med verbet *shake* som på 1970-talet opptre som direkte lån ("shakede Ford hands") før det på 1980-talet går over til å verte eit indirekte lån ("vi rystede hender"). Typologien kan

likevel gi ein peikepinn på kva slags prosessar som har lege til grunn for språklåna, nemleg om det er brukt framande eller heimlege språkelement, likeins om det er tale om påverknad.

Årsakene til at ein vel ulike lånestrategiar, er fleire: om ordet kjem gjennom skrift eller tale, kor lenge innlåningsfasen varer, utbreiing av ordet, stilistisk og pragmatisk funksjon, marknadsføring, strukturell kompleksitet etc. (jf. Chrystal 1988:16f., Graedler 1998:48f., Graedler 1996:68, Jarvad 1995:84f.). Erik Hansen (1985) har gjort ein analyse av direkte lån og omsetjingslån i *Nye ord i dansk 1955–75*, og viser der at at lange samansette ord frå engelsk i stor grad vert omsette, medan korte ord i større grad vert lånte direkte. Hansen forklarar det med strukturelle tilhøve: Dei lange samansettingane vert for vanskelege å handtere på dansk, medan dei korte rotorda vert for vanskelege å omsetje. Der vil også vere andre språkstrukturelle faktorar som spelar inn, særleg i lydverket (jf. sst.). Det vil i så fall gå i retning av at der eksisterer språkinterne føresetnader som som er med på å styre inntaket av lånord (jf. kap. 9.7).

4.2.2 Namn, titlar og sitatord

Eit særleg problem ved klassifiseringa av lån gjeld proprium: namn, titlar, varemerke, nemningar på produkt, forretningar, restaurantar etc. At det her går føre seg ein påverknad frå engelsk, er klårt: I Bergen kan ein i 1999 registrere butikknamn som t.d. *Monica's hairdesign* (frisør), *The Shirt Shop* (klesbutikk), *Best Corner Fast Food Restaurant* (matstove) og *Sir John A/S* (klesbutikk). I den norske "Aksjonen for språkleg miljøvern" på 1990-talet la ein stor vekt på dei mange engelske namna som hadde kome i norsk, jf. brosjyren "Namn i neon" og utnemninga "Diplom for godt navnevett". I tillegg var fleire einskildpersonar opptekne av engelske namneinnslag (Lundeby 1988, Bryn 1992).

Når proprium utgjer eit "problem" her, er det på grunn av at mange meiner at namnepåverknaden er på eit allmennkulturelt og ikkje eit lingvistisk nivå (jf. Chrystal 1998:18, Graedler 1998:49). Graedler underbyggjer synet sitt med å vise til at proprium generelt representerer ein spesiell og avgrensa del av substantiva, og at dei i hennar gransking av morfologisk tilpassing av engelske lånord i norsk, er lite interessante (sst.). Oddrun Grønvik meiner at berre glosar med og utan hermeteikn kan kallast lånord: "Resten, det vil seia det meste, er ikkje teke opp i norsk tale- eller skriftmål, og må reknast som sitat" (Grønvik 1991:159). Det situasjonsbunde ved namn gjer at ein i fylgje Grønvik ofte vil unngå å bruke namn som vert oppfatta som tunge og framande. Grønvik nemner òg døme på at ein kan døype om framande namn, t.d. er restauranten *Rendesvouz* i Oslo betre kjent som *Renna* (sst.).

Dersom Grønvik har rett, kan det ut frå ein lingvistisk synsstad vere grunnlag for å hevde at den purismen som har funne stad overfor engelske namn, er mindre viktig, av di han går imot noko som ikkje har fått innverknad på språket som heilskap.

Men jamvel om namn ikkje nødvendigvis kan seiast å verke på allmennspråket, kan ein likevel tenkje seg moglegheita av at det i visse tilfelle kan skje.

For det fyrste er det problematisk å setje eit sterkt skilje mellom “språkleg” og “kulturell” påverknad. At namn som *New York*, *Coca Cola*, *7 Eleven* er vortne svært frekvente i skandinavisk daglegtale, seier mykje om den språklege og kulturelle orienteringa.

For det andre er det eit interessant trekk at fleire namn vert bøygde: *Forden*, *Volvoen*, *Internettet* og *en Twin Otter* (*Bergens Tidende* 29. september 2000, s. 23).

For det tredje er der fleire varemerke som etter kvart går over til å verte appellativ eller får ein referanse utanfor det tidlegare domenet, jf. varemerka *Jeep*, *Thermos* og *Stressless*. (Det gjeld fyrst og fremst varemerke, og i mindre grad butikknamn, som språkrådsaksjonen har vore retta mot.)

For det fjerde har fleire varemerke undertitlar som er i grenselandet mellom appellativ og proprium. For *Jif* vaskepulver har ein undertitlane *refill* og *micro*, for *Jordan* tannkost har ein *double action*, for *Solidox* tannkrem har ein *baking soda* og *Solidox Kids*.³⁸ Her er det tale om produkt frå norske produsentar retta mot ein norsk marknad (med elles norsk tekst på varedeklarasjonen); Solidox-merket vert t.d. berre nytta i Noreg. Likevel nyttar ein altså engelske undertitlar for å karakterisere produkta. Sannsynlegvis er det ved desse undertitlane tale om ordformer som her fungerer i ein “mellomposisjon” mellom proprium og appellativ, til liks med undertittelen *light* som vi kan finne på margarin, brus, øl etc. Uttrykket *light* har vore produktivt for ulike varemerke, men interessant nok ikkje så mykje utanfor varemerke-domenet. (Unntaket er pragmatisk markerte samanhengar – helst munnlege – i form av sitatord som t.d. “nynorsk light” [bokmålsnært nynorsk], fjelltur light” [om ein kort og enkel fjelltur], “Var Frans av Assisi en Jesus light?” [NRK P2, Kulturbeitet, 17. august 2000]. Av skriftleg bruk av *light* kan nemnast at dei lette sidene i *Norsk skoleblad* fekk vignetten “light” i 1992 [noko som vart påpeikt av Norsk språkråd].)³⁹

Nettopp spørsmålet om varemerke er interessant i ein puristisk samanheng. Norsk språkråd vendte seg på 1980- og 1990-talet direkte til fleire bedrifter om bruken av engelske varemerke. Særleg korrespondanse hadde ein med Norske Meierier (det som no heiter Tine). I den samanhengen kom der også svar frå meierisamvirket om kvifor ein nytta engelske nemningar og slagordet “Milk is a better drink”:

³⁸ *Jif* og *Solidox* er produserte av Lilleborg.

³⁹ Munnlege døme frå hausten 1999.

Bakgrunnen er at vi med denne kampanjen håper å slå en liten kile inn i leskedrikkmarkedet ved å popularisere melk. (Brev frå Norske Meierier til Norsk språkråd, 16.juni 1982.)

At engelsk er einstyddande med å “popularisere” seier noko om dei verdiane ein knyter til engelsk: det ungdommelege, friske og tidstypiske. I 1988 forklåra meierisamvirket bruken av varemerket *Milkers* med at det “kan best sammenlignes med Milk Shake, Yum og liknende produkter”, og at “Det er ikke ualminnelig å gi de type produkter litt ‘fancy-pregede’ betegnelser.” (Brev frå Norske Meierier til Norsk språkråd 25. februar 1988). Bruk av engelsk vart rekna som ein måte å få gjennomslag i ungdomskulturen på:

Vi opplever i disse tider en sterk “internasjonalisering” som ikke minst gjør seg gjeldende i mange ungdomsmiljøer. Dette skyldes påvirkning både gjennom radio og TV, fritidsreiser, den såkalte “disco”-kulturen m.v. Det synes vanskelig å få gjennomslag for produkter i ungdomsmiljøene uten å satse på ord og uttrykk som gir et moderne “image” blant ungdom. (Sst.)

Også i Sverige var ein oppteken av at ungdom drakk mindre mjølk. Styresmaktene sette derfor i 1988 i gang ein haldningskampanje for å gjere skuleungdom meir positive til mjølk, og nytta “Milk Energy” som kampanjenamn.

Norske Meierier støtta i 1988 ein del mosjonsløp med namn som “Milk Walk” og “Milk Run”. Like fullt kom uttrykket “milk” ikkje til å gli inn i allmennspråket – det vart knytt til produkt som “Milk Shake”.

4.2.3 Sitatord

Judith-Ann Chrystal (1988) skriv at når engelske ord vekker så sterk merksemd, er det av di er ikkje-etablerte, og stikk seg ut nettopp gjennom den framande forma. Det vil seie at mange engelske ord er sitatord, og får ein pragmatisk og stilistisk funksjon i kraft av forma si.

På grunn av den manglande integreringa kan ein lett slutte at sitatord (til liks med namn) ikkje skal kallast lånord; dei har ikkje gått inn som del av vokabularet (Ljung 1988:16). Frå eit diakront perspektiv er slike sitatord likevel svært interessante, fordi fleire etter kvart går over til å verte ordinære direkte lån (jf. sst.). Som Lund og Hansen (1994:55) skriv “I princippet begynner alle fremmedord som citatord.”

Synkront skil sitatord skil seg ut, både med omsyn til tilpassingsgrad, alder og funksjon. Det får igjen konsekvensar for registreringa av desse og av andre leksikalske innslag frå engelsk: Det er ikkje nok å telje ord; ein må også seie noko om kva slags funksjon og integrering orda har fått i dei einskilte tilfella.

4.2.4 Kodeveksling

Medan det ved språklån er tale om at “framande” ord og frasar vert tekne inn i og nytta som ein del av språket, er *kodeveksling* (til liks med sitatord) kjenneteikna ved ikkje-integrasjon: Språkbrukaren veksler mellom former frå to eller fleire språk, men held språka skilde frå kvarandre. Kodevekslinga er kontekstbunden og tidsavgrensa, og det er ikkje språket, men språkbruken og språkbrukarane som står mest i fokus.⁴⁰ No kan ein ikkje setje eit knivskarpt skilje mellom kodeveksling og språklån. Som Haugen (1950:210f.) og Graedler (1998:47) poengterer, kan lånord og lånte frasar fyrst kome inn som kodeveksling, og så gjennom bruk verte meir etablerte. Her vil frekvens spele ei rolle: Poplack (1988) meiner at ei lånt eining, til dømes ei ordform, kan sjåast på som resultat av kodeveksling så lenge det er eit fåtal av språkbrukarane som bruker det, og ordet ikkje er registrert i ordbøker.

Bent Preisler (1999a og 1999b) har analysert kodeveksling mellom dansk og engelsk blant ulike danske subgrupper. Ei av gruppene er hip-hop-ungdom, og desse kodevekslar ofte til engelsk når det er tale om noko som er genuint for hip-hop:

Ja, *bombing*, det er sådan *you bomb the system*, ikke? De har blandt andet en kommentar, fra en togvogn i New York i 1980 var: ‘*In... God we trust, in transit we bomb*’, ikke? (Frå Preisler 1999a:137.)

Denne kodevekslinga er i fylgje Preisler i stor grad eit spørsmål om identitetsval og verdival. Kodeskifte til engelsk er med på å markere tilhørsle og lojalitet til hip-hop-gruppa, til visse verdiar og til visse identitetsrammer som er sentrale der.

Kodeskifte til engelsk sker (...) primært fordi den engelske indflydelse nedenfra drejer sig om identitet snarere end om praktisk nødvendighed: engelsk repræsenterer nogle kulturelle værdier (og et gruppefællesskab omkring disse værdier) som børn og unge identificerer sig med, og derfor kommer de også til udtryk – som kodeveksel – når der tales dansk. (Preisler 1999a:61)

I fylgje Preisler har dei hip-hop-ungdomane han har granska, utvikla ein kosmologi der stiluttrykk og forteljingar om musikk- og danseopphav er med på å tradere gruppe-

⁴⁰ Nemninga kodeveksling får hos somme ei nokså vid tyding der nærmast all kontekstuell veksling mellom språk og språkformer kjem inn; ut frå denne tydinga vil jamvel diglossi vere ei form for kodeveksling (McCormick 1994:581). Andre har ei meir snever tyding, og avgrensar kodeveksling til å gjelde veksling mellom to eller fleire språk innanfor den same konteksten, dvs. innanfor den same samtalen eller den same teksten. Kodeveksling vert då byting av ord, frasar eller setningar mellom to eller fleire språk innanfor ein tekst eller ein samtale (Odlin 1989:146). Dette gjeld til dømes når to bruker engelske uttrykk seg i mellom – som eit stilistisk eller pragmatisk verkemiddel. I slike samanhengar er kodeveksling som oftast intensjonal, noko Odlin (1989:146) meiner er ein generelt trekk ved kodeveksling.

identiteten vidare. Innanfor kosmologien er der ein rangorden der dei originale hip-hop-arar frå New York- og Los Angeles-ghettoane står fyrst; dernest står dei som kjenner hip-hop-historia og meistrar uttrykka og omgrepa; på tredje plass står dei med kjennskap til kulturen, men ikkje er så flinke til å danse; på fjerde plass står alle “wanna-be’s”; på desidert sisteplass står så “hang-outs” (ikkje minst jentene, som alltid er der) (s. 141). Nettopp på grunn av at idealet er plassert i New York- og Los-Angeles-ghettoane, får engelsk ein særleg identitetsskapande funksjon. Preisler meiner at det vert for enkelt å seie at kodeskifte ikkje har relevans for språket som heilskap. Ved å fremje somme språkverdiar, og markere desse i form av engelsk, vert også den totale språkbrukssamanhengen påverka, t.d. ved å fremje positive haldningar til bruk av engelsk generelt og til engelske lånord spesielt. Det er ikkje kodeveksling i seg sjølv som fremjar desse haldningane: Kodevekslinga vert meir eit *symptom* på dei djupareliggjande sosiale og psykologiske mekanismane som ligg bak innverknaden frå engelsk. Samtidig vert kodevekslinga også ein del av mekanismane, og igjen med på stadfeste og vidareføre haldningane (s. 60).

No kan ein diskutere graden av påverknadskraft gjennom denne forma for kodeveksling: Det er mogleg at ho ikkje er så stor som Preisler vil ha det til; det manglar ein framleis gransking om. Ei anna sak er at Preisler gjer slutningar ut frå situasjonen slik han er på eit gitt tidspunkt innanfor ei avgrensa gruppe, utan å ha rom for at situasjonen endrar seg. Nettopp i dømet med hip-hop-grupper har det dei siste åra skjedd ei endring ved at utøvarane har gått vekk frå den tidlegare etterlikninga av afro-amerikansk engelskuttale til å synge på morsmålet. Eit døme er den norske gruppa *Tungtvann* som i 2000 har suksess med å syngje rap-musikk med nordnorsk dialekt.

I tillegg til kodeveksling vert også uttrykket *kodeblanding* (“code mixing”) nytta om språkbruk der ein i den same konteksten kombinerer element frå ulike språk.⁴¹ Nokre talar òg om *kodegliding* som ein veksvariant (Mæhlum 1992:313). Det interessante for oss er at vi kan finne fleire døme på kodeblanding/transfer mellom engelsk og norsk, og med både umedviten og medviten bruk. Nemnet på den bergenske frisørsalongen *Hair e vi* er eit klårt døme på *medviten* kodeblanding; ein utnyttar engelsk og norsk på ein humoristisk måte. Men den slags blanding er ikkje ny. For over hundre år sidan finn vi i brev frå Arne Garborg til venen (og målmannen) Ivar Mortenson Egnund ofte ei medviten blanding mellom norsk og dåtida sitt “internasjonale” språk, tysk:

⁴¹ Mæhlum (1992:307) t.d. talar om både kodeveksling og kodeblanding for å forklare dialektbruk på Svalbard: Språkvala gjekk der både gjekk ut på kodeveksling mellom t.d. nordnorsk og austnorsk (dvs. bruk av to klårt ulike kodar), og kodeblanding med ulike gradar av nordnorsk og austnorsk.

Köhlbunden am 21 Juli 89, Lieber Freund. Von die siste Tagblatten sehen wir, dass der gaar Dampschiff til Amsterdam auf Loerdagen. No steht es so med oss, at dersom me ikkje vil eine heile Vike burtsummelm, so mussen wir straxen abgereisen gewesen sein” (21.7.1889, Garborg 1980:23).

I dag kan ei tilsvarande kodegliding eller kodeblanding mellom norsk og engelsk observerast i e-post-vekslingar, t.d. gjennom ein avslutningsfrase som “snakes” (uttala på engelsk [etter mønster av norsk *snakkast/snakkes*]).

Skilnaden mellom kodeblanding/kodeveksling og språklån/sitator/dnamn vert stundom jamført med skiljet Weinreich (1953:11) sette mellom “interference in speech” og “interference in language”. “Interference in speech” var i fylgje Weinreich uetablert språkpåverknad som berre eksisterte hos einskildindivid og i situasjonar; han var ikkje ein del av språket i seg sjølv – noko derimot “interference in language” var. Weinreich samanlikna “interference in speech” med sanden som vert flytta med straumen i sjøen; fyrst hit, så dit. “Interference in language” vart på si side samanlikna med den sedimenterte sanden som vart liggjande fast att på botnen.

Perspektivet i desse metaforane er strukturalistisk. Språkstrukturen er noko som er fast. I praksis er ikkje grensa mellom kodeveksling og språklån så klår. Det var òg Weinreich inne på: Den lause sanden kan etter kvart festne seg og verte sedimentert på botnen av sjøen. Likeins kan botnsanden løyse seg, og verte til laussand.

Fleire språkkontaktforskarar, som Lauttamis (1990:10), meiner då òg at kodeveksling og språklån ikkje skal analyserast som åtskilte fenomen; det er meir tale om ein glidande overgang: Ordformer som i ein kontekst kan fungere som språklån, kan i ein annan fungere som kodeveksling.

4.2.5 Ortografisk og morfologisk påverknad frå engelsk

Ved sida av spørsmålet om engelske lånord har ein i nordisk purisme vore oppteken av den ortografiske og morfologiske påverknaden som kjem frå engelsk. Dersom ein importerer lånord frå engelsk utan ortografisk tilpassing, vil der lett kunne kome eit ortografisk mønster som er ulikt dei nordiske mønstra. Generelt er det engelske ortografiske systemet ikkje særleg gjennomsiiktig, av di det kombinerer ulike rettskrivingsprinsipp:⁴²

- Dels er det tale om den anglo-saksiske tradisjonen frå før mellomengelsk tid. Engelsk staving har såleis ikkje fått med seg vokalutviklinga frå 1400-talet og framover i ord som *sleep*, *goose* og *name*.

⁴² Denne gjennomgåinga byggjer i stor grad på Crystal 1995:272f. og Coulmas 1999:143–145.

- Dels er det kome ein del franskpåverknad etter normannarinvasjonen i 1066. Ein har mellom anna innført teikna *ou* for *o*, *qu* for *cw*, *o* for *u* framføre *m*, eller *v*, bruk av teiknet *c* for *s*-lyden og stavemåtar som *sh* og *wh* etc.).

- Dels er rettskrivinga basert på den lærde tradisjonen frå 1500- og 1600-talet med påverknad frå klassisk latin og gresk. På denne tida innførte ein skrivemåtane *ph* og *th*, og la vekt på det etymologiske sambandet, t.d. at *debt* skulle ha *b* pga. det kom frå latin *debitum*. Det kunne samtidig skje at ein skapte falske etymologiar, t.d. at *island* skulle skrivast med *s* pga. det i fylgje dei lærde skulle ha kome frå latin *insula* [noko det reint faktisk ikkje gjorde]).

- Dels byggjer rettskrivingssystemet på skriftnormeringa som kom etter innføringa av prentekunsten på 1400-talet. Prentarane tok meir utgangspunkt i londonmålet, og førte i tillegg inn fleire påverknadsformer frå t.d. nederlandsk (gjennom William Caxton).

- Endeleg er det tale om påverknad frå romanske språk igjen på 1600-talet. Låna derifrå vart som oftast nytta med original stavemåte.

På grunn av denne kombinasjonen av ulike prinsipp for staving (frå ulike tidspunkt) er grafem-fonem-korrespondansen i engelsk vorten irregulær og fleirtydig. Korrespondansen er irregulær ved at stavinga i mange ord er særmerkt for nettopp det ordet (t.d. *among*, *eye*, *quay*, *friend*, *hour*, *who*, *you* etc.), og han er fleirtydig ved at den same bokstaven kan representere nokså ulike lydar (og omvendt) (jf. Coulmas 1999:144). No finst det irregularitet og fleirtydigheit i dei fleste språk, men engelsk merker seg likevel ut ved at omfanget er langt større: Det skal ho vore registrert 1120 ulike grafem for dei 40 fonema i engelsk (sst.). Rett nok er ikkje alle samde i at engelsk ortografi er irregulær: Chomsky og Halle (1968) hevdar at det engelske stavesystemet er eit optimalt ortografisk system for engelsk språk, pga. ein underliggjande systemregularitet. Til det kommenterer Florian Coulmas (1999:143): “However, because such underlying rules are highly abstract, they may not be easily discovered.”

Ei oversikt over ortografiske problem ved bruk av anglisismar i norsk finst i Helge Sandøys utgreiing for Norsk språkråd, *Lånte fjører eller bunad?* (1997a). Tilsvarende for andre nordiske språk finst mellom anna i *Språk i Norden 1980*. Delkapitla kjem nærmare inn på korleis ein i dei ulike språksamfunna har takla dei ortografisk utfordringane knytte til engelskpåverknaden.

For morfologisk påverknad er det særleg spørsmålet om bruk av fleirtals-s i ubestemt form fleirtal av substantiv som har valda problem og diskusjon (jf. Söderberg 1983). Fleirtals-s kjem vi nærmare inn på under handsaminga av dei einskilde språksamfunna.

4.3 Omfanget av engelske lån

Så langt har vi sett på *korleis* ein låner frå engelsk i dei skandinaviske språka. No skal vi gå inn på *omfanget* av det som vert lånt. Kjelda for kunnskap om lånordomfanget er fleire nye granskingar kring engelskpåverknaden i løpet av 1980- og 1990-talet. Vi skal her i hovudsak halde oss til granskingar som gjeld leksikalske lån.

4.3.1 Omfanget i dansk

Innslag av engelske lånord i dansk er dokumentert av Sørensen (1973, 1995), med grundige filologiske kommentarar. Tendensen er hos honom heilt klart at omfanget av engelskpåverknaden aukar, og at han gjeld dei fleste av språkdomena. Ei av dei fyrste statistiske bearbeidingane av eit tekstmateriale er gjort av Lars Brink (1988), og han fann 1–2 % engelske ord (direkte lånord) i utvalde tekstprøver på 200 ord frå ulike sjangrar. Ei anna utrekning er gjort av Pia Jarvad i *Nye ord – hvorfor og hvordan* (1995:108 f.). Etter mønster av Martin Gellerstams svenskgransking frå 1973 har Jarvad nytta *Dansk frekvensordbog* (Bergenholtz 1989), som dekkjer perioden 1987 til 1988, som kjelde. Ho har teke føre seg dei 5000 mest frekvente orda, dei som dekkjer kring 80 % av ordbruken, og funne at 33 av desse er direkte engelske lån. Kring 0,8 % av orda kan då seiast å vere engelske lån. Jarvad syner òg til ei stikkprøve over 100 000 ord i 13 danske bøker skrivne på 1980- og 1990-talet, der viser det seg å vere ein gjennomsnittleg prosentdel av engelske ord på kring 0,2 %.

Pia Jarvad har i nyordboka *Nye Ord. Ordbog over nye ord i dansk 1955–1998* (1999a) registrert 10 000 nyord, og definert, beskrive og illustrert dei med eksempel frå tekstar.⁴³ I artikkelen “Den engelske påvirknings art og mængde” (Jarvad 1999b:110) har Jarvad systematisert desse nyorda i høve til engelskpåverknad, og kome fram til desse tala:

• Lån frå andre språk enn engelsk	5 %
• Direkte lån frå engelsk (ordformer, frasar og namn: <i>rave, never mind</i>)	13 %
• Hybridlån frå engelsk (<i>hårspray</i>)	14 %
• Pseudolån frå engelsk (<i>bigshopper</i>)	2 %
• Tydingslån frå engelsk (<i>turbulent, dumpe atomaffald</i>) og omsetjingslån frå engelsk (<i>posedame</i>)	9 %

⁴³ Denne nyordboka byggjer delvis på ei revidering og ajourføring av det materialet Pia Jarvad gav ut i den førre nyordboka, *Nye ord i dansk 1955–1975* (då som Pia Riber Petersen).

- Heimlege danningar
(salgsbrev, reservebestemor)

57 %

Som Jarvad er inne på, kan desse tala nyttast som argument både for påstandar om at engelskpåverknaden er stor, og at han er liten.

Argumentet for at påverknaden er stor, kan ein få støtte for ved å setje saman alle typar av “lån” (direkte lån, hybridar, pseudolån, tydingslån og omsetjingslån) som kjem frå engelsk, og setje desse opp mot dei heimlege orddanningane. Då kjem ein opp med 38 % engelske lån og 57 % heimlege danningar. Omvendt kan ein take utgangspunkt i berre dei direkte låna, der det kjem 13 % frå engelsk, og seie at dei andre typane av lån alle har eit så sterkt heimleg innslag at det vert problematisk å kalle dei for lån. Frå dette utgangspunktet kan ein seie at heile 82 % er danna av dansk språkstoff. Her høyrer det òg til at 5 % av orda i Jarvad sitt materiale er direkte lån frå andre språk enn engelsk (spansk, fransk etc.).

Talmanipuleringa illustrerer at ein må vere varsam når ein vurderer ytringar om omfanget av språkpåverknad frå engelsk. Det er ikkje nok å telje – ein må også vurdere kva funksjon orda har i teksten.

Pia Jarvad har òg laga ei oversikt over kor mange av nyorda som er av engelsk opphav på dei ulike tiåra i etterktigstida.⁴⁴

1950-talet	40 % av engelsk opphav
1960-talet	35 % av engelsk opphav
1970-talet	28 % av engelsk opphav
1980-talet	30 % av engelsk opphav
1990-talet	31 % av engelsk opphav

Når det gjeld fagspråk, har Roger Reidinger skrive ei doktoravhandling om språkpåverknad i populærvitskapelege tekstar om genteknologi, og jamført svensk, dansk og tysk: *Etymologie und Anpassung gentechnologischer Termini in schwedischen, dänischen und deutschen populärwissenschaftlichen Texten* (1997). Forskingsresultata er presenterte i Reidinger 1999. I dette materialet har dansk 3,9 % av dei frie morfema frå engelsk (t.d. *genetic engineering*) og 3,1 % av komposisjonsledda derifrå. Denne engelskprosenten er litt høgare enn for svensk (0,7 % av frie morfem og 1 % av komposisjonsledd). Likevel er skilnadene småe, og engelskpåverknaden på dansk, målt i samanhengande tekstar, er låg i høve til det heimlege tilfanget (som står for 22,4 % av dei frie morfema og 22,3 % av komposisjonsledda) og særleg låg i høve til påverknaden frå gresk og latin (med 65,3 % av frie morfem og 32,1 % av komposisjons-

⁴⁴ Presentert av Pia Jarvad på seminar i Helsingfors 4. november 2000.

ledda). Av latinske komposisjonsledd er 2 % heilt sikkert komne frå engelsk, medan 5 % anten har kome frå engelsk eller fransk (s. 232), dvs. nokså likt tala for svensk. (Direkte frå latin kjem kring 60 %, noko som er seks prosent meir enn i svensk.)

4.3.2 Omfanget i svensk

Eit tidleg forsøk på å kvantifisere engelskpåverknad er gjort av Martin Gellerstam (1973). Med basis i ei frekvensordbok (med materiale frå 1965) tok Gellerstam føre seg dei 6000 mest frekvente orda, og granska etymologisk opphav. Resultatet viser at av dei 1000 mest frekvente orda var der ingen engelske lån. Deretter låg dei engelske orda på kring 1 % av ordtilfanget. (Sidan dei 100 aller mest frekvente orda i gjennomsnitt står for ca. 45 % av alle ord, vil den samla prosentdelen av engelske ord verte nokså låg.)

Ei meir grundig frekvensgransking kom i gang i 1981 med prosjektet *Engelskan i Sverige*. Resultat derifrå er presenterte og analyserte m.a. i prosjektleiaren Magnus Ljung sine verk *Lam Anka – Ett Måste?* (1985) og *Skinheads, hackers & lama ancor* (1988). Ljung tok utgangspunktet i eit korpus på kring 500 000 ord henta frå aviser og tidsskrift i 1983 og 1984. Han inkluderte berre nyare direkte lån, dvs. ordformer som ikkje var registrerte i *Svenska Akademiens Ordlista* frå 1973 og tidlegare. Ljung kom fram til eit gjennomsnitt på 4,24 engelske lånord per 1000 ord (dvs. 0,42 %). Frekvensen varierte etter sjanger og teksttype: I datablad var der eit snitt på 19,3 engelske ord per 1000 ord. I allmennskrifter var talet så lågt som 1,88 ord per 1000 ord. I avistekstar var engelskfrekvensen 0,33 %. Det går ikkje fram av Ljungs utgreiing om han har analysert all tekstmengd i dei ekserpererte avisene. Mykje tyder på at han har gjort eit utval av tekstar, men det går ikkje klårt fram kva slags tekstar han har valt (jf. Chrystal 1988:24).

Judith-Ann Chrystal har i avhandlinga *Engelskan i svensk dagspress* (1988) granska 48 aviser frå heile Sverige i 1984. Desse avisene omfattar både hovudstadsaviser, regionaviser og lokalaviser; dessutan er finlandssvenske aviser med som eigen kategori. Chrystal finn her 2,5 moderne engelske lånord for kvar 1000 ord (dvs. 0,25 %). Chrystal har sett *Svenska Akademiens Ordlista* frå 1950 som grense for moderne anglisismar; ord som er registrert i 1950 og tidlegare, vert ikkje inkluderte. At hennar tal så er lågare enn Ljungs tal, forklårer ho mellom anna med at Ljung har konsentrert seg om storbyavisene. Bruk av engelske ord er altså i større grad eit storbyfenomen.

No var ikkje Chrystal fyrst og fremst oppteken av *talet* på engelske lånord; hennar fokus låg på låneprosessen, og ho åtvara mot å tolke hennar tal som at påverknaden frå engelsk var liten og uviktig. (Tala hennar er likevel vortne brukte av fleire som vil

poengtere at dei meiner påverknaden frå engelsk er liten, t.d. av Finn-Erik Vinje 1991.)

Chrystal skil mellom 13 ulike emneområde for redaksjonelle tekstar og 9 for annonsetekstar. Her er det òg ein del ulikskapar i talet på engelske lånord. Prosenttalet viser her til omfanget av engelske lån i tekstmaterialet som heilskap:

<i>Redaksjonell tekst</i>		<i>Annonsetekst</i>	
1. Nöjen	31,0 %	1. Bil/båt	24,0 %
2. Sport	31,0 %	2. Nöjen	20,0 %
3. Almän- reportage	16,0 %	3. Teknik	18,0 %
4. Lokalt	5,5 %	4. Hush/fas	11,0 %
5. Inrikes	5,5 %	5. Mode/skön	8,0 %
6. Kultur	5,0 %	6. Plats	7,5 %
7. Ekonomi	4,0 %	7. Fri/resor	7,0 %
8. Insändare	4,0 %	8. Bekentskap	1,0 %
9. Utrikes	3,0 %	9. Övrigt	3,5 %
10. Resor/fri	1,0 %		
11. Ledare	1,0 %		
12. Politik	0,8 %		
13. Familj	0,2 %		

All tekstmengd i avisene er ekserpert, også annonsane, og Chrystal har skilt mellom ulike område både for redaksjonelt stoff og annonsestoff. Dei tre områda med flest engelske lånord i redaksjonell tekst (underhaldning, sport og allmennreportasjer) utgjer 44 % av redaksjonsstoffet og har 70 % av alle engelske importorda. Dei tre områda som har flest engelske lån i annonsetekstane (bil/båt, underhaldning og teknikk) har der til saman 62 % av alle engelske importorda. Det er derimot ikkje opplyst om kor mykje desse emneområda utgjer av annonsetekstane som heilskap.

Chrystal har registrert 6800 ordeksemplar og 1014 ordtypar. Av ordtypane viser 41 % seg å vere etablerte. I fordelinga mellom etablerte, interime og ikkje-integrerte lån skil stoffområda seg frå kvarandre. Av redaksjonell tekst har innanriksstoff, sport og lokale nyhende flest etablerte lån (mellom 92 og 94 %). Mest ikkje-integrerte lån finn ein i kulturstoffet, medan dei interime låna er mest konsentrerte til underhaldning og sport. I annonsetekstane er flest ikkje-integrerte lån i underhaldning, fritid/reiser og plassannonsar (til saman 61 % av dei ikkje-integrerte låna). Færrest ikkje-integrerte lån finn ein i annonsar med tilknytning til heim og hushaldning.

I *Nyord i svenskan frå 40-tal till 80-tal* (1986) er der nemnt ca. 1400 sikre engelske lånord. Det viser seg at kring 40 % av desse er direkte lån, medan omsetjingslån og

tydingslån utgjer 57 %. Dei resterande 3 % er hovudsakleg hybridlån (Chrystal 1991:113).

Kristina Jämtelid har i studien *Engelska lånord förr och nu* (1996) jamført avistekstar frå åra 1965 og 1995 innanfor emneområda teater, film og musikk. Studien viser at der på tretti år har skjedd ein viss auke i talet på lånord, t.d. har direktelån gått frå 0,8 % til 1,2 %, tydingslån frå 0,05 % til 0,08 %, omsetjingslån frå 0,09 % til 0,2 %, semantiske lån frå 0,09 % til 0,8 %. Talet på lånord må seiast å vere relativt lågt, ikkje minst når ein tek omsyn til at det er tale om m.a. film- og musikktekstar. Granskinga viser derimot ein interessant skilnad i at dei engelske låna i 1965 i større grad vart markerte metaspråkleg eller gjennom forsøk på omsetjingar (s. 28). I 1995 merker ein i fylgje Jämtelid ikkje så lett at det er tale om eit engelsk lån.

For fagspråk viser Roger Reidinger (1999) si undersøking av populærvitskaplege tekstar om genteknologi at viser det seg at for frie morfem (t.d. *DNA*) er det tale om engelskpåverknaden i 0,7 % av orda, medan prosenttalet for komposisjonsledd (t.d. *insulin*) er 1,0 %. Det er forsvinnande lite i høve til ord som er av heimleg materiale (30,9 % og 27,6 %) og ord som er danna etter påverknad frå dei klassiske språka latin og gresk (58,6 % og 34,7 %). Av det klassiske ordmaterialet er mykje formidla gjennom andre “ikkje-klassiske” språk, særleg tysk, fransk og engelsk. Reidinger har i den samanhengen granska kva vegar dei latinske komposisjonsledda fylgjer, og kjem fram til at 46 % av desse ikkje kjem direkte frå latin, og at det er den tyske tilpassings-tradisjon som står sterkast med 27 % av dei samla komposisjonstala (t.d. i ordformer som *bakterie*, *cell*, *kromosom*), medan den engelske tilpassinga står for mellom 0 og 5 % (t.d. *hybrid*, *molekyl*) (s. 232). (Ein annan konklusjon er at svensk framstår som noko mindre engelskpåverka enn dansk og tysk.)

Judith-Ann Chrystal (1988) har i si undersøking teke med fire finlandssvenske aviser (ei hovudstadsavis og tre provinsaviser). Det viser seg at dei finlandssvenske avisene har færre engelske lån enn dei rikssvenske. Medan 2,75 av kvar 1000 ord i dei rikssvenske avisene er av engelsk opphav, er det tilsvarende talet for finlandssvensk 1 (s. 180). Det viser seg i staden at ein i finlandssvensk har fleire omsetjingslån enn direkte lån (s. 186). Christina Melin-Köpilä har i doktoravhandlinga *Om normer och normkonflikter i finlandssvenskan* (1997) granska 287 skriftlege arbeid frå finlandssvenske elevar, og dokumenterer der fåe innslag av direkte engelske lån. Derimot finn ho, til liks med Chrystal, svært mange indirekte lån (fyrst og fremst frå finsk). Dei indirekte låna frå finsk gjer tydelegvis at ein har færre direkte engelske lån i finlandssvensk enn i sverigesvensk: Ein er så orientert mot finsk at ein “overtok” den meir puristiske finske praksisen med omsetjingslån for engelske ord (ved å omsetje frå finsk).

4.3.3 Omfanget i færøysk

Ei gransking av nyord er gjord av Ulla Clausén i *Nyord i färöiskan* (1978). Clausén tok ut 580 nyord frå færøyske aviser i perioden 1974–75, og av desse klassifiserte ho 55 som genuint færøyske, 330 som lånord eller indirekte lån frå eller via dansk, 17 som omsetjingar av internasjonale ord og 178 som omsetjingslån frå islandsk. Av dei 330 orda som i fylgje Clausén kjem ifrå dansk, er der fleire importord med engelsk opphav, t.d. *charterfly* > *charterflogfar*, *cupturning* > *cupkapping* (s. 116f.), men ho talfestar ikkje engelskpåverknaden.

Det er gjort ein større studie av engelskpåverknad på færøysk, Tórður Jóansson si doktoravhandling *English loanwords in Faroese* (1997). Denne er vinkla leksikografisk og språkhistorisk, og vurderer einskildord grundig. Det generelle inntrykket åt Jóansson er at talet på engelske lånord har auka monaleg i løpet av dei siste tiåra. Det er alminneleg å rekne med at dette talet er noko større i færøysk enn i islandsk, men samstundes mindre enn i skandinavisk. Det vert derimot ikkje gjort noka statistisk testing. Det eksisterer heller ikkje noka statistisk gransking av løpande tekstar i færøysk.

Ein har i færøysk gjort eit omfattande arbeid for å lage nyord, også for engelske ord (jf. Poulsen 1989), men pga. slike nyord ikkje alltid slår gjennom i bruk, er det vanskeleg å nytte dei som sanningsvitne for mindre engelskpåverknad.

4.3.4 Omfanget i norsk

I den norske nyordboka (med ord frå perioden 1945-1975) vert det ymta fram på at kring 80-90 % av alle nyord med utanlandsk opphav kjem frå engelsk (Leira 1982:15). I det prosenttalet er det teke med alle typar lån, både direkte og indirekte, dessutan er det inkludert lån som kjem frå andre språk via engelsk og lån frå engelsk via t.d. svensk.

I *Nynorskordboka* frå 1986 skal der vere 1384 ord (av 90 000 oppslagsord) som kjem frå engelsk, og det gir ein engelskprosent på 1,6 (Venås 1985:38). Sandøy (2000b:20) har teke utgangspunkt i 2. utgåva av *Nynorskordboka* der det er 1564 ord frå engelsk. Framleis er det tale om ein liten del av oppslagsorda (1,6 %), men ser ein på ordstammane som det er 29 844 av, vert engelskprosenten på 5,2 %. Av det samla omfanget av importord, dvs. 44 % av ordstammane, er engelskprosenten på 12 %. Til samanlikning er tala for ordstammar frå latin 31 %, frå gresk 16 %, frå lågtysk 15 %, frå fransk 15 % og frå italiensk 3 % av importorda.

For frekvensen av engelske lånord i løpande tekstar finn vi ein del målingar i nokre nyare hovudfagsoppgåver frå Universitetet i Oslo: Ingrid Ann Devenish (1990) har

granska poppspaltene i *Aftenposten*, *Arbeiderbladet* og *VG*, Inger Valberg (1990) har granska motestoff i osloaviser og vekeblad, og Grethe Grønli (1990) har granska reklamespråk i *Aftenposten* og *A-magasinet*. Desse tre hovudoppgåvene avgrensar materialet til å gjelde direkte engelske lån, og frekvensen av desse utgjer mellom 12 og 16,5 av kvar 1000 ord, dvs. mellom 1 og 2 %. Grethe Grønli har i si oppgåve vist til at det frå 1969 til 1989 har skjedd ei dobling av talet på direkte engelske lån i annonsetekstane. Når ein tek omsyn til at det samla volumet av annonsevolumet har auka, vert også det samla talet på anglisismar høgare (jf. Johansson 1992:78). Hanne K. Johannessen (1999) har i ei nyare hovudfagsoppgåve undersøkt tekstar frå Luftfartsverket, og funne i gjennomsnitt 21 engelske lånord pr. 1000 ord. I hennar materiale er omfanget størst i intern korrespondanse (30 ord) og minst i offisielle dokument (14 ord).

I skjønnlitteraturen er talet på anglisismar lågare. I Anne Kristin Eriksen (1992) si hovudfagsoppgåve vert det på grunnlag av ti nyare norske romanar og noveller innanfor krimsjangeren kome fram til eit snitt på to lån per 1000 ord (dvs. 0,2 %), med ein variasjon på mellom eitt og fire ord i ulike tekstar.

4.3.5 Tendensar

Dei granskingane som her er nemnde, gir verdfull innsikt, ikkje minst om fordelinga av anglisismar i høve til emne, og om stilistiske og pragmatiske aspekt. Vi “veit” i dag at der er større innslag av engelske lånord i stoffområde som har med underhaldning, mote, sport og teknikk å gjere, og at bruken er knytt til ulike pragmatiske funksjonar der språkkulturelle verdiar, haldningar og orientering kjem til uttrykk.

Samtidig er det ut frå den eksisterande forskinga vanskeleg å gi klare svar på kva for eitt av dei skandinaviske språka som har størst eller minst omfang av engelske lånord. Granskingane er ikkje omfattande nok eller metodisk stringente nok til det. Kriteria for frekvensmåling er ulike, likeins kan kriteria for kva slags lån ein inkluderer, og korleis ein klassifiserer lån, variere. Der er også avgrensingar og ulikskapar som gjeld val av teksttype, sjangrar og kontekstar. Ei komparativ gransking måtte ha teke føre seg eit spesifikt utval av domene (tekstsortar) og ulike sjangrar innanfor desse domena, og så gjere nordiske jamføringar.

Eit anna metodisk problem gjeld funksjonen dei engelske lånorda har strukturelt og pragmatisk. Dèt poenget er framheva av leksikograf Dagfinn Worren, som på vegner av Noreg Mållag meiner det er “uvitskapleg” å berre vurdere engelsk-påverknaden statistisk:

Vi undrar elles oss over somme språkvitskapfolk som står fram og bagatelliserer anglolåna i norsk. Det vert vist til at desse låna utgjer ein svært liten del av orda i ein tekst. Då ser ein bort frå at desse anglolåna i hovudsaka høyrer til *innhaldsorda*, og at innhaldsorda utgjer ein heller liten del av ein tekstmasse. Men det er innhaldsorda som i hovudsak formidlar budskapen og dermed tenkjemåten og verdigrunnlaget til den som skriv eller talar. Difor er ikkje prosentdelen av anglolån av den samla tekstmassen noko rett bilete på den verknaden desse låna har på norsk språk. Ei slik prosentvurdering er såleis beintfram uvitskapleg. (Brev frå Noregs Mållag v/ Dagfinn Worren til Norsk språkråd, 16. mai 1991.)

At engelsklåna utgjer innhaldsord er (i alle fall indirekte) også eit poeng hos Bent Preisler (1999): I somme subgrupper er det nettopp ved å formidle visse verdiar og identitetsband at engelske ord har sin særeigne funksjon.

Eit tredje metodisk problem gjeld handsaminga av namn. Som nemnt ovanfor er det vanlege å ekskludere eigennamn og varemerke frå frekvensteljingar (jf. Chrystal 1988:18f., 28f.). Men dersom ein utelet namn og varmerke frå det ein tel opp som lånord, men samtidig ikkje utelet namn og varemerke frå det totale omfanget av ord i tekstane, får ein ei feilkjelde. Namn kan nemleg utgjere ein stor del av det samla ordtilfanget.

Det kjem hos Chrystal (1988) og andre ikkje heilt klårt fram korleis dei handsamar namn (personnamn, institusjonsnamn) i teljinga av ordtilfanget som heilskap. Det verkar likevel som om ein ikkje har ekskludert namna som alt finst i dei svenske tekstane ein bruker som samanlikningsgrunnlag. (I samband med Oslo-korpuset av tagga norske tekstar [Dokumentasjonsprosjektet] er det til ein viss grad mogleg å skilje ut eigennamn, jf. vev-sida: <http://www.tekstlab.uio.no/norsk/bokmaal/>.)

Om vi no ser vekk frå dei metodiske veikskapane ved den eksisterande forskinga, kan vi så langt gjere åtte slutningar:

1. Talet på engelske lånord utgjer ein relativt liten del av det samla ordtilfanget målt i løpande tekstar. Det er altså lite som tyder på at engelsk har “overskylt” dei skandinaviske språka.

2. At det samla talet på engelske lånord er lite, vil likevel ikkje nødvendigvis seie at påverknaden er liten. I tillegg til frekvensmålingar har ein òg spørsmålet om engelskinnslag blant nyorda, korleis engelske ord vert opplevde av språkbrukarane og om dei engelske orda er etablerte eller ikkje-integrerte.

3. Av nyord utgjer engelske direkte lån ein ikkje uvesentleg del (jf. Jarvads gransking). Reknar ein med dei indirekte låna vert omfanget endå større. Samstundes

vert det også lånt frå andre språk, og dei fleste nyorda vert framleis danna ut frå heimleg materiale.

4. Omfanget av engelsk er ulikt mellom ulike stoffområde, sjangrar og teksttypar. Tekstar som vender seg til eit meir allment publikum, har færre anglisismar enn tekstar som er klårt fagspesifikke eller retta mot t.d. eit ungt eller “hipt” publikum.

5. Dei engelske orda utgjer i stor grad innhaldsord som formidlar mykje av meininga i tekstane. Dei kan òg få ein meir sentral plass i teksten (Chrystal 1988:192). Det kan vere med på å forklåre kvifor mange opplever engelskpåverknaden som større enn det frekvensgranskingar får fram.

6. Der ser ikkje ut til å vere nokon vesentleg skilnad mellom dei skandinaviske språka når det gjeld omfanget av engelske lån (dvs. når ein ikkje skil mellom tilpassa og ikkje-tilpassa lån). Jamvel om der er ulikskapar i lånetypar og lånestrategiar, viser ingen oversikter eit vesentleg større innslag av engelske lån i t.d. dansk enn i svensk og norsk. Det kan kanskje kome som ei overrasking på ein del nordmenn: Dansk nyttar engelske ord der ein i norsk nyttar ord av heimleg materiale, t.d. *discount*, *computer*, *homeshopping*, *coaster*, *sound bite* og *spin doctor*. På den andre sida finst det nok av døme på det motsette, t.d. *lunsj*, *fake*, *gøy*, *happy*, *important* og *å goale/gålle*. (Knud Sørensen legg i ei melding av to anglisismeordbøker vekt på dei mange anglisismane han meiner ein kan finne i nettopp norsk, jf. Sørensen 1999:148.) Det finst dessutan fleire døme på at ein i norsk nyttar eit direkte lån, der ein i dansk har fått eit omsetjingslån, t.d. *fighting spirit* vs. *fighterånd* og *no man's land* vs. *ingenmandsland* (jf. s. 146). Men låna opptre i ulike domene, har ulike funksjonar og ulik verdi etc. Det som truleg gjer at mange nordmenn oppfattar talet på engelske lån i dansk som stort, er at dei i dansk stort sett vert ståande ortografisk utilpassa.

Tallhage (1991) har i ei studentgransking hevda at der var fleire direkte engelske lån i norsk enn i svensk, men hennar syn har ikkje fått gjennomslagskraft. Der er ingenting i dei omfattande frekvensgranskingane som tyder på at Tallhage har rett (jf. Graedler og Johansson 1995:284f.).

7. Dei engelske låna vert integrerte på ulikt vis i dei ulike språka. Dansk skil seg ut ved at det der i mindre grad skjer ei ortografisk tilpassing. (Det skal vi kome nærmare inn på i underpunkta om ortografisk purisme i dei einskilde analysane av språk-samfunna.) I Chrystals gransking av svenske avistekster var 41 % av anglisismane ikkje-integrerte. Ein kan i og for seg hevde at når orda er vortne ortografisk tilpassa, er dei vortne tilnærma “heimlege”. Akkurat det poenget er ei relevant innvending imot å nytte frekvensteljingar utan å take omsyn til tilpassingsstrategiar. Det er ikkje nok å telje, ein må også tolke.

8. Når det gjeld dei meir djupareliggjande sidene ved språket, som morfologi, semantikk og syntaks, er det framleis for få komparative granskingar til at vi kan seie noko om kor vidt dansk er mindre eller meir påverka av engelsk enn norsk og svensk.

4.4 Engelsk som “verdsspråk”

Utgangspunktet for engelskpåverknaden er den statusen språket har tileigna seg internasjonalt. Ikkje berre er engelsk mest utbreidd i flest land – i 1997 var engelsk offisielt språk i 74 statar fordelt på alle seks kontinenta (Crystal 1997b:57f.); engelsk er også det mest utbreidde kontaktspråket, og dominerer i internasjonale organisasjonar og institusjonar, i forretningsliv, litteratur, massemedium, turisme, idrett, teknologi og vitskap. David Crystal gir i *Cambridge Encyclopedia of Language* ein illustrasjon av kor omfattande bruken av språket er:

Over two thirds of the world’s scientists write in English. Three quarters of the world’s mail is written in English. Of all the information in the world’s electronic retrieval systems, 80 % is stored in English. People communicate on the Internet largely in English. English radio programmes are received by over 150 million in 120 countries. Over 50 million children study English as an additional language of primary level; over 80 million study it at secondary level (these figures exclude China). In any one year, the British Council helps a quarter of a million foreign students to learn English, in various parts of the world. Half as many again learn English in the USA. (Crystal 1997a:360.)

4.4.1 Brukartal

Det er ikkje heilt enkelt å talfeste kor mange som bruker eller er i stand til å bruke engelsk. For kva vil det seie å “bruke engelsk”? Kva krav skal ein stille til engelsk-kompetanse, til bruksfrekvens og til munnleg og skriftleg bruk? I den internasjonale forskinga er det ikkje etablert klare kriterium for å vurdere slike faktorar, og dermed er der ulike tal i omløp. Det er like fullt semje om å skilje mellom i alle fall tre ulike brukargrupper (jamvel om der ikkje er semje om kva som kjenneteiknar gruppene):

1. Dei med *engelsk som morsmål* eller *fyrstespråk*.

Desse brukarane er i hovudsak busette i område der engelsk dominerer, særleg Storbritannia, USA, Canada, Australia, New Zealand, Irland, Sør-Afrika og dei vest-indiske øyane. Utrekningar tilseier at dette dreier seg om ca. 350 millionar menneske (McCrum et al. 1992:9, Crystal 1997:60). I Norden er det eit fåtal som høyrer til denne

gruppa: Norske tal viser om lag 20 000 med engelsk som fyrstespråk busette i Noreg (Engen og Kulbrandstad 1998:104).⁴⁵

2. Dei med *engelsk som andrespråk*.

Med termen ‘andrespråk’ vert det her føresett at engelsk ikkje er fyrstespråket, men på same tid tileigna i eit miljø der engelsk er i allmenn bruk både som daglegspråk og i meir institusjonelle samanhengar (jf. definisjonane i Engen et al. 1998:24 og Ellis 1994:12). Andrespråksbrukarar vil såleis vere aktivt tospråklege (Ellis 1994:12). I fylgje Einar Haugen (1953:7, 1990:13) sin definisjon av tospråklegheit, vil alle som bruker meir enn eitt språk vere tospråklege: “Det betyr ikke nødvendigvis at man mestrer alle nyanser eller hele registeret; det er nok å forstå det talte og kunne lese det skrevne,” skriv Haugen (1990:13). Haugen er såleis av den oppfatninga at “De skandinaviske folk er godt på vei til å bli tospråklige, med engelsk som annetspråk til bruk i alle former for internasjonalt samkvem.” (s. 73). Ein definisjon i ekstremt motsett lei står Leonard Bloomfield (1933:56) for: I fylgje honom må tospråklege personar ha ein kompetanse i baa språka som svarar til dei med språka som morsmål har. Då vil det verte nokså fåe som kan seiast å vere tospråklege, og i alle fall ikkje særleg mange i Norden.

Problemet med både Haugens og Bloomfields definisjonar er at dei berre tek omsyn til *kompetanse* i andrespråket. I moderne tospråklegheitsforskning vil ein også inkludere brukskonteksten (innlæringsstrategi, bruksituasjon og bruksføremål), emne, samtalepartnar, haldningar etc. (jf. Romaine 1995; Engen og Kulbrandstad 1998:24).

I ein slik samheng kan ein seie at mange av dei som bur i Norden, opptre i andrespråkssituasjonar med engelsk: Dei les, skriv eller talar engelsk ofte, stundom dagleg, i visse spesifikke kontaktar, men bruker heimespråket elles. Det kan gjelde t.d. konsulentar i selskap med engelsk som administrasjonsspråk, forskarar ved universitet, eller ungdom på internett-kafé som kommuniserer dagleg på engelsk på Internett. (Vi ser her vekk frå dei som har engelsk som morsmål.) Ein vekslar då mellom engelsk og morsmålet avhengig av domene, samtalepartnar, emne og funksjon (jf. Preisler 1999 si gransking av bruken av engelsk hos medlemmer av ulike subgrupper).

Kor mange dette gjeld, er vanskeleg å seie; det eksisterer enno ikkje granskingar som har talfesta andrespråksgruppa. Det vil elles vere gradar av tospråklegheit blant dei som er i såkalla andrespråkssituasjonar. Der er forskning som tyder på at dei

⁴⁵ I norsk grunnskule er engelsktalande den andre største gruppa av framandspråklege med 3029 elevar. Berre urdu har fleire med 4746 elevar. (I fylgje Statistisk sentralbyrå sine tal for 1999, jf. Internett: <<http://www.ssb.no/utgrs/tab-2000-05-19-02.html>>.)

tospråklege gruppene i alle fall finst, og at dei er i vekst, av di dei tospråklege situasjonane er i vekst (jf. Hyltenstam 1999, Preisler 1999a, Phillipson 1992). Robert Phillipson hevdar i *Linguistic imperialism* (1992:25) at engelsk er vorte eit andrespråk i dei nordiske landa, og at det vert viktigare i stadig fleire domene. For å oppnå høgare utdanning og få tilgang til fleire viktige yrke, er det nødvendig å ha ein viss kunnskap i engelsk. I Sverige har det vore gjort fleire forsøk med tospråkleg undervisning, der engelsk vert brukt som undervisningsspråk i fleire fag. Føremålet er her heilt eksplisitt å fremje tospråklege elevar (jf. Hyltenstam 1999). I Danmark vart det alt i 1976, i *Undervisningsvejledning for folkeskolen 2, fremmedsprog*, sagt at føremålet med engelskundervisninga var å gjere elevane til tospråklege med engelsk som andrespråk. Denne målformuleringa er fjerna, men er seinare gjenteken av danske skulepolitikarar (jf. Preisler 1999a: 55). I Noreg finn vi mindre av denne type utsegner.

I skuleverket generelt verkar det som om engelsk framleis har status som framandspråk: Dei tospråklege undervisningsopplegga er meir unntak enn regelen. Det er såleis *utanfor* skulen ein må gå for å vurdere spørsmålet om tospråklegheit og andrespråkssituasjonar.

Sett i eit internasjonalt perspektiv finn vi aktiv tospråklegheit med engelsk som andrespråk blant eliten i fleire tidlegare britiske kolonimakter, t.d. India og fleire afrikanske land. Det kan òg gjelde folk med anna morsmål enn engelsk i engelskdominerte land, t.d. spansktalande i USA. I tillegg kan det gjelde dei som bruker engelsk som arbeidsspråk, eller vekslar mellom engelsk og heimespråk i arbeidssituasjonar eller internasjonale kommunikasjonssituasjonar. Det finst ingen sikre tal for kor mange som til saman har engelsk som andrespråk. Dersom vi tek utgangspunkt i statistikk frå UNESCO (1995), *Encyclopedia Britannica Yearbook* (1996) og *Ethnologue: languages of the World* (1992, 12. utg.), vil vi kome til eit tal på kring 235 millionar (Crystal 1997:55f.). David Crystal (sst.) som presenterer desse tala, meiner at desse tala er for svake av di statistikkane ikkje er fullstendige: 350 millionar er eit meir sannsynleg tal, hevdar han i 1997 (s. 61); over 400 millionar, hevdar han i 1998, utan å gjere særleg greie for utrekningsmåten (Crystal 1998: 289, 360).

3. Dei med *engelsk som framandspråk*

Eit 'framandspråk' er ikkje fyrstespråket åt brukarane, og skil seg frå andrespråket ved å vere tileigna utanfor det miljøet der engelsk er i allmenn bruk, og ved at det ikkje vert nytta i tospråklegheitssituasjonar (jf. diskusjonen om forholdet mellom "second language" og "foreign language" hos Ellis 1994:12). Grenseoppgangen er likevel problematisk. Det rår ulike oppfatningar om kor sterke krav ein skal stille til språkkompetanse og brukskontekst, og korleis ein skal vurdere språkhaldningane.

Kor mange som internasjonalt har engelsk som framandspråk, er vanskeleg å fastsetje. Det finst tal på mellom 100 millionar og 1 milliard (sst.). Crystal meiner talet er kring *670 millionar* (sst.), men gjer ikkje særleg greie for utrekningsmåten. Det er innlysande at det i denne gruppa er stor variasjon når det gjeld språkkompetanse og bruksfrekvens. Hovudpoenget her er at ein med engelsk som framandspråk er i stand til å bruke eller reint faktisk bruker engelsk i ulike situasjonar utanom morsmåls-sfæren.

Det samla talet på dei tre brukargruppene varierer hos ulike forskarar: McCrum et al. (1992:9) er varsame, og meiner at talet er på minst 750 millionar , medan Crystal (1997: 5) refererer til mellom 1,2 og 1,5 milliard. Det eksisterer òg talfestingar på opp mot 1,8 milliardar (sst.). Talvariasjonen heng fyrst og fremst saman med ulike syn på kor stor gruppe tre er.

4.4.2 Engelsk i tevling med andre språk

Med utgangspunkt i Crystal (1988:287; 1997:289) kan vi setje opp ei uformell 15-på-topp-liste over dei mest brukte språka i verda. Det er her berre tale om morsmål (fyrstespråk) og om offisielle språk; andrespråk og framandspråk er ikkje med. Tala er gjengitte i millionar; dei som står til venstre i tabellen er relativt nye (1990-talet), medan tala til høgre er henta frå 1980-talet:

Morsmål (fyrstespråk)		Offisielt språk (eldre tal)	
1 Kinesisk	1071	1 Engelsk	1400
2 Engelsk	427	2 Kinesisk	1000
3 Spansk	266	3 Hindi	700
4 Hindi	182 (223 m/urdu)	4 Spansk	280
5 Arabisk	181	5 Russisk	270
6 Portugisisk	165	6 Fransk	220
7 Bengali	162	7 Arabisk	170
8 Russisk	158	8 Portugisisk	160
9 Japansk	124	9 Malayisk	160
10 Tysk	121	10 Bengali	150
11 Fransk	116	11 Japansk	120
12 Panjabi	60	12 Tysk	100
13 Indonesisk	75	13 Urdu	85
14 Koreansk	66	14 Italiensk	60
15 Italiensk	60	15 Koreansk	60

No er der fleire veikskapar og problematiske føresetnader ved talmaterialet. Ein problematisk føresetnad gjeld kva som vert rekna som eitt språk; t.d. er kinesisk spalta opp i fleire gjensidig uforståelege dialektar med to hovudvarietetar, mandarin (726

millionar brukarar) og kantonesisk (ca. 300 millionar brukarar); frå ein lingvistisk synsstad er mandarin og kantonesisk så pass ulike at dei kan karakteriserast som eigne språk.⁴⁶ Ein annan problematisk føresetnad gjeld engelsk som offisielt språk. Formelt sett er det offisielt språk i over 74 land – eit imponerande tal, men ein må då ikkje gløyme at i fleire av statane er engelsk eitt av fleire offisielle språk, og det er ikkje er alltid at fleirtalet av innbyggjarane har engelsk som fyrstespråk. Eitt eksempel på det er Singapore der berre mellom 2 og 3 prosent skal vere engelsktalande i heimen (Coulmas 1985:172, Pennycook 1994:222f.). Likevel er det her forventa at ein skal kunne engelsk i samfunnet, og fleire er då òg tospråklege med engelsk som andrespråk. I så måte er det store skiljet mellom dei med engelsk som morsmål og dei med engelsk som offisielt språk svært karakteristisk: Talmaterialet viser dei sterke institusjonelle kreftene som ligg bak engelsk.

Det finst ikkje tilsvarende oppstillingstal for andrespråksbrukarar; tala for engelsk, spansk, hindi, russisk og indonisk ville då ha vorte høgare. Heller ikkje for framandspråk har ein jamførbare tal, men det er ingen tvil om at engelsk er det dominerande framandspråket – det er i dag langt meir utbreidd som skulespråk og som internasjonalt organisasjons- og forretningsspråk enn spansk, arabisk, fransk og russisk (jf. Crystal 1996:55f.). Heller ikkje kinesisk når opp mot engelsk i internasjonale samanhengar, sjølv om kinesisk har fleire morsmålsbrukarar enn engelsk.

Fram til 1990 kunne det verke som om russisk var ein konkurrent, men etter at Sovjetunionen kollapsa i 1990, er posisjonen åt russisk vorten dramatisk forverra.

Men jamvel om engelsk i dag står åleine på kampmarka for internasjonale språk, kan vi ikkje take det for gitt at engelsk er *det* udiskutablert *verdspråket*. For sjølv om det finst godt over ein milliard menneske som kan engelsk, er der framleis fire milliardar som ikkje kan det! Og blant desse milliardane er det ikkje berre analfabetar. Som Robert Phillipson (1993:5) skriv:

There are many millions of highly literate people in the world who are happily and quite justifiable ignorant of English.

Når det så vert spreidd ei forståing av at engelsk er nødvendig for internasjonal kommunikasjon, for utdanning og for teknologisk utvikling, må vi sjå på det som ein

⁴⁶ Rett nok har varietetane av kinesisk breitt talemålsgrunnlag, og rett nok har kinesisk ein nokså einsarta offisiell normal som gjer at ein i Kina kan tale om eitt kinesisk språk; ein har også ei språkhaldning om at kinesisk er "eitt språk. Ein manglar likevel den gjensidige forståelegheita og (relative) einskaplegheita som finst i engelsk. I tillegg kjem det faktum at kinesisk ikkje kan måle seg med engelsk når det gjeld skriftproduksjon og bruk i massemedia.

del av ideologien rundt engelsk som verdsspråk. Eit døme på ideologien finn vi i Robert Burchfield si bok *The English Language* (1985:160–161):

English has also become a lingua franca to the point that any literate, educated person on the face of the globe is in a very real sense deprived if he does not know English. Poverty, famine, and disease are instantly recognized as the cruellest and least excusable forms of deprivation. Linguistic deprivation is a less easily noticed condition, but one nevertheless of great significance.

Burchfield står ikkje åleine. Som vist av Pennycook (1998) formidlar mange oversiktsverk om engelsk, lærebøker i engelsk etc. ei oppfatning om at utan kjennskap til engelsk, vil det moderne mennesket vere nærmast funksjonshemma. I tillegg vert det vist til alle dei moderne og internasjonale hendingane som skjer “på engelsk”. Eitt mykje brukt døme er romskipet *Voyager One* som vart sendt ut i verdsrommet i 1977. I romskipet er der mellom anna lagra helsingar på femtifem språk. Sjølv hovudhelsinga kjem frå den dåverande generalsekretæren i SN, Kurt Waldheim, og han talar på vegner av oss alle, “the people of our planet”. Det skjer derimot ikkje på morsmålet hans, tysk, men på *engelsk* (McCrum mfl. 1992:8). Vel så symbolladd er det at oppløysinga av den gamle Warszawa-pakta skjedde på engelsk, språket åt hovudfienden. At G7-gruppa (dei økonomiske stormaktene) har halde møta sine på engelsk, seier òg sitt. I tillegg vert det sjølv sagt poengtert sterkt at dataspråket i stor grad er engelsk, at mykje av populærkulturen og nyhendeformidlinga kjem på engelsk, at engelsk dominerer i forretningsliv, turisme etc. (jf. Pennycook 1998:135). Jenkins (1995) skriv at den einaste internasjonale aktøren som held fana oppe mot denne tendensen er “the French-speaking European Commission in Brussels”. Men legg til at: “With luck, enlargement will put an end to that”.

Igjen er det tale om ideologiproduksjon: Ved å framstille det som om kjennskap til engelsk er nødvendig for moderne menneske, gir Jenkins på same tid ein grunn for stendig fleire å tileigne seg engelsk.

4.4.3 Den historiske utbreiinga av engelsk som verdsspråk

Der er to hovudmåtar å forklåre den sterke posisjonen for engelsk: dei interne kvalitetane til engelsk eller dei eksterne vilkåra for bruken av engelsk.

Den fyrste forklaringsmåten går ut på at engelsk har språkstrukturelle og funksjonelle eigenskapar som andre språk ikkje har. Pennycook (1998) har analysert ulike oversiktsverk, lærebøker og populærvitenskaplege framstillingar om engelsk språk og viser der til nokre tesar som ofte vert trekte fram.

Det vert for det fyrste hevda at engelsk har særskilt mange *stilistiske eigenskapar*, og at det gjer engelsk meir høveleg for ulike typar språkbruk i ulike land (s. 139).

Ei anna tese er at når engelsk har så mange *lånord*, viser det i seg sjølv den opne og internasjonale sida ved språket (s. 141).

Den tredje tesen går ut på at engelsk har eit *større ordtilfang* enn konkurrerande språk som tysk og fransk (s. 143).

I tillegg trekkjer ein også gjerne fram *det forenkla formverket* som døme på at engelsk skal vere lett å tileigne seg (s. 158).

Pennycook (s. 158) meiner slike tesar er djupt rotfesta i den koloniale konstruksjonen av engelsk: Det som ligg attom, er heile tida tanken om at engelsk er “overordna” andre språk (sst.). Når desse tankane vert overtekne av folk som ikkje har engelsk som morsmål, er det i fylgje honom eit døme på at den engelske kolonialismen lever vidare gjennom det hegemoniet som engelsk språk har fått.

No er det uhyre problematisk å måle og vurdere ulike språk i høve til breidd, fleksibilitet og omfang av ordtilfang. At det t.d. finst fleire ord i engelske ordbøker enn i franske, seier vel så mykje om engelsk leksikografi og ressursar for ordboksarbeid som det seier om ordrikdom. Ein kan vanskeleg vurdere “fleksibilitet” i språk utan å vurdere grundig kva som er relevant i dei respektive språksamfunna. Såleis finst det ein omfattande kritikk av tanken om at sjølve språkstrukturen er grunnlaget for suksessen engelsk har fått (jf. sst.). Også den norske “Aksjonen for språkleg miljøvern” tok avstand frå synsmåtar om at engelsk var eit rikare språk enn norsk (jf. kap. 8.4).

Meir fruktbart er det å take utgangspunkt i dei eksterne vilkåra for bruk av engelsk, dvs. at det fyrst og fremst er forhold “utanfor” språket – politikk, økonomi, demografi, teknologisk utvikling etc. – som har verka til å fremje engelsk. Det vil ikkje seie at ein skal underslå dei eigenskapane engelsk språkstruktur faktisk har: Sannsynlegvis er engelsk – pga. dei mange morfologiske forenklingane – lettare å take i bruk i internasjonale samanhengar enn puristiske språk med eit komplisert kasus- og bøyingsystem. Men slike føresetnadene kan ikkje sjåast på som *drivkrefter*.

Når det så gjeld dei eksterne vilkåra for bruk av engelsk – statusutviklinga – kan vi (med utgangspunkt i Robert Strevens [1992:29 f]) skilje mellom fem fasar i statusutviklinga for engelsk frå 1350 og framover.

1. 1350 – 1600

I denne fasen vart ein engelsk skriftnormal standardisert. Som hos andre språk var purisme eit viktig elementa i standardiseringa, jf. klassisisten Sir John Cheke i 1557:

Our tung shold be written cleane and pure, vnmixt and vnmangeled with borrowing from other tunges, wherein if we take not heed bi tijm, euer borowing and neuer payeng, she shall be fain to keep her house as bankrupt.⁴⁷

I Skottland eksisterte det på denne tida ein nordleg varietet av engelsk, *skotsk*, etablert alt på 600-talet, med litterær gullalder på 1400-1600-talet. Såleis var det engelsk-språklege kjerneområdet nokså avgrensa til England, der det kring 1600 budde om lag 7 millionar menneske.

Mellom dei britiske øyane og Norden hadde det sidan vikingtida vore ein del kontakt. På 800–1000-talet vart det etablert nordiske busetjingar på øyane, noko som førte til sterk nordisk språkpåverknad på engelsk (jf. Weinreich 1953:34) og ein noko mindre påverknad den andre vegen. Dei språklege skilnadene var likevel ikkje så store: Då Ottar frå Hålogaland i siste halvdel av 800-talet var i teneste hos kong Arthur den store, skal samtalan ha føregått ved at Ottar tala norsk (norrønt) og Arthur engelsk, og dei forstod kvarandre (jf. Kisbye 1992:43). Likskapen mellom norrønt og gamalengelsk må ha vore såpass at ein også i mellomalderen forstod kvarandre gjensidig:

OE [Old English] and ON [Old Norse] differed more in points of grammar than they did lexically, and there seems to be general agreement that the two languages were to a certain extent mutually intelligible. (Kisbye 1992:43)

Frå 1350-talet og framover vart det mindre kontakt mellom dei britiske øyane og Norden; den hanseatiske dominansen knytte dei nordiske landa nærmare til det europeiske kontinentet.

2. 1600 – 1750 (1800)

I denne fasen byrja engelsk å spreie seg, fyrst til nabolanda Skottland, Irland og Wales. Skotsk vart avløyst som høgspråk av engelsk på 1700-talet, samtidig med at anglifiseringa av dei keltiske områda av Skottland tok til. I Irland kverrsette britane omfattande landområde, tok over den politiske styringa, og organiserte innvandringa av over 200 000 engelsktalande skottar til Nord-Irland frå 1600-talet av (McCrum et al. 1992:157). Denne kolonialiseringa leidde til eit sterkt engelskspråkleg press. Dei keltisktalande var i fleirtal så langt som til ut på 1800-talet, men etter den tida tapte keltisk stendig fleire domene til fordel for engelsk.⁴⁸

⁴⁷ Sitert etter Coulmas 1992:264.

⁴⁸ På denne tida døydde òg dei siste restane av *norn* (det gamle nordiske målet) ut på Shetland. På Orknøyane hadde språkskiftet teke til alt på 1400-talet. Både på Shetland og Orknøyane var det fyrst skotsk som kom i bruk, seinare overtok engelsk (jf. færøyskkapitlet).

På 1600-talet starta den britiske ekspansjonen i andre delar av verda, med etablering av handelssamband og koloniar, og omfattande bureising. Særleg viktig vart Nord-Amerika, fyrst og fremst USA, der engelsk vann fram som hovudspråk i tevling med spansk, tysk, fransk og delvis nederlandsk.

Kontakten mellom Norden og dei engelskspråklege områda var i denne perioden truleg ikkje så stor som i tidlegare tider; det europeiske fastlandskontinentet vart no det viktigaste kontaktområdet. At det kom inn færre engelske lånord og likeins færre nordiske ord i engelsk, er ein indikator på det. Ein viss kontakt var der likevel. Under Kalmarkrigen (1611–13) var t.d. skotske leigetroppar viktige (verva av den svenske kongemakta). På same måten gjekk det føre seg utveksling gjennom handel og sjøfart, og trelasthandelen mellom Noreg og Storbritannia voks sterkt etter brannen i London i 1666. Det etablerte seg då ein dansk-norsk koloni i London, han hadde kring 1690 300–400 fastbuande, og om somrane, med alt sjøfolket, om lag 1000 personar (Sejersted 1999:109). Ved hundreårsskiftet gjekk det føre seg ein del kontakt mellom religiøse grupper i Storbritannia og dei nordiske landa; puritanismen og kvekarrørsla er døme på det. Vi veit lite om dei språklege konsekvensane av kontakten, ikkje minst fordi han ofte måtte føregå i løynd.⁴⁹ Det eksisterer heller ikkje særleg forskning kring dette spørsmålet.

Ekskurs: Engelsk i USA

For bruken av engelsk i USA vert det stundom vist til ei kongress-avrøysting i 1795. Saka galdt om ein skulle kunngjere lover på tysk i tillegg til engelsk. Men framlegget om det fall med knappast mogleg fleirtal: 42 mot 41 røyster (jf. Heath et al. 1983). Slike nære-på-hendingar gjer det freistande å spekulere: Kva om t.d. den tysktalande kongressrepresentanten Frederick Muhlenberg (frå Pennsylvania) hadde fylgt sitt eige språk og røysta ja i staden for nei? Det er ikkje usannsynleg at forholdet mellom engelsk og tysk då kunne ha vore radikalt annleis. I så fall kan avrøystinga i 1795 illustrere at utbreiinga av engelsk ikkje har gått føre seg heilt straumlineforma.

Det må likevel presiserast at det ikkje var tale om å vedtake tysk eller engelsk som offisielt språk – det kom faktisk aldri noko vedtak om offisielt språk i USA (jf. s. 94). (Det er fyrst med *English Only* – ein organisasjon som arbeider for at engelsk skal vere offisielt språk i USA, og at dei omfattande ordningane med tospråkleg undervisning skal take slutt – at dei ulike statane har byrja å vedtake engelsk som sine språk.) Dessutan er det rimeleg å tru at andre faktorar enn bygdemål var vel så viktige – som at dei t.d. var dei engelsktalande som dominerte

⁴⁹ Den norske presten Hans Meidell (1659–1708/1715?) omsette kvekarskrifter til dansk, men vart fengsla og landsforvist for vranglære. Han klarte likevel å spreie mange av skriftene sine (Sejersted 1999:112). Det er då grunn til å tru at der fanst eit miljø for slike tankar, og dermed også for kontaktband.

handelsstanden, og gjennom utviklinga av handels- og industrikapitalismen fekk også desse gruppene meir å seie.

I dag har andre språk enn engelsk framleis ein viss posisjon i Nord-Amerika: fransk i Canada og spansk i sørstatane i USA. Spansk har dessutan hatt framgang reint allment i USA dei siste åra. Engelsk er likevel storebroren, og USA har kome til å spele ei uhyre viktig rolle for statusen åt engelsk, både gjennom posisjonen i verdssamfunnet, og gjennom spreinga av engelsk til land som Puerto Rico, Fillipinane og Amerikansk Samoa (jf. Strevens 1992:32).

3. 1750 – 1900

Den industrielle revolusjonen gjorde at Storbritannia vart det økonomisk leiande landet i Europa, og også dei nordiske landa fekk auka kontakt med dei britiske øyane og med engelsk. Engelsk vart eit viktigare framandspråk for “det praktiske livet” – for sjøfart, handel og industri – noko vi kan sjå gjennom kva slags engelske lånord som kom inn (jf. Graedler 1998:10f.). For det framveksande borgarskapet vart engelske skikkar og engelsk sosialt liv eit føredøme. Carl W. Schnitler (1911:14f.) skriv: “Overhovedet er ‘anglomanien’ et av tidens mest iøyenfaldende træk. De unge kjøbmandssønners utdannelse i England og den stadige berøring med dette land utviklet hos dem en europæisk dannelse og et friere væsen.” Som praktisk språk kom også ein del “vanlege folk” i kontakt med engelsk (jf. Graedler 1998:11).

På Færøyane og Island kom fleire i kontakt med britar i siste halvdel av 1800-talet. Grunnen til det var fyrst og fremst moderniseringa av fiskeflåten; det kom større båtar, og islendingar, færøyingar og britar kunne gå lenger ut på havet. Britane kom då med trålarar til færøyske og islandske farvatn, og det vart oppretta eit britisk konsulat på Færøyane i 1900. I den samanhengen kjem det gjennom ulike kjelder fram at ein fleire færøyingar kunne engelsk (Jóansson 1997:158). Desse har truleg tileigna seg engelsk gjennom direkte kontakt med britar, anten på sjøen, eller ved å ha arbeidd i Storbritannia (s. 159). Ein veit likevel framleis lite om kor omfattande kontakten og engelskkunnskapen kan ha vore (sst.).

Blant forfattarar, akademikarar og embetsmenn hadde engelsk ein avgrensa plass. “Ibsen, Strindberg og Kierkegaard kunne lite eller ingenting av engelsk”, skriv Einar Haugen (1990:75). Karakteristisk er eit brev frå Henrik Ibsen til omsetjaren Edmund Gosse skrivne i 1872. Ibsen byrjar med å orsake seg for at han ikkje kan engelsk godt nok til å skrive på det. Deretter gir han uttrykk for glede over å verte omsett til engelsk; det er berre så synd at *språket* skal setje grenser mellom engelskmenn og skandinavar:

Det engelske folk står os Skandinaver så nær; og just derfor har det været mig smerteligt at tænke på at sproget skulde stille en skranke mellem min digtning og hele denne store beslægtede verden. (Ibsen *Brev*, 1872:29).

Ibsen sat i Dresden medan han skreiv dette, og kunne i same brevet opplyse om at det for tida gjekk føre seg mange omsetjingar av hans verk til tysk. Og det var tysk som var det viktige framandspråket for litteratar og akademikarar.

Avgrensinga til dei praktiske domena fekk konsekvensar for kva plass engelsken skulle ha i skulen. Fyrst i 1850 og 1857 kom engelsk inn som fag i den høgare skulen i respektive Danmark og Noreg (Haugen 1990:75). Ser vi på norsk skulepolitikk overfor framandspråk, merker vi oss alt i samband med førebuinga til folkeskulelova av 1889 ei spenning mellom dei som la vekt på praktiske sider ved framandspråk-undervisninga, og dei som var mest opptekne av omsynet til den høgare skulen (jf. Gudem 1989:4f.). Det var blant dei fyrstnemnde vi finn talsmennene for engelskundervisning, medan dei som hadde mest omsut for den høgare skulen, ikkje heilt såg verdien av å lære engelsk i staden for tysk (sst.).

Internasjonalt spreidde engelsk seg som kolonispråk: Etter at Storbritannia miste USA i 1776, tok kolonimakta til å interessere seg meir for land utanfor Europa: Australia, New Zealand, delar av Sør-Afrika, Zimbabwe, India, Singapore, Hong Kong, Falklandsøyane, dei vestindiske øyane, land i Vest-Afrika og land i det fjerne Austen. Desse landa vart anten kolonialiserte eller utbygde gjennom omfattande britisk utvandring, jf. Australia og New Zealand. I dei kolonialiserte landa auka talet på engelskspråklege nybyggjarar monaleg fram til 1800, noko som igjen styrkte stillinga for engelsk. Likevel var det fram til byrjinga av 1800-talet i hovudsak britar som tala engelsk i koloniane (Leitner 1992:203). Fyrst ut på 1800-talet sette Storbritannia i gang ein politikk for å spreie engelsk til dei innfødde. Blant britane rådde det ulike syn på kva språkpolitikk ein skulle føre i koloniane, og på 1700- og 1800-talet var det eit omfattande ordskifte om britisk språkpolitikk i India: Skulle ein spreie engelsk eller støtte dei lokale språka? Eller sett frå ein annan synsvinkel: Skulle dei innfødde få lov til å lære seg engelsk? Etter mykje ordskifte vann anglistist-standpunktet fram mot slutten av 1820-talet, og engelsk kom i bruk som forvaltingspråk på alle nivå (jf. Rahman 1996). Det innebar igjen undertrykking av lokale språk, og at det vart sett i gang omfattande undervisningstiltak i engelsk. Denne tendensen finn vi også i andre koloniar samtidig (Leitner 1992:205).

Ordsiftet i India illustrerer på ein interessant måte det faktum at det låg til grunn ein medviten språkpolitikk for engelsk i koloniane.

Ekskurs: Anglifiering av India

Den pakistanske anglisten Tariq Rahman (1996:91-112) har identifisert to ulike grupperingar i ordskiftet om språk i India, *orientalistar* og *anglististar*. Båe desse

grupperingane ville halde ved like det britiske styret over India, men var usamde om ein skulle bruke dei lokale språka eller engelsk.

Frå 1780 til 1820 rådde den såkalla orientalistiske fasen (s.v.:110), der britane støtta lokale språk for å unngå politisk uro. Fleire meinte at utdanning i engelsk ville introdusere moderne idéar til India, og at det innebar slutten på britisk styre der (s.v.:97). Hos orientalistane var det òg ein viss respekt for indisk kultur og indarar, mange hadde romantiske tankar om “mysterious East” (s.v.:93) og om India som eit visdomsland og opphavslend for vestleg sivilisasjon. Anglisistane såg derimot på orienten som tilbakeståande og umoderne, og meinte at det hadde ein eigenverdi å tilføre europeisk kultur til området. Anglisistane var dessutan tilhengjarar av økonomisk liberalisme, og opptekne av å bryte ned kulturelle stengsler mot frihandel. Ei anna gruppe som støtta anglifisering, var misjonærene.

Mest viktig var truleg synspunktet om at engelskopplæring var nødvendig for å konsolidere styret: Ved å gi rom for indiskfødde administratorar med utdanning i engelsk, kunne ein skape tettare band mellom indarar og det britiske styresettet: “the Indians would have personal interest in maintaining the status quo” (Rahman 1996:110). Og det fanst ein relativt sterk vilje til å lære engelsk blant innfødde med ambisjonar om høgare administrative stillingar, og blant dei som ville lære seg å lese og skrive (sst.).

4. 1900–1945

Frå byrjinga av det 20. hundreåret auka engelskopplæringa i dei britiske koloniane, og det vart meir vanleg for ikkje-britar (rett nok av høgare stand) å lære engelsk (jf. Strevens 1992:30). Også i USA, Australia og Canada gav styresmaktene undervisning i engelsk for immigrantar, noko som var med på å tryggje statusen for engelsk (sst.).

I Norden var engelsk framleis eit språk for “det praktiske livet”. Kontakten med engelsk vart intensivert gjennom utvandringa til USA og den kontakten og tilbakereisa som utvandrarane stod for. I skuleverket var som før tysk det viktige framandspråket, det same var tilfellet i litteraturen. Vi kan likevel registrere ei veksande interesse for engelskundervisning, også i folkeskulen (jf. Gudem 1989:10f.). Det uttrykkjer òg ei allmenn demokratisering av skule og undervisning, der praktisk nytte, allmenn tilgjenge til framandspråksressursane og einskapsskuletanken byrja å få meir gjennomslag (jf. sst.).

5. Perioden etter 1945

I Norden utgjer 1945 eit vasskilje. I skulen vart no engelsk gradvis viktigare – det er eit uttrykk både for posisjonen åt språket og for vektlegging av den praktiske nytteverdien (jf. Gudem 1989:10f.). I tillegg dreiv Storbritannia ein medviten språkpolitikk for å støtte opp om engelskundervisning, særleg gjennom British Council (s. 177f.). Som universitetsstudium og skulefag var engelskfaget tidleg ute med meir strukturerte undervisningsopplegg, og det verka tillokkande på fleire studentar og

skuleelevar (sst.). Ein annan faktor låg i det prestisjenederlaget som tysk hadde fått etter 2. verdskrigen. Illustrerande er det Sigurd Aarnes skriv om val av engelsk som studiefag på slutten av 1940-talet:

Faglig sett hadde det nok vært mest nærliggende å velge tysk fordi det var det fremmedspråket de fleste av oss dengang kjente fra skolen. (...) Men den nettopp tilbaketogene okkupasjonsopplevelsen hadde gitt mange av oss en viss motvilje mot tysk, mens engelsk jo var noe nytt og spennende, seierherrenes og framtidens språk (..) (Aarnes 2000:39.)

Engelsk tok over stafettpinnen tysk hadde hatt. Eit uttrykk for tenkjemåten vert gitt av norrøn-lektoren Hallvard Framnes i artikkelen “Den norrøne artiumslina” i *Syn og Segn* 1946. Framnes skriv at tysk var faget med størst timetal på denne lina. Tysk hadde i tillegg best tilgang på læremiddel, ein etablert læregang med greie eksamenskrav, faget vog dessutan tungt på vitnemålet og samla hovudinteressa hos mange elevar (s. 381). Tysk “skulle vere eit vindauge ut mot Europa, mot eit av dei store kulturfolki” (s. 383). No hadde derimot tidene endra seg: “Ingen visste då korleis den nasjonale voksteren skulle koma til å forma seg i Tyskland.” (sst.). Eit anna moment var at engelsk kom til å verte det viktigaste framandspråket i framtida:

No må det vera mest naturleg å søkja vederlag ved å styrkja kontakten med Vest-Europa og Amerika. I tidi frametter vil engelsk språk få ei sterkare stode i verdi enn nokosinne før. Engelsk må i alle høve få fleire timar enn faget har no. Legg ein storparten av dei timane tysken gjev frå seg, til engelsk, så kan faget verte skriftleg heilt fram til studenteksamen. (S. 384.)

Framnes poengterer samstundes at det ikkje måtte vere tale om ei ny engelsk-line med eit historisk-skodande fag. Her kom dei praktiske ideala i samtida inn:

Nei, det måtte ikkje verta ein kopi av pensum på den språkleg historiske lina, med renessanse-engelsk, empirebuilding og det heile. Det norrønistanane vil trenga, er ei innføring i moderne engelsk og amerikansk åndsliv og bokheim, med oppøving i ledig engelsk omgangsspråk. (S. 384.)

På 1960-talet vart engelsk obligatorisk fag i grunnskulen i alle dei nordiske landa, og timetalet har etter kvart auka monaleg.

I tida etter 1945 har dei britiske koloniane oppnådd sjølvstende. I ein kortare periode ville dei gamle koloniane også frigi seg frå engelsk kolonispråk: Den indiske grunnlova sa t.d. at engelsk skulle avløyast av eitt eller fleire heimlege språk (Leitner 1992:208). Utover på 1950- og 1960-talet kom derimot rolla til engelsk til å forandre seg. Engelsk vart no oftare framstelt som eit internasjonalt språk, som vindaugget mot

verda (jf. sst.). Ein knytte ikkje lenger engelsk til kolonialisme, og mange oppfatta òg engelsk som uavhengig av etniske grupperingar. Denne ideologien er rett nok ikkje allment godteken, men den engelskvennlege ideologien har stått sterkare enn den separatistiske (i alle fall blant eliten).

Braj Kachru (1986) har oppsummert spreinga av engelsk med å tenkje seg tre sirkelar: I den indre sirkelen finst dei tradisjonelle landa for engelsk (Storbritannia, USA, Australia, Irland, Canada og New Zealand). I den mellomste sirkelen finst dei landa der engelsk har kome inn som eit viktig andrespråk, ofte gjennom politisk, militær og økonomisk imperialisme (gamle koloniar som India, Singapore og afrikanske land). I den ekspanderande sirkelen er dei landa der engelsk er vorte det mest viktige framandspråket – ikkje gjennom tvangstiltak, men gjennom tilpassing til den statusen som engelsk og stormakta USA generelt har tileigna seg i det moderne storsamfunnet. Dei nordiske landa høyrer heilt klårt til denne siste gruppa.

4.4.4 Domene for bruk av engelsk

Viktige domene for spreinga av engelsk i dag er mellom anna politikk, økonomi, reiseliv, populærkultur og kommunikasjonsteknologi.

Politikk

Etter 1945 vart Noreg og Danmark NATO-medlemer, mottok Marshall-hjelp og innleidde eit omfattande samarbeid med USA innanfor industri, politikk og utdanning. Sverige vart ikkje NATO-medlem, men hadde likevel nært samband med USA og resten av Vest-Europa innanfor politikk, økonomi, kultur og utdanning. Færøyane hadde i åra 1940–45 vore under britisk styre og med mange britiske soldatar til stades, ettersom Storbritannia brukte Færøyane som base under krigen.

På denne måten har det skjedd ei generell vestorientering i dei nordiske språk-samfunna. Som del av Vesten kom ein òg inn i den engelskspråklege interesse-sfæren.

Her er vi inne på eit interessant trekk ved den kalde krigen; han førte òg med seg eit “språkkappløp” mellom USA og Sovjetunionen. Medan USA verka til at engelsk fekk ei sterk stilling i Vest-Europa, hadde sovjetleiinga, frå og med Krustjovs periode ved makta, ein politikk for å spreie russisk i det kommunistiske Aust-Europa, der russisk òg vart fyrste framandspråket ein lærte. Ei endring skjedde då berlinmuren fall i 1989 og Sovjetunionen gjekk i oppløysing året etter; frå då av var tida ute for russisk

som verdsspråk. I dag er det ikkje alltid obligatorisk å lære russisk lenger i den gamle “austblokka”; engelsk kjem i staden.⁵⁰

Økonomien

Gjennom 1900-talet har engelsk oppnådd sterkare status som handelsspråk; ikkje berre fordi USA og Storbritannia har hatt så sterk økonomisk kraft gjennom produksjon, valuta, koloniar etc., men òg pga. andre land bruker engelsk som eksportspråk (Coulmas 1992:187).

Bruk av engelsk som handelsspråk er ikkje ny for nordisk eksportindustri. *Det nye* er at ein talar engelsk også med tyskarar, italienarar, folk i Sørøst-Asia etc. At tysk og fransk dermed taper status som forretningsspråk, er isolert sett ei ulempe for tysk og fransk, men i og for seg ikkje for dei som uansett må tilpasse seg eit anna språk. Såleis finn vi blant nordiske bedriftsleiarar sjeldan uttrykt negative haldningar til statusen åt engelsk. (Det “negative” sett frå ein nordisk *språkkulturell* synsvinkel vil vere at det skjer domenetap for eitt av dei nordiske språka, og ein tek i bruk engelsk i staden.)

Reising

Masseturismen med charter-reiser og inter-rail førte på 1970-talet folk til reisemål lenger vekk, fyrst og fremst til “Syden”. I turismen er engelsk vorte det mest brukte kontaktspråket, særleg blant unge. Engelsk har òg fått ein sterk posisjon ved studentutveksling, ikkje minst ved at så mange reiser til Storbritannia og USA.⁵¹

Populærkulturen

Fram til andre verdskrigen var Tyskland eit land som produserte populærmusikk og populærfilmar med eit visst internasjonalt publikum, men pga. den sterke posisjonen åt USA har det amerikansk og engelskspråklege teke over. Sverige har hatt ein sterk

⁵⁰ I Tsjekia og Slovakia vart russisk avløyst av engelsk som obligatorisk skulespråk. Jf. personleg e-brev frå Den tsjekkiske ambassaden (ved sekr. Klára Dobiášová) dagsett 11. mai 2000 og e-brev frå den slovakiske ambassaden (ved konsul Martin Sunal) dagsett 12. mai 2000.

I Ungarn har engelsk vorte mest populært, jf. opplysningar frå det ungarske undervisningsdepartementet:

“The relevant factor for selection is not so much an official evaluation on foreign languages offered for teaching, much more the demand from students and their parents. English has become absolute number 1. in preference, and it is still increasing.” (Personleg e-brev frå det ungarske undervisningsdepartementet ved framandspråkskoordinator Marta Fazekas, dagsett 18. mai 2000.)

I Ungarn er det i lågaregradar på skuleverket framleis 30-40 % som har tysk som framandspråk, men det minkar både i høve til engelsk (som har 40-50 %) og jamvel til andre språk som fransk (sst.).

I det “språklege vakuemet” som oppstod etter 1989/1990, kunne ein tenkje seg at vi fekk ein situasjon der tysk vann tilbake noko av den gamle posisjonen. Tysk har likevel ikkje hatt den store gjennomslagskrafta, og Tysklands sparepolitikk på 1990-talet har heller ikkje gjort det mogleg med noka større satsing (ein har t.d. lagt ned Goethe-Institut i fleire europeiske byar). Såleis har engelsk teke over.

⁵¹ Jf. tal frå Statens lånekasse for utdanning per september 2000: <<http://www.lanekassen.no/stat/Statistikk/Utlandsstatistikk/>>

popp-industri som er internasjonalt orientert – t.d. eig svenske selskap musikkanalen MTV – men både musikkanalen og svenske artistar har sunge på engelsk.

Innanfor fjernsynsmediet har det dei siste tiåra skjedd nokså omfattande endringar der populærkulturen og engelsk språk har styrkt seg. Fram til 1980-talet var det kringkastingsmonopol. I Noreg var der éin radiokanal og éin fjernsynkanal, og på Færøyane var det (for folk flest) ikkje mogleg å sjå fjernsyn før enn i 1979.⁵² På 1980-talet vart kringkastingsmonopola oppløyse, samtidig med at det skjedde ei gigantisk medieteknologisk utvikling i form av satelitt-fjernsyn, kabelfjernsyn, video etc. Denne utviklinga skjedde over heile Europa (jf. Pells 1997:231). Samtidig kom der eit ideologisk skifte der statsstyring generelt vart svekt til fordel for ein meir liberalistisk politikk.

I byrjinga var der ein del kulturpolitisk strid om kor vidt ein skulle gi frie tøyler for amerikanskproduserte såpe-seriar; det kom mellom anna til uttrykk på 1980-talet i den norske striden om serien *Dynastiet* (Jostein Gripsrud har skrive ei bok med utgangspunkt i striden: *The Dynasty Years. Hollywood Television and Critical Media Studies* [1995].) Kritikarar meinte at serien var røyndomsfjern og verka fordummande, og såg det som argument for å be statskringkastinga om å stoppe serien. Utover på 1990-talet har det vorte mindre av slike kulturpolitiske og ideologiske stridar, og ein kan vanskeleg tenkje seg ein tilsvarande strid om amerikanske såpeoperaer i Noreg i dag. Utviklinga har i staden gått mot eit meir kommersielt medietilbod – med mykje engelsk.

Illustrerande er i så måte sendeskjemaet for norsk TV2 to vekedagar, måndag 29. mai og tysdag 30. mai 2000 (jf. neste side):

⁵² Der var før 1979 somme fjernsynsapparat på øyane, då somme kunne take inn skotsk fjernsyn når det var godt vér (Forchhammer1983:83). I perioden 1979–81 skjedde så “en af de hurtigste udbredelser af TV, noget land har oplevet” (sst.), etter at det vart lovleg med fjernsynssendingar på øyane.

**Programoversikt TV2
måndag 29. mai 2000**

06.28
God morgen, Norge!
09.30
Home and away
10.00
God morgen, Norge!
11.35
Landsbyen (The Village)
12.15
60 Minutes
13.05
Calle Nueva Episode 75.
13.35
Calle Nueva Episode 76.
14.10
Nabojenter (Les filles)
14.40
Jobben er livet (Anything but love)
15.10
MacGyver
16.05
Board Wild
16.35
Sunset Beach
17.00
Sunset Beach
17.30
*M*A*S*H*
18.00
Home and away
18.30
Nyhetene og Sporten
18.55
Været
19.00
*Gullkorn fra barnemunn
Kids say the darndest things)*
19.30
JEOPARDY!
20.00
Karl & Co
20.30
Slottet (A Royal Place)
21.00
Nyhetene
21.25
Sporten
21.35
Været
21.45
Flukten (The Jump)
22.40
Venner for livet (Friends)
23.10
Hevnen (Counterstrike) Ep. 62.
00.00
Nyhetene

**Programoversikt TV2
tysdag 30. mai 2000**

06.28 *God morgen, Norge!*
09.30
Home and away
10.00
God morgen, Norge!
11.35
Landsbyen (The Village)
12.05
Board Wild
12.35
Daves verden (Dave's World)
13.05
Calle Nueva
13.35
Calle Nueva
14.10
Nabojenter (Les filles)
14.40
Jobben er livet (Anything but love)
15.10
MacGyver
16.05
hit40.no
16.35
Sunset Beach
17.00
Sunset Beach
17.30
*M*A*S*H*
18.00
Veien til EM
18.30
Nyhetene og Sporten
18.55
Været
19.00
*Gullkorn fra barnemunn
(Kids say the darndest things)*
19.30
JEOPARDY!
20.00
Holmgang
21.00
Nyhetene
21.25
Sporten
21.35
Været
21.45
Chicago Hope
22.35
Venner for livet (Friends)
23.00
*Pizzagjengen (Two guys and
a girl)*
23.30
Seinfeld

Det aller meste som vert sendt desse to dagane er engelskspråklege seriar. Samstundes merker vi oss nokre norske seriar, t.d. *Karl* (den norske suksess-serien *Hotel Casar* hadde speleferie på akkurat dette tidspunktet), og i tillegg er der ein spansk (*Calle Nueva*) og ein franskspråkleg (*Les filles*). Dei norskproduserte programma kjem dessutan i den beste sendetida om kvelden, dvs. etter kl. 19 (“prime time”). Det tyder på at også den kommersielle kanalen ser interesse i å nytte norsk når flest folk ser på fjernsyn. Men for europeiske kringkastingselskap kostar det meir for eitt minutt eigenprodusert drama enn for ein time med *Dallas* eller *Miami Vice* (Pells 1997:231).

Media, informasjon- og kommunikasjonsteknologi

Ulike former for informasjon- og kommunikasjonsteknologi er dominert av engelsk. Tal viser at over 90 % av teksttrafikken på Internett føregår på engelsk (jf. St.meld. nr. 13 1997–98, pkt. 4.1).

I fleire språksamfunn arbeider ein for å utvikle søkjartenester, omsetjingstenester, tale-tekst-overføringsprogram. Både EU og dei nordiske landa er merksame på spørsmålet. Den norske næringsministeren Lars Sponheim gav uttrykk for det i IT-politisk utgreiing 2. april 1998:

IT-utviklingen har hittil ført til større bruk av engelsk og dermed mindre bruk av vårt eget språk. Dette er en svært viktig kulturpolitisk utfordring. Presset mot det norske språket vil trolig bare øke, ettersom en stadig større del av kommunikasjonen med IT-systemer i framtida vil gå gjennom tale i stedet for tastatur. Regjeringen vil derfor følge utviklingen nøye, og bidra til at norsk også skal være lett anvendelig også på høyeste teknologiske nivå.

Når talegjenkjenning, talesimulering og automatisk oversetting blir vanlige, muligens også dominerende tjenester, er det avgjørende at disse systemene forstår norsk. (Internett: <<http://www.odin.dep.no/nhd/taler/1998/989492.html>>)

Svenska språknämnden sin *Handlingsplan för att främja svenska språket* er òg døme på ei større merksemd om spørsmålet, det same er Norsk språkråd sin strategiske plan for perioden 2000–2003 der satsing på språkvern og IT-språk vert oppvurdert. Der har generelt kome eit sterkare fokus på domenetapsproblematikk i dei nordiske språksamfunna dei seinare åra. Eit uttrykk for det er at Nordisk ministerråds referansegruppe for språkpolitikk i 2001 er i ferd med å initiere eit forskingsprosjekt om domenetap.⁵³

⁵³ Opplyst av Helge Sandøy 14. februar 2001.

4.4.5 Engelsk som uttrykk for livsstil

Kultursosiologen Steinar Bryn har i *Norske Amerika-bilete* (1992) som utgangspunkt at forståinga av det amerikanske i Noreg er mytisk, og at bruken av anglisismar er knytt til denne mytiske forståinga:

Ordet fridom segla over Atlanterhavet og blei på amerikansk freedom. Sjølv om desse orda har det same opphavet, og blir skrivne og uttala omtrent likt, har det svært ulik tyding for oss. Det norske fridom har noko ansvarleg og alvorleg over seg, noko historisk, eit ord lærarar tar fram rundt 17. mai i samband med 1814, 1905 og 1945 og 1972. Freedom derimot spring ut frå ein reklameplakat frå Los Angeles i 1992. Ordet smakar mykje meir av ansvarsløyse, gjer kva du vil – her og nå. (Bryn 1992:149.)

Bryn (1992:65) har på grunnlag av eigne inntrykk laga ei oversikt over det han meiner er stereotypiar om “typisk norsk” og “typisk amerikansk” :

<i>Noreg</i>	<i>Amerika</i>
matpakke/brunost	hamburger og cola
bunad	Levis
fjell	skyskraparar
hardingfele	rock'n roll
(gå på) tur	(sjå på) fjernsyn/film
ostehøvel/binders	atomvåpen
trekvitt	plastikk
troll	Reagan/Bush
rømmegraut	krig
jantelova	fast food
Telemark/Hardanger	New York/Hollywood

Det er subjektive assosiasjonar og ikkje ei empiriske haldningsgransking som ligg til grunn her; vi skal vere varsame med å overføre stereotypiane til generelle haldningar. Poenget til Bryn er like fullt relevant: Han meiner at kritikarar av engelskpåverknad og kulturpåverknad frå USA ikkje har teke nok omsyn til dei verdiane og førestellingane som er verksame og viktige for ungdom.

Bent Preisler har i den språksosiologiske studien *Danskerne og det engelske sprog* (1999a) kome inn på koplinga mellom engelsk og livsstilsideal. Eit viktig poeng hos honom er at engelsk ikkje berre vert spreidd “ovanfrå” – engelsk vert òg fremja “nedanfrå”, ikkje minst som kulturell meiningsberar og livsstilssymbol i subgrupper. Preisler gjer ein kvalitativ studie av representantar frå fem subkulturar, “hip-hop”, “computere”, “rockmusik”, “dødsmetal” og “amatørradio”, og viser korleis bruken av engelsk (i form av lån, kodeskifte, kodeblanding etc.) går inn som viktige element i gruppenorma. Den kollektive disiplineringa og det generelle hierarkisystemet (basert

på kompetanse i hip-hop, dataprogram etc.) gjer at stil- og språknormer vert konstituerande for gruppa som heilskap. Sidan subkulturane har stor allmenn prestisje blant ungdom, og engelskpresset “ovenfra” (dvs. frå skuleverk, media, statsapparat etc.) fell saman med engelskpåverknaden “nedenfra”, er det i fylgje Preisler mykje som tyder på at engelskbruken i subkulturane vil påverke allmennspråket ein god del framover (s. 231f.) . At det hierarkiske systemet i subgruppene verkar til å fokusere det kollektive aspektet, er med på å forsterke normspreiinga. Resultatet er at ungdomsspråket vert det som påverkar media, ikkje omvendt:

Når den dominerende kulturs medier bruker de unges sprog for at få ungdommen i tale, så betegner dette først og fremmest at ungdommen påvirker *medierne* og ikke omvendt. De danske mediers og reklamers brug af engelsk forudsætter i hovedsagen en sproglig udvikling som allerede *har* fundet sted i de unges talesprog [...].(s. 233)

Preislers jamfører denne påverknaden frå engelsk med “naturlove” og “tyngdekraften” (s. 240).

No gjer det snevre utvalet i Preislers studie det vanskeleg å drage eintydige slutningar om spreinga av engelsk. Preisler får derimot fram viktige prosessar ved engelskspreiinga, og viser korleis engelskbruken går inn som symbol, og er med på å konstituere og halde ved like normer innanfor subgrupper.

At media tek i bruk ungdomsspråket, er elles noko vi kan sjå jamvel i ei konservativ norsk avis som *Aftenposten*, jf. redaktør Per Egil Hegge:

Aftenposten er en konservativ avis i språklig sammenheng, men vi åpner for forholdsvis stor frihet i skildringer og anmeldelser av ungdomsarrangementer. (Hegge 1997:47)

Her kan det samtidig vere på sin plass med nokre nyanseringar. Det slår oss t.d. at *Aftenposten* avgrensar “ungdomsspråket” til å gjelde nettopp ungdomsstoff. Og det er ikkje sikkert at ungdomsspråket vil forplante seg til alle andre sfærar. Som mellom anna Chambers (1995) er inne på, kan ungdomsformer forbli nettopp ungdomsformer: Dessutan kjem det allmenningvistiske poenget om at mange alternativformer forblir alternative.

4.4.6 Engelsk – eit nøytralt språk?

Ingen språk er “nøytrale”: Alle språk ber på tradisjonar, røynsler, verdiar, identitetsrammer og kognitive rammer etc. som brukarane går inn i når ein tileignar seg og tek i bruk språket. Det er ei fundamental innsikt frå sosiolingvistikk og språkfilosofi.

Samstundes rår det ein ideologi om at engelsk har ein slags nøytralitetsposisjon (Coulmas 1985:172). I ei spørjegransking om haldningar til engelsk i Danmark viser det seg at det store fleirtalet, heile 92 % av dei spurde, grunngir den sterke posisjonen til engelsk som “en praktisk konsekvens af et større samkvem med resten af verden” (Preisler 1999a:56). Ulike haldningsgranskingar i Noreg og Sverige tyder på tilsvarande haldningar som i Danmark (jf. Ljung 1985 og 1988, Simonsen og Uri 1992, Wingsted 1998). Dei ulike delkapitla vil vise til fleire ytringar som tyder på at ein del ser på engelsk som “det internasjonale” kontaktspråket.

Dei haldningane ein del i Norden har til engelsk som “nøytralt”, kan sjåast på som refleksar av liknande syn i resten av verda. Eit døme er Singapore der engelsk har status som offisielt språk, og dominerer i forretningsverda, endå berre 2-3 % av folket har engelsk som fyrstespråk. Den tradisjonelle grunngevinga er at engelsk er det einaste språket som ikkje vert assosiert med ei av dei dominerande etniske gruppene: Når kinesarar, malayarar og indarar vil kommunisere med kvarandre, vert det mest “nøytralt” å gjere det på engelsk (Coulmas 1985:172; Pennycook 1994: 222f.). Det same er hevda å vere tilfellet t.d. på Filippinane og i fleire afrikanske land – engelsk vert oppfatta som mindre markert enn andre språk, ganske enkelt av di det ikkje er morsmålet til ei spesiell folkegruppe (sst.).

I denne samanhengen er det eit viktig poeng at engelsk er vorte tilpassa dei ulike brukslanda, og vorte eit “plurisentrisk” språk, dvs. eit standardspråk med meir enn eitt normgivande sentrum (jf. Kloss 1978 II:66-67). Vi finn i dag merkbare ulikskapar i forma mellom regionale varietetar som britisk engelsk, amerikansk engelsk, indisk engelsk, vestafrikansk engelsk, australsk engelsk etc., og etniske varietetar som ebonics (afrikansk-amerikansk engelsk), maoriengelsk og parsiengelsk. Ei ny fleirtalsform, “Englishes”, har oppstått, og det har kome ein god del forskning om emnet, t.d. tidsskrifta *New Englishes* og *Asian Englishes* (jf. <<http://www.alc.co.jp/asian-e/>>) og fleire monografar og artikkelsamlingar (jf. Leitner 1992). Gerhard Leitner (1992) hevdar at framveksten av nye normgivande senter for engelsk utanfor Storbritannia og USA har vore viktige føresetnader for at bruken av engelsk har spreidd seg, av di fleire har identifisert seg med alternative varietetar av engelsk. Dersom britisk engelsk framleis skulle stå som normkjerne, ville truleg engelsk framleis ha vore symbol på kolonialisme.

No finst det ein omfattande kritikk av den posisjonen og statusen engelsk har tileigna seg. James Tollefson (1986:186) sine studiar av språkstoda i Filippinane tyder på at engelsk vert nytta til å halde ved like det sosiale og økonomiske hegemoniet til ein liten fillipinsk elite og til utanlandske økonomiske interesser: For å kome seg opp og fram i samfunnet, må ein kunne engelsk. Det same skal gjelde i aust-afrikanske

land der engelsk er symbol for utdanning og makt, medan swahili er symbol for solidaritet og etnisk tilhørsle (jf. Scotton 1982). Vi har her ei assymetrisk form for tospråklegheit; ho verkar til å halde ved like sosiale skilnader mellom ein elite som rår over engelsk og brorparten av folket som ikkje gjer det like godt.

Alastair Pennycook går i boka *The Cultural Politics of English as an International Language* (1994) kraftig til åtak mot retorikken om engelsk som “nøytralt” språk, og at utbreiinga av engelsk er ein “naturleg” prosess. Han set opp tre årsaker til at desse førestellingane har fått såpass stor gjennomslagskraft. For det fyrste meiner han det manglar ein kritisk analyse av dei ideologiske, økonomiske og politiske rammene som gjer at einskildindivid og land tek i bruk engelsk til stadig fleire føremål (38f.) . (Stikkord for Pennycook er: ny teknologi, internasjonalisering av politikken, internasjonalisering av kapitalismen, spreining av masseprodusert populærkultur og prestisjefaktoren.) Ei anna årsak finn Pennycook i eit strukturalistisk og positivistisk språksyn som overser at språk har kulturelle og politiske sider (s. 107f.) . Språkpedagogikken har her eit særleg ansvar; han har vore basert på psykolingvistiske abstraksjonar, med fokusering på einskilindividet, utan noko kritisk syn på den konteksten undervisninga føregår i (s. 142). Ei tredje årsak er synet på engelsk som døropnar for å få folk og land til å samhandle med kvarandre på ein likeverdig basis (slik mange i Norden ser på engelsk). I fylgje Pennycook overser ein då maktaspektet som er knytt til dei som har engelsk som sitt fyrstespråk versus dei som ikkje har det. Pennycook er oppteken av å sjå førestellinga om engelsk som internasjonalt språk i høve til korleis folk generelt tenkjer seg oppbygginga av det internasjonale samfunnet. Engelsk vert då ofte knytt til ein modernitets- og utviklingsoptimisme. I politikken overfor den 3. verda har engelsk i tida etter 1945 ofte vorte nytta som symbol på det ‘utvikla’, ‘moderne’, ‘urbane’ og ‘industri’, i motsetnad til det ‘underutvikla’, ‘tradisjonelle’, ‘rurale’ og ‘jordbrukstilknytte’ (42f.). Det har danna seg ein ideologi om engelsk som symbol på “framsteget”, ei nemning som Pennycook ser på som problematisk. Pennycook (1998) går i eit seinare arbeid vidare inn på desse førestellingane, som han ser på som særleg problematiske.

I *Linguistic Imperialism* (1993) hevdar Robert Phillipson at den vestlege verda bruker språk, særleg engelsk, som reiskap for å dominere over periferien, dvs. utviklingsland der engelsk ikkje er folkemålet. Språk verkar i lag med økonomisk, politisk, militær og kulturell imperialisme, og skaper eit språkleg-kulturelt hegemoni som Phillipson kallar for *lingvisisme* (“linguicism”), der ideologiar, strukturar og praksismåtar er med på å legitimere, setje i verk og halde ved like ulikskapar mellom språkgrupper (s. 47). Igjen er Singapore nytta som eksempel. Dei som ikkje nyttar engelsk, fell utanom mange av maktposisjonane i Singapore (s. 315). Lingvisismen

verkar då saman med *språkimperialisme*, i fylgje Phillipson. Han definerer *engelsk språkimperialisme* på denne måten:

English linguistic imperialism is that the dominance of English is asserted and maintained by the cultural establishment and continuous reconstruction of structural and cultural inequalities between English and other languages. (s.v.:47)

Kombinert med den engelske språkimperialismen ser Phillipson ein etnosentrisme. Han går over i det groteske når krigsreportaren ropar: “anyone here raped and speaking English?” (Sst.)

Phillipson fokuserer på korleis engelskundervisninga har halde ved like ulikskapar mellom sentrum og periferi. Han har nærlese papir frå British Council, som har stått for organisering av mykje av engelskundervisninga, og meiner der å ha funne prov for ein medviten politikk for å spreie engelsk på ein straumlinjeforma måte. Også Bjørg Gudem (1989:181f.) har vist at British Council spela ei viktig rolle i å straumlineforme engelskundervisninga i Norden. Jamvel om Gudem meiner det vert unyansert å tale om ei eintydig overføring av pedagogikk, viser ho i samband med norsk skulehistorie ein tendens til at også pedagogikken er påverka av British Council (s. 197).

For nyanseringa bør det føyast til at ein i den veksande forskinga om “new Englishes” er merksam på dei ideologiske føringane som ligg i tradisjonell (amerikansk-dominert) språkpedagogikk. I tidsskrift som *New Englishes* og *Asian Englishes* problematiserer ein fleire spørsmål som har med tilpassinga av engelsk til heimlege kulturtilhøve å gjere, samtidig som ein driv med anvendt språkplanlegging for å hanske dei ulike problema.

4.4.7 Avrunding

Der er ei rad historiske, sosiologiske, politiske og teknologiske årsaker som ligg til grunn for at engelsk har fått den store utbreiinga, og at det er engelsk som er det språket som påverkar dei nordiske språka mest gjennom ulike former for språklån.

Desse føresetnadene er viktige å take omsyn til når vi skal vurdere bakgrunnen for purismen mot engelsk, og om denne purismen kan lukkast.

Del IV

Dei fire språksamfunna

5 Dansk purisme

5.1 Innleiing

Danmark vart på 1980- og byrjinga av 1990-talet framstelt som det minst puristiske språksamfunnet i Norden (jf. Lund 1986, 1993:183f.). Dette inntrykket vart forsterka av utsegner frå framståande språkvitarar: Medan ein i Noreg og Sverige hadde kampanjar imot engelskpåverknad, gav formannen for Dansk Sprognævn, Erik Hansen, uttrykk for at engelskpåverknaden både var liten og ufarleg; ja, at han eigentleg gjorde dansk språk rikare (Hansen og Lund 1994).

Historisk sett har der ikkje alltid vore ein slik liberalistisk språkpolitikk i Danmark: Frå 1600-talet til 1800-talet var der sterke puristiske straumdrag, og purismen kom til å spele ei vesentleg rolle i normeringa av det danske standardspråket. Også på 1940-talet hadde ein puristiske tendensar.

Det kan no verke som om dei puristiske straumdraga er komne tilbake. I løpet av dei siste åra har det oppstått ei veksande interesse for engelskpåverknad og for statusen til dansk i ei meir internasjonalsert verd. Interessant å merke seg er det òg at den danske kulturministeren har gitt uttrykk for at ein treng ein meir medviten språkpolitikk på området.

I dette kapitlet skal vi sjå ei mogleg nyorientering i høve til dei lange historiske linene i dansk purisme.

Kapitlet vert disponert i fire delar:

Den fyrste delen gir ein del faktaopplysningar om det danske språksamfunnet – om statusen for dansk som skriftspråk og om normeringa av dansk.

Den andre delen har ein analyse av den historiske utviklinga av purismen frå 1500-talet og fram til 1940-talet. Her vil samanhengen mellom purisme og språkstandardisering, puritas-idealet, maktutøving, nasjonalisme og påverknadskrefter utanfrå (særleg Tyskland) stå sentral; desse momenta svarar til det som vert teke opp i dei seks fyrste hypotesane.

Tredje delen tek føre seg purisme imot engelsk i tida etter 1945. Her skal vi i hovudsak gå kronologisk til verks, og sjå diskusjonen om engelskpåverknad i høve til ideologiar, prinsipp og straumdrag i dansk språknormering meir generelt

Fjerde delen handlar om purisme på ulike lingvistiske nivå. Særleg vekt vert det lagt på det ortografiske og morfologiske nivået, særleg i høve til engelsk. Bakgrunnen for det er at det særleg er på desse områda vi ser tendensar som går på tvers av den offisielle ideologien om at ein ikkje har purisme i dansk språknormering.

5.2 Det danske sprogssamfundet

Statuseren for dansk

Dansk vert i dag nytta av kring 5,3 millionar menneske. Det er fyrstepraket for dei fleste som bur i Danmark, og er det viktigaste andrespraket på Færøyane og på Grønland. I tillegg har det kring 50 000 brukarar i tysk Syd-Slesvig. Dansk har framleis ei viss rolle som undervisningsspråk på Island. Dansk er dessutan offisielt språk i EU.

Som standardspråk har dansk gamle tradisjonar gjennom fleire hundre år, godt støtta av statsmakta. Samtidig har ein i Danmark historisk sett hatt eit stort innslag av tysktalande. Etter tapet av dei tyskspråklege områda i Syd-Slesvig i 1864 har derimot Danmark vore eitt av dei meir homogene landa i Europa, både språkleg og etnisk.⁵⁴

I skuleåret 1999/2000 var der i Indenrigsministeriet sin statistiske publikasjon *Udlændinge 2000* i alt 53 558 “tosprogede” elevar i grunnskulen, dvs. 8,6 % av alle elevane.⁵⁵ Pr. 1. januar 2000 var der 378 162 personar med “udenlandsk baggrund” (av desse er 81.238 “efterkommere”). Desse utgjer 7,1 % av folkesetnaden. Talet på innvandrarar har stige utover 1990-talet, særleg etter 1995 (jf. pkt. 1.2 i *Udlændinge 2000*). Det gjer òg at der er vorte fleire med dansk som andrespråk; tala er lågare enn dei som gjeld svensk som andrespråk i Sverige, men om lag tilsvarende dei som gjeld norsk som andrespråk i Noreg. 48 % av alle med utanlandsk bakgrunn bur i dag i københavnsområdet, der dei utgjer 9,5 % av folkesetnaden. (I Indenrigsministeriets talmateriale er det ikkje teke med tal for kor mange som i kvar kommune har dansk som andrespråk.)

I løpet av 1990-talet har der kome ei sterkare merksemd på statusen for dansk. Det er fyrst og fremst domenetap for engelsk fleire har ottast for. Det har mellom anna ført til at den danske kulturministeren i 2000 har teke initiativ for ein meir ekspansiv språkpolitikk.

Normering av dansk

Dansk språknormering har gjennom fleire hundre år vore basert på den praksisen og dei ynskemaåla som har vorte uttrykt av statsmakta i København. Då det vart skapt ein fastare ortografi og stil gjennom Christian 3.s Bibel (1550), tok bibelomsetjaren dels utgangspunkt i usus og dels i retningsliner frå kongen (Petersen 1929:290).

⁵⁴ Sjølv om ein framleis hadde islandsk, grønlandsk og færøysk i vesterhavs-koloniane, vart no det danske kjerneområdet dominert av dansk.

⁵⁵ Av desse kom 47 699 frå “tredjelande”, dvs. land utanfor Norden, EU eller Nord-Amerika. Det er rimeleg å gå ut frå at dei fleste av desse har dansk som andrespråk. Tala er frå Indenrigsministeriet sin statistiske publikasjon *Udlændinge 2000* En talmæssig belysning af udlændinge i Danmark. Internett: <<http://www.inm.dk/udl2000/ren.htm>>. Sjå særleg tab. 1.5, pkt. 3.3 og Sammenfatning. Personar med “udenlandsk baggrund” omfattar a) innvandrarar (fødd i utlandet, ein av foreldra er utanlandsk statsborgar), b) etterkomarar (fødd i Danmark av foreldre som ikkje er danske statsborgarar. Adoptivbarn og barn av blanda ekteskap vert ikkje rekna med

På 1700-talet verka danske forfattarar til å skape ein ny dansk prosastil, og Ove Mallings *Store og gode Handlinger af Danske, Norske og Holstenere* (1777) fekk offisiell autorisasjon som leseverk for skulen.

I 1800 viste kanselliet til “den Ortographie, som af Fædrelandets bedste og meest classiske Prosaister bruges” (Karker 1995:238). 1865 fekk rettskrivinga i *Dansk Ordbog* (1859) av Christian Molbech status som norm for dansk i skuleverket. Både denne og tidlegare ordbøker av Molbech representerte den konservative språkideologien i samtida.

Etter skandinavismøtet i 1869 sette undervisningsministeriet opp ein del retningsliner for rettskrivinga, og laga i 1891 ei kunngjering om rettskrivingsbruk i det offentlege skuleverket. Desse reglane vart justerte i 1892, og fekk nokre endringar i 1948, men var retningsgivande for dansk rettskriving fram til 1997.

Det offisielle organet for dansk språknormering har, sidan det vart oppretta i 1955, vore *Dansk Sprognævn*.⁵⁶ Det vedtek dansk rettskriving, som vert kunngjord gjennom *Retskrivningsordbogen*, og som alle offentlege institusjonar er pliktige til å fylgje. Dansk Sprognævn vart fyrst oppretta som eit rådgivande organ for Undervisningsministeriet. I kunngjeringa heitte det at Sprognævnet “på videnskabeligt grundlag” skal “give myndighederne og offentligheden råd og vejledning i sproglige spørgsmål”.⁵⁷ Arbeidet var lenge basert på ulike offentlege kunngjeringar. I 1997 vart så *Lov om Dansk Sprognævn* vedteken. I denne lova (Lov nr 320 av 14.5.1997) er det gitt retningsliner for kva føremål, autoritet og organisasjonsstruktur Dansk Sprognævn skal ha. I desse retningslinene er der fire overordna arbeidsoppgåver:

1. Registrere utviklinga i språkbruken
2. Svare på spørsmål frå ålmenta om dansk språk
3. Redigere og gi ut ei dansk rettskrivingsordbok
4. Leggje fast dansk rettskriving

Samtidig med *Lov om Dansk Sprognævn* tredde også *Lov om dansk rettskrivning* i kraft, og ho stadfestar at det er Dansk Sprognævn som fastlegg den danske rettskrivinga. Måten fastlegginga skal skje på, er spesifisert i *Bekendtgørelse nr. 707 af 4.9. 1997* (Bek. 1997) frå Kulturministeriet. Denne kunngjeringa formulerer to overordna normeringsprinsipp som baa peikar i konservativ retning, *tradisjonsprinsippet* og *språkbruksprinsippet*. Ut frå desse to prinsippa skal ein kunne halde fram arbeidet med å tilpasse lånord til dansk ortografi og bøyning (tradisjonsprinsippet) og elles fylgje usus blant framstående språkbrukarar (språkbruksprinsippet):

§1 Stk. 3

⁵⁶ Dansk Sprognævn har 23 medlemmer, som representerer ministerium, universitet, skule, media, litteratur og teatret; tre medlemmer er personlege. Språknævnet møtest til vanleg ein gong i året. I tillegg har det eit arbeidsutval på ni medlemmer, og det har fleire møter om året, alt etter behov. I sekretariatet sit det seks vitskapeg tilsette; dessutan har ein kontorpersonale og studentar som arbeider på timebasis.

⁵⁷ Dansk Sprognævn hadde ein forløpar i Undervisningsministeriets Retskrivningsudvalg, som hadde ansvaret for rettskrivingsordboka, og med ein leiar som brukte å svare på språklege spørsmål. Rettskrivingsutvalet vart lagt ned i 1948, etter all striden kring rettskrivingsendringane dette året.

Efter traditionsprincippet skrives ord og ordformer i dansk i overens-stemmelse med den praksis, der har været gældende siden bekendtgørelse nr. 24 af 27. februar 1892, og som siden 1955 er kommet til udtryk i de retskrivningsordbøger, som Dansk Sprognævn har udgivet.

§1 Stk. 4

Efter sprogbrugsprincippet skrives ord og ordformer i dansk i overens-stemmelse med den praksis, som følges i gode og sikre sprogbruges skriftlige sprogbrug.

Der er ingenting prinsipielt nytt i lovvedtaka i høve til tidlegare kunngjeringar. Mest interessant i ein puristisk samanheng gjeld det ein har kalla tradisjonsprinsippet, og som kan innebere ein ortografisk og morfologisk purisme. Her er det likevel verdt å streke under at kunngjeringa spesifiserer at det er tale om tilpassing av ord frå gresk, latin og fransk, og at ord frå andre språk fylgjer ein annan praksis. Når ein ikkje har nemnt engelske ord i lova frå 1997 – trass i at det har skjedd ein sterk auke i nettopp slike lån – er det ein illustrasjon av at den nye lova fyrst og fremst er ei konservativ stadfesting av rådande praksis.

Av andre normeringsinstitusjonar har Danmark ei rad terminologiske utval som driv fagspråkleg normering innanfor diverse område, t.d. Det Sundhedsvidenskabelige Sprogudvalg med medisinsk terminologi. Danmark har generelt fleire slike utval enn dei andre nordiske landa; dessutan står terminologi sterkare som høgskule- og universitetsfag, og det terminologiske fagmiljøet spelar også ei viktig rolle for praktisk terminologiarbeid (jf. Myking 1999).⁵⁸

5.3 Purisme gjennom tidene

5.3.1 Språkstandardisering gjennom patriotisme, verselære og tyske ideal

Det danske skriftspråket fekk ein strammare standard på 1500- og 1600-talet. Viktig var her bibelomsetjinga frå 1550, normordskiftet på 1600-talet (Skautrup 1947:315f.) og fornyinga av lovspråket med *Christan 5. Danske Lov* frå 1683. Likeins spela versedikting og diskusjon om verselære ei rolle. I denne standardiseringsprosessen kom tanken om det reine språket inn.

Vi har i kapittel 3 vore innom den språkpatristiske propagandakrigen på 1600-talet der ulike talsmenn framheva sine språk og sine statar som dei gjevaste. I *Nogle Betenkninger om det cimbriske Sprog* (1663)⁵⁹ brukte Peder Syv babeltårnet som

⁵⁸ Ein har i mindre grad enn dei andre nordiske landa noko kontaktpunkt (men Danterm-centeret er meint å skulle verte det). Kontakten mellom terminologimiljøa kjem mellom anna gjennom den fagspråklege utdanninga, som er meir utbygd i Danmark enn i dei andre nordiske landa (jf. Myking 1999).

⁵⁹ *Cimbrisk* refererer til språket åt kimbrarane, eit germansk folkeslag som skal ha stamma frå Jylland (der området Himmerland kanskje kan kome frå Kimberland [jf Karker 1995:22]). Frå ca. 120 f.kr. gjorde kimbrarane fleire krigstokter nedover Europa (mest retta mot keltarar), og romerske skrifter refererer til "skrekken" som kimbrarane førte med seg. Hos Syv vert kimbrisk nytta meir positivt, men også meir fleirtydig; dels refererer han til germanske språk generelt, dels til dansk spesielt (Skautrup 1968 bd. II:285; Sørensen 1983:273).

likning: Før tårnet fall, snakka folk hebraisk, etterpå oppstod alle dei andre språka som gresk, latin, svensk, norsk – og dansk (s. 88).⁶⁰ I og med at dansk gjennom avstammingslina til kimbrisk oppstod samtidig med gresk og latin, var dansk eigentleg like bra som desse språka, hevda han. Peder Syv skil seg elles noko frå dei andre i Norden: Han ikkje berre argumenterte for morsmålet, han brukte det òg som argumentasjonsspråk. (Andre skreiv mot latindominansen på latin.) Det patriotiske utgangspunktet for språkengasjementet var klårt nok: Peder Syv skreiv i innleiinga (“Til Læseren”) at “mig bør jo først at vide mit fæderneland og dets sprog nogen ære” (s. 81). Denne forma for patriotisme var fremja av staten i fleire samanhengar, og historieskriving spela her ei lykelrolle. Det heitest t.d. at når islendingen Torfæus i 1682 fekk statleg stilling i Danmark for å skrive norsk historie (på latin), var det “vistnok ikke mindst under hensyn til det i Sverige på patriotisk baggrund ivrig drevne studium af nordisk oldlitteratur.” (Fortale av Kr. Kålund i Arne Magnusson 1916: X.) Det var likevel ikkje berre tale om patriotisme. Også dei dei litterære faktorane spela inn. Dei latinske og greske førebileta i verselæra passa ikkje for dansk som hadde ein annan syntaks og prosodi. Det var eit vel så viktig utgangspunkt for Syv:

Ellers eftersom de Grædske og Latinske vers ville ikke vel rime sig efter vor maneer /
saa hafve og vores lidet behov at lade sig tvinge til deris lower / eller vort sprog at
være fremmed skik undergifvet. (Kap. LXXXVI.)

Både når det gjeld verselæra og språkpatrismen fanst der førebilete i det som gjekk føre seg i det tyske språkområdet. Syv viste sjølv til “Det Frugtbringende Selskab” i Tyskland (s. 82). Sørensen (1983:273) ser hos Syv klår påverknad frå Georg Philipp Harsdörffer sitt verk *Frawen-Zimmer Gespräch-Spiele* (1641). Det samsvarar med den allmenne bruken av tyske førebilete på denne tida i dansk språkstandardisering. Ein annan dansk purist, Henrik Gerner, gav i 1679 ut eit skrift, *Orthographia Danica eller det danske Sproks Skriffverictighed*. Der sa han seg rett nok usamd med Peder Syv i korleis dansk rettskriving skulle sjå ut, men han hadde det same patriotiske utgangspunktet, og det same ynsket om ei verselære på dansk grunn. Gerner drøfta inngåande verdien av å elske sitt eige språk (s. 48), var oppteken av kva som var det rette danske språket (s. 54) og åtvare imot framandord, mellom anna gjennom ei liste over framandord med framlegg til avløyasarord (s. 15–27). Gerner plasserte danskar og tyskarar i same båt; dei hadde bae vorte forførde av framande gloser frå fransk, spansk

⁶⁰ Tilvisinga til hebraisk er noko vi finn allment i europeisk “språkvitskap” fram til 1700-talet: Det kom etymologiske forklåringar av ord på dansk, nederlandsk, tysk etc. i høve til eit tenkt hebraisk opphav. Det vart fyrst med oppdaginga av sanskrit og framveksten av den samanliknande språkvitskapen at det kom eit grunnleggjande oppgjer med denne forståingsmåten.

og italiensk. Kva om det motsette hadde skjedd? Det “vilde bliffve een latterlig Ting for dem”, dvs. franskmenn og italienarar, “om de skulde læse et Frandskt Breff med Danske eller Tydske Gloser formenged” (s. 45). Moralen vart då: “Oc det maa end være vel saa latterligt / naar vi udi det Danske Maal indføre Frandske Gloser: Thi mange baade bruger oc læser dennem / men aldelis icke forstaae dennem.” (S. 45–46.)

Hans Mikkelsen Ravn heldt i *Ex Rhythmologia Danica* (1649) ein appell til ungdomen om at ein etter tysk mønster oppretta eit fruktbringande selskap, og heldt oppe kjærleiken for fedreland og språk:

[...] indtil Gud opfylder vor bøn, at vi danske enten ved andre, [...] mødes i et Frugtbringende Selskab som det, der allerede sammenknytter de mest begavede tyskere, og vi enigt kan samle kræfterne til vort sprogs beskyttelse og som forsvar mod, at især franske, men efterhånden også andre fremmede ord sniger sig ind i sproget, så vi kan overlade det rent, strålende, særpreget, uantastet, fornemt og rigt til vore efterkommere. Som for alter og arne skal I kæmpe for at bevare Sproget uden plet og lyde, i dag som lærelystne drenge, snart som videbegærlige ynglinge, dernæst som højtbegavede ungersvende og endelig som modne mænd i sand kærlighed til fædrelandet. (Ravn 1649:153.)

Ravn sine adjektiv – “rent”, “strålende”, “særpreget”, “uantastet”, “fornemt” og “rigt” – dannar ei assosiasjonsrekke som set framandord opp som motsetnader til morsmålet: Framandorda er ureine, utan særpreg, antastande etc. Tilvisinga til “vore efterkommere” gjer det nærast til eit moralsk brotsverk å nytte framandord. Vi finn tilsvarende åtvaringar hos Peder Syv. Som hos Hans Mikkelsen Ravn var problemet dei franske orda: Dei kunne gjere dansk språk sjukt. Franske innslag vart av Peder Syv kalla *Frandsoser*, som òg var synonym for syfilis. No var det danske språket “gandske fuldt af Frandsoser/ og saa sygt/ at det neppe uden ved stærk legedom / nemlig ved brænden og afskæren kand til rete hielpes.” (Syv 1663:67.)

Både Peder Syv og Hans Mikkelsen Ravn hadde lese Martin Opitz og hans verk *Aristarchus*. Den eintydige purismen imot fransk kan forståast ut frå denne påverknaden (jf. Fafner 1991:295, 296). Dette same er tilfellet med Henrik Gerner. Det tyske idealet i dansk språknormering etablerte seg for alvor på 1500-talet. Kongen kom med formaningar om at bibelomsetjarane “saa vidt det var muligt skulde følge Luthers Spor og sætte sig til Opgave, saa vidt som Sproget tillod det, at efterligne hans tyske Oversættelse” (sit. etter Petersen 1929:290). Det tyske førelegget var også til stades i verdsleg litteratur, til dømes i folkebøkene (jf. s. 300). Forfattarane av folkebøkene var gjerne ukjende, og omsetjingane gjekk føre seg i eit høgt tempo – til dømes kom den danske Faust-utgåva ut i 1588, berre eitt år etter den tyske, og omsetjingstempoet kan kanskje forklåre germanismane. I denne samanhengen må det

øg nemnast at tysk purisme heilt sidan 1500-talet har vore anti-fransk (jf. Jones 1994); dei danske puristane adopterte denne tyske tradisjonen (jf. Skautrup 1953: 243).

På 1500-talet vart det tala dansk ned til Danevirke i Syd-Slesvig (jf. Skautrup 1947:34). I det dansk-tyske grenseområdet var der ei språkbryting mellom dansk, nedertysk og frisisk, og i perioden etter reformasjonen kom der eit sterkare press då nedertysk vart kyrkjespråket i heile Syd-Slesvig og i austlege Nord-Slesvig. Der kom òg eit visst talemålsskifte i retning nedertysk, dei fyrste hundreåra rett nok gradvis. Likevel var der ingen trong for å markere det danske overfor nedertysk. På slutten av 1500-talet byrja dessutan nedertysk å få generelt lågare status internt i det tysk-språklege området. Ein kan kanskje takke tysk purisme imot nedertysk for at ikkje større delar av sørlege Jylland vart nedertysktalande:

Udbredelsen af plattysk hæmmes lykkeligvis af, at de egentlig tysktalende foretrækker højtysk, som afviger langt mere fra dansk end plattysk. (Lundgreen-Nielsen 1992b:47.)

Versedikttrar

No skal evi ikkje gjere dansk purisme heilt underordna tysk purisme. For det fyrste spela puritas-tradisjonen ei viss rolle; Henrik Gerner refererte i *Orthographia Danica* [1678] til Quintilian for å åtvare imot framandord. For det andre hadde det tidlegare også på dansk grunn vore formulert tankar om korleis versføringa på morsmålet skulle vere, jf. brevet av 1606 frå professor Hans Stephanius (Johannes Stephanius) til nordmannen Jens Bjelke om “hvordan man gør rim eller vers på vort eget språk” (jf. kp. 3):

Jeg er så kættersk at mene, at princippet for denne sag hos os ganske er, som det siges at have været hos de lærde i gammel tid, og som det endnu den dag i dag overholdes i det hebraiske sprog. (...) Jeg ser, som sagt, bort fra det bestemte stavelsestal og ligeledes fra den såkaldte homoiteleuti (...), som alle er enige om, og så siger jeg, at man iøvrigt, ja først og fremmest bør være opmærksom på, at al skønhed ved rimvers, al ynde og endelig al fornemhed, ja, jeg vil næsten sige hele kunsten, består i prosodien alene og kun afhænger af den. Og hvad jeg her kalder prosodi, er ikke det, som forekommer hos romerne og grækerne i ordenes længde, men det, som hos hebræerne bruges i accenterne, det vil sige ikke i udmålingen af lange og korte stavelser, men i udtalen af skarpe og stumpe eller høvede og sænkede. (Stephanius i Arnholtz et al. 1953:8. Sitatet er hos Arnholtz omsett frå latin til moderne dansk.)

At Hans Stephanius kom med slike radikale tankar om ei versereform – før Opitz – er verdt å merke seg.

Ved sida av estetikk er *opplysning* eit bakgrunnsmotiv for Stephanius. Han hadde studert i Tyskland, og var påverka av ramismen (dvs. av filosofien etter Petrus Ramus [1515–1572]) og det ramistiske målet om å nå så mange som råd var gjennom skriftinga (jf. *Dansk biografisk leksikon*). Forståingsaspektet finn vi ganske tidleg, også hos andre; alt bibelomsetjaren Christiern Pedersen kom i *Jærtegnspostil* frå 1515 inn på kor viktig det var å omsetje til eit språk som lekfolk kunne forstå (Karker 1993:136).

Eit interessant tilfelle som viser korleis verselæra vart knytt til tanken om den reine dansken, er presten og forfattaren Johan Brunsmann (1637–1707), opphavleg frå Trondheim, som i 1686 gav ut salmesamlinga *Den siungende Himmel-Lyst*. (Denne samlinga er eigentleg andre utgåva av *Aandelig Siunge-Lyst* frå 1676, men andreutgåva skil seg ut ved å ha ein sterkt utvida fortale).⁶¹ I fortalen viser Brunsmann til heimlege forfattarar som førebilete for den språklege utforming av salmane:

Hvad Digte-Maaden der i anlanger / da har jeg der udi føyet mig effter de beste Poeters Manere / ikke alleniste i Latine og Græske / men ogsaa i disse gemene Sprog. Og aff voris Danske Poeter har jeg mest lempet mig effter dennem som Kunsten mest hafve udarbejdet / jeg mener Belæste Docter Thomas Kingo og [...] Anders Bording [...] (. s. 9).

Slike forfattarar vart viktige for å avgjere kva som var gode og reine danske ord. Brunsmann hadde nemleg som mål å vere purist: “Udi Talen og Ordene har jeg beflittet mig intet andet at bruge / end det som er god reen Danske” (s 10). Og dersom ein framstående dansk forfattar hadde nytta eit ord, måtte ordet vere reint. Det galdt òg for ord som ville støyte ein del skriftlærde:

Iblant slige Ord ere disse efterfølgende: Forlangen / Det er forlange siden. at det er god Danske sees der af at det findes ikke alleniste i de beste aff voris ny Poeter / men ogsaa i de gamle Tragiske Viser / hvor der i den 12. staar. De tre ere forlangen døde / de to lefve igien. Og i den 26. I dragis til Minde hvad forlangen er spaet. (Sst.)

Ususprinsippet gjorde òg Brunsmann open for morfologiske innovasjonar: Når gode skribentar brukte nye former, var dei gode og reine.⁶² Også den danske bibel-

⁶¹ Takk til Jørgen Sejersted som gjorde meg merksam på denne teksten.

⁶² Brunsmann skreiv (1687:17): I Tide-Ord / som mand kalder paa Latine Verba / findis i ligemaade brugt i Bøger af heelreen Dansk [...] Saa som i Malmøes Reformz / Brochmands Postill og andre mangfoldige Skrifter af reen og ram Danske. Brugis derfor saadanne Ord / ikke alleniste i hvermandsdaglig Tale / men ogsaa i gode og reene Skrifter: Saa at det baade er og bør være i alle Maader u-tvilactig / at de er fuldkommen reen og god Danske. Interessant å merke seg er det at Brunsmann nyttar morfologiske bøyingar som heller ikkje dei lærde vil like: “Hvortil hører Mangfoldigheds Ord eller Pluralis af sammen [sic!] endelse som enligheds Ord eller Singularis” (sst.) Her kjem usus inn, for desse orda “findis ogsaa i Skrifter der ere i reen Danske forfattet” (sst.). Han viser mellom anna til manglande samsvarsbøying i partisipp av adjektiv: “saa sim Fortørnet i steden for

omsetjinga vert nytta som legitimeringsgrunnlag: “Og at det er god gammel Danske er klart nok deraff / at det findis i det Ny testamente.” (S. 11.)⁶³

Brunsmann deltok her aktivt i oppbygginga av ein dansk litterær kanon, og denne kanonen fekk ein funksjon for kva som skulle vere det reine språket.

Dei latinske og greske førebileta er framleis til stades. Det ser vi når Brunsmann diskuterer om orda han bruker er for gamle (s. 14). Quintilian og Cicero vert nytta som sanningsvitne: “Saa siger og den fornemme Talemestere Cicero i hans 3. Bog de oratore eller om veltalenhed / at ældgamle Ord ere Poeter tillatte” (s. 14–15).

Brunsmann engasjerte seg i ordskiftet om dialektar. På midten av 1600-talet hadde danske grammatikarar diskutert kva for dialekt som var den beste og reinaste, kva status dialektane skulle ha, og om ein burde bruke dialektinnslag i litteraturen. Diskusjonen er gjengitt hos Peter Skautrup (1947:316–318), og illustrerer eit sterkare medvit og ynske om å standardisere. Dialektinnslag som “en Gut paa norsk, eller Paag paa Skaansk, elle Sorck paa Gullandsk, eller Pois paa Øselsk [...] vilde falde heel Ureent i vort Spraag”, meinte t.d. Søren Poulsen Gotlænder i “Synopsis prosodiæ Danicæ” frå 1650 (sit. s. 317). Brunsmann var derimot open for ord som fanst i mange delar av kongeriket, ikkje berre i hovudstaden: “Saa ere og mange aff disse slags Ord / ja snart de fleste / endnu i fuldkommen Brug i atskillige aff Danmarkis Kronis Lande” (Brunsmann 1687:15); i tillegg var dialektismar i bruk i ulike sosiale lag og i ulike stilartar: “alligevel at de ere i fuldkommen brug baade hos Høye og Lave baade i Skiemt og alvor baade i hastig og langsom Tale.” (S. 16.) Sjølv utnyttinga av dialektmaterialet underbygde Brunsmann med å vise til gresk og latin – der var ein slett ikkje så redd for dialektismar:

Eftersom mand i Digten og vel maa laane noget af voris rette hoveds Sprogs Dialecter eller Mundarter. Derfor merker Plutarkus / der hand taler om den Nafnkundige Poetis Homeri Vers / at alligevel hand mest følger den Attiske Dialect eller Mundart / som sit rette Adelsprog eller Hofvidsprog / saa lader hand sig dog ikke slet binde der til / men spazerer og videre ud / og blander sit Dict af alle slags Græske Dialecter eller Mundarter. Det samme siger og Hermogenes i hans 2. Bog De Formis eller om Tale-Arterne / i det 4. Kapittel / ikke allene om Homero / men ogsaa om [Hestodo] og mange andre Græske Poeter: undertagende at hand tillegger dette / at den Dialect de mest bruger er Jonisk. (s. 15–16.)

Tilvisinga til gresk dialektmangfald var framme fleire gonger i den danske dialekt-diskusjonen på 1600-talet (Skautrup 1947:316f.). Det tyder på at dei som var til-

fortørnede / Undertagen for undertagne / Christen Menniske for Christne Menniske [...]” (sst.). Likeins viser han til at fleirtalsbøyinga av verb ikkje lenger er vanleg (s. 17).

⁶³ Når Brunsmann på denne måten bruker dansk litteratur som sanningsvitne, er han med på å stadfeste og bygge vidare ein dansk litterær kanon.

hengjarar av sterkare standardisering, oppfatta den greske dialeksituasjonen som problematisk. Ein av tilhengjarane av ein sjællandsbasert talemålsnormal, Søren Poulsen Gotlender, var innforstått med tilhøva i det gamle Hellas, men meinte at så lenge ein heldt seg på Sjælland, måtte ein nytte den dialekten som rådde der (sst.).

Det kan seiast at diskusjonen om dialektar dreidde seg om språkstandardisering, ikkje om purisme. Når vi likevel tek med litt av diskusjonen her, er det for å få fram korleis tanken om *det reine språket* utvikla seg på 1600-talet.

5.3.2 Danske bokstaveringsprinsipp

Alt på 1600-talet kom det argument for å skrive framandord etter danske bokstaveringsprinsipp. Det var Peder Syv som kom med argumenta i *Nogle betenkninger om det cimbriske sprog* (1663), tilpassa prinsippet om ei meir uttalenær rettskriving. Også Johannes Brunsmann var for ei viss ortografisk tilpassing av lånord. Han var kritisk til at skrivemåten *lossere* hadde vorte endra til *logere* i ei av hans salmer (som vart brukt i ei salmebok); her kom omsynet til forståing og allmugen inn:

Iligemaade i steden for det Ord lossere som jeg paa voris Danske Maade hafde skrefven / har hand sat logere / Effter et fremmed Sprogs Skriffve-maade / som vor Danske Tungemaal aldels ikke egner og beqvemmer: kand og gandske ikke forstaaes aff den gemene Almue: til hvis Nytte dog det meste i saadanne Sager bør være henrettet. (Brunsmann 1686:8.)

Der kom eit vidare ordskifte om det uttalenære prinsippet utover på 1600- og 1700-talet (handsama av Skautrup 1947:318f. og Galberg Jacobsen 1973:36f). Viktige verk er her kapitlet “Om Orthographien eller Skriverigtigheden” i Jens Højsgaard sin grammatikk frå 1747 og *Anweisung zur dänischen Sprache* (1767) av Jacob Baden. Højsgaard og Baden ville ha framandorda i dansk språkdrakt, medan den dominerande retninga (Sneedorff, Malling, Biehl) ville halde på den opphavlege stavemåten (Skautrup 1953:179). Når så Rasmus Rask i *Forsøg til en videnskabelig dansk Ret-skrivningslære med Hensyn til Stamsproget og Bogsproget* (1826) over 150 år etter Peder Syv argumenterte for å skrive framandord etter dansk mønster, var det i fylgje Allan Karker ikkje noko nytt:

Rasmus Rasks radikale idéer om fordanskning af fremmedord var led i en tradition; eksempelvis gik den allerede den ældre Jacob Baden ind for stavemåder som Kapitel, kristen, Sirkel, Septer, Sirat, Apotek, Filosof, Salme, Exellense, sjalu (Karker 1980:9.)

Det kan diskuteras at sterk denne tradisjonen i røynda var. Det som i alle høve er interessant, er at det i Danmark nokså tidleg oppstod ein diskusjon om ortografisk

tilpassing. Som vi seinare skal kome inn på, gjekk denne diskusjonen føre seg om lag samtidig med ein tilsvarande diskusjon i Sverige (jf. kap. 7.2).

5.3.3 Klassisk dansk purisme på 1700-talet

Åra 1740–1760 er stordomstida for den “klassiske danske purisme” (Galberg Jacobsen 1973:24). Purismen kom då ikkje berre til uttrykk gjennom eit omfattande omsetjingsarbeid og ved utvikling av mange danske avløyсарord. Han vart òg avspegla i fleire skrifter der ein diskuterte språkspørsmålet på eit meir prinsipielt grunnlag; det vart der argumentert for å avskaffe flest mogleg av dei framandorda som ikkje var i allmenn bruk. I det nyetablerte *Danske Magazin* sa ein såleis i 1745 frå om at ein ville nytte “en reen og ret Dansk Stiil, og ikke gjerne blande noget ind af fremede Sprog” (Feldbæk 1991:125).

“Føraren” for den puristiske rørsla var Frederik Christian Eilschow (1725–50), som i 1747 disputerte på ei avhandling om bruken av morsmålet i vitskapen. Avhandlinga var skriven på latin, og heitte *Cogitationes de scientiis vernacula lingua docendis cum specimine terminologiae vernaculae* (‘Betænkninger over undervisning i videnskaberne på modersmålet med en prøve på en kunstordbog på modersmålet’. Sjø elles Nielsen 1949:256 f.) I avhandlinga kom Eilschow òg med eit program for å lage avløyсарord, og han hadde 897 framlegg til slike, til dømes *Virksomhed* (Activitas), *Drive-Verk* (Machina) og *at omkredse* (cirkulere). Eilschow avviste bruk av forelda ord, idealet var samansetjingar og avleiingar, og det kom i praksis til å verte omsetjingslån med tysk som førebilete. Det tyske førebiletet vart kritisert av nordmennene P. C. Stenersen og Ole S. Pihl, som meinte at ein heller skulle take i bruk danske og norske talemålsformer, til dømes “det hos sømænd brugelige ord *linien*” der Eilschow bruker *Jorddeleeren* (etter tysk *Erdeleiter*) for *ekvator* (jf. Nielsen 1949:259). Men tendensen i tida gjekk meir i retning av tyske omsetjingslån, og det var denne lina som stort sett vann fram hos andre viktige skribentar som Jens Kraft (1784–1853), Jens S. Sneedorff (1724–64), Chr. Fleischer (1712–68), Caspar Rothe (1724–84), Gerhard Schøning (1722–80), Jacob Baden (1735–1804) og – som vi skal kome tilbake til – Ludvig Holberg (1684–1754). (Den danske purismen på denne tida er handsama mest grundig av Nielsen 1949, Skautrup 1953 og Galberg Jacobsen 1973.)

Det slår oss at klassisk dansk purisme i hovudsak var retta imot *latinske* og *franske* ord. At han var retta imot latin, er forståeleg ut frå det allmenne strevet for å gjere faglitteraturen dansk. Jamvel på 1700-talet dominerte latin faglitteraturen; sjølv bøker som argumenterte for bruken av dansk, var forfatta på latin, jf. Eilschows avhandling og Christian Falsters *Amoenitatis philologiae* (1729). At fransk stod i

skotlina, er òg forståeleg, då omfanget av franske lånord hadde auka frå 1600-talet av (jf. Karker 1997:35). I alle fall vart det opplevd som om omfanget av franske ord var stort; i *Sorterups Mindevers over Peder Syv* (1702) heitte det såleis:

Det synis ligesom vi vare hiemme blinde,
Og laaner os til det vi self i hænder har,
Da vi i eget maall til eget os ey binde,
Men franske knuder paa de danske traade slaar.
(Str. 74, *Danske Studier* 1909:42.)

Derimot kom det heller ikkje på midten av 1700-talet nokon purisme imot tysk, jamvel om påverknaden frå tysk var meir omfattande enn fransk og latin i form av lånte ordformer og lånte ordlagingsaffiks (Karker 1997:35). Rett nok finn vi fleire utsegner der ein er medviten om tyskpåverknaden, t.d. Hans Mikkelsen Ravn som kring 1640 bryt ut at “Vi har tysket så længe, at vi er blevet halve tyskere” (Skautrup 1947:309). Men då var det for å reagere imot å gå endå lenger – låne frå fransk (sst.).

At ein ikkje reagerte puristisk imot tyske lån, kan også verke noko merkeleg når ein ser på kor omfattande bruken av tysk hadde vorte utover på 1600- og 1700-talet. Kongen og hoffet var no reint tyskspråkleg, tyskarar vart tilsette på universitetet og i høgare sivile embete, og det same galdt for hæren, der kommandospråket var tysk (noko som mellom anna kjem fram i *Jeppe paa Bjerget*). I fylgje ei folketeljing i 1699 var 20 prosent av innbyggjarane i København tyskspråklege (Hemstad 1996:76). (I staten som heilskap utgjorde tyskarar rett før 1814 om lag 25 prosent av folkesetnaden [Feldbæk 1992:108].) Men her må vi take omsyn til at Danmark var (og definerte seg sjølv som) ein multietnisk heilstat der det var rom for ulike folk og ulike språk. Som Ole Feldbæk (s. 73) skriv om perioden kring 1700: “Og på sin fødselsdag modtog monarken hyldestdigte ikke blot på fransk og latin, men også på helstatens egne sprog: dansk, tysk, islandsk og samisk.”

No kom der faktisk ein del reaksjonar på bruken av tysk utover på 1700-talet. Det var særleg borgarskapet som stod på. “Dette danske borgerskapet hadde ambisjoner om å overta de posisjonene som en tyskspråklig og fremmedkulturell overklasse satt på,” skriv historikaren Ruth Hemstad (1996:76). Reaksjonane kom særleg til uttrykk rett etter Struensee-perioden. I 1772 innførte såleis staten dansk som forvaltningsspråk, året etter vart dansk kommandospråk, og i 1776 kom lova om Indfødsretten som gjorde at det berre var borgarar i den danske staten som kunne take statlege embete. Vi ser òg mange reaksjonar imot tysk dominans i den såkalla Tyskerfejden (i perioden 1784–1788 då der var liberalisering av sensuren). Her anar vi òg konturane av ein etnisk nasjonalisme med krav om fordansking: “Fra dansk side mundede Tyskerfejden

ud i et krav om, at de tyskere, der levede i Danmark, skulle blive demonstrativt danske, i sprog, kultur og levevis.” (Feldbæk 1992:98–99.) Ei slik nasjonsforståing innebar derimot ein risiko for heilstaten, og det var ganske sikkert sensuren som gjorde at det offentlege ordskiftet om emnet brått tok slutt i 1790 (s. 99).

Reaksjonane dreidde seg om *bruken* av tysk, ikkje om tyske innslag i dansk. Tvert imot stod tysk som førebilete for korleis ein skulle byggje ut språket. Tyskarane hadde nemleg vist veg: Tyskarane Chr. Wolff og J. Chr. Gottsched hadde skrive filosofiske avhandlingar på morsmålet, noko som gjorde inntrykk på dei lærde i København (jf. Skautrup 1953:143). Mange av dei viktigaste fagbøkene som fyrst kom ut på dansk, var då òg omsetjingar frå tysk. Såleis heldt ein oppe tradisjonen frå 1600-talet om å avløyse latinske og franske nemningar med avløyсарord etter tysk mønster.

For den manglande purismen imot tysk kan det òg spele ei viss rolle at det var direkte språkkontakt mellom folk flest som låg til grunn for tyskpåverknaden, medan franskpåverknaden kom inn meir indirekte, og dessutan råka eit fåtal innanfor litteratur, kunst og adel (jf. Skautrup 1953:394). At adelen var eit hakk meir frankofil enn dei lærde, kan kanskje forklåre kvifor dei språklærde markerte ein viss avstand (jf. Lund 1991:119). Det viktigaste var likevel at dansk framleis var i ein standardiseringsfase. Då var det meir relevant å definere seg i motsetnad til fransk, og å bruke ein tysk framgangsmåte.

Tilhøvet mellom dansk og tysk illustrerer at purismen ofte ikkje er sikta inn imot dei språklåna det er flest av, men det språket ein har trong for å markere seg overfor.

5.3.4 Ludvig Holberg og purismen

Ludvig Holberg (1684–1754) er viktig i utviklinga av dansk skriftspråk og av dansk purisme. Sjølv hadde Holberg eit noko tvitydig forhold til purismen. På den eine sida var han motstandar av det han meinte var utidig purisme: I fylgje Holberg var lånord eit middel til presisjon og “Fynd og Ziirlighed” i stilen, og danskar skulle ikkje kjenne seg mindreverdige fordi dei lånte ord frå andre språk. Som han skreiv i *Moralske Tanker* (1744), Epigram 85:

Nogle have criticeret mine Danske Skrifter, efterdi derudi findes saa mange fremmede Ord. Jeg haver dog u-anseet slige Critiquer stedse continuert med min gamle Skrivemaade, helst saasom jeg af Erfarenhed haver merket, at, ligesom en Nation trænger iblant til en andens Varer, saa trænger ogsaa et Sprog til et andet Sprogs Gloser. (Holberg 1744:348.)

Holberg kjem til tider med latterleggjering av ord som puristar har konstruert (Epigram 448). Samstundes var Holberg sjølv oppteken av å gjere sitt eige språk

reinare, og alt i 1713, i *Anhang til den historiske Introduction*, skriv han i innleiinga om det: “hvad sig anbelanger Stiilen / da har jeg beflittet mig paa en reen Danske / og sielden indførdt fremmede Ord / naar jeg har kunnet finde forstaaelige Danske.” (Holberg 1713:390.) Holberg ville likevel ikkje køyre løpet fullt ut: “Men endeel fremmede Ord/ ere ligesom naturaliserede her udi Landet/ saa at man nu omsider hart ad ikke kand undvære dem.” (Sst.)

I nyutgåver av bøkene sine bytte Holberg ut fleire lånord med danske ord. Denne utbytinga gjekk føre seg opp gjennom heile forfattarskapen, og gjeld hovudsakleg fransk-latinske ord, svært sjeldan tyske. Det kan òg vere verdt å merke seg at Holberg i komediane ofte kjem med latterleggjering av den overdrivne bruken av lånord hos lærde pedantar, som latinbruken hos magister Stygotius i *Jacob von Thybo* eller hos Erasmus Montanus. Likeins vert Jean de France latterleggjord når han bruker fransk for å imponere. Det er likevel problematisk å tolke det som ei form for purisme. Språkbruken vart eit litterært verkemiddel for å karakterisere typane. Såleis var det karakteristisk at Jacob von Thyboe tala eit slags tysk-dansk – han var militær, og tysk var kommandospråket. Karakteristisk var det òg at Jeppe tala pæredansk då han vakna i baronens seng.

Holberg var med på å gi dansk språk prestisje, fyrst og fremst gjennom omfattande bruk av dansk både i litterære og vitskaplege samanhengar. I tillegg skreiv Holberg om dansk, og han argumenterte for bruk av dansk. Det høyrer då med at han alt i 1735, i *Dannemarks Riiges Historie*, gav melding om å ville gi støtte til “en nyttig Stiftelse til det Danske Sprogs videre Forfremmelse” ved “at give Publico tilbage igien” (jf. Feldbæk 1991:119). Den nyttige gåva kom i 1747 då Holberg gav formuen sin til Det adelige Akademi i Sorø. Holberg var òg med på skipinga av Det Kongelige danske Selskab til Fædrenelandets Historie og Sprogs Forbedring i 1745. Kosmopolitten var derimot skeptisk til den veksande danske patriotismen, slik han kom til uttrykk i til dømes *Danske Magazin* på 1740-talet (jf. s. 126): Utgivarane av *Danske Magazin* definerte seg sjølve som “Danske Patrioter” eller “nidkjære Patrioter” som ville “tiene vort kiære Fæderneland” og “det Danske Navns Ære og Udbredelse” (s. 125–126). Holberg meinte at fedrelandskjarleik nok kunne vere av det gode; problemet oppstod dersom han vart for sterk, då kunne han gå over i framandhat (sst.). Likevel er det ikkje urimeleg å hevde at Holberg var påverka av dei patriotiske og av dei puristiske stemningane som rådde i samtida. Ja, nettopp ved si tvitydige haldning kan Holberg stå som ein illustrasjon på den krafta purismen hadde i Danmark på midten av 1700-talet. På den eine sida markerte Holberg seg som anti-purist. På den andre sida var han sjølv påverka av dei puristiske straumdraga, og verka som purist ved å gå inn og reinse

språket sitt. Resultatet vart den vidgjetne mellomvegen: “Man maa gaae en Middel-Vej imellem Sprogblandere og utidige Purister.” (Epigram 451.)

Holberg hadde jamvel syn for å vurdere kvaliteten til dansk i høve til andre språk, og for å sjå dansk språk som ein del av det som karakteriserte det danske folket. I *Orthographiske Anmærkninger* skreiv han:

Grunden udi vort Sprog er saa god som udi noget andet Europæisk Sprog. Numerus udi Stilen er naturlig, saa vi have ikke fornøden at lede efter Meningen som de Tydske, Udtalen er let, saa vi behøver ikke at tale udaf Struben som Polakkerne eller igiennem Tænderne som Englænder. Sproget lider ikke mange Consonanter, er derfor særdeles beqvem til Poesi og Musik. Det er ikke al for laconisk som det Spanske, ej heller vitløftigt som det Franske. Ja, som det Danske Folk i sig selv er saa meget fri for affectation som nogen Nation, saa er ogsaa Sproget med saadant ikke befænged, lider ingen extremiteter og derfor fortienner all den Zirat, all det Arbeide, man kand anvende derpaa. (Holberg 1726:797.)

Kvalitetetsvurderingane av språk var tidstypiske, og liknar dei Olof von Dalin i 1733 gav til fordel for svensk (og til mindre fordel for dansk) i *Then Svenska Argus* (jf. svenskkapitlet [5.3.2]). Mindre utbreidde var dei nasjonale eigenskapane som Holberg her gav “det danske Folk”. Desse kan tolkast som eit tidleg døme på språknasjonalt medvit. Holberg vert då òg rekna som ein av dei viktigaste utviklarane av ein dansk nasjonalidentitet (Feldbæk 1991:220). Heilt uvanleg var slike tankar ikkje i Europa. På denne tida vart det i Europa utvikla idéar om folkekaraktarar. Eit mogleg føredøme er her Montesquieu: Vi veit at Holberg var påverka av honom, og at Montesquieu kom med idéar om folkekaraktarar på denne tida, til dømes i *Lettres Persanes* (1721).⁶⁴ (At Holberg utvikla desse tankane sjølv, verkar mindre sannsynleg, ut frå det ein elles veit om Holberg som “etterliknar”.⁶⁵)

Om den kronologiske utviklinga av purisme hos Holberg rår der ulike syn. Niels Åge Nielsen (1950:250) meiner at språkreinsinga på 1740-talet har spela ei rolle, og at Holbergs dansk er reinare i tida etterpå. Peter Skautrup (1953:49f.) meiner derimot at det ikkje er tale om ei lineær utvikling. Etter hans syn er der flest framandord i dei

⁶⁴ Når det gjeld nasjonalspråk, merker vi oss at Holberg ikkje talar om norsk som sjølvstendig i høve til dansk. Som han sjølv skriv om oppveksten i Bergen, lærte ein der dansk på gata: “mine Forældre raisonerede” (...) “Dansk kand han for intet lære af smaa Drengene paa Gaden: Saaledes bleve de fleste Aar af min Barndom bortdrevne ved at lære Tysk udi Skolen og Dansk udi Ammestuen” (*Orthographiske Anmærkninger*, 1726:95)

⁶⁵ Det er her ikkje meint noko negativt i uttrykket “etterliknar”. I før-romantisk litteratur var der jo andre normer og verdiar for kva ein karakteriserte som individualitet, og det var ikkje nødvendigvis noko negativt å plukke stoff frå ulike kjelder. Det viser seg at delar av dei historiske arbeida Holberg har skrivne, er regelrett avskrifter av andre, jf C. M. Stubs brev til H. Gram 1731: “...Historia Juris Danica...er...translation af mine Latinske Disputat. jeg holdt i Colleg. Elers...saa at hand endog har beholdt de errores, hvilke jeg i de 2de første Disputat. som en ung Student begik, og derfor i mit Manusc. efter Arnas Magnusens advarsel havde corrigered. (Her sit. frå Árni Magnússon's levned og skrifter I. bind 2:164.)

tidlegaste historiske verka (*Introduction til de europæiske Rigers Historie* frå 1711 og *Anhang til den historiske Introduction* frå 1713) og dei siste verka (*Moralske Tanker* frå 1744 og *Epistler* 1748–1754). Holbergeksperter F. J. Billeskov Jansen gir i kommentaren til åttebandsutgåva at *Epistler* (utg. 1944–1954) uttrykk for den same oppfatninga (Holberg 1944). No er det ikkje gjort noka statistisk jamføring av kor mange framandord som finst i dei ulike verka, men det finst i alle fall i *Epistler* ein god del framandord. Det treng ikkje å tyde på noko medvite skifte i retning anti-purisme igjen; Holberg produserte raskt, og nytta franske førelegg for *Epistler*.

Holberg var elles ein pionér på det faglitterære området; fåe hadde skrive om hans emne på dansk, og han måtte rydde ny språkmark: Der var ganske enkelt ikkje det store utvalet av ordbøker og andre føredøme som kunne brukast. Ei manglande skuleundervisning i dansk og mange utanlandsopphald spela også ei rolle. I tillegg kom seinare dei lange utanlandsopphalda og bruken av latin på universitetet: “hver gang jeg kom hjem, var jeg udi samme Tilstand som Jean de France, i det at mit Moders Maal vilde ikke synderlig flyde for mig (jf. Holberg 1726:95).

5.3.5 Puritas-tradisjonen

Sjølv om det på 1700-talet var knytt ein patriotisme og folkeopplysningsideologi til purismen, vil ikkje det seie at tradisjonen frå antikken var heilt borte. Som Holberg sjølv presiserte i *Orthographiske Anmærkninger* (1726:797), fylgde han til liks med Quintilian den “Skrive-Maade, som mest synes at stemme overeens med Fornuft og Analogie”.

Så seint som i 1822 kunne ein annan danske, Knud Rahbek, i skriftet *Om den danske Stiil* (1. utgåva frå 1802) gi ein quintiliansk karakteristikk av ordtilfanget:

Bruget af forældede Ord [...] kaldes *Archaismer*, af nyprægede *Neologismer*, af visse Egnes *Provincialismer*, af fremmede, efter deres Oprindelse, *Galicismer*, *Germanismer* o.s.v., og endelig alle disse Feil tilsammen *Barbarismer*. (Rahbek 1822:8.)

Rahbek er den kanskje mest produktive tekstprodusenten i dansk skriftliv på slutten av 1700- og byrjinga av 1800-talet (jf. Skautrup 1953:80). Han var mellom anna redaktør av tidsskrifta *Minerva* (1794–1808) og *Den danske Tilskuer* (1791–1806). Bruken hans av klassisk retorikk som stilmønster var ikkje utypisk for eliten. Gjennom nyhumanismen hadde der kome ei sterkare interesse for klassisk retorikk og antikke ideal (jf. Andresen 1994:15). (Dansk skriftliv omfatta som kjent også det norske på denne tida. I den nye norske staten som kom nyhumanismen til å stå sterkare etter 1814, og Rahbeks bok var den tonegivande [jf. kap. 8.3].)

Ein annan danske som stod med føtene i den klassiske tradisjonen, var Christian Molbech (1783–1857). Han gav i 1828-33 ut *Dansk Ordbog*, eit uttrykk for den konservative språkideologien på den tida, og i fylgje undertittelen meint som *Tolk for det rene, det dannede Skriftsprogs rigtige Brug i vor nærværende Alder*. Molbechs *Dansk ordbog* var basert på to prinsipp, akademiprinsippet og prinsippet om purisme overfor framandord. Akademiprinsippet tilsa at ein skulle take utgangspunkt i “det dannede Tale- og Skriftsprog” (s. IX), medan “Ord af Almuesproget, eller Landskabsord [...] høist sielden er [...] taget Hensyn til” (s. IX). Purismen tilsa at ein ikkje skulle nytte framandord eller lånord som ikkje var allment aksepterte blant danna borgarar. I føreordet gav Molbech uttrykk for det puristiske skiljet mellom akseptable og uakseptable framandord:

Fremmede Ord, der ved almindelig Brug i dannet Tale og i Skriftsproget, og tildeels ved at modtage dansk Endelse, have faaet den fornødne Borgerret, og ere blevene ligesaa almeenforstaaelige, som de oprindelige danske Ord [tages med]; hvorimod alle, ældre og nyere, slet dannede, overflødige, især af det Franske, Tydske optagne Ord, som hverken ere eller kunne blive indlemmede i vor eiendommelige Sprogbrug, udelades; og ved endeel overflødige fremmede Ord henvises blot til de danske, som fuldkommen udfylde hines Plads. (Molbech 1833:XIII.)

Mange framande ord utgjorde ein “uorganisk Bestanddeel”. Dei var gjester som aldri ville vinne borgarskap i språkrommet, og burde eigentleg stengjast ute. Likevel kom Molbech fram til at han ville take med nokre, av di øyret hadde vorte så vant med dei, og ikkje oppfatta dei som framande; det galdt til dømes *Dørslag*, *geraade*, *Gevær* og *Fruentimmer* (Molbech 1833:XII). Innpass fekk òg ord som *Confirmation*, *Credit*, *Kaffee* og *Kanon*, av di dei var produktive og nytta til å danne samansette og avleidde ord. I ordboka gjorde Molbech merksam på at visse ord var av framandt opphav, og han la ikkje fingrane mellom for å beskrive ord han ikkje tykte om: *Geraade* er “et tydsragtigt, fordærvet Ord” (s. 355). Der var nokre tilfelle der Molbech ikkje tok med ord som var frekvente i danna språkbruk. Det mest vidgjetne dømet er *Geburtstag*; på denne tida var det så å seie ingen i danna krinsar som nytta avløyserordet *Fødselsdag* (s. XIII). Ei så sterk forbigåing av usus utgjer likevel eit unntak. I *Nogle Ord om det man kalder Retskrivning* (1865) argumenterte Molbech for at ein ikkje kunne sjå vekk frå vanleg språkbruk hos danna folk, noko han meinte Rasmus Rask og N. M. Petersen gjorde med sine rettskrivingsframlegg. (Det er i stor grad motstandarane av Molbech som har brukt dømet med *Geburtstag* for å stemple verksemda hans [jf. Duekilde 1998:102]. At *Fødselsdag* så seinare har slege gjennom i dansk, viser at ord-purismen i dette tilfellet har lukkast.)

Rettskrivinga i *Dansk Ordbog* vart i 1865 tilrådd av Kultusministeriet som norm for dansk i skuleverket.

Molbech kom også med tankar om tilhøvet mellom språk og nasjon, t.d. i *Maanedsskrift for Litteratur XIV* (1835) (gjengitt i Diderichsen 1968:132f.). Men som Diderichsen (1968:136) skriv: “Ser man på Molbechs sprogkritik, vidner også den om hvor stærkt den klassisk-akademiske tradition fra det 18. årh. slog igennem selv hos den der havde været grebet af de nye åndsstrømninger.”

5.3.6 Fagterminologisk purisme

I utviklinga av dansk fagterminologi var professor H.C. Ørsted (1777–1851) viktig. Han var fysikar og kjemikar, og gjorde eit omfattande arbeid både med å formulere prinsipp for terminologisk arbeid, mellom anna uttrykt i ei avhandling frå 1814 om danning av nye termar i kjemi,⁶⁶ og med å lage termar. Sjølv laga Ørsted kring 2000 nye ord. Ørsted naut stor fagleg respekt (mellom anna etter å ha oppdaga elektromagnetismen), og tala om omsetjings- og terminologiarbeid ved fleire fagkongressar.

Å plassere Ørsted som “purist” (slik t.d. Hansen og Lund 1994:123 gjer), er ikkje uproblematisk. Her kan det høve å rette blikket utanfor danskegrensene: For samtidig med Ørsted kom det tilsvarande terminologisk arbeid for kjemi i russisk (Mikhail V. Lomonosov), i fransk (Lavoisier et al., *Méthode de nomenclature chimique* [1787]) og svensk (Berzelius) der framgangsmåten i ordlaginga viser klare parallellar:

Hovedtanken var at udtrykke de enkelte substanser med et ord og de tilhørende forbindelser med afledningselementer til dette ord (fx svovl --> sulfat, sulfid, sulfid), hvorved der opstod en ensartet, reguleret og overskuelig nomenklatur. (Laurén et al. 1997:16.)

Heribert Picht (sst.) ser såleis på arbeidet åt Ørsted og andre som eit grunnlag for etableringa av fagspråk som eigen disiplin. Her høyrer det med at Ørsted sjølv la vekt på dei funksjonelle sidene ved orda.

⁶⁶ Avhandlinga hadde tittelen *Tentamen nomenclaturæ chemicæ omnibus linguis Scandinavico Germanicis communis*, og er delvis omsett og parafasert av Marius Kristensen i *Danske Studier* 1904:55f. (Sjå òg Nielsen 1944, Jacobsen 1973:29). Ørsted har her seks prinsipp til nydanningar av termar:

- 1) Dei skal vere sanne (t.d. gir *halvsyre* falske førestellingar),
- 2) dei skal gi kjenneteikn, og ikkje beskrive (derfor høver ikkje *surstof* og *vandstof*, medan *ilt* og *brint* gjer det),
- 3) usamansette stoff bør ikkje skildrast med samansette ord (også derfor passar ikkje *surstof* og *vandstof*),
- 4) det skal kunne dannast samansetjingar og avleiingar av orda (t.d. *ilt* > *ilte*),
- 5) orda skal ikkje vere for lange eller vanskelege å uttale,
- 6) orda må ikkje stride imot ordstrukturen i dansk, t.d. ved ikkje å kunne bøyast på dansk.

Likevel skal vi ikkje avvise den puristiske tendensen. Det var hos Ørsted tale om å setje dansk i staden for latin og gresk, som lekk i den terminologiske standardiseringa av dansk, og då kunne det òg gå ut over etablerte termar. Ørsted såg sjølv på nasjonalspråket som uttrykk for ei stilendring som kunne få vekk det anonyme og fjerne ved skriftlege framstillingar. (Såleis gjekk han òg på 1830-talet saman med Grundtvig imot latinen i academia.) Vel så viktig var det at ordlagingsarbeidet hans påverka fleire av dei danske puristane til sjølve å kome med bidrag (Nielsen 1967:42; Jacobsen 1973:29).

I 1814 kom Ørsted med pangermanistiske tankar om språkleg samarbeid mellom “de nordisk-tyske folk” (Nielsen 1944:11). Utover på 1830-talet og særleg 1840-talet er derimot “den nordiske Broderaand” ei sterkare ideologisk leiestjerne, og han viser særleg til at ein kan låne frå svensk. I ettertid har då òg Ørsted vorte oppfatta som talsmann for skandinavistisk språksamarbeid (jamvel om Ørsted sjølv heldt seg til dansk materiale for dei orda han laga) (jf. s. 23, Jessen 1986:27, Lund 1991:76f.).

Av andre viktige utviklarar av fagterminologi på dansk kan nemnast Rasmus Rask og F. C. Sibbern; dei utvikla ein nomenklatur innanfor sine område, ut frå systematiske prinsipp for termdanning.

I termarbeidet spelar omsynet til folkeopplysning ei viktig rolle: Gjennom framveksten av ei borgarleg ålmente for diskusjon av offentlege spørsmål, vart fleire interesserte i dei resultata vitskapen kunne vise til. Det stilte krav til språkføringa i vitskapen. Med eit breiare nedslagsfelt blant publikum, kombinert med stendig meir spesialisering i vitskapen, låg der føringar i tida for å gjere spesialistspråket meir forståeleg (jf. òg Diderichsen 1968:164).

5.3.7 Det anti-tyske og skandinavismen

Danmark og dansk språk stod på midten av 1800-talet i ein pressa situasjon. Tapet av Noreg i 1814 var eit sjokk. Det fekk òg språklege konsekvensar ved at den språklege balansen vart skipla; dei tyskspråklege utgjorde no heile 40 prosent av folketalet i kongeriket, ikkje 25 prosent som før (Feldbæk 1992:198). I tillegg kom det utover på 1800-talet endringar av dansken i Noreg gjennom fornorsking av eventyr og skjønnlitteratur; dessutan voks landsmålet fram. (“i Norge, hvor den har avfødt den galskab som kaldes bygdemålenes lære”, skreiv skandinavisten og puristen Selmer [1869:21].) Desse endringane av dansken i Noreg fekk likevel ikkje så store konsekvensar for purismeordskiftet i Danmark. Spørsmålet om tyskspråkleg ekspansjon var truleg viktigare. Dansken hadde lidd nokså omfattande tap i Slesvig: I løpet av perioden mellom 1810 og 1848 gjekk folk i området Angel (mellom Syd- og Nord-Slesvig) over

frå dansk til nedertysk som omgangsspråk (Skautrup 1953:117). I perioden frå 1815 og tiåra framover (særleg 1840-talet) var der eit omfattande ordskite i det dansk-tyske grenseområdet om språk og nasjonalitet (jf. Hemstad 1986), og det verka igjen inn på stemninga i Danmark som heilskap. I dikt frå 1840-talet finn vi ei ny nasjonsoppfatning, basert på etnisitet og språkleg tilknytning til dansk. N. F. S. Grundtvig var ein av dei som arbeidde denne oppfatninga fram; han kombinerte anti-tyske ytringar med kjærleiksutsegner om det danske morsmålet (Lundgreen-Nielsen 1992b:142).

Som på slutten av 1700-talet (etter Struensee-tida) dreidde striden på byrjinga av 1800-talet seg om *bruk* av dansk versus *bruk* av tysk, ikkje om tyske lån i dansken.

Det endra seg etter kvart, særleg under det offentlege ordskitet på 1840-talet der mellom anna H.P. Selmer (1802–77), Martin Hammerich (1811–81) og N. M. Petersen engasjerte seg på den tysk-åtvarande og skandinavistiske sida (medan Israel Levin var den engasjerte anti-puristen) (jf. Skautrup 1953:150). H. P. Selmer kom i 1860–61 med verket *Om de i det danske sprog forekommende fremmede ord, samt tyskagtigheder, andre ufuldkommenheder og sprog- og retskrivningsfejl* (1860–61). Som tittelen ymtar fram, stod tysk i skotlina. Også Lucianus Koefod (1866) var oppteken av å avløyse tyske ord med nordiske, det same var Hans Dahl (1875) i si avløyсарordbok på 634 sider (som hadde den talande tittelen *Dansk hjælpeordbog til fredning af det hjemlige og uddrivelse af det unyttige fremmede i vort modersmål*). Fleire forfattarar, som Georg Brandes, kom med negative utsegner om tyske ord (Thorkildsen 1994:48). (Jf. 5.4.1.)

Det er ingenting som tyder på at der no kom fleire tyske lån enn tidlegare. Purismen heng heilt klårt saman med generelle endringar i det politiske og ideologiske klimaet: Det Tyskland som før var oppfatta som ein venn, framstod etter striden om Syd-Slesvig som ein trugsel, og det voks fram sterkare anti-tyske haldningar, fyrst og fremst etter krigen i 1848-50 og etter tapet av Slesvig i 1864.

Danskane er stundom skulda for å ha eit instrumentelt forhold til skandinavismen. Ernst Sars hevda i 1867 at skandinavisme var dansk heilstatspolitikk overført på Norden (jf. Thorkildsen 1994:191). Bjørnstjerne Bjørnson hevda liknande synspunkt; i 1869, og 1872 gjekk han til åtak på den skandinavistiske leiaren Carl Ploug for å berre vere interessert i “den slesvigske Fare”: Danskane ville at nordmenn og svenskar skulle engasjere seg i striden om Slesvig, men når nordmenn støtta Islands sak (mot Danmark), vart dei motarbeidde (Sørensen 1997:48–49). Thorkildsen (1994:19) meiner det vert for enkelt å “reduere skandinavismen til dansk interesse-politikk (eller til urealistiske idéer hos studenter på tur som hadde fått for mye å drikke)”. Det var tale om ei rørsle og ein ideologi som hadde fenga ungdom, som var viktig for folkehøgskulane, og som også vekte storpolitisk interesse. Sjølv om der var dansk

interessepolitikk inne i biletet, skal ein ikkje underslå dei ideelle fordringane og idéane attom skandinavismen, og som kom til å prege dei einskilde studentane.

5.3.8 Frå skandinavisme til nordisme

Med tapet av Slesvig, Lauenburg og Holsten i 1864 hadde Danmark mist det mest folkerike og økonomisk mest dynamiske området utanfor hovudstaden. Ein tredjedel av innbyggjarane var borte. Av desse var dei fleste tysktalande, men det dreidde seg òg om kring 170 000 dansktalande (Christiansen 1992:153). Danmark var no ganske annleis samansett. Med mesteparten av den tyskspråklege folkesetnaden borte framstod det danske kjerneområdet brått som eit kulturelt og språkleg svært homogent område. Framleis gjorde herredømet over islendingar, færøyingar, grønlandingar og ei gruppe vest-indarar at Danmark ikkje var ein etnisk rein nasjonalstat. Koloniane spela like fullt ikkje den store rolla for dansk sjølvforståing og dansk nasjonsbygging – som no fekk eit anna fokus. Tida var no definitivt ute for for den offisielle heilstatspatriotismen med dyrking av det kosmopolitiske og fornuftige. Det som kom i staden, kulturnasjonalismen, var nok uttrykt tidlegare, t.d. av Grundtvig på 1840-talet, men det var fyrst etter 1864 at han fekk hegemoni, og danna kjerna i dansk identitetsforståing, knytt til nasjonalstaten (jf. Christiansen 1992:161).

I den kulturnasjonalistiske sjølvforståinga vart dei dansktalande i Nord-Slesvig særleg viktige – som danskar i utlegd. Kring hundreårsskiftet sette ein i gang støtteprogram med dansk litteratur og leseopplæring for dei. Då delar av Slesvig i 1920 vart sameint med Danmark att, no under nemninga Sønderjylland, var det som skjedde ei samling ut frå den nye etnisk-språklege nasjonalstatsforståinga.

Utover på 1800-talet kom der eit breiare folkeleg engasjement bak nasjonalismen i Danmark. Ein kan tolke det på to måtar. Ein kan sjå det som mobilisering av massene, ut frå den interessefellesskapen som var mellom den danske staten (imot Tyskland) og oppbygginga av ein dansk nasjonal identitet. Det vil i så fall passe godt inn i modellen av Danmark som land der nasjonalismen kom ovanfrå gjennom byråkratisk inkorporering. Ei anna tolking går ut på at der var eit ekte folkeleg engasjement som låg til grunn, og at det vert for unyansert å sjå det som refleksar av ynskemål frå statsmakta. Sanninga ligg truleg ein stad midt mellom. Det er klårt at der kom eit breiare og meir uavhengig folkeleg engasjement. Det ser vi t.d. i samband med grundtvigianismen og folkehøgskulerørsla (jf. Thorkildsen 1994). Ein hadde i Danmark ein folkeleg elite som opererte relativt ubunde i høve til statsmakta. Dersom ein bruker Anthony D. Smith sitt ovanfrå-perspektiv altfor slavisk, får ein ikkje med seg kompleksiteten i dansk nasjonalisme.

Sett i eit lengre og komparativt perspektiv er likevel ikkje ovanfrå-hypotesen urimeleg. Den kulturpolitiske mobiliseringa (gjennom folkeleg engasjement og skandinavisme) skjer dessutan samtidig med tilsvarande solidaritets- og separasjonsprosessar på det allmennpolitiske nivået i høve til Tyskland. (Vi må her ikkje gløyme at modellane til Smith representerer idealtypar.)

Etter 1864 braut den politiske skandinavismen saman. Nordismen – tanken om Norden som kulturell og ikkje politisk einskap – tok over. Dansk kulturnasjonalisme var tidleg knytt til nordismen: Gjennom dei nordiske brørne stod ein sterkare imot tysk makt, språk og kultur. Ein slik tanke kom òg til uttrykk hos t.d. Hans Dahl (1875), Per Sprogild (1901) og Gudmund Schütte (som var aktiv i språkordskiftet på 1940-talet). Rolf Kall skreiv i pamfletten *Dansk Maalværn* (1923) at “Skal vi laane, laaner vi helst fra Svensk og Norsk”, og sjølv om Kall poengterer at det ikkje alltid er lett å vite om eit ord er av dansk eller plattysk opphav, gir det styrke å markere dansk språk imot det tyske:

Vi vil [...] end vække Følelse for, hvad der er dansk, hvad der er udansk, og give Folk Mod til at værne om det danske og staa Vagt mod fremmed Tale, saa at Dansk fremfor alt renses for Skær af at være plattysk Landsmaal. (Kall 1923:39.)

På 1930- og 1940-talet stod den nordistiske ideologien sterkt. Juristen og forfatternen *Sven Clausen* (1893–1961) er her ein sentral person. Han gav frå 1939–47 ut ei årbok kalla *Nordisk målstræv* der det kom fleire framlegg til nordisk-inspirerte avløyasarord – fyrst og fremst for tyske ord. Gjennom humor og provokasjonar t.d. i bladet *Språgfronten* (1944–48) greidde han å popularisere språkreinsingsstrevet, og å vekkje debatt. Utgangspunktet for Clausen var å arbeide imot “sprogforbistring”, som igjen var eit trugsmål for den nordiske fellesskapen. Problemet var ulike glosar for same omgrep, ulik stavemåte og ulik uttale av same ord. For å rette på det måtte ein gjere noko med haldningane. Clausen meinte at danskar hadde ein “grandelandsopposition” overfor norsk og svensk, og samtidig ein “flovhedskjendslen” av å bruke eller høyre nordiske ord, noko ein mangla overfor tysk eller engelsk (Jacobsen 1973:54–56). Clausens språkskandinavisme var meir pro-nordisk enn anti-tysk (jf. s. 68f.), men han utnytta gladeleg dei anti-tyske haldningane etter krigen (s. 70).

I 1941 kom der også eit organisert uttrykk for den nordistiske språknormeringsideologien, nemleg *Dansk forening til nordisk sprogrøgt*. Foreininga gav ut tidsskriftet *Vort nordiske modersmål* (1942–51), der ein prenta fleire “nordiske afløsningsordlister”. Listene med avløyasarord vart kontrollerte av to språknemnder (ei i København med professor Viggo Brøndal og deretter professor L.L. Hammerich som formann, og ei i Århus med professor Peter Skautrup som formann), og desse sytte for

den faglege gehalten. Språkrøktsforeininga hadde mange filologar som medlemer, og la såleis vekt på den språkfaglege sida ved arbeidet.⁶⁷ Språkrøktsforeininga kan seiast å vere det fyrste tilløpet til ei språknemnd i eitt av dei nordiske landa. Clausen var med som nestformann, men fekk ikkje nokon framtrudande posisjon; ein la tvert om vekt på å markere sjølvstende og ein viss avstand til den ukonvensjonelle individualisten (Jacobsen 1973:78). Det er klårt at Clausen hadde inspirert mange, og verka til å setje språkspørsmål og ordspørsmål på dagsorden, men foreininga ville framstå som meir sakleg og vitskapleg.

Paul Diderichsen (1968:167) nyttar Clausen og Dansk forening til nordisk sprogrøgt som døme på at “en nationalt inspireret radikal sprogrøgtsbevægelse kan være antipuristisk”. Diderichsens poeng er at Clausen tolkar det nordiske synkront, ikkje diakront som skandinavistane på 1800-talet. Her vert det likevel meir eit spørsmål om kva ein legg i nemninga ‘purisme’; ut frå vår tolking er det heilt klårt tale om purisme: Det er tale om å reinse språket, markere avstand til tysk og inkludere det nordiske ut frå eit språkleg reinleiksideal.

No vart verken purismen på 1800-talet, i mellomkrigstida eller på 1940- talet noka “folkesak” (jf. Diderichsen 1968:168, Hansen og Lund 1994:133f.). Galberg Jacobsen (1973:185f.) har vist at fåe av framlegga frå Clausen og andre slo gjennom (jf. kap. 5.5.1). Såleis har òg arbeidet til Clausen vorte vurdert som “fiasko” (Diderichsen 1968:168). Men her er det igjen rom for nyanseringar: Effekten treng ikkje å berre kome til uttrykk gjennom kva konkrete ord som har kome i bruk. Sjølv om dei fleste konkrete framlegga ikkje har slege gjennom, er det mykje som tyder på at Clausen og Dansk forening til nordisk sprogrøgt har hatt stor indirekte påverknad. For det fyrste inspirerte foreininga t.d. til danninga av Nämnden for svensk språkvård (jf. Nissen 1943:8, Hellevik 1945:81). For det andre verka ho som modell for Dansk Sprognævn i 1955. For det tredje var ho med og fremja ei interesse for det nordiske språksamarbeidet (jf. sst.), ei interesse som var svært stor dei fyrste tiåra etter 1945. Oppslutnaden blant språkvitarar viser dessutan at der var ei puristisk interesse på denne tida.

⁶⁷ Dialektologen Chr. Lisse er eitt døme på dei faglege medarbeidarane i Dansk Forening til Nordisk Sprogrøgt, og han gir i artikkelen “Nordisk og urnordisk i orddannelsen” (1948) ei utgreiing om affiks som er alminnelege i dansk og ein del som førekjem i andre nordiske språk. I utgreiinga er det utelate affiks frå romanske språk, t.d. -ade, -age, -ent, -ion, -isme, -ist, -ur, de-, re- etc.), pga. dei i fylgje Lisse er uproduktive (s. 43). Lisse er generelt oppteken av å opptre vitskapleg, og presiserer at det er opp til lesaren å avgjere kva som skal brukast. Det er likevel tydeleg ei positiv markering av det han oppfattar som dansk og nordisk i høve til lånt materiale. Her ser vi indirekte korleis den puristiske ideologien kjem til uttrykk.

5.3.9 Rettskrivingsstrevet og purismen

Både på 1800-talet og 1900-talet gjekk det føre seg livlege ordskifte om rettskrivinga i dansk. Rasmus Rask og N. M. Petersen argumenterte for ei meir ortofon rettskriving, medan Dansk forening til nordisk sprogrøgt argumenterte for ei nordisk tilnærming.

Med rettskrivingsendringa av 1948 vart det innført nordisk *bolle-å* i staden for *dobbel-aa*, det vart slutt på store forbokstavar i substantiv som ikkje var særnamn (*Hus* -> *hus*), og det kom ei endring av preteritumsformene *kunde*, *skulde* og *vilde* til *kunne*, *skulle* og *ville*.⁶⁸ Den pro-nordiske og anti-tyske stemninga gjorde at den *politiske* vedtaksprosessen i Folketinget gjekk greitt. Føregangsmannen bak 1948-reforma, undervisningsminister Hartvig Frisch, sa under folketingsdebatten at “det af Hensyn til vore nordiske Broderlande er væsentligt og paa Tide, at denne ubetydelige Reform gennemføres. Det siger jeg, fordi det for mig er det helt afgørende Argument i Sagen.” (Sit. etter Karker 1998:94.) Sjølv tok ikkje Frisch opp tilhøvet til tysk, men under debatten argumenterte ein folketingsrepresentant (Evald Christensen) for å “komme af med de store Bogstaver, som vi i sin Tid fik fra Tyskland, og som vi for Tiden er ene om at bruge sammen med Tyskland” (sit. etter Karker 1998:94).⁶⁹ Utanfor dei politiske krinsane var der derimot motstand. I eit innlegg i Jyllands-Posten 21. mai 1955 heiter det at “Den Frisch’ske Vrangskrivning er jo ikke vedtaget ved Lov, men ved et yderst utiltalende Kup.” Der var også ei forening, Dansk Sprogværn (stifta 1955), som førte kampanje imot reforma. Men reforma fekk utover på 1950-talet meir og meir innpass, også i pressa.⁷⁰

⁶⁸ Disse endringane var svært kontroversielle i samtida, og møtte sterk motstand blant språkkonservative krefter. Men i løpet av 1950-talet gjekk dei fleste aviser og institusjonar over til å bruke 1948-rettskrivinga. Det var særleg *bolle-å* som vekte motstand, og den har enno ikkje heilt døydd ut. I dag er det knapt nokon som bruker *dobbel-aa* i vanleg skrift. Derimot er det fleire kommunar og aviser, særleg på Jylland, som har halde på eller jamvel teke å gå tilbake til *dobbel-aa*-forma: Aabenraa, Aalborg, Aarup, Taastrup, Høje Taastrup, Grenaa og Faarup. Spørsmålet om å gå tilbake til ei form med *dobbel-aa* har elles vorte diskutert i fleire andre kommunar. I Århus vart det i 1991, etter mykje debatt, gjort vedtak om å gå tilbake til *dobbel-aa*. Ein ville gjere bynamnet meir europavennleg, dvs lettare å handtere i samband med handel og turisme. I vedtaket frå Århus bystyre låg det like fullt eit atterhald om at ein ville granske nærmare dei økonomiske konsekvensane av eit namneskifte, og då ein fann ut at det ville verte for dyrt å skifte alle trafikkskilt, institusjonsnamn etc, gjekk ein tilbake til forma med *bolle-å* (t.d. *Århus Stiftstidende* 18.4.1991, *Politiken* 19.4.1991, *Jyllands-Posten* 25.4.1991).

⁶⁹ At talaren blanda saman språk og stat, og oversåg tysktalende i Austerrike og Sveits, får vi her sjå vekk frå.

⁷⁰ I mai 1956 gjekk avisene i Berlingske-konsernet over til småe forbokstavar, og då fylgde også dei andre store regionavisene etter (*Jyllands-Posten*, *Kolding Folkeblad*, *Jydske Tidende* etc.). *Berlingske Tidende* fortel 10. juni 1956 om fåe reaksjonar *imot*; fleire var positive. I 1960 tok dei fleste hovudstadsavisene også i bruk *bolle-å*.

5.3.10 Ei kort oppsummering

Så langt har vi handsama fleire moment i høve til dei seks fyrste hypotesane for studien (som vart presenterte i innleiinga). Ei jamførande gjennomgåing av desse hypotesane kjem i kapittel 9. Her fylgjer ei kort oppsummering:

1. Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av dansk.

Fram til 1600-talet er purismen svak, men frå då av kom grammatikarar og litteratar med tankar om det reine språket. På 1700-talet gjekk dansk gjennom ei yttarlegare standardisering. Det gjekk føre seg eit omfattande omsetjingsarbeid, og vart utvikla ein språkstil for ulike sjangrar og teksttypar. Her var purismen viktig. Samla sett verkar det som om purismen har stått sterkt.

2. Purismen i dansk byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk.

Der er spor etter puritas-tradisjonen i hos danske grammatikarar og litteratar på 1600-talet. Gjennom påverknad mellom anna frå Martin Opitz og den tyske morsmålstradisjonen kom Peder Syv, Henrik Gerner og Johan Brunsmand med tilvisingar til antikke førelegg i sine resonnement om rein dansk. På 1700-talet viste Ludvig Holberg til Quintilian for å forsvare skrivemåten. Knud Rahbek argumenterte for den reine dansken ut frå klassisk retorikk. I tillegg til dei meir eksplisitte tilvisingane ser vi puritas-idealet indirekte i måten ein tenkte og argumenterte kring språknormering på.

3. Purismen har vore nært knytt til maktutøving i det danske språksamfunnet.

4. Dansk språknasjonalisme er utvikla ovanfrå gjennom byråkratisk inkorporering.

Vi ser maktinteressene under omsetjinga av den danske bibelen av 1550; då heldt kongen nøye auge med normeringa. På 1600-talet kom svulstige språkpatristiske ytringar om eigenkapane dansk hadde i høve til andre språk. På 1700-talet finn vi demokratiserande effektar av purismen (gjennom ynsket om forståing) i fleire av tidsskrifta og hos fleire av puristane som opererte på 1700-talet. På same tida gjekk det føre seg ei instramming av norma og det kom markeringar imot “barbarismar”. Desse markeringane kan sjåast på som maktpolitiske trekk i oppbygginga av eit språkleg-kulturelt hegemoni med basis i København. På slutten av 1800-talet gjorde den allmennpolitiske tilstanden til at Danmark byrja å markere seg imot Tyskland (jf. kap. kap. 5.3.7). Då kom purismen imot tysk inn, saman med sterke pro-nordiske haldningar. Dansk fekk eit folkeleg nasjonalismeengasjement på slutten av 1800-talet, men i hovudtrekk er det rett å seie at nasjonalismen har kome ovanfrå.

5 Nasjonalisme er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men nasjonalismen har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka.

Ein finn i dansk normering klare prov på purisme før den moderne nasjonalismen slo gjennom. I Danmark vart det gradvis utvikla ein dansk nasjonalitet gjennom 1600- og 1700-talet, men fyrst etter tapet av Syd-Slesvig i 1864, då store tyskspråklege område forsvann or riket, vart det offisiell dansk politikk med bygging av ein *nasjonalstat*. På 1800-talet retta

nasjonalismen seg særleg mot Tyskland. Purismen imot tyske lån vart ein refleks av det. At det kom ein språkpurisme imot tysk såpass seint som 1800-talet kan verke påfallande, i og med at det skjedde ei sterk hevding av dansk *språkstatus* overfor tysk i siste halvdel av 1700-talet. På denne tida var likevel tysk språkhevding og purisme eit viktig førebilete for standardiseringa av dansk. Dei føringane som ligg i denne hevdinga kan samtidig ha verka inn på måten purismen seinare vart utforma.

6 Utforminga av purismen i dei nordiske språka er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå kvart einskild språksamfunn.

Dansk purisme var fram til 1800-talet sterkt påverka av tysk purisme.

5.4 Purisme imot engelsk etter 1945

5.4.1 Frå 1945 til 1980

Språkordskiftet i Danmark på 1940- og 1950-talet dreidde seg mykje om rettskrivingsendringa av 1948. Framleis var stemninga blant dei som engasjerte seg nordistisk og relativt anti-tysk. Spørsmålet om engelskpåverknad spela i denne samanhengen ei perifer rolle. Fåe hadde vore inne på spørsmålet før 1945, og heller ikkje i åra rett etter stod spørsmålet i fokus.

Ein av dei fyrste som tok engelskpåverknaden opp til debatt, var redaktør Ulver Forchammer med ein kronikk i *Information*: “Fremmede elementer i vort sprog” (6. september 1952). Kronikken gav mange døme på “en kraftig angelsaksisk invasjon i det danske sprog”, og døma galdt fleire domene: psykologi (*frustration*), medisin (*cancer*), jus (*diskrimination*), media (*lay-out, rating*), mote (*pep, jeans, slacks*), idrett (*fighter-spirit*), etc. Forchammer meinte at jamvel om det var forståeleg at ein etter krigsavslutninga vil få ein del moteord frå engelsk-amerikansk, var bruken no altfor omfattande. I tillegg tileigna ein seg lånorda rått, utan å gjere ei omsetjing eller ei nyskaping. På den måten vart sunn språkleg konservatisme svekt, og det same vart den språklege skaparevna. Forchammer ville “driste sig til at tale om et sprogtyranni” med “en påtvingende sproglig ensretning, der gradvist er ved at ændre vort sprogs ydre karakter”. Denne kronikken avla likevel ikkje nokon omfattande diskusjon i dansk presse. Derimot ser vi ein del spreidde artiklar om (ikkje nødvendigvis imot) engelskpåverknad.

I eit nummer av *Dansk Reklame* i 1955 (nr. 1, s. 7) har H. Rømer Holm ein artikkel med tittelen “Amerikaniserer reklamefolk hensynsløst det danske sprog?” Torsten Dahl viser i artikkelen “Engelske spor i moderne dansk” (1956) til ei rad engelske uttrykk som er nytta i danske aviser og dansk skjønnlitteratur; der er mange uttrykk han ikkje liker, sjølv om han “er villig til at erkende, at et sådant ubehag er irrationelt” (s. 254). Mest interessant er det kanskje at han viser til petitstoff frå danske aviser om anglisismar; det tyder på at ein del var merksame på fenomenet.

På byrjinga av 1960-talet kom det, som i Sverige og Noreg, ein del avisinnlegg og aviskommentarar om engelskpåverknaden. Fleire meinte at dei engelske låna var mange og unødvendige (det vart vist til ord som *design, attraktiv* og *kreativ*), at det var tale om moteord og språkleg snobberi, at engelskbruken blant ungdom kunne skjerpe generasjonsmotsetnaden, og at danskar ikkje heilt forstod kva dei engelske ord tydde (jf. referat hos Hellevik 1963:18f.). Alf Hellevik meinte i 1963 at ein var meir oppteken av engelskpåverknad i Danmark enn i dei andre skandinaviske landa:

Av ein bunke avistutklipp som sekretariatet i Dansk Sprognævn har sendt meg, og som er eit utval av redaksjonelle og innsende artiklar frå dei siste månadene, verkar det som danskane jamtover er meir opptekne av problemet enn vi. Både i hovudstadspressa og i lokalblada er det talrike innlegg mot alle anglisismane eller amerikanismane. (Hellevik 1963:18)

No kan den gode utklippstenesta til Dansk Sprognævn ha skapt eit noko skeivt inntrykk. Men der var i alle fall ingenting som tydde på at ein i Danmark var *mindre* interesserte i engelske lån enn i Noreg og Sverige.

Det nyskipa Dansk Sprognævn (1955) heldt i denne samanhengen ein låg profil. Sprognævnet la vekt på vitskapleg grannsemnd, ikkje minst ved å byggje opp eit stort ord-arkiv, og på å svare på spørsmål frå publikum. Ein var merksam på engelsk-påverknaden, og deltok på 1960-talet i det nordiske språksamarbeidet om engelsk-amerikanske lånord, men var skeptisk til eit for tett samarbeid. Varsemda kan sjåast i samanheng med reaksjonane etter 1948-rettskrivinga, samtidig som der var eit mål om å gi det Allan Karker (1964:135) kallar “en objektiv besvarelse af almenhedens forespørgsler”.⁷¹ I 1970 samanlikna formannen, Poul Lindegård Hjorth, praksisen med Quintilian sine prinsipp:

Vor rådgivning følger de retningslinier, der med stor ret kunne betegnes som klassiske, for så vidt som ganske de samme principper kendes fra antikken: vi argumenterer – som Quintilian – ud fra overvejelser over etymologi, analogi, autoritet og sprogbrug; evt. inddrager vi, navnlig når der er tale om lån eller nydannelse af ord, overvejelser over behov. (Hjorth 1970:120.)

1970-talet

Allan Karker skriv i *Språk i Norden 1971*: “Spørger man en gennemsnitsdanske hvilket fremmed sprog der i dag øver den største indflydelse på dansk, vil han ikke tøve med svaret.” (Karker 1971:29.) Svaret var opplagt: “Ingen kan undgå at lægge mærke til den mangfoldighed af engelske ord og vendinger der gør sig gældende i dagens dansk.” (Sst.) Likevel var der på 1970-talet ikkje så stor merksemd om engelskpåverknaden. Knud Sørensen sitt arbeid om *Engelske lån i dansk* frå 1973 vart meldt med korte kommentarar om at omfanget av anglisismar hadde auka (jf. Lund 1991:446). I samband med EF-avrøystinga kom der ein del utsegner om framtida for dansk språk, mellom anna viste Dansk Sprognævn interesse for vilkåra for dansk i EF, og korleis kansellistilen i EF kunne påverke dansk språk; ein rapport om det kom ut i

⁷¹ Lund (1992:437) refererer til utsegner frå språknævnformann Poul Lindegård Hjorth i *Aktuelt* 5/10 1969 om “en kolossal påvirkning fra det engelske”. Hjorth viser her til “de større europæiske markedsdannelser” som årsak (sst.).

1978 (Lund 1992:438). Dansk Sprognævn heldt framleis ein låg profil. Språkpørsmål stod heller ikkje så sentralt i samfunnsdebatten. Professor Mogens Baumann Larsen skriv i oversiktsartikkelen “Sprogsituationen i Danmark – en betragtning” frå 1976:

Den aktuelle sprogsituation har ikke offentlighedens interesse. [...] I en ti-femten års periode har offentlighedens svigtende interesse for de sproglige forhold manifesteret sig i et vigende antal dansktimer på alle trin i skoleforløbet. [...] I massemediene behandles sprogproblemerne sjældent, og typisk nok hører sprogstoffet i dagspressen hjemme under petijtjournalistikken. (Larsen 1978:19.)

No finn vi også i Danmark ei veksande interesse for tilhøvet mellom språk og samfunn, også innanfor språkforskinga (jf. ei artikkelsamling som *Klassesprog* [Gregersen et al. 1975]). Danmark skil seg likevel noko frå dei andre skandinaviske landa ved at sosiolingvistikken aldri slo gjennom på 1970-talet (Pedersen 1996:259f.). Fram til 1980-talet var det grammatikk og filologi som dominerte i dansk språkvitskap. Når så danske språkvitarar (med unntak av t.d. Jørn Lund) i liten grad deltok i eit offentleg ordskifte om språk og samfunn, kan denne forskingsprofilen ha hatt noko å seie.

I læreplanen for danskfaget frå 1976 vart det (i alle fall på papiret) lagt større vekt på at elevane skal fungere i eit “mangesidigt sprogligt fællesskab” (Kristiansen 1990:22f., 233). Det er mogleg at det er den same tankegangen som låg til grunn for målformuleringa om at engelskundervisninga i skulen skulle gjere barn tospråklege i dansk og engelsk (jf. kp. 5, Preisler 1999a:35). Dette målet fekk likevel ikkje effekt, og vart seinare fjerna – noko som òg kan henge saman med at ein i praksis aldri eigentleg prøvde å gjennomføre ei slik tospråkleg undervisning (jf. sst. og Kristiansen [1990:20f.] sin kritiske analyse av danske læreplanar). Der var ikkje særleg diskusjon kring spørsmålet om engelskpåverknad eller annan framandspråkleg påverknad.

Jørn Lund har i kapitlet “Danskerne og deres sprog” i *Dansk identitetshistorie* bd. 4 (1990:431f.) teke føre seg språkdebatten i denne perioden, ut frå avisutklipp i Dansk Sprognævns arkiv. Også hans gjennomgåing tyder på at der ikkje har vore noko stort offentleg engasjement i spørsmålet om engelskpåverknad.

5.4.2 Normeringsideologien

At Dansk Sprognævn heller ikkje kom til å gjere noko særleg ut av spørsmålet om engelskpåverknad, kan sjåast ut frå at det verkar som om interessa i ålmenta var låg. Men ei språknemnd kan òg sjølv take initiativ til å problematisere språkspørsmål (slik dei tilsvarande språknemndene i Noreg og Sverige gjorde på denne tida, jf. kap. 6.4 og 9.4). Når det ikkje skjedde, spelar den allmenne normeringsideologien inn.

Ser vi på den språklege rådgivinga frå Dansk Sprognævn (jf. Jacobsen 1979, Bojsen 1988), kan ho ideologisk karakteriserast som å stå i eit spenningstilhøve mellom “den diderichsenske sprogrigtighed” og norm-relativisme.

Nemninga “den diderichsenske sprogrigtighed” viser til språksynet åt professor *Paul Diderichsen* (1905–64). Han stod sentralt i språkfagmiljøet og i Sprognævnet (jf. Larsen 1977:24), og hans syn har vore med på å prege morsmålsfaget i skulen på 1960-, -70- og -80-talet (Kristiansen 1990:199, 273). I den posthumt utgitte boka *Sprogsyn og sproglig opdragelse* (1968) argumenterte Diderichsen for ein balanse mellom to oppfatningar: på den eine sida den ortodokse og konservative tenkinga kring “sprogrigtighed” som ein kunne finne på “seminarierne”, og på den andre sida den liberale, ikkje-normative og “natura listiske” tenkinga som dominerte på universiteta. Diderichsen var klår over at bakom tanken om rett språkbruk låg der sosiale faktorar:

Sproglig og litterær dannelse har i vor kulturkreds altid været knyttet til bestemte sociale grupper der udgjorte en talmæssigt ringe, men indflydelsesrig del af befolkningen. (S. 172.)

Sjølv meinte han då at den sosiologiske grammatikken ikkje burde vere det einaste som avgjorde kva som var rett språkbruk; også fagleg innsikt og subjektiv skjønn måtte spele inn (s. 179). Diderichsen sette sjølv opp ulike prinsipp for språkvurdering og språkregulering og skilde mellom ulike normeringsideologiar (s. 147f.). Samstundes var han oppteken av dei fordelane standardspråket gav, og skulen burde føre borna inn i det korrekte skriftspråket og standarduttalen (sst.). Dei faglege omsyna kom inn ved at skulen gjorde merksam på dei stilistiske aspekta som var knytte til ulike former for språkbruk. Diderichsen tala i denne samanhengen også for “en aftrapning af kravene til sprogrigtighed” i skulen (s. 187). Ein burde oppstille “tilladte” former ved sida av dei autoriserte (sst.).

Diderichsen si kopling mellom vitskapleg tilnærming og språkleg rettleiing er karakteristisk for den språklege rettleiinga Dansk Sprognævn har stått for. I rettleiinga har ein som oftast stilt opp ulike alternativ, og gjort greie for kva som var i samsvar med rådande rettskriving eller brot på usus (jf. Jacobsen 1984, Kristiansen 1990:263). Den språklege rettleiinga er såleis ikkje sterkt dømmande, men får fram kva som er språkleg korrekt, og det vert framheva at standardspråket har funksjonelle fordelar. No har ikkje Diderichsen fått fullt gjennomslag. Tore Kristiansen (1990) har tala om to typar av “venstrekritik” imot det diderichsenske språksynet.

Den eine posisjonen kallar han “diakronvenstre” (s. 204), og er særleg representert gjennom Jørn Lund og Lars Brink. (Deira studiar av uttalevariasjon og uttaleendring

ser på uttaleendringar i samanheng med analogi og lydlover, og har i fylgje Kristiansen indirekte vore med på å fremje ein viss toleranse overfor uttalevariasjon [s. 208].)

Ein annan posisjon kallar Kristiansen “synkronvenstre”. Den fremste talsmannen er her Erik Hansen, frå 1975 professor i dansk og frå 1985 formann i Dansk Sprognævn. Hansen har gjennom fleire artiklar, bøker og tidsskriftet *Mål & Mæle* (som han har redigert) vist den “hemmelige præmis” som løyner seg bak språknormeringa. All argumentasjon om frekvens, tradisjon etc. er eigentleg ein skinnargumentasjon. Det språkleg rådgiving eigentleg dreier seg om, er kor vidt ei form høyrer inn under riksspråknorma, dvs. den gode språkmaken til det danna sjiktet i samfunnet. Ut frå dette sosiologiske grunnsynet har Hansen poengtert at streng normering kan verke sosialt og pedagogisk negativt, og at toleranse overfor normvariasjon er vel så viktig, jf. boktitlar som *Dansk er så mange ting* (1968) og *Da lo hun så hjerteligt* (1989). Like fullt vil ikkje Hansen gå inn for relativisme; han meiner at riksspråknorma har fleire funksjonelle fordelar. Det er meir tale om å kombinere desse fordelane med toleranse for variasjon.

Nettopp fordelane med riksspråknorma har Hansen vorte meir oppteken av dei siste tiåra (ikkje minst som formann for Sprognævnet), og i ein artikkel om “Sprogpolitik” frå 1991 argumenterer Hansen for ein konservativ språkpolitikk. Målet er ikkje å problematisere eller diskutere for mykje norm-spørsmål, men løyse dei gjennom kyndig språkleg rettleiing for dei som ber om det:

Den konservative eller hæsitante holdning er et udtryk for den overbevisning at der ikke i Danmark kan drives en sprogpolitik som er væsentligt forskellig fra den faktiske i dag. (...) Den implicitte idé er at man bør arbejde på at sproget ikke ændrer sig, men acceptere at det gør det alligevel. Håndfaste indgreb gennem sprogstyring er både umulige, i regelen udemokratiske og tit også skadelige – hvilket ikke indebærer at vejledning, endog håndfast vejledning, skal nægtes dem der beder om det. En del problemer, fx dialekten og sociolekten i undervisningen, løses ved at man sørger for at der ikke bliver talt og skrevet for meget om dem.

Hæsitanterne går gennemgående meget stille med dørene og forfægter og forsvarer sjældent deres indstilling eksplicit. (Hansen 1991:39. [Hans understreking.]

Hansen fangar her truleg opp sentrale sider ved den språkpolitiske sjølvforståinga åt Dansk Sprognævn dei siste tiåra. Det er innlysande at det innanfor eit slikt språkpolitisk paradigme vil vere lita stemning for ein meir aktiv og puristisk språk-

politikk overfor engelskpåverknad.⁷² Hansen meiner då òg at det i Danmark er eit språkpolitisk klima som gjer det heilt umogleg med ein meir restriktiv politikk overfor engelsk, uavhengig av om det var ynskeleg eller ikkje (sst.). Det einaste ein kan gjere er å opplyse dei som vender seg til Sprognævnet; å gå aktivt ut, vil berre gjere Sprognævnet til lått (Hansen 1998). (Sjå òg kap. 5.4.4.)

Ein som har analysert arbeidet i Dansk Sprognævn, er Henrik Galberg Jacobsen gjennom mange år tilsett i vitskapleg stilling ved Dansk Sprognævn. I ein prinsipiell artikkel om språkrøkt skriv han at Dansk Sprognævn ikkje har vore oppteke av “sprogøgtens sprogbeskyttelsesideologi” (Jacobsen 1984:30):

Det der foregår i Dansk Sprognævn er simpelt hen alt for sagligt og fornuftigt og ufanatisk til at det kan kaldes sprogrøgt. (...). Det vi giver os af med er *sproglig vejledning* eller *sproglig rådgivning*. Og det er noget ganske andet. (ibid.).

Ut frå Galberg Jacobsens resonnement er det underforstått at Sprognævnet i hovudsak registrerer språkutviklinga, og gir rettleiing på grunnlag av etablert språkbruk, dvs. ikkje prøver å *styre* språket. Resonnementet kan understøttast av eit tidlegare arbeid (Jacobsen 1979) der Galberg Jacobsen har vurdert svar frå den språklege rådgivinga åt Dansk Sprognævn. Han har gruppert svara etter kva prinsipielle premiss som ligg under, og kome fram til denne rangeringa: 1) autoritetsprinsippet (278 svar), 2) språkbruk (215 svar), 3) analogi (124 svar), 4) stildifferensiering (83 svar), 5) tradisjon (76 svar). Purismepremissen har, ut frå hans gruppering, vore forsvinnande lite brukt.

Det som etter Galberg Jacobsens syn å seie aldri er fråverande, er det han kallar *den deskriptive premissen*. Premissen ligg til grunn i opplysningar t.d. om at ein viss språkbruk har kjenneteikn som ‘mest brukt’, ‘høyrrer til riksspråksnorma’, ‘brukt av litteratar’, ‘tradisjonell’ etc. Fråverande er derimot ofte *den normative premissen*, dvs. at ein seier at språkbruken som fremjar desse kjenneteikna, er god. Likeins er som oftast *den normative konklusjonen* fråverande; der er sjeldan konklusjonar om at ein bør fremje språkbruk som ein ut frå normative premiss meiner er god.

Her er det likevel rom for problematisering: Vil det som Galberg-Jacobsen kallar deskriptive premissar, berre fungere deskriptivt? Paul Diderichsen (1968:147) tala i si tid om “Naturalismens blindgade”: Også ein deskriptiv lingvistik vil ha ei normativ side; ei ordbok eller ein grammatikk vil fungere styrande på den som skal bruke det språket som vert beskrive (s. 149). Vi har ovanfor vore inne på det Erik Hansen kalla

⁷² Hansen skriv i den same artikkelen at ei “liberal” haldning er etisk og intellektuelt mest tiltalende, men pga. det danske språkklimaet vil ein liberal språkpolitikk føre til eit kollektivt krav om ein meir restriktiv språkpolitikk. Ein slik restriktiv politikk vil derimot vere fullstendig umogleg å gjennomføre i praksis, og det ein etter Hansen til slutt vil sitje att med er den språkpolitikken som vert førd i dag (Hansen 1991:39).

“den hemmelige præmis”. Uavhengig av kva for interesse eller målgrupper Dansk Sprognævn eventuelt måtte ha, verkar det påfallande at det eit normgivande organ gjer, eigentleg ikkje er normativt.

No har ikkje Dansk Sprognævn vore heilt registrerande. I kap. 5.5 kjem vi nærmare inn på normeringspolitikken Sprognævnet har ført overfor engelskpåverknad; Sprognævnet har ikkje vore heilt usus-orientert; særleg i høve til morfologi og fleirtals-s har Sprognævnet – i det stille – ført ein puristisk politikk (jf. kap. 5.5.3). Ut frå den ideologiske sjølvforståinga har det derimot vore uaktuelt å gå aktivt ut t.d. imot engelskpåverknad.

5.4.3 Modersmål-Selskabet

Som spegelbilete på korleis merksemda i ålmenta varsamt dreier i retning engelsk, kan vi sjå på *Modersmål-Selskabet*. Bakgrunnen for at denne språkkonservative organisasjonen vart skipa i 1980, var oppfatninga om at dansk språk var i forfall: lågkøbenhavnsk spreidde seg og born og ungdom tala mindre tydeleg enn dei vaksne. Den fyrste formannen, lektor Poul Hansen, skreiv 13. juni 1980 i *Næstved Tidende*:

Så vidt vi kan se, har fællessproget, modersmålet, i de sidste 10-20 år undergået en forvandling, der alt efter temperament gør det berettiget at tale om en sproglig forfladigelse, om at sproget er i forfald, eller i en kriseagtig tilstand.

Dei fyrste oppropa og avisartiklane fokuserte, tidstypisk nok, på den *demokratiske* sida: Dårleg språkevne gjorde at mange ikkje var i stand til å formulere seg i offentleg debatt. Bruk av framandord førte til at politikarar ikkje nådde fram til vanlege folk. Dessutan var det viktig for den nasjonale kulturen å halde oppe ein språkleg fellesskap. Poul Hansen skreiv på kronikkplass i *Fyens Stiftstidende* 16.juli 1980 at “vi mener, at et rigt og nuanceret sprog kan bidrage til at mindske klassemodsætningerne”. Det harmonisynet fekk han kritikk for.⁷³

Spørsmålet om handtering av engelske lånord vart såvidt nemnt under skipinga av selskapet. I utspel frå selskapet kom ein seinare inn på engelske lånord i samanheng med “boblesproget” (språket i teikneseriar) og politikarspråket, men ein tok dei fyrste

⁷³ Dette harmonisynet på språksamfunnet vart kraftig kritisert av mellom anna stud.mag. Bent Søby-Madsen (*Fyens Stiftstidende* 27. juni 1980 og *Information* 2. juli 1980). Søby-Madsen meinte at Modersmål-Selskabet bygde på same tankegangen som låg bak Basil Bernstein sin kodeteori, nemleg at samfunnsmotsetnader hadde samanheng med at arbeidarar brukte færre og meir primitive språkkonstruksjonar enn arbeidsgivarane, og at det gjorde at gruppene ikkje kunne forstå kvarandre (ein tanke som sosiolingvistikken seinare har avvist). Leiaren for Modersmål-Selskabet svara i *Fyens Stiftstidende* 16. juli 1980 at han ikkje hadde særleg kjennskap til Basil Bernsteins teoriar, men at “vi sympatiserer med hans store indsats for at fremme og udvikle fællessproget som et led i kampen mod klasseforskelle”. (Jf. Dansk Sprognævns klipparkiv.)

åra ikkje opp anglisismar i sin breie samanheng. Fyrst i 1988 (24. januar) kunne *Jyllands-Posten* fortelje at Modermål-Selskabet planlagde eit opplegg til landskampanje imot “angliseringen af det danske sprog”. I juni 1990 kom så Modersmål-Selskabet sitt utspel imot det ein kalla for “danengelsk”. Utspelet fekk spalteplass i dei fleste danske aviser, og formannen Grethe Rostbøl opptredde også i Danmarks Radio. Rostbøl sa til avisene at det var uttrykk for språkleg dovenskap å bruke engelske ord i staden for danske, og at påverknaden frå den amerikanske “burgerkultur” skadde det danske språket: “Det hører ikke hjemme i en dansk hverdag at bruge engelske ord. Det er sprogligt snobberi, som vi godt kan undvære. Tenk på, at 35 procent af befolkningen ikke har lært engelsk.”⁷⁴ Karsten H. Nielsen meinte at den aukande bruken av engelsk kunne gjere dansk til eit “bondesprog”, og at dansk på sikt kunne verte andrerangs i høve til engelsk: “Det var jo på den måde vi mistede Sydslesvig. Dansk blev reduceret til eit bondesprog overfor det tyske. Man var lidt komisk, hvis man talte dansk” (Aktuelt 23. juni 1990). Til *Politiken* 18. juni 1990 føreslo Nielsen ei språkreinsing i stil med den som gjekk føre seg i Danmark på 1700-talet, då mange franske ord vart avløyste av danske. I meldingar om kampanjen åt Modersmål-Selskabet vart det ofte vist til Norsk språkråds kampanje for språkleg miljøvern, fyrst og fremst for å vise at spørsmålet om engelsk språkpåverknad var aktuelt i fleire land.

Gjennom kampanjen skapte Modersmål-Selskabet blest omkring seg sjølv og om engelskpåverknaden. Særleg omfattande var likevel ikkje tiltak; dei kan ikkje jamførast med dei tiltaka t.d. Norsk språkråd hadde med “Aksjonen for språkleg miljøvern”. (I 1991 vart formannen Grethe Rostbøll utnemnd til kulturminister [for Konservativt Folkeparti], men det fekk ikkje konsekvensar for dansk språkpolitikk.)

Klipparkivet åt Dansk Sprognævn fortel om meir engasjement i språkspørsmål etter at Modersmål-Selskabet vart stifta. Selskapet har mellom anna vore med på å gjere språk til eit emne i media.

5.4.4 Majonæse-krigen

Sommaren 1985 vart Danmark råka av “majonæse-krigen”. Denne språkstriden dreidde seg ikkje direkte om påverknaden frå engelsk. I ettertid har han like fullt vore nytta i ordskiftet om handtering av engelske ord: For formannen i Dansk Sprognævn, Erik Hansen, har “majonæse-krigen” vore eit argument for ikkje å engasjere seg med

⁷⁴ Skive Folkeblad 13. juni, Fyns Amtsavis 13. juni, Vendsyssel Tidende 13. juli, Vestkysten 13. juli, Randers Amtsavis 14. juli, Lolland Falster Folketidende 14. juli, Aarhus Stiftstidende 16. juli, Jydske Tidende 17. juli, Berlingske Tidende 18. juli. (Alle desse er frå 1990.)

ein meir offensiv språkpolitikk, og likeins som grunngeving for å vere atterhalden med ortografisk tilpassing av engelske lånord (jf. Hansen 1991, Hansen og Lund 1991).

Opptakta til “majonæse-krigen” kom då Erik Hansen som relativt fersk formann for Dansk Sprognævn vart intervjuet av pressebyrået Ritzaus Bureau om arbeidet med den nye utgåva av *Retskrivningsordbogen* (RO). Hansen gav i den samanhengen døme på endra stavemåta av eit utval framandord: No skulle det verte mogleg å skrive orda *remoulade*, *mayonnaise*, *creme* og *roastbeef* meir uttalenært, som *remulade*, *majonæse*, *krem* og *rostbøf*. Ritzaus Bureau sende på bakgrunn av intervjuet ut ei pressemelding (som var førehandsgodkjend av Dansk Sprognævn). I meldinga heitte det at ordboka mellom anna innførde ein del fleire dobbeltformer, og at skrivemåten av nokre framandord skulle verte meir uttalerett.

Fleire aviser merkte seg dei endra stavemåtane. Derimot vart vinklinga i avisene annleis enn det Sprognævnet forventa. Der kom avisoverskrifter som “Sprognævnets julegave til skoleeleverne” og “Fejl legaliseres” (jf. Jørgensen 1985). Leiarartiklar uttrykte skepsis til ei ny “rettskrivningsreform”, det kom fem-på-gata-reportasjar om kva folk tykte om “en ny dansk rettskrivning”, og *Politiken* slo på leiarplass fast at ein der i avisa aldri kom til å rette seg etter den nye rettskrivningsordboka (sst.). Snart kom også lesarinnlegga. Dansk Sprognævn har i sitt arkiv fem permar med avisutklipp frå majonæse-krigen; eit grovt oversynt vil tilseie at der er over 1000 avisklipp. Det enorme omfanget og intensiteten i reaksjonane kom heilt uventa på Sprognævnet (Hansen og Lund 1994:108). Formannen svara fyrst på noko av kritikken. Deretter heldt nemnda ein låg profil; berre formannen fekk uttale seg til pressen, men han valde stort sett å teie:

Dansk Sprognævn var næsten uden erfaring i den form for omgang med pressen og havde fra begyndelsen besluttet ikke at ville deltage i debatten, idet man naivt regnede med, at den så ville dø hen i løbet af et par uger. (Hansen/Lund 1994:108.)

Den “hæsitante holdning” førte ikkje fram. Talet på lesarinnlegg berre auka, særleg utover “agurktida” i juli. Den tidlege fokuseringa på rettskrivningsendringa vart avløyst av fokusering på skrivemåtar som *majonæse* og *remoulade*, kombinert med argument om at språket var i oppløysing, og at det som no skjedde, var “Lovliggørelse af sproglig sjusk” (*Fyens Amtstidende* 9. juli 1986). Formannen i Modersmål-Selskabet, Grethe Rostbøll, gav uttrykk for ei slik oppfatning på årsmøtet åt selskapet i 1986:

Selskabet har først og fremmest været betænkelig ved den tendens, man kunne ane bag de fremsatte ændringer til at gøre fejl til regler og til at acceptere slapt og utilstrækkelig sprog som korrekt, når blot den talende eller skrivende har noget på hjertet. (Referert i *Flensborg Avis* 17. mai 1986, jf. òg *Politiken* 26 .nov. 1989.)

Også kulturministeren og undervisningsministeren kom på banen. Aviser kunne fortelje at kulturministeren “afkræver Sprognævnet forklaring” og at undervisningsministeren “stopper ordbog” (Jørgensen 1985). Ministrane baserte sine inntrykk på medieoppslag. Etter eit møte med Dansk Sprognævn skal det ha skjedd ei oppklåring der ministrane vedtok å ikkje engasjere seg meir i spørsmålet (sst). Ministrane bad like fullt Dansk Sprognævn å take omsyn til synspunkta som hadde kome fram gjennom debatten, og vurdere ei avgrensing av talet på valfrie former. Det førte til at Sprognævnet i september og oktober 1985 reduserte talet på valfrie former med kring 230; det galdt særleg ord med endingane *-ium* og *-ie* som det var heile 70 av (Galberg Jacobsen 1988:70).

I fylgje Erik Hansen var det i “majonæse-krigen” tale om “forbitrede læserbreve og artikler” fylte av “et dumpt raseri”, og at det var uråd å kome gjennom med rasjonelle argument (jf. Hansen og Lund 1994:108). Ut frå Hansen sitt resonnement kan “majonæse-krigen” sjåast på som symptom på at der i Danmark er eit språkklima som gjer det uråd med t.d. ein haldningskampanje som den norske “Aksjonen for språkleg miljøvern” (jf. sst., s. 41, personleg intervju med Erik Hansen 10. november 1997). På same måten kan ordskiftet denne sommaren tolkast som motstand mot prinsippet om ortografisk tilpassing av lånord (jf. personleg intervju).

Her er det grunnlag for ei problematisering. Det er nemleg slåande at det kom til uttrykk nokså mange synspunkt og argument under “majonæse-krigen”: Undervisningsministeren gjekk t.d. til åtak mot dobbeltformer.⁷⁵ I avisene vart det skapt eit inntrykk av at det no var “fritt fram” for å skrive nærmast slik ein ville. Mange synsmåtar gjekk på at dansk språk var i forfall, og at bokstavering av framandord etter uttalen var eit knefall for det forfallet (jf. formannen for Modersmål-Selskabet). Ordskiftet vart sterkt ideologisert med ein motsetnad mellom verdiane *språkleg orden/tradisjon/lov* på den eine sida og *språkleg forfall/68-pedagogikk/toleranse overfor feil* på den andre sida. Jens Normann Jørgensen (1986) ser i artikkelen “Da professoren scorede selvmål” på “majonæse-krigen” som uttrykk for at den gamle generasjonen klagar over alt som går i oppløysing. Eit anna moment gjeld Dansk

⁷⁵ Det kan verke som om ministeren hadde inntrykk av at den nye rettskrivingsordboka her la opp til eit nytt prinsipp (jf. sst.). Men det har alltid eksistert dobbeltformer i dansk. RO 86 førte her vidare ein tradisjon, sjølv om omfanget no var auka. I RO frå 1955 skal det vere valfridom ved 2 % av oppslagsorda, ved RO 1986 er valfridom 5 %, men i båe tilfella er det tale om heller perifere sider ved ordforrådet (jf Galberg Jacobsen 1988:72-73). Dei viktigaste ved framlegget i 1985 var truleg at ein ville gjere *gymnasie* valfritt ved sida av *gymnasium*. Sidan mange seier og skriv *gymnasie* (dvs den ukorrekte forma), vart forma *gymnasium* av mange sedd på som eit viktig sveinestykke i tileigninga av riksmålsnorma. Her er det interessant å merke seg at i Bek. 1997 vert endringar av endinga “ium” til “ie” sedde på som døme på prinsipielle rettskrivingsendringar, og dei må ha godkjenning frå kulturministeriet. (Jf. Dansk Sprognævn 1997c.)

Sprognævn si klønete handtering av “majonæse-krigen”. Jørgensen (1986) er inne på at formannen Erik Hansen må take eit visst ansvar:⁷⁶

Erik Hansen er kendt for sin rundhåndede mundtlige fremstillingsform, og det er ikke utænkelig, at han har givet den en ekstra tand med det formål at vække lidt offentlig opmærksomhed. (Jørgensen 1986.)

No har ein låg toleransegrensa for språkstrid i Danmark, og språkhaldningane er generelt konservative (jf. Hansen 1991:38–39). På grunn av den historiske skriftstabiliteten i er der forventingar om at språknorma skal haldast fast. Samstundes har ein i dansk historisk tradisjon for å drive ortografisk tilpassing av visse lånord, og det kom i liten grad fram i ordskiftet. I staden fekk det råde villeiande påstandar om at dansk rettskriving skulle endrast drastisk.

Dansk Sprognævn argumenterte med at danisering av visse franske importord kunne gjere språket lettare for ein del. Det var likevel ikkje noko vektig argument for kritikarane:

Det er [...] tankevækkende, at det bedste argument, Sprognævnet kunne bruge for at berolige ophidsede debattører, var, at den nye retskrivningsordbog ville gøre tilværelsen lidt lettere for dem, der i forvejen var gode til at stave, mens den ikke ville gøre det lettere for de dårlige stavere. (Hansen og Lund 1994:110.)

Ekskurs: Gleda over ei komplisert rettskriving

“Majonæse-krigen” illustrerer ein interessant ambivalens i synet fleire danskar har på rettskrivinga. Jørgen Bang har i spalten “De svære ord” i *Berlingske Tidende* på 1960-talet, 1970-talet og 1980-talet ofte innleidd med å skrive om kor vanskeleg den danske rettskrivinga er: “Den danske retskrivning er fuld af lumske fælder, og selv sprogligt velfunderede mennesker kan let komme i tvivl om den rette stavning af dette eller hint ord.” (16.mai 1982.) Bang er også inne på at rettskrivinga skaper pedagogiske problem: “Den danske retskrivning er en mærkelig rodebutik – bogstaverne udtales på alle mulige forskellige måder, og det er egentlig et mirakel at børnene lærer at stave nogenlunde rigtigt i løbet af nogle få år.” (17. feb. 1980. Tilsvarende synspunkt kan vi finne i avisoverskrifter om språk, der det i tillegg vert tala om kor “det skrantar” med dansk språk. Typisk er t.d. “Det danske sprog er en svær

⁷⁶ Ein vedtok i Dansk Sprognævn at berre formannen Erik Hansen skulle take av seg korrespondansen (noko han i fylgje Jørgensen [1986] gjorde “på skolemesterfacon”). Her er kontrasten slående til det norske ordskiftet om ortografiske tilpassingar i 1996. Etter vedtaket i Norsk språkråd i januar det året om å norvagisere ein del importord (t.d. *service* > *sørvis*) gjekk fleire kraftig ut mot Språkrådet, og det kom ei rad med lesarinnlegg og aviskommentarar (som ikkje stod tilbake for mykje av det som kom fram under “majonæse-krigen”) (jf. Sandøy 1997). Ein skilnad frå Danmark var derimot at fleire at dei mest framstående aktørane i Språkrådet aktivt i ordskiftet, og var med på å styre det.

en” (Information 13. okt. 1980), “Det danske sprog går og skranter” (Fyn Amts Avis 13.des. 1980), “Mordet på det danske sprog” (Berlingske Tidende 19. nov. 1980), “Det svære danske sprog” (Jyllands-Posten 27. okt. 1990). Samstundes verkar det som om ein ikkje vil gjere noko eller ikkje trur at det går an å gjere noko med den kompliserte rettskrivinga. Til dømes ser Bang sjølv verdien av språkleg konservatisme og ei fast rettskriving (Berl.Tid. 27. juli 1980). Det *skal* tydelegvis vere litt vanskeleg å skrive dansk. (Døma er henta frå Dansk Sprognævns klipparkiv.)

5.4.5 1980- og 1990-talet

Meir fokus kom på engelskpåverknaden i løpet av 1980-talet, særleg mot slutten av ti-året. Student Lotte Porsborg Andersen har ein kronikk i *Fyens Stiftstidende* 11. februar 1988 der ho spør om dansk språk vil overleve presset frå engelsk. Det kom på denne tida òg noko meir merksemd frå språkvitarar på engelskpåverknad: ei lita gransking av Lars Brink og ei pilotgransking gjort av Else Bojsen (1989). Granskingane viste lite omfang av engelske ord i løpande tekstar, men Bojsen (1989) tillet seg like fullt å problematisere dei mange vanskaner som er knytte til målingar, og peikte på at engelskpåverknaden dreidde seg om mange moment (t.d. kodeveksling, namn etc.), og at engelsk hadde ein spesiell verdi i ungdomskulturen. På slutten av 1980-talet er det framleis i petitjournalistikken eller i dei oppglødde lesarinnlegga ein finn mest om engelskpåverknaden – saman med meir allmenne utsegner om språksjusk og språkleg forfall (særleg i Danmarks Radio).⁷⁷ Eit døme på det gir Poul Smerup i *Jyllands-Posten* 24. april 1988; der uttrykkjer han at “Engelsk er over os”, og at “Ludvig Holberg har tilsyneladende levet forgæves”. I fylgje Smerup står det verkeleg ille til: “Det danske sprog er godt på vej til at forsvinde, eller i bedste fald blive reduceret til en lokal dialekt for det uoplyste mindretal, der ikke forstår EDB og ikke spiser burgere.”

Utover på 1990-talet auka merksemd om engelskpåverknad. I 1990 var det offentleg ordskifte om uttalen av firmanamnet *Unibank* som banken ville skulle uttalast [junnibank] (pga. den etymologiske samanhengen med det engelske substantivet *unicorn*). Språkkonsulenten i Danmarks Radio, Erik Hansen, gjekk imot “Jeg vil i fremtiden afholde mig fra at korrekse folk, der sige ‘Junnibank’, men

⁷⁷ Mykje av det som vert skrive om språket i danske aviser, handlar om språkleg forfall. Vi kan her take utgangspunkt i nokre avisoverskrifter som gjeld språket i Danmarks Radio: “Gade og vulgærsproget tales stadig i Danmarks Radio” (Frederiksborg Amts Avis 11.februar 1989), “Radioens sprog er under al kritik” (Berl. Tid. 27. november 1990), “Danmarks Radio forurensner sproget” (Berl. Tid. 9. desember 1990), “Det flade radiosprog” (Politiken, 22. august 1992), “Også unge foruroliges” (Berl.Tid. 16. november 1992), “Dårlig sprogbrug” (Berk.Tid. 8. november 1992), “Something is rotten” (Jydske Vestkysten 16. januar 1993), “Eiendommelig TV-grammatik” (Berlingske 27. juni 1993), “Dårlig udtale i DR” (Berl.Tid. 22. mai 1994), “Nu er det nok” (Politiken 19. april 1994), “Det danske sprog hånes” (Jyllands-Posten 19. april 1994), “Professor Hansens skyld” (Berl.Tid. 31. mai 1994). Anglisismar står ikkje i fokus her, men kan nemnast som delar av eit meir allment språkleg forfall.

samtidig oppfordre til at vi saboterer denne latterlige bastardudtale.” (*Politiken* 24. juli 1990.) Vi finn også fleire kronikkar, reportasjar og petitartiklar som viser til engelske innslag i dansk. Det kan vere nokså bombastiske lesarinnlegg som t.d. det Karina Gydesen og Marie Jacobsen skriv i *Jydske Vestkysten* 12. september 1993 under overskrifta “Så speak da some dansk...!”. Der heiter det at “Invasjonen er over os!”, at dansk “bombarderes” av engelske uttrykk, og at “den danske ungdom har slutgitt reklamegodbitten”, og er med på å føre “det danske sprog i fordærv”.

Eit stikkord som går igjen i innlegga, er *amerikanisering*. Filosof Søren Gosvik Olesen skriv i kronikken i *Berlingske Tidende* 2. november 1993 at “Bag anglicismene, her kaldet ved deres rette navn, amerikanismene, truer amerikanismen.” Slik Olesen såg det, er det “ikke kun Danmarks, men Europas identitet som er på spil med amerikaneringen”. Mia Schrøder skriv i kronikk i *Berlingske Tidende* 21. januar 1997 at “Amerikaniseringen sætter sit præg verden over, men den har fundet et nemt offer i den danske befolkning. Det er nødvendigt at fremhæve og give det danske sprog en langt større plads i folks bevidsthed [...]”.

Avisreportasjar spelar ofte på førestellinga om at det går føre seg ein økonomisk og kulturell invasjon frå USA som får språklege konsekvensa. Illustrerande er ein reportasje frå *Politiken* 5. nov. 1997, der overskrifta er “Invasion fra USA”, og teikninga viser ein amerikansk bedriftsoppkjøpar som sparkar ut danske funksjonærar medan han seier “Let your røv”. Utgangspunktet er at amerikanske oppkjøp fører med seg ein bedriftskultur som bryt med “en dansk livsform”. Det er altså ikkje språket som skal skiftast ut, men engelsk språk vert nytta som illustrasjon på omstillingsprosessar ein meiner er “amerikanisering”. Vi merker oss at det ser ut til å vere nokså upoblematisk å bruke uttrykket “amerikanisering” på ein negativ måte på 1990-talet; slik var det ikkje under den kalde krigen på 1970- og 1980-talet.

Eit døme på folkelege reaksjonar finn vi då Fællesforeningen for Danmarks Brugsforeninger tok *Davre* havregryn ut av sortimentet, og avløyste det med produktnamnet *Sunrise*. Det kom fleire reaksjonar, og forbrukarsamvirket måtte gå tilbake til *Davre*-namnet (jf. *Samvirke* 7, 1998:92).⁷⁸ I eitt av lesarbreva om namnet skriv Nicoline Halkjær From:

Jeg har til min store irritation konstateret, at flere og flere af jeres varer med tiden får engelske eller engelskklingende navne, fx *Sunrise* og *Greencare*. (...) Det er en udvikling, der sker overalt i Danmark. I stedet for at give produkterne danske navne eller betegnelser bruges (halv)engelske. Men er det den udvikling, vi ønsker? Jeg forstår den til nød, når der er tale om produkter, som stammer fra en engelsk/

⁷⁸ “Davre” tyder det same som norsk “dugurd”.

amerikansk kultur, fx en *hamburger* eller en *walkman*, men hvorfor bruke engelske navne på vaskemidler og havregryn? (Samvirke 12, 1997:4.)

At det kjem slike ytringar, vil ikkje seie at haldningane til engelsk er eintydig negative. Derimot illustrerer ytringane at det i visse kontekstar kjem fram ein irritasjon over engelske lån, og at irritasjonen ikkje står tilbake for reaksjonar i dei andre skandinaviske landa.

5.4.6 Danske lingvistar engasjerer seg

Noko som har særprega dansk språkdebatt og danske språkforhold er at dei danske språkvitarane og offisiell dansk språknormering gjennom etterkrigstida har hatt ei ganske så liberal haldning til engelskpåverknaden. Jamført med svenske og norske språkvitarar og språknormering er skilnaden påfallande. Den danske liberaliteten er på 1980- og 1990-talet komen til uttrykk ikkje minst gjennom ei lang rekkje artiklar og bøker frå danskprofessorane Erik Hansen og Jørn Lund.

Både Erik Hansen og Jørn Lund har vore sentrale i dansk språknormering, både gjennom profesjon, verv i Dansk Sprognævn, verv i statlege utval, gjennom artiklar og bøkar, og som språkkonsulentar i Danmarks Radio. Når danske aviser og dansk fjernsyn har hatt spørsmål om språk, har dei svært ofte spurt anten Hansen eller Lund, “språkkjendisane”.⁷⁹ Hansen og Lund har også presentert synet sitt i fleire nordiske samanhengar, mellom anna i *Språk i Norden*.⁸⁰

Vi har alt vore innom den “hæsitante holdning” til språkpolitikk frå Erik Hansen. Men medan liberaliteten og relativismen i høve til riksspråket heile tida vert kombinert med synet om at ei riksmålsnorm er nødvendig og verdifull (jf. Hansen 1991:34), kan Hansen stundom gå nokså langt i liberalitet overfor anglisismar. Det kjem mellom anna til uttrykk i essayssamlinga *Da lo hun så hjerteligt*:

Grunden til at man taler så meget om faren fra engelsk og amerikansk er simpelt hen at de engelske ord er så få at de springer i øjnene hver gang! Det gør tysk, græsk og latin ikke.

⁷⁹ *Fyens Stiftstidende* kalla t.d. Erik Hansen for “Det danske sprogs overvogter” 14.5.1995.

⁸⁰ Det må presiserast at dei liberale haldningane som Hansen uttrykkjer, gjeld påverknad på dansk korpus. Ei anna sak er engelsk statuspåverknad, dvs domentap for dansk i høve til engelsk. Dei som har vore mest opptekne av domenepåverknad har faktisk vore *utlendingar* busette i Danmark, t.d. språkvitarar ved Roskilde Universitetscenter som Hartmut Haberland, Carol Henriksen, Robert Phillipson og Tove Skutnabb-Kangas (1991). I Dansk Sprognævn var ein lenge ikkje særleg opptekne av spørsmålet. Jørn Lund (1989:31) skriv at språknemnda let marknadsmekanismane avgjere dette. I dei seinare åra har særleg Niels Davidsen-Nielsen (1999) og Michael Herslund (1999) engasjert seg i dette spørsmålet.

De fremmede ord dukker næsten altid op for at udfylde et naturligt opstået behov for en ny glose. Der kan dog som nævnt dukke enkelte overflødige gloser op, men de forsvinder i regelen af sig selv efter et stykke tid. Så det engelske burde ikke være en alvorlig bekymring for andre end dem der principielt er modstandere af fremmedord. (Hansen 1989:52.)

Karakteristisk er òg *Kulturens Gesandter*, ei bok om framandord og purisme i dansk, som Hansen og Lund gav ut i 1994. Igjen er haldninga at engelskpåverknaden er “meget beskeden og ikke urovækkende” (s. 24), og at framandord er nødvendige for at språket skal utvikle seg: “Fremmedordene har frelst det danske sprog fra undergang!” (s. 29.) Tittelen på boka er også illustrerende (jf. Levin-sitatet som tidlegare er gjengitt).

Tilsvarende liberale synspunkt på engelskpåverknaden er vortne formulerte av andre språkvitarar som t.d. Henrik Galberg Jacobsen (1984, 1994), Fritz Larsen (1999), Bent Preisler (1999a) med fleire. Men sjølv om slike synspunkt har stått sterkt, og gjer det framleis, finst der andre synsmåtar, og det må vere grunnlag for å hevde at ein i Danmark kan registrere ei haldningsendring til engelskpåverknaden i løpet av dei siste åra. Fleire *lingvistar* har nemleg ytra seg kritisk. Eitt døme på det er Pia Jarvad, seniorforskar ved Dansk Sprognævn; ho skriv i boka *Nye ord – hvorfor og hvordan* (1995):

Min konklusion (...) er at dansk bliver påvirket, truet om man vil af det engelske sprog. Der sker en udskiftning af ordforrådet i dansk, nye ord i dansk er for ca. 10 %'s vedkommende engelske ord, og det ordforråd det drejer sig om er de indholdstunge ord, især navneord og konkrete. Det er de ord der er med til at skabe vores opfattelse af verden og danne de grundlæggende termer eller gloser til oplevelsen af verden i indholdskategorier, og det betyder at vi i stadig større grad lader en anden kultur med dets sprog styre vores virkelighed. (Jarvad 1995:135.)

Knud Sørensen (1973, 1995), professor i engelsk, har også påpeikt uheldige effektar av ein veksande engelsk påverknad.

Det mest puristiske synet er formulert av to språkprofessorar ved Handelshøjskolen i København, nemleg Niels Davidsen-Nielsen, som er medlem av arbeidsutvalet i Dansk Sprognævn, og Michael Herslund. Av særleg interesse er to kronikkar, den eine i *Politiken* 23. mars 1997 og den andre i *Berlingske Tidende* 3. juni 1997. I kronikken i *Politiken* hevdar forfattarane at dansk språk er pressa av engelsk:

Det danske sprog lider af en engelsk syge – en syge der sikkert ikke er livstruende, men som det vil være klogt ikke at ignorere længere. Presset fra engelsk er nu så kraftigt at tiden er inde til at mobilisere kritisk sans og sondre mellem lån der beriger vores sprog, og lån der er overflødige.

Som døme på unødvendige lån vert det nemnt mellom anna *team* (fordi ein har ordet *hold*), *sideeffekt* (pga. ein har *bivirkning*) og konstruksjonen *møde et krav* (ein har *imødekomme et krav*). Davidsen-Nielsen og Herslund peikar dessutan på engelsk-påverknad som er meir indirekte: I ord som *frynsegoder* (fringe benefits) bruker ein eit eksisterande dansk ord på ein ny måte, i tydingslån som *dumpe* (“Englænderne dumper atomaffald”) gjer ein det same. Også i faste vendingar, i idiom og i lydverket (til dømes tungespiss r i *roll-on* og w-uttale i *weekend*) får ein engelsk påverknad. Likeins i rettskrivinga, som ved særskriving av samansette ord og ved feil bruk av apostrof. I tillegg viser forfattarane til eksempel på kodeskifte og på domenetap til fordel for engelsk.

Davidsen-Nielsen og Herslund avviser den islandske purismen. Derimot meiner dei at Noreg kan vere eit førebilete, til dømes gjennom *Aksjonen for språkleg miljøvern*. I slutten av kronikken kjem dei med framlegg om å innføre ei avgift imot bruk av eit utanlandsk ord i tilfelle der det alt eksisterer eit ord med ”borgerret” i dansk (dvs. som finst i *Retskrivningsordbogen* eller i ei anna ordbok).

I kronikken “Engelsk indflydelse på dansk – er der brug for sprogrøgt?”, *Berlingske Tidende* 23. juni 1997, hevdar forfattarane at bruk av engelsk forstyrrar kommunikasjonen og irriterer mottakaren “ved ejendommelig stavning, grammatik o.l.”. Davidsen-Nielsen og Herslund er elles opptekne av at bruken av engelsk er med på å skape eit classeskilje mellom dei som rår over engelsk, og dei som ikkje gjer det. I fylgje forfattarane må språkforskarar og språkrøktarar take ansvar for den engelske påverknaden på dansk. Denne sistnemnde kronikken er òg prenta i fagtidsskriftet *Sprint* (2 1997), som blir utgitt av Handelshøjskolen i København. Redaksjonen skriv i ein kommentar at føremålet er å “provokere vore læsere til at fremkomme med reaktioner på den stigende anvendelse af anglicismer i dansk” (*Sprint* 1997:2), og kjem med fleire døme på “den engelske syge” (s. 5).

Davidsen-Nielsen og Herslund er framståande, seriøse lingvistar, og fram til slutten av 1990-talet var det uvanleg å få puristiske ytringar frå den kanten. Nettopp statusen til dei to professorane er viktig: Rett nok har Jørn Lund (1997) ironisert over innlegga i si faste spalte i *Information*, men det har ikkje vore mogleg for den språklege ålmenta generelt å oversjå hovudpoenga deira. Også Dansk Sprognævn tok då opp spørsmålet om engelskpåverknad, og i mars 1998 arrangerte Sprognævnet ein konferanse om engelskspråkleg påverknad på dansk. I innkallinga stod mellom anna dette:

Mange mennesker er i disse år bekymrede over den engelske indflydelse på det danske sprog. Dansk Sprognævn har naturligvis registreret denne fremmede påvirkning og har medvirket ved publicering af forskning i den engelske indflydelse.

Fra tid til anden kritiseres Sprognævnet for en lidt passiv rolle mht. den engelske påvirkning: det er ikke tilstrækkeligt at registrere, der skal også gribes ind; det må være muligt i praksis at dæmme op for de mange engelske ord, og her bør Sprognævnet have en rolle.

Formålet med konferencen er en grundig drøftelse af den engelske indflydelse med deltagere fra Sprognævnet og uden for Sprognævnet. Af hvilken art er den engelske indflydelse, hvor kraftig er den, og hvilke tekstgenrer er særlig udsatte? Hvad er årsagerne til den stærke indflydelse fra engelsk, og hvordan forløber den? Hvilke holdninger findes der hos sprogfolk, lærere og andre til engelsk i dansk? Skal man forsøge at begrænse påvirkningen, og hvis ja, hvilke praktiske og realistiske muligheder findes der? (Dansk Sprognævn 1997a)

På konferansen vart ulike sider ved engelskpåverknaden diskutert. Innlegga er prenta i ein konferanserapport (Davidsen-Nielsen et al. 1999). I ordskiftet var ein fyrst og fremst opptekne av omfanget og karakteren av lånordspåverknaden, og om status for dansk i ulike språkdomene.⁸¹ Spørsmålet om danisering av lånord vart knapt nemnt.

5.4.7 Ein dansk språkpolitikk?

For ti år siden var det dominerende synspunkt, at sprog – i hvert fald det danske – passede sig selv best. Senere er der blevet sået en del tvivl om dette syn. De sprogfolk, der har haft bedst gennemslag i den offentlige debat, er dem, der bekymrer sig om det engelske sprog som en trussel mod dansk. Disse sprogfolk har i hvert fald fået så megen opmærksomhed hos kulturministeriet, at det har bebudet en egentlig dansk sprogpolitik. (Holmen og Jørgensen 2000:5.)

⁸¹ • Michael Herslund innleidde om Dansk som “det andet sprog”: Med allusjon til Simone de Beauvoir si tilvisning til kvinna som “det andre kjønnnet” – det kjønnnet som vert “annleis” pga. mannen per definisjon er “normal” – kan dansk kome i ein tilsvarande underordna posisjon i høve til eit dominerande språk, engelsk.

• Pia Jarvad la fram tal frå arbeidet med nyordsprosjektet (jf. Jarvad 1999a) om kor stor engelskpåverknaden er på ordplanet, og kva slags former for ord som kjem inn.

• Fritz Larsen viste ulike former for semantiske overføringar frå engelsk, og argumenterte samtidig for at det ikkje gjekk an å stoppe engelskpåverknaden.

• Bent Preisler presenterte data frå sitt prosjekt om haldningar til engelsk blant ungdomar i visse subkulturar. Han streka under symbolfunksjonen som engelsk hadde, og meinte at engelsk nedanfrå hadde andre førestnader enn den engelsken som kom ovanfrå.

• Helge Sandøy gjorde greie for Norsk språkråd sitt arbeid med norvagisering av engelsk lånord.

• Erik Hansen tala om kva avløysarord som kan karakteriserast som gode, og kva kriterium som ein då skal leggje til grunn.

Etter konferansen i mars 1998 har Dansk Sprognævn hatt fleire interne diskusjonar kring spørsmålet om engelskpåverknad. Nemnda har òg hatt møte med kulturminister Elisabeth Gerner Nielsen om moglege initiativ i saka (jf. ref. frå arbeidsutvalsmøte i Dansk Sprognævn 11. juni 1999). Kulturministeren har ytra ynske om ein språkpolitikk på området (jf. referat i *Politiken* 25. september 1999). Dansk Sprognævn diskuterte såleis på årsmøtet i mars 2000 “Dansk Sprognævns sprogpolitik og sproglige strategier især i forbindelse med den engelske påvirkning af dansk”. Spørsmålet vart også teke opp på eit heildagsseminar om dansk språk 8. juni 2000, arrangert av kulturministeriet. Kulturministeren meinte at ei lovgiving, slik Davidsen-Nielsen og Herslund har føreslege, ville vere “noget meget udansk” (*Berlingske Tidende* 8. juni 2000). Men ho kunne tenkje seg ein handlingsplan om dansk språk i ei meir internasjonalsert verd (etter mønster av den svenske handlingsplanen).

Der er noko som er slående i måten kulturministeren ordlegg seg på og måten massemedium handsamar spørsmålet om tiltak overfor engelskpåverknaden på: Det vert sagt at dansk no endeleg kan få ein språkpolitikk (jf. *Berlingske Tidende* 8. juni 2000, ref. arbeidsutvalsmøte i Dansk Sprognævn 11. juni 1999, Holmen et al. 2000:5). Det kan då verke som om det ikkje eksisterer nokon språkpolitikk i Danmark. Her er vi inne på noko som karakteriserer dansk språkdebatt og den språklege sjølvforståinga i Danmark.⁸² Tore Kristiansen (1991) meiner at denne sjølvforståinga representerer eit grunnleggjande problem. Til spørsmålet “Har vi brug for en dansk sprogpolitik?” innleidde han på denne måten:

Hvad gør man når man bliver spurgt om man stadig tæver sin kone? Man anfægter den virkelighedsopfattelse der leder frem til et sådant spørgsmål. Jeg mener faktisk at vi i høj grad har en sprogpolitik her i landet. Jeg mener endvidere at det er et af dansk sprogpolitiks største problemer at danske sprogfolk jævnt over er af den opfattelse at dansk virkelighed er forskånet for sprogpolitik – såvel som for sproglige problemer forstås. (Kristiansen 1991:9.)

Når det gjeld arbeidet med den danske språkpolitikken, har Niels Davidsen-Nielsen spela ei rolle, både internt i Sprognævnet, og gjennom fleire kronikkar og artiklar om emnet. Frå 2000 er han òg formann for Nordisk ministerråds referansegruppe for språkpolitikk. Det er i seinare tid særleg statusspørsmål og domenetap for dansk han har fokusert på (jf. Davidsen-Nielsen 2000). Han har òg ymta fram idéen om ei meir systematisk formell tilpassing av engelske lånord til dansk (jf. Davidsen-Nielsen

⁸² Det må leggjast til at Erik Hansen (1991) har poengtert at det å ikkje å ha ein formulert språkpolitikk, også er ein språkpolitikk.

1998), men hans engasjement for statusspørsmål er truleg meir dekkjande for den vinklinga språkdebatten i Danmark har fått dei aller siste åra.

I ålmenta har spørsmålet om engelskpåverknad vorte meir aktualisert, t.d. har *Berlingske Tidende* i 2000 hatt ein språkserie “Ud med sproget” – om dansk språk og internasjonalisering. Der har språkvtitarar kome med ulike synspunkt – ikkje nødvendigvis puristiske – om engelskpåverknaden. Den omfattande forskinga om emnet seier også ein del. Det må òg nemnast at tidsskriftet *Mål & Mæle* har hatt ein del stoff om engelskpåverknaden på dansk. Filologen Kirsten Rask har skrivne *Sprogrensers-ordbog – tal dansk!* (2000), som er ei avløyसारordbok for engelske ord. Rask vekte året før ein del merksemd med kronikken “Dogmedansk” (*Politiken* 5. september 1999, prenta i Rask 2000:40–47). Her var ho retorisk inspirert av programmet bak dei såkalla dogme-filmene som ein del danske regissørar (t.d. Lars von Trier) har stått bak. (Regissørane bak dogme-filmene har formulert eit program for filmatisk purisme der ein utelet mykje staffasje.) På same måten som i filmverda var der i fylgje Rask “brug for et sprogligt kyskhedsløfte, ti dogmer som fører os tilbage til det sande, naturlige og rigtige danske sprog” (2000:40).

5.4.8 Nasjonalisme

Den sterkare merksemda på 1980- og 1990-talet om engelskpåverknad har kome parallelt med ei sterkare merksemd om dansk nasjonalitet og identitet.

På 1970-talet, særleg etter EF-røystinga i 1972, var der også merksemd om “det danske”, det kom mellom anna til uttrykk i skjønnlitteratur og visetekstar, t.d. av Benny Andersen. Vi kan like fullt merke ei haldningsendring på 1980-talet. Medan mange forfattarar og intellektuelle på 1970-talet ville dekonstruere førestellingane om “det danske” som flosklar (slik Hans-Jørgen Nielsen gjer i diktet “Modersmålets pris” frå 1972), vart haldninga annleis utover på 1980-talet (t.d. i diktet “Om Nationalitet av Nielsen frå 1983) (ref. i Jensen 1992:251). I skjønnlitteraturen vert dansk nasjonalitetet i større grad framstelt som noko *verksamt* (sst.).

Eit uttrykk for nyorienteringa kom i 1988 då Det humanistiske Fakultet ved Københavns Universitet tok initiativet til ei tverrfagleg forskingsgruppe til å forske på dansk identitetshistorie. Det resulterte i fire binds-verket *Dansk identitetshistorie* (Fældbæk [red.]), som på over 2000 sider fylgjer utviklinga av det danske frå reformasjonen og fram til 1990; i tillegg kom der artiklar og artikkelsamlingar (t.d. Lundgreen-Nielsen 1992). Det er ikkje urimeleg å sjå denne nyorienteringa i høve til internasjonale tendensar: fallet for kommunismen i Europa, den allmenne intensiveringa av nasjonalistiske rørsler i Europa, integrasjonsprosessen i EF/EU.

Nettopp EF-/EU-spørsmålet tvinga danskane å diskutere grundigare målsetnader og føresetnader for dansk deltaking i det europeiske samarbeidet. Fram til folkeavrøystinga om dansk deltaking i Maastricht-traktaten 2. juni 1992 var der ein omfattande samfunnsdebatt. Debatten var òg levande i samband med folkeavrøystinga om Amsterdam-traktaten 28. mai 1998 og folkeavrøystinga om deltaking i valuta-samarbeidet 28. september 2000.

I 1991 tok språkvitarar opp spørsmålet om dansk språk var truga, jf. artikkelsamlinga “Det danske sprogs status år 2001 – er dansk et truet sprog?”, som kom ut i 1991 i forkant av ein vitskapleg konferanse med same tittelen (Jørgensen 1991). Same året heldt undervisningsministeren sommarmøte om “det danske”. I ljøs av utviklinga i Aust-Europa og EF var igjen problemstillinga om dansken var truga. På møtet vart språket tema for ein av dei tre dagane, og der tok ein særleg føre seg spørsmålet om danskar skulle verte tospråklege og om engelskundervisninga skulle byrje tidlegare og auke i omfang. (Ref. i *Næstved Tidend* 2. august 1991, *Jyllands-Posten* 2. august 1991.) På slutten av 1990-talet har det nærmast “teke av” i omfang, med ei kopling av dansk nasjonalitet med framlegg til tiltak for å halde dansken reint for engelsk og for å halde oppe statusen for dansk språk. I 2000 kom oppfylginga av boka frå 1991, no var tittelen *Sprogs status i Danmark år 2011* (Holmen og Jørgensen 2000). Tittelskiftet indikerer ein del av endringane: Danmark er i større grad eit fleirspråkleg samfunn. Likeins konstaterer ein ei haldningsendring overfor engelskpåverknad.

Jørn Lund skriv i 1986 at “Danskerne bliver kun nationalt sprogbevidste i krisetider” (Lund 1986:37). Han tenkjer her på tyskpurismen på slutten av 1800-talet og fyrste halvdel av 1900-talet, ei tid då ein kjende politisk og militær otte for Tyskland. At ein så, til skilnad frå 1980-talte, fekk eit tydeleg språkengasjement på 1990-talet, passar godt inn, i og med at ein samtidig fekk det sterke ordskiftet om dansk nasjonalitet, identitet og politikk overfor europeisk integrasjon. I så måte har truleg Lund rett – dersom ein tek det for gitt at det på 1990-talet har vore ei “krisetid”, og at folk har oppfatta det som om dansk har vore truga.

Her kan ein innvende at dansk språk “reelt sett” ikkje er truga (slik Hansen og Lund 1994 har gjort). Kanskje er det meir dansken som utgjer ein trugsel overfor dei nye innvandrarspråka i Danmark? Holmen og Jørgensen (2000:6) diskuterer denne problemstillinga. Her kan det nemnast at eit politisk parti, Dansk Folkeparti, har som mål å redusere innvandringa, og har fått auka oppslutnad på 1990-talet. Samtidig har politikarar frå ulike parti, også frå regjeringa, gått til åtak på rettane til morsmålsopplæring. (s. 81f.). Ein har i løpet av 1990-talet vorte meir oppteken av *det danske* – både på godt og på vondt. Her er vi inne på sider ved dansk språknasjonalisme som

ikkje er handsama i denne studien, men som utgjer viktige utfordringar for dansk språkpolitikk i tida framover.

5.4.9 Språkhaldningar

Bent Preisler har i *Danskerne og det engelske sprog* (1999b) gjort ei statistisk gransking av haldningar danskar har til engelsk – til bruk av engelsk i danske kontekstar, til engelsk som internasjonalt språk og til å lære seg engelsk. Det viser seg at dei fleste danskar hovudsakleg er positive.

Her kan det setjast opp ei oversikt over nokre av synspunkta som kjem fram i granskinga på spørsmålet om “Det engelske sprogs tilstedeværelse i hverdagen” (jf. tabellen nedanfor).

	Meget enig	Overvejende enig	Overvejende uenig	Meget uenig
truer dansk sprog	8 %	18 %	27 %	46 %
truer dansk kultur	4 %	15 %	30 %	50 %
er et ligegyldigt fenomen	5 %	11 %	30 %	52 %
er en praktisk konsekvens af større samkvem med resten af verden	64 %	28 %	4 %	2 %
gør danskerne bedre til engelsk	57 %	32 %	6 %	4 %
udvider dansker-nes kulturelle horisont	32 %	37 %	16 %	13 %

Tabell med utgangspunkt i Preisler 1999a:68.

Vi merker oss at fåe av dei som vert spurde, meiner at engelsk utgjer nokon trugsel for dansk språk og kultur; i fylgje Preisler dreier det seg om ca. 20 %. I staden meiner

fleirtalet at engelsk utvider den kulturelle horisonten for danskar, og at ein bør føresetje ein viss engelskkunnskap hos danskar: 63 % meiner at alle vaksne danskar bur kunne forstå talt engelsk; 60 % meiner òg at alle burde kunne tale engelsk. Det store fleirtalet meiner like fullt at dansk skal vere det viktigaste språket. Over 60 % var usamd i at ein skal gi like mange engelsktimar som dansktimar i skulen, medan heile 97 % var imot at engelsk skulle ha fleire undervisningstimar enn dansk.

Preislers haldningsgransking tyder på at det ikkje er stemning for nokon klår purisme imot engelsk eller for sterke språkpolitiske tiltak som er meint å redusere bruken av engelsk. Til det er haldningane til bruken av engelsk for positive. På den andre sida: At danskar i ein gitt kontekst kan seie at det er bra for deira barn å lære engelsk, og at engelsk er viktig for internasjonal kommunikasjon, vil ikkje motseie at ein i andre kontekstar kan irritere seg over ein viss engelskbruk. Såleis kan ein ikkje bruke granskinga som underlag for å motseie seg alle slags språkpolitiske tiltak overfor engelsk.

Spørjegranskinga får i tillegg fram at kring 20 % av danskane ikkje er i stand til å forstå eller take del i “selv den mest banale hverdagskommunikasjon på engelsk” (s. 108). Det er særleg eldre det dreier seg om, men også ein del blant yngre skulesvake. (Det er også innanfor denne gruppa der er flest som ser på engelsk som ein trugsel for dansk språk og kultur.) Den kløfta som oppstår mellom dei engelsksterke og dei engelsksvake kan ein freiste å løyse på ulike måtar. Ein måte vil vere puristisk: å arbeide for danismar som folk fleste kan forstå. Ein motsett løysingsmåte vert fremja av Preisler sjølv. I fylgje honom er det snarare danskane som er problemet, og ein bør freiste å *tilpasse* dei engelsksvake danskane til ein situasjon der engelsk “har høg prestisje i det danske samfund” og “manglende sprogfærdighed i engelsk indskrænker individets kulturelle udfoldelsesmuligheder” (s. 238).

5.5 Purisme på lingvistiske nivå

5.5.1 Leksikalsk purisme

Ser vi på dei historiske utviklingslinene, nådde den leksikalske purismen eit høgdepunkt på midten av 1700-talet då særleg franske og ein del latinske nemningar fekk heimlege avløyssarar, i hovudsak tyskinspirerte samansetjingar (jf. den historiske handsaminga). På 1800-talet vart avløyssarstrevet vidareutvikla, særleg innanfor fagterminologi. H.C. Ørsted verka som inspirator for fleire framlegg til avløyssarord og for avløyssarordbøker utover på 1800-talet, t.d. Hans Dahl (1830–1921) med *Dansk hjælpeordbog* (1875) og den meir ekstreme H. P. Selmer (1802–77) med verket *Om de i det danske sprog forekommende fremmede ord, samt tyskagtigheder, andre ufuldkommenheder og sprog- og retskrivningsfejl* (1860–61). Sistnemnde føreslo også å avløyse tyske affiks som *an-*, *be-*, *bi-*, *er-*, *for-* og *ge-* (affiks som tidlegare puristar nytta til å avløyse franske og latinske ord med). Selmer skreiv sjølv seinare, i *Om det danske sprogs tilstand og vilkår* (1869), om den ikkje heilt overstrøymande mottakinga som purismen hans fekk:

Bogen har ikke fundet mindste anklang, end sige påskjønnelse, og det er næsten som om den var aldeles ubekjendt; ingen af vore sprogmand eller gode forfattere har villet yttre sig om den, og hvor den har været omtalt i de offentlige blade har det kun været kort affejende eller endog nedsættende og hånligt. (Selmer 1869:5.)

Parallellen til arbeidet åt den samtidige Knud Knudsen er her nærliggjande. Selmer er elles i fylgje Henrik Galberg Jacobsen “brugt når man skal bruge eksempler på latterlige nydannelser” (Jacobsen 1973:32).

Per Sprogvild (alias Ernst Möller) argumenterte i boka *Dansk Sprogavl* (1901) for ordlaging på heimleg grunn, men tok avstand frå den tidlegare tendensen til lange og tunge samansetjingar. I staden ville han utnytte danske røter, og lage rotavleiingar (s. 34). Det idealet stod òg Otto Jespersen (1860–1943) for med sitt “energetiske” språksyn. For Jespersen var dei viktigaste eigenskapane ved ord effektivitet og praktisk nytte – det gav orda energi og kraft. I den samanhengen vart kortord og rotavleiingar ideala (*reminiscens* > *levn*, *betydning* > *tyd*). Også Gudmund Schütte la på 1940-talet vekt på avleiingar, særleg med eldre nordiske suffiks som t.d. *-me* (*blidme* [‘blidhed’]) og *-sk* (*snobsk*) (s. 73). Denne framgangsmåten fekk likevel ingen stor tilhengjarskare – knapt nok blant puristane. Forfattaren Knud Hjørø (1869–1931) gav i 1933 ut *Afløsningsordbog*, særleg retta imot latinske, greske og franske framandord, ikkje imot tyske lånord, og han nytta også ein del tyske samansetjingselement.

Den mest utagerande leksikalske puristen, *Sven Clausen*, retta ikkje purismen konsekvent imot internasjonalar. Henrik Galberg Jacobsen (1973:62), som har gjort den mest grundige studien av dansk purisme på 1930- og 40-talet, viser at Clausen sjølv har ein nokså høg frekvens av framandord. Det mest viktige for Clausen var å forbetre den nordiske forståinga, ikkje å halde ute framandord i og for seg (jf. Clausen 1938:11).

Dansk forening til nordisk sprogrøgt gav i sine “nordiske afløsningsordlister” fleire framlegg til puristiske nyord, kontrollerte av dei språkfaglege nemndene. Dette nemndarbeidet kan sjåast på som forløpar for det organiserte språkrøktarbeidet som Dansk Sprognævn seinare har drive. For Dansk Forening til Nordisk Sprogrøgt var det skandinaviske argumentet uhyre viktig, også i ordarbeidet. Karakteristisk er det at ein ikkje laga så mange nyord, men i staden nytta ord som fanst eller hadde funnest i eitt av dei skandinaviske språka (jf. Galberg Jacobsen 1973).

Henrik Galberg Jacobsen (1973:185f) har testa resultatet av avløyssararbeidet ved å jamføre ord som språkrøktsforeininga føreslo i dei fire binda av *Vort nordiske modersmål* (1942–44) med ord som er med i *Retskrivningsordbog* frå 1955 og/eller i *Nudansk Ordbog* av 1972. Då får han ei liste på 50 ord (t.d. *fravær, nærvær, samvirke, trygge, uvel*). Ein kan likevel ikkje slutte at desse orda er komne med på grunn av Dansk Forening til Nordisk Sprogrøgt. Dessutan har fleire ord avgrensa bruksområde; berre 19 ord skal i fylgje Galberg Jacobsen vere i dagleg og umarkert bruk (s. 188). Han ser derimot ikkje vekk frå at språkrøktsforeininga kan ha verka til at desse 19 orda faktisk har fått ei viss utbreiing. Når det gjeld Sven Clausen meiner Galberg Jacobsen (noko lakonisk) at Clausen berre fekk gjennomslag for eitt ord: *sprogforbistring* (og dei avleidde formene *forbistring* og *forbistre* [sst].).

Erik Hansen og Jørn Lund (1994:133) talar om “Purismens manglende success”. Ei årsak er i fylgje dei at puristane har føreslege avløyssing av gamle og etablerte ord, som t.d. *uorden* og *gensidig* (der *uryd* og *ømsesidig* vart føreslege) (s. 133). Ei anna årsak er at dei føreslegne orda ofte er kjende frå dialektar, eldre litteratur eller frå svensk og norsk, og at denne gjenkjenninga kan skape ei stilforvirring: “Det virker sært eller komisk at sige *tyst* (stille), *gæstebud* (selskab), *hælv* (halvdel), *hunger* (sult), *gammen* (glede).” (sst.) Ei tredje årsak er at den nordistiske ideologien har mangla folkeleg støtte; det heile vart for abstrakt. Diderichsen (1968:168) er òg inn på det når han skriv: “...af ganske de samme grunde som Clausen hverken vil tale, tænke eller være “tysk”, ville hans landsmænd hverken tale, tænke eller leve på svensk.”

I etterkrigstida har den leksikalske purismen stått heller svakt i dansk. Rett nok er det leksikonet som står i fokus for den folkelege merksemda om engelskpåverknad (jf. Jacobsen 1994:25). I språknormeringa har ein derimot ikkje hatt som prinsipp å

avløyse lån med danske avløyssarord (sst.). Dansk Sprognævn har vore frampå med nokre fåe framlegg (t.d. *off shore* > *havanlæg*, *wetland* > *vådømråde*), men har generelt vore varsam med slik “aktiv” språkpolitikk.

Der har funnest fagmiljø med ei puristisk innstilling: Særleg datamiljøet var tidleg ute med framlegg til avløyssarord, og gav ut dataordbøker. Under arbeidet med det nye danske nasjonalleksikonet, *Den Store Danske Encyclopædi*, ville datamedarbeidarane berre bruke fordanska datatermar. Men dei fekk ikkje gjennomslag for det av sjefredaktøren Jørn Lund, av di han meinte at dei fordanska formene mangla støtte hos folket: Hans normeringsprinsipp er *usus* (jf Lund 1993:132).

No har ikkje Dansk Sprognævn vore heilt liberalistisk overfor alle lånord som vert nytta: I *Retskrivningsordbogen* fra 1986 var ein atterhalden med fleire engelske ord, sjølv om dei var alminnelege i bruk.⁸³ Den nye rettskrivningsordboka frå 1996 har derimot vore meir liberal. Då *Politiken* 13. april 1995 kom med ein presentasjon av den nye rettskrivningsordboka, var det med overskrifta “Ordbog amerikaniseres”, og den ansvarlege for ordboksutgivinga, Erik Hansen, uttrykte liberale tankar om anglisismar i dansk:

Fremmede ord skal vi ikke være bange for. De gør det også lettere at lære at tale et andet sprog, fordi man genkender så mange gloser. De fælles ord giver et kulturelt fællesskab. (Politiken 13. april 1995.)

5.5.2 Ortografisk purisme

Det området der moderne dansk språknormering i dag skil seg frå resten av Skandinavia, gjeld bokstaveringa av lånord, særleg frå engelsk. Den manglande ortografiske purismen overfor anglisismar utgjer samtidig eit unntak i høve til annan ortografisk praksis i dansk. For der er i dansk både prinsipielle retningslinjer og i tillegg historiske tradisjonar for å tilpasse lån frå gresk, latin og fransk.

Vi har tidlegare vore innom grammatikarane på 1600- og 1700-talet, og vist til at Peder Syv og Jacob Baden etablerte ein praksis med ortografisk tilpassing av lånord (jf. kap. 5.3.3).

På 1800-talet gjekk Rasmus Rask med *Forsøg til en videnskabelig dansk Retskrivningslære med Hensyn til Stamsproget og Bogsproget* (1826) inn for ei slik tilpassing; i tillegg ville ha fjerne ein del teikn som etter hans syn ikkje høyrde til i dansk, nemleg *q*, *w* og *x* (pluss *c* i mange brukssamanhengar). I 1826 kom også N. M. Petersen med *Undersøgelse om hvorvidt den danske Retskrivning bør forbedres*, der han hevda det same synet som Rask. Både Rask og Petersen var fyrst og fremst ute

⁸³ Opplyst av Henrik Galberg Jacobsen 19. mars 1998.

etter å få ei meir ortofon rettskriving, og prinsippet om bokstavering av lånord etter danske rettskrivingsprinsipp gjekk inn som eit element i deira meir allmenne rettskrivingsstrev. Den rask-petersenske rettskrivinga vann derimot ikkje fram, og dermed fekk dei heller ikkje gjennomslag for prinsippet om tilpassing av lånord. (Ikkje så lenge før, i 1801, hadde ein fått ein tilpassingspolitikk i svensk, då Leopolds rettskriving vann fram [jf. 6.5.2].)

Skandinavismøtet i Stockholm i 1869 tilrådde at “främmande ord, som kunne anses såsom fullt införlifvade med modersmålet, skrivas på inhemskt vis” (*Språk och stil* 1903:235). Svend Grundtvig var påverka av desse tankane i *Dansk rettskrivningsordbog* (1870), men dei ortofone formene der vekte store protestar. Grundtvig måtte moderere seg ein del, og gav ut den meir moderate *Dansk Haandordbog med den af Kultusministeriet anbefalede Rettskrivning* (1872), som altså hadde offisiell godkjenning frå ministeriet, basert på eit ministerielt rundskriv (Cirkulære) om dansk rettskriving frå same året. I rettskrivinga var der vedtak mellom anna om å byte om *q* med *k* i heimlege ord (*quinde* > *kvinde*).

Reglane frå 1872-rundskrivet vart stadfesta gjennom ei ministeriell kunngjering (bekendtgørelse) i 1888 som igjen vart presisert i *Bekendtgørelse om Rettskrivningen af 27.2. 1892*. Noko som er av særleg interesse for oss, er at båe desse kunngjeringane gav reglar for ei viss *ortografisk tilpassing* av lånord, fyrst og fremst frå fransk. Tilpassinga innebar i og for seg ikkje nokon ny praksis; det var meir tale om å artikulere ein praksis som hadde utvikla seg gjennom fleire hundre år. Kunngjeringa frå 1892 har så vore autoritativ for seinare normeringa av framandord i dansk, og er nemnd som grunnlag i *Lov om dansk rettskrivning* frå 1997. 1892-kunngjeringa seier dette om skriving av lånord:

1. Ein del lånord som har vore lenge i dansk, og vorte tilpassa dansk ortografi og morfologi, skal fylgje dei allmenne reglar for dansk rettskriving:

Fremmede Ord, der ere fuldt optagne og indgaaede i Sproget og i Udtalen have tabt de fremmede Lyde, skrives efter Sprogets almindelige Regler: Ansjos, Kaptajn, Kontor, Løjtnant, nervøs, Tempel, Ur, Trone.

Heilt konsekvent er ein likevel ikkje: “Dog ombyttes aldrig ch, g, j eller ti med sj (undt. Ansjos).” (Sst.)

2. Lånord som nyleg er komne i bruk i dansk, kan verte daniserte på spesielle måtar:

Konsonantisme

- *c* > *k* når det er /k/-uttale (*corps* > *korps*), men vert oppretthalden ved /s/-uttale eller sc-samband (*medicin*, *scene*).

- ch > k i ord frå gresk og latin (chemi > kemi); i franske ord vert det inga endring.
- sch > sk i greske ord (schisma > skisma). Vert halden uendra i tyske ord (rutsche), med unntak av ord med /sk/-uttale (schacht > skakt).
- sh > held på stavinga i engelske og eksotiske ord (shah), men får sj i t.d. sjakal.
- ph > f i vanlege ord med /f/-uttale (physik > fysik).
- q > k i vanlege ord (quantum > kvantum).
- x > ks i vanlege ord (examen > eksamen).
- z > s i tyske ord med /s/ uttale (satz > sats); elles vert det halde uendra (zone, benzin).
- w > v (vits, gevinst), med unntak av i samansetjingar som wienervogn og i orda whig, whisky og whist.
- th > t (asthma > astma) i alminnelege ord.
- rh > r (rhythme > rytme).

Vokalisme

- stum e i uttlyd > forsvinn i t.d. idée > idé og jalousie > jalousi; halden på ved dansk uttale (elite, etage).
- au > ved /ov/-uttale framføre c (sauce > såvs), elles er det uendra (chauffør).
- ai > æ (fadæse, sæson) (med unntak av t.d. mayonnaise).
- eu > ø (amateur > amatør, queue > kø).
- ou > u (couleur > kulør) er opphavleg imot hovudregelen (der ord med ou held på stavemåten), men ein får likevel ofte denne overgangen, pga. regelen om at ein også skal endre vokalsamband ved overgang frå c > k ved franske ord:

Støder c med K-Lyd i et fransk Ord umiddelbart sammen med en anden fransk Lydbetegnelse, da maa man, naar Ordet bruges paa Dansk, enten ogsaa ombytte denne eller beholde c – f.Eks. Kupé eller Coupé, men aldrig Koupé. (Bek. sitert etter Karker 1980:17.)

- u > y (*rekyl*) er også imot hovudregelen om at der ikkje skal skje noka endring, men ein har denne overgangen ofte pga. regelen ovanfor
- Fleire ou-samband vert endra til u, likeins forsvinn fleire stumme s-ar (*croquis* > *kroki*). Det skjer pga. praksisen med å late regelen om å endre vokalsamband ved overgangen c > k også gjelde overgangen qu > k.

Dei to kunngjeringane frå 1888 og 1892 ligg til grunn for dei nye rettskrivingsordbøkene som kom: *Dansk Retskrivningsordbog* (1891), *Saabys Retskrivningsordbog* (1904) og *Dansk Retskrivningsordbog* (1923).

På 1920- og 1930-talet var det ein viss rettskrivingsdiskusjon, særleg knytt til spørsmålet om store vs. småe forbokstavar i substantiv, men lite om skrivemåten av framande ord. Justeringane av dansk ortografi i 1948 handla heller ikkje om framande ord.

I 1956 kom utskrivningssjef E.S. Sand (1956) inn på det han meinte var in-konsekvensar i skrivemåten av framandord: Ein skriv *rutine* og *kup*, men òg *roulade*, *roulette* og *remoulade*. Ulik skrivemåte av t.d. sj-lyden skapte også problem:

[...] broche, brochure og galoche, fordi de stammer fra fransk, og gamache, som er spansk (paa spansk udtales imidlertid ch som tj!), men rutsche (fra tysk), drosche (fra slavisk) – de fleste skriver forøvrig droske, og et andet ord fra slavisk, kaleche, skal have ch-, bolsje (fra plattysk, hvor det imidlertid staves med tj) og som rosinen i pølseenden sheik (fra et så fjernt liggende sprog som arabisk). Hvorfor i alverden ikke afløse hele dette kludrede virvar med sj over hele linjen? (Sand 1956.)

Det var fyrst og fremst ord frå fransk, gresk og latin Sand var oppteken av; engelske ord var det noko annleis med:

Noget mer tvivlsomt er, hvad man skal stille op mod de engelske ord, der jo for tiden indkommer i stor stil. Dette spørgsmaal er dog ikke så vigtigt, eftersom maaske henad halvdelen af befolkningen kan i hvert fald en smule engelsk. (Sst.)

Sand tilføyer rett nok at “som gjennomgaaende regel bør der sikkert ogsaa her tilstræbes en fordanskning” (sst.). Men særleg heilhjarta verkar tilføyinga ikkje. I så måte illustrerer Sand den relativt låge interessa for engelskpåverknad generelt og for språkleg tilpassing av engelske lån spesielt.

Sand meinte at den beste løysinga ville vere om ein daniserte alle framandord som hadde fått borgarrett i dansk språk. Ei slik utvikling ville nok kome, men det gjekk for sakte; ein trong fortgang:

Udviklingen vil som sagt af sig selv gaa i retning af fremmedordenes fordanskning. Men dersom de overlades helt til sig selv, vil det blive en *hundreårig snegleagtig bevægelse* [...] (sst.)

Sand har fått rett i det siste. Framleis står det, i den bolken av *Retskrivningsordbogen* (1996), “Retskrivningsregler”, om skrivemåten av konsonantar at “Fremmedord falder som helhed uden for reglerne [...]” (s. 550), “Da stavemåden af fremmedord normalt hænger sammen med ordets oprindelse, kan der ikke gives faste regler [...]” (s. 551). Samtidig har det i alle rettskrivingsordbøker skjedd ei ortografisk tilpassing av einskilte lånord, jf. frå *feuilleton* til *føljeton* i 1955 og frå *remoulade* til *remulade* i 1986. Ut frå det nordiske språknemndmøtet i 1983 (der ein diskuterte felles strategiar for ortografisk tilpassing av lånord), var der 120 ord som hadde trong for rettskrivingsendring i dansk, og 55 som vart endra (Sandøy 1997b:93). (Det var i denne samanhengen at majonæse-krigen braut ut.) Men det skjer òg endringar i motsett lei: I 1955 har ein tilbakeføring frå mellom anna *handikap* - *handicap*, *kræm* - *creme*, *oksydere* - *oxydere*, *ræk* - *reck*. I 1986 gjekk ein tilbake frå t.d. *kampere* - *campere*, *mexikansk* - *mexicansk*, *saksofon* - *saxofon*, *viktorsansk* - *victoriansk*. Grunnen til tilbakeføringa er

at dei daniserte formene ikkje har slege nok gjennom, og at ein vektlegg ususprinsippet

I prinsippopstillinga frå 1892 var det særleg franske, latinske og greske ord og ordlagingselement ein var opptekne av. For *engelske* ord er det stort sett berre reglane som gjeld for sambanda *ch*, *sh* og bokstaven *w* som er relevante. Når ein ikkje tok særleg omsyn til engelsk i 1892, var det av di dei engelske låna for det fyrste var fåe, og dei som eksisterte, var i stor grad tilpassa dansk stavemåte og bøyning, og såleis ikkje oppfatta som noko problem (*cakes* > *kiks*, *quaker* > *kvæker*, *strike* > *strejke* etc.) (jf. Karker 1990:19).

Lov om dansk retskrivning frå 1997 viser til *Bek. af 1892*, dvs. at det vert presisert at lånord som er opptekne i språket og har fått dansk uttale, også skal få dansk bøyning og dansk ortografi. Det kjem fram i den departementale presiseringa av lova, *Bek. 707 § 1 Stk. 3* frå 1997. Der heiter det at eit element i tradisjonsprinsippet går ut på at “fremmedord, der er blevet almindelige i dansk, skrives i overensstemmelse med de regler, der gælder for oprindelig danske ord og ældre låne- og fremmedord i dansk.” Men framleis er det gresk, latin og fransk reglane gjeld for:

Dette princip gælder først og fremmest ord fra græsk, latin og fransk og ord dannet af græske, latinske og franske bestanddele. Ord fra andre sprog, specielt nyere ord, skrives som hovedregel i overensstemmelse med skrivemåden i det pågældende sprog eller med international praksis. (Dansk Sprognævn 1997c.)

At ein ikkje nemner engelske lån, har å gjere med at lova skal stadfeste den praksisen som har vore, ikkje setje opp nye retningslinjer. Det som kanskje kan seiast å vere ei meir offensiv markering, er bruken av nemninga “traditionsprinsippet”. Ved å tale om “traditon” har ein tilpassa seg den konservative retorikken, og karakteriserer det mange vil oppfatta som “radikalt” (ortografisk tilpassing) som eigentleg noko konservativt (jf. Jacobsen 1998:18). Her ligg det føre eit medvite retorisk val hos lovgivarane, basert på eit prinsipielt ynske om ei viss ortografisk og morfologisk tilpassing av lånord – samtidig som ein oppfattar dei danske språkhaldningane som negative til ei slik tilpassing.⁸⁴ Igjen ser vi det Erik Hansen (1991:38) kalla den “hæsitante holdning”, som inneber ein grunnleggjande skepsis til å utforme nye normeringsprinsipp.

Endringar som er av “prinsipiell karakter” må Dansk Sprognævn leggje fram for godkjenning av kulturministeren, som igjen skal ha fråsegner frå undervisningsministeren. I merknadene til lovframlegget kjem det fram døme på slike endringar, og

⁸⁴ Munnleg opplyst av Jørn Lund i intervju 1997. Det var i fylgje Lund nøye uttenkt når ein nytta eit plussord som “traditionsprinsippet” om ortografisk tilpassing.

dette gjeld mellom anna *konsekvent* danisering eller fordansking av stavinga av framandord:

forslag til indførelse af ny tegnsætning, afskaffelse af stumme h'er og d'er, genindførelse af store bogstaver i navneord, konsekvent fordanskning af fremmedords stavning eller ændring af endelsen "tion"/"sion" til "sjon" eller endelsen "ium" til "ie" (i fx gymnasium og planetarium"). (Dansk Sprognævn 1997c.)

Om vi no går inn på ein del aktuelle utfordringar for dansk i høve til *engelsk*, ser vi at ein ofte skriv anglisismar på same måten som i långivarspråket:

curler
tough
chech
interview

Unntaksvis er nokre engelske lånord daniserte:

nørd (eineform)
lørner (har sideforma *learner*)
tjek og *tjekke* (har sideforma *check* og *chekke*)
taifun (har sideforma *typhoon*)
ræs (har sideforma *race*)

Av dei sistnemnde orda er alle fall *nørd* og *ræs* gjennomførde i skrift (*Dansk frekvensordbog* [Bergenholtz 1992b] gir opp 8 tilfelle av *ræs*). Men det må nemnast at *ræs* (til liks med *tjekke*) berre vert nytta i meir spesielle tydingar; dei er ikkje generelle avløyingsformer. Det er dessutan ikkje alle ortografiske tilpassingar som får gjennomslag i bruk. Det finn vi eksempel på i tekstkorpuset som er samla i databasen til *Den Danske Ordbog*; nokre tal derifrå er gjengitte i Andersson 1996 (formene til venstre i oversikta er ikkje korrekte etter *Retskrivningsordbogen*, medan formene til høgre er det):

*Refrain	9	Refræn	20
*Requiem	54	Rekviem	1
*Polonaise	7	Polonæse	0
*Tambourin	5	Tamburin	14

Formene til høgre kan forsvarast ut frå 1892-prinsippa. På grunn av omsynet til usus er der like fullt ein tendens til at daniserte former som ikkje slår gjennom, etter kvart

forsvinn frå rettskrivinga (jf. tilbakegangen frå t.d. *viktoriensk* til *victoriensk* i *Retskrivingsordbogen* frå 1986).

I norsk og svensk språknormering har det vore eit mål å bruke doble konsonantar i slutten av einstavingsord som *pop* > *popp*, *job* > *jobb*. Dansk har regelen om enkeltkonsonant på slutten av eit ord eller framføre ein annan konsonant, og får dermed ikkje det same ortografiske tilpassingsproblemet som norsk og svensk har. Problemet kjem med ord som *stress*, *grill* og *gløgg*, som bryt med det danske ortografimønsteret. Etter *Retskrivningsordbogen* skal desse orda handterast som framandord, og dermed halde på dei doble konsonantane. Derimot kan ein registrere skrivemåtane *gløg* og *gril* i uformelle brev frå danskar og på plakatar i København. Desse spontantilpassingane skuldast truleg at det er tale om ord som kjennest danske.

I andre samanhengar (enn på slutten av ord eller framføre annan konsonant) er regelen at det skal vere konsonantfordobling mellom to vokalar etter kort vokal. Denne regelen er i all hovudsak fylgd, jf. formene *pubben-pubberne* og *jobben-jobbene*. Likeins har ein verbformene *jobbe* og *mobbe*.

Går vi meir på detaljplanet, har dansk ein del grafem som gjerne vert oppfatta som framande; det gjeld fyrst og fremst *c*, *x*, *z*, *q* og *w*.

C

Bokstaven *c* er framleis nytta som teikn for s-lyd i framlyd i ord som *cykel* og *cigar*. Dei tilfella der *c* er vorten endra til *s* eller *ss*, gjeld trykksvake stavingar (*grimace* > *grimasse*) eller nokre samband der også stum *e* har forsvunne (*farce* > *fars*, *sauce* > *sovs*). I verb er fordelinga mellom *s* og *c* komplisert, og heller ikkje heilt konsekvent: *producere* og *inspicere*, men samstundes *politisere* og *kritisere*. I atgivinga av k-lyden har *c* i stigande grad vorte avløyst av *k* (*codex* > *kodeks*, *coutume* > *kutyme*), sjølv om ein har døme på tilbakeføringar frå *k* til *c* (*handikap* > *handicap*), grunna manglande oppslutting. Forma *ch* er, som nemnt ovanfor, blitt danisert til *tj* i ord som *tjek* og *tjekke*, der ein har *tj*-uttale, medan ein held på skrivemåten *check* for betalingsmidlet, då ein der har *sj*-uttale.

X

Bokstaven *X* er generelt danisert til *ks* (*bokser*, *fikse*, *mikse*), med unntak av i spesielle ord som *foxtrot*, *sex* og *mexicaner* (det siste for at ein kan slutte til namnet *Mexico*).

Z

Bokstaven *z* bruker ein i hovudsak til spesielle ord som *zebra* og *zoologi*, medan ord som *bazar* og *horizont* er vortne til *basar* og *horisont*. Dansk har likevel halde på *z* i ein del ord der dei andre skandinaviske språka har fått inn *s*: *benzin*, *influenza*, *bronze*.

Q

Bokstaven *q* er i hovudsak vorte utrydda frå dansk, men held seg i ord som *enquete* og *mannequin*. Dei fleste orda med *q* kjem frå fransk, og engelsk utgjer ikkje noko særleg tilpassingsproblem.

W

Bokstaven *w* er vorten utskifta med *v* i dei tyske lånorda, men held seg i mange engelske lånord: *wing*, *interview* (jamvel om ein ut frå 1892-reglane skulle ha hatt tilpassing til bokstaven *v* her).

Ph

Ph-teiknet vert endra til *f* i lån frå engelsk som har gresk opphav (*foto*, *pamflet*, *radiofoni*).

Den som i seinare tid har argumentert sterkast for danisering av engelske lånord, er professor Niels Davidsen-Nielsen. Han har presentert synspunkta sine mellom anna i arbeidsutvalet i Dansk Sprognævn og i artikkelen “Fordanskning af engelske låneord – Kan det nytte?” (1999). Men verken Davidsen-Nielsen eller andre har kome med systematiske tilvisingar på korleis denne tilpassinga skal skje.

Dersom vi no ser vekk frå språkhaldningane, må det nemnast at der er ein del eigenskapar ved dansk ortografi som gjer det meir problematisk å drive ein konsekvent tilpassingspolitikk.

Dansk har for det fyrste mindre samsvar mellom tale og skrift enn dei fleste andre europeiske språk. Grunnlaget for det ligg fyrst og fremst i skriftkonservatismen, og at skriftspråket ikkje har fylgt med den galopperande utviklinga i talemålet. Såleis har til dømes ord som *hver*, *vær*, *værd*, *vej* fått den same uttalen. Becker-Christensen gir ei grundig utgreiing om desse tilhøva i *Bogstav og lyd: dansk retskrivning og rigsmålsudtale* (1988):

Skriften er således et konglomerat af forskellige tiders skrivevaner og tilnærmelser til talesproget, forholdet mellem bevarede og ændrede skrivemåder kan være bestemt af forskellige, modsatrettede hensyn og ændringer kan være mere eller mindre konsekvent gennemførte. (Becker-Christensen 1988:18-19).

Ortografien kan seiast å kombinere *ulike* prinsipp: morfofonematisk samanheng, etymologisk samanheng og av og til ortofoni. Ei generell ortofon tilpassing av dansk skrift til dansk tale ville føre til omfattande endringar av skriftbiletet i dansk, bryte skrifttradisjonen ganske radikalt, og skape ein enorm avstand mellom dansk skriftspråk og dei andre skandinaviske språka. Der er inga stemning for ei slik omfattande omlegging av dansk rettskriving. Når ein så har ei konservativ rettskriving med avvising av prinsipiell talemålnær skrivemåte, vert det òg lettare å godtake manglande danisering av engelske ord.

5.5.3 Morfologisk purisme

Dansk Sprognævn har som politikk å tilpasse lånnord dansk bøyning. I dette strevet er språknormeringa òg i tråd med faktisk språkbruk hos folk, særleg med omsyn til engelske verb som har fått dansk bøyning både i tale og skrift (verba går inn i den dominerande svake bøyingsklasse med preteritum på *-ede*). Av adjektiv vert dei som endar på vokal i skrift eller tale, ikkje bøygde (f.eks. *handy*), medan andre adjektivtypar som regel vert bøygde.

Om vi held oss til engelske lån, har eitt viktig problem vore bruk av fleirtals-s i ubestemt form fleirtal av substantiv. Normalt har ein tre hovudmåtar å markere ubestemt fleirtal på: 0-ending, -e-ending og -er-ending:

Job	–
blazer	-e
Pub	-er
Interview/test	– / -er

Berre i ord som ikkje er etablerte, eller som har klar engelsk uttale, kan ein ha s-ending:

Audition	-s
Paperback	-s
Callgirl	-s

Nokre fåe ord har valfri s-ending:

Check	-er / -s
Hit	– / -s

Men eitt moment er offisiell politikk, noko anna er faktisk språkbruk, for der er det i dansk ein større bruk av fleirtals-s, både i skrift og tale, enn kva rettskrivinga tilseier. Vi kan sjå på stavemåten av ein del ord i *Korpusset DK87-90*, eit tekstkorpus henta frå ulike sjangrar i åra 1987-1990. Korpuset er samla av Henning Bergenholtz (1992a) og tilgjengeleg som datafil. Eit søk i dette korpuset viser omfattande bruk av fleirtals-s i ubestemt form fleirtal av substantiv lånte frå engelsk:

	- s	- er	-	- e
pub	0	2	0	0
job	65	0	11	0
test	8	0	0	0
interview	25	2	1	0
check	8	0	0	0
blazer	0	0	0	1

Fleirtalsendingar i ubestemt form av nokre lånte substantiv

Danskane gjer altså mange “feil” her. Spørsmålet vert så: Feil i forhold til kva? I forhold til dei offisielt kodifiserte normene er det feil. Men når ein ser på bruksfrekvensen, vil det vere vanskeleg å utdefinere fleirtals-s av den *operative* norma for kva som er dansk (jf. kap. 9.8.2). Her er det klårt at kjennskap til bruksfrekvens gir grunnlag for å seie noko om kva som generelt vert oppfatta som korrekt eller feil. Andre røynsler tyder på at dei fleste danskar, jamvel studentar og universitetstilsette med dansk som fag har ei oppfatning om at ord som *pub*, *job*, *test* og *check* skal ha fleirtals-s. I databasen til *Prosjekt Bysociolingvistik* (Københavns Universitet) kan vi t.d. finne *pubs* 2, *jobs* 23, *tests* 4, *checks* 2. Tekstane i databasen skal vere normaliserte, dvs. i samsvar med *Retskrivningsordbogen*, og dei som har skrive inn dette, danskstudentar, har trudd at fleirtals-s var i normalen.⁸⁵

Ut frå frekvens og danskar sin språkintuisjon verkar det som om fleirtals-s no langt på veg er blitt etablert som ein bøyingskategori i dansk. For Dansk Sprognævn er det derimot eit viktig mål å halde bøyinga dansk, og derfor vil ein halde ute fleirtals-s.⁸⁶ Her ser vi eit tydeleg uttrykk for ein morfologisk purisme der aktiv språk-

⁸⁵ Døma er henta på eit tidspunkt, november 1997, før datamaterialet var heilt ferdig. No er det i samsvar med *Retskrivningsordbogen*. Datamaterialet kan gjennomskjast på Internett: <[http:// www.cphling.dk/BySoc/engine_main.html](http://www.cphling.dk/BySoc/engine_main.html)>

⁸⁶ Jf. intervju med Erik Hansen 10. november 1997.

normering og *tradisjonsprinsippet* kjem framføre prinsippet om å fylgje *usus*. Henrik Galberg Jacobsen (1994:13) skriv i den samanhengen: “Her foreligger et for danske forhold usædvanligt forsøg på en regulær nationalistisk sprogpolitik.”

Elles substantivbøyinga generelt tilpassa det danske systemet; det heiter *interviewet/ interviewe(r)ne*, *pubben/pubberne* og *checken/checkene*. Ei slik tilpassing skjer også umedvite. Ungdomane i sub-kulturane som Bent Preisler granskar i *Danskerne og det engelske sprog* (1999a), bruker mange engelske ord, men bøyer dei “med hård hånd [...] efter det danske sprogs regler” (s. 240), som i setninga “computernorden deleter gamle downloadede filer” (sst.).⁸⁷

Dei aller fleste lånte substantiv får felleskjønn (jf. Hansen 1996:27). (Det er her ikkje gjort noka gransking av *usus* som kan gi svar på om der er ein tendens til meir bruk av fleirtals-s ved nøytrumsord.)

I ordlagingslæra finn vi ofte det synspunktet at lånord med lang brukstid har lettare for å verte formelt tilpassa låntakarspråket enn nyord (jf. Graedler 1995:65, Graedler 1996:56). Der er derimot mange unntak frå den tendensen, det er vist i norsk (jf. Sørland 1993, Graedler 1995:65), og unntaka vert understøtta av dei danske røynsle. Fleire ord frå Bergenholtz-korpuset må kunne seiast å vere veletablerte i dansk; *interview* er registrert i 1878 (jf. *Ordbog over det danske Sprog*), *checks* vart nemnt i ein dansk lovtekst i 1897 (jf. sst.), og *pub* fekk ein i 1964 (Riber Petersen 1984).

⁸⁷ Opplyst av Bent Preisler 22. oktober 1997.

6 Svensk purisme

6.1 Innleiing

Svensk språkvårdsretorikk har i store delar av 1900-talet vore prega av “ändamåls-
enlighetsprincipen”. Motstand imot framande språkinnslag er då legitimert ut frå
“rasjonelle” årsaker, t.d. dei problema lån kan skape for det forståelege og
systematiske ved språket., og ikkje ut frå svensk språk som identitetsskapar og symbol
(jf. Wellander 1939, Ståhle 1965). Ulf Teleman skreiv i 1984 (s. 12): “Under
etterkrigstiden har ändamålsenlighetsprincipen eller økonomiprincipen helt dominerat
som maxim för språkvården.” Teleman såg det i samanheng med samfunnsideologien:

Detta är vad vi kan vänta mot bakgrund av den ideologiska utvecklingen i övrigt.
Den harmonierar också bra med dominerande samhällspolitiska föreställningar om
möjligheten att avgöra de flesta problem i samförstånd och med förnuftet som enda
ledstjärna. (Teleman 1984:12.)

No kan det diskuterast kor “fornuftstyrd “den svenske språkvården har vore. Det som i
alle høve er karakteristisk for svensk språknormering – og for den funksjonen
purismen har hatt – gjeld tilhøvet mellom samfunnsideologi, statsstyring og
språknormering. Gjennom fleire hundre år har den svenske staten spela ei viktig
språkpolitisk rolle, og det har òg vore tilfellet i etterkrigstida.

Dette kapitlet vil sjå statsengasjementet, det rasjonelle språkvårdsprinsippet og den
meir nasjonalistisk orienterte språknormeringa i eit historisk perspektiv.

I løpet av dei siste åra har det oppstått ei ny interesse for tilhøvet mellom språk og
nasjon. Det kjem til uttrykk når Svenska språknämnden i *Förslag till handlings-
program för att främja svenska språket* (Språkvård 2, 1998) mellom anna skriv om
svensk som symbolspråk for nasjonen (s. 17).

Kapitlet er strukturert etter disposisjonen frå danskkapitlet. Fyrst kjem ein kort
presentasjon av det svenske språksamfunnet. Dernest kjem ein historisk analyse av
purismen som element i språkstandardiseringa, og korleis purismen har verka mellom
anna i høve til stilutvikling, nasjonalisme, språknormeringsorgan og nasjonalistisk og
maktpolitisk praksis. Særleg interessant er det å sjå purismen imot dansk og norsk på
byrjinga av 1900-talet. Tredjedelen tek føre seg purisme imot engelsk i etterkrigstida.
Fjerdedelen vil take føre seg purisme på ulike lingvistiske nivå. Elles er der i
tilknytning til kapitlet ein ekskurs om purisme i finlandssvensk.

6.2 Det svenske språksamfunnet

Statusen for svensk

Svensk er i dag det mest utbreidde av dei nordiske språka. Det er dominerande språk i Sverige (der det bur om lag 8,7 millionar menneske) og offisielt språk ved sidan av finsk i Finland (der kring 295 000 har svensk som morsmål [Reuter 1997:95]). Svensk er dessutan eitt av dei offisjelle språka i EU.

Gjennom innvandringa i etterkrigstida har talet på andre språkgrupper vorte høgare. Ein reknar med at om lag 10 % av innbyggjarane i Sverige er av utanlandsk “härkomst”, og at halvparten av desse igjen er utanlandske statsborgarar (Molde 1997: 73). Særleg mange har det kome frå Finland, og i 1997 skal der i Sverige ha vore kring 300 000 med finsk som morsmål (Ehrnebo 1997:131). I skulen utgjer elevar frå språklege minoritetar i skuleåret 1999/2000 i fylgje statistikken 11,9 %. Av desse får 6,2 % undervisning i eit anna morsmål enn svensk, medan 5,7 % fylgjer undervisning i svensk som andrespråk.⁸⁸ På 1990-talet har talet på personar med anna morsmål enn svensk vore nokså konstant.⁸⁹

På 1990-talet har svenske språkpolitikarar vorte meir opptekne av eit mogleg domenetap overfor engelsk (jf. Telemann 1992, Hyltenstam 1996, 1999, Telemann og Westman 1998). Ordskiiftet om domenetap var ei av årsakene til at Svenska språkämnden i 1997 fekk i oppdrag å utarbeide “ett förslag til handlingsprogram för att främja det svenska språket”. Her vert det føreslege at svensk bør lovfestast som offisielt språk for Sverige, at det skal kome forskrifter som stadfestar retten til bruk av svensk i EU, i offentleg forvaltning, i skuleverket, i fjernsyn, i dataprogram for skulebruk etc. (jf. Svenska språkämnden 1998).

Av regionale varietetar av svensk har finlandssvensk ein særeigen posisjon på grunn av statusen som offisielt språk i Finland. Såleis har òg *Svenska Akademiens ordlista över svenska språket 12* (SAOL 12) kring 350 ord som er avgrensa til finlandssvensk, eller har ei særskilt tyding der (jf. SAOL 12:XIV). Døme er *batong* (‘bagett’), *bygel* (‘klädhängare’) og *lekhäck* (‘barnhage’).

Normering av svensk

Eit lykelomgrep i svensk språknormering er *språkvård*. Innhaldet i omgrepet har utvikla seg noko gjennom tidene, frå å dreie seg om språkrøkt (utbygging) til å dreie seg om språknormering meir generelt, før det i seinare tida har vorte knytt til språkpolitikk og språkplanlegging som eit samleomgrep. (Denne tydingsutvidinga kjem vi tilbake til.)

I Sverige eksisterer det ikkje sentrale lover, reglar eller direktiv om korleis språkvården skal gå føre seg. Der er heller ikkje *eitt* organ som har mynde til å fastsetje svensk rettskriving. Den viktigaste normeringa føregår i staden i samspel – eller spenning – mellom Svenska språkämnden og Svenska Akademien.

Svenska språkämnden (skipa 1944 og omorganisert i 1974) svarar i stor grad til systerinstitusjonane Norsk språkråd og Dansk Sprognævn, men skil seg ut på to

⁸⁸ Jf. Svenska skolverkets rapport nr. 185, “Barnomsorg och skola i siffror 2000:Del 2”, tabell 3.8 A–D, jf. Internett: <http://www.skolverket.se/fakta/statistik/sos/sos/sos002/ind>. Sjå òg norsk St.meld. nr. 25, 1998–99, pkt. 3.1. Med ‘elevar frå språklege minoritetar’ vert det her meint dei som i svensk terminologi er “berättigade til modersmålsundervisning”. Det er her underforstått at ‘modersmål’ omfattar andre språk enn svensk.

⁸⁹ Jf. sst.

måtar. For det fyrste er ikkje nemnda statleg; ho er bygd opp som ei sjølvstendig, ideell stifting, rett nok finansiert gjennom statsbudsjettet. For det andre manglar nemnda offisiell autorisasjon til å fastsetje rettskrivinga, og har heller ikkje godkjenningssmynde overfor ordbøker. I dei siste åra har Svenska språknämnden ytt konsulenttenester og hatt ein viss påverknad på den mest presistjefulle ordboka, *Svenska Akademiens ordlista* (SAOL), men nemnda kan ikkje gripe inn i redigeringa. Nemnda har like fullt autoritet og prestisje i det offentlege ordskiftet om språk, ho er samarbeidsorganet overfor dei andre nordiske språknemndene, og står for ulike former for språkleg rettleiing, fyrst og fremst gjennom telefon, ved å arrangere ulike kurs og førelesingar, granske tekstar, medverke på konferansar, drive ei viss forskning, og gi ut bladet *Språkvård*. I tillegg kjem handbøker og skrifter om skrivereglar og språkbruk, fyrst og fremst *Svenska skrivereglar*. På 1980- og 1990-talet har språknemnda vore aktivt med i ulike tiltak for å setje engelskpåverknaden på dagsorden.

På midten av 1990-talet var framtida for Svenska språknämnden usikker, med dårleg økonomi og vaklande politisk støtte. Etter å ha fått utarbeidd “Förslag til handlingsprogram för att främja det svenska språket” verkar statusen sikrare.

Den andre viktige normeringsinstitusjonen, *Svenska Akademien*, vart skipa i 1786. Det er fyrst og fremst gjennom utgivinga av *Svenska Akademiens ordlista* (SAOL) at akademiet har spela ei normgivande kraft. SAOL kom ut fyrste gongen i 1874, og den noverande er den 12. i rekkja. Ordlista har i praksis status som rettskrivingsordbok for svensk, jamvel om denne statusen ikkje er offisiell. Ordlista har ikkje alltid vore i samsvar med offisiell rettskriving; det var fyrst i den 9. utgåva frå 1950 ein fekk dei ortofone formene *rött* [ikkje *rödt*], *vem* [ikkje *hvem*], *leva* [ikkje *lefva*], som også var dei offisielle formene vedtekne i 1906. Men med desse tilpassingane kunne departementet i 1951 sende eit brev til Skolöverstyrelsen om at SAOL galdt utan atterhald som offisiell rettskrivingsordbok. Autorisasjonen galdt 9. utgåva, og det er ikkje gitt noka tilsvarende melding om seinare ordboksutgåver. I praksis har likevel SAOL status som mønster for svensk staving og ordbøying. Det same gjeld *Svensk skolordlista*, ei forkorta utgåve gitt ut for skuleverket. Svenska Akademien har elles stått bak fleire bokutgivingar, t.d. tok det initiativet til Erik Wellanders *Riktig svenska* (1939).

Generelt har dei litterære academia i Europa vore prega av elitisme, konservatisme og lite vitskaplegheit. Einar Haugen skriv i *Riksspråk og folkemål* (1969:8): “Det ville være forgjeves å vente et vitenskapelig siktepunkt fra institusjoner som representerer sine lands sosiale, litterære og akademiske elite.” Svenska Akademien har då òg ofte kome med konservative “invändningar mot det pågående språkfördervet” (Dahlstedt 1976:24), og SAOL verka lenge konserverande i høve til radikale rettskrivingsframlegg frå skandinavistar og ortofonistar (jf. Ståhle 1970). Det er ikkje dialektmangfald, men standardspråket akademiet har arbeidd for. Likevel har det òg gitt ut bøker med språkvitskapleg tyngd (Dahlstedt 1976:24). Akademiet har dei seinare åra jamvel kome med oppmodingar om språkleg toleranse (jf. sst.). I årsmeldinga frå “Akademiens ständige sekreterare herr Engdahl” (dvs. Horace Engdahl) for 1999 heiter det:

Språkvård måste ytterst vara en fråga om att fördjupa förståelsen för språkets möjligheter. Inte om att censurera språkbruket i namn av den ena eller andra moralen och inte om att förfölja småfel som i vissa fall kommer att vara det antagna bruket om en generation. En viktig uppgift är att tillbakavisa ovetenskapliga föreställningar om svenskans förfall. Det är särskilt

angeläget idag när sådana fantasier inte nödvändigtvis är ett uttryck för troheten mot äldre stilideal utan ibland har sin grund i främlingsfientliga idéer om invandrarernas inverkan på vårt modersmål.

(Jf. vev-adressa: <<http://www.svenskaakademien.se/hotidsdag1999html>>.)

I somme tilfelle kan der vere ulike synsmåtar mellom Svenska Akademien og Svenska språknämnden, t.d. om nasjonalisering av lånord der Språknämnden vil gå meir offensivt til verks (jf. underpkt. om ortografisk purisme). Der var òg ei viss kniving då Svenska Akademien i 1998 ville opprette ei eiga språkrådgivings-teneste, jamvel om Svenska språknämnden har ei slik. Av andre normerings-institusjonar er *Tekniska nomenklaturcentralen* (TNC) den sentrale instansen for utvikling og utarbeiding av terminologi og fagspråk. TNC har òg vore involvert i fleire samarbeidsprosjekt. (TNC har hausten 2000 fått store økonomiske problem, og det er uklårt om institusjonen faktisk vil overleve.)

Språkvårdsgruppen vart skipa på 1970-talet som ei samarbeidsgruppe mellom fleire institusjonar som syslar med normering av både allmennspråk og fagspråk. (I dei seinare åra har aktiviteten vore mindre.)

Svenska datatermgruppen vart oppretta i 1996, som eit samarbeidstiltak mellom språknormeringsorgan, fleire større datafirma (t.d. IBM, Microsoft og Apple), omsetjingsbyrå, dagspressen, radio og fjernsyn, bransjetidsskrift, forlag og høgskular. Føremålet er å gi råd og rettleiing om aktuelle datatermar, særleg termar som er relevante for allmennspråket. Rettleiinga vert presentert på vev-sider på Internett.⁹⁰ (Pga. krise i TNC – den mest sentrale aktøren i gruppa – er framtida for datatermgruppa usikker.)

Regeringskansliets språkkonsulentteneste vart oppretta på 1970-talet. Etter den tida har språkkonsulentar gått gjennom lover og føresegner, gitt råd og rettleiing, og publisert handbøker om språkspørsmål. Regeringskansliet står òg bak Klar-språksgruppen, som gir språkleg rettleiing gjennom kurs, seminar, bladet *Klarspråksbulletinen* og eigne vev-sider.⁹¹ Det finst andre statlege organ med språkgrupper, t.d. har Luftfartverket sidan 1995 hatt eit språkråd med ansvaret for ein databank med luftfartstermar på svensk og engelsk (jf. *Klarspråks-bulletinen* 4, 1998:3).

For normering av svensk i Finland har ein den svenske avdelinga av *Forskningscentralen för de inhemska språken* (skipa i 1976). Eit sakkunnig støtteorgan for denne avdelinga er *Svenska språknämnden i Finland* som var den fyrste offentlege språknemnda i Norden, skipa i 1942. Den svenske avdelinga ved Forskningscentralen gir råd om ulike sider ved svensk språkbruk, og publiserer mellom anna tidsskriftet *Språkbruk*. Sidan normeringa av svensk i Finland har som mål å fylgje utviklinga av svensk i Sverige, er det SAOL som også er normgivande der. Forskningscentralen för de inhemska språken gir i denne samanhengen råd til SAOL-redaksjonen om finlandssvenske nemningar.

⁹⁰ Vev-adressa er pr. februar 2000: <<http://www.nada.kth.se/i18n/dataterm/>>. Sida kan òg finnast gjennom heimesidene til Tekniska nomenklaturcentralen: <<http://www.tnc.se>>.

⁹¹ Vev-adressa er: <http://justitie.regeringen.se/klarsprak>.

6.3 Purisme gjennom tidene

6.3.1 Svensk statspurisme på 1600-talet

På midten av 1500-talet skjedde det i Sverige ei yttarlegare standardisering av skriftspråket. Viktige var i den samanhengen bibelomsetjingane med nytestamentet frå 1526 og Gustav Vasas Bibel frå 1541; dernest kom utviklinga av eit svensk forvaltingspråk på 1500- og 1600-talet.

Den statsstyrde språkpolitikken vart etablert under Vasa-dynastiet (1523–1654), og fekk puristiske utslag alt på 1570- og 1580-talet då det kom formaningar frå statleg hald om at prestane burde halde seg unna ord frå dansk, tysk og latin, og heller bruke det svenske tungemålet (Dahlstedt 1962:1).

På 1600-talet kom statsstyringa endå tydelegare fram gjennom endringane av kansellispråket. Fram til då hadde det i svensk forvaltning utvikla seg ein kansellistil som skilde seg frå språkføringa i religiøse tekster. I kansellispråket brukte ein nemleg e-ending i infinitiv av verb (*kaste*), i ubunden form av linne hokjønnsord (*gate*) og i adverb (*ille*), medan Bibelen nytta den historiske a-endinga (*kasta*, *gata* og *illa*), som òg vert nytta i svensk i dag. På 1600-talet skjedde det så ei endring av kansellispråket der den særeigne bruken av e-endingar vart avløyst av a-endingar. Lars Svensson har i doktoravhandlinga *Ett fall av språkvård under 1600-tallet* (1981) granska denne overgangen. Hans utgangspunkt er at dei tidlegare e-endingane var eit stildrag som var spesielt for kanselliet, og at det vert for enkelt å sjå overgangen til a-endingar som ei analogisk tilpassing til bibelspråket eller til talemålet. Svensson argumenterer for at det kom ein ny og meir medviten statleg språkpolitikk frå og med den omfattande omorganiseringa av kanselliet i 1612, gjennomført av kong Gustav Adolf. Det ligg ikkje føre konkrete prov på språklege instruksjonar, like fullt er det rimeleg å tenkje seg at slike må ha vorte formidla munnleg; fleire indisium tyder i alle fall på det (s. 97). Grunnane til at kanselliet tok til å nytte a-forma er fleire, men Svensson meiner at i alle fall språkleg patriotisme blant eliten og trongen for å markere svensk eigenart i høve til dansk, må reknast med.

Overgangen frå e-ending til a-ending i svensk kansellispråk er interessant i eit større europeisk perspektiv. Det er for det fyrste eit tidleg døme på morfologisk purisme (i ei tid då purismen generelt var konsentrert om ordnivået). I tillegg er det eit døme på regressiv purisme, dvs. at ein freistar å reinse språket for noko som var kome inn tidlegare, og etablert seg i språkbruken.

Eit anna døme på statsengasjement er kanselliordninga frå 1661 der det heiter at diplomatiet alltid skal svare på svensk når ein sendar har nytta morsmålet (og ikkje

latin); unntak galdt berre for den franske kongen (som fekk svar på fransk). I 1713 kom det nok ei kanselliordning der språkbruken vart nemnd, og det vart presisert at ein skulle prøve å unngå lånord, og skrive så rein og tydeleg svensk som råd var:

Kongl: Maj:tt will och at dess Cantzelij uti alla de Bref och Skrifter, som därifrån utgå, beflijtar sig om en ren och tydelig Svenska, samt så mycket som möjligit är undflår fremmande Ord. (Sitert etter Bergman 1991:125.)

Denne forskrifta vart gjenteken nesten ordrett i kanselliordningane i 1719, 1720, 1733 og 1809 (Bergman 1991:125).

6.3.1.1 Svensk språkpatritisme og göticismen

Markeringa av svensk språk internasjonalt og av den reine svensken i heimleg språkbruk må sjåast i samanheng med styrken til den svenske staten. På 1600-talet utvikla Sverige seg til å verte ei av stormaktene i Europa. Den militære, politiske og økonomiske krafta hadde fyrst ikkje noko motsvar i kulturell prestisje, og kongen hadde tydelegvis trong for å markere også dei kulturelle sidene ved Sverige. Det kom til uttrykk mellom anna gjennom opprettinga av ein rikshistoriograf i 1628 (Hall 2000:42) og gjennom satsing på kunst, litteratur og filosofi, t.d. ved å gi støtte til kunstnarar og vitenskapsmenn (Lindroth 1975:269).

Parallelt med den statlege stormaktspolitikken utvikla *göticismen* seg. Göticismen representerer ei framstillingsform og ein ideologi som kom til uttrykk i historieverk og diktning, og der hovudsynet var at Sverige hadde den eldste og mest framstående avstamminga i verda, at svenskane hadde dei fremste dygdene, og at det svenske språket var det eldste og mest framstående språket i verda.

Göticismen kom sterkt til uttrykk hos Olof Rudbeck i hans *Atlantica – Atland eller Manhem* (latinsk tittel: *Atlantica sive Manheim, vera Japheti posterorum sedes et patria*) (3 bd., 1677-98). Rudbeck framstelte Sverige som heimen til Jafet og etterkomarane hans; frå Sverige hadde så ættelina etter Jafet spreidd seg. Sverige var òg Atlantis, landet Platon hadde skrive om, der all sivilisasjon skulle vere spreidd frå. Den antikke arkitekturen var t.d. eit lån frå Norden, der Uppsala-tempelet var urtypen. I påvisinga av Sverige som urheimen spela det svenske språket ei viktig rolle, og Rudbeck kunne vise til at andre språk var avleidde av svensk. Gjennom språket kunne ein òg sjå at dei antikke heltane var svenske. Rudbeck viste til namnelikskap ved å byte om på bokstavar: *Heliogabalus* kom av “heliga Balder”, *chimaere* av

“skinnmäre”, gudinna *Venus* kom or “ven”, Herkules av “Här-Kolle” (hærførar) etc. (jf. Lindroth 1975:288f).⁹²

Sjølv om ingen overdreiv som Rudbeck, var ikkje patriotisme noko han stod åleine om. Svensk patriotisme finn vi alt tidleg på 1300-talet gjennom *Erikskrönikan* der Sverige vert lovprisa (Hall 2000:16), og på 1500-talet kom fleire skrifter som førte svensk avstamming tilbake til Jafet (s. 18). Ei viktig kjelde for svensk historieforståing vart Johannes Magnus sitt verdskjende historiske verk *Historia de omnibus Gotharum Sveonumque regibus* frå 1545, omsett til svensk med tittelen *Swea och Götha Crönika* i 1620. Johannes Magnus ville her vise at Sverige hadde den eldste og mest framstående avstamminga i verda. Denne forma for historieskriving var ikkje unik; mønstra kunne ein sjå t.d. frå tilsvarande verk i Spania og Tyskland. Når det gjeld språket, har Johannes Magnus i *Swea och Gotha Crönika* frå 1554 gitt ein tale i munnen på Heming Gadh der dansk språk vert karakterisert på ein svært negativ måte: “varvid de stöta orden fram och vrida och vränga den övre läppen åt vänster och den nedre åt höger, menandes ju värre de kunna vanskapa munnen, ju mer skall det lända dem till lov och berömmelse.” (Sit. etter Hall 2000:21.) Sjølv om det viser seg at denne talen er eit falsum – fabrikkert av Johannes Magnus (jf. òg Skautrup 1947:37) – er det interessant at slike ytringar kjem fram på denne tida. Likevel er der ikkje grunnlag for å tru at ytringane representerte breie haldningar verken hos folk flest eller hos den svenske eliten som heilskap. Som Hall (2000:21) er inne på, må ein sjå ytringane maktpolitisk; som ein del av det propagandaapparatet ein del familiar sette i gang for å take kontroll over makta i Sverige.

Det var fyrst på 1600-talet vi finn ei allmenn vektlegging av dei særmerkte språklege eigenskapar som svensk hadde, og det var fyrst på den tida ein meir eksplisitt fekk formulert eit puristisk program. Georg Stiernholm har i verka *De Othino* (frå 1600-talet, prenta 1763) og *De hyberboreis* (frå ca. 1650, prenta 1685) tesen om at “hyberborearane”, det folket som budde i nord, brukte det reinaste språket, og at både språket og den hyberboreiske kulturen var basis for gresk kultur og språk (Lindroth 1975:272). På bakgrunn av patriotismen forma Stiernhielm òg eit puristisk program: I det ufullendte *Gambla Swea- och Göthamålets fatebur* (1643) kom Stiernhielm med ei alfabetisk rekkje av gamle “götiska” ord henta frå gamalsvenske og norrøne kjelder. Lindroth (1975:272) viser til at det også i diktinga til Stiernholm finst fleire “götiska” arkaismar. Etter kvart kom det fleire språklege og historiske verk der ein peikte på den stolte fortida til fosterlandet. Tidspunktet for verka og for den

⁹² Det er hevda at Rudbeck ikkje alltid gjekk like ærleg fram, t.d. skal det seinast i 1677 ha vorte gjort ei endring i *Codex argenteus* av gotisk “Ubizvai” til “Ubizali”, noko som då gjorde at ein fekk forma *Uppsala*. Rudbeck skal òg ha vist til handskrifter som truleg ikkje har eksistert (Lindroth 1975:294).

svenske språkpatristiske purismen er neppe tilfeldig. Dei blømde i kong Gustav Adolf og dronning Kristina si regjeringstid, ei tid der Sverige var ei europeisk stormakt, førte ein stormaktspolitikk, og ville fremje ein historisk legitimitet og vitskapleg kunnskap for, om og i riket (jf. s. 269).

Tilhøvet til Danmark og dansk

Eitt moment som er verdt å merke seg ved språkpurismen, gjeld tilhøvet til dansk. I purismehistoria finn vi ytringar retta imot dansk både på 1400-, 1500- og 1600-talet. Vi har alt vore innom negative ytringar om dansk språk frå Johannes Magnus på 1550-talet og frå Georg Stiernholm på 1600-talet. Også engasjementet for a-infinitiv og for svensk i Skåne er det rimeleg å tolke i høve til ei allmenn anti-dansk haldning og ein anti-dansk statspolitikk. Det må like fullt nemnast at det, med unntak av avstandsmarkering gjennom a-infinitiven, var tale om nokså generelle motsetnadsmarkeringar; ein gjekk ikkje særleg detaljert til verks for å luke ut språklege element frå dansk.

Motsetnaden mellom Danmark og Sverige representerer ei av dei viktigaste konfliktlinene i svensk allmennhistorie. Kombinert med språkpurisme og krigar finn vi òg negative karakteristikkar av danskane som folk. Alt i *Gotlandsvisan* frå 1450 heiter det: “Svenska Män,/ vaktan Eder än,/ för de danskes natur./ De er grymma som djur.” (Sit. etter Hall 2000:21.)

Som vi seinare skal kome inn på, finn vi nokså sterke anti-danske karakteristikkar og språkleg purisme imot dansk så seint som på byrjinga av 1900-talet (jf. kap. 6.3.6).

6.3.1.2 Forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge

Det statlege språkengasjementet kom ikkje minst fram gjennom forsvenskingspolitikken i Skåne, Halland og Blekinge på slutten av 1600-talet. Desse tre områda hadde vorte overførte frå Danmark til Sverige i 1645 utan at det i fyrste omgang førte til særlege endringar. Etter freden i Roskilde i 1658 sette styresmaktene i gang ei varsam forsvensking med gradvis innføring av svensk rett, mynt, mål og vekt. Forsvenskingspolitikken var derimot ikkje retta inn mot språket, og dansk heldt stand både i kyrkje og skule (jf. Skautrup 1947:294). Det endra seg i samband med den skånske krigen 1675-79. Kong Karl XI kom på riksdagen i Halmstad i 1678 fram til at “Skåne är ett främmande och risikabelt land vars luft är penibel och farlig för den svenska nationen”, og han innførte same året eit uniformitetsprogram som galdt “Lijkmätigheeten i Ceremonier, Constitutioner, Seeder och Språåk.” (Sst.) I 1681 vedtok staten at svenskfødde prestar skulle halde preike berre på svensk, medan danske skulle gå gradvis over til svensk. Dessutan skulle ikkje skåningar lenger fare til København for å studere, men bruke det nye svenskspråklege Lunds universitet (som

vart oppretta i 1668 og spela ei viktig forsvenskingsrolle frå 1682). For den svenske staten var det altså viktig å markere herredøme gjennom språket. Stig Örjan Ohlsson (1978:81f.) har i studien *Skånes språklige försvenskning* granska tre parallelltekstar frå kemnarretten i Helsingborg i 1682, og funne mange innslag av hyperkorrekte svesismar: Der var blant embetsmennene god vilje, men ikkje like stor evne til å skrive svensk. Fleire andre tekstar viser den same tendensen. Rett nok er det grunn til å tru at det kom inn mange skrivarar nordfrå, og desse hadde jo tidlegare skrive svensk (jf. Linde-Laursen 1995:61). Men der var framleis att lokale skrivarar, og det verkar nokså klårt at der var eit språkleg uniformitetspress i retning svensk og i å vise lojalitet mot den svenske kongemakta. Ohlsson bruker desse og fleire andre døme til å irettesetje historikarar som hevdar at ein på 1600-talet berre såg på språket som eit medium for kommunikasjon, og at valet av språk var styrt av ei slags “usynleg hand”:

Jag finner det uppenbart att språket, förutom den av Arup [ein dansk historikar] ensidigt framhävda funktionen av meddelelsmedel, i alla tider, också i Skandinavien, bl.a. också fungerat som skiljemärke för politiska och sociala grupperingar. (Olsson 1978:145.)

I høve til samtidig europeisk stormaktspolitikk utgjer den svenske uniformeringspolitikken eit unntak. Det var på denne tida ikkje vanleg for europeiske makthavarar å arbeide for eit vertikalt kulturelt fellesskap innanfor statsgrensene; som regel nøydde ein seg med tiltak for å styrkje patriotismen (jf. Brunstad 1995: 20). I dei andre svenske provinsane vart det ikkje gjort omfattande forsvenskingsforsøk: Finsk språk vart ikkje forsøkt utrydda sør og aust for Østersjøen. Heller ikkje dei gamle norske områda Båhuslen, Jemtland og Herjedalen, som vart overførte frå Danmark-Noreg til Sverige ved freden i Roskilde i 1658, finn vi teikn på nokon aktivistisk politikk, jamvel om det også her skjedde eit språkskifte frå dansk skriftspråk til svensk. Når så Sverige gjekk så intensivt til verks i Skåne, Blekinge og Halland, må det ha vore fordi skriftkulturen stod så sterkt i desse områda (særleg i Skåne), og fordi desse områda hadde vore såpass sentrale delar av det danske riket. Dermed sette ein i gang eit arbeid for å styrkje banda mellom innbyggjarane og statsmakta, med målet om å halde den danske statsmakta vekke.

Dei relativt småe språkskilnadene gjorde at overgangen til svensk ikkje vart så dramatisk. Skånsk talemål hadde likskapar både med smålandske og sjællandske dialektar; det er mogleg at talemålet i byane var meir orientert mot vest, medan tale-

målet på bygdene var meir orientert mot aust (jf. Ohlsson 1978, Linde-Laursen 1995:61). Der var ikkje forsøk på talemålsnormering i Skåne (sst.).⁹³

På byrjinga av 1700-talet brukte dei fleste skrivekunnige i Skåne svensk. Likevel var ikkje dei litterære banda med Danmark heilt kappa av. Til dømes vart den danskspråklege utgåva av folkeboka om Faust prenta i Lund i 1685, 1691, 1698 og 1707, i den mest intense forsvenskingsperioden (jf. “Indledning” [truleg av R. Paulli] i *Danske Folkeboeger* 1932: CII). Sjølv om noko av opplaget gjekk til eksport over Östersund, må vi gå ut frå at ein god del vart lese i Skåne med (sst.).

Etter at delar av den skriftkunnige eliten hadde flykta til Danmark, og den svenske staten hadde vist musklar, var engasjementet for dansk språk i Skåne nokså lite, på same måten som det allmenne engasjementet for kongeriket Sverige eller kongeriket Danmark var forsvinnande lite. For folk flest var det eit val mellom pest og kolera: Både danskar og svenskar hadde stått for drap, tortur og nedbrenning av eigedomar. Folketalet hadde gått mykje ned, og det herja sjukdomar, pest og hungersnaud. Då Danmark i 1709–10 prøvde å ta Skåne på nytt igjen, var støtta frå skåningane vekke. Folk ville ganske enkelt ha fred.

6.3.2 Svensk stilpurisme på 1700-talet

I fyrste halvdel av 1700-talet kan vi registrere eit skifte i svensk skriftstil med utviklinga av ein ny og meir ledig prosastil. Stilskiftet gir grunnlaget for å tale om overgangen til den såkalla yngre nysvenske perioden. Stilførebiletet var veketidskriftet *Then swænska Argus* (1732–34, 1754), leidd av Olof von Dalin (1708–63). Her kom det òg ein del artiklar om det reine svenske språket. Nærmast etter “læreboka i purisme” er dette avsnittet frå eit nummer utgitt i 1733:

Mig tyckes, Mina Landzmän, at vårt Swenska Språk, som nu blir så jemmerligen förachtat, upspäckat, förwänt och wanrycktat, kunde åter snart hinna til sin naturliga Fägring om wi beflitade oss mer derom i vårt dageliga tahl och skriffter, om utrensade de onödiga fremmande Ord, som er tokugt prunkande först inplantat, Om wi återgo de korta meningar, klara begrep och sinrika utlåtelse, som detta Grund-Språket äger, hwarpå vår gamla Lag, Konunga-Styrelsen och mångfaldiga gamla Skrifter förelägga oss så rena prof, Om sckickeligt Folk, som dertil uppofrat sig, gufwo oss goda och tilräckeliga ordaböcker, hwaraf både Fransöskan och flera tungomål hämtat så stora förmåner, Om våra Lärda eller de, som giöra sig den mödan, at gagna det allmänna med sina wärk, flitigt skrefwo på ren Swenska, och således banade den enfaldigare wägen (man lærer lätt kunna räkna de förtreffeliga

⁹³ Når det gjeld talemålet, har skånsk halde seg som den mest utprega varianten av svensk, jamvel om ordtilfang og bøying har vorte påverka av 300 år med intens svenskpåverknad, og jamvel om det fyrst var på 1970-talet det var mogleg å bruke ein skånsk uttale av rikssvensk i nyhendeopplingar i Sveriges Radio.

Wärk, som hittils utkommit på vårt oförfalskade Språk). (*Then Swänska Argus*, N:o XLV, 1733. I Dalin 1925:79.)

Her finn vi ikkje berre åtvaringar imot framandord, men òg ideal om det korte, klåre og tydelege språket, kombinert med tilvisingar om kor mykje betre språket var i gamle dagar, og med von om at danna språkbrukarar er medvitne det ansvaret dei har for å røkte språket. Ideala kjenner vi att frå retorikken (perspicuitas, vetustas, auctoritas).

Dalin kjem også med funderingar på kva som eventuelt kan hindre svenskar i å nytte eit uforfalska, reint språk. Kan det vere noko gale med svensken? I høve til dei andre språka står det i alle fall ikkje så gale til:

Språket är i sig sielf intet hårt som Tyskan, intet hopplåckat som Engelskan, intet upblåst som Spanskan, intet wekligt som Italienskan, intet obändigt som Pålskan, intet wildt som Ryskan, intet bråkande som Danskan. (S. 80.)

I staden har svensk så mange positive eigenskapar at det høver framifrå for alle bruksområde. Dalin fokuserer då ikkje på dei nasjonal-symbolske sidene ved svensk, men på alle funksjonane språket kan fylle:

Det är Lent och likwäl Starkt, Rent och likwäl Rikt, Enfaldigt och likwäl Högt, Tappert och likwäl Läckert. Det är beqwämt och liufligt til skaldekonst och obunden Skrifart, til Sång och Tahl, til Historier och Romaner, til alwarsamt och lustigt, til Kyrkor och Skådo-Spel, til predikningar och Argus. (Sst.)

Trass i desse eigenskapane kjem det framandord inn i svensk: “Men oaktdadt alt detta, will man hellre tala och skriwa utländska, blott därför at det är utländska.” (sst.) For å bøte på det, vil *Then Swänska Argus* gå framføre som eit godt puristisk eksempel:

Dock. stor sak, åtminstone skall jag wara Svensk, inte med urqwädins och obegripeliga ord, men så at alla sku förstå mig. (Sst.)

Gjennom den nye lovboka, *Sweriges Rikes Lag* (1736), kom prosastilen frå *Then Swänska Argus* i offisiell bruk.

Den svenske purismen på 1700-talet var fyrst og fremst oppteken av å åtvare imot ord av latinsk og romansk opphav. I tillegg var ein, i alle fall i diskusjonar, skeptisk til tysk (Dahlstedt 1962:9). Åtvaringane imot tysk var likevel ikkje så konkrete: I Jesper Swedberg (1653–1735) si *Ordalista på Fremmenda ord och ordalag, som hos oss merendels onödigt brukas* (1716) er det ikkje meir enn 20 av 2800 oppslagsord som var av tysk eller nederlandsk opphav (s. 8). I ei tilsvarande ordliste frå Abraham Sahlstedt (1716–76), *Dictionarium psevdosvecanum* (1769), var det 22 av kring 680

oppslagsord som var tyske eller nederlandske. At ein ikkje hadde med fleire germanismar, kan ein som Dahlstedt (1962:8) er inne på, forklåre med språklege årsaker: Det var for Swedborg og Sahlstedt lettare å identifisere dei latinske og romanske orda som framande, ganske enkelt fordi dei såg framande ut. Derimot var det ikkje så godt å seie om eit ord frå tysk eller nederlandsk eigentleg var “ikkje-svensk”. I tillegg må det nemnast at svensk purisme hadde fått inspirasjon frå tysk og nederlandsk språkreinsing, og at det då ikkje var så lett å vende seg imot desse språka heller (sst.).

6.3.3 Rettskrivingsutviklinga på 1700-talet

På 1700-talet gjekk det i svensk føre seg eit omfattande språkvitskapleg ordskifte om ortografi. Det ordskiftet danna òg grunnlaget for ei moderne og einskapleg svensk rettskriving. 1678 utgjer eit startpunkt ved at Samuel Columbus (1642–1679) gav ut *En svensk ordeskötsel*. Seinare kom bokverk t.d. om ortografiske spørsmål, mellom anna av Jesper Swedberg (1635–1735), Urban Hiärne (1641–1724), Lars Laurel (1705–1793), Sven Hof (1703–1786) og Abraham Sahlstedt (1716–1776). (Desse og fleire andre som deltok i ordskiftet er nemnde av Noreen [1903: 200f.] og handsama grundig av Weiss 1999.) Ein førebels strek vart sett i 1801 då Carl Gustaf af Leopold gav ut *Afhandling om svenska stafsättet*.

Peter Weiss har i doktoravhandlinga *Ordning i bruket, skäl till vanan* (1999) teke føre seg ortografiske grunnposisjonar blant svenske grammatikarar på 1700-talet. Idealet hos dei fleste grammatikarane var prega av retorikken; det var tale om *klarhet*, *tydlighet*, *wighet* og *korthet*, medan det negative var *otydelighet*, *myckenhet* og *mörker* (jf. Weiss 1999:65).⁹⁴ Det kunne derimot vere ulike syn på kva som skapte slike eigenskapar (omsynet til tilhøvet mellom tale og skrift eller omsynet til usus).

Den mest originale språkvitaren på 1700-talet var Sven Hof som gav ut *Swänska språkets rätta skrifsätt* (1753). Han er særleg interessant i ein puristisk samanheng fordi han ville skrive lånord og utanlandske namn med svensk ortografi (*Hamburg* > *Hamborg*, *Lübeck* > *Lybäck*). Hof er den fyrste talsmannen for å nasjonalisere skrivemåten av lånord i svensk. Tendensen hans i retning ortografisk purisme heng fyrst og fremst saman med det ortofone grunnsynet – eit syn Hof forfeakta langt tidlegare enn Rasmus Rask. Utgangspunktet for Hof var at han såg på språket fyrst og fremst som eit middel for kommunikasjon; han meinte at “Ett språk bör så inrättas och talas, att det klart och tydligen, samt wigt och lätt må forstås” (Hof 1753:§85). I fylgje Hof var

⁹⁴ Uttrykket *wighet* førekjem ofte i språkvårdslitteraturen. Grunnordet er *wig* som tyder ‘bekväm, behändig’ (jf. Hellqvist 1922).

skriftspråket sekundært i høve til talemålet: “[...] *skrift* är icke annat, än ordens ljudämnen med bokstäfwer ordentligen betecknade; eller ord uptecknade till sina liudämnen, med de emot dem i ordning swarande bokstäfwer.” (§145) Ut frå denne posisjonen kom han med utsegner som at “hwad örat hörer, bör ock ögat se”, og at “Konsten att skrifwa bör göras så lätt, som någonsin möjligt är.” (Sst.) Derfor åtvara han òg imot å bruke gamle svenske ord som han oppfatta som arkaismar, til dømes *idrotter* og *grud* som burde avløyast av *bokeliga konster* og *säkerhet* eller *försvar*. Kva historisk opphav orda hadde, var altså mindre relevant (jf. utgreiing hos Weiss 1999:65).

Den normgivande rettskrivinga var det Carl Gustaf af Leopold som stod for med *Afhandling om svenska stafsättet* frå 1801. Avhandlinga fekk stor innverknad på svensk rettskriving utover på 1800-talet, særleg gjennom populariseringa Carl Jonas Love Almqvist stod for gjennom *Svensk Rättstafnings-Lära* (1829 [19. oppl. 1881]).

Leopold skriv i innleiinga at hovudprinsippet var “att lägga Bruket till grund, och att af dess öfverensstämmelser utleta reglorna” (Leopold 1801:2). Her skil han lag frå dei grammatiske tenkjarane på 1700-talet som i større grad var interesserte i det ideelle tilhøvet mellom tale og skrift. Det var i dei tilfella bruken varierte, at Leopold greip inn med ei ordnande hand. Berre på eitt område kan Leopold seiast å bryte med usus-prinsippet: Han gjekk inn for å skrive lånord etter svensk uttale og svenske bokstaveringsprinsipp – som Sven Hof i 1753 (Leopold 1801:103). Det var særleg franske lånord Leopold ville normere, og han kom med detaljerte reglar for systematisk tilpassing av desse orda. Bokstaven *c* skulle t.d. skrivast med *k* når uttalen var [k] (*kasern*, *spektakel*); var derimot uttalen [s], skulle ein halde på skrivemåten med *c* (*civil*, *producera*). Andre døme på svenskare ortografi var overgangane *que* > *k* (*banque* > *bank*), *ll* > *lj* (*famille* > *familj*). Elles vart fleire stumme vokalar fjerna, og visse vokalismar tilpassa svensk uttale (*sublime* > *sublim*, *meubel* > *möbel*, *acteur* > *aktör*). Leopold hadde fleire andre framlegg, ikkje alle kom i bruk. Det viktigaste med rettskrivingsreglane var at ortografisk purisme no vart formulert som eit prinsipielt mål, og at der kom ein konkret framgangsmåte for tilpassingane.⁹⁵ Svenska Akademien har gjennom *Svenska Akademiens ordlista över svenska språket* freista å fylgje denne framgangsmåten gjennom ortografiske tilpassingar av lånord.

Med Leopold vart svensk rettskriving fastsett. Likevel vert det for enkelt å gi Leopold all æra. Meir treffande er det nok å gjere som Peter Weiss (1999), og sjå

⁹⁵ Fram til 1700-talet verkar ortografien generelt nokså laus; dei same orda kunne vere skrivne på ulik måte i den same teksten. Her spelar det inn at andre faktorar enn ortografisk konsekvens kunne vere viktigare. Typografane ville t.d. ha rett høgremarg, og avpassa dermed ordlengda etter margen, anten gjennom forkortingar eller gjennom enkle eller doble konsonantar om ein annan. Ei slik avpassing vart gjort i fleire hundre år over heile Europa.

utviklinga av ei svensk rettskriving i høve til rettskrivingsdebatten på 1700-talet. Leopold var pragmatikaren som visste korleis han skulle få gjennomslag for ei fast rettskriving, men i sjølve utforminga av henne bygde han også på andre (jf. s. 349).

6.3.4 Svenska Akademien

På 1700-talet kom der ein del forsøk på å danne litterære akademi for svensk. Det fyrste var *Kungliga Svenska Vetenskapsakademien* i 1739. Akademiet sine *Handlingar* merker seg ut ved å vere skrivne på svensk, ikkje latin, og i fortalen stod fylgjande om språket:

At rensa våra fäders språk ifrån alla främmande tillsatser och återkalla det i sin första renhet är en anständig omsorg för ett fritt folk, som under de mångfaldiga svåra öden det undergått, likväl aldrig förlorat sig självt. (Sit. etter Lundeby 1968:96.)

I dette sitatet finn vi det meste: det frie folket, einskapen mellom folk og språk, forfedrane, finne-seg-sjølvs-metaforikken. Det kan likevel ikkje ha vore eit så sterkt språkengasjement i akademiet. Alt året etter vart det slege fast at å arbeide med språkspørsmål “ej kan komma under namn af någon vetenskap” (sit. etter Noreen 1903:201). Nokre puristar skipa deretter *Svenska Tungomålgildet*, men det vart motarbeidd av vitskapsakademiet, og forsvann fort. Heller ikkje *Kungliga svenska vitterhets-academien*, skipa 1753, hadde særleg innverknad på språket, sjølv om framandord av og til stod på programmet (jf. Lundeby 1968:100).

Fart på sakene vart det fyrst i 1786 med skipinga av *Svenska Akademien*. Mønsteret for oppbygginga var det franske akademiet, og i denne samanhengen kom òg tanken om det reine språket inn. Føremålsparagrafen er her særleg interessant:

[Svenska Akademien skal] arbeta uppå Svenska Språkets renhet, styrka och höghet, så uti vetenskaper som särdeles i anseende till skaldekonsten och värtaligheten uti alla dess tillhörande delar, jämväl uti den, som tjänar att tolka de himmelska sanningar. (Sit. etter Molde 1987:93.)

Kva meinte ein så med “Svenska Språkets renhet”? Bengt Loman (1986) har granska talane som vart haldne under skipinga av Svenska Akademien, og skil mellom tre ulike måtar å skjøne reinleik på: Den eine måten er Axel von Fersen si tolking av “Svenska Språkets renhet” som å hente tilbake gamle former som er tapte. Den andre måten er den Anders von Höpken hevda: at språket vart reint ved at ein regulerte og fastsette normer på basis av gjeldande språkbruk. (Han sa i talen sin at “det står ej uti vår magt att skapa ett annat språk än folket i allmänhet talar” [sit. etter Ljung 1988:137].) Den tredje måten vart formulert av kongen, og han knytte reinleik til

“skönhetens och dess uttryck”, dvs. til det estetiske og til at ein klårt og tydeleg kunne gjere tankane sine gjeldande. Når desse tre talarane la vekt på såpass ulike sider ved “språkets renhet”, illustrerer det at uttrykket er mangfaldig.

Samstundes er det mykje som tyder på at talarane hadde ei felles referanseramme i *retorikken*. Dersom vi trekkjer inn dei retoriske nemningane, kan vi seie at von Fersen fokuserte på *vetustas*, von Höpken på *consuetudo*, medan kongen òg trekte inn *perspicuitas*; det var generelt eit nært tilhøve mellom *puritas* og *perspicuitas* i antikk retorikk. Denne tolkinga er ikkje urimeleg ut frå den påverknaden dei tre hadde fått frå ein av dei viktigaste retoriske teoretikarane på 1700-talet, *Hugh Blair*, professor ved Universitetet i Edinburgh, og hans verk *Lectures on Rhetoric and Belles Lettres* (1783) (jf. Loman 1986:7f.). Blairs arbeid vart introdusert til svensk akademisk liv i 1785 av J. F. Neikter, professor i litteraturhistorie i Uppsala (sst.). Neikter var òg lærar til Carl Gustaf af Leopold. Det sambandet er særleg interessant, for sistnemnde var ein viktig del av krinsen kring kong Gustav III, og hadde stor påverknadskraft på det kongen las opp under opninga av Svenska Akademien i 1786. Leopold heldt òg sjølv tale ved opninga, og i talen hans går det i fylgje Loman tydelege liner tilbake til Blair, ikkje minst gjennom omgrepa *snille* og *smak*, som refererer til Blairs slagord *taste and genius*⁹⁶: “Snille är förmågan att skapa eller utföra – smaken är förmågan att döma” (sst.). Også målet i føremålsparagrafen for Svenska Akademien, “renhet, styrka och höghet”, kan førast tilbake til Blair: I arbeidet sitt skriv Blair om kva som er med på å gjere ein tekst skjøn, og han peikar særleg på “purity” og “strength”. For Blair var *purity* nært knytt til føremålet om klår og tydeleg språkbruk, altså i stor grad den same tydinga som kongen la til grunn (sst.).

Ekskurs: Svenska Akademien

Svenska Akademien vart ein viktig kulturell institusjon på byrjinga av 1800-talet. Akademiet hadde tette band til det politiske apparatet, og gjennom stipendtildelingar og prisar verka det inn på skriftlivet.

Medlemskap i akademiet var livsvarig, og sidan dei som hadde kome inn var representantar for den “klassiske” og før-romantiske læra – og for det gustavianske regimet – vart det òg hovudsakleg personar og litteratur som stod i denne tradisjonen som fekk støtte (Hall 2000:143). Av nye forfattarar var det berre Esaias Tegnér d.e. som var kritisk til romantiske idéar, og nettopp han var det som fekk plass saman med dei gamle i akademiet. Det gustavianske regimet og dei før-romantiske ideala, deriblant *puritas*-idealet, kom såleis til å leve vidare gjennom Svenska Akademien. Her må vi òg take omsyn det korporative preget ved svensk

⁹⁶ Som altså kom i omvendt rekkjefylgje på svensk.

intellektuelt liv på byrjinga av 1800-talet. Moglegheitene for å leve eit liv som “fri intellektuell” var mindre enn i t.d. Tyskland (sst.). På universitetet var lønene svært låge for vitskapleg tilsette; skulle ein overleve, måtte ein skaffe seg ein patron i ei offentleg stilling, t.d. ein pastor, som ein kunne få støtte frå (Hall 2000:137f.). Også ved tilsetjingar i offentlege stillingar spela personlege relasjonar ei viktig rolle (s. 139). Dessutan var banda mellom dei ulike aktørane – regjering, konge, universitet, forvaltning, akademiet – tette.

Patrik Hall har i *Den svenskaste historien* (2000) vist til at det alt under Gustav Vasa skjedde ein integrasjonspolitik der intellektuelle i stor grad vart integrerte i det offentlege apparatet, og gjorde til statlege embetsmenn. I så måte gjekk Svenska Akademien inn i ein tradisjon, og denne tradisjonen var òg med på å halde oppe eit litterært ideal, der den retorisk orienterte purismen gjekk inn, eit stykke ut på 1800-talet.

6.3.5 Nasjonalisme, skandinavisme og anti-skandinavisme

På midten av 1800-talet var J. E. Rydqvist (1800–1877) den store autoriteten i svensk språkvård, mellom anna var han redaktør for fyrste utgåva av SAOL i 1874. Rydqvist forvalta usus-prinsippet som Leopold hadde forfekta; dermed stod han for ei konservativ line med vektlegging av språkbruken åt danna språkbrukarar. Han la like fullt noko vekt på det historisk-nasjonale aspektet. Som fleire andre under den “götiska” romantikken var han oppteken av forholdet mellom språk, folkesjel og nasjon, og dermed òg av etymologi. Det lingvistiske og historiske grunnlaget for tenkjemaaten finn vi gigantverket åt Rydqvist, *Svenska Språkets Lagar* 1–6 (1850–1883). Verket er svært historisk orientert, med vektlegging av gamalsvensk og etymologi. Også i det Rydqvist skreiv om språknormering vart det gamalsvenske og etymologiske vektlagd, t.d. gjennom åtak på skandinavistiske rettskrivingsforsøk og på ortofon-orienterte nystavarar. Eit prinsipielt forsvar for språkskandinavisme og åtak på ortofonien kom i *Ljudlagar och skriftlagar* (1870). (Jf. òg Rydqvist bd. IV s. 456f.; Noreen 1903:251.)

Rydqvist sin retorikk er prega av biologiske metaforar; språket har røter, stammer, greiner, blad, liv, død, mogning og ikkje-mogning (jf. Teleman 1986:69). Han stod likevel ikkje for nokon språkbiologisk determinisme (slik junggrammatikken – noko karikert – kan seiast å gjere). Rydqvist trudde nemleg på språkvård. Såleis kom han med fleire puristiske ordframlegg, og av desse har somme overlevd, t.d. *dryfta* (diskutera), *dagteckna* (datera), *hörsal* (auditorium) og *dylik* (sådan), medan t.d. *eldhåg/eldhug* (entusiasm), *tarva* (behöva) og *till dömes* (t.ex.) ikkje har slege an (Bergman 1991: 176f.). Hos Rydqvist er det særleg lånord frå tysk og dansk som vart kritiserte.

Rydqvist var anti-skandinavist og anti-ortofonist, og som ordboksredaktør verka han til at fyrste utgåva av SAOL (1874) vart eit motdrag mot dei framlegga som

radikale nystavarar hadde kome fram til under skandinavismøtet i 1869. Vi kan òg ane tenkjemåten frå Rydqvist i purismen imot dansk-norsk, ein purisme som kom sterkare til uttrykk kring hundreårsskiftet (jf. nedanfor).

Ein av dei som bygde på Rydqvist sine idéar om det historisk-nasjonale ved svensksdomen og det anti-tyske, var forfattaren og journalisten *Viktor Rydberg*, og nettopp Rydberg stod fram som den mest utagerande puristen i Sverige i siste halvdel av 1800-talet. Rydberg skilde seg frå Rydqvist ved å vere *skandinavist*, med sans for gamle nordiske ord og gamle dialektord av felles nordisk rot. Han gjorde greie for sitt puristiske prosjekt i artikkelen “Tysk eller nordisk svenska” (*Svensk Tidsskrift* 1873). Der kom han med åtak på germanismar i den svenske bibelomsetjinga, og forsvare nordiske element i svensk. (Sjå òg Holm 1918, Hellevik 1946a og 1946b.) Åtvaringane imot germanismar vil ikkje seie at Rydberg godtok romanske ord meir. Derimot meinte han at det var lettare å unngå romanske ord av seg sjølv, av di dei stakk seg så ut, medan tyske hadde lettare for å gli inn. Dei tyske orda, særleg ord med førestavingane *an-*, *be-*, *er-* og *for-* førte i fylgje Rydberg til eit stilskifte vekk frå “den inhemska klangen och den korthuggna rytmen” (Holm 1918:44). Rydberg vende seg òg imot suffikset *-het* som etter hans syn kom i vegen for gamle ordformer, og gjorde det vanskelegare å lage nyord ut frå kortformer (Holm 1918:61). Rydberg laga sjølv fleire nyord, og henta mange av dei ut frå eldre svensk og frå dialektar (ei liste over avløyсарord finst hos Holm 1918). Rydberg var òg nordisk orientert, og hadde særleg sympati for nynorsk målreising (jf. Hellevik 1946a og 1946b). At Rydberg i visse tilfelle vende seg imot danismar (som han gjorde i Rydberg 1873), skuldast at han meinte dansk verka som mellomstasjon for germanismar.

For skandinavismen var det som i Danmark og Noreg studentar som fyrst engasjerte seg. Også den svenske mellomklassen såg med sympati på skandinavismen, pga. interesse for reformar som kunne gi økonomisk liberalisering og meir politisk makt (t.d. parlamentarisme). Den svenske staten var fyrst meir atterhalden, mellom anna pga. omsynet til Russland som på si side oppfatta ei eventuell samling av Skandinavia som ein trugsel (jf. Østergård 1994, Hall 2000:177). Kring midten av 1800-talet endra dei svenske styresmaktene strategi. Då Sverige etter krimkrigen (1854–56) braut det tette sambandet med Russland, fekk skandinavismen ei ny tyding. Som Hans Lennart Lundh (1951:39) skriv: “Skandinavismen förvandlades till en storpolitisk rörelse i konungens tjänst.” I svensk statsskandinavisme fekk uttrykket “Norden” ei særleg kraft (jf. Østergård 1994). Det svenske nasjonalmuséet vart etablert i 1873 med namnet *Nordiska museet*. Interessant å merke seg er det at den svenske nasjonalsongen ikkje nemner “Sverige” eller “svensk” med eitt ord; det er i staden tale om “Du gamla, du fria, du fjällhöga Nord” og at “jag vil leva, jag vil dö i

Norden”. Etter 1865 stod likevel statsskandinavismen svakt – målet var uklårt, og dei fleste innanfor den liberale leiren var motstandarar (Lundh 1951:63).

Tanken om Sverige som førarland finn vi lite av hos svenske språkskandinavistar. Noko av det som særprega dei svenske deltakarane på det skandinavistiske språkmøtet i 1869, var generelt lita interesse for dei *ideologiske* tankane om skandinavisk samling (jf. Ståhle 1970).⁹⁷ Svenskane la her mest vekt på tanken om ei meir *ortofon* rettskriving. (Skandinavist-møtet stadfesta òg politikken Leopold hadde fastsett, nemleg at lånord skulle tilpassast svensk skrivemåte.⁹⁸) Med unntak av Rydberg vart skandinavismen heller ikkje nokon *viktig* faktor i svensk purisme.⁹⁹ Etter 1870 kom Sverige til å orientere seg politisk og kulturelt meir mot Tyskland (medan Danmark og Noreg var meir orientert mot England), og etter den tida stod skandinavismen relativt svakt i Sverige (Lundh 1951:64).

Ved sida av skandinavismen vart det i tida etter 1850 utvikla pangermanistiske tankar. Historikaren (og skandinavisten) Martin Weibull, Verner von Heidenstam. Viktor Rydberg og liberale krinsar kring avisa Göteborgs Handels- och Sjöfartstidende var – på ulike måtar – talsmenn for typar av pangermanisme (Hall 2000:223–224). Det er derimot vanskeleg å sjå språkpolitiske implikasjonar av denne orienteringa.¹⁰⁰

6.3.6 Svensk purisme imot dansk og dansknorsk

Vi har alt vore innom dei generelle markeringa imot dansk på 1500- og 1600-talet. Også på midten av 1800-talet eksisterte der anti-danske språkhaldningar. J. E. Rydqvist handsama t.d. språkleg påverknad frå tysk og dansk under eitt, og tala om “Vårt embetsspråk, redan djupt skuldsatt i Tyskland och Danmark; svensken “borde icke öka gälden med ett så öfverflödigt och litet tilltalande ord som *försändelse*” (Rydqvist 1874 bd. V:234). Også Nils Linder tok opp danisme-spørsmål i *Regler och*

⁹⁷ Utover på 1800-talet kom fleire svenske språkvitarar med dristige framlegg til nystavingar, t.d. Kindblad 1840, Tullberg 1841, von Knorring 1844 og ikkje minst Arthur Hazelius med *Om svensk rättstafning* (1870–71). Hazelius skreiv i klår opposisjon til Rydqvist, og sette opp “uttalet” som øvste normeringsprinsipp, og deretter kom “härledningen” og “bruket”. (Vi ser her den same tendensen som hos fleire av grammatikarane på 1700-talet: forsøk på å finne det optimale sambandet mellom uttale og skrifbilete [jf. Weiss 1999].) Hazelius var òg ein av dei svenske delegatane på skandinavistmøtet i 1869.

⁹⁸ Ved skandinavistmøtet merker vi oss elles at Svenska Akademien ikkje var representert blant dei svenske deltakarane. Det var ikkje tilfeldig. Skulle akademiet ha sendt ein person, ville den personen høgst sannsynleg ha vore J. E. Rydqvist, og han ville i sin tur ha vore motstandar av det som ein kom fram på møtet (Ståhle 1970:7).

⁹⁹ Blant ein del svenske skandinavistar finn vi òg pangermanistiske sympatiar. Det gjeld mellom anna historikaren Martin Weibull, kulturpersonlegdomen Verner von Heidenstam og – i ein seinare fase – Viktor Rydberg.

¹⁰⁰ Ein indirekte funksjon kan pangermanismen t.d. ha i den praktiske og ideologiske vektlegginga av jordbruket, noko som førte til at samane vart sedde på som ei utgruppe i samfunnet (Hall 2000:224). Om lag på same tida (1880-talet) sette ein i gang ein meir aggressiv språknasjonalisme imot samisk (jf. nedanfor). (Samar vart gjennom pangermanismen sedde på som ei ikkje-germansk gruppe.)

råd (1882), den fyrste “moderne” handboka i korrekt språkbruk. Linder skilde mellom unødvendige lån, t.d. verbet *nytt* (s. 189), og lån ein kunne tolerere, t.d. *målbinda* (s. 185).

Purismen i Språk och stil

Det var likevel noko nytt som skjedde dei fyrste tiåra av 1900-talet. Då fekk dansk-purismen langt meir konkrete utslag. Det skjedde særleg i det nye lingvistiske tidskriftet *Språk och stil* (etablert 1900), som vi skal konsentrere oss om her. *Språk och stil* hadde ei rad artiklar om danismar nytta av svenske forfattarar (bl.a. Oscar Levertin, Gustav av Geijerstam og Per Hällström).¹⁰¹ Det vart tala om “den synnerligen sterke invasjonen af norska och danska ord i nutida svenskt skriftspråk” (Celander 1904:70) og om “Strömmen af danska och dansk-norska ord och ordsätt” (Celander 1908:70). Om forfattaren Gustav av Geijerstam heiter det at “danismer och norvagismer hade insmugit sig i hans språk” (Hylén 1913:162), han hadde ikkje motstått “frestelsen att sålunda sätta sig i skuld hos våra grannar” (s. 199), og vorte eit “offer för påverkan av den utländske litteratur” (s. 162). Av Hylén (1917:125) får vi høyre at “Somliga förf. synas nästan stoltsera över ohyggliga inlån. Eller vad skall man säga om Wickmans *pebersvend* [...]?”. Ein slik negativitet kjem òg til uttrykk i ein leksikonartikkel frå tidleg på 1900-talet; der står det om forfattaren Per Hällström at “Ett fel har hans stil tyvärr varit bekajad med, nämligen danismer”.¹⁰² Artiklane i *Språk och stil* hadde ofte lange lister over danismar, stundom med framlegg til avløyserord, t.d. *spaltning* > *klyvning*, *opgör* > *uppgörelse*, *påverkning* > *påverkan* (Celander 1908:222).

Det vart i *Språk och stil*-artiklane gått grundig til verks. Celander skilde mellom fire typar av danismar: direkte lån (t.d. *afglans* [s.73], *glippa* [s.77], *nordljus* [s.77]), semantiske lån (t.d. *gå löpsk*, dvs. löpsk i tydinga ‘skengalen’ og ikkje den tradisjonelle tydinga ‘brunstig’), konstruksjonslån (t.d. *purt unga* (s. 89) og adjektiv-

¹⁰¹ Jf. desse artiklane i *Språk och Stil* (i kronologisk rekkjefylgje; volum refererer òg til årstal, dvs. Vol. 3 = 1903):

Ruben G. Berg, “Smärre bidrag 2”. 1903:144,
Ruben G. Berg, “Smärre bidrag 4. Några danismer”. 1904:189–192,
Hilding Celander, “Danismer i nusvenskt ordförråd. 1908:201–250,
Sven Rothman, “Danismer i Oscar Levertins språk”. 1911:36–71,
Ruben G. Berg, “Levertinska danismer”. 1911:245–282,
J. E. Hylén, “Danismer hos Gustav av Geijerstam”. 1913:162–200,
Henry Olsson, “Danismer hos Per Hällström”. 1916:91–131,
J. E. Hylén, “Ett nytt fång danismer”. 1917:112–125,
Ture Andersson, “Sturzen-Beckers danismer”. 1918:54–74,
David Arill, “Smärre bidrag 5. *Nordljus*”. 1918:249.

¹⁰² Skrive av R. G. Berg i *Nordisk familjebok*; her sit. etter Olsson (1916:91).

s-forma i *en Skarlagens kaabe* [s.87]), og stilistiske overføringer (t.d. kortare svarformer som *Jag är i staden for Det är jag* [s. 90]). At ein på denne måten ikkje berre var oppteken av direkte lån, gjorde at dansk-purismen vart nokså omfattande.

Kva var så problemet? I ein artikkel frå 1908, “Danismer i nusvenskt ordförråd”, skreiv H. Celander at den språklege likskapen gjorde danismane særleg farlege:

Ty just att likheten mellan svenskt och danskt språkmateriel är så stor, det gör, att man lätt förbiser olikheterna, förbiser, att utvecklingen nu en gång ofta har gestaltat den faktiska användningen av det ursprungligen gemensamma språkmaterialet på olika sätt i de båda språken. (T.ex. vid rolig, dyrka, hyggelig, sætning, lidelse, skikkelse i förhållande til motsvarande svenska bildningar.) Genom oaktsamhet härpå uppkommer sådant barbariskt blandspråk, som vi (...) funnit avskräckande exempel på ---. (Celander 1908:247)

Eit anna problem var at danismane kunne kome i staden for eksisterande svenske ord og uttrykk. Hylén (1917:125) meinte at mange danismar var “fullkomligt onödiga i vårt språk, då vi äga lika uttrycksfulla vändningar”. (Også Noreen 1901 peikte på homonymi som eit problem ved lån frå dansk.)

Eit tredje problem var at dansk kunne fungere som mellomstasjon for lån frå tysk. Det argumentet hadde vore mykje framme både på midten og på slutten av 1800-talet (t.d. av Rydqvist ved fleire høve og av Rydberg 1873).

Eit fjerde problem galdt stilistikk og språkkjensle: “Men vad skall det tjäna till att i svenskt språk indraga ett så obehövt och dessutom osmakligt ord som förnöden?”, spør Hylén (1917:125). Celander (1908:223) talar om “slarvlån” og “försyndelser mot språkkänsla och språkstil (och det av det grövsta slag!)”. Han viste til Marika Cederström, som hevda at språkkjensla hadde vorte svak:

Hos mången är språkkänslan svag, och han frestas därför lätt till skapelser, som verka störande på andra, och som på dem gör intrycket att vara barbarismer. Faran för dylika missgrepp är synnerligen stor i vår tid, då dansk och norsk litteratur så ifrigt läses och så mycket språkgods okritiskt inflyttas från dansken eller norsken. (Cederström sit. sst.)

Det er verdt å merke seg at uttrykk som som ‘danism’ og ‘dansk-norsk’ vart brukte om ord både frå dansk og frå norsk. Celander (s. 72) legg det fram på denne måten:

Att skilja mellan norskt och danskt inflytande är i de flesta fall omöjligt, då ordförrådet till största delen är gemensamt.

Med “norske” lån meinte ein hovudsakleg påverknad frå skriftspråket dansk-norsk, og ikkje frå landsmålet. Likevel skjedde det somme gonger at former som berre eksisterte i norsk *talemål*, fall inn under kategorien “danism”. Celander (1904:89) nemner mellom anna *som bara möjligt* og *som folk är fläst*; desse uttrykka var i fylgje

Celander framande i dansk (både i skrift og tale), men fanst i norsk talemål. Hylén (1917:125) spesifiserte det han meinte var norvagismar, t.d. *morro, passeligt, tussla, storm och snefok, gufsen från havet, det ohyre gapet, det yndigaste väder, en övermåde grann flicka, under munter passiar og breda smörrebröd.*

Også i litterære samanhengar kom ein innom danismane: I Beyron Carlssons satirespel *Den skinnsjuka grefven* (1902) vart det gjort narr av bruken av danske eller dansk-liknande uttrykk hos ein litterat (jf. Loman 1982).¹⁰³ Komikken kom fram gjennom bruk av “falske venner”, like ordformer med ulik tyding i svensk og dansk. Tittelen er symptomatisk: *Skinnsjuk* byggjer på det danske ordet *skinsyg*, men i svensk er denne tydinga ukjend, og ein får assosiasjonar i retning ‘sjuk på skinnet’. (I svensk er ordet for dansk ‘skinsyg’ *svartsjuk*.)

Elles er der ein del åtvaringar imot bruk av danismar og germanismar i dei tidlege utgåvene av SAOL (særleg 1 [1874] – 6 [1889]) (jf. Johannisson 1974:36f.).

Ved fleire ordforklaringar verkar like fullt danisme-klassifiseringa nokså laus.¹⁰⁴ Det kom sjeldan etymologiske jamføringar i høve til dialektar og gamalsvenske tekstar. Går ein dei ulike “danismane” nærmare etter i saumane, ser ein at det like gjerne er gamle svenske ord (arkaismar), vestsvenske eller sørsvenske vendingar (provinsialismar), eller lån frå tysk (germanismar) det vert åtvara imot.¹⁰⁵ Ein del danisme-puristar var klare over det (jf. Celander 1908 og Hylén 1913:199f; 1917). I ein studie av språkbruken hos Gustav af Geijerstam kjem det fram at “danismane” vel så mykje kunne vere dialektuttrykk – “väst- och sydsvenska uttryck, som återfinnas i norskan och danskan, [kunde] hava nått honom utan litterära mellanhänder, när han tidtals var bosatt i Göteborg og Lund” (Hylén 1913: 200). Forfattaren var nemleg “allmogeskildrare” med “ett öppet sinne” for “provinsialismer” (sst.). Olof Östergren kom i *Stilistisk språkvetenskap* med skarp metodisk kritikk:

¹⁰³ *Den skinnsjuka grefven* skal visstnok ha vore retta mot litteraturvitaren og omsetjaren David Sprengel (Linder 1952:510). Om Sprengel heitte det at der “var en del olyckor han råkat ut för som översättare” (sst.), og satirespelet vart då “en mördande elak parodi” (sst.).

¹⁰⁴ Døme på klassifisering av danismar som vi i dag må kunne karakterisere som svært tvilsam:

- “Särställning, d. *særstilling*, behöver naturligtvis ej vara en danism, ehuru det icke finns i svenska ordböcker. I våra dagar äro sådana bildningar ingalunda ovanliga (...) Emmelertid dyker det upp i Erdmanns danismvimlande “Modern Realism” (1884) s. 25, vilket kan göra en betänksam.” (Hylén 1913:192.)

- “Tala någons sak är möjligen en danism (tale ens sag). Frasen förefaller dock ej alldeles främmande. (..) Mera osvenskt klingar då tala någons försvar.” (s. 193.)

- Når t.d. Celander (1904:80) klassifiserte *sönder och samman* som danisme, var grunnlaget at han ikkje kunne finne uttrykket i noka svensk ordbok, samtidig som han fann det i ei dansk. Seinare oppdagar derimot Berg (1904:191) at svensken Runius brukte uttrykket, og Celander (1908:212) stryk det frå danismeprotokollen.

¹⁰⁵ Hylén (1917:125) innrømmer at ord han kallar “danism” kan ha vore brukt i svensk tidlegare: “Visst kan ett och annat vara bra. Framför alt kan man föga att invända mot sådana, som en gång tillhört vårt ordförråd, även om återupplivningsförsöken gått över till Danmark”. På den andre sida viser Hylén til estetiske problem ved danismar, og at ein i svensk har like så gode uttrykk.

Det är emellertid icke så lätt som man tror, att konstatera, att det eller det ordet, den eller den frasen är en danism eller norvagism. I många fall kan det vara självständig nybildning, i andra upptagande av äldre svenskt språkbruk (så särskilt hos Levertin), stundom även sydsvenska procinsialismer. Därjämte är det ofta svårt att skilja det danska från det norska och även från det tyska inflytandet. (Östergren 1908:93f.)

Også Ellen Key var i 1906 inne på at hovudstadsfolk såg på svenske dialektuttrykk som danismar: “Ja, äro de Stockholmare sakna de ofta insikt i landsbygdens språk, så att de t.ex. tro att gamla vanliga skånska ord äro nya danska lån o.s.v.” (Key 1906:35.) No er det neppe grunnlag for å redusere dansk-purismen til ein fordekt reaksjon overfor vest-svenske og sør-svenske dialektar. Ved å gi visse dialektale trekk stempelet “ikkje-svensk” (dvs. dansk), fekk likevel desse trekka lågare status.

Kvifor?

Når svenske språkvitarar vart så opptekne av danismar i tida før og etter hundreårsskiftet, er der fleire moment som kan verke forklårande.

1. Der er for det fyrste den puristiske tradisjonen: Vi har frå 1400-talet og framover utsegner med skepsis imot Danmark og dansk språk. Det forklårer likevel ikkje den intensiteten, konkretiseringa og det omfanget dei puristiske ytringane fekk nettopp kring 1900.

2. For det andre har vi språklåna frå dansk og dansk-norsk, særleg omfanget av dei. Desse låna hadde samanheng med litteraturen. I perioden før hundreårsskiftet var dei skandinaviske landa langt på veg ein felles bokmarknad. Ibsen, Bjørnson, Georg Brandes og J. P. Jacobsen vart lesne på originalspråket. Det var ei utbreidd oppfatning at svenske forfattarar vart påverka av språkføringa hos dei prestisjefulle dansk-norske forfattarane.¹⁰⁶ Også svenske aviser skal ha formidla dansk-norske lån, særleg under unionsstriden med Noreg (Grünbaum 1984:3). Sjølv om omfanget av danisme-påverknaden kan diskuteras, verkar det som om låna frå dansk og norsk i alle fall var fleire enn kva tilfellet er i dag.¹⁰⁷ Dessutan eksisterte det ei *oppfatning* om at påverknaden frå dansk var stor, og det påverka haldningane i puristisk lei. No var det fleire som skreiv nøkternt om danismar. Olsson (1916:94) skreiv at hans “ordlista icke [är] ett led i Rydqvists rent puristiska danismforskning utan har först och främst ett förtecknande syfte”. Men gjennom å rette søkjelyset mot danske lån var Olsson samstundes med på å forsterke den generelle oppfatninga om ein omfattande

¹⁰⁶ No førekom det ein del omsetjingar mellom dei skandinaviske språka tidlegare. Men mellom anna pga. dei mange pirat-omsetjingane, og dei økonomiske tapa som forlaga lei pga. desse, gjekk forlaga inn for å selje bøkene utan omsetjing (opplyst av Ruth Hemstad 31.3.2000).

¹⁰⁷ Når ein i dag kan vere mild mot lån frå dansk og norsk, høyrer det òg med at det i dag ikkje er særleg mange slike lån å take stilling til.

språkpåverknad frå dansk-norsk. Ei anna side ved danismane var at dei, slik mange såg det, verka som transittstasjonar for lån frå tysk. (Vi merker oss at desse åtvaringane kom i same perioden som det i dansk kom fram ein purisme imot nettopp tysk.)

3. Ei tredje forklåring vil vere stormaktsarroganse: Sverige var politisk, militær og akademisk storebror i Norden. Som gamal austersjømakt med litterære og akademiske tradisjonar – kor irriterande og provoserande var det ikkje med språklån frå småsyskena i vest? Ei slik tolking av danskpurismen er Grünbaum (1984) innom, og tolkinga er også nærliggjande ut frå den sterke posisjonen Sverige generelt har hatt dei seinare åra. Derimot stod Sverige ikkje i noka særleg sterk økonomisk stilling på denne tida.

4. Som fjerde forklåring kan vi setje opp sosio-økonomiske tilhøve: Det er nemleg mogleg å sjå Sverige som ein litlebror – i økonomisk samanheng. Medan Sverige etter 1945 har vore moderne, industrialisert og rikt, var det annleis kring hundreårsskiftet. Det rurale Sverige stod i eit økonomisk underordna forhold til det rike og moderne Danmark. Ikkje så få svenskar reiste då òg til Danmark for å få seg arbeid. Svenske landarbeidarar i Danmark hadde ikkje særleg høg status; det kjenner vi frå *Pelle Erobreren* (1906–10) av Martin Andersen Nexø. Sett frå Danmark var svenskane råde, underutvikla og knivstikkande (Löfgren 1993:35, Linde-Laursen 1995:123). I Gustav Sundbärgs *Det svenska folklynnnet* (1911) vert det formidla eit stereotypt bilete av den typiske dansken i form av kapitalisten i København – den rike, smarte, avanserte, urbane og snusfornuftige. Svensken vart på si side mystikaren, naturmennesket (s. 10), men òg den fattige og arbeidssame som var lett å lure (jf. Löfgren 1993:34). Desse nasjonale stereotypiane kom på 1930-talet til å endra seg etter kvart som industrialisering, urbanisering og sosialdemokrati omdanna Sverige til det “folkhemmet” vi kjenner frå etterkrigstida. Men kring hundreårsskiftet var stoda altså annleis, og hos mange svenskar var der ei kjensle av å vere underlegne (Löfgren 1993:34). No kan ein rett nok tvile på om dei som representerte purismen imot dansk-norsk, den akademiske eliten i Sverige, kjende seg underlegne i forhold til danskar. Like fullt var eliten ein del av Sverige og av eit svensk akademisk liv som nettopp på denne tida vart meir prega av nasjonalistisk tankegods (jf. Sörlin 1994).

5. Ei femte forklåring vil gå på det kulturpolitiske klimaet og den svenske nasjonsbygginga: Ein var i Sverige på denne tida opptekne av det som skilde Sverige frå Danmark. I skuleverket vart markeringa sterk t.d. i geografi-faget (Linde-Laursen 1995:107). Vi har alt vore innom Gustav Sundbärgs bok om folkekaraktarar. Det er interessant å merke seg at Sundbärg la stor vekt på alle dei positive eigenskapane svensken hadde, men var kritisk til den psykologiske innsikta som gjorde at svenskar vert lurte av danskane; dette grannefolket var i fylgje Sundbärg egoistisk av natur, og

var no i ferd med å infiltrere svensk samfunnsliv og næringsliv. Også nordmenn fekk passet påskrive for å vere likegyldige og berre ute etter fordelar. Desse karakteristikane av grannefolka vart rett nok kritiserte av svenske bokmeldarar (jf. Hall 2000:256), og Sundbärg representerte på ingen måte synspunkt som alle delte. Men det er ikkje urimeleg å gå ut frå at der i Sverige var ein viss klangbotn for tankane. Sundbärgs arbeid samsvara med den antropologiske litteraturen som elles voks fram i Europa på denne tida (Hall 2000:251), og vi finn liknande føredøme i t.d. Verner von Heidenstams *Om svenskarnas lynne* (1896). Det kan verke påfallande at ein nettopp på denne tida skulle få ei såpass intensivering av den kulturpolitiske markeringa. Sverige hadde på denne tida ingenting politisk uteståande med Danmark; kontakta mellom arvefiendane var betre enn på lenge. (Det var Noreg som var problemet.)

Eitt viktig moment – kanskje det viktigaste – er at det i Sverige på denne tida vart drive ei omfattande nasjonsbygging, og utvikla ei ny nasjonsoppfatning. Fram til 1809, då Sverige miste Finland til Russland, var Sverige ein klassisk europeisk imperiestat; oppteken av indre kontroll, men ikkje av etnisk og språkleg homogenisering, så framt ikkje slik homogenisering var nødvendig for å sikre statleg kontroll, slik tilfellet var i Skåne på slutten av 1600-talet. Frå 1809 og 1905 skjedde det ei redefinering av den svenske nasjonsoppfatninga der det vart konstruert eit tettare forhold mellom folk, stat, nasjon, språk og kultur. Nasjonen var ikkje lenger territoriell eller statspolitisk definert; han vart kopla til historie, mytar og etnisitet (jf. kap. 6.3.8).

6. Den siste innfallsvinkelen er striden med Noreg om unionsoppløysinga. Her er det to perspektiv som kan trekkjast inn.

I det fyrste må det takast omsyn til at Sverige ikkje dreiv språkpolitikk i Noreg: Det vart aldri gjort forsøk på noka kulturell forsvensking; det var den politiske sida som stod i fokus. Det ser heller ikkje ut til at særleg mange i Sverige var spesielt interesserte i den moglege “språkblandinga” som kunne føregå gjennom dei mange nordmennene som var i Sverige og dei mange svenskane som då var i Noreg; i alle fall vart det ikkje teke opp i samfunnsdebatten kring hundreårsskiftet.¹⁰⁸ Det vi kan sjå av statlege reaksjonar på det språkleg-litterære området skjedde etter 1905: Då tok ein ut dansk og dansk-norsk litteratur i skuleverket til fordel for svensk nasjonallitteratur (Loman 1982:55). Det var ei markering, men ho var ganske mild. Også grannespråklesinga gjekk ned: Olsson (1916:130) kunne i 1916 vise til at det det hadde vorte færre av dei “sämre” formene for danismar, og at det hang saman med “att det 1905 blev ett

¹⁰⁸ Jf. munnleg opplysning frå professor Øystein Sørensen 31. mars 2000.

avbrott i den litterära gemenskapen med våra gränsländer i väster och sydväst”.¹⁰⁹ Ein kjende i Sverige ein trong til å markere eit språkleg-kulturelt skifte ved unionsoppløysinga. Noko direkte samband mellom unionsstriden og purismen imot danismar er det likevel vanskeleg å sjå.

Frå eit anna perspektiv skal vi ikkje sjå vekk frå at unionsstriden var med på å styrkje den nye, etniske nasjonsoppfatninga i Sverige. At ein då la vekt på danismar, spelar ikkje så stor rolle, for i Sverige vart norsk språk og litteratur framleis sett i bås med dansk språk og litteratur. Det kom tydeleg fram i artiklane i *Språk och stil*. Å åtvare imot “danismar”, vart då òg å åtvare imot det dominerande skriftspråket i Noreg.¹¹⁰ Oppfatninga var at Noreg og Danmark framleis var i ein kulturelt og språkleg fellesskap. Denne oppfatninga var det fleire i Noreg som delte: Den nynorske målørsla tala om to unionar, ein politisk med Sverige og ein kulturell med Danmark. Då Norigs Ungdomslag vart skipa i 1896, var slagordet “Ut or Unionane!” (jf. Danielsen 1997:153). I tida kring hundreårsskiftet var dessutan den politiske spenninga mellom Noreg og Sverige sterk. Det vart frå svensk side drive ei militær opprusting mot Noreg: I 1895 vedtok t.d. den svenske Riksdagen å gi meir pengar til militære føremål retta mot unionspartnaren i vest. Så jamvel om der ikkje var nokon politisk motsetnad mellom Sverige og Danmark, kan ein tenkje seg at motsetnadsforholdet mellom Sverige og Noreg fekk eit språkleg-kulturelt uttrykk, av di Danmark og Noreg vart rekna som ein språkleg-litterær fellesskap.

Ellen Key er i *Några tankar om skandinavismens framtid* (1906) inne på tanken om at purismen imot danske og norske ord skuldast svensk isolasjonisme. Ho hadde tidlegare kritisert *Stockholms-tidningen* for ein slik isolasjonisme:

Til dessa yttringar af anti-skandinavism räknade jag i mitt föredrag i Stockholm äfven den maning, jag sett (i *Stockholms-tidningen*) att bortrensa danska och norska ord ur svenskan. (...) Hvad denna språkrensning angår, så har Stockholms-tidningen redan svarat: att min uppfattning af språkrensningstanken som “ett ledd i isoleringssträfvanden, hvilka efter unionsupplösningen kommit till uttryck på vissa håll, var ugrundad. (...) Det gläder mig att så var fallet. (S. 35.)

At *Stockholms-tidningen* så tok til motmæle mot Keys karakteristik, skulle i og for seg berre mangle, ut frå dei negative assosiasjonane nemninga “isoleringssträfvanden”

¹⁰⁹ Samtidig meinte Olsson at det mest viktige var at “de största norska och danska författarne gått bort, utan att andra kommit i stället” (s. 131); for framtida ville det vere svensk som kom til å påverke danske og norske forfattarar, ikkje omvendt, meinte han.

¹¹⁰ Landsmålet hadde på denne tida ikkje oppnådd så sterk status, i alle fall ikkje i offisielle samanhengar, og vart heller ikkje nemnt i *Språk och stil*. Fornorskinga av dansken var heller ikkje komen så langt (det var fyrst etter rettskrivingsendringane av 1907 og 1917 ein tok til å omsetje bøker frå norsk riksmål til dansk og omvendt). Det var også i tida etter 1905 at dei store forlaga fekk norske eigarar.

gir. Det interessante er at ein i samtida tydelegvis såg koplinga mellom ein språkleg purisme imot dansk/norsk på den eine sida, og nasjonalistiske markeringar imot Noreg etter 1905 på den andre. Vi merker oss dessutan at ein på svensk hald hadde markeringstrong; ein ville ikkje gi for mykje etter for å oppnå forståing frå danskar og nordmenn. Key måtte òg forsvare bruken av danismar og norvagismar som alt eksisterte i svensk:

Stockholmstidningens antagande – att jag skulle menat att vi skandinaviserat svenskan för att göra oss lättare förstådda af norrmän och danskar – var emelertid ogrundad. Min mening var att vi hittills äfven med *fog* – och ej endast som ofog – i vårt språk brukat vissa norska och danska ord och att den nuvarande stämningen ej fick föranleda oss att tilbakavisa *alla* sådana lån, äfven när de visat sig betydelsesfulla för riktanden af vårt eget språk fenom betecknande ord, som vi sakna eller genom finare skiftningar af likbetydande ord. (s. 35.)

Ellen Key såg sjølv på unionsoppløysinga som eit vilkår for ekte samkjensle og samverke mellom svenskar og nordmenn (s. 32), og reagerte på at svenskane “surmular”: “Sverige borde dock ej likna ett barn, som – sedan det givit ett äpple ifrån sig – surmular i en vrå öfver sin egen ädelhet.” (S. 34.)

No er der neppe grunnlag for å seie at der er eit direkte samband mellom a) purisme imot dansk-norsk, b) oppfatninga av Danmark og Noreg som eitt kultur- og språkfelleskap og c) dei politiske vurderingane den svenske statsmakta eller svenskar generelt gjorde. På eit indirekte plan er sambanda likevel ikkje heilt urimelege ut frå den språklege posisjoneringa og språkhevdinga som elles tok form i Sverige på denne tida.¹¹¹ Her må vi òg trekkje inn andre sider ved språknasjonalismen og likeins markeringa overfor finsk, samisk og ulike heimlege minoritetsspråk.

6.3.7 Svensk nasjonsbygging

Frå dei forklåringane vi har nemnt ovanfor, skal vi gå litt nærmare inn på den nye nasjonsoppfatninga som utvikla seg i Sverige på 1800-talet, særleg etter 1809.

Språket kom til å spele ei viktig rolle i bygginga av den nye svenske nasjonalstaten. Det svenske nasjonsbyggingsprosjektet var omfattande, og fekk ikkje minst hjelp av svenske historikarar. Erik Gustav Geijer (1783–1847) og Martin Weibull (1835–1902) var gjennom sine historiske verk med på å etablere førestelling om at “det eigentlege Sverige” var identisk med dei nyare statsgrensene (dvs. utan

¹¹¹ I tillegg til dei faktorane som har med markering mot utanlandsk å gjere, kan ein òg sjå purismen mot danismar som ein lekk i spreinga av svensk standardspråk og tilsvarende undertrykking av vest-svenske og sør-svenske dialektar: Ved å kategorisere det som i realiteten var dialektale varietetar for “danism”, gav ein også slike varietetar mindre prestisje.

Finland, men i union med Noreg), jf. Erik Gustav Gjer i “Den skandinaviska halfön” i *Iduna* 1816 og Martin Weibull i “Geografisk öfversikt af det svenska väldet under senare hälften av 1600-tallet” (1906:370–84). Det faktum at Finland hadde vore ein viktig del av Sverige, vart meir eller mindre fortrent (jf. Engman 1991, Engman 1994, Østergård 1994). Historieframstillingar ville t.d. prove at når Skåne, Halland og Blekinge vart ein del av Sverige på slutten av 1600-talet, var dei ei “naturleg” integrering, og då passa ikkje Finland inn (Engman 1994). Uffe Østergård meiner at svenske historikarar gjekk endå lenger enn historikarane i grannelanda:

At identificere denne nye stat som det “egentlige Sverige” krævede en historiefortrængning, som var endnu mere massiv end i nabolandene. (Østergård 1994:26.)¹¹²

Finske historikarar har peikt på at “lilla bernadotteska Sverige” kan sjåast på som ein like ny skapnad som den finske staten (jf. Klinge 1983, Engman 1991:42). Uffe Østergård (1994:26) er av den same oppfatninga: “I realiteten opstod det moderne Sverige først mellem 1809 og 1814 og kan først endelig siges at være etableret med opløsningen af unionen med Norge i 1905.”

At historiske oppfatningar er omskiftelege, kom til uttrykk gjennom måten svenske historikarar handsama unionsstida på. Som Patrik Hall (2000) viser, var tendensen blant svenske historikarar i tida før 1905 at ein karakteriserte unionen mellom Noreg og Sverige som nødvendig: Tapet av Finland hadde klemt Sverige inn mellom Danmark og Russland, og Noreg vart dermed ein tryggingssgaranti, både for Sverige og for Skandinavia som heilskap. Dette synet kom til uttrykk mellom anna i *Lärobok i Sveriges, Norges och Danmarks Historia* (1869) av Clas Theodor Odhner, i “Sverige under partidhvarvet 1718–1809” (1879) av Rudolf Tengberg og Sj. Böethius, i “Sverige under den nyaste tiden 1809–1875” (1881) av Teofron Säve og i “Den Gustavianska Tiden 1772–1809” (1905) av Ludwig Stavenow (jf. Hall 2000:195).¹¹³ Etter 1905 vart tonen annleis. I Aron Rydfors sitt verk “Sveriges Historia 1859–1900” (1909), vart det sagt at Noreg berre var interessert i rettar, og ikkje pliktar i unionen, at Sverige heile tida hadde vore for ettergivande. Liknande tankar kom fram i fleire andre historieverk i åra etterpå (jf. Hall 2000:195).

På same tida skjedde andre endringar ved svensk nasjonalisme. Steffan Björck viser i *Heidenstam och sekelskiftets Sverige* frå 1946 at den dominerande svenske

¹¹² Her bør det tilføyast at ein i Finland har hatt same tendensane med fokus på finsk statshistorie og dernest på lokalhistorie, sosialhistorie etc. der ein i stor grad har fortrent den statlege fellesskapen med Sverige gjennom mange hundre år (jf. Engman 1991:44–46).

¹¹³ Dei tre sistnemnde bøkene var alle delar av det bandrike verket *Sveriges Historia inntil tjugonde seklet* (red. av Emil Hildebrand).

nasjonalismen på byrjinga av 1800-talet var knytt til staten, kongen, embetsstanden, og kom til uttrykk mellom anna gjennom historiske festar. Det var tale om det Björck kallar “offisiell patriotism”, og som svarar til den forma for nasjonalisme som Anthony D. Smith kallar byråkratisk inkorporeringsnasjonalisme. Utover på 1800-talet kom det òg i Sverige fram folkerørsler, men desse relaterte seg i mindre grad enn i Danmark til noko nasjonalt program (det gjeld t.d. fråhaldsrørsla og dei lågkyrkjelege foreiningane). Eit forsøk på ei anna form for nasjonalisme – politisk radikal med fokus på folket, ikkje kongen og embetsverket – kom Verner von Heidenstam med (jf. Björck 1946), men han lukkast ikkje, mykje på grunn av dei sosiale konfliktane vart så sterke. Medan Sverige – i motsetnad til Noreg, Danmark og Finland – ikkje hadde klare ytre fiendar, fekk indre sosiale motsetnader ein sterkare plass. Storstreiken i 1909 og den parlamentariske krisa i 1913–14 var med på å stadfeste biletet av svensk nasjonalisme som eit høgrefenomen.

Såleis er det framleis grunn til å meine at svensk nasjonalisme fram til byrjinga av 1900-talet var skapt ovanfrå. Fyrst på 1930-talet og utover kjem det folkelege engasjementet i svensk nasjonalisme klårt fram. Det var frå denne tida det “skapades vanor och rutiner som överskred sociala och regionala gränser,” skriv Orvar Löfgren (1993:58) i sin studie av svensk nasjonalisme. Den svenske nasjonaliteten som då kom fram, var i stor grad eit resultat av folkeleg engasjement nedanfrå.

6.3.7.1 Motstand imot finsk og samisk

I siste halvdel av 1800-talet sette den svenske staten i gang ein aktiv forsvenskingspolitikk overfor dei språklege minoritetane i nord, særleg tornedalsfinnar og samar (Wingstedt 1998:75). Vel var staten også tidlegare interessert i kontroll over dei perifere områda der ein tala samisk og finsk, men det viktigaste hadde vore at innbyggjarane heldt seg lojale til kyrkja og staten, betalte skatt og fylgde lovene – ikkje at dei brukte svensk språk (sst.). Derfor var det også lenge mogleg å bruke finsk som undervisningsspråk i folkeskular i Nord-Sverige. Det vart det slutt med frå 1880-åra og framover: Frå då av – og fram til 1960-talet – kom all undervisning på svensk; for elevane var det jamvel forbode å tale finsk (Hyltenstam 1999a: 99). Det vart gitt løns-tillegg til lærarar som var flinke til å få elevane til å tale svensk (Eriksen og Niemi 1981:86). I 1899 etablerte ein Tornedalens folkhögskola i Materengi (Övertorneå) mellom anna som “ett bålverk för svensk odling och kultur vid vår östra gräns” (sit. i Wingstedt 1998:69).

Denne forsvenskinga dreidde seg meir om tapping av funksjonar enn om purisme: Det var ikkje lån frå finsk og samisk ein ville luke vekk, men språka sjølve.¹¹⁴

Det var ei rad språkgrupper ein freista å forsvenske: samar, romani- og jiddisk-talanda etc. (jf. Hyltenstam 1999:11). Overfor samane kom Sverige til å føre både ein segregerande og ein assimilerande politikk: På den eine sida skulle ein late samar leve sine tradisjonelle liv, og dermed halde på sitt tradisjonelle språk. (Fleire meinte, i tråd med den rådande rasebiologiske ideologien, at samar ikkje var i stand til å tilpasse seg eit moderne samfunnsliv [Hyltenstam et al. 1999: 55].)¹¹⁵ På den andre sida skulle ein freiste å tilpasse samane til storsamfunnet og lære dei svensk i skulen (s. 65). Politikken overfor samane var altså tvtydig, men til liks med Hyltenstam et al. kan vi seie at både segregering og assimilering djupt sett går ut på det same: “att bevara homogeniteten i den dominerande delen av samhället är viktigt i båda fallen” (sst.). Når det gjeld språket åt tornedalsfinnane, er det hevda at også tilhøvet til Russland spela ei rolle. Sidan Finland var under russisk styre (frå 1809–1917), vart finnar sedde på som ein tryggingssrisiko (jf. Wingstedt 1998:76). I tillegg kom andre militære vurderingar, også overfor finsk nasjonalisme (Eriksen og Niemi 1981:86, 347f.). Omfanget av dei ulike tiltaka stadfestar inntrykket av at det var tale om ei meir allmenn språknasjonalistisk markering.

6.3.8 Det rasjonelle språkvårdsprinsippet

På eit gitt historisk tidspunkt er det ikkje berre éin idé eller ideologi som rår. Som regel sirkulerer fleire ideologiske diskursar ved sidan av kvarandre. Her kjem òg det “rasjonelle” språkvårdsprinsippet inn. For på om lag på same tida som det gjekk føre seg ein omfattande språkleg nasjonalisme overfor minoritetane, gjekk det språk-ideologiske hegemoniet i academia meir i retning av det som har vore kalla “rasjonelle” argument og prinsipp. (Andre nemningar er “den funktionella principen”, “ändamålsenlighetsprincipen” eller “den energetiska principen” [Teleman 1984:12].) Prinsippet finn vi mellom anna hos Hazelius (1874), men særleg hos Esaias Tegnér

¹¹⁴ Forsvenskingspolitikken galdt ikkje alle område. Kyrkja heldt på finsk og samisk, og det kom i 1902 krav om finskkunnskap for tilsetjing som prest (Eriksen og Niemi 1981:86). Heller ikkje i rettsvesenet og i offentleg tenesteyting var forsvenskinga gjennomført (sst.). Knut E. Eriksen og Einar Niemi har i *Den finske fare* (1981:347f.) hevda at forsvenskingspolitikken aldri vart så hard og omfattande som den politikken ein hadde i Noreg. På 1930-talet kom der dessutan ei oppmjuking.

¹¹⁵ Den rasebiologiske tenkinga kom òg til uttrykk gjennom dei antropologiske studiane av samar (med t.d. skallemålingar) på slutten av 1800-talet (jf. Hall 2000:224f.). Rasebiologiske synspunkt finn vi òg i forholdet til dei finsktalande: Det vart på slutten av 1800-talet peikt på at finnar og svenskar var av ulik rase, svenskar høyrde til den germanske, finnar til den slaviske (Wingstedt 1998:68). På 1900-talet vart Sverige eit føregangslan i rasehygienisk forskning. Det statlege Rasbiologiska institutet (skipa i 1921) kom med forskning som vekte internasjonal merksemd (Hall 2000:263), og der var semje i alle politiske parti om å satse på slik forskning (jf. s. 262).

d.y. og Adolf Noreen. Dei to sistnemnde fekk mykje å seie for svensk lingvistikk generelt, men kom òg med tankar om det reine språket og om språknormering.

Esaias Tegnér d.y. (1843–1928) sette sine prinsipielle tankar fram i *Om språk och nationalitet* (1874) og *Språkets makt över tanken* (1880). Der tok han eit oppgjer med den historisk-kulturelle språkvårdstradisjonen etter J. E. Rydqvist, og målbar i staden eit funksjonalistisk språksyn: Språket var skapt av menneska, og tente som ein reiskap for menneska: “Det tecken är det besta som bäst gör den talandes mening förstådd av den till vilken han talar.” Dette reiskapssynet gjorde at purisme ikkje var noko tenleg prinsipp: I fleire tilfelle kunne framandord vere meir allment kjende og lettare enn arveorda, meinte Tegnér.

Adolf Noreen (1854–1925) kom med prinsipielle synspunkt på kva som var godt språk i artikkelen *Om språkriktighet* (1885).¹¹⁶ Han avviste der bruken av historisitet og etymologi. Norma skulle ikkje søkjast i det døde skriftspråket, men i det levande talemålet. Noreen var då òg aktiv ortofonist – som fleire andre språkvitarar i samtida. Samstundes gjekk han imot usus-prinsippet. Det prinsippet førte nemleg til at fleirtalspråket alltid vart “det riktiga”, og at all språkending prinsipielt sett førte til “riktig” språk. I fylgje Noreen var der trong for nokre overordna ideal for korleis språkbruken skulle gå føre seg. Han stilte sjølv opp *det tydelege* og *det enkle* som mål. Språkbrukarane skulle få så mykje kommunikasjon som råd var ut frå den tida og dei kreftene ein brukte på å utforme språklege ytringar. Det fordra rasjonalitet og logikk (s. 144f.). Lånord var ikkje Noreen så redd for: “Vi ha icke för många lånord i svenskan – snarare för få” (s. 187). Dei gongane det oppstod problem ved lånord, var når lånord braut med funksjonelle mål for språkbruken.¹¹⁷ Noreen sette opp ti kjenne-teikn på dysfunksjonell språkbruk (s. 148f.):

- 1) mistydingar,
- 2) ord som ikkje kunne forståast (visse framandord),
- 3) ord som det var vanskeleg å forstå (visse framandord),
- 4) dårleg uttale,
- 5) uttrykk som innebar uttalevanskar (deriblant visse framandord),

¹¹⁶ Adolf Noreens artikkel finst i tysk omsetjing og bearbeiding av A. Johannson i *Indogermanische Forschungen I* (1891). I denne artikkelen vert det Noreen kallar det “rationella” standpunktet kalla for “die Zweckmässigkeitsstandpunkt”, som igjen på svensk kan kallast “ändamålsenlighetsståndpunkten”, ein term Noreen sjølv likte (jf. Noreen 1912:9). Her er det nytta den versjonen av *Om språkriktighet* som kom i *Spridda Studier I* i 1912.

¹¹⁷ Den sakkunnige domaren i korrekt og godt språk var, slik Noreen såg det, ikkje språkvitaren, men språkfilosofen og språkkunstnaren som “bättre än andra tänkt över språkets ideala uppgift och således vet, vad som bör göras” og “bättre än andra behandlat språket, förfärdigat uttryck för tanken och således vet, vad som kan göras med det förehandenvarande materialet, åt oss andra” (s.st.). Sjølv må Noreen ha sett på seg som språkfilosof. I alle fall var han aktivt med, mellom anna som leiar for Rättskrivningssällskapet frå 1885.

- 6) former som var vanskelege å hugse, pga. dei ikkje vekte assosiasjonar med andre kjende uttrykk,
- 8) for lange uttrykk (t.d. *beledsaga* for *ledsaga*),
- 9) pedantisk tydelegheit,
- 10) språkending som ikkje førte til kortare eller meir eksakt kunnskapsmeddeling.

Noreens purisme var altså ikkje basert på trongen til å markere svensk som nasjonalt symbol eller ut frå skandinavistiske tankar. Det var t.d. betre å låne tyske ord enn islandske ord, meinte Noreen, for islandsk låg språkstrukturelt fjernare frå svensk, og det kunne i sin tur skape fleire funksjonelle problem.

I artikkelen *Tala svenska – med svenskarna!* (1901:68) uttrykte Noreen skepsis til lånord som gjorde at det oppstod homonym for gode svenske uttrykk (sst.). Det var danske og dansk-norske ord Noreen åtvara imot, t.d. *utslag*, *utbyte*, *tränga til*, *styre*, *sans*, *rank*, *pröfva* etc (s. 69f.). At ein autoritet som Noreen gjorde det, vart sjølv sagt utnytta. Celander (1904:70) byrjar ein artikkel om danismar med å vise til Noreen.

I rettskrivingsspørsmålet hadde Noreen ein del andre standpunkt enn Tegnér: Tegnér var pragmatisk i høve til usus, og dessutan ikkje tilhengar av ortofoni; han meinte at det morfematiske prinsippet var viktigare, og fekk gjennomslag for det i SAOL (der han kom inn i redaksjonen i 1884). På eit djupare plan ligg der like fullt fellestrekk mellom Noreen og Tegnér, fyrst og fremst i idealane om rasjonalitet og funksjonalitet.

Når ein som Adolf Noreen la så stor vekt på det rasjonelle i språkutviklinga, er det nærliggjande å karakterisere honom som ein ikkje-nasjonalist. Det er likevel litt for enkelt. Det kom fram i 1893 då Noreen heldt ein tale ved sommarkurset på Uppala universitet. Der framheva han problemet med at så mange svenskar kjende seg utanfor den nasjonale fellesskapen. Her la Noreen til grunn ei fransk nasjonalismeforståing: Ein nasjon var ikkje bygd opp av språket, landområdet eller statsorganisasjon, men hadde eit åndeleg vesen – eit kollektivt minne, felles strev og tru. For å oppnå det, måtte ein vere åndeleg fri. Framleis levde mange i eit slaveri av ukunne. Nettopp gjennom opplysning kunne ein gjere folk frie, og få folk til å kjenne seg heime i Sverige. (Ref. etter *Sv. Läraretidning* 23. august 1893, her etter Björck 1946:221). (Noreen gjorde òg ein innsats som folkeopplysar med å redigere klassiske bøker for folket i serien *För skola och hem* og antologien *Svensk Vitterhet*.)

Når ein som Noreen og Tegnér la så stor vekt på “rasjonalitet”, låg det underforstått at reglar om “det korrekte” vart vektlagde. Det ser vi igjen i oppfatninga av språkvård uttrykt t.d. i SAOL:

[Språkvård=] strävanden avsedd(a) att få språkbrukarna att följa ss. riktiga ansedda språknormer (språkriktigheten) i ett (...) språk (gm. att t. ex. sprida språklig upplysning l. ange lämpliga språkmönster l. motarbeta språkstridiga företeelser.

Denne forståinga av språkvård finn vi også i fleire handbøker i korrekt språkbruk. Eit døme på det er Johan Palmérs bok *Språkutveckling och språkvård* (1943, 1962) der visse framandord vart avviste pga. forståingsproblem og funksjonelle komplikasjonar. (Palmérs bok skil seg noko ut ved å såpass tidleg leggje vekt på dei demokratiske problema som framandord kunne føre med seg.)¹¹⁸

Den rasjonelt orienterte språkvårdsideologien kan vi finne røter til hos rettskrivingsteoretikarane på 1700-talet, særleg Sven Hof (jf. Weiss 1999), men det var Noreen og Tegnér som for alvor gjorde ideologien til retningsgivande for svensk lingvistik og svensk språkvård, særleg i tida etter andre verdskrigen.

6.3.9 Ei kort oppsummering

Så langt har vi teke føre oss fleire aspekt ved svensk purismehistorie i høve til dei seks fyrste hypotesane for studien. Ei grundigare handsaming av hypotesane kjem i kapittel 9. Her skal vi gjere ei kort oppsummering:

1. Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av svensk

Vi finn tidlege spor etter purismen i svensk; det ser vi under bøyingstilpassinga av substantiv på 1500-talet, språkpatrisismen på 1600-talet, overgangen frå e-ending til a-ending i infinitiv av verb i kansellispråket på 1600-talet, og i ulike kanselliordningar med språkformuleringar. Gjennom rettskrivingsordskiftet på 1700-talet fekk ein diskutert og framført døme på nasjonal skrivemåte av utanlandske ord (t.d. hos Sven Hof), og Leopold gav i 1801 normative retningsliner for korleis dei ortografiske tilpassingane skulle skje. Den svenske purismen har ikkje hatt ein sterk intensitet, men viser seg under heile språkstandardiseringsperioden.

¹¹⁸ Palmérs bok var primært meint for skuleverket (her er utgåva frå 1962 nytta). Palmér viste til det funksjonelle språkvårdssynet åt Esaias Tegnér d.y., og stilte seg bak det (s. 6). Språket var for Palmér eit uttrykksmiddel, eit meddelingsmiddel og eit påverknadsmiddel. Oppgåva for språkvården “blir att utreda och ge anvisningar om hur språket bör vara beskaffat för att det bäst skall fylla sin uppgift” (s. 11).

Eitt kapittel handlar om “Behandling av främmande ord”, og her kom igjen det funksjonalistiske språksynet fram, men no var det kombinert med ynsket om demokratisk utjamning: Framande ord kunne i visse tilfelle halde oppe ei unødig språkløft mellom den høgare og lågare sosiale klassen, mellom dei som hadde kjennskap til dei store kulturspråka, og dei som ikkje hadde det. Her er Palmér puristisk: “Ord av denna typ bör icke upptagas i ett för hela folket avsett skriftspråk som normalprosan” (s. 170). Purismen gjeld t.d. *perfekt* (> *sticklåg*), *intentioner* (> *syftsmål*), *berika* (> *rikta*). I tillegg er der funksjonelle problem m.o.t. vulgæruttale, ordbøyning (t.d. gjennom fleirfaldig bøyning [*en el. ett psyke*] eller manglande svensk fleirtalsbøyning [t.d. *forwards*]). Palmér nemner puristiske nyord danna av heimleg språkstoff som ei løysing. Samtidig presiserer han at slike ord ikkje alltid er betre, og set krav om at dei må gi forenklingar.

Til slutt kjem Palmér inn på at språket nok kan sjåast på som ein kulturfaktor, ikkje berre eit kommunikasjonsmiddel. Det vert likevel ikkje i seg sjølv eit argument for purisme, for purismen kan etter hans syn skape “en nationell isolering” (s. 174).

2. Purismen i svensk byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk

Puritas-idealet kom til uttrykk hos språkpatriotar på 1600-talet; då var tilvising til klassisk tradisjon viktig for legitimiteten til svensk. Rettskrivingsteoretikarane på 1700-talet uttrykte dei retoriske ideala gjennom ynskemåla om *klarhet*, *tydlighet*, *wighet* og *korthet*. I skipinga av Svenska Akademien i 1786 kom dei klassiske ideala til synes, og vi finn att språkideala i Leopolds rettskriving av 1801.

3. Purismen har vore nært knytt til maktutøving i det svenske språksamfunnet.

4. Svensk språknasjonalisme er utvikla ovanfrå gjennom byråkratisk inkorporering.

5. Nasjonalismen er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purismen, men nasjonalismen har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka.

Utbygginga av eit svensk bibelspråk og forvaltingsspråk på 1500- og 1600-talet skjedde under sterk statleg styring, og kom i ein periode med statsvekst. Under göticismen kom det fleire skrifter som framstelte svensk språk som det eldste og mest verdige språket i verda. I samband med forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge på slutten av 1600-talet, gjekk det føre seg eit normpress.

Gjennom språkpolitikken og nasjonsbygginga som vart utført av den vitskaplege svenske staten, fell Sverige inn i Anthony D. Smith sin modell for byråkratisk inkorporeringsnasjonalisme. Svensk nasjonalisme kjem i stor grad ovanfrå, og heng saman med statleg maktpolitikk.

Der var såleis ein kontinuitet i svensk purisme og nasjonsbygging; nasjonalismen fekk gradvis ei form med sterk påverknad frå den svenske staten. Språkpolitikken som kom i den nasjonalistiske tidsbolken må sjåast som ei forlenging av den språkpolitikken som tidlegare hadde etablert seg. Også språkpolitikken på 1600- og 1700-talet hadde mange trekk som kan minne om nasjonalisme (jf. göticismen, forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge) hadde sterke nasjonalistiske trekk, men skilnaden som oppstod på 1800-talet var knytt til forsvenskinga av minoritetar. Purismen imot dansk-norsk på byrjinga av 1900-talet kan òg seiast å representere noko nytt – ein kulturnasjonalisme med ei nasjonsoppfatning som ikkje la så stor vekt på det territorielle og statspolitiske, men meir på etniske eigenskapar og kulturelle objekt. Samstundes var det ein kulturnasjonalisme som var nært knytt til statleg nasjonsbygging. Igjen er det tale om ein kontinuitet. Det er såleis ikkje heilt presist å seie at purismen fekk ei *særleg* kraft under nasjonalismen.

6. Purismen og mønster frå andre land

Göticismen og språkpatriotismen fell inn i eit felles europeisk mønster; tilsvarande statar kom med tilsvarande ytringar. Tysk purisme gav visse førebilete også i Sverige. I tillegg hadde Frankrike ein påverknad, uttrykt gjennom Svenska Akademien. Den danske purismen frå Sven Clausen fekk noko å seie for den nordistiske orienteringa i etterkrigstida.

6.4 Purisme imot engelsk etter 1945

6.4.1 Utgangspunktet

Der var i det svenske språksamfunnet lite merksemd og interesse for engelskpåverknad i tida før 1945. Anglismane i skrift var fåe, og engelsk spela ikkje den viktige rolla som framandspråk i skulen; for eliten var tysk språk mest viktig. No var engelsk ikkje heilt uviktig i ikkje-elitære krinsar, og ein kan hypotetisk tenkje seg ein sterkare engelskpåverknad frå USA: USA fekk fra kring 1900 og framover ein stendig viktigare posisjon, ikkje berre på grunn av utvandringa, men òg på grunn av amerikanske impulsar i masserørsler som fråhaldsrørsla og misjonsforeiningar (jf. Hasselmo 1974:25). Der er likevel fåe spor av engelske lån i dei skriftlege kjeldene på denne tida, og språkvårdarar og språkvitarar var med fåe unntak lite opptekne av slike (jf. Ljung 1988:17). Av spreidde bidrag kan nemnast ei viss interesse for anglisismar i amerikavensk. Adolf Noreen (1903:97) skreiv:

Äfven bland svenskarna i Amerikas förenta stater håller nu på att utbilda sig en afvikande form af svenska, hvilken möjligen en gång i tiden kan komma att kräva erkännande såsom en tredje själfständigt berättigad riksspråksform vid sidan af de båda redan nämnde. Denna amerikanska svenska utmärker sig framför allt genom sina talrika lån från engelskan ('anglicismer') [...].

Noreens utsegner vart kritiserte av E.T. Skarstedt i ein tidsskriftsartikkel i 1917: "Att man upptager enstaka främmande ord, i synnerhet sådana, som icke äga någon fullkomlig motsvarighet i eget språk, gör icke språket till ett nytt språk".¹¹⁹ Skarstedt viste til at det fanst fleire utanlandske og jamvel engelske ord i svensk, særleg sportstermar. Også andre som heldt til i USA peikte på engelske lånord i svensk: I ein artikkel frå 1904 er det nemnt *flirta, starta, träna, cyckla* (Hasselmo 1974:103); ein annan meinte at anglismane i Amerika-svensk ikkje var verre enn "gallicismerna och germanismerna" hos forfattarar i Sverige. Heime i Sverige let ein seg derimot ikkje affisere av slikt – ein var ikkje så oppteken av anglisismar.

Det kom gradvis til å endre seg i etterkrigstida. Vi skal her fylgje utviklinga av etterkrigspuristiske innslag overfor engelsk kronologisk.

¹¹⁹ E. T. Skarstedt, Det så kallade svensk-amerikanska språket, i *Svensk-amerikanska folket i helg och söcken*, Stockholm. Her sit. etter Hasselmo 1974:103.

6.4.2 Den offisielle normeringa

Merksemda dei fyrste tiåra etter 1945 var ikkje retta imot anglisismar. Det vil likevel ikkje seie at ein var uinteressert i lånord. Alt i 1942, under ein førebuande konferanse om oppretting av ei språknemnd, vart “behandling av främmande ord” nemnt som ei av fem “särskilt betydelsesfulla” oppgåver (Hänninger 1969:4). K. G. Ljunggren ville i definisjonen av ‘språkvård’ i *Svensk Uppslagsbok* (2. opplag 1953) “särskilt framhålla strävandena att utrensa eller undvika främmande ord” og “hindra eller motverka danskans, norskans och svenskans fortsatta splittring” (sit. etter Molde 1967:3). I eit historisk tilbakeblikk i *Språkvård* 1/1969, skriv Bertil Molde at handteringa av framande ord har vore ei av dei mest prioriterte oppgåvene for nemnda. Ideala har vore anten å tilpasse framandorda svensk skrivemåte og bøyning, eller å utvikle avløyssarord. Molde må medgi at “möjligheterna att göra verkligt betydelsesfulla insatser på dette område har oftast varit alltför små” (s. 5). Men der var ein puristisk tenden, mellom anna uttrykt ved at SAOL var restriktiv med inntak, og likeins fylgde ein nasjonaliserande praksis i skrivemåte og bøyning av lånord (jf. underpkt. om ortografisk og morfologisk purisme).

På 1950-talet tok ein del svenske språkvitarar og språkvårdarar til å interessere seg for det dei meinte var problematiske sider ved anglisismar i svensk. I 1955 skreiv Elias Wessén (1956:19) at engelskpåverknaden førte med seg nye utfordringar. Svensk var i fylgje Wessén det språket som hadde vore mest prinsippfast i å tilpasse lånord til heimleg ortografi, men ein hadde ikkje strategiar for å takle engelske lån. (Jf. 6.5.2.)

Nordisme

På 1950-talet var ein i Nämnden för svensk språkvård særleg oppteken av at eventuelle tilpassingar skulle skje etter eit nordisk samarbeid. Ein var usamd med redaktøren av SAOL 9 (1950) som reint prinsipielt argumenterte for ei meir fonetisk rettskriving (Bergman 1954:11). På 1940-talet var òg purismen imot dansk-norsk borte. I staden rådde det ein *nordistisk* ideologi, og han stod sterkt dei fyrste tiåra etter 1945 – ved sida av det meir “rasjonelle” språkvårdsprinsippet.

Nordismen kom til å stå særleg sterkt i Nämnden for svensk språkvård, som vart skipa i 1944, og kom der til uttrykk ikkje berre gjennom føremålsparagrafen, men òg i praksis. Protokollane viser at i svar på språkspørsmål er det ofte vist til nordiske omsyn (Loman 1982:60). Ein såg dessutan meir positivt på lån frå dei nordiske språka enn frå andre språk (sst.). Tidlegare minusord som “danism”, “norvagism” og “svecism” vart tona ned til fordel for meir nøytrale nemningar som “danska ord”, “norska ord” etc. Det er kanskje ikkje tilfeldig at det fyrste skriftet som den svenske språknemnda gav ut, Carl Sigfrid Lindstams *Nordisk rättstavning. En utredning och ett*

program (1946), hadde utopiske tankar om ei fellesnordisk rettskriving. Språknemnda deltok elles med liv og lyst i arbeidet for å lage felles nordiske termar for flyfart, post, turisme, meteorologi og televerksemd. Det kunne jamvel skje at ein etablert svensk term vart avløyst av ein fellesskandinavisk; i 1955 gjekk svensk vervarslingsteneste over frå *kultje* til å tale om *kuling* (Grünbaum 1979:69). Kanskje ikkje den store overgangen, men han vitnar om ei ganske anna haldning enn den som rådde kring hundreårsskiftet. På slutten av 1960-talet var det òg i Sverige ein var mest positiv til å intensivere det nordiske språksamarbeidet, mellom anna ved å opprette ei nordisk språknemnd (Sudmann 1970:103).

Nordismen i Sverige hadde fått påverknad frå Danmark gjennom Sven Clausen og Dansk forening til nordisk sprogrøgt (Nissen 1943:6). Sverige var no ferdig med den mest intense nasjonsbyggingsperioden, og hadde dessutan kome over den tidlegare underordna økonomiske posisjonen i forhold til Danmark. Det framstod ikkje som så nødvendig å markere svensk nasjonalitet i høve til dansk. Dessutan kom der ikkje lenger særleg med ord frå dansk og dansk-norsk.

Karl Gustav Ljunggren (1906–1967) kan her nyttast som eit utgangspunkt. Han var professor i svensk språk, og stod sentralt i Nämnden för svensk språkvård (leiar frå 1944 og viseordførar frå 1953 til 1967). Han forfatta òg fleire prinsippartiklar om normeringsspørsmål: I boka *Språkvård och språkforskning* (1946) er fleire artiklar samla, mellom anna “Språkvård och språkforskning”, “De främmande orden i svenskan” og “Nordisk språkvård”, titlar som er symptomatiske for interessefeltet. I *Svensk uppslagsbok* (andre opplaget, 1953) kom Ljunggren med ein autoritativ definisjon av ‘språkvård’ der idealet om “det reine” stod sentralt:

Språkvård, sammanfattande benämning på all systematisk eller åtminsto medveten strävan att göra ett levande språk i något avseende bättre, riktigare, ‘renare’, mera uttrycksfullt, mera lättläst o. s. v. eller att skydda det för nyheter, som icke anses önskvärda. (Sit. etter Molde 1967:3.)

Dersom lånord streid imot ynsket om å halde språket betre, riktigare, reinare, meir uttrykksfullt og meir lettlese, burde dei unngåast.

Ljunggren er av etterfylgjaren Carl-Ivar Ståhle (1965) kalla talsmann for det “kodeorienterte” normeringssynet. Han knytte ikkje språkvård til andre verdiar og funksjonar enn språket i seg sjølv og at det skulle henge saman (pluss at teksten skulle vere lett å lese). Denne karakteristikken er kanskje ikkje heilt rettferdig når ein tek omsyn til det sterke nordiske engasjementet. Men også i nordismen var fokuset på språkkoden – at dei ikkje skulle skilje seg frå kvarandre – og ikkje på språkbrukarane

eller dei ideologiske aspekta ved språkforståing, nordisk språkfelleskap etc.). I så måte var normeringssynet – og purismen – norensk.

6.4.3 Erik Wellander

Erik Wellander (1884–1977) står bak den viktigaste handboka i praktisk og korrekt svensk språkbruk, *Riktig svenska*. Boka kom ut fyrste gongen i 1939, vart tidleg ein suksess, og er seinare gitt ut i mange nye opplag og omarbeidde utgåver (den siste kom ut i 1973).¹²⁰ Boka danna også mønster for andre språkvårdsbøker (jf. Palmer 1962:5), og er ofte referert til (jf. Clausén 1983, Westman 1990, Teleman 1991:15f, Widmark 1992:7f.).¹²¹ Wellanders bok kan såleis nyttast som spegel for viktige sider ved korrektheits-oppfatninga i svensk språknormering og språkleg rettleiing i etterkrigstida.

Wellanders ideal er eit svensk språk utan uklåre ord og uttrykk, utan ein kronglete kansellistil, utan for lange konstruksjonar og utan ord som ikkje høyrer svensk til. I den delen av *Riktiga svenska* som heiter “Allmänna riktlinjer”, formulerte han fire hovudprinsipp: *Skriv klart, Skriv enkelt, Skriv kort, Skriv svenska*. Dei tre fyrste av prinsippa ligg nær opp til den funksjonalistiske språkvårds-tradisjonen etter Tegnér og Noreen, men peikar òg framover mot ein seinare fase, “mottakarfokuseringa” hos Molde, Ståhle m.fl. (jf. nedanfor).

Framandord vert nemnde alt i samanheng med dei tre fyrste prinsippa: Det kan vere klårare, enklare og kortare med svenske enn med framande ord. I *Skriv svenska*-kapitlet handsamar Wellander “lånade ord” meir inngåande. Problemet er ikkje det han kallar sitatord eller lånord, men framandord; dei har ein uttale, ein ortografi, ei bøyning og ei tyding som ikkje er tilpassa svensk. Dermed gjer språkbrukaren lett feil, t.d. skal det vere 52 ulike måtar å stave *pension* på (s. 83). Løysinga ligg her ikkje i å forsvenske skrivemåten ved t.d. forma *pangsjon* – “sådana halvt eller helt försvenskade stavningar erbjuder både för utlänningar och för språkkunniga svenskar en föga tilltalande syn” (s. 84). Då burde ein heller finne eit anna ord (sst.). Her bryt altså Wellander noko med Leopolds ortofoneringsprinsipp.

Wellander viste særleg til dei engelske låna: “Framför allt är det nu ur de engelsktalande folkens ordförråd som vi nu lånar, ohejdat.” (s. 80.) I tillegg til vanskane desse skapte for uttale og staving nemnde Wellander ei rad andre problem:

¹²⁰ Wellander gir lesaren bastante tilrådingar om rett språkbruk, ofte på ein ironisk og kanskje litt nedlatande måte. Mønsteret skal vere den tyske språkrøktstradisjonen der ein hadde verk som Theodor Matthias *Sprachleben und Sprachschäden* og Gustav Wustmanns *Sprachdummheiten* (Teleman 1984:5).

¹²¹ Ambisjonane er store: På over 800 sider vert både stilbruk, syntaks, ordbruk, stavingsreglar, bøyning og ordlaging handsama. 4. utgåva frå 1973 er rett nok på berre 293 sider (før stikkordregister etc.), men der er sidene tospalta, og utgåva har i realiteten med mykje av det same som tidlegare utgåver.

- genustildeling (t.d. for ord som *city*)
- bruk av bestemt form fleirtal (*kvantumet, kvantet* eller *kvantat*?)
- fleirtalsform av substantiv (t.d. fleirtals-s)
- bøyning av lånte adjektiv (kva heiter t.d. *top-less servitris* i fleirtal?)
- ordlagning (ved kvart nytt lånord som kom inn i svensk, var der eitt felt der svensk ikkje utvikla dei eigne tilgangane [s. 85])
- problematiske synonym der svensk alt hadde det Wellander meiner er fullgode uttrykk

Wellander kjem òg inn på dei positive sidene ved språklån: For å skildre fenomen frå andre land og kulturar, er dei i visse tilfelle nødvendige. I den omarbeidde utgåva av *Riktig svenska* frå 1973 har Wellander eit tillegg i kapitlet *Skriv svenska*, og der kjem han med modifiseringar: Han er ikkje lenger så bastant imot framandord innanfor teknikk og vitskap. I allmennspråket bør derimot framandord framleis unngåast. Likeins bør ein passe på å anten bruke den framande bøyinga konsekvent, eller gjere ei konsekvent tilpassing til svensk:

Skola de främmande orden överhuvud användas, böra de antingen få den riktiga engelska pluralformen eller ock, hellre, utrustas med svensk pluraländelse: keepar (jfr gearpar), jumprar (jfr humrar, tippär). (S. 172.)

Wellander er inne på dei sosiale problema lånord kan føre med seg, men då ut frå eit elitistisk utgangspunkt: Ved å bruke lånord på ein feil måte, kunne dei som var “obevandrade” i framande språk lett skjemme seg ut, og verte avslørte som mindre danna (jf. s. 85, 172). Her kjem mottakargruppa for boka fram: Som Ulf Teleman (1991:15) har peikt på, var *Riktig svenska* skriven på ei tid då det svenske borgarskapet framleis var avgrensa frå resten av folket gjennom utdanning, etikettar, kulturell smak etc. *Riktig svenska* gav då retningsliner for ikkje å snuble i dei språksosiale etikettane som hørde “borgerligheten” til. Slike retningsliner var naturlegvis òg viktige for den sosiale oppkomlingen som ikkje hadde blitt sosialisert inn i det gode selskapet frå barnsbein av. På same tid kunne fokuseringa på det korrekte også vere ein effektiv måte å halde oppkomlingar ute av det gode selskapet på.¹²²

¹²² Erik Wellander skreiv fleire artiklar om språkvård i *Svenska Dagbladet*. Eit utval er prenta i artikkelsamlinga *Språk och språkvård* (Wellander 1964). Wellander diskuterte Noreens ideal om “rasjonell” språkvård, og meinte at Noreen vart for diffus når han tala om språkfilosofen som rettleiar i språkvården (s. 103). Det var i staden trong for at språkvitaren engasjerte seg, og at det vart oppretta eit offentleg språkvårdsorgan (s. 104). I synet på framandord braut ikkje Wellander med “Noreen-paradigmet: Som hos Noreen var det funksjonaliteten som stod i fokus. Wellander la derimot meir vekt på autoritetsprinsippet og på usus innanfor den dominerande samfunnsgruppa.

6.4.4 1960-talet og den mottakarorienterte normeringa

I 1959 heldt litteraturvitaren Frederik Böök ein tale i Svenska Akademien der han gav uttrykk for at den viktigaste oppgåva i svensk språkvård framover ville vere å stå imot “anstormningen” av anglosaksiske “barbarismer” (Söderberg 1983:9). Böök sin tale er karakterisert som eit vendepunkt (sst.): Det var fyrste gongen spørsmålet om engelsk-påverknad kom opp i eit så viktig forum utanfor den språkvitskaplege og filologiske krinsen. På byrjinga av 1960-talet kom det i gang eit visst ordskifte om engelsk-påverknad på grunnlag av ein artikkel i *Industria* i 1960 om “den slappa svengelska” (sst.). Det året kom der òg åtvaringar imot engelsk-påverknad i lesarbrevspaltene til *Svenska Dagbladet*; også språkspalta i avisa handsama engelskspørsmålet fleire gonger (sst.). Ordskiftet var ikkje særleg omfattande, men berre det at det hadde funne stad, var noko nytt. At der kom reaksjonar imot engelsk heng saman med at lånomfanget hadde auka. Likevel var låna frå engelsk framleis avgrensa på 1960-talet, og ein kunne i stor grad kjenne dei att som sitatord (Jämtelid 1996:28).

Nämnden för svensk språkvård var i 1963 med i ei samarbeidsnemnd med dei to andre skandinaviske språknemndene, der ein tok opp spørsmålet om engelsk-amerikanske lånord. Nemnda hadde fleire møte i 1963 og 1964, og hadde planar om å gjere granskingar av faktisk engelsk-påverknad (Årsmelding Norsk språknemnd 1963:22; 1964:28). I tillegg deltok nemnda i ordskiftet om nordiske tilpassingsstrategiar for engelske lånord (jf. underpkt. om ortografisk purisme).

I fylgje Barbro Söderberg (1983:10) var det på 1960-talet to måtar ein kunne forhalde seg til engelske lånord på i språkvården. Anten skulle ein bruke den engelske forma *korrekt*, dvs. uttale, skrive og bøye ordet etter engelske reglar, som sitatord, slik Wellander føreskreiv. Eller så skulle ein bruke ei tilpassa form med svensk bøyingsmønster og etter svenske reglar for ortografi. Dersom ein ikkje kunne få til ei av desse løysingane, burde ein unngå lånordet. Det var, slik Söderberg ser, *språkbrukaren* og ikkje norma som var problemet (sst.). Denne måten å forhalde seg til engelske lånord på, var ikkje fastsett i rettskrivingsreglar, men Söderberg tolkar det som kom fram i råd og rettleiing frå språklege autoritetar slik

Svenske språkvårdarar oppfatta seg på 1960-talet som representantar for ei nyorientering. Professor Carl Ivar Ståhle (f. 1913) er eit døme på det; han var framstående i Nämnden för svensk språkvård, og definerte sitt normeringssyn i høve til forgjengaren K. G. Ljunggren (jf. ovanfor). Ståhle (1965) sette opp *språkbruken* som det viktigaste momentet. Språkvårdsnemnda skulle vere ein “vardagsredskap”, og gi råd på grunnlag av “de allmänt gällande normer”, slik at språket framstod som “en pålitlig, diskret tjänare”. Folk skulle kunne “använda språket så, att man enbart lyssnar til vad han säger utan att störas av hur man säger det”. Det var særleg ei side ved

språkbruken Ståhle konsentrerte seg om: Korleis kan ein mest effektivt og smertefritt overføre informasjon?¹²³ Ståhle ville derfor “varna för sådant som man kan förutse kommer att skapa oklarhet och besvär, hemma vår uttrycksförmåga, försvar kontakten mellan samhällsmedlemmar” (s. 5). Berre i ein slik samanheng kunne puristisk motstand imot framande ordformer kome inn. I artikkelen “De främmande orden och den svenska ordbildningen” (1961) er Ståhle særleg oppteken av “de främmande orden som nu strömmar över oss från det anglosaxiska språkområdet, framför allt Amerika.” (S. 65.) Skall ein godtake anglisismar, må dei vere betre og meir funksjonsdyktige enn ord som kan dannast av svensk språkmateriale. Det gjeld ord som *biff*, *tunnel*, *strejk* og *film* (sst.). Derimot er engelske ord som endar på *-er* unyttige og uheldige, mellom anna fordi dei vert vanskelege å bøye i fleirtal: “Hur skall man t.ex. bilda pluralis till *trailer*? *Trailrar*, *trailers* (med en svensk deklination på *-s*?) eller *trailer* (oböjt)?” (S. 67.)

Vi kjenner her att den norenske rasjonalismen og funksjonalismen. Likeins finn vi dei retoriske ideala perspicuitas (klårleik og eintydigheit) og aptum (vere føremålstentleg til situasjonen), legitimerte på grunnlag av ratio og analogiprinsippet. Vi finn òg att tankane frå rettskrivingsteoretikarane på 1700-talet. Ideala til Ståhle var *enkelhet*, *klarhet*, *vighet* og *precision*, og desse svara i stor grad til 1700-talsideala om *klarhet*, *tydlighet*, *wighet* og *korthet* (jf. kap. 6.3.5). Ståhle uttrykte dei same tankane i eit foredrag halde på årsmøtet for Nämnden för svensk språkvård i 1974 (prenta i *Språkvård* 2, 1974). Språksynet er prega av den lineære overføringsmodellen – av effektivitet, fornuft og klår språkføring. *Språkbrukaren* ser vi derimot lite av hos Ståhle.

Eit tilsvarande positivistisk normeringssyn finn vi hos ein annan autoritet i svensk normering, Bertil Molde (1971:2f.), mangeårig redaktør av *Språkvård*. I ein artikkel i *Språkvård* 4, 1971 sette Molde opp omsynet til mottakaren som det viktigaste.¹²⁴ Molde kunne vise til at ved Institutet för svensk språkvård¹²⁵ var halvparten av den

¹²³ Det kom også til uttrykk i definisjonen av språkvård som Ståhle gav på vegner av nemnda:

Med ‘vård’ menar nämnden framför allt ‘omsorg’ i betydelsen aktiv verksamhet att främja det svenska språkets livskraft och uttryckesrikdom. Den strävar att bevara allt vad som i det ärvda språket tjänar till att rikt, rent och skarpt uttrycka tankar och känslor, men släpper gärna det likgiltiga, det oviga och onödigt skrymmande, det som blott har ett formellt egenvärde utan att svara mot något uttrycksbehov. Samma hållning vill den inta mot det dagliga nyskapande, vilket – nu som alltid hittills i det svenska språkets historia – innehåller värdefulla nyheter ved sidan av värdelösa eller direkt skadliga: den vil ta vara på allt som tjänar enkelhet, klarhet, vighet och precision och som över huvud berikar våra uttrycksmöjligheter, men vill varna för sådant som man kan förutse kommer att skapa oklarhet och besvär, hemma vår uttrycksförmåga, försvara kontakten mellan samhällsmedlemmar. (Ståhle 1965:5.)

¹²⁴ Også Molde framheva sitt syn som noko nytt, og definerte det i opposisjon til Ljunggren sitt systemperspektiv: Det var ikkje nok med språksystemet, ein måtte også fokusere på språkbruken.

¹²⁵ Institutet för svensk språkvård var sekretariatet for Nämnden för svensk språkvård (forløparen for Svenska språknämnden).

rådgivande verksemda knytt til spørsmål om språket i funksjon (sst.). I ein artikkel frå 1979 la han til sju underprinsipp til mottakarprinsippet: “1) maksimal forståelighet, 2) störningsfrihet, 3) hänsyn til språksystemet, 4) hänsyn til det faktiska, allmänt godtagna språkbruket, 5) tolerans, 6) rationalitets- eller effektivitetsprinciplen, 7) ekonomiprinciplen” (Molde 1979:19f.). Molde spekulerte på kva som kunne vere statsmaktene sine motiv for å støtte opp om språkvård. Han var overtydd om at det neppe var den sosiale innsatsen for medborgarane som vog tyngst: Det mest viktige var nok ynsket om at samfunnet skulle henge saman:

Språkvård kan då ur statens synpunkt betraktas som ett av flera viktiga smörjmedel som bidrar till att samhällsmaskineriet i vidaste mening fungerar så friktionsfritt som möjligt. Jag är benägen som språkman och språkvårdare i just detta se det viktigaste praktiska motivet för språkvård. (S. 18.)

Og for Molde var det greitt nok. At samfunnet hang saman, var godt for samfunnsborgarane. Til eit slikt nyttig føremål kunne språkvitarane gjere ein innsats gjennom språkvården. Dette harmoniserande og positivistiske språkvårdsidealet passa med den allmenne ideologiske utviklinga i samfunnet med vektlegging av fornuft og samarbeid (jf. Telemann 1984:12). Ut frå denne sjølvforståinga vart ein purisme basert på symbolfunksjon og affektive verdiar noko negativt. Eventuell motstand overfor lånord måtte legitimerast innanfor eit fornuftsparadigme, dvs. på grunn av problem med forståing, indre systematikk etc.

Samtidig som det blant svenske språkvårdarar rådde eit harmoniserande syn på Sverige som eittspråkleg land, var der på 1960-talet somme som byrja å diskutere det faktum at Sverige i løpet av dei siste tiåra hadde fått fleire hundre tusen innvandrarak med eit anna morsmål enn svensk (jf. Wingsted 1998). Likeins ser vi meir interesse for dei gamle heimespråka finsk og samisk: Det hadde vorte slutt på forbodet mot å tale finsk i skulen.¹²⁶ Dessutan kom det i gang granskningar av bruken av tornedalsfinsk, mellom anna den klassiske (og kontroversielle) studien gjord av N. E. Hansegård, *Tvåspråkighet eller halvspråkighet?*(1968.)

6.4.5 1970-talet og demokratismen

1970-talet var tiåret då Sverige kom ut av det Ulf Telemann (1984) har kalla den språksosiologiske uskulda. Då vart det òg fremja eit språkvårdssyn som la større vekt på demokratiske argument. Tidstypisk er måten redaktøren av SAOL 10 (1973), Gösta

¹²⁶ Forbodet mot å tale finsk i skulen vart fjerna i 1958. Men det viste seg at i praksis var der ein del skular som ikkje fylgde det nye reglementet (Wingstedt 1998:72).

Mattsson, formulerte seg i ein artikkel om prinsippa for ordlista: “De växande kraven på insyn och den allmänna misstron mot makthavare kan göra en något närmare redovisning för den nya upplagans tillkomst påkallad” (Mattsson 1974:57). Også styresmaktene såg det som viktig å nytte språkvården som lekk i demokratiseringa. Såleis kom det på 1970-talet i gang eit statleg program for å forenkla det offentlege språket – ein purisme overfor kansellistilen. Programmet har òg fått plass i svensk forvaltningslov; i §7 heiter det: “Myndigheterna skal sträva efter att uttrycka sig lättbegripligt”.

Ein av dei som var involverte i Svenska språknämnden på 1970-talet, Karl-Hampus Dahlstedt (f. 1917) (1977:14) såg på språkvård som ein del av samfunnsplanlegginga. Skulle så språkvården verke i harmoni med det dominerande samfunnsynet, måtte han vere demokratisk. I fylgje Dahlstedt var det eit demokratisk mål at språket verka som kommunikasjonsmiddel for så mange som råd var. Derfor burde ein t.d. arbeide for å gjere rettskrivinga konsekvent og lettlært. Lånord var uheldige dersom dei var ugjennomsiktige:

Den demokratiska språkvården måste därför sträva efter 1) en konsekvent och lättlärd stavning, 2) semantisk genomskinlighet hos mindre vanliga ord (hellre *årtionde* enn *decennium*, 3) en god förbindelse mellan fackspråk och allmänspråk [...], 4) öppenhet och enkelhet i myndigheternas språk [...], 5) styrning och sällning av informationsöverflödet som förvirrar och dövar den enskildes uppmärksamhet (en kontroversiell punkt!), och 6) undvikande av negativt värdeladdade ord och uttryck som förringar vissa samhällsgrupper. (S. 15.)

Tanken om språkleg *forenkling* som demokratiserande var i og for seg ikkje ny. Vi finn han i det noreenske prinsippet om språkleg effektivitet og hos Palmér (1943, 1962). Men på 1970-talet vart det demokratiske omsynet like fullt meir framheva.

Også i *engelskpurismen* verka demokratiomsynet, fyrst og fremst gjennom handteringa av fleirtals-s. Når ein i SAOL 10 (1973) hadde teke bort dei fleste av formene med fleirtals-s, og avløyst dei med svenske bøyingsformer, skjedde det truleg ut frå tanken om at det for folk flest var enklare – og dermed meir demokratisk – å handsame ord med svensk bøying (Söderberg 1983:10). Ei anna side ved demokratiomsynet kunne derimot leie i motsett retning. Det var tilfellet når ein tok sterkare omsyn til usus som i *Bonniers svenska ordbok* (1980; då kom det til uttrykk ei meir liberal haldning både til inntaket av engelske lånord, til skrivemåten av dei, og til bøyinga med fleirtals-s (jf. underpunktet om morfologisk purisme).

Spørsmålet om engelskpåverknad dominerte ikkje språkvårdsdebatten på 1970-talet. Når ein går gjennom *Språkvård* frå tiåret, ser vi at det er andre språkemne ein er meir oppteken av (t.d. forståeleg språk). Ei viss interesse for engelskpåverknad var der likevel. I fylgje svaret i spørjespalta i *Språkvård* 3/78, s. 31, var t.d. *kancellera* “ett

helt överflödigt lånord från engelskan”. Om dei som brukte ordet, heitte det at dei anten “har en osäker svensk språkkänsla” eller “tror att det är fint att svänga sig med främmande ord som inte vem som helst förstår” (sst.). Slike moraliserande karakteriseringar er likevel ikkje dominerande på 1970-talet.

6.4.6 1980-talet og meir merksemd på engelsk

På 1980-talet kom det demokratiske omsynet framleis til å stå sterkt i språkvårdsretorikken. Meir påfallande er det at ein i språkdebatten sette eit sterkare fokus på påverknaden frå engelsk. Sverige var det fyrste nordiske landet som sette i gang eit større forskingsprosjekt om engelskpåverknad, *Engelskan i Sverige*, leidd av Magnus Ljung, med start i 1981. Også som normeringsproblem vart engelskpåverknaden teken opp. Det skjedde mellom anna gjennom gjennom konferansen “Engelska i svenskan som språkvårdsproblem”, arrangert i 1985 av Språkvårdsgruppen. (Føredraga er prenta i *Språkvård* 1/1986.) Konferansen tok opp tre spørsmål: “Hur ser det ut? Hur vill vi ha det? Vad kan vi göra?” (jf. s. 2).

Det fyrste spørsmålet vart handsama av lingvistar som nyleg hadde forska på engelskpåverknaden, mellom andre Magnus Ljung og Martin Gellerstam (jf. kp. 4).

Det andre spørsmålet, “Hur vill vi ha det?”, vart handsama av språkkonsulentar. Ein av desse, Catharina Grünbaum frå Svenska språknämnden, tok utgangspunkt i at den svenske språkvården ikkje hadde ei generelt negativ haldning til lånord, “utan behandlar de utifrån kommande orden från fall til fall” (s. 25). Grünbaum sette opp fire kriterium for korleis ein burde handsame orda:

1. “*ett lånord skall fylla ett behov i språket.*” Det vil seie at ein ikkje skal bruke *backgammon* når ein har *brädspel*, men gjerne *tape* når ein ikkje har uttrykket frå før av.

2. “*Orden skal passa inn i det svenska ljudsystemet.*” Derfor passar ikkje *approach* og *hearing*, medan *tejp* og *sprej* gjer det.

3. “*Orden skall också gå att anpassa till det svenska böjningssystemet.*” Derfor passar ikkje fleirtals-s av substantiv; det gjer heller ikkje forma *mobbing*, pga. at ein i svensk tradisjonelt berre har *-ing* etter verbstamme på *r* (derimot går forma *mobbing an*).

4. “*Orden skall helst gå att ge en stavning som svarar mot det svenska uttalet.*” Såleis går skrivemåtane *tejp* og *tajma*, men ikkje *tape* og *time*. Ord som er vanskelege å tilpasse, bør heller avløysast, t.d. kan *franchising* avløysast av *försäljarrätt*.

Grünbaum presiserte at desse fire kriteria ikkje var absolutte, t.d. kunne ikkje *soul* automatisk avløysast av *själ*. Det var heller tale om retningsliner som måtte vurderast

etter funksjonalitet: “Slutsatsen blir att avgörandet när vi skall bedöma nya ord inte är avhengigt av om de är lånade eller inte, utan om de är funktionsdugliga eller ej.” (sst.). Funksjonalitetsargumentet var også til stades ved åtvaringa mot lånord i form av abstraktum – slike lån er ofte ikkje gjennomsiktige, og derfor ville det vere betre med t.d. *återskapa* enn *rekonfigerera*.

Det tredje spørsmålet, “Vad kan vi göra?”, vart under ordsiftet kommentert av representantar frå Svenska språknämnden, Skolöverstyrelsen og nordiskfaget ved universitetet. Steffan Hellberg, dosent i nordisk språkvitskap, meinte det fanst ein ubrotten puristisk tradisjon frå 1600-talet, “en mycket djupt rotad föreställning om att det inte är fint med för mycket främmande ord i skriven svenska” (s. 33). Engelske ord måtte derfor gå gjennom fleire sperrer:

Först kommer det in i någon varietet av talspråket. Sedan skall det passera en spärr för att komma inn i skrivet fackspråk, i reklamspråket e.d. Ytterligare en spärr skall forceras innan det tas upp i det allmänna tidningsspråket. En sista spärr gäller det mest officiella skrift-språket som t.ex. förvaltningsspråket. Vid varje sådan spärr stängs ett stort antal lånord ute. (S. 33–34.)

Hellberg meinte elles at lånorda burde få ei svensk form, det same gjorde Margreta Westman (s. 30f.). Representanten frå skuleverket, Rune Bergentoft, var mest opp-teken av at elevane burde gjerast meir medvitne om engelskbruken, og kom med fram-legg om at språknemnda gav informasjon gjennom tv-innslag og tekst på mjølkepakkar (s. 36).

Normeringssynet som kom fram på konferansen, var i og for seg ikkje så ulikt det som tidlegare hadde vorte sagt om engelskpåverknad frå svenske språkvårdarar. Det funksjonelle, det rasjonelle og det demokratiske stod sentralt. *Det nye* var at ein no hadde byrja å få forskning om engelskpåverknaden, og at der var ei sterkare merksemd om fenomenet, noko konferansen er i seg sjølv er eit prov på. Eit særmerke er også Hellbergs fokusering på den puristiske tradisjonen frå 1600-talet, og tesen om at purismen låg som eit umedvite filter hos svenske språkbrukarar.

Kampanjen Anvend svenska

Eit meir utoverretta tiltak vart sett i gang i 1986 gjennom aksjonen *Anvend svenska*. Initiativtakar var svenske Posten, med Svenska språknämnden som medaktør. (Posten nytta aksjonen som del av 350-års-feiringa av seg sjølv.) Det vart laga til fleire brevmerke med kampanjenamnet på, saman med slagord som “Heja svenska språket”, “Svengelskan kan bli till rena grekiskan”, “Skriv på svenska! Det är klart!”, “Svenskan är rikare enn du tror” og “Svamerikanska – det är obegripligt att den är så

populär”. I fylgje årsmeldinga for språknemnda for 1986/87 retta aksjonen seg “mot unödig användning av engelska i affärlivet”.

Aksjonen fekk ein del reaksjonar i form av avisartiklar, og gjorde folk flest meir merksame på spørsmålet om engelskpåverknad. Særleg omfattande kan ein likevel ikkje seie at publikumsresponsen var. Nokre språkvitarar gjekk også kraftig ut mot aksjonen. Peter Cassirer, dosent i svensk ved Göteborgs universitet, kalla aksjonen tilnærma rasistisk: Han skreiv i *Dagens Nyheter* 8. august 1986 at aksjonen “kan komma att förstärka den rörelse som vill bevara Sverige svensk”. Lars Melin (1987), dosent ved Stockholms universitet, syntest også at aksjonen var tvilsam. Han meinte at engelske ordlån både kunne fyller lucker i det svenske ordforrådet og ha ei emotiv lading som tilsvarande svenske ord mangla: “Dette är egentligen inte märkligare än att språkbrukare är benägna att variera stilistiska nyanser eller använda retoriska effekter.”(s. 26.)

Uttalepurisme

I rådgivinga om bruk av engelske ord har ein i svensk lagt ein del vekt på uttalen. I SAOL-utgåva frå 1950 er det gitt uttaleoplysningar som i fleire tilfelle skil seg frå gjengs engelsk uttale, men svarar til eldre uttale i svensk. Den neste utgåva, frå 1973, har derimot gjort fleire tilpassingar til engelsk uttale (t. d. uttalen av *bacon*: *bä:ken* > *bej:ken*), og framheving av den engelskorienterte uttalen (t.d. *bej:bi* framføre *be:bi* el. *be-by*) (Mattsson 1974:90). Framleis er der fleire tilfelle der den svenske uttaleforma vert føretrakt (t.d. av *rally*: *rall:i* el. -y el. *räll:i*). Men frå 1950–1970-talet har det i fylgje Gösta Mattsson (s. 89f.) vore ein tendens til å leggje større vekt på den engelske originaluttalen, pga. den sterkare kjennskapen folk har fått til engelsk (sst.).

Uttalen kan òg henge saman med måten eit lånord kjem inn på: Somme kjem inn fyrst og fremst gjennom skriftbiletet (t.d. datatemarkar), medan andre kjem inn munnleg (t.d. visse livsstilsnemningar i ungdomskulturen). Såleis har der skjedd også meir eller mindre spontane tilpassingar; ei oversikt over desse finst hos Seltén 1987:10. Her skal vi nemne ein del av dei meir puristisk orienterte uttaleråda (jf. sst.):

a) Kort [a] i ord som *bag*, *badminton*, *bandy*, *match*. Språknämnden har føreslege konsekvent forsvenska [a]-uttale. I praksis er der derimot eit skilje ved at somme ord held på den tilnærma originale [æ]-uttalen [*bag*, *badminton*], medan andre får ei forsvensking.

b) Diftongen i ord som *go*, *polo*. Igjen er der somme ord som får ein ein forsvenska open [o]-uttale (*doping*), medan andre får [å]-uttale (*bowl*) eller veksling mellom diftong og [o]-uttale (*bowling*).

c) Diftongen i ord som *spray*, *breakdance*, *baby*. I ord der det i engelsk er ein [eI]-diftong, har ein i svensk fått ulike tilpassingar.

d) [a₁]-diftongen. I ord som *design* held engelskuttalen seg. Ei stavingstilpassing har skjedd i ord som *nylon*.

6.4.7 1990-talet og statusvern

På 1990-talet heldt merksemda om engelskpåverknad fram. Der kom forskning på fenomenet, engelskpåverknaden vart diskutert i avisspaltene og i *Språkvård*, og det kom i gang terminologiarbeid overfor engelsk som må kunne seiast å vere puristisk fundert. Likevel skjedde det ei vriding av merksemda. Det var no ikkje så mykje korpuspåverknaden som domenetap og statusvern ein vart oppteken av.

Ein av dei fyrste som for alvor tok opp domenetapsproblematikken, var Ulf Teleman med artikkelen “Det svenska riksspråkets utsikter i ett integrerat Europa” (1992). Teleman viste til at i vitenskaplege avhandlingar skrivne ved Lunds universitet i 1991 dominerte engelsk innanfor medisin, teknologi, odontologi og naturvitskap; svensk var i ferd med å verte isolert som språket for humaniora, samfunnsvitskap og jus. “Svenskan som naturvetenskapligt språk blev en parentes på ett par hundra år”, konstaterte Teleman tørt (s. 12).

Kenneth Hyltenstam, professor i tospråklegheitsforskning, heldt i 1995 eit innlegg med tittelen “Svenskan – ett minoritetspråk i Europa – och i världen?” (prenta 1996 og i Hyltenstam 1999b), og har seinare gitt ut *Sveriges sju inhemska språk – ett minoritetsperspektiv* (1999). Hyltenstam sin tese er at ein i Sverige har kome eit godt stykke på veg mot ein språksituasjon der det er nødvendig å kunne engelsk. Det gjeld på universitetet, i fleire tekniske yrke, i det meir internasjonaliserte næringslivet, og det gjeld når ein vil ha fullt utbyte av nye medium og ny teknologi. Tospråks-situasjonen representerer noko nytt, for i over 200 år har det vore mogleg å klare seg med svensk i alle viktige domene i Sverige. I tillegg er “hela befolkningen” råka:

En av skillnaderna mellan engelskans dominans nu och latinets och andra språk tidigare är att hela befolkningen idag är inblandat, medan tidigare endast en elit var berörd. (Hyltenstam 1999a:32)

I fylgje Hyltenstam er svensk i ferd med å få ein tilsvarande posisjon til engelsk som fleire minoritetsspråk har hatt til eit majoritetsspråk, t.d. samisk i forhold til svensk.

Også i avisspaltene har det kome til meir diskusjon kring spørsmålet om kva status svensk skal ha i høve til engelsk.¹²⁷

I “Förslag til handlingsprogram för att främja det svenska språket” (1997) frå Svenska språknämnden er ein mindre oppteken dei engelske lånorda. Det vert vist til frekvensgranskingar med nokså låge prosenttal av engelske lån, og at svensk alltid har lånt frå andre språk:

Enklast att lägga märka till är öppenheten för engelska citatord (efterhand ofta införlivade som lånord) i många språkbrukssammanhang. Något riktigt stort språkvårdsproblem innebär knappast de främmande orden. De citatord som innlemmas i svenskan som lånord låter sig ofta anpassas til böjning, uttal och även stavning. De utgör visserligen oftast av betydelsesbärande ord men de är inte överväldigande många. (pkt. 3.2)

Domenetapsproblematikken står fram som viktigare: “Den mest djupgående påverkan består dock i att angloamerikanskan tar över användningsområden där tidigare det svenska språket dominerade.”(pkt. 3.2.) På eit meir indirekte nivå er det like fullt tale om styrking av språkkonsulenttester, terminologiarbeid etc., dvs. aktivitetar som går på korpusutvikling.

Språknemnda har fylgt opp med oppslag i media. I artikkelen “Länge leve svenska språket?” (*Svenska Dagbladet* 17. august 1999) gjentek Ulf Teleman og Margreta Westman på vegner av Svenska språknämnden framlegget om lovfesting av svensk som offisielt språk i Sverige. Språkstatus var òg emnet for ein heildagskonferanse om “Svenskan på 2000-talet”, arrangert av Svenska språknämnden og Institutionen för nordiska språk ved Stockholms universitet i april 2000. Der tala kulturministeren, språkvitarar og språkvårdarar om bruken av engelsk og svensk i ulike domene.

Den “tradisjonelle” purismen

Den meir tradisjonelle purismen overfor engelsk var ikkje borte. Det ser vi i den aktuelle diskusjonen i *Språkvård*, i arbeidet for å lage svenske termar (t.d. i data-språket, i diskusjonen om korleis ein skal tilpasse engelske lånord til svensk bøying og svensk skrivemåte etc. Svenska datatermgruppen (oppretta i 1996) er døme på det. På vevsidene til datatermgruppa vert det stilt opp nokre overordna retningsliner for termarbeidet, ut frå stikkorda “svensk” og “främmande ord”. For svenske ord er der to

¹²⁷ Hyltenstam viser til ein avisdebatt om den veksande bruken av engelsk i emneundervisning ved somme skular. Det tyder på interesse i ålmenta. Derimot skjer det gjerne at dei språkpolitiske sidene ved debatten vert skubba i bakgrunnen; media, lærarar, elevar og foreldre har vore mest opptekne av den individuelle framgangen og nytten som deira elevar har av engelsk, ikkje av den allmenne framtida for svensk språk (Hyltenstam 1999b:230). Dermed vert òg haldningane til bruk av engelsk positive.

prinsipp å velje mellom. Eitt prinsipp er å tilrå svenske ord som alt eksisterer, dvs. *skrivare* (og ikkje *printare*), *e-post* (ikkje *mail*). Eit anna prinsipp er skape nye termar; det må til når det ikkje finst ein bra nok term. For framande ord som har fått innpass i svensk, er målet å tilpasse orda svensk bøying, og gi orda svensk staving. Desse prinsippa kjem òg igjen i den konkrete språklege rådgivinga.

Likevel er den tradisjonelle purismen tona ned i normeringsorgan til fordel for domenetapsproblematikken. Eit tidstypisk bilete på denne vridinga ser vi i argumentasjonsstrukturen på innleiinga på eit brev frå Svenskläraryöreningen (3. mai 1998) om trongen for å gi Svenska språknämnden auka ressursar:

Svenska språket är i det sena 1900-talet utsatt för flera hot. Inslagen av engelska ökar i takt med datoriseringen och får starkt stöd av den diskutabla "bilingual education" som tycks öka i popularitet. Engelskan har också fått en starkare ställning som akademiskt språk. Allt fler svenska doktorsavhandlingar skrivs på engelska och i många ämnen bedrivs undervisning på engelska. På Internet är engelska det mest använda språket. Många dagstidningar saknar en genomtänkt inställning till språkvård, att döma av den bristfälliga behandling av svenska språket som kännetecknar i synnerhet nyhetsnotiser och reportage. Reklamspråket har stor genomslagskraft och tilltar i synnerhet bland unga människor. Som ett exempel kan nämnas apostrof före genitiv-s, som snart är mera regel än undantag, åtminstone i samband med egennamn. (Brev frå Svenskläraryöreningen av 3. mai 1998 til Svenska språknämnden.)

Fyrst kjem det noko om statusvern og domenetap, deretter kjem anglistisme-problematikken inn med tilvisingar til dårleg språkbruk, reklamespråk, apostrof før genitiv-s – alt saman trekk som brevskrivaren knyter til engelskpåverknad. Litteraturen og diskusjonen om engelskpåverknaden er dei siste åra vorten såpass fokusert på domenespørsmålet at brevet frå Svenskläraryöreningen kan seiast å gå inn i eit mønster, dvs. at det er allment akseptert å leggje vekt mest vekt på domenespørsmål.

6.4.8 Språknasjonalisme på ny

For perioden etter 1945 er det vanleg å hevde at purismen i svensk er vorten svekt, og at svensk har stått nokså open for lånord (jf. Telemann 1984). Denne openheita er så kopla til det mange meiner har vore ein manglande nasjonalisme i etterkrigstida fram til slutten av 1980-talet (jf. sst., Hall 2000:278). Ideologien om folkhemmet, vekstfilosofien og internasjonalsisme har stått i motstrid til nasjonalistisk og puristisk retorikk. Sverige har framstelt seg sjølv som det moderne og utoverskodande landet. Fornuft og nytteomsyn har stått i høgsetet, jf. sitatet frå Telemann vi innleidde dette kapitlet med. Men som vi har ymta fram, kan denne framstillinga problematiserast.

Patrik Hall har i *Den svenskaste historien* (2000:278) som utgangspunkt at svensk nasjonalisme har vore ein så sjølvsgat del av tenkjemåten og handlemåten i

etterkrigstida at svenskar ikkje har reflektert over honom. Refleksjonen har fyrst kome når visse sider ved nasjonaliteten er vorten utfordra, t.d. gjennom innvandring eller deltaking i internasjonale organ som EU der ein må overføre suverenitet. Sverige har i fylgje Hall hatt både ein nokså effektiv homogeniseringspolitikk og samtidig ikkje har opplevd ytre trugsmål. Såleis har ikkje ein svensknasjonal ideologisk konstruksjon som “folkhemmet” vorten oppfatta som “nasjonal”. Liknande tankar kjem Billy Ehns, Jonas Frykman og Orvar Löfgren med i *Försvenskningen av Sverige* (1993). Deira poeng er at ein i Sverige har fått eit nytt innhald i nasjonalismen, som i stor grad har fått eit preg nedanfrå, og som vert uttrykt i idrett, midsommarnattsfeiring etc., i tillegg til den institusjonaliserte nasjonalismen som kjem til uttrykk gjennom dei verdiane som vert forfekta i barnehage og skule.¹²⁸

I denne samanhengen er det interessant at tilvising til det nasjonale har fått ein renessanse – eventuelt ein legitimitet – i løpet av 1990-talet, og at ordskiftet kring svensk og engelsk heng saman med det. Ulf Teleman og Margreta Westman nyttar i “Behöver vi en nationell språkpolitik?” (1998) to hovudargument for å verne om svensk som bruksspråk – overfor engelsk. Det fyrste argumentet går på det demokratiske: Det store fleirtalet av svenskar bruker svensk, og har langt dårlegare kunnskap i engelsk (s. 8). (På denne måten er det òg “nyttig” å take vare på svensk.) Det andre argumentet går på verdien av svensk i høve til det kulturelle og språklege mangfaldet i verda: “olika kulturer är kreativa på olika sätt och denna pluralism är en viktig motor för utvecklingen i vår värld” (s. 9). Ut frå desse to argumenta er det i fylgje Teleman og Westman viktig med vern om svensk språk gjennom “språkliga gränshinder” (sst.).

Kulturer hålls ihop av språk. Inte minst i dagens genomkommersialiserade värld hotas kulturerna av likriktning om inte språkliga gränshinder bromsar och ger en viss tid för eftertanke. (S. 9.)

Her finn vi (i det som fyrst og fremst er meint som argumentasjon for statuspolitikk for svensk) formulert eitt av kjernepunktta i puristisk tenking: Utan separasjonsgrenser kan ein vanskeleg tale om eksistensen av individuelle språk.

Nemninga “nationell språkpolitik” er særleg interessant. Den koplinga mellom språk og nasjon som ligg i denne nemninga kjem også til uttrykk i *Förslag till handlingsprogram för att främja svenska språket* (Språkvård 2, 1998). Der vert det

¹²⁸ Billy Ehns (1993:248–249) viser korleis verdier som vert oppfatta som “nøytrale” får karakter av “svenskheter” i møte med innvandrare. Eitt døme er når innvandarmødrer nektar å la borna vere ute kalde vinterdagar på barnehagen, medan det pedagogiske personellet meiner at det skal vere “sunt” for borna.

fokusert på svensk som “samhällsbärande” språk (s.16f.), svensk som symbolspråk for nasjonen (s. 17) og svensk som fellesspråk for heile folket. Det heiter der at “Denna framställning innehåller förslag som innebär ett ökat skydd för svenska som ett allsidigt nationellt språk.” (s. 9.)

På eit politisk og kulturelt plan er det rimeleg å sjå denne retorikken – som vert brukt i fleire andre samanhengar som ikkje har med språk å gjere – i samheng med sterkare internasjonalisering og globalisering, med svensk innlemming i EU og med det veksande talet på innvandrarak. Gjennom kontrasten vert ein, som Patrik Hall er inne på, meir merksam på kva som er “svensk”: “*Den transnationella integrationen och migrationen kanske inte stärker de nationella identiteterna så mycket som de utmanar dem*, och på detta sätt blir den tidigare ‘banala’ nationalismen synliggjord.” (Hall 2000:285.) Den aukande merksemda om nasjonalitet gjer at ein har vorte opp-teken av å diskutere kva som er den nasjonale svenske kulturen, og nasjonalitet har vorte eit viktig element også i debatten om innvandring. I innvandringsdebatten er det påfallande at bae motpolane har ført argument om det nasjonale, jf. etnologen Billy Ehn (1993):

Det intressante i det här sammanhanget är att både förespråkarna för ett etniskt blandat Sverige och deras motståndare använder sig av nationella argument. De talar om Sverige som nation med en speciell historia och om det svenska folket med sina särdrag. Men de betonar olika sidor, antigen landets tidigare erfarenheter av etnisk mångfald (samer, judar, tyskar, zigenare, finnar etc) och vår långa tradition av fredlig och demokratisk samvaro, eller befolkningens jämförelsevis homogena sammansättning och vårt behov av att skydda oss mot andra länders laglöshet och oseder. (Ehn 1993:260–261.)

Striden om innhaldet i ‘det nasjonale’ stadfestar den viktige rolla nasjonsomgrepet har fått dei seinare åra.

Bruken av nasjonalistiske argument i samband med engelskpåverknaden kan sjåast som ein del av den nye interessa for nasjonsspørsmål, men ut frå argumentasjonen i handlingsprogrammet frå Svenska språknämnden verkar det òg som om engelskpåverknaden i seg sjølv har vore med på å gi merksemd til det nasjonale.

Den aukande merksemda om språk og nasjonalitet vert ikkje teken like godt imot av alle. Lingvisten Jarmo Lainio (1999) er kritisk. Han meiner at vektlegginga av svensken som samlande nasjonalspråk kan gjere det vanskelegare for dei som bruker minoritetsspråk i Sverige:

Accentueringen av svenska som en samlande nationell symbol riskerar att bidra till ett slutgiltigt förkvävande av olika språkgruppers aspirationer mot likvärdighet för sina

språk i Sverige. Språkdebatten utgör därmed, inte bara i Sverige, en vattendelare mellan konservativa (både på höger- och vänsterkanten) och liberala åsikter. (S. 143)

Lainio meiner at den svenske staten gjennom lang tid har drive undertrykking av minoritets- og innvandrarspråk. Lainio meiner òg at det vert noko ironisk når ein i Sverige skal lære av innsikter frå minoritetsspråk for å støtte opp om statusen for svensk i høve til engelsk (s. 142–143).

Sverige har fleire innvandrarak og meir bruk av innvandrarspråk enn dei andre nordiske landa. Måten desse vert handsama på, seier noko om graden av liberalitetet i språksamfunnet. Det viser seg at ein i Sverige sidan 1970-talet har hatt gåande “hemspråksundervisning” basert på tospråklege opplæringsprogram. Den svenske modellen har vore rekna som progressiv, og har vekt internasjonal merksemd. I løpet av 1990-talet har det skjedd eit visst tilbakeslag.¹²⁹ Økonomiske argument har hatt større gjennomslagkraft sterkare enn pedagogisk og språkvitskapleg forskning (der ideal om tryggleik, integrasjon og mangfald har stått sterkt). I det offentlege ordskiftet har fleire argumentert for assimilasjon.¹³⁰ Eit resultat av denne haldningsendringa er at ein del av det tospråklege apparatet er vorte bygd ned (jf. Hyltenstam red. 1999). Såleis kan det – blant pessimistar – verke som om den pluralistiske språkpolitikken representerer eit unntak på 20–30 år. Likevel er ikkje utviklinga eintydig. Framleis er offisiell svensk innvandringspolitikk for “integration” og for tospråkleg undervisning; denne politikken vart også stadfesta av Riksdagen i 1997 (Prop. 1997/1998:16 [sst.]).¹³¹

I artikkelsamlinga *Sveriges sju inhemska språk* (Hyltenstam red. 1999) vert det hevda at den fleirspråklege ideologien og språkpolitikken framleis er svakt forankra i

¹²⁹ Då den fyrste innvandringsbølga kom på 1950- og 1960-talet, vart det ført ein assimilierende innvandringspolitikk. Dei “nye” svenskane skulle lære seg svensk, og tilpasse seg velferdsamfunnet. Som motyting fekk dei tilgang til goda i velferdsstaten: “Någon ‘gästarbetare’ av tysk modell var inte förenlig med den socialdemokratiska regeringens ideologi”, skriv Billy Ehn (1993:236). På 1970-talet (etter diskusjon på 1960-talet) vann den pluralistiske og integrerende ideologien fram: Innvandrarak skulle få halde på den etniske identiteten og dei kulturelle og språklege særprega sine. Det vart innført ei omfattande “hemspråksundervisning” basert på ulike modellar for tospråkleg undervisning (Hyltenstam 1999a:12). Den svenske framgangsmåten var rekna som progressiv, og vekte internasjonal merksemd. I siste halvdel av 1980-talet skjedde det så eit tilbakeslag. Det viste seg at der i opinionen var lita støtte for dei tospråklege undervisningsopplegga (s. 12). Dernest var den praktiske framgangsmåten for tospråkleg undervisning ikkje alltid så godt fundert (jf. Munico 1987). Opplaget verka generelt nokså toppstyrt (etc.). I tillegg skjedde der ei desentralisering av skuleverk og offentlege avgjerdslar; jamvel om der framleis var formelle rettar for tospråkleg undervisning, vart rettane ikkje alltid fylgde i kommunane (Hyltenstam 1999a:12).

¹³⁰ Det galdt kjende personar som forfattern Jan Guillou, kriminologen Marian Radetzki, direktør Harry Schein, politikaren Tomas Gür m.fl. (Lainio 1999:186).

¹³¹ Dessutan er det språkvitskaplege miljøet framleis sterkt engasjert til fordel for minoritetsspråk og tospråklegheit. At finsk i dei seinare åra har fått spesielle rettar, inneber dessutan noko nytt. Eit anna moment er at det ikkje treng å vere nokon nødvendig motsetnad mellom å vere pluralist og å sjå på statusvern for svensk mot engelsk som to sider av same sak. Hyltenstam (1999b) meiner bådessa innfallsvinklana kan verke til å take vare på eit språkleg mangfald.

Sverige, og at assimilasjons-tanken jamvel har fått eit oppsving dei seinare åra.¹³² Det tok òg lang tid før Sverige var viljug til å ratifisere Europarådet sine avtalar om rettar for minoritetsspråk og for minoritetar (Hyltenstam 1999:16).¹³³

Det er mogleg at ein i forlenginga av den meir restriktive politikken kan sjå den folkelege purismen imot blandingsformer og kodeveksling mellom svensk og innvandrarspråk – den såkalla *rinkebysvenskan* (jf. Kotsinas 1996). (Nemninga kjem opphavleg etter forstaden Rinkeby utanfor Stockholm der det bur store innvandrargrupper, men vert noko upresist ofte nytta om “nyare” blandingsformer generelt i svensk.) I media vert rinkebysvensk ofte framsteld negativt – som symptom på det språklege forfallet. Fleire i samfunnsdebatten har òg tala om “perfekt svenska” som mål for språkundervisninga (jf. Lainio 1999:186). Det verkar heller ikkje som om innvandrarspråka har den same legitimiteten som svensk og samisk: I Maria Wingstedts (1998:262) haldningsgransking viser det seg at medan nesten 99 % meinte det ville vere synd om svensk forsvann og 86 % som meinte det ville vere synd om samisk forsvann frå Sverige, var det under 54 % som meinte det same om innvandrarspråk. (43 % meinte det ville vere bra om innvandrarspråka forsvann.)

Likevel er det neppe grunnlag for å seie med Jarmo Lainio (1999) at ein i Sverige har eit gjennomgåande negativt syn på språkleg mangfald. Rettare er det å tale om ei *spenning* i svensk språkpolitikk. På den eine sida har ein restar av den gamle stormaktstankegangen med ynske om assimilasjon og svensk som stormaktsspråk. På den andre sida har ein faktisk det største innvandartalet i Norden, og i høve til resten av Norden er føresegnene for morsmålsopplæring for innvandrarelevar liberale.

Den aukande merksemda om språk og nasjon i Sverige er ganske kompleks, og det vert vanskeleg å kople nokon direkte påverknad mellom denne merksemda og fokuseringa på engelskpåverknad, slik hypotese 8 tilseier.

6.4.9 Språkhaldningar

Magnus Ljung har i *Engelskan i svenskan* (som byrja i 1981) gjort ei gransking av haldningar til engelsk (basert på spørjeskjema-svar frå 200 respondentar og intervju

¹³² Hyltenstam (1999a:13) jamfører såleis ein del av krava om svenskunnskap med den amerikanske organisasjonen English Only, som arbeider for at engelsk skal vere det einaste språket som skal brukast i undervisning, informasjon og andre offisielle samanhengar i USA.

¹³³ Sverige var her fram til våren 2000 i gruppe saman med Frankrike, Hellas og Tyrkia (Lainio 1999:157). Likeins var Sverige eitt av dei få landa med innvendingar imot FN sitt utkast til menneskerettar for minoritetar (sst.). Sverige var dessutan lenge uviljug til å gi særskilte rettar til finsk, trass i dei historiske tradisjonane for bruk av finsk, og trass i det store talet på finsktalande i Sverige (i 1997 reknar ein med at ca. 300 000 hadde finsk som morsmål [Ehrnebo 1997:131]). Fyrst i 1994 fekk finsk status som “inhemsk språk”, medan det tidlegare hadde hatt same status som tyrkisk, kurdisk, urdu etc., og i 2000 fekk finsk status som minoritetsspråk.

med desse etterpå). Hans gransking viser at der ikkje var noka allmenn negativ haldning til engelske lån. Heller ikkje når det galdt formell tilpassing fann Ljung ein konsekvent purisme. 61 % sa at dei var positive til engelsk fleirtalsending, og 43 % var positive til engelsk ortografi. Derimot var der ein større skeptisk til apostrof-s: Berre 2 % ville akseptere den i ein allmennspråkleg tekst. I reklametekst gjekk det greiare; der ville 30 % akseptere apostrof-s. Ljung såg også på skilnader i høve til sosiale kategoriar som alder, kjønn, yrke, utdanning og geografi. Det viste seg at tenåringar og yngre vaksne var meir positive til bruk av engelske lånord enn mellomaldrande og eldre. Menn føretrekte i større grad direkte lånord, omsetjingslån og tydingslån, medan kvinner var meir positive til direkte fraselån. Arbeidarar var meir negative til engelsk staving og engelsk fleirtalsending (men meir positive til apostrof-s). Dei som var mest for å halde på den originale engelske stavinga og dei engelske bøyingsendinga, var dei universitetsutdanna (saman med tenåringar), dvs. dei med best kjennskap til kva som er formelt korrekt engelsk.

Maria Wingstedt har i *Language Ideologies and Minority Language Policy in Sweden* (1998) granska språkhaldningar basert på spørjeskjemasvar frå 329 respondentar. 67 % av desse meiner at der er for mange framande ord i svensk, medan 66 % meiner at svensken burde haldast så rein som råd er frå framande ord (s. 259). Likeins meiner 64 % at reklame i Sverige berre bør vere på svensk. I så måte verkar svenskane nokså puristisk innstilte.

Medan Wingstedt har spurd eit representativt utval av folket, har Olle Josephson gjort ei spørjegransking der han har stilt tilsvarende spørsmål til 72 språkvtitarar ved Stockholms universitet og Uppsala universitet. Her viser det seg å vere skilnader. Hos språkvtitarane er det berre 8 % som meiner der er for mange framande ord, 11 % meiner svensken bør haldast så rein som råd er, og 39 % vil berre ha svenskspråkleg reklame. Medan 56 % av "folket" meiner at utanlandske lånord gjer språket rikare, er det heile 93 % av språkvtitarane som meiner det. Det verkar altså som om språkvtitarane er langt mindre puristiske enn folket. Går vi derimot frå meir allmenne haldningar til spørsmål om einskildord viser det seg at dei to gruppene ofte har same synspunkta: Det er fyrst og fremst i den eksplisitte grunngevinga at svara ymsar. Desse ulikskapane kan tolkast på ulike måtar. Ein måte er at språkvtitarar generelt er meir opne for språklege endringar, og vil markere at dei meiner at språket ikkje er i fare pga. språklån. Folk flest har ikkje den allmenne kunnskapen om språkendringar, og vil markere at dei har interesse for korleis språket utviklar seg ved å gi meir puristiske svar enn kva dei i realiteten vil gå inn for. Her må ein gå grundigare inn på kva respondentane faktisk legg i svara.

6.5 Purisme på ulike nivå av språket

6.5.1 Leksikalsk purisme

Ut frå Svenska Akademien sitt føremål – å “arbete uppå Svenska Språkets renhet, styrka och höghet” – kunne ein kanskje forvente ei konsekvent puristisk innstilling i SAOL (Svenska Akademiens ordlista över svenska språket). I fylgje Johannisson (1974:36f.) er det derimot vanskeleg å sjå det uttrykt gjennom inntaket av lånord i SAOL, heller ikkje i dei tidlege utgåvene. Det er fyrst og fremst i staving og bøyning SAOL har vore puristisk. Av leksikalske innslag har ein fyrst og fremst vore restriktiv med dialektale former som fell utanfor standardtalemålet (sst.). Likevel er der somme puristiske sperrer, t.d. har ein ofte hatt med ei omsetjing “vid främmande ord, där svenska utbytesord förekomma i nu gängse naturligt svenskt språk” (SAOL 9, s. VI), t.d. *comeback* > *återkomst* (men ein kjem likevel ikkje med eksplisitte tilrådingar). Ei puristisk haldning kjem òg fram gjennom opplysninga “vardaglig” hefta ved eit ord, det gjeld t.d. *mejl* og *mejla* i SAOL 12. Også tilvisingsmåtane kan seie noko om kva ordformer ein likar mindre: Til *mejl* og *mejla* har ein i SAOL 12 tilvisingar til formene *e-brev*, *e-post* og *skicka e-post*. Det er då påfallande at ein ved oppslagsordet *e-post* ikkje har tilvising til *mejl*. Ein er i tillegg atterhalden med å inkludere engelske ord som kan skape problem med staving og bøyning. I innleiinga til SAOL 12 står det: “Därför är ordlistan återhållsam när det gäller en del nyord från engelskan som är svår att böja och ibland inte så lätta att uttala.” (S. XII)

Heller ikkje frå institusjonar som Svenska språknämnden og Svenska datatermgruppen verkar det som om der er noka generell puristisk haldning til leksikalske lån. I terminologiarbeidet er ein heller ikkje meir puristisk enn i andre nordiske land. Vi ser rett nok at det i rådgivinga frå Svenska datatermgruppen ofte vert vist til det ein meiner er betre svenske ord for engelske ord. På vev-sidene kjem det mellom anna åtvaringar mot tanken om at engelske ord er meir presise enn svenske. Når *trainee* hos somme tydelegvis tyder noko anna enn *lärling*, *aspirant* eller *elev*, er det av di det har skjedd ei tydingsendring av det engelske ordet i svensk: “men det innebär inte att uttrycket har en mer precis innebörd än t.ex. ett direktöversätt svenskt uttryck”. Ein stiller òg spørsmål ved om det er nødvendig å ha eit skilje mellom *mail* og *brev*, når engelsk klarer seg utan det skiljet. Her er *logikk* eit argument: “*E-post* och *e-brev* är t.ex. en naturlig och logisk analogi till den vanliga brevbärpostens övergripande,

kollektiva *post* respektive räknebara, enskilda *brev*.”¹³⁴ Slike vurderingar har likevel ikkje skapt organisert ordlagingsarbeid på heimleg grunn.

Heller ikkje blant folk flest verkar det som om der er ei sterk puristisk haldning imot engelske ord. Maria Wingstedt (1998:257) kan rett nok i si spørjegransking vise til puristiske synsmåtar om at svensken bør haldast så rein som råd er, at reklame i Sverige berre skal vere på svensk etc. (jf. ovanfor). Kjem ein så til einskildord, vert biletet meir nyansert. Wingstedt har teke føre seg 14 engelske lånord, og bede om synspunkt på desse.¹³⁵ Som forventa skilde svara seg alt etter kva ord det var tale om. Ord som *radio*, *container*, *tejp*, *juice*, *returnera* og *decennium* var det over 90 % som tykte var akseptable. Derimot var det fåe som ville akseptere *management*, *speedad*, *mejla*, *nivellera*, *nörd* og *konklusion*. Desse svara illustrerer det som Magnus Ljung (1981, 1988) er inne på, nemleg at det ikkje er tale om noka generell puristisk haldning, men at purismen er avhengig av om orda er etablerte, frekvente, eller passar inn i det svenske ortografiske systemet. Wingstedt refererer også til at fleire tek avstand frå det dei meiner er *norsk* ordpurisme. Ein vits illustrerer det: “- Vet du vad ‘banan’ heter på norska? - Nää, va då? - Guleböj!” (S. 259)

6.5.2 Ortografisk purisme

I SAOL har ein freista å fylgje dei prinsippa for tilpassing av lånord som Leopold sette opp i *Afhandling om svenska stafsättet* frå 1801 gjennom rettskrivingslæra frå 1801. I så måte var svensk fyrst ut i Norden med ein systematisk tilpassingspolitikk.

No har der også vore ei haldning om at ein skal gå varsamt fram, og take funksjonelle og stilistiske omsyn (jf. Grünbaum 1986, Hellberg 1986). Der ligg såleis ikkje føre ein “automatisk” forsvenskingspolitikk i den forstand at lånord “automatisk” vert tilpassa svensk ortografi. Der har like fullt vore ein tendens til å gjere tilpassingar etter retningslinene frå 1801.

Vi har tidlegare vore innom Elias Wessén (1956) sine utsegner om at ein i svensk har vore mest konsekvent i den ortografiske tilpassinga av lånord. Derimot skapte engelsk nye utfordringar, for strategiane frå 1801 var ikkje retta imot engelsk:

Svenskan var det första av de nordiska språken, som principiellt anpassade lånordens stavning efter inhemska vanor. Och dessa principer har förblivit väglädande under halvtannat århundrade. [...] Nu är emellertid situationen i mycket förändrad, framför allt därför att vi står inför en stark inströmning av lånord från huvudsakligen ett annat

¹³⁴ Kjelde: Svenska datatermgruppens vev-sider. Forfattar av desse sitata er Ola Karlsson. (Apropos skiljet mellom e-post og mail: SAOL 12 har både *e-post* og *mejl*.)

¹³⁵ Wingstedt fekk inn 331 svar av eit tilfeldig utval av personar fødde mellom 1926–1976. Spørsmålet om engelske lånord gjekk inn i ei gransking om haldningar til minoritetsspråk og tospråklegheit.

håll, från engelskan. Vi står inför helt nya problem, och reglerna för lånordens behandling måste genomtänkas och genomarbetas på nytt. (Wessén 1955:19.)

Ein annan framstående språkvårdar, Gösta Bergman, skriv i artikkelen “De främmande orden och den svenska ordbildningen” (1962:45) at engelsk utgjorde ei særstilling som verdsspråk og fyrste skulespråk, og at ein derfor bør vere varsam med å endre skriftbiletet. Då var det betre å omsetje engelske ord med vanskeleg stavemåte til ord med heimleg ordstoff. I visse tilfelle var likevel ikkje det mogleg. Ord som *service* og *juice* var vanskelege å omsetje, og desse burde omstavast til *servis* (el. *sörvis*) og *jus* (s. 46).

Jamvel om tilpassingsprinsippa frå 1801 fyrst og fremst er innretta mot franske lånord, ikkje engelske, er der visse prinsipp som også har relevans for engelske ord; av desse kan det her nemnast:

1. K-lyden i stavingar med c, ch og q får staving med k.

Døme: *campa* > *kampa*

2. Teiknet cc vert forsvenska til ks.

Døme: *accent* > *aksent*

3. Suffikset -ce vert avløyst av -s.

Døme: *balance* > *balans*, *race* > *ras*

4. Teiknet c vert halde oppe ved s-lyd.

Døme: *civil*

5. Stavingane *sh* og *ch* med [sh]-uttale fekk tradisjonelt skrivemåten *sch*.

Døme frå SAOL 8 (1923) er *fashionabel* > *faschonabel*, *cherry* > *scherry*. Med SAOL 9 (1959) fekk ein i staden skrivemåten *sh* eller *sj*. Døme er *fasjonabel*, *sherry*. Ein har likevel halde på *sch* eller gitt valfri *sch/sh*-staving på somme etablerte ord: *schejk/shejk*, *schack*, *schibbolet*, *schampo* (SAOL 12). Skrivemåten *schampo* har derimot ikkje slege gjennom; her er det *shampo* eller helst *shampoo* som dominerer (i alle fall på produktnamna). I tillegg til dei prinsippa som er nemnde i Leopolds rettskrivingslære, er det for engelske lån fleire andre tilpassingsmåtar innanfor ortografien. Rett nok er heller ikkje desse fylgde på ein heilt konsekvent måte, men dei gir retningslinjer:

6. Bruk av dobbelkonsonant i utlyd etter kort vokal.

Døme: *job* > *jobb*, *bag* > *bagg/bag* (SAOL 10), *pop* > *popp/pop* (inn SAOL 10, men frå SAOL 11 er det berre *pop*), *pubb/pub* (inn SAOL 10, men frå SAOL 11 er det berre *pub*), *webb* (inn SAOL 12). Grunngevinga i SAOL 10 for bruk av dobbelkonsonant er at ein tradisjonelt har gjort ei slik forsvensking av

stavemåten (jf. eldre ord som *snobb* og *dogg*). Her vil derimot bruksfrekvensen avgjere den vidare lagnaden; pga. manglande brukskraft gjekk ein i SAOL 11 vekk frå ein del svesiserte former. (Andre argument imot skrivemåtane med dobbelkonsonant har gjerne vore aukande kjennskap til engelsk – at formene då “ger lätt ett provinsieellt intryck” [Sigurd 1985:213].)

7. [ej]-difftongen i ord med *a*-staving eller skrivemåten *ay* har fått tilpassing til *ej*.

Døme: *face* > *fejs*, *mail* > *mejl*, *fake* > *fejka*, *spray* > *sprej*, *tape* > *tejp*, *rave* > *rejev*.

8. [ai]-difftongert uttale i ord med stavingane *i*, *ie*, *ui* har fått skrivemåten *aj*.

Døme: *fight* > *fajt*, *time* > *tajma*, *site* > *sajt*, *pie* > *paj*, *guide* > *gajd*.

9. Skrivemåten *oo* får staving med enkel *o*.

Døme: *book* > *boka*

I tillegg har det utvikla seg somme andre overgangsprinsipp for engelske ord, t.d. suffikset *-ize* > *isera* (*standardisera*) el. *-era* (*minimera*) og *y* > *ig* (*flirty* > *flörtig*).

Sidan den 9. utgåva (1950) har det i SAOL vore ein tendens til å gi fleire lånord den opphavlege stavinga. I innleiinga til SAOL 11 vert det understreka:

[..] huvudtendensen [er] klar: främmande ord får i ökad utsträckning behålla sin ursprungliga form. På denna punkt fortsätter elfte upplagan en tendens som innletts i och med niande upplagan (1950). [...] Tendensen är tydligt märkbar också i det engelska lånordsmaterialet där former som *kliring*, *kurry*, *jass* har utgått liksom dubbelteckning vid fall som *cupp*, *fann* och *innputt/outputt*.

No er rett nok ikkje døma i inneleiinga heilt gode – *cupp* står framleis i ordlista, medan *fann* og *innputt/outputt* ikkje har funnest i dei tidlegare ordbøkene. Det er dessutan ikkje grunnlag for å hevde at svesiseringspolitikken er heilt oppgitt. Det korrekte er at ein ikkje nyttar ortografisk tilpassing som eit konsekvent program, og at ein ved manglande gjennomslag for svesiserte former, kan gå attende til den opphavlege stavinga. I SAOL 9 vart såleis *klaun* ført tilbake til *clown* og *suvenir* til *souvenir*.

I SAOL 11 vert det vist til den internasjonale kontakten og til faktisk bruk – korleis kan *jos* slå gjennom når det er *juice* ein les på pakken:

Tendensen är här tydlig: ökad kontakt med främmande språk gör språkbrukaren mindre benägen att välja en försvenskad form framför den som ständigt möter ögat via informationssamhällets många kanaler. Formen *jos* har svårigheter därför att det står *juice* på förpackningen. (SAOL 11:7)

I SAOL 12 er det balansen mellom språkbruk og språknorm som vert problematisert; no legg ein større vekt på språkbruk enn før:

Under SAOL:s historia har balansen mellom språkbruk og språknorm vaxlat. Etter stavningsreformen 1906 var viljan att normera under ett par årtionden så mycket starkare än lydhörheten för språkbruket att förtroendet för ordlistan höll på att undergrävas. Sedan dess har språkbrukets roll förstärkts och ordlistans normerande inslag precisrats till vissa bestämda områden. (SAOL 12:XII.)

Samtidig er engelskpåverknad i ein spesiell situasjon: “Till de områden där ordlistan väger språkbruk mot normeringssträvanden hör behandlingen av engelska lånord.” (S. XIII). Dermed vil ein ikkje normere berre gjennom observasjon av språkbruk. Prinsippet om svesisering er såleis ikkje forlete. Redaktør for SAOL 12, Martin Gellerstam, slår då òg i *Språkbruk* 3/1998 fast at “Denna försvenskning fortsätter där så är möjligt”. Han viser til at t.d. *flopp* i dag er den einaste forma som er i bruk.

Birgitta Lindgren skriv på vegner av Svenska språknämnden eit brev (dagsett 7. mars 1996) til Norsk språkråd om korleis ein handterer framande stavingar av lånord. I fylgje Lindgren har tendensen dei seinare åra vore at lånorda i større grad held på gamal skrivemåte. Lindgren understrekar at Svenska språknämnden ikkje har formelt mynde i stavemåten, og det skin gjennom at Språknämnden nok kan tenkje seg fleire ortografiske tilpassingar. Eit slikt ynskemål kjem til uttrykk i ein intern rapport frå 1991, *Svensk språkvård inför sekelskiftet. En idéskrift från Svenska språknämnden*:

De ord vi låner in måste dock gå att anpassa till det svenske språksystemet. I dag råder stor osäkerhet om hur man ska stava och böja vissa främmande ord på svenska, hur de uttalas, hur de används inom det svenska ordbildningssystemet etc. Många främmande ord blir helt enkelt ohanterliga. Dessutom är det ofta svårt att rekna ut vad de betyder. (...) Man tar efter engelska skrivvanor, vilket leder till osäkerhet om hur man använder t.ex. apostrof vid genitiv, stor och liten bokstav, decimaltecken och andra skiljetecken. (Svenska språknämnden 1991:11)

Lindgren kan elles opplyse om at dersom den aktuelle ordforma er vanskeleg å tilpasse, er grunninnstillinga hos språkvårdarar at ein heller skal finne eit svensk ord, t.d. *heada* > *nicka*, *safe* > *kassaskåp*, *lighter* > *tändare*.

6.5.3 Morfologisk purisme

Det har i svensk språkvård vore eit overordna mål å tilpasse eksisterande lånord til svensk bøyning. I sentrum for merksemda har spørsmålet om fleirtals-s i ubestemt form av substantiv stått. Denne fleirtalsforma finn vi mange åtvaringar imot, ikkje berre frå offisielle språkvårdarar, men òg i fleire handbøker, heilt sidan Linders *Regler och råd*

(1882:44), og seinare av m.a. Mats Wellander (1939), Palmér (1945), Rosén (1946), Ljunggren (1946:46), Åkermalm (1979:70f, 91) (jf. oversikt hos Söderberg 1983:37f.). Catharina Grünbaum (1984:11) frå Svenska språknämnden gir ei grunngeving: Ho meiner at fleirtals-s er eit framandelement i svensk, og at restriksjonane imot forma har lukkast. Det viser seg i fylgje henne at fleirtals-s ikkje har gått inn som ein naturleg del av svensk språk, men meir fungert som eit asyl der nye framande ord er brukte ei tid, før dei etter kvart er tilpassa til svensk bøyning, eller har forsvunne ut bakvegen. Den restriktive normeringa har dermed fremja ei svensk bøyingsending, meiner Grünbaum.

Eit mindre puristisk synspunkt kjem Barbro Söderberg med. Ho har granska fleirtalsdanningar med -s i avhandlinga *Från rytters och cowboys til tjuvstrykers* (1983), og dokumenterer der ein utstrakt bruk av fleirtals-s i skrift – ofte stikk i strid med offisiell rettskriving. Söderberg kan òg vise til at s-forma har lange tradisjonar i svensk, og at ho ikkje opphavleg kjem frå engelsk: Der er ein brukshistorie på kring 500 år, med forma *rytters* frå nedertysk på 1500-talet som det eldste.¹³⁶ Sidan kom fleire ord med fleirtals-s frå høgtysk, nederlandsk og fransk, før påverknaden frå engelsk kom på 1800- og særleg 1900-talet. Med utgangspunkt i det historiske grunnlaget, frekvensen i notida og produktiviteten, går Söderberg til åtak på språkvårdarar som vil halde s-forma ute av svensk rettskriving. I fylgje Söderberg må fleirtals-s akseptast som ein eigen bøyingskategori i svensk.

Fleirtals-s førekjem stort sett aldri ved nøytrumsord (dei får i hovudsak -n-ending). Nøytrumsord som i ein tidlegare fase hadde s-bøyning, har no i hovudsak fått denne forsvenska, som *fotos* > *foton* (jf. Molde 1978:4, Söderberg 1983:112).

Dersom vi held oss til ordgrupper, kan vi skilje mellom tre grupper der fleirtals-s særleg kan førekome:

Den fyrste gruppa er *ord med -o som endingsvokal*. Her veksla SAOL 10 mellom fire framlegg til endingsformer: -r-ending, -er-ending, -s-ending eller å late ordet stå ubøygd. Dei fleste har fått -r-ending (*banjor, lassor*); Bertil Molde (1978) gjorde ei gransking der det viste seg at det galdt 31 av 50 ord. Endinga med -r fekk derimot ein del kritikk, m.a. av Molde (sst.) som føreslo -er-ending. I SAOL 11 har så -er vorte innført som alternativ fleirtalsform for 25 ord (*lassoer*), men -r-endinga er framleis dominerande. I tillegg har ein der ført opp -ar-ending som alternativbøyning for nokre fåe ord som *banjo* og *jojo* (*banjo* har derimot fått berre -r-ending igjen i SAOL 12). Det finst også -s-ending for ord som *deperado, peso* og *peseta*. I SAOL 12 har derimot *desperado* fått endinga -er/-r, *peso* 0-ending, medan *peseta* held på -s-endinga.

¹³⁶ S-formene kjem i perioden 1500-1650 særleg ved introduksjonen av nye ord for nye fenomen, og er særleg å finne i “texter av en praktisk-vardaglig karaktär” (s. 76).

Söderberg (s. 114) har granska bruken av 50 lånord med *-o*-ending: 12 av desse har på denne tida berre *-s*-fleirtal både i ordbøker og bruk (t.d. *albino*, *banjo*, *desperado*); 9 ord har svensk ending i ordbøker, men *-s*-fleirtal i bruk; 12 andre tilfelle er ein konkurranse mellom svensk og engelsk bøyning; ved 17 ord har den svenske bøyninga festa seg (t.d. *mangoer*, *studior*, *sombrero*).

Den andre gruppa er *ord med -u, -i eller -y som endingsvokal*. I SAOL 10 er *-er* den vanlegaste fleirtalsendinga for denne ordgruppa; det gjeld der 27 av 43 ord (Sandqvist 1987:11). I SAOL 11 finn vi endå fleire med *-er*-ending (34 av 42 ord, 28 av desse med *-er* som eineform [sst.]). I SAOL 11 har ein også gitt *-er*-ending til fleire ord som tidlegare stod utan bøyingssuffiks. Frå og med SAOL 10 har ein fått alternativendinga *-ar* i ord som *babyar* og *toddyar*. (For ordet *baby* har ein med SAOL 11 også forma *bebis* [fleirtal: *bebisar*].)

Den tredje gruppa er *ord med konsonantending, særleg -er*. For ord med endinga *-er* har SAOL 11 tre former for å gjengi fleirtalsbøyninga: *-ar*-ending (*reportrar*, *revolvrrar*), late ordet stå ubøygd (*manager*, *bestseller*) eller *-s*-ending (*managers*, *bestsellers*). SAOL 11 gir i innleiinga ei kort utgreiing om desse orda; dei kan ha ei form eller ein uttale som gjer dei “mer motspänstiga mot anpassning” (s. 10). Frå og med SAOL 11 står desse oppført med “el. enl. eng. böjn.”, dvs. ein kan bøye late orda stå ubøygd eller bøye dei etter engelsk mønster. For somme av desse er det opplyst om synonyme avløyсарord; for *bestseller* står “bestsäljare, storsäljare, succébok” og for *partner* “kompanjon, medspelare, moatjé”. I Söderberg (1983:108) sitt materiale frå 1970-talet er der dominans av fleirtals-*s* når det gjeld bruk: Av 59 ord har 11 ord *-s* som eineform både i ordbøker og bruk; 19 har berre *-s* i bruk, men ei svensk form i ordbøkene; ved 9 ord vaklar bruken mellom *-s*-form og svensk bøyning; ved 20 ord har den svenske bøyninga festa seg. Tendensen er like fullt at ord som tidlegare har hatt fleirtals-*s*, får meir *-rar*-ending, t.d. *gangstrar* (9 treff i Press 97) og *reportrar* (55 treff i Press 97).

Ei særleg gruppe er *keps-orda*. Det er engelske ord der fleirtals-*s* er komen inn i eintalsforma, t.d. i ord som *keps*, *chips*, *muffins*, *oldboys*, *koks* etc.

eng.	sgl. a cap	-	pl. caps	>	sv. en keps	-	flera kepsar
eng.	sgl. a scone	-	pl. scones	>	sv. ett scones	-	flera scones

Bøyninga til høgre er i samsvar med offisiell rettskriving i dag. Men tidlegare var desse keps-orda sedde på som uheldige. Typisk er i så måte Erik Wellander sine åtvaringar:

Dylika pluralformer på *-s* oppfattas ofta oriktigt som singulara: *capsen*, *kepsen*, *slipersen*, *tipset*, *trickset* osv., och till dessa bildas nye, alldeles oriktiga pluralformer:

capsar, kepsar, jumpersar o.d. Dessa former äro i hög grad stötande. Skola de främmande orden överhuvud användas, böra de antigen få den riktiga engelska pluralformen eller ock, hellre, utrustas med svensk pluraländelse. (Wellander 1955: 173.)

I 4. utgåva frå 1973 er Wellander (1973:85) meir varsam i kritikken; då talar han om at former som *en jumpers* kan verke forvirrande. Seinare er desse formene også vortne tilrådde av dei normgivande organa, då dei opptrer i samsvar med svensk bøyning; endings-s fungerer her som del av stamma, ikkje som bøyingssuffiks. (Det er den same tendensen i norsk.)

No er det ikkje alle normgivande organ som har vore like puristiske. *Bonniers svenska ordbok* har t.d. vore meir liberal både når det gjeld inntak av lånord og bøyinga. I utgåva frå 1980 vert det vist til at SAOL driv ein forsvenskingspolitikk, t.d. gjennom fleirtalsformer som *containrar* eller *container*, medan det i bruken er *containers* som rår. *Bonniers ordbok* vil derimot ikkje gi klåre råd, og viser m.a. til fylgjande generelle rettleiing:

[...] det finns flera möjliga böjningsformer i pluralis. Så länge ett engelskt lånord känns främmande i vårt språk kan det ofta verka naturligt att behålla den engelska pluraländelsen -s, t.ex *boyfriends, callgirls, frisbees*, men inget hindrar att man prövar sig fram med svenska ändelser: *beacher, greyhoundar*, flera *champion*. Det är emellertid svårt att ge några bestämda anvisningar ens i de enskilda fallen. (S. 7.)

Dei som står bak *Bonniers ordbok* er, i fylgje føreordet, ikkje prinsipielt liberalistiske: “En del av de nya lånorden – särskilt de som kommer från engelskan – ger oss bekymmer beträffande böjningen, speciellt i pluralis” (sst.). Men ein overlet meir av avgjerdsla til brukarane.

Barbro Söderberg (1983) er også oppteken av kva som *fremjar* bruken av fleirtals-s i svensk, og ho skil då mellom formelle, pragmatiske og semantiske faktorar. Av dei formelle faktorane er det to som heilt tydeleg peikar seg ut, og det er *prosodiske* og *morfematiske* avvik (s. 220). Eitt viktig prosodiske avvik vil vere når framand lengde i rotord fører til framand lydposisjon (som tilfellet er med t.d. *forward, hobby* og framand tonembruk (t.d. tonem 1 i ordet *meeting*). I desse tilfella finn ein oftare bruk av fleirtals-s.¹³⁷ Andre formelle faktorar Söderberg granskar, gjeld *framand uttale* (*thriller, designer*) eller *framand staving* (*weekend, champion*). I fylgje Söderberg utgjer framand uttale og staving sjeldan formelle hinder for tilpassing til svensk

¹³⁷ Det kan m.a. vere ei delforklaring på kvifor Svenska språknämnden så lenge har fremja tonem 1-uttale av ordet *sambo* (som i *skatbo*). Nemnda har ikkje lukkast med det – det som har slege gjennom, er tonem 2-uttalen (som i *hambo*). Den sistnemnde tonemuttalen kan ha fremja bruken av fleirtal-s av dette ordet (som er danna på svensk grunn).

bøying (s. 98).¹³⁸ Unntaket er framand lydkombinasjon i slutten av ord, t.d. ord som sluttar på -er (*trailers*), men også der finn ein fleire svenske tilpassingar, t.d. *blazrar*. Ein faktor som derimot gir ein peikepinn, er genus: Dei fleste s-formene kjem i ord av felleskjønn, ikkje i nøytrumsord. På den andre sida får dei aller fleste lånorda felleskjønn. Dermed har genus eigentleg ein avgrensa forklåringsverdi.

Pragmatiske faktorar som påverkar fleirtals-s er dels ynsket om prestisje og dels funksjonen eit ord har i ein tekst (t.d. effekten som framand). Semantiske faktorar som fremjar fleirtals-s er i fylgje Söderberg m.a. differensiering mellom ulike tydingar (t.d. *sessions* [jam sessions] vs. *sessioner* [‘samanstellingar’], referanse til par eller fleirtal (*slippers*, *corn flakes*) og homonymi (*franc* vs. *francer*) (s. 120f.).

Ein har i svensk ikkje vore så oppteken av å setje inn puristiske tiltak imot spesifikke ordlagingselement. Som tidlegare nemnt freista Viktor Rydberg seg med åtvaringar imot prefiksa *an-*, *be-*, *er-* og *for-* og suffikset *-het*, men fekk ikkje gjennomslag for det (jf. Holm 1918). Av engelske affiks har det vore ei viss merksemd om suffikset *-ing*. I svenske arveord vert det suffikset normalt nytta berre etter verbstamme på *r*. Derfor har ein tilpassa engelske former som *jogging* og *mobbing* til *joggning* og *mobbning*, som vil vere lettare å plassere i eit bøyingssystem. I SAOL 12 frå 1998 har denne purismen vorte svekt ved at fleire *-ing-former* er komne inn i tillegg til *-ning*. Problemet med *-ning*-forma er at ho krev eit anna tonem enn *-ing*-ord og s-fuge i samansetjingar. Redaktør for SAOL 12, Martin Gellerstam (1999:10), skriv at “Svårigheten att sälja *gymnningsskor* är uppebar”, og at her “handlar det kanske mer om uppehållande försvar än aktiv normering.”

Ekskurs: Finlandssvensk

Kring hundreårsskiftet vart det i Finland utvikla ein særeigen purisme for svensk, retta mot finsk og mot regionale særdrag. Det prinsipielle grunnlaget for denne politikken kom med Hugo Bergroth og *Finlandssvenska* (1917, 2. rev. utgåve 1928). Her skriv Bergroth:

Att vårt finländska modersmål skall utvecklas till ett särskilt språk, som inte längre kan kallas svenska, behöva vi väl inte under några omständigheter på allvar befara. Skulle så ske, är vår nationalitet i och med detsamma dödsdömd.

Undertittelen på Bergroths bok er “Handledning för undvikande av provinsialism i tal och skrift”, og karakteriserer òg det som – rett nok i meir moderat form – har vore målet for finlandssvensk språknormering på 1900-talet. Ein har vilja

¹³⁸ Chrystal 1988:94 finn derimot indikasjonar på ein samanheng mellom ortografisk og morfologisk integrasjon.

halde oppe det språklege sambandet med svensk i Sverige, det ein kallar *rikssvensk*, og i liten grad gitt rom for regionale særtrekk.

Bakgrunnen for den finlandssvenske purismen finn vi alt på slutten av 1800-talet. Då oppstod eit ordskifte i svenskspråklege krinsar der fleire ottast at svensken i Finland var i ferd med å utvikle seg ulikt svensken i Sverige, fyrst og fremst pga. påverknad frå finsk, “finlandismer” (Tandefelt 1999:7). No hadde finlandssvensk vore prega av finlandismar gjennom fleire hundre år (jf. Bergroth 1928:17). Men på grunn av det politiske brotet med Sverige i 1809, minka den språkleg kontakten mellom svensktalande i Finland og svenskar. Svenskane reiste ikkje lenger til Finland for å studere eller arbeide, og interessa for Finland hadde vorte lågare (jf. Tandefelt 1999:7). I tillegg kom trugselen knytt til domenetap for svensk som elitespråk. Jamvel om dei fleste svensktalande i Finland høyrde til allmugen (t.d. i Österbotten, på Åland og i bygdene på sørkysten) har der vore ein sterk svenstalande elite, og svensk har vore elitespråket. Lovverket var såleis på svensk, embetsspråket var svensk, skulen og kyrkja brukte svensk og finsk, akademispråket var svensk og latin etc. Utover på 1800-talet tok den finske nasjonalreisinga og målreisinga til, og etter at finsk fekk offisiell status i 1863, kom finsk inn i stendig fleire bruksomene. Det voks fram ei domenetevling mellom finsk og svensk, ei tevling majoritetsspråket finsk vann.

At det i denne situasjonen, der finsk fekk høgare status, skjedde ein sterkare påverknad frå finsk på finlandssvensk, er ikkje uventa. Blant dei finlandssvenske som deltok i ordskiftet, var der likevel nokså brei semje om at ein skulle arbeide for å halde ved like språkfelleskapen med rikssvensk, og dermed vere puristisk imot finlandismar. Politikken kom til å verte retningsgivande for finlandssvensk språknormering. Politikken har like fullt vore kontroversiell, og det har frå tid til annan oppstått omfattande diskusjon om grunnlaget for honom (t.d. i 1989 og i 1997).

Her kan vi bruke eit ordskifte i den svenskspråklege dagsavisa *Hufvudstadsbladet* hausten 1989 som døme.¹³⁹ Det som leidde til ordskiftet var ei ytring frå den tyske sosiolingvisten Els Oksaar, sett fram på eit seminar:

För mig er det naturligt att se finlandssvenskan som ett eget språk eftersom den existerar i ett helt annat sociokulturellt sammanhang än svenskan i Sverige. (Reuter 20.10.89)

¹³⁹ Disse artiklane er her nytta:

Heith, Anne,

“Finländares rikssvenska hälsorisk”, Hbl. 15.11.1989

“Klingar ‘kurabuxor’ skönt”, Hbl. 17.11.1989

Löfman, Majken,

“Kumma juttu om finlandssvenska”, Hbl. 11.11.1989

Reuter, Mikael,

“Finlandssvenskan ett språk för sig?”, Hbl. 20.10.1989

Stähle, Synnöve,

“Finlandssvenskan ett eget språk”, Hbl. 26.10.1989

“Ge oss en finlandssvensk norm”, Hbl. 26.11.1989

“Finlandssvenskan vårt eget språk”, Hbl. 18.12.1989

“Apropå kullerbyttor”, Hbl. 29.12.1989

Tandefeldt, Marika,

“Lägg av, Synnöve!”, Hbl. 22.12.1989

I perioden 20.12.1990 til 29.12.1990 kom det 19 innlegg om emnet i *Hufvudstadsbladet*.

Oksaars syn vart kommentert og imøtegått av *Mikael Reuter*, sjef for Svenska språkbyrån i Finland. Reuter har òg hatt ei språkspalte, *Reuters ruta*, i *Hufvudstadsbladet*, og skrive fleire bøker om språklege spørsmål. Reuter åtvara imot å late finlandssvensk utvikle seg i si eiga retning, og viste til det Hugo Bergroth hadde skrive. Sidan Bergroths tid har finlandssvensk på mange vis nærma seg rikssvensk; mellom anna er fleire provinsialismar vortne erstatta. Vile ein bryte tilnærminga, føresette Reuter to forhold: a) ei sjølvkategorisering blant folk om at dei brukte eit anna språk enn rikssvensk, og b) ei eiga norm. Reuter meinte av ingen av føresetnadene var til stades. Folk hadde ikkje eit medvit om at finlandssvensk var genuint annleis enn rikssvensk. Og trass i nokre skilnader i ordforrådet, var stavinga, bøyinga og syntaksen stort sett den same.

Ei stund etterpå kom pedagoggen Synnöve Ståhle (26.10.89) med eit innlegg der ho støtta Oksaar: Finlandssvensk var tala i ein spesiell kulturell kontekst, og ein hadde i svenskfinland ein annan språkleg identitet enn i Sverige. Såleis var der alt ei sjølvkategorisering, om enn på eit umedvite plan. I tillegg var dei språklege skilnadene fundamentale. Ho etterlyste ei “deskriptiv norm” som kunne fange opp finlandssvenske særtrekk i uttale, morfologi, syntaks, leksikon, semantikk og pragmatikk. Eit viktig poeng for Ståhle var den statusen som ei finlandssvensk norm ville gi for talemålet. I samtale med rikssvensk-talande var der ein tendens til at finlandssvenskar jenka talemålet sitt etter dei. Det gjorde at finlandssvenskar kom i ein mindreverdsposisjon:

För att vår språkliga identitetskänsla inte skall ta skada måste vi ha rätt att “höra hemma” i ett språk och en språkgrupp utan att behöva dras med skamkänslor för detta språk, finlandssvenskan. (26.11.89)

Marika Tandefelt, framstående sosiolingvist, var ei av dei som gjekk imot Ståhle sitt syn. I fylgje Tandefelt var der strukturelt sett ingen vesentlege skilnader mellom finlandssvensk og rikssvensk; finlandssvensk var ein regional varietet. Eit viktig poeng for Tandefelt var posisjonen finlandssvensk hadde som minoritetsspråk For at folk skulle kunne kjenne seg trygge i minoritetssituasjonen, var det viktig med ei fast norm; elles kunne folk verte usikre, og motstanden imot finlandssvensk forsterka.

Majken Löfman, overtranslatør på Folktinget, meinte at ei eiga finlandssvensk norm ville bryte kontakten med Sverige og resten av Norden. Ho kunne ikkje forstå at den språkleg identiteten skulle liggje i finlandismane. Dersom ein vart mindre puristisk overfor finsk, var det desutan fare for at ein vart det overfor engelsk med.

Anne Heith, svensklektor ved Tammerfors universitet, meinte at ein i svenskfinland burde innrømme at finsk påverknad hadde skapte ein særeigen språkleg identitet. Ho stilte elles spørsmål om finlandssvenske normer: Eksisterte det ei eksplisitt og ei implisitt norm ved sidan av kvarandre i skulen? Aksepterte morsmåslærarar språkbruk som var feil innanfor rikssvensk, men korrekt innanfor ei norm som ikkje var nedskreven? For å få svar på det, etterlyste Heith meir forskning.

Dei fleste innlegga støtta opp om den eksisterande norma og purismen. Debatten illustrerer likevel at det eksisterer konkurrerende oppfatningar om korleis norma skulle vere. Fleire finlandssvenskar tykkjer at sverigesvensken verkar framand, at det verkar nedverdiggande og udemokratisk å ikkje kunne uttrykkje seg gjennom kvardagslege uttrykksformer, at sverigesvensken vert påtvungen finlandssvenskar utanfrå, og at det kunne styrkje identiteten og sjølvrespekten om ein også gav finlandssvensken ein høgare verdi (jf. òg Melin-Köpila 1998:21, 204f.).

I 1997 kom Christina Melin-Köpila med doktoravhandlinga *Om normer och normkonflikter i finlandssvenskan*. Melin-Köpila viste til sterke regionale trekk i tekstar frå finlandssvenske elevar. I den samanhengen problematiserte ho òg normomgrepet. Ho stilte seg kritisk til den tradisjonelle måten å forstå finlandssvensk på, som ein regional varietet på nivå med regionale standardspråk i Sverige (t.d. skånsk). Der var i fylgje henne eit kontinuum mellom normer for sverigesvensk, den allmennsvenske norma (dvs. felles for både finlandssvensk og sverigesvensk) og finlandssvensk, men kontinuumet verka på den måten at finlandssvensk var i eit grensepunkt for seg sjølv der han fungerte meir sjølvstendig, som eit “nationalspråk” (s. 206), og der finlandssvenske dialektar og finsk verka inn (jf. s. 204). (Den geografiske og politiske avstanden hadde skapt denne stoda.) I fylgje Melin-Köpila skulle ein ikkje vere så redd for å gi finlandssvensk ein meir autonom status, og ho jamførte med tysk i Sveits, fransk i Canada og engelsk i USA (s. 206). Også norsk gir rom for provinsialismar i større grad enn kva dansk og svensk gjer, skriv ho (s. 205). I finlandssvenske aviser kveikte avhandlinga opp under eit omfattande ordskifte. Spørsmålet var igjen om finlandssvensk var eit eige språk. Melin-Köpila hadde nemleg skrive “Finlandssvenskan kan därför betraktas både som ett regionalspråk (som kan ställas i kontrast till ett gemensamt riksspråk) och som en mer självständig riksspråksvarietet med delvis egna normer för skriftspråket.” (s. 206.) Det sistnemnde synspunktet vart imøtegått av representantar for offisiell finlandssvensk normering, fyrst og fremst Marika Tendefeldt (1997) og av Mikael Reuter. Reuter gav i klårtekst uttrykk for kvifor det var viktig å halde på fellesskapen med rikssvensk, og vere puristisk imot finlandismar – det var eit spørsmål om bruksområde og om prestisje:

Frågan har inte bara en ideologisk utan också en språklig sida. Om vi deklarerar oavhängighet från den allmänna svenska normen finns det knappast längre något som kan hindra en lavinartad utveckling av finlandssvenskan i riktning mot ett alt sterkare finskt inflytande. Finlandssvenskan skulle alltså snabbt förlora sin användbarhet i nordiska sammanhang och reduceras till ett provinciellt blandspråk med låg status här hemma och ingen status alls utanför landets gränser. [...] Om vi bara struntar i språkriktighetsfrågorna och låter utvecklingen ha sin gilla gång är vi snart inne i en situation där också de finlandssvenska skolorna får börja undervisa i svenska som främmande språk. (Reuter 1997:4)

Her sluttar Reuter seg til det same programmet som Hugo Bergroth formulerte i *Finlandssvenska* (1917). At denne puristiske politikken står så sterkt også på slutten av 1990-talet, må forståast ut frå den pressa stoda for svensken i Finland. Dei 295 000 som har svensk som morsmål utgjer berre 6 % av folketallet i

Finland, og 2/3 av desse bur i område der svenskane er i ein minoritetsposisjon (dei tilsvarande tala i 1950 var 2/5) (Melin-Köpilä 1998:14). Talet på tospråklege finlandssvenskar aukar òg, noko ein del ser på som problematisk (sst.). I Finland er den obligatoriske svenskundervisninga i skulen kontroversiell, det same er dei omfattande rettane som svensk har, reglane om at alle i statstenesta skal kunne både svensk og finsk etc. Legitimiteten for desse rettane åt svensk er dels basert på den historiske rolla finlandssvensk har spela og dels på den rolla finlandssvensk har (eller skal ha) som kontaktspråk med Sverige og resten av Norden. Dersom finlandssvensk så vert ein varietet for seg sjølv, ottast mange som Reuter (1997) at legitimiteten som kontaktspråk vert truga. Dermed vil òg statusen og bruksvilkåra for finlandssvensk stå i fare.

7 Færøysk purisme

7.1 Innleiing

I færøysk språknormering har purisme stått sentralt heilt sidan det færøyske skriftspråket vart kodifisert på 1800-talet. Purismen er komen til uttrykk i ordbøker, i språkleg rådgiving, i ideologisk argumentasjon, i ordskifte og i ei rad ordlagingar på heimleg grunn. Purismen har i hovudsak vore retta imot *dansk*. Denne innrettinga har å gjere med det historiske grunnlaget for eit færøysk skriftspråk: frigjeringa frå dansk språkdominans. Fokuseringa på dansk har gjort at ein har vorte mindre oppteken av lån frå engelsk. Den engelskspråklege påverknaden er då òg ofte sedd i samanheng med dansk. Karakteristisk er det den dåverande formannen i Føroyska málnevndin, professor Jóhan Hendrik Winther Poulsen, skreiv i 1989:

Den engelske indflydelse, vi nu udsættes for, kommer i langt overvejende grad gennem dansk. Det vil sige, at alt det engelske sprogods, som dansk har absorberet, kommer også til os, færdigt serveret til indtagelse. (Poulsen 1989:52.)

Denne koplinga mellom dansk- og engelskpåverknad kan problematiserast, men koplinga har i alle høve påverka språkhaldningane og den språkpolitiske orienteringa.

Den manglande purismen imot engelsk gjer at dette kapitlet får ei litt anna fokusering enn dei andre kapitla. For tida etter 1945 vil fokuset vere mot purismen overfor dansk – korleis han har festa seg, og korleis han har vorte utfordra, særleg på 1990-talet. Sidan færøysk også i tida etter 1945 har vore i ein standardiseringsfase, vil gjennomgåing av dei fyrste seks hypotesane kome heilt til slutt i kapitlet.

I grunnstrukturen er kapitlet like fullt som kapitla om dansk, svensk og norsk: Fyrst kjem informasjon om språkstatus og normering. Dernest kjem ein analyse av purisme i perioden før 1945; her vil standardiseringsstrevet, nasjonalisme og orientering i høve til islandsk stå sentralt. Tredje delen vil gå nærmare inn på kvifor ein ikkje har fått engelskpurisme, og analysere utviklinga av danskpurismen, særleg i ordbøkene. Fjerde delen går relativt grundig inn på purisme på dei ulike lingvistiske nivåa: leksikalsk, ortografisk og morfologisk purisme, med eit tillegg som gjeld syntaktisk purisme.

7.2 Det færøyske språksamfunnet

Statuseren for færøysk

Færøysk er morsmål og offisielt skriftspråk for dei om lag 45 000 fastbuande på Færøyane. I tillegg vert det nytta av dei kring 10 000 færøyingane som oppheld seg i utlandet (fyrst og fremst i Danmark).¹⁴⁰ Det låge brukartalet gjer færøysk til eitt av verdas minst brukte standardspråk. Like fullt har færøysk oppnådd ein solid status i bruksområdet med lovfesta rettar som hovudspråk, eiga språknemnd og eigne ordbøker, og står sterkt både i aviser, forretningsverda, skuleverket, religiøse samanhengar, litteratur etc.

Dansk er framleis nærverande: I den færøyske heimestyreløva frå 1948 heiter det at færøyingar skal lære dansk godt og grundig, og verte i stand til å kunne bruke bae språka i offentlege samanhengar. Denne politikken er fylgd, og dei fleste på Færøyane er i praksis tospråklege. Tospråklegheita er i hovudsak funksjonell og ikkje prega av diglossi: Dansk er ikkje “høgspråk” og færøysk er ikkje “lågspråk”; på Færøyane er det færøysk som dominerer. Målet er òg at færøysk skal kunne brukast på alle område i færøysk daglegliv. Samstundes står språket i eit assymetrisk tilhøve til dansk. Fjernsyn, radio, video, populærkultur og produkt kjem i dansk innpakking. I den vidaregåande skulen (stúdentaskúli og hf-skeið) er mange lærebøker på dansk, og ein nyttar eit dansk undervisningsopplegg. (Resultatet av det er problematisk; ei gransking tyder på at 26 % av elevane tykkjer det er greiare å bruke dansk enn færøysk i skriftleg skularbeid [Holm 1993:8f.]). Færøysk står dessutan svakt som dataspråk og innanfor språkteknologi. På denne måten har færøysk *trekk* som minner om minoritetsspråk: visse avgrensa bruksområde og risikosituasjon overfor eit majoritetsspråk.

Det har ikkje vore mogleg å få tak i tal for færøysk som andrespråk. Innvandrarar frå ikkje-nordiske land er der fåe av (dei fyrste asylsøkjjarane kom i 2000), men det bur kring 2000 danskar på øyane. Det finst inga gransking av kva språkstrategiar desse har, men det verkar som om dei fleste skjønar færøysk, og at det er sjeldan færøyingar legg om til dansk overfor dei.¹⁴¹

Etter dansk er *engelsk* det viktigaste framandspråket, og engelsk har styrkt posisjonen. I fylgje Jóansson (1997:170) har Færøyane fått meir direkte kontakt med Storbritannia (gjennom ferjesamband kvar veke, større handelssamband, fleire færøyingar som studerer ved britiske universitet, oljeverksemd etc.).

Normering av færøysk

Det færøyske skriftspråket vart standardisert gjennom rettskrivingsarbeidet åt V. U. Hammershaimb (1819–1909), fyrst gjennom tekstsamlinga *Færøyske Trylleformularer* (1851) og deretter med grammatikk og ordliste i *Færøysk anthologi* (1891). Hammershaimbs norm vart, etter ein del strid, vedteken som retningsgivande av den viktigaste færøyske organisasjonen Føringafelag i 1899, og har sidan den tida danna basisen for det færøyske standardspråket (med ei mindre

¹⁴⁰ Det er eit sterkt færøyskmiljø i Danmark, med færøysk hus i København og med Føringafelag i fleire danske byar. I desse miljøa vert det sjølvstalt tala færøysk og lese færøysk litteratur. Kontakten med færøyingar i utlandet er sterk; det vert mellom anna gitt ut ein telefonkatalog med namn på færøyingar i utlandet. Det er såleis ikkje urimeleg å seie at det finst kring 55 000 som bruker færøysk som fyrstespråk.

¹⁴¹ Jf. munnlege opplysningar frå færøyingar.

ending i 1954). Rett nok har der kome kritikk av rettskrivinga.¹⁴² Likeins har der kome framlegg om endringar. I røynda verkar det likevel som om stemninga for reelle endringar har vore liten. Der har i staden utvikla seg ein rettskrivings-konservatisme.

Den noverande offentleg språknemnda, *Føroyska málnevndin*, vart oppretta i 1985. Føremålet til málnevndin er å fylgje utviklinga av færøysk (særleg ordbruk), og å opplyse og rettleie om kva som er god og ikkje god språkbruk. Nemnda skal verke både overfor offentlege institusjonar og publikum gjennom å svare på spørsmål og gi informasjon (mellom anna gjennom meldingsbladet *Orðafar*). I tillegg er ho representert i Nordisk språkråd. Nemnda har derimot ikkje mynde til å fastsetje færøysk rettskriving, t.d. ved å gjere store rettskrivings-endringar, og gir heller ikkje ut noka rettskrivingsordbok. Der er fem medlemmer i nemnda (frå Føroyamálsdeildin, journalistforeininga, skuleverket, morsmålsforeininga og forfattarforeininga) og ein sekretær. Ressursane er småe, og sekretariatet har berre ein person i halv stilling.

Færøyska málnevndin hadde ein forløpar i språksekretariatet som Føroya Fróðskaparfelag oppretta i 1952, "Málstovnurin". Føroya Fróðskaparfelag spelar framleis ei viss normgivande rolle gjennom ordbøkene: Felaget har gitt ut *Donsk-føroysk orðabók* i to utgåver (1976 og 1997) og morsmålsordboka, *Føroysk orðabók* (1998). Det var dessutan aktivt med i etableringa av instituttet for færøysk språk og litteratur, *Føroyamálsdeildin*, i 1965, eit institutt som òg lenge hadde ein normgivande funksjon gjennom rettleiingstenester.

Ordbøkene er særleg viktige i færøysk språkrøkt. Sidan ein ikkje har hatt normeringsvedtak om ordinntak og om skrivemåte av importord, har ordboks-redaktørane hatt mykje å seie: Det galdt mellom anna M. A. Jacobsen og Christian Matras som gav ut *Føroysk-dansk orðabók* (1927–28, 2. utg. 1961), Jóhan Hendrik W. Poulsen (JHWP) som gav ut supplementsbind til denne (1974) og Jóhannes av Skarði som gav ut *Donsk-føroysk orðabók* (1967) og *Ensk-føroysk orðabók* (1984). Likeins galdt det redaktørane for ordbøkene som kom ut på 1990-talet, *Ensk-føroysk orðabók* (1992), 3. utgåva av *Donsk-føroysk orðabók* (1995) og *Føroysk orðabók* (1998).

Historisk sett har *einskildpersonar* hatt mykje å seie i færøysk språknormering. Ulla Clausén har i *Nyord i färöiskan* (1978) gått inn på dei ho oppfattar som dei viktigaste normeringsaktørane på 1970-talet. Utanom dei to språkinstitusjonane (Føroya Fróðskaparfelag, Føroyamálsdeildin) og ordbøkene trekkjer ho fram "språkligt medvetna personer", dvs. skjønnlitterære forfattar, ordboksforfattarar, omsetjarar, tilsette ved radioen og i avisene, og tilsette ved Føroyamálsdeildin.

7.3 Purisme gjennom tidene

Den færøyske purismen vart etablert om lag samtidig som det færøyske skriftspråket på slutten av 1800-talet. På denne tida var dansk det dominerande skriftspråket, etter-

¹⁴² Johnny Thomsen (1996:23) har i ein artikkel peikt på dei pedagogiske problema ved den eksisterande rettskrivinga, og meiner at det hos mange språkbrukarar rår eit anarki i form av privat rettskriving. Sjølv formulerer han to framgangsmåtar for ei ny rettskriving: 1) Ei fonetisk rettskriving etter dei prinsippa Jakob Jacobsen i si la til grunn, 2) Mindre endringar i den eksisterande rettskrivinga (særleg distinksjonen *i-y* og *í-ý*).

som Færøyane var ein del av det danske kongeriket. Færøyane var frå mellomalderen opphavleg norsk skattland, og var integrert i ein språk- og kulturfelleskap med resten av Norden. I 1380 fylgde så Færøyane med Noreg inn i sambandet med Danmark, og fekk inn dansk som skriftspråk i kyrkje, administrasjon og skule. Når ein så fremja færøysk språk frå 1800-talet og framover, vart det knytt til strev og strid imot dansk språkdominans.

7.3.1 Tidlege tankar om den reine færøysken

Den som fyrst framstelte færøysk som sjølvstendig språk, var den færøyske studenten Jens Christian Svabo (1746–1824).¹⁴³ Han kom òg med tankar om den reine færøysken. I innleiinga til det truleg eldste av ordboksmanuskripta klaga Svabo over at folk ikkje hadde halde språket reint nok: “Sproget har da vanslægtet fra sin første Reenhed, fordi Kolonien ikke var omhyggelig for at bevare det.” (Svabo 1970:XIII.) Resultatet var nedslåande: “det er et Miskmask, en Blanding af Fleere, ja, gandske fordærvet” (s. XII). Dersom færøysk skulle fungere som språk, måtte ein utrydde nye ord som hadde kome inn, gå attende til gamle nordiske ord, og gi språket ei rettskriving – “en nye Ortographie” (sst.).

Svabo sitt puristiske program var hypotetisk. Sjølv meinte han, etter å ha drøfta saka, at færøyingar heller skulle bruke tida på å lære seg god dansk. Her kom fornufts-tanken (ratio) inn; i tillegg spela ususprinsippet inn – Danmark kunne få eit meir einskapleg språk, eitt som “blev med samme Strenghed talt i alle Afkroge og de yderste Grænser af Riget.” (S. XV.) Arbeidet han gjorde vart legitimert ut frå tanken om å redde ruinane av språket – som minnesmerke. Ordboksarbeidet til Svabo var ikkje prega av nokon puristisk standardiseringstanke; han tok med dei orda som var nytta i dialektane, uavhengig av opphav. Vi merker oss like fullt at språkleg reinleik vart sett fram som eit kriterium for eit einskapleg språk. Svabo var òg med på å leggje grunnen for ei anna tenking kring færøysk, for han gjorde eit poeng ut av at færøysk var sprunge ut or norsk, ikkje dansk, som det var vanleg å hevde (s. XIII).

I viseoppteikningane nytta Svabo ein ortografi han hadde utvikla sjølv. Her spela Quintilian sitt prinsipp om det enkle og naturlege inn. I det eldste av manuskripta skriv Svabo: “Qvintilians simple og naturlige Regel: *at skrive som man udtaler* synes mig at

¹⁴³ Der skal ha vore skrive ein færøysk grammatikk i 1725 av studenten Johan Hendrik Weyhe (1706–70), men denne er tapt (Djupedal 1964:147).

Jens Chr. Svabo skreiv ei historisk-topografisk skildring, *Indberetning fra en Reise i Færøe 1781 og 1782*, med eit stykke “Om Sproget”, og gjorde dessutan eit omfattande arbeid med ordbøker og oppteikning av folkeviser. Svabo sine ordbøker eksisterer i form av ulike handskrifter, og i redigert form dannar desse grunnlaget for *Dictionarium Faeroense*. Det innsamlingsarbeidet Svabo gjorde, har parallellar til tilsvarende arbeid i andre land på 1700-talet, og må sjåast på som refleks av opplysningstida.

kunne gjøre dette foragtede Sprog, fra denne Side betragtet, endog fuldkomnere end noget af de poleerte moderne Europæiske Sprog, i hvor fuldkomne de ende ere i alle andre Henseender.” (Svabo 1970:XVI.) Svabo nemner Quintilian også i dei andre ordbøkene (s. XVIII). Denne tilvisinga til klassiske språkideal er det rimeleg å sjå i samanheng med at Svabo hadde vore student i København.

7.3.2 Det færøyske standardspråket

Dei normeringsprinsippa V. U. Hammershaimb baserte skriftspråket på i *Færøsk anthologi* (1891), viser klare likskapar med dei prinsippa Ivar Aasen valde for landsmålet: Hammershaimb samla inn materiale frå ulike dialektar, samanlikna dialektane med kvarandre, med norrønt og med dei andre nordiske språka, før han til slutt konstruerte ein skriftnormal ut frå samanlikninga. Hammershaimb gjekk likevel meir etymologisk til verks, og nytta former som ikkje lenger hadde grunnlag i talemålet. Grunngevinga for det var dels praktisk i høve til dialektskilnadene: For å unngå å “forfordele” ein dialekt, måtte han rekonstruere den historiske forma for å finne ei fellesform (Hammershaimb 1891:LV). Dei store morfo-fonologiske skiftingane fekk òg ei betre løysing på denne måten: Former som *dagur*, *dag*, *dags*, *dagar*, *døgum* har på overflata (dvs. i uttalen) svært stor variasjon, men ved å nytte ein konsekvent morfo-fonemisk skrivemåte, kan ein i færøysk lett slutte frå skrivemåten til uttalen (jf. Sandøy 1974:14; Rischel 1961:XIII). Ei anna side ved etymologiseringa var trongen for å markere avstand til dansk, og vise samanheng med andre nordiske språk, særleg med islandsk og norsk. Ei slik markering var viktig i høve til oppfatninga om at færøysk var ein forkvakla dansk dialekt eller eit blandingsspråk.¹⁴⁴ Her kom føringar i puristisk retning. Ei tredje årsak ligg i forlenginga av den skandinavistiske ideologien: Ved å gjere språket mest mogleg nært norrønt, gjorde ein det også likare det historiske grunnlaget for alle nordiske språka – også dansk.

Alle desse faktorane gjorde at tanken om system og indre samanheng i språket vart eit viktig grunnlag for korleis det færøyske språket skulle sjå, og kva normgivarar meinte burde vere retningsliner for normeringa.

¹⁴⁴ I 1844 kom der eit statleg framlegg om skuleordning på Færøyane med mål om å betre tileigninga av dansk (Djupepedal 1964:161). Under ordskiftet om framlegget kom det fram at fleire danskar såg på færøysk som ikkje noko eige språk, men som ei blanding av dansk og islandsk (sst.).

7.3.3 Etableringa av ein puristisk orden

Jamvel om Hammershaimbs-normalen la føringar i puristisk lei, kunne ikkje rettskrivinga i seg sjølv garantere ein puristisk ordlagingstradisjon. Her spelar sentrale språkvitarar ei rolle.

7.3.3.1 Jakob Jakobsen

Jakob Jakobsen (1864–1918) var den fyrste færøyingen som var universitetsutdanna i språkvitskap; han var tilsett ved Københavns Universitet. Jakobsen hadde eit anna rettskrivingsideal enn Hammershaimb, basert på ortofoni, og i 1889 la han i artikkelen “Nogle Ord om Færøsk, samt et Forslag til en ny færøsk Retskrivning” (Jakobsen 1957:23f.) fram eit rettskrivingsframlegg som gjekk i ortofon lei. Han fekk ikkje gjennomslag for framlegget.¹⁴⁵ Ut frå Jakobsen sitt talemålsnære normeringsprinsipp kunne ein kanskje tenkje seg at han var skeptisk til purismen, men det stemmer ikkje. Alt i programartikkelen frå 1889 slo Jakobsen fast at *ordforrådet* var annleis i skrift enn i tale (Jakobsen 1957:23). I artikkelen frå 1889 var Jakobsen likevel varsam med å føreslå nyord. Han trudde heller ikkje at færøysk kunne verte noko “Literatursprog i egentlig Forstand” (s. 28), men at trykte småting kunne ha ein nytteverdi.

Seinare endra Jakobsen haldning. Det var særleg i verka *Diplomatarium Færoense* (1907) og biografien om *Poul Nolsøe* (1908-1912) at han framstod som det færøyingane kallar for *orðasmiður*. Jakobsen viste her at færøysk kunne nyttast om emne utanfor dei tradisjonelle områda (bygda og garden), for han laga ord for mellom anna revolusjon (*kodlvelting*), assurance (*skadatrugging*) og kvalitet (*gøðskumunur*). Viktig var òg arbeidet med å lage heimlege vitskaplege termar til den færøyske utgåva av almanakken åt Københavns Observatorium (som byrja å kome ut i 1898).

Når Jakob Jakobsen framstod som ordsmed er ein grunn synet på at fleire negative talemålsendingar var danskpåverka: “[En] fortsat Fordanskning af Sproget [vilde] have til Følge, at Færingar kom til at staa fremmede og uforstaaende overfor deres ældre Literatur, Kvadene, hvis Ord kun bleve døde Bogstaver i deres Mund, naar de sang dem til Dans” (Jakobsen 1957:24). Eit anna moment vert trekt fram av Kaj Larsen (1993:13), nemleg lærdomen Jakobsen gjorde av granskingane sine om normålet på Shetland. (I tillegg kom den meir allmenne språkpolitiske utviklinga Jakobsen gjekk gjennom.)

¹⁴⁵ Jakob Jakobsens rettskrivingsframlegg var basert på talemålet i Sør-Streymoy, det mest sentrale området på Færøyane (der òg hovudstaden Tórshavn ligg). Eit detaljert kompromissframlegg, den såkalla *broyting*, vart lagd fram i 1895, prenta i *Føringatíðindi* 2. januar 1896, og vedteken som rettesnor for Føringafelag. Men etter sterk normstrid på 1890-talet, var det fleire som tok avstand frå broyting-rettskrivinga, og utover på 1900-talet var det berre Jakob Jakobsen som nytta henne. Ei modifisert form av den hammershaimbske rettskrivinga vann fram.

Jakobsen gjekk fram på ulike måtar for å lage færøyske nemningar (jf. Larsen 1993):

- gi eksisterande ord utvida tyding: *stig* (trad. ‘eit trinn med foten’) kan også tyde ‘grad’ (t.d. ‘varmegrad’)
- omsetje utanlandske ord direkte: *efterspørgsel* > *eftirspurnad*, *sproglære* > *mállæra*
- omsetje utanlandske ord friare: *profet* > *spámaður*, *litterat* > *bókamaður*
- hente ord frá islandsk: *ideal* > *hugsjón*, *horisont* > *sjónarringur*
- avløyse danske affiks med heimlege vendingar eller heimlege affiks: *beginnilsi* > *upphav*, *forkláring* > *frágreiðing*, *klárheit* > *bjartleiki*.

Ikkje alle av nyorda har slege gjennom. Men som Reidar Djupedal (1964:177) og Kaj Larsen (1993:19) er inne på, fekk Jakobsen staka opp ei ordlagingslei som seinare språknormerarar kunne fylgje.

Kring hundreårsskiftet hadde Jakob Jakobsen fått ganske stor tru på kva purismen kunne gjere – også for talemålet:

De bestræbelser, som for tiden gøre sig gældende på Færøerne for at rense sproget og dygtiggøre det til literært brug, og befolkningens tiltagende lyst til at læse gode skrifter i sit eget modersmål ville sikkert bidrage, ikke alene til en stansning i det fremmede ordstofs stærke fremtrængen på bekostning af det færøske, men også til udviklingen af en renere færøsk sprogform i daglig tale. (Jakobsen 1957:52–53.)

7.3.3.2 Christian Matras

Christian Matras (1900-1986) fylgde etter Jakob Jakobsen som den fremste autoriteten på færøysk språk. Han var med og redigerte *Føroysk-donsk orðabók* (1927-28), og vart seinare doktor og professor i færøysk språk ved Københavns Universitet. I 1965 kom Matras tilbake til Færøyane, etter at professoratet hans i færøysk vart overført til det nye færøyske instituttet, *Føroyamálsdeildin*. Gjennom oppbygginga av *Føroyamálsdeildin* definerte Matras òg forskingsprofilen til instituttet.¹⁴⁶

Matras laga fleire nyord, t.d. *skilmarking* (definition), *elding* (begejstring), *andarúm* (atmosfære), *loddbeint* (lodret) og ulike former for vitskaplege termar (t.d. samansetjingar med *-frøði* [‘vitskap’]: *alisfrøði*, *jarðfrøði*, *veðurfrøði*, *samfrøði*, *læknafrøði* etc.). Fleire vitskaplege termar vart skapte i samband med at Matras tok

¹⁴⁶ I tillegg til det vitskaplege arbeidet har Matras skrivt dikt og gjort omsetjingar av skjønnlitteratur til færøysk (verk av William Heinesen, Jørgen-Frantz Jacobsen, Albert Camus, Voltaire og Anatole France).

over arbeidet med å lage ei færøysk utgåve av almanakken åt Københavns Observatorium. Purismen Matras stod for, var ikkje “beinhard”; han brukte i skrifter og omsetjingar fleire internasjonalar når han ikkje fann gode avløyssarar: Der skulle vere kvalitet over nyorda (jf. Poulsen 1991:9, 11).

I 1928 kom den då 28 år gamle Christian Matras med ein artikkel i tidsskriftet *Varðin*, “Hin føroyski málsurningurin og støðan hans í norrønum nyreisingarverki”. Den har i ettertid vorte tolka som programartikkel både for å oppretthalde den etymologiserande skrivemåten og for å utvikle færøysk ordpurisme i islandsk lei.¹⁴⁷ I artikkelen jamfører Matras Hammershaimb-rettskrivinga med det meir ortofone rettskrivingsframlegget frå Jakob Jakobsen. Matras skriv at han som lingvist har forståing for Jakobsen; hans framlegg var i takt med den lingvistiske tenkinga i samtida. Hadde Matras sjølv vore ung lingvist kring hundreårsskiftet, ville han nok òg gått inn for Jakobsen sitt program. I ettertid seier han seg likevel glad for at det var den hammershaimbske rettskrivinga ein fekk: Rettskrivinga har gitt ein fast og sikker skriftbunad, verka samlande på dialektane, og knytt sambandet tilbake til norrønt.

Konservatisme og stabilitet er stikkord som Matras fører opp som kontrastar til utviklinga landsmålet har gått gjennom. Matras meiner at Aasen valde ein for lydrett stavemåte, basert på vestnorsk, og at han gjorde vald på sambandet med færøysk og norrønt, og dermed òg med den indre samanhangen i norsk. Den meir talemålsnære rettskrivinga som har kome etter Aasen, har nok ikkje vore i Aasens ånd, men like fullt kome som ein logisk konsekvens: “hansara ‘ljóðrætta’ stavseting hevur volt tað” (s. 55). I fylgje Matras vil det fonetiske idealet gjere at fleire endringar vil tvinge på seg. Det er berre motstandarane av landsmålet som kan seie seg glade for det: “bakom stár Hin onde och hostar så smått.” (S. 55.) Ved sida av rettskrivinga lir landsmålet av eit anna problem, nemleg manglande danning av nyord på heimleg grunn:

Í Noreg hava menn skrivað á landsmálið um at kalla allar lutir i longri tíð, men eingin kann dylja yvir tí, at har hevur framgongdin verið nógv minni. Hví er tað? Tí at landsmálmenn byrgdu seg av frá tí gamla norrøna skriftmálinum og tessvegna eiga so fátækslig amboð til nýggjyrði. (S. 57.)

Dermed vert nynorsk heller ikkje noko førebilete: “Hvussu ofta hoyra vit ikki fólk siga: á landsmáli enda øll orð við *-ing*” (sst.). Nordmennene kunne heller lære av islendingane og færøyingane. Matras viser til Jóannes Patursson, som unngjekk endingar som *-ligheit*, og i staden laga korte ord på norrøn grunn.

¹⁴⁷ Jóhan Hendrik Winther Poulsen kalla i eit intervju 12.10.98 Matras sin artikkel for “eit program for den færøyske purismen”.

Ei fokusering på islandsk og det sær færøyske gjekk i praksis ut på å markere avstand til det skandinaviske. Matras sine artiklar i *Fróðskaparrit* på 1950-talet om keltiske ord og namn i færøysk kan sjåast i ein slik samanheng. Keltiskpåverknad framstod som eitt av fleire prov på at der var ein del historiske skiljeliner mellom færøysk og skandinavisk.

At Matras meinte purisme var nødvendig for færøysk, kom tydeleg fram i ein artikkel han skreiv til Nämnden för svensk språkvård i 1954:

For det unge færøyske skriftsprog er nemlig purisme, eller i hvert fald en sprogrensende tendens, ikke som for mange andre europæiske sprog, en luksus. Den føles som en nødvendighed. (Matras 1954:86.)

7.3.3.3 *Føroysk-donsk orðabók*

Då *Føroysk-donsk orðabók* (1927–1928) kom ut, framstod ho som det viktigaste og mest autoritative oppslagsverket for færøysk språk. Ordboka vart utarbeidd av Christian Matras i samarbeid med Mads A. Jacobsen.¹⁴⁸

Ordtilfanget i *Føroysk-donsk orðabók* var avgrensa til det tradisjonelle og norrøne. Det same var tilfellet då Christian Matras i 1961 kom med ei utvida og revidert andreutgåve. Heilt fri for “danske” innslag er ordboka ikkje. Ein finn t.d. *annáma*, *betala* (rett nok merkt *talespr*), *forbannilsi* (rett nok ute i 2. utgåva), *forarga*, *forargilsi*, *formáa*, *forgyltur*, *forláta*, *forlátilsi* etc. Clausén (1978:35) har dessutan registerert nokre internasjonale ord, t.d. *apotek*, *atom* og *bakteria*. Desse representerer likevel unntak; det vanlege er heller puristiske nyord, t.d. *ravmagn* (‘elektrisitet’) og *menning* (etter isl. mønster for ‘kultur’).

Då fyrsteutgåva av ordboka kom, hadde den puristiske tradisjonen alt etablert seg, og i perioden frå fyrsteutgåva til andreutgåva styrkte han seg gjennom litteraturen. Ordboka førte vidare denne purismen. Eit supplementsbind, *Eykabind*, kom ut i 1974, og var redigert av Jóhan Hendrik Winther Poulsen. Her var det med mange nye ord som var forma av puristiske ordsmedar.

¹⁴⁸ Basisen var tidlegare ordsamlingar (samlingane etter J. C. Svabo og Nikolai Mohr [som Svend Grundtvig og Jørgen Bloch hadde bearbeidd til Hammershaimb si rettskriving], Jakob Jakobsen sine ordlister og dessutan ordsamlingar gjorde av A.C. Evensen). Dei tidlegare ordsamlingane var prenta i småe opplag, og snart utselde (jf. føreordet i Jacobsen et al. 1927–28). Såleis var *Føroysk-donsk orðabók* sårt tiltrengd.

Den fyrste prenta ordlista som fylgde Hammershaimbs rettskriving, er ordsamlinga Jakob Jakobsen ordna for andre bindet av *Færøsk anthologi* (Hammershaimb 1891). Orda der kom frå tekstane i antologien og frå ulike kvede. Det var her tale om eit avgrensa ordtilfang sett saman frå tradisjonelle område. Lånorda og danismane som Jens Christian Svabo hadde i sine ordlister, finn vi ikkje. Jakobsen samla òg ei ordliste i arbeidet *Færøske folkesagn og eventyr* (1898–1901).

7.3.3.4 Terminologiarbeid

Den puristiske aktiviteten var i fyrste halvdel av 1900-talet prega av einskildpersonar, men ikkje berre målhovdingar som Jakobsen og Matras. Rasmus Rasmussen (1871–1962) laga ein botanisk terminologi. Hans Debes Joensen (1913–1995), landslækjar, laga den vidgjetne fysikkterminologien til *Alisfrøði* (1969), ei fysikkbok på 640 sider. (Terminologien var så ny og vanskeleg å forstå at det måtte lagast ei særskild ordliste.) Bjarni Niclasen (1918–1980) var kjemikar, og utvikla kjemisk terminologi. Mikkjal Dánjalsson á Ryggji (1879–1956) kom med terminologi for zoologi og geografi. Jákup Dahl (1878–1944) omsette ikkje berre nytestamentet, men skapte òg ein grammatisk terminologi gjennom den færøyske grammatikken han skreiv, *Føroysk Mállæra* (1908). Det kan nok diskuteras om ‘purisme’ er ein eigna karakteristikk av verksemda. Ein gjorde her terminologiarbeid og funksjonsutbygging for eit språk som ikkje var utbygd. Samtidig ligg der eit puristisk element i målet om å utrydde etablerte danske termar. Dessutan var ordlagingsmåten puristisk orientert.

7.3.4 Purisme og nasjonalisme

I utviklinga av færøysk purisme kom den færøyske nasjonalistrørsla til å spele ei rolle. Ho var avgjerande for at det var den hammershaimske rettskrivinga som vann fram, og stod mellom anna bak den fyrste avisa på færøysk, *Føringatíðindi*, som hadde eit nokså puristisk stilideal (jf. Matras 1996). Kimen til ei færøyske rørsle kom alt i 1870-åra med eit færøysk studentlag i København (Føroyingafelag). På slutten av 1880-talet voks det fram ei sjølvstenderørsle på Færøyane, og på 1890-talet fekk ho eit politisk siktemål. Også dei frilynde ungdomslaga og lærarane var viktige nasjonsbyggjarar som brukte færøysk i allment kulturarbeid (Andreassen 1992). Færøysk språk fekk ei symbolsk kraft knytt til grundtvigianisme, folkeopplysningsarbeid, allmenn demokratisering av samfunnet og opposisjon til dansk (jf. Debes 1987:162).

Utviklinga av færøysk nasjonalisme svarar til mange av dei trekka som er typiske for det vi med Anthony D. Smith kan kalle folkeleg integrasjonsnasjonalisme. For det fyrste oppstod nasjonalismen i opposisjon til den danske statsmakta. For det andre var nasjonsoppfatninga basert på folkeleg tradisjonsstoff frå dei færøyske bygdene – folkedans, munnleg tradisjonsstoff, dialektar – og ein knytte det tradisjonsstoffet til ein fellesskap mellom folk som budde på Færøyane og tala færøysk. For det tredje hadde tradisjonsstoffet lang historisk tradisjon på Færøyane; sjølv om det var visse trekk som vart dyrka fram, var ikkje tradisjonane “oppfunne” av leiarane for nasjonalistørsla. Dei som så leidde an i nasjonalismen var ein intelligentsia som stod utanfor maktapparatet – fyrst studentar i København, dernest folk på Færøyane.

Den som mest tydeleg sameina nasjonalisme og purisme, var *Jóannes Patursson* (1866–1946). Han var kongsbonde på Kirkjubøur, formann for Sjølvstyrepártiet frá 1906 til 1935, medlem av lagtinget, medlem av det danske folketinget og landstinget, ei tid redaktør av *Føringatíðindi*, og forfattar og agitator. Han hadde stor påverknadskraft også i språkspørsmålet, t.d. for at Hammershaimbs rettskriving vann fram (jf. Debes 1982:205). Patursson representerte så absolutt ein elite på Færøyan, men det var, i den historiske konteksten, ein alternativ elite, og han bygde på andre nasjonale ideal enn det den danske statsmakta representerte.

Jóannes Patursson viste seg som purist alt fyrste gongen han framstod offentleg på folkemøtet i tinghuset i Tórshavn andre juledag 1888 der ein skulle diskutere kva ein kunne gjere for å fremje færøysk språk. Møtet representerer det fyrste organiserte tiltaket for færøysk språk på Færøyan, og har i ettertid fått ein tilnærma mytisk karakter. Det er òg nytta som referanse i purisme-ordskiftet: I ordskiftet om den nye dansk-færøyske ordboka i 1996 hevda t.d. kritikarar at ordboka var for liberal, og at det innebar noko nytt i høve til juledagsmøtet i 1888 (Høgni Debes Joensen, *Dimmalætting* 6. januar 1996; Ivan Hansen, *Dimmalætting* 16. januar 1996]. Purismekritikaren Johnny Thomsen (1996:21) raljerte derimot med mytologien: I fylgje honom “eru vit málpolitiskt ikki komin nógv longri enn til triðja jóladag 1888”.

For Jóannes Patursson var juledagsmøtet viktig ved at diktet hans, “Málstrev”, vart opplese. Diktet har fått ein framståande plass i færøyske sjølvstyrerørsle (jf. Nauerby 1996:77), og dei fyrste orda, “Nu er tann stundin”, er også tittelen på ei bok om færøysk nasjonalisme og sjølvstyrepolitikk (Debes 1982). Diktet byrjar med ei oppmoding om at det no er på tide å gjere ein innsats for det færøyske språket:

Nú er tann stundin komin til handa
á hesum landi,
at vit skulu taka lógvatak saman
máli til frama.–

Deretter vert det vist til alle dei utanlandske orda; dei er ei skam:

Er tað ikki skomm, at vart móðurmál kæra
so illa skal fara
og burtur rekast sum av deyðahundur
og tynast so sundur?

Løysinga ligg då i å gå til átak imot den utanlandske påverknaden:

Hoyr, latum okkum tó mót útlenskum ganga,
tað slá undir vanga;
útnyrðingur skal tað av landinum føra

– sum sápubløðra!

Nemninga “útnyrdingur” svarar til utnord-vinden som kjem frá nordvest, dvs. frá Island. I diktet viser ein òg til det norske – “frá hjartanum sama blóð streymar við stinn/sum í Noregi á sinni” – og til at norsk ligg nærmare det færøyske enn det som kjem frá antagonistan Danmark og dansk. Diktet gir i patriotiske ordelag eit riss over historia til færøysk, og manar til kamp for å fremje språket. (Diktet står i Patursson 1932.)

Jóannes Patursson fekk politisk påverknad både frá Noreg og Island.¹⁴⁹ Også som ordsmed henta Jóannes Patursson inspirasjon både frá vest og aust: frá nynorsken henta han ord som *rennastrongur* (frá *løypestreng*) og *málstræv* (frá *målstrev*). Det er likevel som ideolog og politikar Jóannes Patursson er mest viktig. Han var med på å feste den puristiske ideologien i ein nasjonalistisk politikk. At det skjedde ei kopling mellom purismen, færøysk nasjonalisme og målsak har sjølv sagt ikkje berre med Patursson å gjere, men han kan stå som ein personifikasjon av koplinga.

I normutviklinga har færøysk klåre nasjonalistiske trekk. Den nasjonale historisiteten var det fyrst og fremst Hammershaimb og nasjonalistrørsla (særleg Jóannes Patursson) som framheva. (Jakob Jakobsen meinte at det historiske spela ei mindre viktig rolle.) Vektlegginga av den nasjonale autentisiteten finn vi derimot hos alle: Både Jakobsen, Hammershaimb og andre såg på færøysk språk som ein viktig del av det som var ekte færøysk, og at ei nasjonal vekking var avhengig av ei språkleg vekking. På same måten vart det for færøyske puristar viktig å markere grenser mot det som var oppfatta som trugselen for ein færøysk nasjonalitet og eit færøysk språk: dansk. Gjennom purisme fekk ein presisert dei nasjonale sidene ved språket.

7.3.5 Shetland og Orknøyane som problem

I argumentasjonen for færøysk purisme har språkutviklinga på granneøyane Shetland og Orknøyane hatt ein del å seie.

Både Shetland og Orknøyane var saman med Færøyane og Island delar av det gamle “Noregsveldet” og av den norrøne språk- og kulturfelleskapen. Språket på øyane vart kalla *norn* (samandraging av adjektivet *norrøn*). Til liks med færøysk og islandsk var *norn* eit vestnorsk utflyttarspråk, og hadde sterke likskapar med vestnorske dialektar og færøysk (jf. Barnes 1998:16, Sandøy 1999b:314f.). I 1468–69 vart

¹⁴⁹ Frå 1882–1884 gjekk han på skule i Noreg (landbruksskulen på Stend), der han kom i kontakt med og vart påverka av målfolk (Patursson 1966: 139, s. 144). På Stend var der ein del islandske elevar, og desse fekk ein del å seie for honom (s. 119f, s. 130f, s. 143f.). Jóannes Patursson hadde seinare mykje kontakt med islendingar og nordmenn, og som Hans Jacob Debes (1991:26) skriv i Jóannes Patursson-biografien, kom det med honom “eitt norskt og íslenskt árin inn i tá føroysku tjóðskaparrørsluna – after at tí danska”.

Orknøyane og Shetland pantsatte til Skottland (som medgift då dottera åt kong Kristian 1. vart gift med den skotske kongen Jakob 3.). Øyane kom dermed under skotsk og seinare britisk overherredøme, og fall utanfor den nordiske språkfelleskapen. Det gamle målet greidde ikkje å stå imot presset frå skotsk og seinare engelsk. Som Michael P. Barnes viser i *The Norn Language of Orkney and Shetland* (1998), har det truleg skjedd eit gradvis domenetap, ikkje på grunn av direkte og medviten språkundertrykking, men på grunn av at dei sosiale, økonomiske og politiske vilkåra reint generelt verka til fordel for språkskifte (t.d. flytte det inn ein god del skotsktalande). Jakob Jakobsen sine granskingar av *Det norrøne sprog på Shetland* (1897) viser at norn heldt seg lengst i intimsfæra og i tradisjonelle domene som fiske og landbruk, men det var ikkje nok til at språket kunne overleve.

For færøyingar har det vore nærliggjande å spørje: Kunne det same skje med målet på Færøyane som det skjedde med norn på Shetland og Orknøyane? Jakob Jakobsen såg tydelege parallellar, og under fyrste forskingsopphaldet på Shetland skreiv han i lesarbrev til *Dimmalætting*:

Jo mere jeg studerer dette stakkels mishandlede sprog og forsøger på at smede stumperne sammen, des stærkere føler jeg dets nære slægtskab med mit eget modersmål, og des stærkere hadet til skotter og engelskmænd (britter), som planmæssigt har kuet det i vækst og trivsel. (Sit. etter Larsen 1993:14.)

I fylgje Poulsen (1989) har det som skjedde på Shetland og Orknøyane styrkt medvitet om færøysk språk:

I bevidstgørelsen om den færøske sprogsag har man nemlig altid fremhævet tragedien med vore nabofolk shetlændinge og orknøinger, der led den kranke skæbne at komme under skotsk herredømme og som følge deraf at miste sit nordiske sprog og blive fulstændig engelskprogede. [...] Dette skete kun et halvt døgn sejlads fra os. Hvor let kunne ikke det samme være overgået os, uden at vi havde en levende chance for at påvirke begivenhedernes gang. (Poulsen 1989:49–50.)

Også Jógvan við Áanna viser i føreordet til den store avløyсарordboka *Føroysk málspilla og málrøkt* (1961:II) til “okkara næstu grannar og skyldmenn í Hjaltlandi og Orknoyum”. Det same gjer Sjúrdur Jógvansson i eit avisordskifte i 1993:

At góðtaka meira og meira av málspillum í føroyskum, til einki føroyskt er efter, og so av órættum kalla tað føroyskt, tað kann skjótt føra okkum í eina hetlenska støðu. (Jógvansson 1993:29–30.)

Ein har på Færøyane peikt på andre sider ved utviklinga på Shetland og Orknøyane. Etter 1900 er folketalet på Færøyane fordobla, og levestandarden har auka sterkt. På Shetland har folkesetnaden minka, og ein har ikkje oppnådd den same auken i levestandard. Som Einar Haugen (1990:84) skriv: “Færøyingene har ingenting imot den tanken at deres innbitte kamp for å være seg selv har noe å gjøre med det.”

Even Hovdhaugen har i ein kritisk artikkel om “Nasjon og språk” (1991) sett seg lei av biletet av dei “stakkars” shetlendingane og “problemfrie” færøyingane:

Når man leser om språkvern og språkrensing, kan man lett slutte seg til at de stakkars shetlendingene som forkastet sin norrøne arv og rike kultur og gikk over til det utarmete engelske språket, må ha lidd og lider av alle slags identitetsproblemer og andre psykiske plager, men færøyingene, som har vært trofaste mot sitt språk, har det ganske problemfritt og en mye rikere kultur.

Rent bortsett fra det absurde i dette, var og er dette et syn som det verken faglig er grunnlag for eller noen praktisk og human grunn til å opprettholde. Mye i mytene om språk og nasjon er ren maktpolitikk slik som mye ellers ved språket. Å ikke skulle kunne skifte geografisk, sosial og nasjonal identitet er i beste fall en tvangstrøye og i verste fall ren rasisme. Og verken faglig eller ifra de politiske, juridiske og humanistiske idealer som vi bekjenner oss til, er det noe grunnlag for å stigmatisere språkskifte. (Hovdhaugen 1991:25.)

Som Hovdhaugen er inne på, er det tvilsam psykologi å seie at språkskiftet har skapt ein betre psykisk tilstand hos færøyingar enn hos shetlendingar. Det er likevel ikkje det spørsmålet om språkskifte handlar om. At norn døydde ut, viser at når eit språk har monaleg sterke faktorar imot seg, lever det ikkje vidare “av seg sjølv”. Dersom ein då har som mål at færøysk faktisk skal leve vidare, vil det, slik Jakobsen og seinare puristar har sett det, fordre eit strev for å fremje færøysk i høve til dansk, og unngå at færøysk får like mange lånord inn som norn fekk. Purismen vert på denne måten oppfatta som ein del av grunnlaget for å ha eit færøysk språk.

7.3.6 Islandsk som førebilete

Medan Shetland og Orknøyane har vore “skrekkeksempel”, har Island og islandsk språk stått fram som førebilete. Islandsk har i færøysk språkstandardisering og purisme langt på veg fått den same funksjonen som tysk purisme hadde for dansk språkstandardisering og purisme på 1600- og 1800-talet: Islandsk har vist at eit lite språk kan stå på eigne føter, og at ein gjennom medviten språkstyring og purisme kan gjere språket reint for innslag frå dansk. Islandsk har vist at språket kan ha ei viktig symbolkraft i samfunnet, og at det kan gi prestisje overfor omverda. I tillegg har islandsk gitt retningsliner for normeringa. Hammershaimb orienterte seg i den retninga

då han i 1845–46 fekk hjelp av islendingen Jón Sigurðsson med den færøyske rettskrivinga (Djupedal 1965:168). I puristisk samanheng henta Jakob Jakobsen (1889) inspirasjon frå den islandske framgangsmåten. Det var likevel Christian Matras og Jóannes Patursson som for alvor brakte den islandske orienteringa inn. I nyare tid er det særleg Jóhan Hendrik Winther Poulsen som har halde denne orienteringa sterk. (jf. Matras 1928, Poulsen 1985). Ved fleire høve har færøyske ordsmedar jamført med islandsk, og spurt islendingar om råd (jf. Poulsen 1985, 1989, 2000).

Det som har kjenneteikna den islandske purismen er målet om å få eit heimleg ord for alle nye omgrep, også internasjonalar og fagtermar. Her skil islandsk seg ut internasjonalt: Omsynet til dei allmennspråklege ordlagingskonvensjonane (det vil for islandsk seie purismen) har rådd, og gitt lite rom for t.d. ei fagbasert terminologi-utvikling (jf. Myking i Laurén et al. 1997:180).¹⁵⁰ Purismen har hatt som mål at nye ord (og fagtermar) skal take omsyn til den islandske språktradisjonen. Slike rammer kan verke strenge, men innanfor rammene har der vore rom for dristige og fantasifulle ordlagingar. Der er tre framgangsmåtar som har vore mest framtrudande:

1) Omsetjingslån (jf. *sympati* > *samúð*).

2) Å gi nedervde ord ny tyding (jf. norrøn *simi* [‘tau’ eller ‘reip’] som er nytta om ‘telefon’).

3) Å lage genuine nyord, dvs. take utgangspunkt i det framandordet refererer til, og finne ei høveleg nemning. Ved sidan av bruk av samansetjingar, har ein i islandsk eksperimentert med avleiingar og dristig bruk av gamle former. Eit interessant døme er *hreyfill* for ‘motor’. Her kjem ordet frå *hreyfa* (‘setje i rørsle’) og instrumentalsuffikset *-ill*. Det mest vidgjetne dømet frå nyare tid er ordet *tölva* for ‘computer’. Rota i ordet er inspirert av *tala* (‘tal’, jf. samanheng med “to compute” = ‘å telje/rekne ut’) og *völva* (norrøn språkone), og så har ein lagt til eit suffiks (jf. Baldur Jónsson 1985). Det er på dette tredje punktet at den islandske ordlagingsmåten har vore radikal. I færøysk har ein freista seg med fleire slike nylagingar (jf. 7.3.3, 7.5.1).

Her har derimot puristane fått ein del problem med aksepten. Christian Matras skriv i ein mykje sitert artikkel frå 1969: “Ræðslan fyri, at tað, vit skriva er íslendskt, er ein gomul sjúka í Føroyum.” Matras fører denne redsla tilbake til 1800-talet (jf. Poulsen 2000:134). Sidan den tida har fleire stritta imot, og kopla avløyсарord til islandsk, jamvel når orda er runne or heimlege kjelder (sst.). Skepsisen til islandsk har

¹⁵⁰ Islendingen Sigurður Jónsson 1996 er kritisk til det manglande skiljet mellom fagspråkleg og allmennspråkleg språkrøkt, og ser gjerne ein meir fagterminologisk innfallsvinkel på Island. Christer Laurén gjer på si side ei internasjonal jamføring av terminologisk språkplanlegging, og der trekkjer han fram islandsk som særleg interessant; han meiner at det islandske mønsteret kan verte meir aktuelt i ei tid der språkpresset aukar. At islandsk er “spesielt”, vil såleis ikkje seie at den terminologiske innfallsvinkelen der er mindre legitim enn andre innfallsvinklar (jf. Laurén et al. 1997:234).

gjort at fleire av dei nylagingane som færøysk har til felles med islandsk, ikkje har slege gjennom (jf. Clausén 1978, Sandøy 1997b).

Skepsisen til islandismar vart ikkje mindre utover på 1900-talet (jf. Poulsen 1997:188). Ulla Clausén viser i ei haldningsgranskning frå 1970-talet (1977:38-39; 134) at fleire puristar vart rekna som “islandskvennlege”. Magnhild Selås (1996:40f.) har i ei haldningsgranskning frå 1990-talet registrert ein del tilvisingar til nyord som “islandske”.¹⁵¹ Her ligg det truleg ein trong for å markere seg overfor storebroren.

Kulturanthropologen Tom Nauerby har i studien *No Nation is an Island* (1996) kopla den færøyske ambivalensen overfor islandsk språk til ei språkleg, kulturell og nasjonal identitetskjennele: Å gå for langt i islandsk lei er vorte oppfatta som ein trugsel mot det særeigne ved færøysk. Islandismar er dessutan kopla til den litterære høgstilen, og det har vore ein “folkeleg” protest å ikkje godtake alt som høyrer til denne stilen (jf. s. 98f.). (Nettopp det generelt folkelege elementet i færøysk nasjonalisme kan her ha hatt ein forsterkande funksjon.) Resultatet er at ein i færøysk språknormering må vere varsam med å føreslå ord og nemningar som kunne koplast til islandsk. Poulsen (2000:134) skriv at ein i færøysk språknormering har hatt som mål å vere ubunden, også av islandsk, men at nyord like fullt av somme vert rekna for å vere islandske, sjølv om dei ikkje er det.

Eitt aspekt ved islandskorienteringa er at færøyske puristar har lagt vekt på dei språklege likskapane mellom færøysk og islandsk, og tilsvarande vekt på dei språkleg ulikskapane med skandinaviske språk. Matras (1928) gjorde det, og i dei siste tiåra av 1900-talet har Jóhan Hendrik Winther Poulsen vore den som klårast kan koplast til ei slik forståing. Poulsen (1988) har i ei prinsipiell drøfting av færøysk normeringspolitikk i *Fróðskaparrit* 34–35 som utgangspunkt at islandsk og færøysk språkstrukturelt skil seg markant frå skandinavisk; norsk, svensk og dansk er som dialektar, medan færøysk og islandsk ikkje er det i høve til skandinavisk (s. 40). Det som gjeld for skandinavisk, kan då ikkje automatisk seiast å vere gjeldande for færøysk og islandsk. I denne skiljemåten ligg der hos JHWP ein ideologiproduksjon knytt til purismen imot dansk.

Når det så gjeld dei faktiske likskapane mellom færøysk og islandsk, er desse påfallande når vi konsentrerer oss om det skriftlege standardspråket:

¹⁵¹ André Niclasen går i artikkelen “Tann skeiva málrøktarkósin” (1992) til åtak på det han meiner er puristiske lån frå islandsk, både i ordbruk og i syntaktisk stil, mellom anna kritiserer han bruken av “tað íslenska ‘banna’ i staden for ‘forbjóða’”. Jeffrey Henriksen (1992:25) kan på si side vise til at ein finn ordet *banna* alt hos Svabo i 1781–82, Hammershaimb i 1884, Simun av Skarði i 1910 og Rikard Long i 1947. No har Niclasen andre døme på islandismar som ikkje er tilbakeviste, men dømet med *banna* illustrerer noko ein ofte ser i purismekritikken: Ein er kritiske til ei side ved purismen, og då er det enkelt å setje på stempelet “islandsk” på for å forsterke kritikken.

- Samanfall av vokalane /i/ og /u/ i visse endingar (t.d. *bátinum* [sgl. dativ] og *bátunum* [pl. dativ] [gjeld visse dialektar]) og i nest siste stavinga (dvs. der er ingen lydleg skilnad mellom eintalsforma *hestinum* og fleirtalsforma *hestunum*).
- Ulike analogiske endringar og samansmeltingar i nominativ og akkusativ fleirtal av hankjønns substantiv i bunden form (“Eg eigi allir hesir hestarnir” i staden for “hestarnar”). (Denne samansmeltinga er gamal.)
- Nye fleirtalsendingar i nominativ og akkusativ av substantiv i inkjekjønns av norrøn *ija*-stamme (fl. *kvæði* > fl. *kvæðir*) og norrøn *an*-stamme (fl. *eygu* > fl. *eygur*).
- Fleire forenklingar og analogiske endringar i tal- og personbøyinga av verb.

Der er dialektal variasjon i måten og graden desse endringane vert realiserte, og det gjer at der i somme dialektar er fleire arkaiske trekk som framleis lever, t.d. i pronomenbruken (jf. Weyhe 1996:98). Hovudtendensen er like fullt ein forenklingsspross i retning det skandinaviske. Kurt Braunmüller (føredrag i Tórshavn 29.06.2000) meiner då òg at færøysk er på veg mot å verte ein språktype med to kasus: Nominativ og akkusativ fell saman, dativ vert halde ved like, medan genitiv forsvinn. Der er elles fleire likskapar mellom færøysk og norske dialektar i bruken av blanda bøying av substantiv (jf. norsk: *brukar* [presens] og *brukte* [preteritum], færøysk: *brúkar* [presens] og *brukti* [preteritum]), likeins i supinumsformer av verb (*Vit átti at samtykt at farið.*), i reglar for bruk av passiv (ved bruk ved modale hjelpeverb) og i bruken av samansette partisippformer. På desse områda skil færøysk seg frå islandsk, og ligg nær skandinavisk (sørvestnorsk) (jf. føredrag av Helge Sandøy i Tórshavn 01.07. 2000).

Fonologi

I fonologien har færøysk generelt sterke likskapar både med islandsk og med sørvestnorsk talemål. Diftongering av gamle lange vokalar er t.d. gjennomført både i islandsk og i somme sørvestnorske mål (jamvel om diftongkvaliteten kan vere ulik). Det same gjeld diftongeringa av *a* og *æ* i lang uttale. Også i konsonantsystemet finn vi likskapar, t.d. gjennom segmentasjon og differensiasjon. Færøysk skil seg derimot ut frå islandsk gjennom ein del “stumme” konsonantar (t.d. *ð*) og særigne uttalemåtar av ein del konsonantsamband (t.d. uttale av *g* som stemt affrikat, såkalla “skjerping” [i forma *oyggjarnar*]), palatalisering av visse *s*-/*sk*-samband (som i svensk og norsk) og retroflekslyd [i *bar seg*]). Likt med islandsk – og ulikt sørvestnorsk – er derimot itakismen. Færøysk og islandsk har dessutan det til felles at dei manglar tonemmotsetnad. Det er vanskeleg å avgjere kva færøysk er nærmast her. Vi merker oss i alle høve at sedd frå islandsk, er det fonologien som vert framheva som mest problematisk for å forstå færøysk.

Syntaks

I den vesle litteraturen som finst om færøysk syntaks, vert det ofte vist til likskapen med norsk (jf. òg Torp 1998:47, Barnes et al 1994) og til spenningsforholdet mellom islandsk og skandinavisk (Braunmüller 1998:207, Höskuldur Þráinsson 2000a). Som døme på spenningsforholdet kan vi sjå på rekkjefylgja i leddsetningar: I islandsk er plasseringa av finitt verbal den same i leddsetningar som i heilsetningar (finitt verbal + adverbial), medan ein i skandinavisk kan ha ei anna rekkjefylgje (adverbial + finitt verbal). I færøyske leddsetningar viser det

seg så at å flytte det finite verbalet til etter (midtfelts-) adverbialet er mogleg (særleg i at-setningar), men like fullt ikkje nødvendig (Höskuldur Þráinsson 2000a:121f.). Den skandinaviske setningsstrukturen er likevel mest vanleg i færøysk (Höskuldur Þráinsson 2000b:10). Der er samstundes ein del ulike haldningar og intuisjonar kring ordstillinga i leddsetningar, avhengig av kva slags leddsetningar det er tale om, og kva slags språkbrukarar det er tale om. Höskuldur Þráinsson (sst.) har i ei spørjegransking vist til synspunkt om at somme “islandske” ordstillingar er “naturlege” (gjeld særleg adverbialsetningar) og at andre er “unaturlege” (det gjeld særleg indirekte spørjesetningar og relativsetningar) (s. 11f.). Generelt var der fleire som tykte skandinavisk setningsstruktur var meir naturleg enn den islandske. Der er ein sterkare tendens blant lingvistar til å godtake den islandske syntaksen enn blant studentar (sst.). Jamvel om den skandinaviske setningsstrukturen vil vere mest vanleg i færøysk, har ein gjennom eit islandsk-påverka stilideal tydelegvis fått eit visst gjennomslag for meir islandskpåverka syntaks (sjå òg om syntaktisk purisme).

7.4 Purisme i tida etter 1945

7.4.1 Purisme imot engelsk?

I dei fleste nordiske språksamfunna ser vi i perioden etter 1945 ei gradvis dreining i merksemda: Ein vert meir oppteken av engelskpåverknad. På Færøyane er det derimot framleis danskpåverknaden som har stått i fokus. Der er fleire årsaker til at det er slik.

Den viktigaste er truleg at færøysk framleis har vore i ein standardiseringsprosess. Det var fyrst i 1938 færøysk var jamstelt som skulespråk, og fyrst i 1948 hadde språket offisiell status. Normeringsinstitusjonar skulle byggjast opp, ordbøker skulle lagast, språket skulle i bruk på så mange område som mogleg. I den konteksten var det berre eitt språk som var eit problem, og det var dansk.

Ei anna årsak ligg i forlenginga av den fyrste, nemleg oppfatninga om at dei engelske låna i hovudsak kjem gjennom dansk (jf. Poulsen 1989:52).

Denne oppfatninga er i og for seg ikkje urimeleg: Færøyane er ein del av den danske staten, tett vovne inn i danske medium og dansk økonomi, og moderne produkt og teknologi vert importerte frå Danmark. På den måten kan Danmark fungere som transittland for anglisismar (jf. Hagström 1977:33).

For å forklåre drivkrafta for engelskpåverknaden vert det likevel for enkelt å vise til dansk. Dei danske importkanalane er delar av eit internasjonalt nettverk der engelsk har fått status som “verdspråk”. Dersom ein tenkjer seg at Færøyane ikkje var ein del av Danmark – og samstundes ikkje ein del av Island – er det vanskeleg å sjå at ein kunne unngå å kome i nærkontakt med engelsk på ein tilsvarande måte, i alle fall

dersom ein samtidig skulle ha tilgang til internasjonale medium, ny teknologi, populærkultur etc.

Ein som har poengtert at ikkje all engelskpåverknad har kome frå dansk, er Tórður Jóansson. I doktoravhandlinga *English loanwords in Faroese* (1997:170f.) vurderer han fleire einskildlån i høve til språkstrukturelle kriterium: lydleg tilpassing til færøysk, ny meining i høve til dansk bruk, og eventuell overføring av spesiell dansk meining av ordet. Ut frå desse kriteria viser det seg at det har kome ein god del lån direkte frå engelsk (jf. Jóansson 1996:20f., 164f.). Også JHWP (1989) viser til fleire engelske lån som er særmerkte for færøysk, t.d. adjektivet *fittur* (to fit), substantivet *sluppir* (slupper) og verba *at sloa* (to slow) og *at sjórast* (to shore). Dette er derimot eldre lån. Somme engelske lånord stammar truleg tilbake til 1400-talet (Jóansson 1997). Ei viss intensivering av dei engelske låna skjer i perioden etter 1800, noko som skuldast auka kontakt med britar, særleg frå Nord-Skottland, ettersom fiskeflåten hadde vorte modernisert, og ein kunne fare lenger ut med båtane. Då ein fekk sjøgåande fiskefarty kring 1870 kom det inn fleire engelske ord som hadde med fiske og sjøfart å gjere (Poulsen 1989:51f.).

I samband med den auka kontakten oppstod det litt konflikhtar. I danske og færøyske aviser vart det kring hundreårsskiftet tala om faren frå England, og det gjekk rykter om at eit britisk firma skulle kjøpe Færøyane (Jóansson 1997:156f.). Det er tvilsamt om konflikten var særleg omfattande (mykje skuldast at danske aviser hissa stemninga opp), men han hadde såpass verknad at britane i 1900 oppretta eit konsulat på Færøyane (sst.).

Særleg merksemd var det generelt ikkje på engelsk i tida etterpå. Engelsk kom inn som fag i lærarskulen i 1878, men vart avløyst av færøysk i 1907, før han kom tilbake på 1930-talet igjen som fag i lærarutdanninga. Det tyder på låg interesse for språket i offisielle samanhengar. Som nemnt i kap. 4.4.3 var der nokre færøyingar som kunne engelsk kring hundreårsskiftet. Vi veit likevel lite om kven det var, kvar dei hadde lært seg engelsk, og i kva samanhengar dei brukte engelsken.

Okkupasjonstida

Til liks med dei andre nordiske språksamfunna er andre verdskrigen eit vasskilje for engelskpåverknad. Her kjem dei ytre omstenda inn på ein særleg måte: Under andre verdskrigen, frå 1940–45, dei åra då Danmark var hersett av Tyskland, stod Storbritannia for ein fredeleg okkupasjon av Færøyane, og brukte øyane som flybase. På det meste oppheldt det seg 6000 britiske soldatar på Færøyane, medan der berre var kring 30 000 fastbuande færøyingar. Dei fleste britane var stasjonerte på Vágur (der

dei bygde ein flyplass). Likevel fanst der mykje kontakt mellom britiske soldatar og færøyingar; fleire færøyske kvinner gifte seg òg med soldatar (jf. Jóansson 1997:164).

Der er ulike syn på kor stor språkleg påverknad som kom frå dei mange engelsktalande i denne perioden. Poulsen (1989:52) meiner at dei språklege spora frå denne tida er merkverdig svake. Tórður Jóansson (1997:164f.) viser derimot til at fleire engelske uttrykk kom inn i færøysk daglegtale i løpet av okkupasjonsåra, t.d. *beibei* (i staden for *farvel*), *halló* (i staden for *goðan dag*), *vell*, *lorri*. Jóansson er innforstått med at mange – om enn ikkje alle – av dei *nyare* låna i dag kjem gjennom dansk eller danske kanalar. Spørsmålet vert likevel igjen kva alternativet hadde vore: Det at dei engelske låna kjem gjennom danske kanalar vil ikkje nødvendigvis seie at låna ikkje hadde kome dersom Færøyane ikkje var så nært knytte til Danmark.

Når så færøyske puristar som Jóhan Hendrik Winther Poulsen har vore så opptekne av å setje opp danske kanalar som innfallsportar til engelsk, må vi sjå det i samanheng med den allmenne purismen imot dansk.

Sjølv om ein på Færøyane har fokusert på danskpåverknad, vil ikkje det seie at ein har hatt eit liberalt syn på anglisismar. Engelske lån er avløyste med færøyske ordformer. Grunnlaget for det er den generelle ordpurismen. I denne samanhengen vil tilhengjarane av færøysk purisme lett kunne peike på dei det dei meiner er positive biverknader av danskpurismen. Det gjer Poulsen i artikkelen “Engelsk påvirkning på færøysk” (1989) – der han samstundes pirkar på dei skandinaviske språksamfunna:

Nu græmmer man sig [i dansk og de andre skandinaviske sprog] over flommen af engelsk-amerikanske ord, der trænger sig frem allevegne, især inden for teknik og forretningsliv, men man står magtesløs over for dem, fordi man intet alternativ har. Den hjælp, man kunne hente hos sprogets iboende fornyelsesmuligheder, har man åbenbart undsaagt. [...] Der er da ingen vej udenom at antage de engelske ord, når man hverken synes at have vilje eller evne til at aktivere de indre orddannelsesmuligheder. Bevares, et og andet oversættelseslån laver sig nærmest selv, men mange opnår aldrig en prestisje, der kan måle sig med den, som de mere spændende engelske nyder. (Poulsen 1989:49.)

Tanken er her at sidan færøysk er så puristisk, vil ein klare seg betre, medan ein i Skandinavia vert ståande meir eller mindre lamslegne.

7.4.2 Omsynet til Danmark

Då dei britiske troppane reiste heim i 1945, stod Danmark igjen med overherredøme over Færøyane. Det var samstundes klårt ein ikkje kunne vende tilbake til det tette sambandet som hadde vore. Færøyane hadde greidd seg i fem år utan Danmark, og stod sterkt økonomisk. Den nasjonale rørsla såg det no som mogleg å få reint sjølv-

styre. Ved folkeavrøystinga om sjølvstyre 14. september 1946 støtta eit knapt fleirtal eit slikt krav. Færøyske politikarar fekk derimot kalde føter, og i staden for å realisere sjølvstyret forhandla dei fram ein avtale med Danmark om heimestyre (1. april 1948). Denne avtalen definerte Færøyane som eit sjølvstyrt område i kongeriket Danmark, og færøysk vart offisielt språk på øyane, jamvel om dansk skulle brukast ved sidan av.

I færøysk politikk vart spørsmålet om sjølvstyre vs. samband med Danmark ei viktig skiljeline mellom dei politiske partia. I praksis verka det likevel som om partia aksepterte sambandet, ikkje minst etter at Danmark hadde ytt økonomisk hjelp på 1950-talet (jf. Jóansson 1997:167).¹⁵³ Dei omfattande overføringane gjorde at Færøyane kom i eit tettare økonomisk (og dermed òg politisk) avhengigheitsforhold til Danmark.

Skilnaden mellom sjølvstyre-tilhengjarar og unionistar kom til uttrykk på det språklege planet. Tilhengjarar av sjølvstyre var mest opptekne av å fremje færøysk språk og av å halde språket reint. Tilhengjarane av samband var meir varsame, og peikte på dei goda som tilgangen til eit større språk som dansk kunne gi. Skilnaden kom til uttrykk gjennom avisene.

Avisa *14. september* vart organet for republikarane, Tjóðveldisflokkurin, og nytta den mest “reine” færøysken (som i fylgje politiske motstandarar ofte kunne gå over til islandsk).

Avisa *Dimmalætting*, som alltid har tala varmt for sambandet med Danmark, har vore mindre puristisk og nytta fleire “danismar”. I tillegg var *Dimmalætting* langt ut på 1970-talet redigert på dansk (med danskspråklege leiarar og mesteparten av stoffet på dansk). (Avisa kalla seg også “amtstidend for Færøerne”, jamvel om Færøyane etter 1948 ikkje har vore noko dansk amt.)

Ulla Clausén (1978) har i intervju med representantar for ulike politiske grupperingar gitt ein situasjonsrapport der dei sambandsvennlege var meir liberale i synet på ordtilfanget, medan dei som var mest for sjølvstyre, også var meir puristiske. Denne koplinga mellom purisme og *partipolitikk* skulle halde seg til ut på 1980-talet.

7.4.3 Rådgiving og ordbøker

Den puristiske ordenen som vart etablert i fyrste halvdel av 1900-talet, sette seg endå sterkare fast i det færøyske samfunnet. Der var fleire måtar det skjedde på; her skal nemnast to: a) institusjonalisering av normarbeidet, og b) ordbokutgivingar.

7.4.3.1 Institusjonalisering av normeringa

¹⁵³ Færøyane fekk i åra som kom fleire økonomiske overføringar frå Danmark, og ein betalte mindre i skatt enn danskar. Færøysk økonomi og politikk vart dermed meir avhengig av Danmark.

På 1950-talet skjedde det ei institusjonalisering av normeringsarbeidet gjennom opprettinga av eit vitskapsselskap, Føroya Fróðskaparfelag (1951), som igjen har stått for ulike tiltak: årsskriftet *Fróðskaparrit*, språknemnd (1958), språksekretariat (1959) og ordboksutgivingar. Ei ytterlegare institusjonalisering kom i 1965 då Fróðskaparsetur Føroya vart skipa. Føroyamálsdeildin ved Fróðskaparsetur Føroya dreiv på 1970- og byrjinga av 1980-talet mykje rådgivande verksemd, og gav svar på spørsmål og råd og rettleiing om god språkbruk (jf. s. 51). Rådgivinga var rett puristisk orientert (her kjem òg nemninga “seturs-mál” inn; det kjem or sistelekken *-setur* i Fróðskaparsetur). Den normative verksemda var problematisk når Føroyamálsdeildin skulle vere ein forskings- og undervisningsinstitusjon på universitetsnivå. Det skapte meir ryddige forhold då Føroyska málnevndin vart skipa i 1985.

Ekskurs

Føroyamálsdeildin og det normative

I praksis heldt mykje av det normative arbeidet fram i Føroyamálsdeildin dei fyrste ára; Jóhan Hendrik Winther Poulsen var både ordboksredaktør, professor ved Føroyamálsdeildin og formann i språknemnda, og det var blant folk flest lenge ei oppfatning om at desse institusjonane og rollene var tilnærma identiske (jf. Poulsen sine artiklar der han fortel om korleis folk kontaktar honom). I løpet av dei seinare ára har likevel skiljet mellom deildin og Føroyska málnevndin vorte tydelegare.

Jamvel om Jógvan í Lon Jacobsen både er tilsett ved Føroyamálsdeildin og er formann i málnevnda, presiserer han skiljet mellom funksjonane (personleg intervju 22. oktober 1998).

Likevel kan ein stundom sjå forventingar om at deildin skal fungere normativt, t.d. i lesarinnlegg:

Føroyamálsdeildin er jú tað allerheilagaste í tjóðini. Her verður føroyskt, sum er sjálvt kjarnin í hesum at vera føroyingur, rannsakað og røkt. [...] Men hava málfrøðingarnir ymiskar meiningar um sjálva beinagrindina í málinum, so er at spyrja, um tað er neyðugt at hava tað fólkið, sum beinleiðis ella óbeinleiðis er ímót teirri stevnu, sum hevur verið endamálið frá byrjanini. (...)Slíkir menn gera meira skaða enn gagn, Tí føroyskt er so illa fyri sum ongantíð, um ikki alla tíðini verður arbeitt við at røkta og menna tað. (Dimmalætting 8. februar 1996.)

I same ordskiptet (i 1996) kom Høgni Debes Joensen med synspunkt om at Fróðskaparsetur Føroya skulle leggjast ned dersom det viste seg at dei vitskapleg tilsette der hadde same synet på språket som det som kom til uttrykk i *Donsk-føroysk orðabók* (Dimmalætting 4. januar 1996). Slike populistiske synspunkt er ikkje representative for dei haldningane som elles har kome fram i færøysk språkordskifte. Innlegga illustrerer like fullt at Føroyska málnevndin ikkje har etablert seg i medvitnet hos folk på same måte som Norsk språkråd i Noreg og Dansk Sprognævn i Danmark, og at ein (kanskje på grunn av at Færøyane er eit lite

samfunn) har lettare for å stille personar i offentlege posisjonar til ansvar for kva dei gjer og står for.

7.4.3.2 Jóhannes av Skarði og den dialektiske purismen

Jóhannes av Skarði gav ut to viktige ordbøker: *Donsk-føroysk orðabók* (1967) og *Ensk-føroysk orðabók* (1984). Purismen slo han fast i innleiinga til den dansk-færøyske ordboka. Mange vanleg ord ville ikkje få plass, fordi dei var ufærøyske:

Málstøðan í Føroyum er tann, at mong orð, sum vanliga verða nýtt manna millum, hava ikki fingið innivist í bókamáli. Tey hava, heilt frá tí at áhugin fyri málinum vaknaði, og farið varð rættiliga undir at arbeiða við tí, verið hildin at vera óføroysk, tó at fólk yvirhøvur nýttu tey. Føroyingar hava so í málstrevi sínum alla tíðina verið tað, vit kunna kalla málreinsarar. Tílik orð eru heldur ikki tikin upp í hesa bók.

I eit intervju med Ulla Clausén (1978:41–42) seier Jóhannes av Skarði at målet var å få eit færøysk ord for alle omgrep, og ordboksarbeidet måtte stø ei slik line. Eitt utslag av denne purismen var at Jóhannes av Skarði tok utgangspunkt i dei danske orda som ein hadde eller kunne lage gode færøyske avløyningar for. Dermed mangla der ein del ord som var i dagleg bruk i dansk. Zakaris S. Hansen og Jógvan í Lon Jacobsen (1995:17f) har vist til at den dansk-færøyske ordboka braut med prinsipp som er viktige i leksikografien, t.d. prinsippet om stilistisk ekvivalens. Eit ordpar som *forelske sig* vert omsett med “fáa hug á, leggja ástarhug á, fáa yndi el. tokka til” og *forelsket* vert “ásttikin”, men “ásttikin” høyrer til eit heilt anna og høgare stillægje, t.d. i dikt, og dekkjer ikkje det *forelsket* tyder på dansk; det same gjeld “leggja ástarhug á”. I Hjalmar P. Petersens nyutgåve vert “forelska seg í” nytta som det fyrste oppslaget, i lag med “fáa hug á, fáa yndi el. tokka til”, medan *forelsket* vert til “forelskaður”. Det sistnemnde representerer ein snunad vekk frá den beinharde purismen, og kan kallast ei “fagleggjering” ved at ein gir rom for den ekvivalenten som er mest nytta i dagleg-talen. For Jóhannes av Skarði var utgangspunktet derimot ikkje fag, men strevet for å fremje eit uferdig språk overfor storebroren dansk. Sjølv om “ástarhugur” høyrde til det høgare stillaget, kunne ein som honom tenkje at ein gjennom målstrid kunne få ordet i allmenn bruk.

I 1977 kom der ut ei tilleggsordliste som Jóhannes av Skarði gav ut saman med JHWP. Den puristiske profilen var ikkje endra.

I 1984 kom Jóhannes av Skarði med *Ensk-føroysk orðabók*, utgitt av Føroya Froðskaparfelag.¹⁵⁴ Igjen er det tale om eit puristisk prosjekt. Det er ikkje nødvendigvis dei vanlege færøyske ekvivalentane som vert nytta, t.d. *contact lens* > *atkúpur* (*kontaktlinsa* er ikkje med), *zip/zipper* > *dragulás/rennulás* (*lýnlás* er ikkje med), *suede* > *rísinskin* (*rúskin* er ikkje med), *juice* > *sevja/saft* (ikkje *djus/juice*). Der er mellom anna nytta omsetjingar som Jógvan við Anna har stått føre (jf. nedanfor), t.d. *liberalism* > *frælslyndi/ frælyndsisstevna* og *dogmatic* > *kreddafastur* (her nyttar Jógvan við Anna rett nok skrivemáten *kredufastur*), puristiske omsetjingar som aldri har slege gjennom i bruk. Heilt fri for framandord er ikkje ordboka: Der er med *communism* > *kommunisma*, *clarinet* > *klarinetur*, *skylight* > *skeilett* (færøyisering), relativt etablerte ord i færøysk. Konsekvent er han likevel ikkje; somme -isme-ord er der færøyske ord for, andre ikkje (jf. drøfting hos Thomsen 1996).

Johnny Thomsen kom i studentbladet *Brá* (1986) med ein grunnleggjande kritikk av ordboka; ho hadde omsetjingar som ingen kjende, der var konstruerte skrivebordsord som ingen brukte, og ein mangla skilje mellom ulike stilnivå og funksjonar. Leksikografisk heldt ikkje ordboka mål, meinte han. Thomsen såg profilen til ordboka i samanheng med den færøyske purismen meir generelt. Ved sida av den kritikken Rikard Long kom med på 1960-talet, var dette det krassaste åtaket på purismen som hadde kome frå lingvistisk kompetent hald (jf. kap. 7.4.5). (Thomsen var på denne tida åleine med å uttrykkje ei slik kritikk offentleg; meldinga av Arnufinnur Skaale i *Varðin* 1986 var positiv.)

Ein ser både i innleiingane til *Donsk-føroysk orðabók* og *Ensk-føroysk orðabók* at Jóhannes av Skarði er ganske så medviten om kva rolle ordbøkene hans skal spele. Han var “purist”, ikkje “realist”, og ville påverke språkstoda. Det vil ikkje seie at han trudde at folk berre skreiv etter ordbøkene: “Sedan kan språkbrukarna eventuelt vælja det ord som passar dem bäst, antigen det är av inhemskt eller av främmande ursprung,” seier han i intervju med Ulla Clausén (1978:41–42).

I denne samanhengen er det verdt å merke seg at Jóhannes av Skarði ikkje skal ha vore negativt innstilt til den seinare utgåva av *Donsk-færøysk orðabók* som Hjalmar P. Petersen redigerte, og som var langt meir liberal til inntak av danismar og lånord.

¹⁵⁴ Førelegget for *Ensk-føroysk orðabók* er fyrst og fremst *The Hamlyn Pocket English Dictionary* (1978) (som er lite kjend), i tillegg har han konsultert andre ordbøker (jf. innleiinga). Ordboka har kring 16-17 000 oppslagsord (Thomsen 1986:12).

Jóhannes av Skarði hadde på 1950-talet gitt ut ei engelsk-færøysk ordliste (Skaale 1986:305), men ho har truleg vore lite brukt (sst., Thomsen 1986:12).

Jóhannes av Skarði gav munnleg uttrykk for at han likte ordboka, og at han kunne innsjá og til dels forstå at ei nyare og meir liberal line var på sin plass.¹⁵⁵

Her treng det ikkje å vere nokon motsetnad mellom hans eigne ordbøker og dei som kom etterpå. Ein kan i staden tolke innstillinga hans dialektisk: Dei ordbøkene han gav ut, sette opp retningsliner for ein rein færøysk språkbruk. Denne reine forma ville då – ut frå dialektisk tenking – møte motsetninga si i den faktiske språkbruken der det vrimla av danismar og framandord. Gjennom møtet mellom “purisme” og “realisme” utvikla så språket seg. (Ordboka åt Hjalmar P. Petersen kan tolkast som “syntese”.)

7.4.3.3 Grensa for purisme: Jógvan við Ánna

Eit noko eksentrisk orboksprosjekt stod Jógvan við Ánna (1906–1972) for med *Føroysk málspilla og málrøkt. Óføroysk-førøysk orðabók* (1961–1977), utgitt på eige forlag. Denne avløyсарordboka var omfattande, og kom i fire bind (siste bindet er gitt ut posthumt). Føremålet var å forsvare færøysk imot forvitrande innslag frå framande språk. – Det er den svartaste nauda for ord som driv ein til språklån, skreiv Jógvan við Ánna. Å drive ei slik form for naudhjelp var ikkje berre “málspilla”, men kunne òg føre til “máldráp”, meinte han (s. II, 1. bd.). Særleg tyske og danske ord var farlege. Men òg engelske, franske, greske og latinske ord vart nemnde. (I tillegg laga han avløyсарord for nordiske ord som *gople* og *gry*.) For engelske ord kan nemnast t.d. *baby* > *nyføðingur/reivabarn*, *back* > *bakverji*, *crawl* > *hundasvimjing*.

Jógvan við Ánna sette opp Knud Knudsens *Unorsk og Norsk eller Fremmedords Avløsning* (1881) som føredøme. Båe desse avløyсарordbøkene er “heroisk-individuelle” forsøk på å omsetje framandord (deriblant mange danske) med heimlege ordformer. Sjølv gjorde Jógvan við Ánna ein enorm innsats i ordboksarbeidet, men han arbeidde åleine, utan å rådføre seg med andre, og fekk til liks med Knudsen ikkje suksess.¹⁵⁶ Fåe av avløyсарorda har slege gjennom. Jógvan við Ánna sitt bokverk fekk òg den utilsikta bruksmåten at mange paradoksalt nok har nytta det som oppslagsverk for framandord og lånord som er etablerte i færøysk, t.d. *abnormur* og *admiralur* (Clausén 1978:37). Ordboka kan også fungere som synonymordbok (og har dessutan fleire litterære døme med tilvisingar).

¹⁵⁵ Jóhannes av Skarði gav uttrykk for synet sitt til Jógvan í Lon Jacobsen på den tida då den dansk-færøyske ordboka kom ut. Opplyst av Jógvan í Lon Jacobsen i e-post 31. juli 2000.

¹⁵⁶ Johs. Enni har skriva ein artikkel i *Varðin* 1991 om Jógvan við Ánna, og inntrykket ein får derifrå og frå innleiingane i *Føroysk málspilla og málrøkt* er at forfattaren arbeidde med ordboksprosjektet i dei fleste ledige stunder.

Jógvan við Ánna har eit motto for arbeidet: “Betri er ein bótandi hond enn ein spillandi tunga”. I innleiinga skriv han at arbeidet med å laga færøyske ord kan aldri take slutt, og det er ein strid der det berre er to vegar å gå, den færøyske og den ufærøyske (s. IV).

Føroysk málspilla og málrøkt går såpass langt at ho vert meir ståande som noko pussig enn som eit føredøme i rein færøysk. På denne måten markerer ho òg grensa for kor langt det er råd å gå med purismen: Jógvan við Áanna overskreid den grensa.

7.4.4 Jóhan Hendrik Winther Poulsen

Einskilpersonar får meir å seie i mindre samfunn, og ein som har hatt mykje å seie i færøysk språkpolitikk dei siste tiåra er Jóhan Hendrik Winther Poulsen (heretter: JHWP) (f. 1934), den siste i rekkja av store færøyske puristar. Han er utdanna språkvitar, og knytt til Føroyamálsdeildin frå 1968-1997, fyrst som lærar og ordbok-redaktør, og frå 1986 som professor i færøysk. Han redigerte supplementsbindet til *Føroysk-donsk orðabók* (Poulsen 1974), var sjefredaktør for den færøyske morsmålsordboka, *Føroysk orðabók*, frå 1985 til 1997, og formann i Føroyska málnevndin frå 1985 til 1997. Han har hatt eit språkprogram (om ord) i færøysk radio (198 gonger), og vore aktiv i álmenta med namneframlegg og med korreks for det han meiner er dårleg språkbruk. JHWP har vore “språkkjendisen” på Færøyan.

JHWP har verka i ein periode der det færøyske skriftspråket har oppnådd ei utbreiing og ein status som ein knapt kunne tenkje seg 100 år tidlegare (jf. Jakobsen 1889). Færøyan har dessutan gått gjennom store økonomiske, teknologiske og politiske omveltingar, og fått aukande heimestyre i tillegg til at dei økonomiske vilkåra er betra, og levestandarden har auka (med eit intermezzo midt på 1990-talet). Desse rammevilkåra har verka til fordel for prioriteringa av færøysk språk. Den allmenne “færøyiseringa” av institusjonar og funksjonar (t.d. av postverket i 1974) har dessutan skapt ei pionérand der mykje skulle gjerast “færøysk” på kort tid. Dei som då har vore frampå, har òg fått høve til å prege endringar. JHWP har vore ein av dei.

I den puristiske orientering har JHWP halde oppe lina frå Jakob Jakobsen og Christian Matras, men i endå større grad vore påverka av *islandsk* språknormering, særleg i arbeidet med å lage nye ord (jf. pkt. om tilhøvet til islandsk).¹⁵⁷

Som forgjengarane har JHWP hovudsakleg vore oppteken av det leksikalske, i tillegg til namn (han var mellom anna ein av arkitektane bak den nye personnamnlova som vart vedteken av lagtinget i 1992). Her er ein liten smakebit på ordlagingane hans, henta frå ei upublisert liste JHWP har laga, “Nøkur nýggjyrði míni” (1998). (Oppdelinga her er gjord av meg. Omsetjingane referer stundom til engelske og stundom til danske ordformer.)

Teknikk:

¹⁵⁷ JHWP har studert på Island og har nære kontaktar med språkvitarar der som han rådspør seg med. I intervju 12.10.98 seier han at å kome til Island “var som å kome til himmelriket”.

fløga (compact disc), telda (computer), skíggi (screen), uppvörpa (overhead projector), markamót (interface), tekstvarp (tekst-TV), vevkagi (web browser), teldupostur (e-post), teldusníkur (hacker), hermil (synthesizer), leitul (search engine), pallborð (panelbord), geislaprentari (laser printer), farróðil (mobiltelefon), fartelda (lap top computer), fjarsemil (telefax), semil (fax), semla (faxe).

Samfunnsliv:

almenni (offentlighed), almannastova (socialkontor), lættkeyp (discount), atgeingi (tilgængelighed), sniðhus (typehus), eka (ecu), evra (euro), upprit (notat), viktíð (fleksitid), hugburður (holdning, attitude)

Trafikk:

farstöð (terminal), einvegis (one way, ensrettet), kjörklingra (rundkørsel), dragi (trailer), tyrla (helikoter), bingja (container).

For internasjonalismar:

skilmarking (definition), hugklovin (schizofren), jarðfok (erosion), tvíættaður (hybrid), hugborin (fiktiv), framleiðin (produktiv), framleidni (produktivitet), yrkorð (term), róttøkin (radikal), altjóðan (internationalisering), heimskringing (globalisering).

Natur:

soppmoður (mycelium, soppmor), kampakasoppur (champignon),

Mat:

tvíflis (sandwich), krabbasneis (crab stick), haldevni (konserveringsmiddel), móðurmjólkarlíki (modernælkserstatning) hvíta (ymer), hitil (kalorie), drúgmjólk (long life milk), rækja (reje).

Idrett og fritid:

øka (rutsjebane), gosbað (boblebad), strok (utfor), snirr (slalám), flogbóltur (volleyball).

Helse og seksualitet:

kvikil (pacemaker), hjárás/hjárásarskurður (bypass), samkyndur (homoseksuell), hinskyndur (heteroseksuell), klæðskiftingur (transvestit).

Namn:

Dunnaldur (Donald Duck), Dinni/Danni/Dunni, Orðafar (Føroyska málnevndin sitt meldingsblad), Málting (tidsskrift), Sveipur, Mylnan, Klippistovan, Klingran, Føroyaflog (Faroeair), vestan Á (Western Bank).

Lista omfattar 402 ord og 76 namn, tal som fortel om eit enormt engasjement for ordlaging på heimleg grunn. Ikkje alle orda har slege gjennom, det gjeld t.d. *farrøðil* (her har *fartelefon* slege gjennom), *fjarsemil*, *semil* og *sembla* (for desse tre har *telefaks* sigra – jamvel om orda har fått plass i *Føroyska orðabókin* ved sidan av *telefaks*).

I eit personleg intervju (12. oktober 1998) fortel JHWP at ord har ein uhyre viktig symbolverdi for eit lite og utsett språk: Gjennom eigne orddanningar kan også færøysk språk vise at “det er med”. Kvart nytt ord vert ein siger over “trollet” – einsrettinga frå dei store språka.

JHWP har ikkje skrive mykje om dei lingvistiske prinsippa for ordlaging på heimleg grunn. Men ut frå artiklar, intervju og den nemnde lista ovanfor, ser vi ein del tendensar i framgangsmåten. Vi kan her setje opp ni slike tendensar:

1. *Heller korte ord enn lange ord.* Av samansetjingar er der berre ei som har fleire enn to røter (*móðurmjólkarlíki*).

2. *Heller avleiingar enn samansetjingar.* Dette prinsippet heng saman med det fyrste; JHWP vil unngå for tunge ord, og samansetjingar kan lett verte det (jf. intervju). Avleiingar som *telda*, *telvi*, *tyrla*, *semil*, *sembla*, *kvikil*, *øka* og *glæra* tilfredsstiller desse ideala, og i fylgje JHWP er desse også lettare å få gjennomslag for. No viser lista fleire samansetjingar enn avleiingar, men det er i og for seg ikkje så rart, i og med at samansetjingar (med substantiv på sisteplassen) er den mest frekvente ordlagingsmåten generelt i nordiske språk.

3. *Støtte i etymologi.* Med utgangspunkt i etymologien har JHWP skapt fleire omsetjingslån. *Flogbóltur* for *volleyball* er døme på det: Fyrstelekkjen i utgangordet, *volley*, kjem frå det latinske verbet *volare* (‘å flyge’) gjennom fransk *volée* (perfektum partisipp av fr. *voler*, ‘å flyge’). Ved å gå til den “eigentlege” tydinga av eit internasjonalt ord, kan JHWP gå til åtak mot dei som hevdar at færøyske puristar er sneversynte; her er faktisk færøysk “mest” internasjonalt (jf. Poulsen 1985:49).

4. *Bruk av alle språkelement som kan kallast “heimlege”,* dvs. alt som har norrøn rot. JHWP ser på språkhistoria som ei kjelde han kan ause nokså fritt frå, og han har då òg brukt det kritikarar karakteriserer som “avdøde” og “ikkje-produktive” affiks og omlydar.

Hjalmar P. Petersen (1993:21) har kome med ein prinsipiell kritikk av denne framgangsmåten, og bruker ordforma *telda* som døme. Petersen koplar *telda* til eit ord

som *deld* ('liten dal'). Det kjem språkhistorisk frå *dalur* (på same måten som *telda* kjem frå *talur* ['tal']) frå eit språksteg der det germanske -iþô/iðô-suffikset var til stades i form av ordet *dalipô, og der ein gjennom i-omlyd (a>e) og synkope (bortfall av trykklett vokal) har fått *deld*. Det mest logiske, dersom ein ville nytte dette gamle avleiingssystemet, ville i fylgje Petersen ha vore forma *teld* (jamvel om i-omlyden som her kjem til uttrykk, ikkje har vore produktiv på over 1000 år). Ein kunne òg ha manipulert med ordet, og ført til det meir produktive -i-suffikset, dvs. *teldi*. Petersen er innforstått med den suksessen orda *telda* har fått, og ser at ordet "er komið fyrri til vera" (sst.). Han meiner likevel at ordlagingsmåten er uheldig, av di ordlagingsmønsteret vert mindre gjennomsiktig (s. 21–22).

JHWP har aldri svara på ein slik kritikk. Men ein kan her sjå to ulike språkoppfatningar: diakroni (JHWP) versus synkroni (Petersen) og tru på språkstyring (JHWP) versus tru på språkendingar som naturlege steg ein ikkje kan vende tilbake til (Petersen). Petersen jamfører elementa i språket med brikkar på eit sjakkbrett, der brikkene heile tida står i eit forhold til andre språkbrukarar og til spelet (språket) som heilskap (s. 20). Dei brikkene som er ute av spelet, kan ikkje kome på brettet igjen (sst.) For JHWP er språket derimot ikkje noko spel, men ei diakron line der ein innanfor lina kan manipulere og styre språket.

5. *Leite i utkantane av leksikonet.* Ein bør i fylgje JHWP take i bruk ordelement som ikkje står altfor sentralt i leksikonet. Det er tilfellet i avløyсарordet for *container*, *bingja*. Det byggjer på ordet *bing*, som er lite brukt i færøysk. Ved å bruke endinga *-ja* kunne ein få fram at det var tale om ein flyttbar bing, og ikkje ein statisk (*bing*).

6. *Lydleg likskap.* I fylgje JHWP kan det vere ein fordel å late avløyсарorda byrje lydleg på same måten som utgangsortet, t.d. i *screen* > *skíggi*, *tablet* > *telvi*. Dette prinsippet vert likevel ikkje fylgd konsekvent (t.d. *rutschebane* > *øka*).

7. *Take utgangspunkt i oppmodingar frå språkbrukarar.* Over 50 % av nyorda er komne på bakgrunn av oppmodingar, meiner JHWP. T.d. kom *flogboltur* då nokre færøyingar i 1975 skulle til Island på volleyballstemne, og ville ha JHWP til å finne på eit færøysk ord. Ordet for 'helikopter', *tyrla*, kom då eigaren av eit helikopter bad om eit færøysk namn. Etter islandsk mønster (han spurde islendingar) laga han då *Tyrlsnipan* som særnamn; *tyril* og seinare *tyrla* vart appellativet. Eit tredje eksempel er då det kom nokre frå Klaksvík og spurde etter færøyske nemningar for *slalåm* og *utfor*,

og han laga *strok* og *snirr*.¹⁵⁸ Desse oppmodingane har JHWP lagt stor vekt på når han i anekdotisk form har skrive om nyordlagingar. Ved å vise til desse, gir han også legitimitet til nyordarbeidet (implikaturen er at folket driv nyordarbeidet framover).

8. *Støtte i islandsk.*

9. *Bruke list og lempe i implementeringa.* For å få gjennomslag for ord må ein velje rett tidspunkt og høve. I intervju (12.10.1998) fortel JHWP at han gjerne går og held eit nylaga ord for seg sjølv. Når det så kjem ei moglegheit – eit offentleg arrangement, eit radioprogram – vil han fyrst freiste å forklåre kva som er problemet, og korleis ein på ulike måtar kan løyse det, og heilt til slutt kjem han så med ordet. På det tidspunktet vil dei fleste i fylgje JHWP tykkje at det nye ordet er heilt flott. Ordet *telda* vart introdusert slik på eit ope møte der pressa var til stades.

Ekskurs

Paven og il computatore

JHWP fortel: “Ein gong eg sat ved eit bord saman med italienarar spurde eg dei kva *computer* heitte på italiensk. – Nei, dei hadde ikkje noko italiensk ord for dette, svара dei; dei brukte det engelske. Eg vart då forfærda. *Computer* var jo av romansk opphav, dei måtte jo gjere dette om til italiensk! Eg og forfattaren av italiensk-færøysk ordbok (som var med då) bestemte at ordet måtte vere *il computatore*, og når italienarane kom heim til Italia, skulle dei fare av garde til Vatikanet, banke på døra, bede om å få tale med paven og seie til honom at han no skulle be alle italienarar om å take i bruk ordet *il computatore*! Vi må ha humor i dette. Det må vere leik i det. Dette skjønar islendingane. Nokre gonger så får ein gjennomslag, andre gonger ikkje. Ein må ikkje vere for pågåande eller moraliserande.”¹⁵⁹

7.4.5 Purisme-kritikken

Purisme-kritikken byrja så smått på 1960-talet med Rikard Long (1889–1977), lærar, politiskar, forfattar, redaktør for tidsskriftet *Varðin* etc. (jf. Andreassen 1989). I avisa *Dagblaðið* hadde han hausten 1967 ei grundig gjennomgåing av *Donsk-føroysk orðabók*, og kritiserte der Jóhannes av Skarði for ikkje å gi eit rettvist bilete av færøysk språk, men fylgje sitt eige hovud og “tikið seg saman um at fáa klakt ein nýggjan,

¹⁵⁸ Orda *strok* og *snirr* har slege godt gjennom i færøysk. Ein kan like fullt spørje etter motivasjonen for å byte ut dei to norske nemningane *slalám* og *utfor*. Björn Hagström skal ha reagert på at ein avløyste to norske ord som er vortne internasjonale – han meinte det var unødvendig og ikkje god granneskap (samtale med JHWP 12.10.98). JHWP meiner på si side at engasjementet frå dei i Klaksvík var det avgjerande her. Samstundes meiner han at *slalám* har fleire problematiske aspekt ved seg: Ordet *lám* eksisterer ikkje i færøysk, og med skrivemåten *slalám* kan det i fylgje JHWP skje ei forveksling med eit anna ord, *lámur*, som tyder venstrehand.

¹⁵⁹ At ein del meiner at JHWP sjølv har vore svært så pågåande, er ei anna sak.

glæsligan norrønmålsfugl Fenix” (Long 1979:208). (Fleire av dei språkpolitiske artiklane åt Long er samla i artikkelsamlinga *Kveikt og kannað* [1974], sjå særleg s. 177–234.)

Som Ulla Clausén (1978:41) viser, var der heller ikkje på 1970-talet full semje om purismen. Kritikken gjekk på avstanden som purismen skapte mellom skrift og tale, på det nære tilhøvet mange meinte var til islandsk purisme, og på arkaisering av språket. Clausén skilde mellom fire normeringsposisjonar blant dei ho rekna som språkleg medvitne personar, “purister”, “nationalister”, “pragmatiker” og “internationalister”:

Som framgår av de intervjuer jeg redovisat ovan finns bland språkligt medvetna fär-
ingar olika åsikter om hur det färöiska språket skall vårdas och utvecklas. Dem som
förlägger normen bakåt i tiden och själva experimenterer med språket för att göra en
aktiv insats för färöiskans utveckling benämner jag *purister*. Anhängarna av en mer
statisk språkvård, som anser att färöiskan om möjligt bör hållas fri från främmande in-
flytande, kallar jag *nationalister*. Som *pragmatiker* betecknar jag dem som har en mer
liberal inställning till lånord, sådana som främst betonar ett ords funktionduglighet,
utan hänsyn till urspringet. *Internationalister* slutligen kallar jag dem som förkastar
alla särfäröiska ord och vill hålla färöiskan öppen för främmande inflytande. (Clausén
1978:47–48.)

Likevel var det fyrst på 1980- og særleg på 1990-talet at purisme-kritikken skaut fart. Då kom det òg tunge lingvistiske bidrag om emnet, ikkje minst i *Málting*. For å skjønne denne endringa, må vi sjå på ein del moment som som skil språksituasjonen på 1980- og 1990-talet frå stoda t.d. på 1960-talet. Eitt moment gjeld status og sosiale funksjonar. Posisjonen åt færøysk språk vart styrkt særleg i forretningsspråket, skulen, litteraturen og på tekniske område, og det var mindre grunnlag for å hevde at færøysk måtte vernast av di det var eit truga språk. På 1990-talet verka det dessutan som om språkspørsmålet hadde kome utanom dei partipolitiske motsetnadene og ut av striden om sjølvstende versus samband med Danmark. Eit tredje moment gjeld framveksten av ein ny generasjon færøyske språkvitarar, fleire med delar av utdanninga si frå Føroyamálsdeildin. Dei har vore mindre interesserte i å bruke Føroyamálsdeildin som spydspiss for færøysk målsak og purisme. Dei orienterer seg i staden meir i retning allmenn lingvistikk, og er opptekne av deskriptive leksikografiprinsipp i arbeidet med ordbøker. Det ville derfor ha vore langt meir problematisk å gi ut ei ordbok av Jóhannes av Skarði sin type på 1990-talet.

Ein hovudaktør i purisme-kritikken har vore russisk-filologen *Johnny Thomsen*. Vi har alt nemnt kritikken hans av den engelsk-færøyske ordboka åt Jóhannes av Skarði (Thomsen 1986). Derneft kom ein prinsipiell og grunnleggjande kritikk av færøysk ordboksarbeid i eit innlegg på ein nordisk lingvistkongress i 1989 “Some problems of

Faroese lexicography” (Thomsen 1993a og 1993b [revidert for færøysk publikum]). På 1990-talet har Thomsen vidareført kritikken i fleire artiklar i *Málting*, i færøyske aviser og gjennom engasjementet i organisasjonen *Fritt Orð*, som vart skipa som eit forum for fordomsfrie diskusjonar kring færøyske språkspørsmål.

I eit personleg intervju (20. oktober 1998) fortel Thomsen at bakgrunnen for å problematisere purismen var praktisk-leksikografisk: Under arbeidet med ei russisk-færøysk ordbok fann han ut at høg målet – dvs. det offisielle ordforrådet – ikkje klarte å dekkje alle område av språket. Han laga derfor ei stilistisk femdeling for færøysk:

1. Literary language
2. Neutral language/Neutral vocabulary
3. Common to both written and spoken language
4. Neutral speech
5. Colloquial language

Desse stilnivåa er graderte slik at dei to øvste stilnivåa høyrer til “høg språket”, det tredje nivået høyrer til den “nøytrale” stilen, medan dei to nedste stilnivåa høyrer til “låg språket”. Eigenskapane “høg språk” og “låg språk” svarar i fylgje Thomsen òg til delinga mellom skriftspråk og talemål. Skriftspråket har prestisje, talemålet har det ikkje. Og det som kjenneteiknar høg språket/skriftspråket er at det er “reinare” frå danske innslag, og nyttar fleire ord forma av ordsmedar. Låg språket/talemålet har tilsvarende fleire “ureine” innslag, og mindre bruk av former frå ordsmedane. Dette språket er derimot frekvent i bruk, og skal ein ha ei ordbok som gir eit realistisk bilete av språkbruken, må ein ha desse med (samtidig som ein gjer greie for kva stilnivå og funksjon desse orda har).

Thomsen fekk ikkje gjennomslag for bruken av stilskilnadene i ordbokarbeidet. I 1992 bestemte forlaget Føroya Skulabókagrunnur at det ikkje ville gi ut boka så framti Thomsen ikkje endra profilen i ei meir puristisk lei.¹⁶⁰ Avgjerdsla kom svært brått på Thomsen, og han meiner at mangelen på diskusjon kring henne viste ein grunnleggjande mangel ved det færøyske språksamfunnet. I eit intervju med *Sosialurin* 13. desember 1995 hevda då òg Thomsen at formannen for målnemnda, JHWP, ikkje

¹⁶⁰ Thomsen fekk svar om at forlaget hadde bede Føroyska málnevndin om å sjå over boka, og at nemnda lista opp ein del ord ho ikkje vil godtake, då desse orda ikkje var i samsvar med rådande færøysk språkpolitikk. Thomsen ville ikkje gå med på endringane, av di dei braut med det han meinte var viktige leksikografiske prinsipp. (Det vart rettssak mellom partane om dei økonomiske sidene, ei sak Thomsen vann.) Boka har ikkje kome ut, og i dag verkar ei utgiving lite sannsynleg, pga. den vanskelege forlagsøkonomien. (I fylgje Johnny Thomsen er der langt fleire framandord i den engelsk-færøyske ordboka, den dansk-færøyske ordboka og i morsmålsordboka [jf. intervju].)

Eit anna moment er at nemnda aldri hadde denne ordboka opp til formell handsaming på noko møte. Ho er ikkje nemnd i møtetapir. Truleg har forlaget vore i kontakt med ein eller fleire einskildpersonar i nemnda, t.d. formannen (JHWP).

gjorde samfunnsplikta si når han var uviljug til å diskutere språkpolitikk med folk som hadde andre meiningar.

Ein annan som har reagert på purismen, er tyskfilologen *André Niclasen*. Han hadde saman med Johnny Thomsen ei språkspalte (“Málteigin”) i *Sosialurin* der dei kom med ironiske kommentarar til nyord og nystavingar. (Fleire av desse er samla i eit hefte av André Niclasen [1994].) Niclasen meiner ei lita gruppe islandsk-orienterte puristar hadde dominert språknormeringa på ein negativ måte: Dei har freista å utrydde ord som har levd i færøysk tale gjennom fleire hundre år, og vore med på å bryte ned stilistiske nyansar. I tillegg meiner Niclasen at det vert gjort vald på færøysk grammatikk når ein nyttar etterstilte genitivkonstruksjonar (*Fróðskaparsetur Føroya* i staden for *Føroya Fróðskaparsetur*), enkelt bestemt form som “gamla maðurin” i staden for “tann gamla maðurin” (som er det vanlege i færøysk), og artiklane *hin* og *hitt* som avløyising for *tann/tað*. Til liks med Johnny Thomsen rauk André Niclasen uklár med forlaget Føroya Skúlabókagrúnnur (hos Niclasen galdt det ei lærebok i tysk). Usemja fekk honom å skrive ein krass artikkel i *Málting*, “Tann skeiva málrøktarkósín” (1992). Sjølv er Niclasen imot språkstyring og meiner språket bør utviklast fritt av språk-brukarane (jf. sst. og personleg intervju 21. oktober 1998). Også Niclasen er med i *Fritt Orð*.

Hjalmar P. Petersen hadde før han gav ut *Donsk-føroysk orðabók* i 1995 posisjonert seg som kritikar av den mest beinharde purismen. I artikkelen “Eldar, málstrev o.a. vansar” (1993) argumenterer han for ei opprusting av den prinsipielle tenkinga kring språkplanlegging; i fylgje honom var ho dominert av purisme og av manglande kjennskap til faktisk språkutvikling (s. 15). I artikkelen “Innlænt orð í føroyskum” (1995) tek Petersen føre seg handsaminga av lånnord. Etter hans syn er dei vanlege språkstrukturelle kriteria for å skilje mellom arveord, lånnord og framandord lite relevante (s. 4–5): Fåe vil oppleve *ambitión* eller *forbanna* som framande sjølv om desse ikkje har trykket på fyrste staving. Det er også fåe som vil setje framandordstempleet på ord med p i framlyd (*prestur*), ord med lang /a/ (*urtagarður*) eller lang /y:/ (*typu*), eller ord med ff (*puffa*, *kaffi*) eller f (*sofa*) i innlyd. Samstundes er der fleire ord som er komne inn og er tilpassa færøysk uttale og bøyning – dei er lånte inn av di færøyingar har bruk for dei. Dersom ein då skal tale om framandord, må ein etter Petersens syn gjere det i høve til forståingskriteriet: “Eitt fremmint orð er í huganum hjá fólki eitt orð, sum eg ikki skilji” (5).

Etter striden om den dansk-færøyske ordboka Petersen var redaktør for, skreiv han ein annan prinsipiell artikkel om normering, “Skendsil mótvegis skrímsli” (1997). (Striden om ordboka vert handsama nedanfor. Sjå òg underpkt. om JHWP for Petersens normsyn.)

7.4.6 Ordbøkene på 1990-talet

På 1990-talet kom der ut fleire ordbøker. Dei tre viktigaste var a) *Ensk-føroysk orðabók* (1992), b) *Donsk-føroysk orðabók* (1995) og c) *Føroysk orðabók* (1998). Desse ordbøkene representerer alle ei viss oppmjuking av purismen som tidlegare ordbøker hadde stått for, og utgjer viktige kjelder for nyorienteringa i færøysk språknormering.

7.4.6.1 *Ensk-føroysk orðabók*

Ensk-føroysk orðabók (1992) er redigert av Annfinnur í Skála, Jonhard Mikkelsen og Zakarias Wang.¹⁶¹ Ordboka er omfattande (65 000 oppslagsord) og mindre puristisk enn den engelsk-færøyske ordboka Jóhannes av Skarði gav ut. Ein let ikkje vere å take med viktige engelske ord berre av di ein sjølv ikkje kan finne “reine” færøyske ekvivalentar for dei. Såleis finn vi tydingar som *litingskapur* (for *passion* [da. *lidenskab*]), *liberalisma* (for *liberalism*), *sivilisasjón* (for *civilisation* [da. *civilitation*]). Verdt å merke seg er ei ortografisk tilpassing av fleire lånord og utanlandske namn: *charme* > *sjarma*, *Chile* > *Kili*. Som Jógvan í Lon Jacobsen (1998:16) skriv, er det med den engelsk-færøyske ordboka vi fyrst får uttrykt den meir liberale måten å handtere lånord og danismar på i ei færøysk ordbok. Det vil ikkje seie at purismen er forlaten, ein manglar t.d. det frekvente ordet *fundamentalisma* for *fundamentalism* (ordboka har *bíbliufesta*), manglar helsefrasen *beibei* (som er vanleg i færøysk for tilsvarande ord i engelsk) og manglar *djúš* (har *saft* og *sevja* for *juice*) Likeins let ein “reinare” avløyсарord prinsipielt sett stå føre danismar og lånord.¹⁶²

7.4.6.2 *Donsk-føroysk orðabók*

Tredje utgåva av *Donsk-føroysk orðabók* (1995) er redigert av Hjalmar P. Petersen (med hjelp av Marius Staksberg). Ut frå den kritikken tidlegare Petersen har kome med mot purismen, er det rimeleg å forvente ein annan profil enn den Jóhannes av Skarði hadde. Hos Petersen er det òg ”tey vanligastu føroysku orðini” som er fyrst nemnde som forklåringsord, slik at *elektrisitet* kjem før *ravmagn* for dansk *elektricitet*. Purismen er likevel ikkje heilt forleten. I innleiinga til ordboka vert det gjort greie for at om ein danisme og eit godt færøysk ord tevlar mot kvarandre, vert det færøyske ordet valt:

¹⁶¹ Ordboka er basert på den “raude” Engelsk-dansk ordbog som danske Gyldendal gir ut, men lagd til rette for færøyske tilhøve. Ein har i den samanhengen konsultert ei rekkje fagfolk, noko forgjengaren Jóhannes av Skarði ikkje gjorde.

¹⁶² Ordboka er meldt av W.B. Lockwood i *Málting* 1992 og av Simon Marshall i *Brá* 20, 1993.

Úr einum málræktarligum sjónarmiði havi eg roynt at brúka snøgg føroysk orð heldur enn at gera ov nógv at velja innlænt orð. Tí er *farva* t.d. ikki við, men bara *litur*. Áberande danismur sum eitt nú *hopleysheit* eru ikki tiknar við, tí vit hava tað goða orðið *vonleysi*. Heilt vanligar danismur sum forelskaður hava hinvegin fingið innivist. (Petersen 1995.)

Sjølvs karakteriserer Petersen framgangsmáten ikkje som eit brot, men som ei “miðleið” i høve til purismen som ligg til grunn for ordbøkene frá 1967 og 1977. Ordboka inneber likevel ei nyorientering ved at ein finn mange ordformer som tidlegare var bannlyste. Ikkje berre er her 50 % fleire oppslagsord enn i 1977-utgåva (noko som i seg sjølv gjer det lettare å fá inn ord det ikkje finst etablerte avløysarord for). I ordboka er der òg med *fleire* tydingsord ved kvart dansk ord. For *helikopter* har ein ikkje berre med avløysarordet *tyrla*, men òg *helikoptari*. Johnny Thomsen har då òg skrive at “Henda orðabók er tann mest radikala og kollveltandi, ið higartil er komin á føroyskum” (Sosialurin 20.12.95). Thomsen er samstundes inne på tanken om at ordboka inneber ei tilbakevending til utgangspunktet for færøysk ordboksarbeid, nemleg Jens Christian Svabo sine deskriptive innsamlingar.

Den mellomvegen Petersen valde, var kontroversiell, og det kom eit heitt avisordskifte om ordboka i januar og februar 1996. I avisene *Socialurin* og *Dimmalætting* for januar og februar det året finn vi 18 lesarinnlegg om ordboka; 12 innlegg var klårt negative, 4 var positive og 2 framstod som heller uklære (fleire av innlegga var elles trykte i baa avisene). Der kom i tillegg ein del redaksjonelle artiklar om emnet, og der sleppte ein særleg til dei meir “ansvarlege” i spørsmålet: ordboksredaktøren, ein representant for forlaget og leiaren for den færøyske mål-nemnda. Dessutan vart ordboka diskutert i færøysk radio og fjernsyn.

Opptakten kom med eit innlegg av Høgni Debes Joensen, *Hvagar gongur leiðin?* (*Dimmalætting* og *Socialurin* 4. januar 1996). Hos Debes Joensen stod utgivaren, Føroya Fróðskaparfelag, i fokus. Å gi ut ordboka var eit svik imot dei som skipa Føroya Fróðskaparfelag i 1951, hevda Debes Joensen. Det var òg eit svik imot alle som sidan julemøtet i 1888 hadde streva for å fremje færøysk mål. Derfor meldte Debes Joensen seg hermed ut av Føroya Fróðskaparfelag, etter å ha vore medlem sidan 1971. Joensen gjekk lite inn på kva som stod i ordboka; det var berre underforstått at ho var eit “skensil” og eit “spakaslag beint i andlitið”. (Han refererte til at ordboksredaktøren har sagt at folk skal tale og skrive som dei snakkar, men det ville i fylgje Joensen føre til språkleg anarki.) Høgni Debes Joensen sin artikkel var såpass spissformulert at han gjekk over i det usaklege. Men på grunn av den posisjonen Debes Joensen hadde (som landslækjar og son til Hans Debes Joensen, ein

av skiparane av Føroya Fróðskaparfelag), og på grunn av den sterke retorikken han nytta, sette han i gang eit omfattande ordskiye.

Det skal her fokuserast på tre aspekt som var særleg framtrudande i avisdebatten:

1) Ordbøker som føredøme

Ein prinsipiell kritikk av ordboka gjekk på at ho var for lite normativ. I eit avisintervju i *Dimmalætting* 5. januar 1996 sa JHWP at han ikkje likte “sjálvttøkuborðið”, som han kalla ordboka (‘sjólvforsyningsdisken’). I staden var JHWP oppteken av det gode føredømet. Han avviste det han karakteriserte som ein darwinistisk språkpolitikk:

Sóleiðis vísti tað seg, at tað, sum vit hava gjørt í hundrað ár, t.e. at stýra málinum ávísan veg, at seta mark ímillum herra málið her í landinum og okkara mál; ja, tað er í lagi. (Intervju med JHWP i *Dimmalætting* 5. januar 1996)

I fylgje JHWP passa den darwinistiske språkpolitikken med interessene å stormakter og kolonimakter, men ikkje med interessene å småe språk. Arbeidet med å skape nyord har vore ein viktig del av arbeidet for eit sjólvstendig færøysk skriftspråk, og han såg ikkje nokon grunn til å forlate lina.

Andre var mindre varsame i kritikken. Slik Mass Jensen såg det, ville ordboka føre til at det vart vanskelegare for lærarar å opptre med autoritet i språkopløringa: Retta ein *helikoptari* til *tyrla*, kanne skuleeleven no slå i bordet med at *helikoptari* står i den dansk-færøyske ordboka (*Dimmalætting* 18. januar). Róðin Thomsen meinte at innslepp av “ufærøyske” ord (han nemnde 29 slike), ville gi eit negativt føredøme, noko som kunne øydeleggje for lysta til å drive med færøysk ordlagings – “hon køvur føroyskt orðasmið”. Ordboka ville vere som om ein farsott vart sleppt laus:

Fleire andre skribentar, t.d. “Ein, ið er góður við móðurmálið”, meinte at det no var fritt fram for gøtudansken (*Dimmalætting* 23. januar). Fleire av desse kritikarane kom inn på uttrykket “millumleið” (det Petersen kalla “miðleið”). I fylgje Mass Jensen (*Dimmalætting* 18. januar) var mellomvegen noko som ikkje fanst. Han jamførte ordboksarbeidet med skilnaden mellom materialisme/ateisme på den eine sida og idealisme/gudstru på den andre: Ein måtte velje det eine eller det andre.

I ordskiiftet kom det òg fram forsvar for større valfridom. I intervjuet med *Sosialurin* viste nestformannen i Føroya Fróðskaparfelag, Eyðun Andreassen, til den allmenne demokratiseringa av samfunnet. “Føroyingar eru ikki analfabetar longur” og vil ikkje late Jakob Jakobsen eller Christian Matras avgjere kva ord som skal brukast i skrift, sa Andreassen.

Forfattern Ólavur í Beiti meinte at ordboka var levande og hadde kome i rett tid. Han hadde ikkje sans for den overdrivne respekten for dei gamle målhovdingane: “Lat

teir gomlu bara venda sær í grøvini, nú hava teir ligið nóg leingi” (*Dimmalætting* 9. januar).

Regin Eikhólm (*Sosialurin* 12. januar) sette opp ein motsetnad mellom morsmålet og nyfærøysk – mellom det vanlege talemålet blant folk flest, og fleire av dei puristiske nylagingane som berre puristane nytta. I fylgje Eikhólm var det betre med “sjølvttøkuborð” enn “trotaborðið”.

2) Å skriva lánord med færøysk ortografi

Den færøysk-danske ordboka hadde tilpassa ein del utanlandske ord til færøysk ortografi, t.d. *backgammon* > *bakkgammon*, *niveau* > *nivo* og *jaloux* > *sjalu*. I innlegga frá fleire kritikarar, som Høgni Debes Joensen, kunne ein få inntrykk av at det no er fritt fram for å skriva slik ein sjølv vil. Dette skapte også satiriske innlegg som det frå “Bekimrað sprogskeni” i *Dimmalætting* 11. januar 1996:

Endiliga kom ein bók, sum kann umskylda meg, tá børnini skenera meg, viss eg brúki forkert orð. Man má tá hava lov til at smalla tað sprog, man hevur lært, uttan at onkur rættar feiltakilsini.

Árni Dahl nytta anglisismar som *ekspleyna* og *ekskjúsa* for å illustrere kva framtida kan føre med seg (jamvel om desse ikkje var med i ordboka).

Signaturen “Marita” skreiv i *Dimmalætting* (13. januar 1996) at færøyingar var blant dei som lærte flest framandspråk i skulen. Skulle ein bokstaverer framandord etter færøysk uttale, vil det føre til problem for skuleborna å skilje mellom det heimlege og det framande, hevda ho. Også Johnny Thomsen (20. desember 1995), som i utgangspunktet hadde sympati for omskriving til færøysk ortografi, var inne på at ein slik framgangsmåte kunne skapa pedagogiske vanskar. Eit anna spørsmål galdt konsekvens: Árni Dahl skreiv at ordboka hadde godkjent ord som *isolation*, *konstruktion*, *tradition* og *funktion*, men ikkje vilja godkjenne t.d. *konsultation*, *konvention*, *situation* og *vision*. Det vart ikkje sett opp eksplisitte kriterium for kva typar lánord ein skulle godkjenne.

3) Utgivaren Føroya Fróðskaparfelag

Den kritikken som kom sterkast til uttrykk, gjekk direkte på utgivaren, Føroya Fróðskaparfelag. Ein del av kritikarane var medlemer av laget, og meinte at det var eit svik å gi ut ei slik ordbok. Árni Dahl, lærarskulelærer i færøysk, fylgde opp kritikken frá Høgni Debes Joensen med ein artikkel prenta i *Sosialurin* og *Dimmalætting* 10. januar. Tittelen på artikkelen var spissformulert, både i innhald og form: “Hevur Fróðskaparfelagið við nýggja málpolitikki sínum nakran tilverurætt? ella: Hevur

Vitenskapiliga Selskabið við sínum nýggja sprogpolitikki nakað eksistensberattilsí?” Svaret på tittelspørsmålet var for Dahl nei, og han meldte seg ut av selskapet.

Roðin Thomsen, Mass Jensen (18. januar) med fleire var inne på tilsvarende tankar. Ivan Hansen (16. januar) spurde korleis Fróðskaparfelaget kunne vere så iskaldt at det “uttan at blunka hirða knívin í móðursmálshjartað”.

Føroya Fróðskaparfelag svara for seg gjennom eit intervju med nestformann Eyðun Andreassen i *Sosialurin* 6. januar. Andreassen forsvara utgivinga med at samfunnet kravde ein annan type ordbøker enn dei som har vore utgitte tidlegare. Tidlegare hadde ein eit statisk samfunn med færøyske ord for dei fleste daglegdagse fenomen. I det moderne samfunnet kom det nye ord heile tida, t.d. i oljebransjen. Ein kunne då ikkje berre take med dei orda ein hadde gode omsetjingar for. Ein skulle heller ikkje gå motsette vegen, men finne “eitt millumleið”.

Ordskiptet om den dansk-færøyske ordboka kan minne om den danske “majonæsekrigen” i 1985: Der var store ord og krasse utfall – og ein del hadde ikkje granska saksforholdet (ordboka) så grundig. Synspunkta dreidde seg dessutan mykje om dei som hadde gitt ut ordboka. I tillegg finn vi motsetnadene mellom *fastheit* og *valfridom* og motsetnaden mellom *respekt for norma, for tradisjonen og språklege autoritetar* på den eine sida og *trongen for eit oppgjer med tradisjonen* på den andre sida.

Ordskiptet viser samstundes eit stort engasjement for det færøyske språket, og argumenta tyder ikkje på at der er grunnlag for noko radikalt brot med ord-purismen. Heller ikkje forfattaren eller forsvararane av ordboka ville kalle seg anti-puristar; det var i høgda tale om å mjuke opp purismen.

Det er ikkje tilfeldig at det var den dansk-færøyske ordboka som fekk sinna i kok – jamvel om den engelsk-færøyske ordboka kunne vere vel så liberal. Framleis er dansk det viktigaste språket ved sida av færøysk. Dansk vert òg hos fleire oppfatta som ein innfallsport: Gjennom opposisjonen til dansk kjem det sær færøyske fram. Når ordboka kunne ha tilsvarende ord for færøysk som for dansk, kjende fleire seg snytte.

7.4.6.3 Føroysk orðabók

Føroysk orðabók (1998) er den fyrste morsmålsordboka for færøysk, dvs. ho har både oppslagsord og forklåringar på færøysk.¹⁶³

¹⁶³ Ordboka er basert på det store setelmaterialet (700 000 ordsetlar) som er samla ved Føroyamálsdeildin, og støttar seg elles til tidlegare ordbøker som er utgitte, ordtøke og ordoppskrifter, og på opplysningar som kom i samband med radioprogrammet *Orðabókin*. På over 1400 sider gir ordboka den mest grundige dokumentasjonen av færøysk notidsspråk.

Utgangspunktet er normativt: Ordboka skal gi føredøme på god språkbruk. I innleiinga vert det slege fast at arveord, rotfesta ordtak og nysmidde ord frá heimleg materiale dermed har “fyrsta rættin” (s. 9). Såleis finn vi færre framandord og færre “danismar” enn i den engelsk-færøyske og dansk-færøyske ordboka. Ordboka er likevel ikkje gjennomført puristisk. Innleiinga gjer greie for at der “i størri mun enn áður er rúmd givin altjóðaorðum og orðum úr talaðum máli við rót í útlandskum” (sst.). Vi finn mellom anna ein del ord med prefiksa *an-* (*annáma*), *be-* (*bedrøvligur*, *begynna*, *begynnilsi*, *begynningur*, *bekvemmur*, *bestikk*, *betala* + 32 døme på talemålsbruk med *be-* [t.d. *bedraga*]) og *for-* (*forsvara*, *forsvarligur*, *fortelja*, *forsøma* etc.), og suffiksa *-heit* (*ærligheit*, *klókheit*, *líkheit*, *meinigheit*, *sáligheit*, *øvrigheit*, *meginheit*) og *-ils* (*anils*, *argils*, *bangils*, *fantils*, *forlovilsi*, *paprils*, *rokils*, *ørsils*). Heilt stovereine er likevel ikkje desse; fleire av dei er merkte (tlm.), dvs. “talað mál”, og innleiinga kjem med ei átvaring mot dei: “Flest teirra hava tílíkt stúlvirði, at ikki er mælandi til at nýta tey i vandaðum máli” (s. 9).

Meldingane av ordboka har jamnt over vore positive. Kritikken har gått meir på overordna språkpolitiske prioriteringar knytte til purismen. Det dreier seg for det fyrste om uklære kriterium for utval av danismar og framandord, og at kriteria ikkje er eksplisitte. Ein har med internasjonalsmar som *positivur*, *negativur*, *helikoptari*, *internet*, *telefaks*, *giro*, *konto* og *djú*s (for *juice*) etc., men manglar t.d. *fundamentalisma*, *matematikk*, *filosofi*, *geometri*, *teori*, *opera*, *container* (ein har JHWP sitt ord *bingja*) etc. Johnny Thomsen (1998:34) undrar seg over at ein i ein sjøfartsnasjon med eit over hundre år gamalt *Skipara-* og *navigatørfelag* ikkje har med *navigatø*ur, medan ordboksredaktørane har inkludert nemningane *professari*, *lektari* og *adjunktur*. Ein annan kritikk har gått på skrivemåten av framandord, t.d. bruken av diakritiske teikn (kvifor *akrýl*, men *spryt*?) og endingar på nasjonalitetar (kvifor *dani* og *russi*, men *tattari*?) (Thomsen 1998:27, 29). Den uklære politikken overfor inntak, merking og skrivemåte av “ureine” ord er det rimeleg å sjå i samanheng med at hovudredaktøren nokså uviljug har teke desse med. At han i innleiinga átvarar mot å bruke nokre ord som står i ordboka (jf. s. 9), tolkar Jógvan Isaksen (1999) som at “tað ikki er við hansara góða vilja, at tey eru við”. For der var ein del ulike synspunkt i ordboksredaksjonen: Under arbeidet kom det mellom anna fram kritikk frá ein av medarbeidarane, Jógvan í Lon Jacobsen. Jamvel om han ikkje ville avvise purismen, meinte han at det var i strid med viktige leksikografiske prinsipp at ord som var heilt vanlege i færøysk, vart ekskluderte. (Denne kritikken vart uttrykt under eit føredrag på ein nordisk leksikografikongress i 1996; ein færøysk versjon er prenta i *Málting* 1998: “Móðurmálsorðabókin sum grundarlag undir øðrum orðabókum”.) I eit personleg intervju (22.10.1998) fortel Jacobsen at kritikken kom som “utlufting” på eit tidspunkt

då han var frustrert over korleis arbeidet utvikla seg. Sluttproduktet er han derimot godt nøgd med; der er det ein balanse mellom purisme og omsynet til faktisk språkbruk.

7.4.7 Språknasjonalisme og implementering

I hypotese 8 i denne studien heiter det: “Fokuseringa på engelskpåverknad på 1980- og 1990-talet heng saman med auka merksemd om nasjonale spørsmål.” No har det ikkje skjedd noka fokusering på engelskpåverknad i færøysk dei siste tiåra. Dermed er føresetnadene for denne hypotesen ikkje til stades.

Vi skal likevel ikkje forlate dei nyare tendensane i færøysk språknormering og færøysk nasjonalisme. Der er tre moment som er særleg interessante ved utviklinga dei seinare åra, og som også har relevans for implementeringa av den puristiske politikken.

For det fyrste har det i samband med striden om sjølvstende vs. samband på 1990-talet skjedd ei forsterking av den nasjonale fløya. Der har kome ei reell stemning for å bryte sambandet med Danmark. Resultatet av den prosessen som no går føre seg, er uviss, men nasjonalismen som heilskap er styrkt dei siste åra.

Eit anna moment er at purismen og språknasjonalismen tydelegvis er vorten fråkopla partipolitikken og den politiske nasjonalismen. (Jamvel om spørsmålet om politisk sjølvstende vs. samband med Danmark framleis er ei viktig skiljeline i færøysk politikk – det har ikkje minst kome til uttrykk på 1990-talet.) Det er inntrykket ein får frå den aktuelle debatten i færøyske aviser (*Sosialurin* og *Dimmalætting*) og frå utsegner frå einskildpersonar.¹⁶⁴ Medan *Dimmalætting* tidlegare utprega seg med danismar, kan ein ikkje sjå særleg av det i dag. I staden verkar det som om færøysk er vorte eit kulturpolitisk samlingssymbol, utanfor partiskiljelinene, og at denne funksjonen står ganske sterkt. Såleis kan ein seie at den folkelege integreringsnasjonalismen har lukkast språk- og kulturpolitisk; han har erobra hegemoniet, og skapt ei sams forståing av det nasjonale. Ein kan, hypotetisk, tenkje seg at det på sikt faktisk kan føre til ein sterkare purisme t.d. i aviser og i anna offentleg liv. Tanken om at purismen kan verte forsterka, får støtte frå eit anna moment, nemleg at den puristiske språkpolitikken har fått verke såpass mange år, og at han har hatt gjennomslagskraft. Magnhild Selås har i hovudfagsoppgåva *Trykklette endingar i talemålet i Tórshavn* (1996) gjort ei spørjegransking om haldningar til den

¹⁶⁴ Jf. spørsmål stilt til JHWP 12. oktober 1998, André Niclasen 21. oktober 1998, Johnny Thomsen 20. oktober 1998, og likeins til ulike færøyingar under opphald på Færøyane i oktober 1998 og juni 2000. Også Helge Sandøy gir klårt uttrykk for at det har skjedd eit haldningsskifte (munnleg opplysning 8. februar 2001).

puristiske språkpolitikken, og der kjem det fram at den yngre generasjonen ser ut til å take puristiske ordlagingar relativt lett i bruk:

Det ser ut til at dei barna som har vakse opp med dei nye orda, bruker dei naturleg og utan å reflektere over danske alternativ. For desse språkbrukarane har orda då blitt sjølvsaagte førsteval utan å vere særskilt stilistisk markert. (Selås 1996:43.)

Ein interessant reaksjon kom frå purisme-kritikaren André Niclasen som i eit intervju gir uttrykk for at skuleungdomen er “indoktrinert” til å bruke desse “påfunna” frå puristane (jf. personleg intervju 21. oktober 1998). Han uttrykkjer her generasjons-skilnaden; det er dei yngre som er vortne mest puristiske i ordbruken. Det er likevel lite som tyder på at det her er tale om ein stor generasjonskonflikt: “Foreldra tar gjerne etter barna sine, og er vel nøgde med språket til etterkommarane,” skriv Selås (1996:43). No må det understrekast at det ikkje finst større systematiske granskingar av bruken av dei puristiske ordlagingane eller av haldningane til dei. Vi kan såleis berre formulere hypotesar om utviklinga. Vi skal likevel ikkje sjå vekk frå at vi i dag hadde fått eit meir purismepositivt resultat enn det Ulla Clausén (1978:129f.) fekk på 1970-talet i si haldningsgransking om forståing og aksept av nylagingar.

Kva så med oppmjukinga av den offisielle purismen? Ut frå gjennomgåinga av ordbøkene på 1990-talet kan det verke som om det har skjedd eit generasjonsskifte der den yngre generasjonen av språkvitarar er mindre puristiske enn den eldre. Dersom det er ein tendens som held fram, kan ein på sikt på få den situasjonen at språkvitarane er antipuristar, medan folk flest er puristar. Denne hypotesen er likevel usikker. Som vi har vore inne på, har det ikkje skjedd noko fundamentalt *brot* med den leksikalske purismen på 1990-talet, heller ikkje med tredje utgåva av *Donsk-føroysk orðabók*. Det er meir tale om ei oppmjuking. Ordbøkene har nærma seg dei orda folk faktisk bruker – medan ordbruken igjen har vorte prega av den puristiske politikken.

7.5 Purisme på lingvistiske nivå

7.5.1 Leksikalsk purisme

Den leksikalske purismen har stått og står framleis sterkt i færøysk språknormering. Han har desse kjenneteikna:

- Han er retta særleg imot dansk.
- Der føregår ei omfattande ordlaging med bruk av heimleg språkmateriale.
- Ordlaginga har vore prega av omsetjingslån frå dansk eller islandsk, og av bruk av avleiingar med eldre suffiks.
- Der er ei ambivalent islandsk-orientering i ord-purismen og ordlaginga (språknormerarar er generelt islandsk-vennlege, folk flest er meir skeptiske).
- Fleire avløyasarord har slege gjennom, men ikkje så sterkt som avløyasarorda i islandsk.
- Der har kome i bruk heimlege former parallelt med internasjonalar (t.d. *tónleikur* og *musikkur*).
- Den parallelle bruken av heimlege former og internasjonalar har vorte kopla til stilistisk skilje mellom ord brukte til tale og ord brukte til skrift.
- Der kom ei oppmjuking av ordbokpurismen på 1990-talet.

Vi kan skilje mellom to “generasjonar” av ordbøker. Innanfor den puristiske ordenen finn vi mellom anna *Føroysk-donsk orðabók* (1927), fyrste utgåva av *Donsk-føroysk orðabók* (1967), *Óføroysk-føroysk orðabók* (1961–71) og fyrste utgåva av *Ensk-føroysk orðabók* (1984). Ordbøkene er prega av eit svært restriktivt syn på danismar og andre lånoord. Den andre generasjonen av ordbøker er dei som kom ut på 1990-talet, og der den etablerte purismen vart mjuka opp: *Ensk-føroysk orðabók* (1992), *Donsk-føroysk orðabók* (1995) og *Føroysk orðabók* (1998).

Det har ikkje skjedd noko *brot* med den leksikalske purismen; det er meir tale om ei oppmjuking. Ordbøkene har òg ein noko anna funksjon i dag enn for over over 70 år; ein har i dag langt fleire hjelpemiddel og normeringsorgan som held oppe eit puristisk ideal – framleis imot dansk.

Av dei mest problematiske orda finn vi former med prefiksa *an-*, *for-*, *be-*, *er-* og suffiksa *-heit* og *-ilsi*. Døme på slike ord er *betenkiligheit*, *bedrøvaður*, *erkennilsi* og *útfoldilsi*.¹⁶⁵ Fleire av orda kan ein høyre i meir offisielle talemålsamanhengar som

¹⁶⁵ Det kan diskuteras i kva grad slike nedertyske ord er “danske”. At dansk har vidareført slike ord til færøysk, er rimeleg å gå ut frå. Men også hansatida og den sterke handelskontakten med Bergen (som varte til ut på

færøysk radio og fjernsyn, men ein ser dei sjeldan i skrift (jf. Sandøy 1997b:39). Vi kan her tale om eit nokså konsekvent skilje mellom stilen for tale og stilen for skrift:

Somme ord som er stilistisk nøytrale i tale, og som er allemannsord, kan knapt brukast i skrift. Ord som *forstanda*, *forklára*, *behøva*, *begynna* er heilt vanlege i talen. men berre sjeldan ser ein dei i skrift. Det same gjeld pronomenet *man* og konjunksjonen *viss*. (Sandøy 1997b:40.)

Vi har tidlegare vore inne på Johnny Thomsen si oppdeling i fem ulike stilistiske lag, og den ordbruken han meiner er karakteristisk for kvart av desse (jf. kap. 4.7.5). Helge Sandøy (1997b:40) har, med inspirasjon frå Johnny Thomsen, også skilt mellom stilistiske nivå. Hos Sandøy vert det tale om fire nivå:

• <i>litterært nivå</i>	atgongumerki	lýdveldi
• <i>nøytralt i skrift</i>	ferðaseðil	tjóðveldi
• <i>felles for tale og skrift</i>		republik
• <i>berre i tale</i>	billett	

Det vil vere på dei to nedste stega at ein finn dei fleste “danske” låna, medan dei “reinaste” formene høyrer til dei høgaste nivåa.

Ei firedeling av stilnivåa finn vi òg hos Ulla Clausén (1978:127): 1) puristisk nyskapande språk, 2) nasjonalt språk, 3) pragmatisk språk, 4) internasjonalt språk. Clausén (s. 32) viser til at stilnivåa er vortne utnytta på ein kunstferdig måte i skjønnlitteratur, t.d. i romanen *Frænir eitur ormurin* (1973) av Jens Pauli Heinesen, og i omsetjinga som Christian Matras gjorde av Jørgen-Frantz Jacobsen sine brev, *Dýrmæta lív* (1976).

Kor mange danske ord er der så i færøysk? Både på grunn av dei stilistiske skilnadene og på grunn av det mangfaldige som ligg i nemninga “dansk”, er det uhyre vanskeleg å gjere noka talfesting. Det eksisterer heller inga omfattande frekvensgransking. Ei gransking av nyord er gjord av Ulla Clausén i *Nyord i färöiskan* (1978). Clausén tok ut 580 nyord frå færøyske aviser i perioden 1974–75, og av desse klassifiserte ho 55 som genuint færøyske, 330 som lånord eller indirekte lån frå eller via dansk, 17 som omsetjingar av internasjonale ord og 178 som omsetjingslån frå islandsk. Av dei 330 orda som i fylgje Clausén kjem frå dansk, er der fleire importord

1600-talet) må ha hatt ein del å seie. I tillegg kjem det faktum at dei “danske” orda etter kvart har fått lang fartstid i færøysk; Jens Christian Svabo nemner dei i si ordsamling frå 1773 (s. 266). Dessutan er dei frekvente i daglegtale hos folk. I færøysk purisme har ein derimot, som i nynorsk purisme, karakterisert slike ord som danismar. Alt Jakob Jakobsen kom med ein slik karakteristik i “Nogle Ord om Færøsk, samt et Forslag til en ny færøsk Retskrivning” frå 1889 (jf. Jakobsen 1957:25–26).

med engelsk opphav, t.d. *charterfly* > *charterflogfar*, *cupturning* > *cupkapping* (s. 116f.). Sjølv om Clausén altså ser på nyord, og ikkje tek føre seg frekvens i løpande tekstar, er tendensen at *mange* ord kjem frå dansk (dei skandinaviske nyordbøkene som kom ut på 1980-talet er til samanlikning opptekne av ein veksande engelsk-språkleg påverknad). Den mest radikale vurderinga av tilfanget av danske ord kjem Lockwood (1950:106) med. Han meiner at alle ord som finst i dansk, eigentleg kan nyttast i færøysk tale. Utgangspunktet er at tospråklege færøyingar kjenner til så mange danske ord, og at nye produkt og omgrep vert introduserte på dansk. Dessutan er der i fylgje Lockwood ikkje noko språkstrukturelt i vegen for at danske ord skal kome inn i færøysk. Også Björn Hagström viser til færøysk som prinsipielt ope for dansk:

Tvåspråkigheten innebär bl.a. att det teoretisk sett är möjligt för färingen att förfoga över danska språkets hela lexikon och att som citatord använda vilket danskt ord som helst i färöiskan. (Hagström 1977:33.)

Like fullt er der visse danske ord som aldri er komne i bruk i færøysk tale. Det gjeld t.d. ordet *smuk*, jamvel om det er frekvent i dansk, og ikkje har formelle eigenskapar som skulle tilseie at det skulle vere vanskeleg å bruke det i færøysk. Heller ikkje ordet *bedrøva* ð førekjem, jamvel om ein har ordet *bedrøveligur* (som også er akseptert i den nye morsmålsordboka). Ord som *beteinkilighet*, *bekvemmilighet* eller *útfoldilsí* er heller ikkje i bruk, og eit færøysk språkøyre vil reagere på dei.¹⁶⁶ Der er ikkje gjorde lingvistiske granskningar av kva for restriksjonar som ligg til grunn her. Heller ikkje i spørsmålet om andre tilpassingar, t.d. innsnevring av tydinga frå dansk til færøysk, er der gjorde lingvistiske granskningar. Men det verkar ikkje som om det danske ordtilfanget er heilt ope for bruk i færøysk.

Blant folk flest kan jamvel norske ord stundom forståast som danske: Under ein uformell spørjerunde i oktober 1998, tolka dei fleste orda *slalåm* og *utfor* som danske. Denne tolkinga kjem truleg av di ein her har fått omsetjingane *snirr* og *strok*, og reknar med at ein har fått dei for å få motsetnad til dansk. Det illustrerer litt av den merksemda opposisjonen imot dansk har fått.

Namne-purisme

Som underledd av leksikalsk purisme kan her namne-purismen nemnast. Færøyane var det siste landet i Norden som fekk ei personnamnlov; det skjedde gjennom “lóg um fólkanøvn” som vart vedteken av det færøyske lagtinget 3. juni 1992, og som då

¹⁶⁶ Jf. intervju med Johnny Thomsen.

avløyste den danske namnelova av 1828.¹⁶⁷ Der er to moment ved den nye lova som det er verdt å merke seg.

Det eine momentet gjeld etternamn: Danske namnereglar hadde øydelagd det gamle oppkallingssystemet, og ein freista no på ein restitusjon. Det vart høve til å lage patronym og metronym gjennom faren eller mora sitt førenamn i genitivsform + *-son* eller *-dottir* som etterledd, t.d. i forma *Eivindur Jógvansson*. Det er òg den tradisjonelle måten frå norrøn tid. Gjeninnføringa av denne skikken (rett nok som valfri) var like fullt kontroversiell. Færøyingar hadde nemleg opparbeidd ein annan tradisjon i namnegivinga, knytt til staden ein kom frå (anten gjennom preposisjon + stad, t.d. *Jóannes í Króki*, *Jóhannes av Skarði*) eller tilvising til foreldra gjennom preposisjon eller samanbinding (*Óli hjá Sakrisi* eller *Sakris-Óli*). Det kunne for mange verke som om det ein freista på no, var å restituere den gamle forma som slett ikkje var levande i daglegtale, og som hos fleire vart knytt til islandsk. Kritikarane tala om ei “islandsk” namnelov (Nauerby 1996:125).

Det andre momentet gjeld kva namn som kan verke som førenamn, dvs. både som utgangspunkt for etternamn og som vanlege førenamn. Gjennom lova vart det sett opp ei konkret liste over lovlege namn (jf. lista i *Føroysk orðabók*). Lista har namn som er av norrønt opphav (*Óli* [men ikkje *Ole*]) eller har historisk hevd i færøysk (*Napoleon*, *Ronni*, *Naomi* [men ikkje *Muhammed*]), og set dessutan namn i samsvar med færøysk bøyning (*Eivind* > *Eivindur*). Lista vert oppdatert med jamne mellomrom.

At ein på Færøyaner vedtek ei namnelov, er i og for seg ikkje oppsiktsvekkjande. (Alle nordiske landa har eit lovverk som regulerer kva namn ein kan bruke, og korleis desse kan skrivast.) Det er helst i *skrivemåten* og *bøyingsreglane* at namnelova verkar strengt normerande og kontroversiell (*Zakaris* > *Sakaris*). Lova presiserte òg at namn skal bøyast.

Ved sida av personnamn er der puristiske tendensar som gjeld namn på utanlandske geografiske område. Tendensen kjem til uttrykk i det store færøyske atlasverket *Heimsatlas*, utgitt av Føroya Skúlabókagrunnur. Her skjer det for det fyrste ei meir omfattande ortografisk tilpassing av skrivemåten, også for meir fjerntliggjande land (jf. ortografisk purisme). I tillegg vert det nytta konstruksjonar med etterstelde adjektiv (*Koralrivið Mikla* [ved Australia], *Trælavatnið Mikla* [i Canada]), noko som er uvanleg (jf. Jacobsen 1996:164). Oppsiktsvekkjande er òg forsøk på nyord for etablerte namn: *Cape Town* > *Høvudstaður*, *Cape Horn* > *Hornið*, og på å nytte gamle namn i staden for etablerte namn, t.d. *Bergen* > *Björgvin*, *Danmark* > *Dønmark*, *Sicilia* > *Sikiloy*. Jógvan í Lon Jacobsen har kritisert desse namneskifta i

¹⁶⁷ Der var gjort forsøk på å få til ei færøysk namnelov i 1984, men lagtinget avviste framlegget, av di ein ikkje hadde mynde til å fatte eit slikt vedtak (Johansen 1993:18). Det myndet kom fyrst i 1990.

artikkelen “Heimurin fyri tær opin” (1996). Han spør etter motivasjonen, og peikar på in-konsekvensar både i namneval (kvifor t.d. *Lindesnes* > *Líðandisnes*, men ikkje *Odense* > *Óðinsvé* som er den gamle forma? [s. 169]), i tilhøvet mellom uttale og skrift (t.d. for namn i bunden vs. ubunden form), og i prinsippa for ortografisk tilpassing. Han er dessutan kritisk til at etablerte namn som er i allmenn bruk, ikkje kjem fram (s. 171).

7.5.2 Ortografisk purisme

I færøysk språkpolitikk har det overordna målet vore å lage heimlege avløyssarord for lånord. I den samanhengen har ein ikkje teke stilling til korleis lånord som faktisk har kome i bruk, skal skrivast. Hjalmar P. Petersen skriv i artikkelen “Skensil móttvegis skrímsli” (1997:19) at då han arbeidde med den færøysk-danske ordboka i 1995, var han interessert i retningsliner for ortografisk tilpassing, men konstaterte raskt at slike ikkje fanst, og at det heller ikkje var stemning for nokon debatt om emnet (Petersen 1997:19). Den manglande viljen til å setje opp retningsliner kjem òg Ulla Clausén (1978:61) inn på: Ein del puristar har meint at det ville gjere vondt verre å tilpasse lånord færøysk skrivemåte; omkvedet er at det kan gi innreiseløyve til lånord, noko som i sin tur kunne stå i vegen for ordlaging på heimleg grunn.

JHWP seier i eit personleg intervju (12. oktober 1998) at marknadsmekanismane lyt ráde i dette spørsmålet. Sjølv er han skeptisk til å setje opp retningsliner, pga. omsyn til ordlaging og fordi ein då må velje éin dialektuttale som utgangspunkt. (Det vil i fylgje JHWP vere udemokratisk overfor dei med eit anna dialektgrunnlag.) Eit anna moment er det prinsipielle spørsmålet om ortofon versus etymologisk skrivemåte, og otte for å føre rettskrivinga inn i ei generell ortofon lei.

Jógvan í Lon Jacobsen seier i eit personleg intervju (22. oktober 1998) at mål-nemnda bør take stilling til stavinga av lånord, og formulere prinsipielle retningsliner. Etter hans syn vil det vere naivt å ikkje gjere det, for orda finst der, anten ein vil det eller ikkje. Då vert det eit problem at framgangsmåten ymsar mellom ulike ordbøker (jf. òg Jacobsen 1998). (Jacobsen er dessutan kritisk til dei tilpassingsstrategiane som er gjorde i *Heimsatlas*; dei er inkonsekvente, verkar umotiverte og er ofte i strid med uttalen hos folk flest, hevdar han [jf. Jacobsen 1998].)

I avisdebatten i samband med Hjalmar Petersen si dansk-færøyske ordbok kom det fram nokså mange negative synspunkt på nasjonalisering av stavemåten av lånord (jf. nedanfor).¹⁶⁸ Samstundes har det gjennom lang tid skjedd ei ortografisk tilpassing av

¹⁶⁸ Framgangsmåten verka tydelegvis uvant for fleire – jamvel om ein i færøysk faktisk har drive ei form for tilpassing av lånord, og jamvel om den engelsk-færøyske ordboka som kom ut i 1992 hadde vel så mange ortografiske tilpassingar som den dansk-færøyske. Petersen har sjølv i artikkelen “innlænt orð í føroyskum”

dei orda som – med eller utan “forbodsstempel” – er komne inn i det færøyske skriftspråket. Dei fleste engelske lånorda har fått ei færøysk språkdrakt, t.d. som i *boykott* og *plastikk*. Særleg i den dansk-færøyske ordboka (1995) har fleire engelske lånord fått ein skrivemåte som svarar meir til det færøyske tilhøvet mellom lyd og skrift: *backgammon* > *bakkgammon*. Derimot har ein del eldre lånord (t.d. *week-end*) halde på den opphavlege stavemåten, sannsynlegvis fordi det danske skriftbiletet har stått så sterkt (Hagström 1977:41). Her skal vi sjå nærmare på praksisen særleg i dei tre siste ordbøkene, *Ensk-føroysk orðabók (EFO)*, *Donsk-føroysk orðabók (DFO)* og *Føroysk orðabók (FO)*.

Konsonanttilpassing

Utfordringane for færøysk har særlege lege på tilpassinga av konsonantar. Minst er utfordringa i tilpassinga av ein del danske ord som har konsonantane *b*, *d* eller *g* etter lang vokal eller diftong; her har ein stort sett fått ei tilpassing til *p*, *t* og *k*: *feber* > *fepur*, *pude* > *putur*, *neger* > *nekari*. Der er somme unntak (t.d. *afløb* > *avløb*, *eddi* > *edikur*, *lager* > *lagur*) og ulikskapar mellom ordbøkene (EFO har t.d. skrivemåten *kopling*, medan DFO har *kobling*). Når det så gjeld internasjonale lån (engelsk, latin, fransk, italiensk etc.), ligg der ein del “krav” om tilpassing alt i det færøyske alfabetet der ein ikkje nyttar teikna *c*, *q*, *w*, *x* og *z*. Alt Svabo (1970:XVI) meinte på 1770-talet at desse teikna (han nemnde likevel ikkje *w*) var unødvendige, av di ein kunne uttrykkje lydane med andre teikn:

Af Alfabetet har jeg kun brugt 21 Bogstaver. c, q, x, z, æ, ere udstødte fordi jeg ikke andseer c for et godt dansk Bogstav, og ganske unødvendigt, da dets Lyd med s og k kan udtrykkes uden at tabe noget; q er ligesaa uforuden, da k og kan bruges istæden for det, og uagtet x og nogenledes z med har Borgerræt i det Danske, befaler dog ikke Brugen her at kalde disse, hos Formaalstiden i Norden Landflygtige, tilbage, (c) da deres Lyd kan udtrykkes med ks og ts. (Svabo i det truleg eldste ordboksmanuskriptet frå 1770-talet; her Svabo 1970:XVI.)

V. U. Hammershaimb tok i *Færøsk anthologi* (1891) med *x* som teikn, men ikkje *c*, *q*, *w* og *z*. Seinare har ein også utelate *x* frå alfabetet. No er dei “framande” teikna ikkje heilt ute av færøysk skriftbruk; dei er nytta ved skriving av eldre og etablerte namn; framståande færøyske språkvtitarar har då òg teiknet *c* i namna sine (t.d. Venceslaus Ulricus Hammershaimb, J. C. Svabo, R. C. Effersøe og Chr. Matras). Nyare namn kan derimot ut frå personnamnlova av 1992 ikkje få nytte desse teikna (ein kan t.d. ikkje

(1995:7) argumentert for å skrive framandord slik dei vert uttala i færøysk, og han viser til norsk og islandsk som døme på ein slik framgangsmåte.

lenger ha namn med skrivemåten Zakaris og Christian). For utanlandske stadnamn har praksisen ymsa ein del, men det nye færøyske atlaset, *Heimsatlas*, legg opp til ei meir omfattande færøyisering (t.d. Tchad > Kjäd). For allmennord er politikken at det skal skje ei tilpassing til færøysk.

C

Dersom det skjer ei færøyisering av teiknet *c*, har ein i ord med [k]-uttale som oftast ei tilpassing til *k*: *Cuba* > *Kuba*, *rock* > *rokk* (DFO)/*rokkur* (FO),¹⁶⁹ *container* > *kontainari* (DFO).

For ord med [s]-uttale vil ei færøyisering av *c* innebere teiknet *s*. Både EFO og DFO har *sentigramm*; EFO har også *selsius*, medan DFO har *celcius* og *cembalo*.

For ord og namn med kombinasjonen *ch* ymsar færøyiseringa etter uttalen. Palatal uttale fylgjer tre ortografiske konvensjonar: anten a) *k* + vokalane *i*, *e*, *y* (jf. *checkhefte* > *kekkhefti* [DFO], *Chile* > *Kili* [EFO]), b) *k* + *j* (jf. *chance* > *kjansur* [DFO], *Tchad* > *Kjad* (Heimsatlas)¹⁷⁰ eller c) *tj* (jf. *choker* > *tjokari* [DFO], i fylgje Petersen 1997:20 pga. det er palatal uttale framføre bakre vokal). Frikativ uttale får skrivemåten *sj* (det gjeld franske lån som *charlatan* > *sjarlatanur* og *charme* > *sjarma*). I somme tilfelle har ein fått ein velar plosiv-uttale, derfor har ein også skrivemåten *kansur* for *chance* (FO) (her er det truleg tale om eit eldre lån). Når FO og DFO har ulik skrivemåte for det same ordet, viser det òg til at uttalen ymsar noko i færøysk.¹⁷¹

Det hender elles at ein held på den gamle skrivemåten, DFO har såleis ikkje nasjonalisert *Chile*.

Q

For dei fåe (helst franske) orda som tidlegare er nasjonaliserte, er mønsteret overgang til *k* (DFO: *likør* [or *liquor*])

W

Her er mønsteret overgang til *v* (FO: *twist* > *tvist*, DFO: *whisky* > *viski*)

X

Her er mønsteret overgang til *ks* (FO: *mixer* > *miksari*, DFO: *fax* > *faks*) eller til *s* i framlyd (DFO: *xylofon* > *sylofon*)

¹⁶⁹ I avisene dominerer derimot *rock*, jf. Sosialurin 20. oktober 1998.

¹⁷⁰ I fylgje Jógvan í Lón Jacobsen (1996) burde ein her, etter færøysk uttale, derimot ha hatt skrivemåten *Kjadd*.

¹⁷¹ Jf. e-brev frå Jógvan í Lón Jacobsen 19. juli 2000.

Z

Her får ein skrivemåten *s* (FO: *zebra* > *sebra*, Heimsatlas: *Zimbabwe* > *Simbabvi*).

sh

For ord med skrivemåten *sh* (med [S]-uttale) skjer tilpassinga anten til *sj* i framlyd (FO: *shawl* > *sjal*, *shampoo* > *sjampo*, *sherry* > *sjerri*, *genre* > *sjangur*) eller *tj* i innlyd (FO: *catcher* > *kettjari*, *ketchup* > *kettjup*). For utlyd er der ei viss veksling. For ordet *crash* har EFO skrivemåten *krasj*, medan DFO har *krass*. Båe to har derimot skrivemåten *hassj*. Her er det altså tre ulike måtar å gjengi *-sh* i utlyd.

-tion

Ein annan ulikskap finn vi i skrivemåten av lånord som endar på *-tion*. EFO har *-sjón* (*akselerasjón*, *konfirmasjón*) etter norsk mønster, medan DFO¹⁷² og FO har *-tión* (*konfirmatió*). I arbeidet med DFO nytta ein fyrst endinga *-sjón*, men pga. FO fekk inn ordet *konfirmatió*, bytte ein om (Petersen 1997:19); denne siste skrivemåten har òg vore mest vanleg i aviser og bøker (sst.).

Andre konsonantkombinasjonar

Lånord der /g/ har frikativ uttale, får i DFO tilpassing til /sj/, jf. *garage* > *garasje*, *massage* > *massasja*. I framlyd der /j/ har stemt uttale, får ein skrivemåten /dj/, jf. *jazz* > *djassur* (FO, DFO).

Vokalismetilpassing

I færøysk finst lang [a:] og lang [y:] historisk sett berre i lånord. Slike lånord har derimot funnest i færøysk lenge, og dei har fått hevd. Ein kan likevel ane at denne vokalkvantiteten ikkje er heilt stoverein når t.d. FO ikkje har skrivemåten *typa*, men *týpa* (jamvel om det ikkje svarar til uttalen i færøysk [DFO har her *typa*]), og likeins har fått inn *Ásia* ved sidan av *Asia* (jamvel om uttalen i færøysk heilt klårt er *Asia* og ikkje diftonguttalen som á-teiknet indikerer [jf. Jacobsen 1996:160f.]). Sterkast vert tendensen til ortografisk purisme i *Heimsatlas* der ein har fått skrivemåtane *Ásia*, *Arábia*, *Itália*, *Portugál* og *Spánia*, noko som er heilt i strid med færøysk uttale (s. 162).

I lånord med trykk på vokalen *o* i siste stavinga vert *o* tradisjonelt diftongert til *ó*, dvs. *agitatió*n, *konventió*n. Her skjer det ei nokså konsekvent tilpassing av vokalen i ordbøkene.

¹⁷² Føroysk-donsk orðabók har samtidig *nationalisma*, men ikkje *natió*n eller *nation*.

I lånord der fleste færøyske dialektar har [ai]-uttale, har ein fått skrivemåte med <ei>, t.d. *skylight* > *skeilett*, *nylon* > *neilon*, *wire* > *veirur* (alle ordbøker). Somme har derimot fått skrivemåten <ai>, t.d. *aids*, *haiku*, *mais* og *samuraiur*. Petersen (1997:20) viser i denne samanhengen til dialektkilnadene i færøysk, der dialektane i nord har [oi]-uttale av ord som vert skrivne med <ei>, og at det kan gjere at ein der vil lese *skeilett* som [skoilett]. For å unngå det, burde ein i fylgje Petersen ha valt <ai>-skrivemåten, dvs. *skaillett*, *nailon* og *vairur* (sst.)

Oppsummering

Dei tilpassingsspørsmåla som er nemnde her, er dei som har stått mest sentralt i ordboksarbeidet på 1990-talet. Fleire av tilpassingane ymsar frå ordbok til ordbok, og er ikkje gjennomførde fullt ut for ord av same kategoriar. At der er tilpassingar i ordbøkene, vil ikkje seie at desse nødvendigvis er gjennomførde i faktisk språkbruk heller. Generelt kan vi likevel seie at der i færøysk for det fyrste går føre seg ei ortografisk tilpassing, og at der har utvikla seg visse retningslinjer for tilpassinga. At fleire er opptekne av spørsmålet og vil ha meir presise og samordna retningslinjer, viser at vi utan tvil kan tale om ein ortografisk purisme i færøysk.

7.5.3 Morfologisk purisme

I bøyninga av lånord har det skjedd ei relativt konsekvent tilpassing til færøysk. Det viser alt Björn Hagström i artikkelen “Hví hevur nekarin fepur?”. For substantiv kan ein t.d. med suffikset *-ari* passe inn ord frå nokså mange ulike språk: *bulldozer* > *bulldosari*, *butler* > *butlari*. I språkbruken skjer det ei tilpassing av lånord til den heimlege bøyninga, jf. døme frå annonsespaltene for datamaskiner til sals i *Sosialurin* 20. oktober 1998: “Til sølu Pentium telda [...] inkl. laser *printara* og ein hóp *programmum*” og “Sega Mega Driv við 6 *spølum* og 2 *joystickum* til sølu.” (Mi kursivering.) Ut frå avislesing verkar det som om fleirtal-s ikkje har kome inn i færøysk.

Inntrykket er då òg at morfologiske innslag frå engelsk er ein i færøysk lite oppteken av; det vert ikkje oppfatta som noko problem.

Den mest omfattande morfologiske purismen i færøysk gjeld ordlagingsmorfologi, fyrst og fremst affiks som *an-*, *be-*, *-heit* og *-ilsi*. Her viser færøysk purisme likskap med den nynorske: Det har vore ein politikk å halde ord med desse affiksa ute av skrifta, gjennom bruk av færøyske avløyssaraffiks eller ordlaging på annan måte, men samstundes finn vi mange av orda i bruk i vanleg daglegtale. Til liks med i nynorsken har dei puristiske taumane kring desse orda vorte litt slakkare dei siste åra, jf. ordbøkene på 1990-talet. Noko frislepp kan vi likevel ikkje tale om.

At færøysk er eit bøyingspråk, skaper utfordringar, t.d. når det gjeld bøyning av namn. Namnelova frå 1992 presiserer at personnamn skal bøyast. Der er samstundes ein tendens til at folk ikkje alltid gjer det. Såleis har Postverk Føroya teke i bruk “Senðari” og “Mottakari” som nemningar i staden for “Frá” og “Til”; på denne måten kan namna stå i nominativ, og ein slepp å sjå feilbøyning eller manglande bøyning. Den manglande bøyinga gjeld òg ofte stadnamn, t.d. etter “til” og “frá” på billettar eller billettautomatar. Her er det truleg det gamle skriftmønsteret frå dansk som verkar inn.

Syntaktisk purisme

Ein tilleggsfaktor for færøysk er tendensen i retning syntaktisk purisme. Eitt døme på det er bruken av genitiv, t.d. i konstruksjonar som *kona Jógvans* (eller akkusativforma *kona Jógvan*). I vanleg tale (utanom nokre fåe puristar) vil genitiv ikkje førekome: Det mest vanlege er *konan hjá Jógvani* eller *Jógvansa kona* (den siste førekjem så å seie ikkje i skrift).¹⁷³ Genitivskonstruksjonar som *Útvarp Føroya*, *Fróðskaparsetur Føroya* og *Sjúkrahúsværk Føroya* førekjem i statlege namn som er danna dei siste tiåra. I namn på meir private bedrifter og organisasjonar er *Føroya* derimot plassert fyrst, slik det er i talemålet: *Føroya Bjór*, *Føroya Arbeiðarfelag*, *Føroya Vindeygavask* etc., og det er dei som dominerer. André Niclasen (1994: 29) har talt heile 66 namn i telefonkatalogen som er samansette av Føroya + substantiv. Dette meiner Niclasen (sst.) er uttrykk for den rette færøyske språkkjensla, medan dei statlege namna er symbol på ei språkplanlegging basert på ein islandskpåverka purisme. Vi skal ikkje sjå vekk frå det poenget Niclasen her har, men det må leggjast til at alt Jakob Jakobsen i 1901 (i artikkelen “Lidt om sproget og retskrivningen”) argumenterte for å få inn den gamle genitivsforma, og då av stilistiske årsaker:

Det almindelige bortfald af ejeformen i færøsk, erstattet af omskrivninger med forholdsord (f.eks. *husið hjá pápa*, faders hus), kan ikke undgå at virke en del hæmmende ved udviklingen af en højere stil. (Jakobsen [1901] 1957:51.)

Eit anna mogleg døme på syntaktisk purisme vil vere vektlegging av ein del islandske konstruksjonar, t.d. bestemt form utan føresteld artikkel (*stóri hundurin*) i staden for bestemt form med føresteld artikkel, som er det vanlege i færøysk talemål (*tann stóri hundurin*).

¹⁷³ Av dei to siste setningane kan *sa*-konstruksjonen til ein viss grad jamførast med den norske *sin*-genitiven, sjølv om *sa*-genitiv har langt fleire restriksjonar; han vert berre brukt ved namn eller ord som fungerer som namn (jf. Staksberg 1996:28). I skrift førekjem denne derimot ikkje.

7.6 Kort oppsummering

Også for færøysk vil der vere ei meir omfattande diskutering av hypotesane i kapittel 9. Her skal vi kort kome innom dei seks fyrste hypotesane i høve til det vi har gått gjennom så langt.

1 Purisme har spela ei avgjerande rolle for standardiseringa av færøysk

Prinsippa bak den skriftnormalen som V. U. Hammershaimb kodifiserte, gav visse puristiske føringar. Aktørane som utvikla språket gjennom omsetjing, skriving og terminologiarbeid, etablerte dernest ein puristisk ordlagingsstradisjon. Dei som stod for det språkpolitiske organisasjonsarbeidet, utbreiinga av språket, utbygging av støtteapparat for språket etc., førte tradisjonen vidare.

Der er ei utbreidd oppfatning hos færøyske språknormerarar at purisme har vore nødvendig for å utvikle færøysk: Utan eit aktivt grenseforsvar kunne dansk språkdominans lett kome til å overhøvla det nyetablerte skriftspråket. Denne oppfatninga har gjort purismen nærverande for alle som har arbeidd med færøysk språkrøkt.

2. Purismen byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk.

Den som fyrst formulerte eit færøysk språkreisingsprogram, Jens Christian Svabo, viser i eit manuskript frå slutten av 1700-talet til Quintilian for å grunngi ortografien han nyttar (jf. kap. 7.3.1). Seinare har ein i normeringa lagt vekt på å halde språket relativt klassisk i tydinga 'norrønt'. Der er like fullt fåe tilvisingar til klassisk retorikk i normordskiftet på Færøyane.

3. Purismen har vore nært knytt til maktutøving i det færøyske språksamfunnet.

4. Færøysk språknasjonalisme er utvikla nedanfrå, gjennom folkeleg mobilisering.

For den lokale eliten i den færøyske nasjonalistrørsla (ungdomslaga, sjølvstyrepartet etc.) har færøysk vore eit viktig symbol i striden for sjølvstende. Dei som seinare har utprega seg som puristar, har ofte vore tilhengjarar av sjølvstyre, medan det motsette er tilfellet med dei som ikkje har vore tilhengjarar av sjølvstyre. Sidan språkstriden og språknasjonalismen ikkje var statsstyrd, men kom frå visse grupper i periferien av staten, må færøysk målreising og språknasjonalisme kunne sjåast på som eit klassisk døme på det Anthony Smith har kalla "folkeleg mobiliseringsnasjonalisme".

5. Nasjonalismen er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men nasjonalismen har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka.

Den færøyske nasjonalistrørsla spela ei viktig rolle for profilen som færøysk rettskriving fekk etter normeringsstriden på 1890-talet. Gjennom purisme fekk ein presisert dei sidene ved språket som kunne markere grenser, historisitet og nasjonal autentisitet. I færøysk har nasjonalismen stått sentralt også i perioden etter 1945. I

desse tiåra har der vore ein samanheng mellom purisme og nasjonalistisk orientering, t.d. gjennom avisene.

På 1990-talet har det nasjonale spørsmålet vorte intensivert gjennom spørsmål om sjølvstyre eller samband med Danmark. Samstundes verkar det som om den politiske nasjonalismen er frikopla frå purismen. I staden ser det ut som om det gradvis har utvikla seg ein kulturnasjonalisme med færøysk språk som “upolitisk” symbol for alle færøyingar.

6. Påverknad frå mønster utanfrå språksamfunnet

Den færøyske purismen har fått mykje påverknad frå islandsk.

8 Norsk purisme

8.1 Innleiing

Dette kapitlet vil til liks med kapitla om dansk, svensk og færøysk vere firedelt.

Fyrstedelen har ein kort presentasjon av statusen for dei to norske skriftspråka og av dei viktigaste institusjonane i norsk språknormering.

Andredelen tek føre seg den historiske utviklinga av purismen fram til om lag 1945. Fyrst kjem ei kort historisk utgreiing om stoda før 1814. Derneft kjem hovudbolken i denne delen, og han handlar om dei mest karakteristiske normeringsstrategiane som vart formulerte på 1800-talet. Av desse strategiane er det nynorsk-reisinga som er mest kjend for purisme, men vi finn purisme også i dei strategiane som har danna grunnlaget for bokmål. Særleg interessant er det her å sjå på ulikskapar i korleis og kvifor dei ulike grupperingane utviklar eit puristisk tankesett. I den historiske gjennomgåinga skal vi òg kort innom purismen imot samisk og finsk.

Tredjedelen tek føre seg purisme imot engelsk. Her vert det lagt vekt på den rolla Norsk språknemnd og Norsk språkråd har spela. Frå dei seinare åra er det særleg relevant å trekkje fram “Aksjonen for språkleg miljøvern” frå 1990-talet.

Fjerdelen går inn på korleis purismen har kome til uttrykk på det leksikalske, ortografiske og morfologiske nivået. Drøftinga er her ikkje så inngåande som ved dei andre språksamfunna, då det alt eksisterer ein del studiar om det emnet i norsk (jf. Sandøy 2000b).

8.2 Det norske språksamfunnet

Statusen for norsk

Norsk er i dag morsmålet for om lag 4,2 millionar nordmenn. I tillegg er norsk andrespråk for om lag 260 000 med innvandrarbakgrunn, og vert nytta av ein del med norsk bakgrunn i USA.¹⁷⁴

Det er vanleg å seie at nynorsk og bokmål er skriftlege former av det same språket, norsk. Av den grunnen har ein òg nemninga “målformer”. Her skal vi ikkje gjere noko poeng ut av slike terminologiske skilnader, men bruke nemningar som *målform*, *skriftform* og *skriftspråk* om einannan.

¹⁷⁴ Tala er baserte på Statistisk sentralbyrå sine tal frå 1. januar 1999, jf. Internett: <<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/innvbeftab-1999-10-25-01.html>> og <<http://www.ssb.no/emner/02/aktuelt-befolkning/200002/T-12.html>>

I desse tala er der berre teke med personar som verken har foreldre eller besteforeldre som er fødte i Noreg. Av desse er det kring 130 000 (dvs. 2,9 % av samla folketal) frå land i Asia, Afrika, Sør- og Mellom-Amerika og Tyrkia. Det er i tala på personar med innvandrarbakgrunn ikkje teke med dei som er norskfødte, men med ein av foreldra frå utlandet (143.314 personar); blant desse kan der vere ein del tospråklege.

Nynorsk og bokmål er offisielt jamstelde skriftspråk, men bokmålet har alltid hatt ein dominerande posisjon. Bokmål har dei aller siste åra også styrkt stillinga som opplæringsmål i grunnskulen. (Statistisk sentralbyrå sine tal viser ein skulemålsstatistikk på 84,7 % bokmål vs. 15,3 % nynorsk for 1999, medan tala var 82,6 % bokmål og 17,4 % nynorsk i 1993.¹⁷⁵ Her må det takast atterhald om omleggingar i utrekningsmåten.) I offentleg forvaltning, media og litteratur har det derimot skjedd ein viss vekst i nynorskbruken dei siste tiåra. Verdt å merke seg er det at bruken av målformene er vorten sterkare regionalisert: I 1999 var 85 % av nynorskelevane busette i eitt av dei fire vestlandsfylka. (Gjennom sidemålsopplæringa føreset ein samtidig at alle skal ha kjennskap til både målformene.

I norsk grunnskule er norsk (i form av bokmål eller nynorsk) fyrstespråket for nesten 93 % av elevane. Dei resterande 7 % har ulike innvandrarspråk.¹⁷⁶ Dei fleste med innvandrarakgrunn er busette i Oslo; der har 28 % av elevane i grunnskulen eit anna morsmål enn norsk. Kring 0,2 % har på landsbasis samisk som opplæringspråk; dei fleste av desse er busette i Finnmark, der 9 % har samisk.¹⁷⁷ Noreg er såleis, med unntak av Oslo og Finnmark, eit relativt homogent språksamfunn. Det som like fullt har gjort Noreg til eit land med språkkonfliktar, gjeld tilhøvet mellom bokmål og nynorsk – både bruken av målformene, og det tidlegare målet om å fremje tilnærming mellom dei.

Normering av norsk

Ein har i Noreg tradisjonar for at staten vert engasjert i normeringa. Engasjementet har kome til uttrykk både i form av statlege initiativ (som i rettskrivingsreformane) og ved at staten (gjennom departement og normeringsorgan) har hatt ansvaret for å samordne språkpolitiske innspel frå ulike grupper og personar. Det siste var tilfellet då Kyrkje-departementet i 1862 stod for den fyrste offisielle rettskrivingsendringa som berre galdt dansk nytta i Noreg. Departementet var òg normeringsinstans når det frå 1885 kontrollerte Jonathan Aars sine rettskrivingsordbøker: *Retskrivnings-regler til skolebrug* (1. utg. 1866) og *Norske rettskrivningsregler* (1. utg. 1889). I 1893 sette departementet ned ei nemnd for å handtere rettskrivinga for dansknorsken, og ei tilsvarende nemnd for landsmålet vart sett ned i 1898.

Det statlege engasjementet vart fylgd opp ved kvar stor rettskrivingsendring (1901, 1907, 1917 og 1938) med offentlege nemnder og departementalt kontrollarbeid. Bakgrunnen har heile tida vore press frå dei språkpolitiske stridsgruppene. Til ein viss grad har gruppene òg nytta staten som instrument for normeringa; det galdt t.d. då Det Norske Samlaget på slutten av 1890-åra tok initiativ til ei rettskrivingsnemnd for landsmålet (Brunstad 1995:232). Språkstridsorganisasjonane er elles representerte i Norsk språkråd.

Norsk språkråd (opprett 1972) er i dag det offisielle normeringsorganet for både dei to norske målformene. Språkrådet er delt opp i ein nynorskseksjon og ein bok-målsseksjon, men det skjer ein del samarbeid mellom seksjonane: I fagnemnda, der ein vurderer språkfaglege spørsmål, er mange spørsmål rekna for å vere felles; det gjeld mellom anna spørsmål knytte til engelskpåverknad. Norsk språkråd avløyste Norsk språknemnd (opprett 1952), og stod for ei nedprioritering av tilnærmingspolitikken som Språknemnda hadde bore fram. Fyrste leddet i føremålsparagrafen legg i staden vekt på språkvern og gjensidig respekt for målformene:

[Norsk språkråd skal] verne om den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk

¹⁷⁵ Jf. <<http://www.ssb.no/emner/04/02/20/utgrs/tab-2000-05-19-01.html>>

¹⁷⁶ Av desse er urdu mest utbreidd (7 %), dernest fylgjer engelsk (8 %), vietnamesisk og albansk (7 %) og arabisk og spansk (5 %). Jf. Internett <<http://www.ssb.no/utgrs/tab-20005-05-19-02.html>>

¹⁷⁷ Jf. sst. og Internett: <<http://www.ssb.no/utgrs/>>

språk, dets historie og egenart, fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter, og verne om den enkelte borgers rettigheter når det gjelder bruken av språket.

Jamvel om tilnærmingstanken har fått ein plass i andre leddet i føremålsparagrafen, har tilnærming vore lågt prioritert dei siste fem åra. Liberaliseringa av bokmålsrettskrivinga i 1981 har i ettertid vorte tolka som ei viktig prinsippavgjersle: Det vart då gitt rom for konservative former. Tendensen er i dag at ein fylgjer meir autonome normeringsprinsipp for kvar einskild målform. Det kom òg fram i *Stortingsmelding* nr. 13 (1997–98, s. 17).

Den tilnærminglinja mellom bokmål og nynorsk som tidlegare stod sentralt i offisiell norsk språkpolitikk, framstår i dag i praksis som mindre aktuell. Det synest å vere etter måten brei politisk aksept for at vi i dag har to offisielle norske språkformer, og at dette vil vere ein relativt varig situasjon. Det inneber at i staden for å leggje vekt på utviklingstendensar som på sikt kan føre dei to målformene saman, blir måldyrkingsarbeidet snarare knytt til spørsmålet om korleis bokmål og nynorsk kvar for seg skal kunne utvikle seg best mogleg. I tillegg til å sikre individuelle språkrettar både for nynorsk- og bokmålsbrukarane bør reglane for offentleg språkbruk også utformast og praktiserast slik at dei kan vere med på å sikre det mangfaldet som dei to offisielle målformene representerer i norsk kultur- og samfunnsliv. (Jf. Internett: <<http://www.sprakrad.no/normerin.htm>>.)

På eitt område har det likevel skjedd ei tilnærming, og det gjeld handteringa av importord. Det kjem òg fram i utgreiinga og vedtaket Språkrådet har gjort om norvagisering (jf. Sandøy 1997, Sandøy 2000b).

Både Norsk språknemnd og seinare Norsk språkråd har drive eit omfattande normeringsarbeid, og stått for til dels vidtgåande vedtak. På slutten av 1990-talet er den normerande sida tona noko ned. Vi kan i staden, som i Danmark og Sverige, sjå ei sterkare fokusering på statusspørsmål. I *St.melding* nr. 13 (1997–98:22) heiter det at Språkrådet “bør oppgraderast til å kunne vere eit statleg instrument for eit langsiktig og effektivt språkvernarbeid, samtidig som det held fram arbeidet med dei noverande oppgåvene” (s. 32). I *Strategisk plan for Norsk språkråd 2000–2003* heiter det at “Det er ønskjeleg at språkvernarbeidet blir klarare og betre formulert i mandatet til Språkrådet” (s. 21), og at “Språkrådet ønskjer framfor alt å prioritera utetterretta språkvernoppgåver høgare enn før.” (s. 4.) I dette fokusskiftet kan vi òg tolke eit stemningsskifte i retning tradisjonisme og usus (jf. Vikør 1996:118f.). Denne stemninga kjem fram i grunngivinga Kulturdepartementet gav for å avvise ein del endringar i rettskrivinga som årsmøtet i Norsk språkråd hadde vedteke i 2000:

Formålet er å leggje grunnlaget for ein meir stabil rettskrivingssituasjon.

Departementet ønskjer difor å vente med å gjennomføre endringar til ein har fått ei fullstendig gjennomgåing av alle aktuelle spørsmål. Dermed er det von om å unngå hyppige rettskrivingsendringar. Dette er i samsvar med det Norsk språkråd sjølv har teke til orde for, og som også er nedfelt i St.meld. nr. 13 (1997–98), som Stortinget behandla i mai 1998. (Rundskriv nr. V-3/2001 frå Kulturdepartementet, 10.01.2001. Sjå òg Internett: <<http://www.sprakrad.no/aar2000htm>>.)

Dersom denne forståingsmåten vinn fram, kan ein kanskje seie at norsk språk-normering er i ferd med å verte meir lik den normeringa som går føre seg i andre land i Europa.

I tillegg til Norsk språkråd har ein også riksmålsinstitusjonen Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur som gir ut *Riksmålsordboken* og *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner*. Den siste av desse ordbøkene vert mellom anna fylgde av dei to største avisene, *VG* og *Aftenposten*. Særleg språkforma i *Aftenposten* har stor prestisje.¹⁷⁸

8.3 Purisme gjennom tidene

8.3.1 Språkpatriotisme

Det var utover på 1800-talet det vart formulert program og strategiar for eit norsk skriftspråk. Isolert sett byrjar også norsk purisme fyrst då.

Men før vi går nærmare inn på dei ulike språkpolitiske strategiane frå 1800-talet, kan det vere av interesse å drage nokre historiske liner attende til perioden 1380–1814, då Noreg var dels i union med og dels ein del av kongeriket Danmark. I denne perioden fekk dansk skriftspråk ein dominerande posisjon – som kyrkjespråk (1550), lovspråk (1604), gjennom konfirmasjonsundervisninga (1736) etc. Stort sett all litteratur kom ut på dansk. Nordmenn gjekk inn i ein skriftspråkleg fellesskap med Danmark – ein fellesskap dei færraste oppfatta som problematisk. Såleis kunne puristiske og patriotiske ytringar om dansk språk like gjerne kunne kome frå nordmenn som frå danskar. Når så nordmennene Ole S. Pihl og P. C. Stenersen på 1740-talet kritiserte ein del avløyasarord hos F. C. Eilschow, og viste til at det fanst betre ord i “høyst op til field liggende bygder i Norge”, var det ikkje for å markere norsk i høve til dansk, men for å vise at dialektar i Noreg kunne vere ei vel så god kjelde til dansk språkutvikling som andre varietetar av dansk (jf. Nielsen 1949:259, Indrebø 1951:376f., Lundeby 1994:152). Og når trønderen Johannes Brunsmann i fortalen til *Den siungende Himmel-Lyst* frå 1686 ville ha inn ord frå dialektar i danske tekstar, må vi sjå det i samanheng med den diskusjonen som gjekk føre seg i Danmark om standardisering og om kva plass dialektar generelt skulle ha (jf. kap. 5.3). Det er lite som tyder på at der låg ein sterk norskspråkleg markeringsvilje bak

Det er ikkje dermed sagt at språkstoda var uproblematisk. Jamvel om stoda var “normal” samanlikna med andre europeiske land (der ein òg hadde stor avstand mellom standardspråk og folkemål og ei inkonsekvent rettskriving), er ikkje ein slik “normalitet” uproblematisk. Det er tydeleg at embetsmenn og skulelærarar oppfatta avstanden mellom skrift og tale som eit pedagogisk problem både på 1700- og 1800-talet (Hoel 1996:45f.). Det er samstundes lite som tyder på at der var særleg mange som ynskte eit eige norsk skriftspråk i staden for det rådande danske.

¹⁷⁸ I *Aftenposten* vert det nytta ei sladda utgåve av ordbøkene, dvs. at visse valfrie former ikkje får innpass i avis-spaltene. Den språkansvarlege står for sladdinga. (Opplyst av Helge Sandøy.)

Om medvitet om norsk ikkje var sterkt, var det ikkje heilt borte: Det eksisterer ytringar som tyder på at der fanst ein viss patriotisme for norsk språk før 1814 òg.

Eit tidleg døme er Christen Jensøn. Han gav ut *Den norske Dictionarium eller Glosebog* frå 1646, ei ordsamling frå Sunnfjord med målgruppe “Alle dem udi Danmark og Norge / som haffue lyst at vide det Norske Lands Vis og Maal” (undertittel). Det originale er at forfattaren skil ut det “Norske Sprog” i høve til dansk. Det reflekterer òg forfattaren over i fortalen, der han kjem med tankar om reinleiken i norsk:

Oc paa det voris gode oc gamle Norske Sprog (som i Synderlighed med mange Tungemaal oc fremmet Sprog er bemenget / oc daglig Dags mere tiltager / formedelst den ædle Søefart aff Fremede det besøger. Oc aff de Norskis Udvandring udi fremede steder / der / som sog der effter nedersette i deris Fæderneland) diss klarligere kunde komme for Dagen / oc fra de andre adskillis / thi det ene er saa megit indviet i det andet / da haffuer jeg for den Aarsag Skyld vildet dette mit Arbeide alle forbemelte gode Norbagger til tieniste paa at lade udgaa. (Jensøn 1646: upaginert, s. 4-5 i fortalen.)

Didrik Arup Seip skriv i *Norsk Biografisk Leksikon* om Christen Jensøn at “Hans bok er et uttrykk for den sprogrensningsbevegelse som har sitt opphav i Italia (Accademia della Crusca, 1582), og som spredte seg til Tyskland og Nord-Europa i første halvdel av 17. århundre.” Her bør det leggjast til at Jensøn sjølv ikkje var tilslutta noka språkrensingsrørsle, og at det Seip viser til, må vere den påverknaden Jensøn fekk frå studentar og akademikarar under studieperioden i København 1627-1632. Håkon Steinar Giil (1970:23f.) er i si hovudfagsoppgåve om Jensøns glosebok også inne på denne påverknaden, og viser til kontakt med ordboksforfattarane Poul Jensen Colding og Jens Dinesen Jersin og med bergensbipen Ludvig Munthe. I fylgje Giil gjekk Jensøn inn i det han kallar ein vestnorsk ordlistetradisjon (sst.). Like fullt er markeringa av *den reine norsken* uvanleg for tidsperioden.

Ein har frå 1600-talet og 1700-talet nokre skrifter som tyder på at det i visse krinsar voks fram eit sterkare medvit om norsk som eige språk i høve til dansk.¹⁷⁹ Jørgen Tomasson har i *En liden begyndelse til en norsk Grammaticam* frå 1625 kontrastert norsk med dansk (Sandøy 2000b:884). Likevel finn vi verken der eller i bygdemålstekstar frå 1600- og 1700-talet noko norsk-puristisk program (jf. Venås 1990). Det gjer vi heller ikkje hos salmediktarar som trekkjer fram norske ord, eller hos Marcus Schnabel som på 1770-talet viste den historiske kontinuiteten i norsk ved å

¹⁷⁹ Det er rett nok uklårt kor utbreidd det medvitet var. I visse tilfelle gjekk “norsk” og “dansk” om einannan: I rapportar frå Finnmark på slutten av 1700-talet vart det t.d. referert dels til “det danske Sprog” og dels “det norske Sprog” som motsetnader til samisk (Dahl 1957:10).

jamføre ord i hardangermålet med gamalnorsk (*Prøve paa hvorvidt det gamle norske Sprog endnu er til udi det Hardangerske Bonde-Maal* [1784, utgitt posthumt]). Eit unntak er Laurents Hallager med ordboka *Norsk Ordsamling eller Prøve af Norske Ord og Talemaader* frå 1802. Hallager nemner moglegheita av eit puristisk program ved å skrive at norsk kunne ha eksistert som skriftspråk dersom den rette dyrkinga hadde funnest. Hallager nøyer seg like fullt med å tale om eit *mogleg* program, som Jens Chr. Svabo gjorde det for færøysk på slutten av 1700-talet (jf. kap. 7.3).¹⁸⁰

I så måte var det norske skriftlivet nært knytt til det danske. Det ser vi òg i tida etter 1814. Norske forfattarar som Bjørnson, Ibsen, Kielland, Lie, Hamsun og Skram hadde danske forlag, og det eksisterte ein felles dansk-norsk bokmarknad. Litteratur skriven på landsmål stod utanfor denne marknaden – danskane forstod ikkje landsmål, og landsmålsforfattarar hadde problem med å få innpass i dei etablerte norske forlaga (Stegane 1987:57f.). Dermed var der også tilskuv til eit meir radikalt brot med skrifttradisjonen.

8.3.2 Seks normeringsstrategiar

Tradisjonelt er språkstriden på 1800-talet sett opp som ein motsetnad mellom “målreising” og “fornorsking”. Her skal vi i tillegg peike på fire andre strategiar som var viktige og som – på ulike måtar – hadde puristiske tendensar. Vi får då seks strategiar:

1. *Den reine dansken*

Delar av embetsmannseliten var oppteken av å halde på dansken, og ikkje gi etter for påverknad frå svensk eller bygdemåla.

2. *Dansknorsk språkkonservatisme*

Det dominerande synet hos eliten på 1800-talet vart å sjå på det eksisterande språket som “norsk”. Ein godtok visse særnorske endringar, men ville ha så fåe som mogleg av dei, og slett ikkje gjennom offentleg språkpoltikk.

¹⁸⁰ Vi kan jamføre det manglande programmet for å fremje norsk språk med den meir allmenne patriotismen hos den norske eliten på 1700-talet. I skrifter av mellom anna Gerhard Schøning (1722–80), Jacob Wilse (1797), Chr. Colbjørnsen (1749–1814) og krinsen kring Norske Selskab i København ser vi at der eksisterte førestellingar om nordmenn som ei særleg gruppe (på same måte som det voks fram eit medvit om at norsk var eit eige språk). Haldninga var at nordmenn skilde seg frå danskar og svenskar gjennom karaktertrekk, verdiar, institusjonar (t.d. odelsretten), ei særreiga historie etc. Vi må likevel skilje mellom tanken om norske eigenskapar og tanken om at Noreg skal skilje lag med Danmark. Den siste var ikkje aktuell på 1700-talet, på same måten som tanken om å fremje eit norsk språk ikkje var det.

3. Målreising

Ivar Aasen og hans etterfylgjarar stod for eit nytt skriftspråk, landsmålet, som skulle avløyse dansken.

4. Folkemålsradikalisme

Olaus Fjørtoft gjekk i Aasens fotspor, men ville ha ei ortofon rettskriving basert på talemålet av i dag, og ynskte òg å trekkje inn bymålet.

5. Fornorsking

Knud Knudsen ville ha fornorsking av det eksisterande danske skriftspråket, kombinert med ei tilpassing til “dannet dagligtale”.

6. Tilnærming

På slutten av 1800-talet kom tanken om tilnærming mellom landsmål og dansk-norsk til uttrykk, og han fekk kraft gjennom den statlege språkplanlegginga i fyrste halvdel av 1900-talet.

Vi skal i det fylgjande gå gjennom kvar av desse seks strategiane, og vurdere dei i høve til spørsmålet om purisme.

8.3.2.1 Den reine dansken

Synet på den reine dansken kom fram gjennom striden om språkbruken i tidsskriftet *Saga* (som kom ut 1816–1820). *Saga* hadde formulert eit puristisk program som var nordisk orientert; ein ville “udluge det fremmed Ukrud, som har qvalt Nordens herlige Tungemaal, saa at nye og frodige Skud kunde spire frem af den gamle, uvisnelige Rod.” (Indrebø 1951:366, Andresen 1994:54.) Redaktøren, Johan Storm Munch, kom i tidsskriftet med framlegg til avløyssarord, baserte både på norske dialektar, særleg frå Nord-Gudbrandsdalen, og hadde i tillegg nokre ord som fanst i svensk, t.d. *Torpare*, *Ødet* og *Drotning* (s. 59). Det er lite som tyder på at Munch medvite ville fornorske eller forsvenske dansken; det var meir tale om eit framhald av den danske purismen frå 1700-talet. Eit slikt program vart derimot problematisk i den politiske situasjonen som rådde etter 1814. Ein som reagerte, var stortingsmann og prest Andreas Bonnevie. Han gav ut skriftet *Nogle nødvendige Ord i Anledning af Tidsskriftet Saga* (1817) med kritikk av unasjonale språkføring, fyrst og fremst svesismane. Målet for Bonnevie var å halde dansken rein frå svensk.

Hos Bonnevie ser vi ein politisk tendens; han ville unngå for sterk kopling mellom Noreg og den svenske statsmakta (Andresen 1994:61). Delar av den norske eliten oppfatta for sterk styring frå Sverige som eit trugsmål mot egne posisjonar, og språket markerte at det var tale om to ulike land (jf. Torp og Vikør 1993:194).¹⁸¹ I tillegg byrja den norske eliten på denne tida å diskutere meir inngåande kva som låg i ein norsk nasjonalitet.

Mykje av kritikken imot språkføringa i *Saga* kom fram i *Det Norske Nationalblad* (1815–21) (jf. Skjæveland 1996:181–190). Der heitte det at Noregs “Fædrenesprog” og “dit Tungemaal” var ein norsk nasjonalskatt, og ikkje måtte tilsmussast av svensk:

Nu stakkels Norge!/dit Tungemaal/Bortprækes kraftig av Guds Leviter [...] se Saga stræber med megen Møie, at pynte det i Svensk Skjørt og Trøie, Og skeer det, Norge, god rolig Nat! Thi Sproget var jo din sidste Skat. (*Det Norske Nationalblad* 1817:212.)

I denne språknasjonalismen låg der ikkje noko program om at språket skulle få fram særnorske element. Målet var framleis ein mest mogleg rein dansk; ein ville ikkje markere språket som noko særmerkt for den norske nasjonen i høve til Danmark. Gustav Indrebø skriv om denne språknasjonalismen:

Åtaki frå Bonnevie og andre syner òg blenkjande klårt at dei danktalande hadde fenge nasjonalkjensla si knytt til det danske målet. Dei kjende det som eit nasjonalt tyningsverk, når einkvan blanda inn noko som var ulikt vanleg normaldansk. (Indrebø 1951:367.)

Sitatet ovanfrå frå *Det Norske Nationalblad* illustrerer eit anna trekk ved krinsen som ville halde dansken rein: orienteringa mot klassisk retorikk. I sitatet finn vi retoriske verkemiddel som allegorien, personifikasjon (av eit tidsskrift og eit land) og direkte tiltale (som var ein arv frå den munnlege retorikken, opphavleg meint for ein munnleg kultur).¹⁸² Retorikkorienteringa var i og for seg ikkje påfallande: Over heile Europa var eliten påverka av nyhumanismen, og ein sverma for klassiske idéar, klassisk arkitektur, klassisk stil, klassisk retorikk, latin og gresk. Stilidealet vart uttrykt i den mest brukte læreboka, Knud Rahbeks *Om den danske Stil* (1802, 2. opplag 1813). Rahbeks bok var orientert mot klassikarane Quintilian og Cicero, og deira krav til

¹⁸¹ Bonnevie tok spørsmålet jamvel opp i Stortinget, retta imot stortingsmannen Jacob Aall, som var ein av dei sentrale i krinsen kring *Saga*, og talsmann for union med Sverige.

¹⁸² Nettopp den direkte tiltalen er særleg påfallande; han pregar mykje av stilen frå denne tida, t.d. hos Nicolai Wergeland, og må sjåast i samanheng med at dei retoriske førebileta vendte seg til den munnlege overtalinga (jf. Schnitler 1814:427f.). Den norske eliten dyrka altså i skrift ein stil som fyrst og fremst var meint for diskusjonar i det romerske senatet 1800 år tidlegare.

språkleg “Reenhed, Rigtighed, Tydelighed og Passelighed”. Som Schnitler (1911:449) skriv: “Og hvilken nordmand kjender ikke her igjen Rahbeks ungdomsven Lyder Sagens berømte ‘lydelig, tydelig og prydelig’?” Her var det tydelegvis Danmark som var påverkaren. Det *påfallande* ved utviklinga i Noreg var at dei klassiske ideala vart styrkte og ikkje utvikla seg i ei meir nasjonal lei i tida kring 1814, slik det skjedde i Danmark (jf. Andresen 1994:102, Schnitler 1911:417f.). Tvert imot, i 1818 vedtok Stortinget at den omfattande undervisninga i dei klassiske fag skulle styrkjast i “de lærde skoler” på kostnad av morsmålsundervisning (dvs. dansk), naturfag og samfunnsfag (Andresen 1994:5).¹⁸³ I staden for “nyttig” kunnskap skulle den høgare skulen gi formaltrening og danning.

Ei av årsakene til denne norske utakta kan vi sjå i standsinteressene: Embetsmannseliten meinte sjølv å vere den samfunnsgruppa som var best eigna til å styre landet, og markerte det overfor moglege konkurrentar, t.d. det nytte-orienterte borgarskapet som til liks med bøndene mangla danning og karakterstyrke. Sigmund Skard (1938) er i sin studie av norsk klassisk tradisjon kritisk: Generasjonen av 1814 “nyttar det klassiske til vern i ei fåfengd sjølvhevding” (s. 24). Resultatet var at det retoriske puritas-idealet stod relativt sterkt dei fyrste tiåra etter 1814.

Standsinteressene forklårer likevel ikkje alt ved rein dansk-ideologien. Når ein som Johan Sebastian Welhaven (1807–73) freista å skrive så dansk som råd var, kom estetiske og skrifttradisjonelle årsaker inn; han skreiv om abstrakte emne som det fanst ein etablert stil for nettopp gjennom dansk (jf. Skard 1980:51). I tillegg kunne Welhaven gjennom den reine dansken markere avstand til den råskapen og mangelen på ånd, danning og kultur som han meinte fanst i det norske bondesamfunnet (jf. *Norges Dæmring* [1834]).

Karakteristisk for den estetiske tenkinga er reaksjonen frå Camilla Collett og mannen Peter Jonas Collett på språket i Asbjørnsen og Moes eventyr: Der var for mange råde uttrykk, det var eit “Drengestuesprog” som slett ikkje passa danna menneske, meinte dei. Camilla Collett skreiv derfor ned eit eventyr i ei språkform tilpassa dei reinare ideala, “En Vandring og et Eventyr” (prenta i *Den Constitutionelle* 17 og 18, 1844). Forteljaren vart her ei kvinne, med barnepika på Eidsvollprestegarden som rollemodell. Som vi kjenner frå tysk purisme-tradisjon frå 1600-talet (jf. kp. 3), kunne slike kvinner gi eit vern mot språkleg råskap (i dette tilfellet representert ved norsk):

¹⁸³ Stortingsvedtaket vart derimot stoppa av undervisningsministeren. Skuledebatten kring 1818 er analysert av Anton Fredrik Andresen i *Opplysningstider, nyhumanisme og nasjonalisme* (1994).

hvad der strax vil paafalde Dem er noget vist cultiveret Sikkert i Sproget, som slige Qvinder undertiden vide at tillægge sig. De vil bemærke en vis Elegance i Formen i hendes Eventyr; og med dette ere de ligesaa norske som Asbjørnsens og Moes, hvor den oprindelige Raahed er bibeholdt med roesværdigste Kunstfærdighed. (*Den Constitutionelle* 17, 1844.)

Det “kultiverte” språkføringa gjer at Collett kjem med ein eventyrstil som står nokså fjern frå det ein elles assosierer med eventyr (t.d. munnleg forteljemåte.)

Også i namneverket vart det strevd for å halde dansken rein. Gustav Indrebø refererer i *Norsk målsoga* (1951:368) til strid om stavemåten av stadnamn på 1840-talet. Kyrkjedepartementet sette seg på bakbeina imot fornorskingar som mellom anna Gerhard Munthe prøvde seg på; ein skulle halde seg til rein dansk skrivemåte (sst.).

8.3.2.2 Danskorsk språkkonservatisme

Å halde på rein dansk vart meir og meir vanskeleg; det ser vi gjennom diskusjonen om norsk nasjonalitet på 1830- og 40-talet. Den strategien som fylgde i fotefara, var danskorsk språkkonservatisme. Skiljet mellom dei to strategiane er ikkje knivskarpt. Framleis er det tale om å halde på dansk språk, og det er framleis tale om synet åt embetsmannseliten.¹⁸⁴ Nyanseskilnadene går på at ein i språkkonservatismen tok utgangspunkt i at det rådande bokspråket ikkje var dansk, men hadde utvikla seg på norsk grunn, og ein var meir open for endringar som faktisk skjer. Likeins er eliten her endå meir nasjonalt interessert, og ikkje så prega av den svulstige retorikken som generasjonen av 1814 (jf. Schnitler 1911:452f.). Språkkonservatismen er særleg interessant ved at han synleggjer ei ideologisk og språkpolitisk utvikling hos eliten.

Danskorsk språkkonservatisme skulle vise seg å verte den truleg sterkaste normeringsstrategien på 1800-talet.

Alt i 1815 fekk han ein akademisk legitimitet gjennom ei fråsegn frå Det akademiske Kollegium ved Kgl. Frederiks Universitet i Christiania:

[Sproget som en Odelsarv fra vore Fædre] er ligesaa Norges som Danmarks Eiendom. Det er udviklet af vore Fædres [sic], og Holberg, Wessel, Tullin, Nordahl Brun, Treschow og de Flere med dem have erhvervet os fuldeste Ret til at kalde dette Sprog, ogsaa i dets nyere Form, vort: ja, de have forpligtet os til ei at lade deres Arbeide ufulendt, ei at grave den os givne Skat i Jorden, men bevare og flittigen bruge den, saa at deraf engang et varigt Monument maatte fremstaa, der kunde vidne værdigen om det norske Folks aandelige Liv.¹⁸⁵

¹⁸⁴ Også P. A. Munch var inne på at ein “Norvagensprosessen” kunne omgjere språket, og at det ikkje var så gale, dersom prosessen ikkje stridde imot “Sprogets Aand” (Munch 1852:96–97). Men Munch vart aldri nokon talsmann for strategien.

¹⁸⁵ Her sit. etter Andresen 1994:61. Fråsegna er ikkje vorte funnen i dei offisielle dokumenta åt Universitetet i Oslo; det er her tale om indirekte kjelder (sst.).

Her vert det vist både til språkleg historisitet, autoritetar og usus. Språket kunne ha nokre norske særpreg i ord og formverk. Ein skulle likevel ikkje gå for langt.

Der er fleire føregangsmenn for denne strategien. Ein som står i ein mellomposisjon er P. A. Munch (1810–63). Han må på den eine sida reknast til ein av dei mest framstående talsmennene for den reine dansken, og forfekta synet sitt i diskusjon med Wergeland alt på 1830-talet, prenta i artikkelen “Norsk Sprog-reformation” i tidsskriftet *Vidar* i 1832, og gjentok det under åtaka imot Knudsen og andre fornorskarar i 1852 og 1853 (fleire av desse artiklane er prenta i *Samlede Afhandlinger* [1875]). Ein burde, slik Munch såg det, vere takksam for å få “deeltage i en af Europas mest dannede Nationers Litteratur” (1832:182). Eventuelle endringar av dansken måtte vekse fram organisk, som del av ei “Sprogaand”. Samstundes er Munchs synspunkt langt meir samansett enn det “Slegten fra 1814” stod for. Munch valde sjølv å gå vidare på dei nasjonale faga (gamalnorsk, filologi og historie), ikkje dei klassiske, og vart ein viktig nasjonsbyggjar. Munch var seinare (på 1840-talet) oppteken av at omsetjingar av norrøn litteratur måtte gjerast etter særeigne norske føresetnader; omsetjingane som danskane stod for, var for tungvinte, og då kunne Asbjørnsen og Moes eventyrstil kome til hjelp når nordmenn gjorde omsetjingar (jf. Skard 1980:50). Her viser han i praksis likskapar med den språkkonservative retninga.

P. A. Munch stod saman med Johan Sebastian Welhaven, Anton Martin Schweigaard (1808–1870) og fleire bak tidsskriftet *Vidar* på 1830-talet og seinare *Den Constitutionelle*. Krinsen var politisk konservativ, skeptisk til bondereising, positiv til unionen med Danmark og med Sverige, oppteken av litterære former etc., og dominerte embetsstanden utover på 1800-talet. Krinsen vart “tapar” etter at parlamentarismen vart innført i 1884 og venstrestaten tok form. Også språkpolitisk har ein sett på krinsen som “tapar”, ut frå tanken om at det er målreising, fornorsking og tilnærming som har stått i fokus. I samtida var det likevel dei dansklyndte og språkkonservative som dominerte ordsiftet om språk.¹⁸⁶

Den fremste ideologen blant dei språkkonservative var filosofen Marcus J. Monrad (1816–1897). Oddmund Hoel skriv i artikkelen “Marcus Jacob Monrad som målpolitikar” (1998) “at det ikkje var Knudsen og Aasen som la premissane for målstriden på 1800-talet, men tradisjonalaristar som Monrad” (s. 56). Som professor og som kunnskapsrik deltakar i den framveksande borgarlege ålmenta engasjerte han seg også i språkspørsmålet. Monrad såg positivt på bruk av danna norsk talemål i teatret, dvs.

¹⁸⁶ I synet på vitskap og samfunn var verken den språkkonservative gruppa eller embetsmannseliten einsarta. Der gjekk ei spenning mellom dei liberalistiske og nytteorienterte (Schweigaard, Stang) og dei meir filosofisk-idealistiske (Marcus Jacob Monrad [jf. nedanfor]) (jf. Sørensen 2000:106f.).

eit talemål utan ureine element frå provinsane eller frå udanna personar i byane.¹⁸⁷ Språkidealet vart for Monrad eit viktig kriterium for å skilje mellom ulike kultur- og dannelsnivå. Karakteristisk er den negative meldinga av *Dølen* i *Morgenbladet* 1858:

Det er kun en ringe Kreds af Stoffer og Former der egne sig til at behandles i dette Sprog; det er efter sin Natur bundet til en Særegenhed og ikke frigjort til sand Almindelighed. Anvendt udenfor sin Grændse vil det antage Præget af Maner i Ordets slette Forstand, af Maniereerthed; thi herved forstaar man netop Anvendelsen af en udvortes Form paa et Indhold, hvor den ikke hører inderligt hjemme, hvor den ikke er naturvoxen. (*Morgenbladet* nr. 281, 17. oktober 1858.)

Her finn vi igjen den retoriske puritas-tradisjonen: Landsmålet og dialektane kom med barbarismar som ikkje var i bruk blant danna personar, ikkje hadde litterær tradisjon, og ikkje kunne oppnå ein nøytral stilistisk funksjon som “Kultursproget” (*Morgenbladet* 17. oktober 1858).

Monrad hadde like fullt sterke nasjonalromantiske trekk ved seg, og han var oppteken av korleis nordmenn kunne verte medvitne den nasjonaliteten som alt vart gitt. Her høyrde språket med: Monrad meinte at det dansknorske språket var *meir nasjonalt* enn Aasens landsmål. Landsmålet var eit bygdemål, medan dansknorsken var språket til den danna eliten, og berre hos dei danna kunne nasjonaliteten kome til uttrykk (*Morgenbladet* 17. oktober 1858). Denne språklege reinleiksoppfatninga ser ut til å vere retta innover imot dialektismar, barbarismar etc., og ikkje utover imot framade språktrekk. Ut frå purisme-definisjonen vi tidlegare har gitt (jf. kap. 2.2), vil ei innoverretta språkrensing ikkje utan vidare kunne kallast purisme. Her er det likevel rom for tolkingar. Dersom ein tek utgangspunkt i at landsmålet og dansknorsken representerte to ulike språk, var Monrad purist.

Monrad uttrykte eit konserverande syn på språk, nasjonalitet og samfunnsgrupper. Dette synet kan ein sjå på som uttrykk for korleis eliten generelt orienterte seg i desse spørsmåla. Det vert rett nok for enkelt å redusere purismen og nasjonalismen til instrumentell maktbruk. Eliten freista på denne tida å formulere eit nasjonssyn, og hadde ikkje eit reint instrumentelt syn på det nasjonale. Vi skal såleis ikkje sjå på nasjonalisme som eit “vikarierende motiv”, slik Jens Arup Seip gjer det i *Utsikt over*

¹⁸⁷ Slik formulerte Monrad seg slik i artikkelen “Om Theater og Nationalitet og om en norsk dramatisk Skole” (1854–55):

Om Beskaffenheden af det Sprog og den Udtale, der i Skolen bør legges til grund [...] vil jeg kun gjentage det almindelige Resultat, at det nemlig maa være *det norske Sprog saadant som det tales af Nationens Dannede, saameget som mueligt opfattet i sin Reenhed og frigjort deels fra alle Provins-Særegenheder deels fra alle andre Elementer, der skjønnes at ligge udenfor Sprogets organiske Udvikling og at være indkomne enten gennem Uvane eller ved feilagtige Reflexioner og Doctrioner.* (Monrad 1954–55, del III:20.)

Norges historie (1974). Likevel kan ein seie at nasjonsbygginga og språksynet var med på å stadfeste den posisjonen eliten hadde; det var her ein kamp om det kulturelle hegemoniet – og dermed om kulturell makt.

Monrads konservative språkoppfatning finn vi seinare att hos *Bjørnstjerne Bjørnson*.¹⁸⁸ I føredraget “Maalsagens Stilling i vort Kulturliv” i 1899 gjekk Bjørnson til åtak på landsmålet, og argumenterte for det dominerande skriftspråket som han sjølv gav namnet *Rigsmaal*. For å redde “Kulturen” og “Dannelsen”, var det viktig å stå imot landsmålet og dei kreftene som landsmålet representerte.¹⁸⁹ I 1909 var det tilnæringspolitikken han gjekk laus på med ein artikkel i *Aftenposten*, “Den store Feiltagelse”. Med tydeleg allusjon til Garborg skreiv han: “Forsaavidt har Landsmaalsfolket Ret; de siger: Enten – Eller! Enten vort Maal eller de andres.” Tilnærming ville i praksis seie at ein opna riksmålet for nedbrytande krefter:

Kultursproget skal blodtappes til Fordel for et nyt, som ligger Hundrer av Aar tilbage, og som er spredt i en Række dialekter uten fast samlende Form. [...] Staten ophjælper den Sprogform, som i Tidens Længde skal ødelegge Kulturens! (S. 410.)

Landsmålet og dialektane representerte eit lågare kulturstadium:

Saa kan man jo imens finne ut, hvor i Verden det er, at et høit utviklet Kultursprog, uten utvortes Tvang, uten inre Fattigdom, har opgit sig selv og nedbrut sin egen Organisme for at gi Plass ved Siden av sig for en Instrømning fra et meget lavere Kulturstade. (S. 409.)

Her kjem det nok ein gong an på om vi kan tale om purisme. Ut frå Bjørnsons eigen synsstad kan vi ikkje det. Til liks med Monrad meinte han at målstrevet ikkje dreidde seg om ein nasjonal strid imot eit framand språk. Det eksisterte *eitt* norsk språk, og riksmålet var det høgverdige uttrykket for det. Han jamførte målreisinga med at ein ville fremje dialektar i Tyrol som språk i staden for høgtyisk (jf. Sørensen 1997:176). Såleis definerte Bjørnson motstanden imot landsmålet og imot tilnærming som ein strid imot indre nedbryting. Her høyrer det òg med at Bjørnson var open for påverknad frå andre språk, og ikkje såg noko poeng i å gjere språktrekk som var “allmueagtigt og tuslet” til “mere norsk end fremadskydende tanker fra Dampens, Telegrafens, Telefonens og Dynamitens Tidsalder, d.v.s. fra vort nuværende Norge” (Bjørnson 1900:12). Igjen er det eit spørsmål om perspektiv: Dersom ein meiner at landsmålet/

¹⁸⁸ Bjørnson hadde vore både Knudsen- og landsmålstillhengjar, og i bondeforteljningane hadde han nytta ein fornorska dansk. På slutten av 1800-talet skifta han syn.

¹⁸⁹ Langslet skriv at riksmålsleiinga “helt fra Bjørnsons tid” har “gjort det klart at den ikke kjempet mot nynorskens livsrett, bare mot målstrevernes framstøt for å fordrive riksmålet” (Langslet 1999:394). Ut frå Bjørnsons utsegner er det ikkje visst at det stemmer.

nynorsken er eit sjølvstendig språk, vil ein tolke Bjørnson som purist. Vel ein derimot Bjørnsons eigen synsstad, var han ikkje purist.

Den språkforståinga Bjørnson kom med, har heile tida stått sentralt i riksmåls-ideologien. Når Lars Roar Langslet let tittelen på Riksmålsforbundets 100-årssove vere *I kamp for norsk kultur* (1999), er det underforstått at riksmålet representerer *Kulturen*.¹⁹⁰ Språkkonservatismen – med vektlegging av skrifttradisjonen, kopling til det nasjonale og skepsis til offentleg språkstyring – representerer ein kontinuitet i norsk språknormering frå Monrad og Bjørnson og fram til talsmenn for moderat og konservativt bokmål dei seinare åra.¹⁹¹ Etter liberaliseringa av bokmålet i 1981 har retninga styrkt posisjonen sin. Samtidig har han vist evne til å gjere smidige endringar, t.d. ved å godtake skrivemåtar som *språk* (for *sprog*), *nå* (for *nu*) og *etter* (for *efter*); det gjorde Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur i 1983, og *Aftenposten* gjorde det same på 1990-talet. Det kan likevel ikkje underslåast at norma er restriktiv, og stengjer ute former som er frekvente i norske dialektar.

8.3.2.3 Målreising

Den tredje språkpolitiske strategien er knytt til landsmålet og nynorsken.

Ivar Aasen

Nynorskpurismen kan førast tilbake til opphavsmannen for språket, Ivar Aasen (1813–1896). Aasen sjølv var like fullt tvitydig. På den eine sida såg han ein eigenverdi i å bruke norske ord i staden for framande. I *Prøver af Landsmaalet* i Norge (1853) skreiv han at å leite etter ord frå eigen ordsfatt var ein måte å trengje seg inn i djupna av morsmålet på, og få fram at norsk språk var rikare enn det mange forventa:

Jeg havde foresat mig at undgaae alle fremmede Udtryk og derimod betegne endog de vanskeligste Begreber med Ord af norsk Rod, om endog disse tildeels maatte være sjeldne eller ubekjendte. I de vanskelige Forsøg kræver denne Plan rigtignok megen Tænkning og Møie; men den giver dog ogsaa megen Fornøielse, idet man just ved

¹⁹⁰ Koplinga mellom riksmål og Kulturen var òg til stades på 1950-talet, då riksmålsrørsla sette i gang aksjonar imot samnorskpolitikken. “Foreldreaksjonen mot samnorsk” fekk i åra frå 1951 til 1953 samla inn heile 400 000 underskrifter for si sak, (jf. Langslet 1999:229f.). Ein sette i gang ein “retteaksjon” i 1953 der foreldre strauk radikale bokmålsformer frå skulebøkene, og avløyste dei med riksmålsformer. Tanken var at samanblanding av målformer representerte ei nedbryting av riksmålet.

Meir ekstreme utslag av riksmålspurisme imot samnorsk kom i form av bokbål, stelde i stand av gymnasiastar i Fredrikstad, Kristiansand og Tønsberg. Det vart arrangert bokbål i 1956, 1962 og 1963 (Wærenskjold 1964:70–76).

¹⁹¹ Eit interessant døme på ein slik talsmann er professor Finn-Erik Vinje. Han har utvikla seg språkpolitisk frå han var medlem av Landslaget for språklig samling på 1970-talet og protesterte imot liberaliseringa av bokmålsrettskrivinga i 1981 til han på 1990-talet figurerte som skribent i organet for Riksmålsforbundet, *Ordet*. Sjå kap. 8.4.9.

saadanne Forsøg drives til at trænge ind i Modersmaalets Dybder og derved opdager flere Skatte og Hjælpemidler, end man egentlig havde ventet.

I *Norsk Grammatik* (1864:371–372) utdjupa Aasen dei språkstrukturelle problema som var knytte til visse lånord og framande affiks, særleg tyske og nedertyske, og som gjorde at ein burde vere varsam med å bruke dei. Derfor var det også nødvendig med ei medviten ordlaging. I *Om Sprogets Dyrking* (1860:16) heiter det at: “Ingen maa forvente at finde færdige norske Udtryk for alle fremmede Begreber. Det bliver stundom nødvendigt at danne slige Ord.” (Aasen laga òg ei avløysarordbok for dansk-norske ord, *Dansk-Norsk Ordbog*, som rett nok aldri vart publisert medan Aasen levde, jf. kap. 8.5.1.) Aasen poengterte også det stilistiske aspektet: “Den nationale Udtryksmaade maa altid iagttages. Man maa være i Stand til at frigjøre sig fra den moderne danske Stiil.” (Sst.) Der kan òg seiast å liggje ein puristisk tendens i sjølve rettskrivingsprinsippa der Aasen la vekt på etymologi og strukturell einskap (slik at framande former vart handsama som struktur-avvik).

På den andre sida hadde ikkje Aasen noko mål om at språket prinsipielt sett måtte vere fritt for framandord. Det kom fram i *Norsk Grammatik*:

At holde Sproget aldeles reent for alle fremmede Ord vilde neppe nogensinde være muligt, og i Grunden kan dette heller ikke være saa ganske nødvendigt, naar kun de indførte Ord passe saavidt sammen med de hjemlige Former, at de ikke falde Folket besværlige eller forstyrre Begrebet om Sprogets Regler. Vi have flere fremmede Ord, end vi selv lægge Merke til, endog i vor simpleste Hverdagstale (f.ex. Brev, Vers, Note, Non, Mil, Par, Pund, skriva, signa); men de hindre os ikke, fordi de ere lige saa lette og bekvemme som vore oprindelige gamle Ord. (Aasen 1864:§ 150 Anm.)

Eit tilsvarande syn vart uttrykt i notatet *Om Sprogets Dyrking* (1860): Det var ikkje nødvendig å vrake eit framandt ord, så framt ordet ikkje var vanskeleg å forstå og ikkje støytt imot språkssystemet. Denne opne haldninga var også til stades då Aasen drøfta kva som hørde til det norske ordtilfanget: I paragrafane om “Orddannelse” (§358–382) i 1864-grammatikken skreiv han at alle ord som var nytta i dialektane, og som hadde ei form som var norsk og ikkje stridde imot reglar for lydverk og formverk, også hørde til det norske ordtilfanget. Denne innrettinga er interessant i høve til den normalen V.U. Hammershaimb sette opp for færøysk, ein normal som var langt meir etymologisk orientert. I *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850: VII) presiserte Aasen at han ikkje ville lage ei “Opstilling av forældede Former”, av di “Almuen vilde ikke vedkjende sig disse Former, og den Sprogkyndige vilde heller ikke være tilfreds med en Form, som kun staaer paa Papiret og heller ikke bruges.”

Vi kan seie at Ivar Aasen stod for ein *avgrensa* purisme, i hovudsak retta imot danske og nedertyske former. Dels var det ynsket om einskap, forståing, konsekvens og tilpassing av delar til den språklege heilskapen som låg under, dels var det tale om markering av autonomi overfor dansk og nedertysk. Denne markeringa kom òg til uttrykk når Aasen viste til at svensk låg nærmare norsk enn dansk, både i morfologi, fonologi og ordforråd (jf. Aasen 1836:1, Aasen 1864:361, 368f.). I *Om vort Skriftsprog* (1836:1) skreiv han at “Skulde vi synde i Et af To, saa var det tilgiveligere, at hælde til det Svenske, end til det Danske.” Ei slik tilvising skal ein ikkje take altfor bokstaveleg, for Aasen passa samtidig på å markere *skilnadene* mellom norsk og svensk, på same måten som han var inne på skilnadene i høve til islandsk og færøysk, dei to språka som i fylgje Aasen stod nærmast norsk (jf. Aasen 1864:360f., Aasen 1917 [1854]:8). Poenget med tilvisingar til andre nordiske språk var fyrst og fremst å få fram ulikskapar i høve til dansk, og å gi prestisje til landsmålet (jf. òg Venås 1996:429–438).

I kapitlet om ordlaging i *Norsk Grammatik* kom Aasen inn på kva slags ord han var skeptisk til. Det galdt særleg ord med prefiksa *an-*, *be-*, *er-*, *ge-*, *hen-* og *und-*, og ord med suffiksa *-aktig*, *-bar*, *-haftig*, *-heit*, *-inna* og *-eri*. For fleire av suffiksa føreslo han avløysarsuffiks.

Ved sida av dei nasjonale, sosiale, pedagogiske og språkstrukturelle grunngevingane for purismen er det verdt å merke seg at den retoriske *puritas*-tradisjonen kan ha spela ei viss rolle. For jamvel om Aasen ikkje hadde gått gjennom noka høgare utdanning, var han ingen “autodidakt”, og hadde mellom anna fått privatundervisning i retorikk.¹⁹² Den retoriske opplæringa hans var basert på Jakob Rosted si lærebok *Forsøg til en Rhetorik* (1810).¹⁹³ Dei retoriske mønstra frå Rosted finn vi att i tekstoppbygginga i *Om vort Skriftsprog* (1836), t.d. gjennom den retoriske femdelinga (exordium, narratio, partitio, confirmatio og conclusio) (jf. Apelseth 1992:57f.). Interessant for oss er det at vi finn fleire parallellar mellom måten Aasen argumenterte for purisme og dei fire grunngevingane Quintilian gav for eit reint språk: *ratio*, *vetustas*, *auctoritas* og *consuetudo/ usus* (jf. kp. 3).

Den fyrste grunngevinga, *ratio* (som òg kan kallast analogiprinsippet), var implisitt til stades der Aasen i *Norsk Grammatik* skreiv at tyske ord braut med bygnaden i det norske språket:

¹⁹² Som vist i fleire nyare studiar (t.d. Apelseth 1988 og 1992), sprang Aasen ut av eit regionalt danningsmiljø på Sunnmøre, han hadde fri tilgang til det rikhaldige biblioteket etter Sivert Aarflot (1759–1817), og hos prost Thoresen på Herøy fekk han opplæring i retorikk.

¹⁹³ Rosteds lærebok var i sin tur ei omarbeiding av den skotske retorikaren Hugh Blair sitt verk *Lectures on Theoric and Belles-Lettres*. Blairs verk stod elles sentralt som retorisk føredøme for tankane om språkleg reinleik då Svenska Akademien var skipa (jf. svenskkapitlet). Her ser vi igjen dei internasjonale parallellane.

De tyske Ord falde rigtignok lettere at bruge end andre fremmede Ord, men alligevel gjøre de dog megen Uleilighed, idet de indtrænge sig imellem hjemlige Ord, som de havde nogen Lighed med, og derved forstyrrer Begrebet om Orddannelsen, ligesom de ogsaa virke til at fortrænge adskillige gode Ord, som have tilhørt Sproget fra gamle Tider. (Aasen 1864:371-372.)

Ved å verke forstyrrende på orddanninga, var “tyske Ord” også *ufornuftige*. Fornuftsargumentet gjorde at ein samtidig kunne “beholde saadanne Ord, som ere lette at uttale, ikke medfører nogen Usikkerhed i Bøjningen, og ikke komme i Veien for de ægte hjemlige Ord.” (S. 376.)

I tillegg gjorde ord med tyske affiks vald på eit anna retorisk ideal, det som galdt *vetustas* eller alder: Dei eldre formene som forfedrane hadde brukt, var i fylgje Aasen betre enn dei som ein lånte frå utlendingar. Dersom bruksomfanget skranta, kunne den historiske tilknytninga vege tyngre enn ususprinsippet:

Af saadanne Ord, som give Anledning til at fremdrage et eller andet dunkelt Fortidsminde, vilde jeg gjerne have saa mange som muligt; og jeg har derfor endog tilladt mig at anføre nogle, som kun høres i Stedsnavne og Personsnavne, og hvis Betydning mange kunde ønske at vide. (S. 371)

Den tredje av Quintilian sine grunngevingar, *auctoritas*, kunne vere noko vanskeleg å nytte for Aasen, då landsmålet var eit ubrukt skriftspråk, utan tradisjonelle autoritetar i notida å referere til. Det “løyste” Aasen ved å omgjere autoriteten: Han stødde seg til eldre språkformer og til tanken om at talemålet til det breie lag av folket, dvs. bøndene på landsbygda, heldt oppe dei eldre språkformene, og dermed også representerte det sentrale og ekte i språkkulturen (jf. sst.).

Det fjerde idealet, *consuetudo* eller *usus*, refererte i klassisk retorikk til språkkjensla hos dei med normeringshegemoniet. Aasen utfordra det rådande hegemoniet i samtida, og kom med eit alternativt usus-syn: Landsmålet skulle byggje på bøndene sitt talemål, og ein skulle derfor take omsyn til deira språkkjensle og usus. Det var utgangspunktet for å avvise framandord som ikkje var i allmenn bruk:

...Ord, som ere indkomne fra andre Lande og som for en stor Deel kun bruges i visse mindre Kredse, hvor man enten har lært dem af Bøger eller af Omgang med fremmede Folk. [...] At indføre saadanne Ord i denne Bog vilde kun være til Uleilighed, da det her ved et løselig Overblik vilde see ud, som om de alle hørte med til det nationale Ordforraad. (Sst.)

Ut frå usus var Aasen pragmatisk overfor framandord med tilstrekkeleg bruk og alder bak seg: “Imidlertid er der ogsaa endel fremmede Ord, som ikke godt kunde udelades,

da deres Brug i Landet er mere almindelig og tildeels ogsaa noget gammel.” (Aasen 1873:VII.)

Å sjå Aasens orientering i høve til puritas-idealet er ikkje urimeleg ut frå det vi veit om danningsfaktorar og påverknadsfaktorar for Aasen (jf. Apelseth 1989, Venås 1996, Walton 1996). Samstundes bør det takast visse atterhald. For det fyrste er dei fire puritas-ideala nokså generelle. Om der eksisterer parallellar mellom Aasen og Quintilian, tyder ikkje det at Aasen nødvendigvis har lese det sistnemnde har skrive om reint språk; parallellar er ikkje einstyddande med påverknad. For det andre viser Aasen ein del andre takter enn den meir *elite*-orienterte tilnærminga i retorikken – han gjer språkbruken til andre sosiale grupper relevant som førebilete. Her stod Aasen for ei vidareutvikling av den klassiske læra.

Vi skal ikkje underkommunisere dei meir “tradisjonelle” årsakene Aasen gav for eit puristisk engasjement; dei er også til stades i sitata ovanfor.

Forståings-argumentet (“at [fremmede Ord] ikke falde Folket besværlige” [1864:§150 Anm.]) kan vi kalle ei “demokratisk” eller “sosial” grunngeving.

Systemargumentet (“ikke [...] forstyrre Begrebet om Sprogets Regler” [sst.]) fokuserer på den indre samanhengen i språket. Nettopp systemargument er relevant i høve til den meir pragmatiske haldninga Knudsen hadde til rettskrivinga: Aasen gjekk systematisk til verks, og definerte klårt kva som skulle høyre til normalen.

Den nasjonalistiske grunngevinga for purisme finn vi i den meir allmenne språk-nasjonalistiske argumentasjonen med bruk av språket til å markere norsk historisitet, autentisitet og grenser overfor andre språk (jf. Brunstad 1995:222).

I nynorsknormeringa utover på 1900-talet vart Ivar Aasen heile tida trekt fram. Gustav Indrebø (1932:41) skriv: “Hans namn hev den største autoriteten, både millom målfolk og millom dei andre.[...] Rettskrivinga hans er klassisk, – greidtenkt, fylgjerett og vyrdeleg.” Her har ein fått etablert ein historisk skriftautoritet, på same måten som i klassisk retorisk tenking. For målfolket har det heile tida vore viktig å ha Aasen på si side.

Utviklinga etter Aasen

Dei indre spenningane og kompleksiteten vi finn hos Aasen, kjem også til uttrykk når målfolket seinare formulerer ulike syn på korleis nynorsken skal sjå ut. Like fullt har usemja hos målfolket i stor grad dreidd seg om bøyingskategoriar og lydverk, og om overordna ideologiske spørsmål (t.d. nasjonal eller sosial grunngeving for målsaka). Purismen som Aasen uttrykte overfor danske og tyske ord, var lenge lite kontroversiell. Som Wilhelm Gerdener skriv (1991:197): “[...] sjølv om purismen har

vore eit framståande kjenneteikn for målet heilt frå Ivar Aasens tid, har han ikkje spelt noka særleg stor rolle i den interne debatten i målrørsla.”

Perioden mellom Ivar Aasen sitt programskrift, *Om vort Skriftsprog* (1836), og den fyrste offisielle rettskrivinga, Hægstad-normalen (1901), var prega av at landsmålet enno var uferdig. Der var litterær utprøving, normvariasjon og sprikande ideologiske grunnavingar.¹⁹⁴ I fyrste fasen av målreisinga var der i tillegg nynorskbrukarar som laga heimlege avløyasarord, også for internasjonalar (jf. Gerdener 1986:108). Det gjaldt t.d. Aasmund O. Vinje som laga ord som *Ikjøting* (for *Incarnation*) og *Lydrike* (for *Coloni*) (s. 66). Stundom nytta Vinje også suffikset *-heit*, t.d. *Personlegheit* for *Individualitet* (s. 62). Avløyasarord for internasjonalar var det ikkje berre målfolk som stod for; det gjaldt i vel så stor grad dei som arbeidde for fornorsking av dansken (jf. nedanfor). Noka stor sak vart aldri internasjonalar. Vinje gjorde sjølv greie for kvar hovudfienden var: “Og latinske og græske Ord ero vi mindre rædde en alle disse Oversetningar af Ord og Talemaatar fraa Tysk, som efter Holbergs Tid ero komne in i Bokspraaket.” (Vinje 1972:137, jf. Gerdener 1986:59.)

Går vi til det kanskje viktigaste ideologiske skriftet for målrørsla, *Arne Garborgs* artikkelsamling *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* (1877), finn vi også målsetnaden om *det reine språket*. Det er her Garborg formulerte tanken om at norsk og dansk språk representerte to nasjonar, og at verken språka eller nasjonane kunne blandast. Det var tale om anten-eller: Det eine språket ville vinne over det andre. Gav ein etter for press, fekk det andre språket ein føremon. Såleis var arbeidet med å halde språket *reint* knytt til sjølv eksistensen for språket. I språksynet var Garborg særleg påverka av Max Müller (1823-1900) og hans tankar om naturleg seleksjon: Som alle naturvekster kunne språket berre knyte til seg element som naturleg kunne assimilerast.¹⁹⁵ Garborg skriv: “Eller det vil kunne *hemmes* i Væxtren, forkludres, overgro af Udvæxter og Snyltevæxter”, slik at det “efterhaanden *taber* sin Livskraft og maa dø ud.” (S. 35) Dei “Forvandlingskunster” som fornorskarane dreiv med, ville såleis ikkje føre fram. Max Müller har ei kjend setning om at “Es gibt keine Mischsprache” (Müller 1871 bd.1:86), og det var denne læra gjekk Garborg etter.

Garborg var ikkje primært oppteken av utsjånaden til landsmålet, men ville definere det som karakteriserte og særprega den norske nasjonen, og kva som var det

¹⁹⁴ Der kom ulike framlegg til framgangsmåte frå fleire forfatarar og intellektuelle (som Aasmund O. Vinje, Arne Garborg, Rasmus Flo, Steinar Schjøtt, Olaus Fjørtoft, Elias Blix etc.), og desse påverka norma og stilideala.

¹⁹⁵ Boka av Max Müller som Garborg refererer til, var skriven på bakgrunn av populære førelesingar haldne i 1861 (og 1864), og heitte *Lectures on the Science of Language*. Ho kom fram til hundreårskiftet ut i heile 15 ulike utgåver. Kva slags utgåve Garborg las, er uklårt, ettersom sidetalet ikkje samsvarar med dei eksemplara Universitetsbiblioteket i Bergen og i Oslo har. (Det var frå Hans Ross [1833–1914] at Garborg lånte Max Müllers bok *Lectures on the Science of Language* [jf. Hanto 1986:38, Skard, bd. 4: 24].)

ideologiske grunnlaget for målstrevet. Det han skreiv om mål-blanding var òg fyrst og fremst mynta på motstandarane (jf. undertittelen “formet som polemiske Sendebreve til Modstræverne”). Dei tankane han formulerte om det reine språket har like fullt verka tilbake til målrørsla, som eit ideologisk utgangspunkt mellom anna imot samnorsk-politikken (jf. Hanto 1986:37f.).

Garborg markerte seg som ingen ord-purist. Det som karakteriserte eit språk var, slik Garborg (1877:36) såg det, ikkje ordforrådet; det var i staden “det Idiomatiske, Lydbygningen, Klangfarven, Maaden at konstruere Ordene (og Talen) paa”, dvs. fraseologi, fonologi, intonasjon, syntaks og morfologi. (Det er derimot uklårt om Garborg med “Maaden at konstruere Ordene [...] paa” meinte norske ordlagingsformer i høve til t.d. danske og nedertyske affiks.)Kritikken av ord-purismen må sjåast i samanheng med at det ved dette høvet var fornorskingslina han kritiserte. Garborg gjentok denne kritikken i *Vor Sprogudvikling* frå 1897 (Garborg 1897:29). (I eiga skriftverksemd gjekk Garborg ikkje utanom det puristiske ordidealet.)

Eit anna trekk ved Garborgs målsyn var det negative synet på bymåla. Bygdemåla var norske, medan bymåla, særleg på Austlandet, var framande. Garborg (1877:58) delte bymåla i to. Det høgare talemålet var eit verkeleg språk, men prega av dansk språkånd. Det lågare talemålet var derimot ikkje noko språk, men eit “Surrogat” (s. 59) som var proletarisert: “Det lavere Sprog er derimod her geraadet i denne ophakkede og sammenrodede Blandingstilstand, som er karakteristisk for Proletariatmaalet.” (s. 58.) Garborg meinte at “Proletariatmaalet” var meir mottakeleg for framande innslag, for det mangla den einskapen som landsmålet hadde:

Det har ingen Fasted, ingen Klassicitet, intet eget Indhold; det laaner sig frem i Øst og Vest, rapser til sig alskens usammenhængende, ofte misforstaaede og forfuskede Brokker fra hvilkensomhelst af de Kilder, som tilfældigvis ligger det nærmest, uden at have noget selvstændigt Karakterpræg eller en “Aand”, der kunde sammensmelte og sammenarbeide de brogede Bestanddele til en gennemført Enhed. (S. 59.)

Dei negative karakteristikkane av proletariatmålet kan forståast ut frå den polemiske konteksten Garborg skreiv i. Han var dessutan oppteken av landsmålsbrukarane, og det språkpresset som låg til grunn når bygdefolk la om til talen etter byfolk; han skreiv i 1897 at bygdefolket “knoter” (Garborg 1897:23). Samstundes såg det ut som om han hadde ei generelt negativ haldning til bymålet, og den effekten det hadde på bygdedialektane; det kom òg fram i 1897: “Byene udtørrer Bygdemaalene omkring sig, forvandler dem til Vulgærprog [...] (sst.). Derfor var òg målet kring byane tarvelege og prega av ein “Raahed” (sst.). For Garborg var det folkelege bymålet eit prov på tonasjonslæra hans; dansk og norsk representerte to nasjonar og to språk, og

det ville vere ein undergang om desse vart blanda. Målrørsla kom aldri til å satse på byane, og har generelt vore skeptisk til bymåla. Kva rolle Garborg spelar i den samanheng, er vanskeleg å seie; i alle fall har han truleg forsterka dei negative haldningane til bymåla.¹⁹⁶

I perioden frå 1901 til 1950 vart nynorsken utbygd gjennom fleire ordlister, grammatikkar, litteratur og omsetjingar av viktige verk, og normalen vart meir ein-skapleg. Det skjedde fleire rettskrivingsendringar (1917 og 1938), men her stod striden ikkje om ord-purismen: Det var grammatiske og ortografiske kategoriar ein kivast om (t.d. “i-målet” vs. “a-målet”).

Motstanden imot formene som vart innførde i 1917 og 1938 vert vanlegvis ikkje omtala som ‘purisme’. Resonnementet er då at det ikkje er tale om “framande” former; dei er tufta på “norsk folkemåls grunn”, finst i norske dialektar og har historisk grunnlag i norsk. Frå denne synsvinkelen er det meir tale om ei utviding av normeringsgrunnlaget for nynorsken (gjennom opning mot nye dialektar) enn om innslepp av framande former. Det resonnementet kan problematiserast. Ein kan tenkje seg at landsmålet/nynorsken og dansknorsken/bokmålet er to ulike språk, og at tilnærminga mellom språka fører til samanblanding mellom norsk og dansk. I så måte kan motstanden sjåast på som utslag av morfologisk og ortografisk purisme. Gustav Indrebø ([1937] 1976:120) meinte t.d. at i-målet og vokaltreklang var av dei viktigaste skiljemerka mellom norsk og dansk, og at dei føreslegne rettskrivingsendringane ville veikje “serhåtten” og skiple den indre samanhengen i nynorsken. Indrebø såg likevel ikkje sjølv på sitt rettskrivingsstandpunkt som purisme; for honom var det tale om ein strid der det eine målet kom til å vinne over det andre.

Vi merker oss at purismen ikkje vart gjennomført konsekvent i skrift: Oddvar Nes (1984) har gått gjennom dei viktigaste ordlistene frå perioden, og dokumenterer ei rad ord med prefiksa *an-*, *be-*, *bi-* og *-er*, og med affiksa *-heit* og *-else*. Nes viser òg til bruk av slike affiks i bladet *Dag* (perioden 1885–90) og hos fleire nynorske forfattarar (s. 32–33). Derimot kom fagbøker til å utprege seg med ein nokså puristisk ordbruk (sst.). Det same gjorde *Syn og Segn*, som var eit viktig førebilete for nynorsk sakprosa, og som frå 1908–60 var redigert av puristen Olav Midttun. Det er særleg i perioden etter 1938-rettskrivinga at trengselstida for dei “ureine” affiksa kom, skriv Nes (s. 27).

Purismen imot anbeheitelse-ord har òg vore grunngitt med stil og syntaks og med målet om å unngå “substantivsjuke” (jf. Lars S. Vikør som i artikkelen “I staden for –heit” [1990] har teke føre seg den syntaktiske purismen i nynorsktradisjonen). På det

¹⁹⁶ Grunnane til at målfolket var skeptisk til bymåla, er komplekse: Målrørsla var ei bygderørsla, dei fleste budde på bygdene og tala bygdedialektar kring 1900, bygdedialektane hadde ikkje så høg status, og det var viktig for målfolket å arbeide for nettopp bygdedialektar og landsmålet.

grunnlaget har det vore formulert ulike omskrivingsstrategiar. Nikolaus Gjelsvik (1866–1938) spela her ei viktig rolle, fyrst og fremst gjennom arbeidet med å forenkle rettspråket. Gjelsvik var oppteken av at ein skulle frigjere seg frå det latinske og tyske stilidealet, og framstillinga hans i boka *Von og veg* (1938) har verka som førebilete, t.d. for Magne Rommetveit med avløyсарordboka *Med andre ord* (1993:6).

Tendensen til purisme imot *internasjonalismar* vart svekt i tida etter 1900; det galdt både blant nynorskpuristane og innanfor den dansk-norske leiren (jf. Gerdener 1986:107f.; 116; Omdal og Vikør 1996:126). Gustav Indrebø meinte i 1930 at det var dei tyske og ikkje dei “internasjonale ordi” som var problemet:

Frå norsk synsstad fell framandordi i tvo flokkar. Det er germanismane, anten dei no kjem beinveges, eller yver dansk og norsk dansk. Og so er det dei røynelege internasjonale ordi, som for det meste er frå klassiske mål eller av germansk rot. Det fyrste slaget, dei tyske lånordi, og ikkje mindre dei tyske ordlagingselementi, er nynorsken sterkt imot. [...] Dei tyske ordi og ordlagi, når dei slepp til, trengjer til side nasjonale ord og vendingar og set stengje for den rike oppkoma med målande og hendige ordlag or folkemålet. [...]

Men med omsyn til dette slag framandord [dvs. internasjonale ord] kann me ikkje segja at målstrævarane i det store og heile er serskilt puristiske. Det ser ein snøgt dersom ein tek og les nokre avisor eller nokre faglege og vitskaplege utgreidingar på nynorsk. Den ålmennaste synsmåten, skulde eg tru, er at ein fær stå heller fritt til dei internasjonale ordi, og bruket fær retta seg etter stilen og emnet, og etter det publikum ein talar til. (Indrebø 1930:26–27.)

Slik Indrebø såg det, kunne dei internasjonale orda verke positivt på nynorsken:

Men dei internasjonale ordi gjev eit slag vidare samband, og hev stempel og innhald frå ein større kulturkrins. Difor kann dei vera gode å ha, og difor brukar nynorsken deim med same rett som andre mål, – og han hev ikkje nokon serskild skyldnad til å greida seg deim forutan. (S. 27.)

Liknande resonnement kom Matias Skard med i føreordet til *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad* (1912). Landsmålet hadde like stor rett som andre til å nytte internasjonale kulturord. Verre var det med dei danske og tyske orda; dei opna ikkje noka dør lenger ut i kulturlivet enn til Danmark. Også Gerdener (1986:42) legg vekt på at tendensen i nynorsknormeringa har vore å sjå på internasjonalar som noko posisitivt. Det var dansken og bokmålet som var problemet.

(For normeringa av ordtilfanget etter 1945, særleg med omsyn til “anbeheitelse”-ord, sjå kap. 8.5.1.)

8.3.2.4 Folkemålsradikalisme

Olaus Fjørtoft (1847–78) – anarkist, aktivist og redaktør – representerte eit brot med Aasen-normalen *innanfor* nynorskleiren. Fjørtoft var for det fyrste ortofonist, og

meinte at talemålet i alle samanhengar var det primære. Derneft var han reint synkront orientert, og ikkje oppteken av dei historiske formene Aasen brukte. For det tredje ville Fjørtoft trekkje inn bymålsformer; han meinte at bymåla var like gode og norske som bygdemåla. Og medan Aasen meinte at strukturen i landsmålet i hovudsak var klårgjord, meinte Fjørtoft at der framleis var rom for eksperiment.

Ut frå eit slikt radikalt målsyn er det nærliggjande å tenkje seg at Fjørtoft var ein konsekvent anti-purist. Men det var han ikkje. I hovudsak stod han bak den purismen som hadde etablert seg imot danske og nedertyske ord. Derimot hadde han eit anna syn på korleis ein skulle gå fram for å avløyse orda.

Den anti-danske tendensen ser vi når Fjørtoft agiterer. I “Nokre Or te Bondevenne og Maalmenn” frå 1871 avslutta han med slagordet “*Snakk Maale ditt Bonde og gj inkje Sonen din Lov te aa danske.*” (Fjørtoft 1971:63.) I fyrste nummeret av *Fram* skreiv han om språkprofilen i til bladet: “For eit e me einige om, og dæ e aa skrive norskt, og bruke berre norske Ord og Ordsjøp og Stil, so gott me kann, og inkje Dansk.” (Fram nr. 1, 1871. Sit. etter Gerdener 1986:69.)

Wilhelm Gerdener (1986:73) har i sin purismestudie analysert språkbruken hos Fjørtoft, og det viser seg at det fyrst og fremst var i ortografi og morfologi at Fjørtoft og Aasen skilde lag. Når det gjeld ordforrådet, fylgde han i hovudsak det puristiske idealet. Det største brotet galdt bruken av suffikset *-heit* (sst.). Men også her kan ein i fylgje Gerdener finne ein del avløysarord. For internasjonalismar freista Fjørtoft å finne ein del avløysarord, eller han tilpassa dei til norsk skrivemåte. Der er òg ein tydeleg syntaktisk purisme hos Fjørtoft; han var oppteken av å bruke ein talemålsnær syntaks, og kome vekk frå den danske stilen (sst.). Det kjem òg til uttrykk i det vidgjetne åtaket på bergensmålmennene; dei hadde ein syntaks og stil som “e verre hell dæ hadde vore skrive ta den argaste Tysk” (i “Nokre Or te Bondevenene og Maalmenn”, Fjørtoft 1971:87).

Purismen imot dansk og tysk vil likevel ikkje seie at resultatet vart det same som i målreisingspurismen. Fjørtoft åtvare imot “kunstige” ordlagingar som visse målfolk hadde stått for – “som å kvessa Tjodskapshugen’ og ‘Stjorni’ og ‘gamle Bjørgvin’ og mykje anna rart” (s. 90).

Skepsisen Fjørtoft hadde til arkaismar finn vi også seinare att i purisme-kritikken internt i målrørsla. Eit døme på det er når Lars S. Vikør talar om “nynorske kunstord” (1980:63), og at “den nynorske intelligentsiaen” skaper ein omvendt purisme, imot folkelege ord og er i ferd med å gjere nynorsken til “eit kulturelt nytingsmiddel for ein elite” (s. 67). Helge Sandøy (1998:63) har brukt nemninga “avstandsnynorsk” om det han meiner er nynorske “symbolord”; desse gir status i målrørsla, men skaper avstand til folk utanfrå, meiner Sandøy.

Der er ingen som har fylgd opp alle synsmåtane Fjørtoft kom med, men vi kan finne modifiserte trekk frå honom mellom anna hos Halvdan Koht. I artikkelen “Arbeidarreising og målreising” (1921) gjorde Koht ei koplinga mellom bondemål på bygdene og arbeidarmål i byane som svara til dei tankane Fjørtoft hadde kome med; det same gjorde den noko sterkare vektlegginga av talemålet og av ortofoni. Koht stod derimot langt frå valfridomsprinsippet, og var også meir diakront orientert (jf. Hanto 1986:53f.) På 1970-talet fekk Fjørtofts tankar ny aktualitet i samband med dialektreisinga; han inspirerte fleire av dei unge ideologane i målrørsla (jf. Hanto 1986:88, Sandøy 1976:44). Også i argumentasjonen for valfridom er der parallellar til Fjørtoft (jf. argumentasjonen hos Sandøy 1995:17).

8.3.2.5 Fornorskingspurismen

Den fjerde normeringsstrategien er fornorsking. Det er særleg Knud Knudsen som representerer denne strategien, og han kombinerte rettskrivingspragmatisme med ekstrem ordpurisme.

Knud Knudsen og Ole Vig

Fram til 1858 var ikkje skilnaden mellom målfolk og fornorskarar oppfatta som særleg vesentleg. Grensa gjekk mellom dei som ville endre på språksituasjonen (t.d. Henrik Wergeland, Ivar Aasen, Knud Knudsen, Ole Vig) og dei som ikkje ville det (t.d. P. A. Munch). Knud Knudsen (1812–95) skreiv sjølv i programartikkelen “Om Norskhed i vor Tale og Skrift” at det var dei *framande* innsloga og ikkje Aasen som var fienden:

Disse to Veje til et virkelig norsk Sprog er forresten kun forskjellige, hvad Udgangspunktet og den første Strækning angaar; siden løber de uidentivl sammen. [...] Det ene Parti søger at skabe norsk Sprog og Litteratur paa én Gang, det andet udsondrer efterhaanden, Stykke for Stykke, det spesielt Danske af Fællessproget saa længe, til de fremmede Elementer i dette er fjernede og indenlandske optagne i Stedet. Derfor bør begge Partiers Bestræbelser kun bekjæmpe det Fremmede, den fælles Fiende, og ikke hinanden indbyrdes. (Knudsen 1850:272.)

I 1858 vart motsetnadene mellom målfolk og fornorskarar formulerte tydelegare, og utover på 1860-talet kom der ei yttarlegare markering av skiljeliner.¹⁹⁷

Fornorskingspurismen var i hovudsak retta imot to aspekt: leksikonet og ortografien.

¹⁹⁷ I 1858 kom Ivar Aasen med omsetjinga av “Frithjofs Saga” til landsmål (prenta i *Folkevennen*), Vinje sette i gang bladet *Dølen* og Jan Prahl kom med *Ny Hungrvekja*. Desse tiltaka vekte sterk merksemd i den vesle norske ålmenta. No vart landsmålet ein faktisk trugsel.

Fokus på leksikalsk fornorsking finn vi alt hos Henrik Wergeland, men hos honom er det stilistisk fornying og forriking av det danske diktarspråket som ligg til grunn. Fyrst med Knud Knudsen kjem ei gjennomført puristisk orientering til synes. I høve til leksikalsk purisme er hovudverket den samla utgåva av avløyсарordboka *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* (1881). Omfanget er enormt; på 987 sider er der sett opp ei rad med framandord og framlegg til avløyсарar for desse. Der er flest ord av nedertysk avstamming, t.d. *Sprog* > *mål*, *gebærde sig* > *avlage seg*, eller franske, t.d. *Gelé* > *gyle*, *charmere* > *for-gjære*. Knudsen rettar purismen eigentleg imot alle språk, særleg latin, men også engelsk, t.d. *Sport* > *idræt(ter)*, *Træn (train)* > *færd*. Knudsen tilbakeviser kritikk frå dei som meiner “at K. har laget ord for alle de fremmedord, som han ej har kunnet avløse med gamle, hjemlede ord fra danknorsken eller fra folke-målet.” (s. XIII.) Sjølv hevdar han at det i hovudsak er eksisterande former han har brukt:

Men min ordbok tar bare de ord med, som den ser sig istand til at avløse ved hjælp av det ordforråd, som allerede er givet, er tilstede i våre bøker eller i alle fal i lyd-målet, i talen. Foreslår den hist og her en eller annen nydannelse [...] så er dette undta'k [...] (Sst.)

Knudsen tek òg avstand frå danske H. P. Selmer for å ha skapt eit dårleg rykte for språkrensing: Selmer brukte ord av “ubekvem Materie” utan å granske kva ord ein hadde frå før av, og var dessutan for tyskpåverka (s. XXXII). Knudsen kom derimot ikkje sjølv med prinsipielle drøftingar av korleis ordlaging skulle gå føre seg, slik t.d. Ivar Aasen gjorde. I tilvisingane til kjelder og heimelsmenn var han omtrentleg.¹⁹⁸

Ein grunnidé i fornorskingsprogrammet galdt ortografisk tilpassing. Alt i “Om Lydene, Lydtegnene og Retskrivningen i det norske Sprog” (1845) og “Om Norskhed i vor Tale og Skrift” (1850) var Knud Knudsen oppteken av at framandord skulle skrivast etter norske uttalereglar, dvs. “efter den almindeligste Udtale af Ordene i de Dannedes Mund” (Knudsen 1845). Eit visst gjennomslag kom i 1862 med departementsvedtaket om å fornorske skrivemåten av ein del framandord (jf. kap. 8.5.2) (I tillegg var der ortofoniseringar av ein del heimlege ord gjennom bortfall av stum *e* [*troe* > *tro*] og av fordobling av *e*, *i* og *u* for å markere stavingslengd.)

I spørsmålet om ortografisk tilpassing ser vi ei puristisk line i norsk normering som har utgangspunkt i fornorskingstanken og Knud Knudsen.

Ut på 1850-talet fekk Knudsen ein sterk posisjon i lærarkrinsar, ikkje minst gjennom samarbeidet med *Ole Vig* (1824–1857) som var redaktør for *Folkevennen* (frå

¹⁹⁸ For manglande kjeldeopplysningar viser Knudsen til eit “uheld”, til papir som vart borte hos ein medarbeidar (s. XXX), og at “nøkkel” til hans “hukommelse” ikkje alltid er til stades (sst., s. XXXII).

1850) og saman med Knudsen utgivar *Den norske Folkeskole*, tidsskrift for den nye lærarstanden og for grundtvigiansk reformarbeid i skuleverket. Folkeopplysaren Vig var oppteken av at språket ikkje skulle stå i vegen for kunnskapstileigning, og skreiv fleire artiklar om bruk av framandord; han laga jamvel ei lengre liste med avløyserord, “Opskrift over Ord som kan indføres i Skriftsproget”, prenta i *Den norske Folkeskole* i 1855–66 (Høverstad 1953:252f., Hoel 1996:150). Vig retta skytset imot både latinske, tyske, franske og danske ord:

Sproget skjæmmes ud, og Folket ligeså, ved denne evige Indførsel af vildtfremmedt Sprogods. [...] Vi vil da ikke længer blive Norske, ja, ikke engang Danske eller Svenske; vi vil blive et forunderligt Abekattefolk, der ser ud som en Blanding af Norsk, Dansk, Tysk, Engelsk, Hollandsk, Fransk, Italiensk, Latin og Græsk. Thi eftersom Sproget forfalskes og forfuskes, forfalskes også Folket selv.¹⁹⁹

Ut frå denne koplinga mellom folkekarakter og språkpåverknad oppmoda Vig til puristisk aktivitet:

Jeg vilde derfor lægge Enhver på Hjærte at modarbeide denne Fordærvsens Strøm som truer med at overvælde os. Ligefta Præster og andre Embedsmænd, fra Lærere ved de lærde Skoler og ned til Amueskolemesterne [sic] ja ned til Bønderne selv, bør Enhver på alle mulige Måder opmande sig mod Uvæsenet. (Sst.)

I *Christiania-Posten* hadde Vig i 1856 ein artikkel med den talande tittelen “Korstog mod unødige fremmede Ord i Bøger og Blade”.²⁰⁰ Vig gjekk òg til åtak imot unorsk stil og syntaks, som gjorde språket vanskeleg å forstå: Det galdt mellom anna lange, innfløkte periodar, latinsk ordstilling og partisippformer, abstrakte substantiv, tyske og danske ord, tyske prefiks som *an-*, *be-*, *for-* og *af-* og framande ordtak (Høverstad 1953:267).²⁰¹

Utviklinga seinare

På 1850-talet hadde fornorskingslina ein sterk posisjon i lærarmiljø og grundtvigianske miljø. På 1860-talet og utover vart posisjonen svekt; målsaka fekk meir støtte (Hoel 1996:375, 399). Her kan det spele ei viss rolle at Ole Vig døydde så tidleg. Men òg koplinga mellom Knudsens program og skandinavismen spelar truleg inn, for der var dårleg grobotn for skandinavistiske tankar i norsklyndte miljø (jf. sst.). Fyrst på slutten

¹⁹⁹ Sit. etter Høverstad 1953:252–253. Opphavleg prenta i note på s. 403–404 i *Folkevennen* b. 5 (1856).

²⁰⁰ *Christiania-Posten* 1856 nr. 2827, 2831, 2834, 2841, 2848, jf. Høverstad 1953:266.

²⁰¹ Hoel (1996:152f.) har granska språkbruken til Knudsen og Vig, og viser at Vig generelt gjekk lenger både i ortografisk tilpassing og i bruk av særnorske ord.

av 1800-talet fekk Knudsens program ny gjennomslagskraft. Hjalmar Falk skriv i føreordet til boka *Sprogets visne blomster* (1895) om inspirasjonen frå Knudsen:

Den bevægelse i retning af sprogens rensning hvis fornemste talsmand hos os er hr. overlærer K. Knudsen, har i den sidste tid tat ny fart. En ny skare af forfattere og skolemænd bestræber sig nu for at skrive vort sprog saa norsk som muligt. (Falk 1895:Forord.)

Tilvisinga til Knudsen er interessant, av di Falk elles i boka ikkje er så oppteken av å åtvare imot framandord. Knudsen fungerer her tydelegvis som aktualisering og legitimering. Det seier indirekte at Knudsen og hans purisme hadde fått ein viss posisjon.

I fornorskingstradisjonen er det særleg dei pedagogiske og nasjonale aspekta som har vore viktige. Den retoriske puritas-tradisjonen ser vi mindre til: Knudsen var sjølv svært kritisk til vektlegginga av klassiske fag i det høgare skuleverket, jf. boka *Latinskole uten latin* (1884). Knudsen var òg med i komitéen som førebudde lova av 1896 om høgare skular der nasjonalspråket vart oppvurdert i høve til latin.

Kvifor vann så den ekstreme ordpurismen til Knudsen aldri fram i bokmålsnormeringa?

Ei viktig årsak ligg truleg i det rettskrivingsprogrammet Knudsen stod for. Knudsen representerte ei pragmatiske line. I motsetnad til Aasen gjekk ikkje Knudsen språkvitskapleg og empirisk til verks for å definere ein klår struktur for skriftspråket. Knudsen ville heller fylgje den språkutviklinga som skjedde innanfor “dannet dagligtale” eller *Den landsgyldige norske uttale* som òg var tittelen på ei bok han kom med i 1876. Sidan Knudsen ikkje sette opp eit fast system for korleis denne talemålsvarieteteten skulle verke på normeringa, vart rettskrivingsframlegget opnare enn det Aasen stod for. Torp og Vikør (1993:189) ser på valet av “dannet dagligtale” som uttrykk for taktikk: “han var reformist både politisk og sosialt, og trudde ikkje på noka språksosial omvelting”. Gjennom ei rad bøker og artiklar argumenterte òg Knudsen for gradvise reformar og imot bråhast (jf. Knudsen 1845, 1878). På denne måten var han med på å rydde grunnen for ei meir pragmatisk haldning til språkspørsmålet. Nettopp derfor verkar det paradoksalt om han samtidig skulle få gjennomslag for noko som gjekk i motsett lei – ein ekstrem ordpurisme. (At Knudsen sjølv ikkje såg nokon motsetnad, er ei heilt anna sak.)

8.3.2.6 Tilnærmingslina

Den femte strategien går ut på å bringe dei to skriftspråka nærmare kvarandre, for å få eitt felles norsk skriftspråk. Når Moltke Moe i artikkelen “Nationalitet og kultur”

(1907) drøftar tilnærmingstanken, talar han om “blodblending”, “både-og”, “sammenflyting” etc. Det er likevel ikkje denne blandingsmetaforen som har dominert; i staden er uttrykket “samling” meir brukt. Oppfatninga har vore at nynorsken og bokmålet ikkje representerer ulike språk, men er mellombelse former av norsk. Fyrst når norsken er “samla”, har ein oppnådd det ein vil (jf. namnet på samnorsk-organisasjonen *Landslaget for språklig samling*).

Dersom vi tenkjer oss ei reinleiksoppfatning basert på tanken om den samla norsken, finn vi visse utskiljingsmekanismer. Dei gjeld utestenginga av konservative eller tradisjonelle former i dei to målformene, t.d. riksmålsformer i offisiell rettskriving for bokmål. Etter 1938-rettskrivinga vart former som *solen*, *boken*, *jorden* haldne ute, jamvel om dei var frekvente i aviser og litteratur. Innanfor tilnærmingslina finn vi òg ynsket om å halde ute former som stikk seg ut. Eit interessant vedtak for NRK vart t.d. gjort av Stortinget i 1934:

Norsk Rikskringkasting bør styres slik at målstriden ikke blir kvesst til i utrensmål. Derfor bør det mest mulig bli brukt ord og former som enten er like eller ligger hverandre nær i de to målfører [sic]. (Sit. etter Dahl 1975:362–363.)

I dette vedtaket om talemålsnormering finn vi ei anna forståing av samnorsk enn den som Halvdan Koht tidlegare hadde forfekta. Medan det hos Koht låg eit sterkt element av klassekamp i å få oppvurdert “underklassemåla i byane” (Koht 1921:37), var det for den som stod bak stortingsframlegget i 1934, Jens Hundseid (medlem av riksprogramrådet), tilnærminga i seg sjølv som var målet (jf. Dahl 1975:362).

I mandatet for rettskrivingsnemnda frå 1934 heitte det at “framandord må skrivast likt på bae måli” (Sandøy 1997:33). Når tilnærmingstilhengjarane i hovudsak har støtta opp om norvagiseringar og den ortografiske og morfologiske purismen (jf. s. 34), kan målet om felles skrivemåte ha spela ei viss rolle. Det kan òg henge saman med ei meir positiv haldning til offentleg språknormering generelt.

8.3.2.7 Tendensane i normeringsstrategiane

I dei fem normeringsstrategiane frå 1800-talet finn vi puristiske trekk. Fleire av trekka er felles for fleire av strategiane, det gjeld t.d. markeringa overfor danske former. Derimot er intensiteten i denne markeringa ulik, likeins er framlegga til løysingar stundom ulike. Der er òg puristiske trekk som er unike for kvar einskild strategi:

1. Rein dansk-purismen er dels retta imot svenske innslag og dels imot norske barbarismar.

2. Den dansknorske språkkonservatismen har også markeringar imot barbarismar, i tillegg til markering imot landsmålet/nynorsken. Derimot er der ikkje like stor motstand imot framandord, verken imot internasjonalar eller imot nedertyske nemningar.

3. Målreisingspurismen er klårt fokusert på nedertyske og danske ordlagings-element. Eit slikt fokus heng saman med utgangspunktet for landsmålet: den språklege emansipasjonen frå dansk. Såleis har ein vore lite puristisk imot internasjonalar.

4. Folkemålsradikalismen er prega av anti-puristiske argument, men i utgangspunktet fylgde foregangsmannen Olaus Fjørtoft i stor grad dei puristiske ideala hos målfolket. Fjørtoft var derimot imot arkaiske avløyasarord.

5. Fornorskingpurismen etter Knud Knudsen er retta mot leksikalske lån frå dei fleste ikkje-nordiske språka. Denne leksikalske purismen har derimot ikkje slege gjennom i ettertid. Den sterkaste puristiske arven frå fornorskingsstrategien er i staden den ortografiske purismen.

6. Tilnæringslina har ikkje den sterke puristiske argumentasjonen imot “språk-blanding”, men viser puristiske trekk ved å vilje skilje ut dei mest avstikkande formene frå samnorsken. Lina står saman med fornorskingslina i synet på ortografiske tilpassingar.

Det er verdt å understreke at desse fem strategiane representerer ideal-typar. Ser ein på den reelle utviklinga av skriftspråka, kan ein hevde at bokmålet i dag er eit resultat av at ein har kombinert ulike prinsipp som fornorsking, generell språkkonservatisme og tilnærming, på same måten som nynorsken kan seiast å vere basert på ein kombinasjon av målreising, folkemålsradikalisme og tilnæringsstrategien.

I høve til nasjonalismen er dei ulike normeringsstrategiane interessante, og her kan Øystein Sørensen (1998) sin nasjonalismetypologi vere til hjelp. Sørensen har skilt mellom tretten ulike program for nasjonalisme i Noreg, og han ser på norsk nasjonalisme som samansett av fleire av desse programma. Dersom vi vurderer dei ulike puristiske strategiane i høve til nasjonalismeprogramma, kan vi få ei slik opp-listing over moglege parallellar og relasjonar:

1. Det patriotiske prosjektet før 1814: Rein dansk.
2. 1814-prosjektet: Rein dansk, språkkonservatisme, målreising.
3. Intelligensens moderniseringsprosjekt: Rein dansk, språkkonservatisme.
4. Henrik Wergelands nasjonale visjon: Fornorsking.
5. Nasjonalromantikken: Alle strategiane.
6. Venstres nasjonaldemokratiske prosjekt: Målreising, fornorsking,

tilnærming.

7. Norskdomsrørslas radikalisererte kulturnasjonalisme: Målreising.
8. Det neo-elitistiske prosjektet frå rundt hundreårsskiftet: Rein dansk, språkkonservatisme.
9. Skandinavisme: Språkkonservatisme, rein dansk, fornorsking.
10. Pangermanisme: Rein dansk, språkkonservatisme.
11. Reaksjonær agrarnasjonalisme: Ingen av strategiane?
12. Nasjonal samling: Ingen av strategiane? (Eventuelt ei modifisert form for tilnærming gjennom NS-normalen for bokmål av 1942, jf. Tjelle 1994:132.)
13. Fellesprogrammet av 1945: Tilnærming.

8.3.3 Skandinavismen

Då skandinavismen stod som sterkast i Danmark og Sverige på midten av 1800-talet, var den allmennpolitiske og språkpolitiske konteksten noko annleis i Noreg. Ein var i ferd med å løyse seg frå dansk språkvelde, og hadde markeringstrong overfor unionspartnaren Sverige (jf. Thorkildsen 1994). Politikarar uttrykte generelt sterk skepsis til alle former for nordisk samarbeid (jf. Hansen 1994:12, 19). Såleis kom skandinavismen til å spele ei perifer rolle.²⁰²

I Noreg var den fremste skandinavisten Knud Knudsen. I avhandlinga *Om tilnærming mellom Norsk, Dansk og Svensk* frå 1866 formulerte han ein framgangsmåte for rettskrivingssamarbeid, særleg i ortografien.²⁰³ Knudsen deltok dessutan på skandinavismetøtet i 1869. Også i ordforrådet viste Knudsen skandinavistiske tendensar: I føreordet til *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* argumenterte han for å låne frå dei skandinaviske grannespråka, og viste til at ein i dansk språkrensing på 1800-talet orienterte ein seg i retning det fellesnordiske språkgodset i staden for det tyske: “[...] og med den følge, at dog en del av gælden til tyskerne er kvittet i løpet av denne siste menneske-alder.” (Knudsen 1881:XXVI.)

Også Bjørnstjerne Bjørnson engasjerte seg som deltakar på skandinavismetøtet i 1869, og nytta høvet til å kome med harde åtak på målfolket for “norskseparatisme” (Skard 1980:163, jf. Sørensen 1997:44–45). At målfolket var mindre interessert i eit skandinavistisk samarbeid, må forståast på bakgrunn av at landsmålet hadde oppstått i opposisjon til dansken, og var i ein oppbyggingsfase.

²⁰² Derimot kom det, som i dei andre skandinaviske landa, i gang eit sterkare nordisk samarbeid “nedanfrå”, gjennom organisasjonssamarbeid, lærarsamarbeid etc., og seinare mellom anna gjennom Foreningen Norden, skipa 1919.

²⁰³ At Knudsens skandinavistiske engasjement truleg verka til å minske støtta for fornorskingsprosjektet hans ein periode, seier noko om klimaet for skandinavisme i Noreg (jf. Hoel 1996:395f., 399).

Ei retning som er i slekt med skandinavismen, er pangermanismen. Som Øystein Sørensen (1997:126) viser, var Bjørnson prega av pangermanistiske sympatiar, men den som kanskje sterkast målbar eit pangermanistisk program, var truleg P. A. Munch (jf. Sørensen 2000:296). I fleire artiklar, t.d. “Om Skandinavismen” (1849), kom Munch med tankar om stammefellesskap og språkslektskap mellom dei germanske folka. Danmark vart sambandsledd mellom Norden og Tyskland, og eit tettare samband mellom Tyskland og Norden (til dels også Storbritannia og USA) var ein måte å møte trugselen frå “Østens despoti”, panslavismen (sst.).²⁰⁴ Ut frå denne ideologien er det lettare å forstå at Munch (til liks med Bjørnson) ikkje stødde purismen imot tysk.

8.3.4 Purisme imot finsk og samisk

Som i Sverige har det i Noreg vore ført ein assimileringsspolitikk overfor finstalande og samisktalande i nord. I denne samanhengen har det òg kome til uttrykk ein purisme som har vore med på å undertrykkje innslag frå finsk og samisk.

Denne purismen har ikkje kome i form av rettskrivingsreglar eller statlege direktiv. I offisiell språkpolitikk var ein meir oppteken av å *avløyse* samisk og kvensk med norsk. (I skuleverket vart det, særleg frå 1880-talet av, sett i gang eit nokså intensivt fornorskingsstrev der ein ville få samiske og kvenske born til å lære norsk, og ikkje bruke samisk og kvensk på skulen [jf. Dahl 1957:241].) Purismen har i staden vore meir løynd, og kome til uttrykk på lokalplanet, dvs. i språkkontaktområda i Nord-Troms og Finnmark. Det er ikkje gjort systematiske granskningar av språkhaldningar i denne samanhengen, men fleire indisium peikar i ei slik retning:

Døme på folkeleg purisme er dei mange vitsane om den særmerkte norsken som er nytta i språkkontaktområda.²⁰⁵ Vitsinga kjem fram i skjemteviser, litteratur og revy-innslag:²⁰⁶

Latterleggjering av slikt talemål [med innslag av samisk og kvensk] har vore vanleg og er det nok enno. Slik latterleggjering er godt belagt i litteraturen. Som døme kan nemnast skjemedikta “Frieri” og “Samling” av Cornelius Moe. Dei har noko av det

²⁰⁴ Den pangermanske kultur- og språkideologien finn vi hos fleire i den akademiske eliten i Europa på midten av 1800-talet; i Danmark var H.C. Ørsted påverka av slike tankar kring 1814 (jf. Nielsen 1944:11).

²⁰⁵ Éin viktig føresetnad for ein slik purisme er medvitet om at det finst særmerkte innslag i dei norske dialektane som kan karakteriserast som samiske eller kvenske, og at desse innslaga har ein språkkulturell verdi. Irene Andreassen (1992:40 og 1994:140f.) viser til korleis kvenske frasar (i eit område der ein har gått over frå kvensk til norsk) vert nytta i visse situasjonar som ei “etnisk markering”. Tove Bull (1994) har på si side kalla dialekten til dei eldre på Furufleten i Lyngen (ein dialekt som har fleire kvenske innslag) for “etnolekt”.

²⁰⁶ Opplysningane om herming, revyinnslag og kassettopptak er komne munnleg frå amanuensis Aud-Kirsti Pedersen (Nordisk institutt, Universitetet i Tromsø) og stipendiat Hilde Nilsen (Nordisk institutt, Universitetet i Tromsø) 30. september 2000. Jf. òg e-post frå Hilde Nilsen 26. september 2000: “Purismen har kome til uttrykk gjennom at folk måtte lære betre norsk for å kome seg opp og fram her i livet, og særleg gjennom vitsar.”

same i seg som historiene om “Birko-Jonte” og “Rikemann og Klasarus” i *Vett og uvett*. I romanen *Saltbingen* av Frank A. Jenssen finn ein mange døme på korleis nordmenn hermar og harselerer med språkbruken til tysfjordsamane. Fleip med “samenorsk” har vore faste innslag i revyane på kysten av Finnmarka og er det truleg framleis. (Pedersen 2000:1.)

Revy-opptak med herming av norsk med kvenske og samiske innslag er jamvel spela i NRK-lokalradioen i Finnmark.²⁰⁷ Det tyder på at latterleggjeringa av kvenske og samiske innslag er nokså allment akseptert.

Eivind Bråstad Jensen er i artikkelen “Fra fornorskningsspolitikk til kulturelt mangfold” (1991:48-49) inne på normpresset i skulen om å leggje av seg samiske og kvenske innslag. Tove Bull (1994) viser til ei historie om korleis ein flink skuleelev, “han Anders”, vart formana om å lære betre norsk: Skulle han opp og fram her i livet, måtte han tale ein rein norsk. Det eksisterte tydelegvis eit løynd normpress i skuleverket.

Helge Dahl har i doktoravhandlinga *Språkpolitikk og skolestell i Finnmark 1814 til 1905* (1957) vist at språkpolitikken i Finnmark har vore basert på ei spenning mellom ulike omsyn: Ut frå religiøse og pedagogiske omsyn har ein ynskt å gi ei viss opplæring i eller gjennom samisk og kvensk. Ut frå nasjonale omsyn har ein derimot vilja drive konsekvent fornorskning. Frå 1880-åra vann dei nasjonale interessene fram. I 1880 kom der ei skuleordning, “Instrux for Lærerne i de lappiske og kvenske Overgangsdistrikter i Tromsø Stift”, som slo fast at alle samiske og kvenske barn skulle lære å lese, tale og skrive norsk (s. 241). Ordninga med tilleggsopplæring i kvensk og samisk fall vekk. Det vart i instruksjonen også slege fast at det var tale om *norsk* talemål og bokmål (dansk) som skriftspråk:

Undervisningen i Norsk sker saavidt muligt paa Grundlag af det i Distriktet raadende norske Talesprog; ved Siden af at opøves i dette, oplæres Børnene efterhaanden tillige i at forstaa og skriftlig udtrykke sig i det almindelige Bogsprog. (§ 2 i instruksjonen, sit. etter Dahl 1957:242.)

Denne tolkinga står i motstrid til odelstingsvedtaket frå 1878 om at “Undervisningen i Almueskolen bør saavidt muligt meddeles paa Børnenes eget Talemaal”. Her galdt det ei særskild tolking overfor dei samisk- og kvensktalande. (Der var ein viss opposisjon til måten språkfornorskinga gjekk føre seg, særleg frå biskopen [s. 351], men opposisjonen stod ikkje så sterkt.)

²⁰⁷ Jf. sst.

Språkpolitikken i dei kvenske og samiske områda heng saman med ein meir allmenn fornorskingspolitikk som vart sett i verk i siste halvdel av 1800-talet.²⁰⁸ I motsetnad til i Sverige løyste ein derimot ikkje opp assimileringspolitikken i tida etter 1900.²⁰⁹

Der er ikkje registrert åtvaringar imot samiske og kvenske innslag i handbøker, språklege rettleingar etc. utanfor språkkontaktområdet. For dei som vart råka, var likevel purismen reell nok.

8.3.5 Ei kort oppsummering

Vi skal i jamføringskapitlet (kap. 9) gå nærmare inn på norsk purisme i høve til dei overordna hypotesane for studien. Her skal vi ut frå den historiske gjennomgåinga så langt gjere nokre slutningar i høve til dei seks fyrste hypotesane:

1. Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av norsk.

Purismen har for vore til stades ved individueringa og standardiseringa av både dei to norske skriftnormalane.

I målreisingspurismen har ein markert avstand til former ein har oppfatta som danske. Purismen har vore viktig for sjølvforståinga i nynorskleiren og for forståinga av nynorsk som noko anna enn bokmål. Purismen har derimot ikkje vore generell, t.d. har han i liten grad vore retta imot internasjonalismar.

Også innanfor dei ulike strategiane for bokmål finn vi puristiske prosjekt. Knud Knudsen var ein ekstrem ord-purist. Det fekk han ikkje gjennomslag for (jamvel om purismen gav ein viss nasjonal legitimitet til fornorskingsstrevet). Derimot fekk den ortografiske og morfologiske purismen hans ein viss suksess; formell tilpassing av dansk har elles vore eit generelt trekk ved utviklinga av bokmålet.

Det må elles nemnast at tilnærmingspolitikken og vektlegginga av forståeleg språkbruk har vore med på å danne purisme imot “kanselli-stilen” og imot visse ordformer og frasar av dansk-tysk opphav; det gjeld både målformene.

2. Purismen byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk.

Det retoriske puritas-idealet finn vi særleg i argumentasjonen for rein dansk og i den språkkonservative leiren, t.d. i kampen imot språkleg “Raahed”. Vi kan òg lese av retoriske ideal hos dei som meinte at fornorskinga gjekk for langt og hos dei som tykte at tilnærming braut ned dei stilistiske og høgverdige eigenskapane ved riksmålet.

²⁰⁸ Då vart det gitt støtte til nordmenn sørfrå til å busetje seg i område med mange kvenar, ein freista å setje stopp for innvandringa frå Finland, og i 1902 kom der reglar om at ein måtte kunne norsk eller svensk for å kjøpe jord i Finmark (jf. Eriksen og Niemi 1981:69f.). Trugselbiletet kom i fylgje Eriksen og Niemi (1981) frå Finland og Russland; dei ser på politikken overfor minoritetane i nord i samband med tryggingpolitiske omsyn. Politikken heldt fram også etter 1905; i Pasvikdalen skjedde det ei kolonisering så seint som på 1920-talet – for å styrkje den norske delen av folkesetnaden (jf. s. 230).

²⁰⁹ Det ser Eriksen og Niemi (1981:349) i samband med at ein i Noreg stod militært svakare. Fornorskingspolitikken – også den språklege – var særleg effektiv i mellomkrigstida (jf. Dahl 1957).

Ivar Aasen refererte ikkje eksplisitt til klassisk retorikk, men indirekte finn vi fleire spor av mellom anna puritas-idealet.

I Noreg vart den klassiske tradisjonen på 1800-talet kopla til politisk reaksjonære krefter og til embetsmannsstanden. Etter kvart som den gamle eliten tapte meir politisk og institusjonell makt, kom også symbolet for deira kulturelle kapital under åtak. Knud Knudsen uttrykte det i boka *Latinskole uten latin* (1884).

3. Purismen har vore nært knytt til maktutøving i det norske språksamfunnet.

4. Nynorsk språknasjonalisme er utvikla nedanfrå, gjennom folkeleg mobilisering.

Statsbygging og maktutøving framstod som viktige faktorar i purismen imot svensk i tida etter 1814. Ei elitegruppe ville verne om sine interesser overfor svenskspråkege embetsmenn og politisk samansmelting. I tillegg var språket symbol for “Kulturen” og for dei danna overfor resten av folket. Det same galdt for dei språkkonservative. Dette vil ikkje seie at purismen eller språknasjonalismen var reine maktinstrument, men gjennom kampen om det kulturelle hegemoniet var der like fullt ein maktkamp.

Dersom den språkkonservative lina hadde vunne, kunne ein ha fått ein kontinuitet frå den byråkratiske inkorporeringsnasjonalismen som den danske staten hadde stått for. Norsk nasjonalisme (også språknasjonalismen) hadde likevel generelt eit sterkt preg av folkeleg mobilisering med engasjement nedanfrå. Vi finn denne mobiliseringa både i målreisingsstrategien, folkemålsradikalismen og fornorskingsstrategien. Det var her tale om grupper som ikkje hadde funne seg til rette i maktapparatet, og som nytta seg av folkeleg tradisjonsstoff. For skriftspråket er det rett å seie at nynorsken i hovudsak er utvikla “nedanfrå”, av ein folkeleg intelligentsia; bokmålet står derimot i ein mellomposisjon, sidan der er fleire strategiar som har vore viktige for utviklinga.

Fleire nynorskfolk har lagt vekt på forståingsproblem ved framandord. Det same gjorde Ole Vig og Knud Knudsen. Hos dei var det tale om eit pedagogisk demokratiseringsprosjekt basert på ideala i den nye venstrestaten. Det kan òg seiast å vere tilfellet med tilnærminglina, men her vart likevel tanken om generell nasjonal integrasjon gjennom samarbeid det sentrale.

Den lokale purismen imot kvenske og samiske innslag i norsken i Nord-Noreg kan ein sjå på som refleksar av den meir allmenne fornorskingspolitikken.

5. Nasjonalismen er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men nasjonalismen har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka

Alle fem normeringsstrategiane på 1800-talet (rein dansk, dansk-norsk språkkonservatisme, målreising, fornorsking og tilnærming) opererte i realiteten innanfor ei nasjonalistisk forståingsramme, men dei gjorde det på ulike måtar. Hos rein dansk-tilhengjarane var rett nok dei nasjonale argumenta for purisme ikkje så viktige som puritas-ideala, og færre nytta språket som symbol på nasjonen. Vi finn likevel også der tilvisingar til det nasjonale, særleg i opposisjonen til svensk og til framheving av eliten som representant for nasjonen. Også talsmennene for dansk-norsk språkkonservatisme meinte det var innanfor eliten – den danna delen av folket – at nasjonaliteten kunne kome til uttrykk. Dermed meinte dei at deira normeringsprosjekt var meir nasjonalt enn det Ivar Aasen stod for, og såg det som nasjonalt legitimt å halde bygdemålsformer utanfor normalen. I landsmålsrørsla var bygdedialektar og historisk bakgrunn kriterium på kva som var rein norsk. Her finn vi både ein sosialt og

demokratisk motivert språknasjonalisme (det store fleirtalet av nordmenn tala bygdedialektar, og ei historisk tilvising gav prestisje til dei), på same måten som vi finn ei romantisk motivering (bygdefolket vart det "eigentlege" folket, dei reinaste dialektane var dei som stod nærmast gamalnorsk). Hos Knudsen stod dei nasjonal-demokratiske aspekta særleg sentralt; forståing og bruk i danna daglegtale skapte eit nasjonalt normeringsideal. Innanfor tilnærminglina var prosjektet å få til ei språkleg (og nasjonal) samling. Det ureine var yttarleggåande språktrekk i kvar av målformene, og kunne bryte samlingsprosjektet.

6. Utforminga av purismen i norsk er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå

Av puristisk påverknad utanfrå er dei retoriske mønstra frå puritas-idealet til stades. Verdt å merke seg er kor problematisk den nordisk-orienterte språkreinsinga i tidsskriftet *Saga* vart etter 1814. På grunn av dei nye politiske tilhøva kunne ein ikkje lenger så lett nytte dei språklege idealane som var baserte på danske tilhøve. Dansk purisme kom like fullt til å ha ein påverknad utover på 1800-talet, t.d. hos Knud Knudsen som refererte til danskar i argumentasjonen imot leksikalske innslag frå tysk og nedertysk.

Den nynorske purismen viser mange parallellar med tilsvarande målreising i andre språk (færøysk, tsjekkisk, vest-frisisk etc), men det er vanskeleg å finne føredøme for purismen. Islandsk vart t.d. aldri nokon modell.

8.4 Purisme imot engelsk etter 1945

8.4.1 Institusjonsbasert purisme på 1950- og 1960-talet

Vi har i kap. 4.3. og 4.4 vore inne på den sterkare rolla engelske fekk i Noreg, særleg etter 1945. Den historiske, politiske og kulturelle konteksten var som i resten av Norden den allmenne vestorientering. Det er hevda at Noreg var meir vestorientert enn dei andre skandinaviske landa.²¹⁰ Spørsmålet om engelsk språkpåverknad stod derimot ikkje sentralt for normeringsstrategiane i perioden før 1945 (jf. Stene 1945). Det verkar som om stemninga framleis var slik Ivar Aasen formulerte det i *Norsk Grammatik* i 1864:

Engelske Ord kunne ogsaa, paa Grund af Udtalen, være besværlige nok; men heldigvis er dog kun faa af disse, som ere blevne bekjendte her i Landet. (Aasen 1864:376.)

Heller ikkje dei fyrste tiåra etter 1945 stod engelsk i brennpunktet; det var rettskrivinga som språkstriden dreidde seg om, ikkje minst pga. Riksmålsforbundet sine aksjonar imot samnorsk. Likeins var det strid om skulemålet, med skulemålsavrøystingar om bokmål og nynorsk. Språkstridsorganisasjonane på nynorsk- og bokmålssida hadde nok med å kivist med kvarandre.

I Norsk språknemnd tok ein likevel opp spørsmålet om framandspråkleg påverknad, særleg frå engelsk. Einar Lundeby (f. 1914), skripar i Norsk språknemnd, heldt det norske innlegget om korleis ein skulle tilpasse framande ord til norsk skrivemåte under eit nordisk språkmøte i 1955 (prenta i *Nordiske språkspørsmål* [1955]). (Lundeby har gjennom heile etterkrigstida stått sentralt i forskning om og språkpolitikk overfor engelskpåverknad.) Seinare kom Norsk språknemnd til å engasjere seg ein del i spørsmålet, og det er på den måten ein kan seie at engelskpurismen vart institusjonsbasert. (Med 'institusjonsbasert' vert det her ikkje meint at institusjonen i seg sjølv nødvendigvis var puristisk. Det var tale om einskildpersonar som brukte institusjonen til å fremje ein viss purisme [jf. nedanfor].)

Der fanst einskildpersonar utanfor Språknemnda som var opptekne av engelskpåverknad. I radiokåseri og boka *God norsk* (1953) åtvare Johs. A. Dale imot ukritisk og jålete bruk av framandord. Engelsk utprega seg saman med fransk av di desse språka var mest problematiske med omsyn til ortografi og uttale. Marius Sandvei (s.

²¹⁰ Berge Furre (1991:232) peikar på at Noreg gjennom andre verdskrigen hadde fått sterke politiske og militære bindingar til Storbritannia og USA, og at skipsflåten og handelsflåten var generelt vestvendt. Vestvendt var òg Det Norske Arbeidarpartiet; Rune Slagstad spissformulerer det i *De nasjonale strateger* (1998:274) med å skrive at Det norske Arbeidarpartiet "i mellomkrigårene var det mest sovjetiske av alle de europeiske sosialdemokratiske partier", medan det på 1950-talet framstod som "det kanskje mest amerikanske av dem alle".

81) skreiv i same boka at han ikkje ville drive klappjakt på lånord og framandord, men at t.d. den engelske endinga *-minded* var uttrykk for “en utglidning” (*fly-minded, reise-minded, språk-minded* etc.) (s. 83). Han åtvara òg imot *feil* bruk av engelsk fleirtals-s i eintalsord som t.d. “*et tricks, et tips, et drops*” (s. 85). Men både Dale og Sandvei var unntak.

8.4.1.1 Alf Hellevik

Den av språknormerarane som engasjerte seg sterkast i høve til engelskpåverknad, var Alf Hellevik (f. 1909). Hellevik var hovudredaktør for *Norsk ordbok* (1948–78) og *Nynorsk ordliste*. Han var òg formann og varaformann i Norsk språknemnd i perioden 1952–72 og medlem av Norsk språkråd 1972–79. Gjennom ordboksarbeid, ordlister, lærebøker og Språknemnda fekk han svært mykje å seie for nynorsknormeringa frå 1950-talet til slutten av 1970-talet. Spørsmålet om engelskpåverknad tok han tidleg opp, mellom anna i radiokåseri og boka *God norsk i skrift og tale* (1956). Der ville han “vera på vakt mot den overdrivne og ofte reint meningslause bruken av ord frå engelsk-amerikansk” (s. 86) uttrykt gjennom ord som *gift-shop, investigasjonskommisjon, volum* (i tydinga ‘rominnhald’) og *shopping-bag* (s. 87). På årsmøtet i Norsk språknemnd i 1959 var diskusjonsemnet ordtilfang og ordval i norskopplæringa, og Hellevik heldt innleiing med vekt på “den språklege invasjonen frå engelsk-amerikansk” (Hellevik 1963:15). Ut frå ordskiftet etterpå viste det seg at “mange medlemer, og ikkje minst representantar frå pressa, var sterkt opptekne av nettopp dette problemet.” (Sst.) På årsmøtet i 1960 var emnet oppe på nytt, Hellevik heldt eit nytt føredrag (prenta som kronikk i *Aftenposten* 25.-26. oktober 1960), og årsmøtet vedtok samrøystes ei fråsegn:

Norsk språknemnd har drøftet de problemer som den økende engelsk-amerikanske påvirkning på norsk språkbruk reiser. Nemnda ser det som en av sine hovedoppgaver i samarbeid med presse, kringkasting og andre interesserte å motvirke en ukritisk og uheldig innlånning. Nemnda ber arbeidsutvalget mest mulig å intensivere dette arbeidet og på neste årsmøte komme med framlegg til konkrete tiltak. (S. 27.)

På møtet i Norsk språknemnd og då han i 1962 heldt eit tilsvarande innlegg på eit nordisk språkmøte (prenta i Hellevik 1963a og 1963b), tala Hellevik om “den sterke invasjonen av engelsk-amerikansk språkstoff i etterkrigstida” (1963b:72). Engelskpåverknaden galdt ikkje berre fagspråk, men òg det allmenne ordtilfanget gjennom nye omgrep (*feedinglines, seaminded*), avløyising av tradisjonelle norske ord (*stemne > festival*), bokstavteikn som var uvande i norsk (*c, q, w, x* og *z*) og framande lydkombinasjonar (*ay, oa, oo, ou* og *oy*). Hellevik meinte at den aukande engelsk-

kunnskapen gjorde det vanskelegare å tilpasse engelske ord til heimleg skrift- og uttalesystem, og var derfor skeptisk til skrivemåtar som *metsj* og *roastbiff*.²¹¹ Nettopp pga. at ein mangla strategiar for å handtere anglisismane (“låneteknikk”), var det viktig å setje engelsk-inntaket under kontroll (s. 77). Hellevik skilde då mellom lån som alt passa inn i systemet (t.d. *streik, film*), og dei som ikkje gjorde det. For dei sistnemnde tala han varmt for omsetjingslån. Hellevik kopla engelskpåverknaden til den sterke stillinga engelskspråklege land hadde, til auka samhandel mellom land, men òg til prestisje og *snob value* formidla gjennom reklame (s. 72).

Oppfatninga i Språknemnda var at ein her hadde å gjere med ei sak som gjekk på tvers av dei tradisjonelle skiljelinene i språkstriden. I 1963 skreiv Alf Hellevik at “Problemet er felles for begge mål og skulle liggje særskilt godt til rette for eit fredelig samarbeid.” I eit oversiktsforedrag “Om arbeidet til Norsk språknemnd” (halde på siste årsmøtet i 1971) presiserte han moglegheita for å få ei positiv haldning til språknormeringa:

Særleg når det gjeld flauten av lån frå engelsk-amerikansk, er det tydeleg at ei nøktern og avbalansert språkrøkt vil bli møtt med positiv reaksjon frå eit fleirtal av språkbrukarane uavhengig av kva syn dei har på andre målsprørsmål. (Hellevik 1971:37.)

Ein kan spekulere på om Hellevik her såg ein måte å vri merksemda vekk frå den kontroversielle samnorskpolitikken, for å få arbeidsfred. Alternativt kan ein sjå utspelet som ei perspektivforskyving mot noko Hellevik tydelegvis meinte var viktig:

Situasjonen er jo faktisk den at vi kvar i våre språkleirar fører ein hardsett strid for å verne målet og kulturen mot innverknad frå språkformer som ligg kvarandre så nær at problemet er nærmast at dei glir umerkande inn i målet, men samstundes legg vi måla våre opne for invasjon av ord og skrift- og uttaleformer som det mildt sagt er vanskeleg å innpasse i målet – og som vi veit vil skape alvorlege og langvarige problem både når det gjeld skriftform og uttale. [...] Det er ikkje lenger spørsmål om *leir* eller *læger*, men om *camp* og *camping*. (Hellevik 1963:15–16.)

8.4.1.2 Språknemnda og ålmenta på 1960-talet

Arbeiderbladet skreiv om engelske lån sommaren 1961 og bad om reaksjonar frå lesarane. Lesarar kom så med framlegg til ein del avløyssarord (t.d. *marketing* > *markedsføring*) og til nasjonalisering av skrivemåten (*kløtsj, ketsjup*). Vi finn også

²¹¹ Hellevik er noko uklår på dette punktet. På den eine sida er han skeptisk til at norvagisert skrivemåte vil slå gjennom (s. 78). På den andre sida meiner han at “Vi bør heller ikkje vere *altfor* redde for å nasjonalisere skrivemåten til ord som er komne inn i språket for å bli” (s. 78).

spreidde innslag om emnet i avisene når Norsk språknemnd tok opp spørsmålet (jf. Norsk språknemnds arkiv). Særleg stor merksemd var det likevel ikkje tale om.

I årsmeldinga for Norsk språknemnd i 1963 står det at *Særnemnda for engelsk-amerikanske lånord* har hatt fleire møte (Norsk språknemnd 1963:22). Denne nemnda vart oppretta som eit nordisk samarbeidsprosjekt for å handtere påverknad frå “engelsk-amerikansk”. I nemnda drøfta ein ei norsk liste over engelsk-amerikanske lånord i høve til lister som nemndene i Sverige og Danmark hadde laga til.²¹² Også i årsmeldinga for 1964 er bruk av anglisismar ført opp som eige punkt. Særnemnda sette då i gang ei undersøking av anglisismar og nyord i aviser og vekeblad (ei undersøking som ein etter kvart fann ut var tufta på metodiske veikskapar, og som viste relativt lite av anglisismar målt i samanhengande tekstar [jf. sst.. og intern korrespondanse mellom Norsk språknemnd og undersøkingsmedarbeidarar]). Arbeidsutvalet i språknemnda ville dessutan ha kontakt med “representantar for reklameverksemda for å drøfte spørsmålet om det stadige tilsiget av engelsk-amerikanske ord i reklamespråket” (s. 28).

På årsmøtet åt Språknemnda i 1965 kom der ein representant frå reklamebransjen, direktør *Gunnar Kværk*, og heldt innlegg om anglisismar i sals- og reklamespråket; tittelen på innlegget var “Fra ferdaskrin til shoppingbag”. (Føredraget og debatten er referert i årsmeldinga for 1965, s. 4–6, og synspunkta kom fram i ein kronikk i *Aftenposten* rett etter møtet.) Kværk såg “den kraftige invasjonen av engelsk-amerikanske ord” i samanheng med utviklinga innanfor økonomi og teknologi der stikkorda var “masseproduksjon”, “massedistribusjon” og “massekommunikasjon” (s. 4). Kværk meinte at folk i Noreg, spesielt ungdomen, var nokså opne for engelske ord, og det var lite reklamebransjen kunne gjere for å stoppe det: “Blir det større salg av en vare dersom den bærer et engelsk navn, ville det etter reklamefolks mening være uforsvarlig å velge et norsk navn på varen.” (Sst.) Engelsk var dessutan eit internasjonalt språk som gjorde det mogleg med kommunikasjon over landegrensene. I kronikken i *Aftenposten* rett etter innlegget grunngav han synet sitt, og kom òg inn på engelsk i høve til norsk sidemålsundervisning:

Stod det til meg, ble engelsk fra imorgen av innført som offisielt sidemål istedenfor nynorsk. Ikke fordi jeg er noen utpreget motstander av nynorsk, men fordi jeg personlig ikke synes vi har råd til å bruke tid og krefter på en provisiell holmgang, tid og krefter som kunne brukes til å åpne våre egne grenser mot verden istedenfor å vøle på morkne skigarder. (Sit. etter Vikør 1965:10.)

²¹² Det var på eit språksekretariatmøte i Helsingfors at dei skandinaviske nemndene bestemte seg for å lage til slike lister. Dosent Bertil Molde jamførte listene. Ein vart på eit møte samde om meir nordisk samarbeid for å arbeide for fellesnordiske avløyasarord for engelsk-amerikanske lån, og for å få i gang diskusjonar med reklamefolk, bransjefolk og språkfolk om engelsk-amerikanske lånord, og om det var mogleg å få avløyasarar.

På språknemndmøtet var det ordskifte etter Kværks innlegg, og heile 14 tok ordet. Tre var ottefulle for at engelsk kunne verte hovudspråket i landet, og fem sa at det var viktig å assimilere engelske lån til norsk språkstruktur (jf. Årsmelding for Norsk språknemnd 1965:5–6). Fleire meinte at reklamefolk burde gjere ein innsats for å motverke anglisismar. Der var ulike syn på kor stor engelskpåverknaden faktisk var.

Kværk sitt innlegg vekte reaksjonar også utanfor Språknemnda: *Farmand* (6/3, 1965:61) skreiv at det “har vakt stor oppsikt og megen diskusjon”. I *Vi vil*, organet for Unge Venstre, meinte ein at Kværk og reklamebransjen stod for eit “kultursvik”:

Det må være innlysende at språkkultivering ikke bare kan være en søndagsoppgave for filologer, lingvister og skribenter i forskjellige utgaver. [...] Og salgs- og reklamefolk kan ikke unntas, på dette området har de sitt meget store ansvar. (Sit. etter Vikør 1965:5.)

I riksmålskrinsar var ein meir oppteken av “Kværks framlegg om at tilleggstilen [sic] til artium skal forandres fra landsmål til engelsk” (*Farmand* 6/3, 1965:61). *Farmand* stødde synsmåtane åt Kværk, og kalla engelsk eit “verdenssprog” som slett ikkje representerte noko problem (sst.). Problemet for *Farmand* var heller “landsmålet”.

I siste halvdel av 1960-talet vart det stillare frå Språknemnda i spørsmål om engelsk-amerikansk påverknad. Det ein tok opp, var einskildord og korleis ein skulle handtere desse, t.d. *layout*, *teach-in*, *sit-in*, *know-how* (Norsk språknemnd 1967:11), ikkje så mykje lånordproblematikken i seg sjølv. Språknemnda hadde heller ikkje så mykje slagkraft etter at *Vogt-komitéen* i 1966 sette opp retningsliner for ei nyorientering i språkpolitikken og for ei ny type språknemnd.

I samband med *Vogt-komitéen* anar vi ei viss interesse for språkpåverknad. Det kom til uttrykk alt i 1964 då statsråd Helge Sivertsen kunngjorde at det skulle setjast ned ein komité for å vurdere norsk språkpolitikk på nytt. Bakgrunnen var ikkje berre problem knytte til striden mellom nynorsk og bokmål, men òg “presset og påverknaden utanfrå” (Årsmelding Norsk språknemnd 1964:4). Den språklege eksistensen var truga:

Eit så lite språksamfunn som vårt har ei utsett stilling, vi kan risikere å misse vårt nasjonalspråk om vi ikkje er merksame på faren. Vi må samle alle våre krefter for å stanse denne utviklinga. (Sst.)

I 1966 kom *Vogt-komitéen* med *Innstilling om språksaken*. Komitéen viste til at “presset på språket utanfrå er sterkt. Om vi som nasjon skal ha eit eige språk, kan vera avhengig av det kulturvern vi nå maktar å byggje på det området.” (S. 3). Det var der-

for trong for ei “ny psykologisk innstilling i språkstriden” (s. 8). Siktemålet var ikkje å stengje påverknaden ute, men å freiste å kontrollere honom “slik at vi ikke underveis taper verdier som vi kunne tatt med oss om vi hadde stelt oss klokere.” (S. 9)

8.4.2 Dei kulturkonservative

I 1961 var forlagsdirektør Henrik Groth (1903–83) på eit lærarstemne og heldt føredrag med tittelen “Skal norsk kultur avvikles?” (jf. referat i *Språklig Samling* nr. 2, 1961:1, 4). I føredraget knytte Groth engelskpåverknaden til forflating av kultur og litteratur. Om 30 år ville nordmenn vere splitta mellom ein småskoren heimekultur og ein overflatisk verdskultur, og morsmålet hadde då vorte eit litteraturlaust pludrespråk til bruk i kjøkken og fjøs. Skulle det reddast, måtte det i fylgje Groth satsast 20 gonger så mykje på litteratur.

Groth sitt innlegg vekte ein del merksemd, men oppfatninga var nok at Groth overdreiv (jf. sst.). *Arbeiderbladet* kommenterte Groth på leiarplass med at “Vi må ikke være redde for det som er fremmed, da taper vi” (sst.) og at “Selv om det dukker opp mange nye fremmedord, vil utviklingen framover til et mer variert og formsikkert norsk språk fortsette.” (S. 4.)

Noko av det mest interessante ved Groths innlegg er at han som kulturkonservativ såg trugsmål frå massekultur og engelsk. På 1950-talet og -60-talet var der i Noreg sterke kulturkonservative miljø knytte til det konservative studentforbundet, *Minervas kvartalsskrift*, det litterære tidsskriftet *Spektrum*, Riksmålsforbundet, tidsskriftet *Ordet* og avisa *Frisprog* – eit miljø Groth var ein del av. Delar av miljøet var vende mot europeiske åndshistorie – Platon, Goethe, Schiller og engelsk romantikk, og riksmålsmannen Lars Roar Langslet skreiv avhandling om Marx sitt framandgjeringsomgrep. Ein kunne då kanskje venta reaksjonar imot amerikansk kulturpåverknad i form av massekultur, teikneseriar, jazz, rock, ny ungdomskultur og filmar (ein påverknad som stod i kontrast til dei preferansane som kom til uttrykk i dei kulturkonservative skriftene). Men utanom innlegget frå Groth finn vi ikkje mange liknande reaksjonar frå dette miljøet. Ei gjennomgåing av organet for det konservative studentforbundet i Oslo, *Minervas kvartalsskrift* (etablert av Lars Roar Langslet), for perioden 1957–1975 viser ingen teikn på anti-amerikanisme, verken språkleg, kulturelt eller politisk. Den fokuseringa ein har på USA, dreier seg meir om dei felles kulturelle verdiane. (Slik formulerer t.d. Russel Kirk det i artikkelen “Amerikansk og europeisk kulturarv” [*Minervas kvartalsskrift* 1959:223–232].) Rett nok kjem der åtvaringar imot trekk ved amerikansk høgrepolitikk (t.d. imot republikanaren Barry Goldwater), men ein set lit til at dei europeisk orienterte kreftene vil vinne. Meir samfunnsproblematiserande vert ein på slutten av 1960-talet. I 1969 har *Minervas kvartalsskrift*

eit spesialnummer om USA (nr. 1/1969). Der spør ein i leiaren: “Er USA et ‘sykt’ samfunn?” Det vert peikt på indre splid, oppløysingstendensar, sosial ulikskap, Vietnam-krigen, kriminalitet og misnøye. Likevel framstiller ein ikkje USA som noko *framandt*. USA og Noreg er i staden knytte saman i ein lagnadsfelleskap:

Disse krisene er ikke bare alvorlige for USA; de vil også få innvirkning på resten av verden. Og de angår oss, som er alliert med USA, og forøvrig opprettholder en utstrakt kontakt med det amerikanske samfunn. (Minervas kvartalsskrift 1/1969: leiar/omslag.)

Ein vil *forstå* oppløysingstendensane, og set sin lit til dei kreftene i USA som står på europeisk liberalkonservativ grunn. Hos kulturkonservative tenkjarar som A. H. Winsnes, Ronald Fangen, Egil A. Wyller og Asbjørn Aarnes finn vi ikkje reaksjonar på amerikansk massekultur. USA var oppfatta som “sikkerhetsgarantist” og symbolet på den frie verda, medan Sovjetunionen var fienden. Der var nok av venstreorienterte som kritiserte USA:

Det er sikkert blandete reaksjoner på amerikansk ‘massekultur’ i riksmålsleiren. – Øverland hadde vel mange spotske kommentarer også til det. Men du har vel sikkert rett i at frontene for ble delt etter synet på USA som *sikkerhetsgarantist* (...) (Personleg brev frå Lars Roar Langslet, 2. oktober 2000.)²¹³

Den allmennpolitiske og kulturpolitiske konteksten må òg liggje bak når ikkje Riksmålsforbundet har vore særleg oppteke av engelskpåverknad; ei gjennomgåing av riksmålsorganet *Ordet* og av *Farmand* for 1950–1970-talet viser det. At Lars S. Vikør i ein artikkel i 1965 kjem inn på manglande riksmålsinteresse for engelskpåverknad, styrkjer det resonnementet (Vikør 1965).²¹⁴ Det var samnorsken, sidemålsstilen og tradisjonell språknormering som stod i fokus. Det er òg inntrykket hos riksmålsfolk, t.d. Tor Guttu (jf. telefonsamtale 20. august 2000) og Lars Roar Langslet:

Selv har jeg ikke annet å si til spørsmålet enn at også riksmålsorganene har ønsket å unngå et overmål av mote-betont engelsk i Jean-de-France-stil, men de har neppe sett innflytelsen fra engelsk som noe stort og truende problem – denslags bølger, med

²¹³ Lars Roar Langslet legg til:

Jeg deler et stykke på vei aversjonen mot amerikansk-dominert massekultur (skjønt uten den preferansen for *fransk* massekultur som mine fhv. kolleger representerte) – men jeg har vært slått av hvor unyansert og klisjépreget mye av reaksjonene på “amerikansk kultur” og “kommersialisering” har vært, og hvor nostalgisk-reaksjonær den ofte kunne bli. (Personleg brev frå Lars Roar Langslet 2.10.2000.)

²¹⁴ Lars S. Vikør er i 1965 kritisk, og hevdar at riksmålsfolket i denne saka var “forstokka”:

Faktum er jo at anglisismane representerer ein like sterk trugsel mot “riksmålet” som mot nynorsken og samnorsken, men J. B. Hjort & Co. ser tydelegvis oppnorsking som det verste av alt; kan ein bare unngå det, er det det samme korleis det går med “sproget”. (Vikør 1965:10.)

innsig fra dominerende verdensspråk, har jo gått igjen i moderne språkhistorie uten katastrofale følger (kfr. innsiget fra fransk i engelsk). (Personleg brev frå Lars Roar Langslet, 18. september 2000.)

Når Groth skilde seg såpass ut på byrjinga av 1960-talet, må det sjåast i samanheng med hans nordiske engasjement. Han var formann i Foreningen Norden frå 1959 til 1964, og introduserte i 1957 serien “Nordens Bibliotek” på Cappelen Forlag. Groth var pessimistisk til at småe land skulle klare å stå åleine imot presset frå massekommunikasjonen. Då måtte ein i Noreg stø seg til Norden.

8.4.3 Målrørsla

8.4.3.1 Sigmund Skard

Sigmund Skard si bok frå 1963, *Målstrid og massekultur* er eitt av dei fyrste forsøka på å setje engelskpåverknaden og motstand imot honom inn i ein analyse av det kulturpolitiske klimaet og den allmenne samfunnsutviklinga. Utgangspunktet for Skard var å drøfte norsk målstrid på ein “ny” måte: Han ville vekk frå kivinga om rettskriving og formverk. I dette nye ljuset vart utfordringa framveksten av ein “massekultur”.

Skard var på ingen måte negativ til USA: Han var sjølv professor i amerikansk litteratur, la mange av premissane for utforminga av faget *American studies* ved europeiske universitet (jf. Pells 1997:112), og gjorde mykje for at Universitetet i Oslo gav faste kurs om amerikanske emne (jf. sst., Bryn 1993:163f.). Han hadde opphalde seg i USA i lengre periodar, og meinte at amerikanske kultur hadde noko ope og forfriskande ved seg – ei evne til sjølvkrikk og vilje til å byrje på nytt (Skard 1978:97). Denne bakgrunnen gjer Skards reaksjonar særleg interessante.

I etterkrigstida hadde USA gått gjennom endringar som Skard ikkje likte. Det “industrialiserte massesamfunnet” og “det totale forbrukarsamfunnet”, som var “kommersialisert, mekanisert, automatisert og uniformert” (s. 8), skapte ei kulturell einsretting der “den heilage og allmenne mellomklasse” saug opp alle grupper og klassar til ein all-amerikansk sivilisasjon (sst.). Resultatet var ei “banalisering”, ei “åndeleg utvasking” og ei “forflating”, prega av vekeblad og annan masselitteratur (s. 11). Etter kvart som den teknologiske og økonomiske utviklinga heldt fram, ville fleire samfunn verte prega av desse trekka. Slik Skard såg det, var ein i Noreg i startgropa mot ei slik utvikling.

Her kom så utfordringa: Skard såg på norsk språkstrid som del av ein nasjonal renessanse og eit nasjonalt samarbeidsprosjekt. Ulike klassar, bonderørsla, arbeidarørsla og den konservative eliten hadde inngått kompromiss og vist ansvar. I språknormeringa hadde nynorskfolket vist vilje til å få inn folkemålsformer og bymålsformer, medan den konservative eliten hadde gitt rettar til nynorsken og vore med på å

fornorske dansken. Språkstriden var òg med på å halde oppe eit mangfald: Ved å gi sterkt rom for dialektane, heldt striden ved like ein norsk tradisjon med individualisme, lokal tilknytning og vegring mot sentralmakt. Denne tradisjonen var no truga av massekulturen:

Når rutebilen mot kvelden nærmar seg ein norsk bygdeby, kan ein alt no oppleve at alle dei lysreklamane ein ser, minner oss om internasjonale konsern eller varer med utanlandsk klingande merke – ESSO og BP, FORD og SOUTH STATE CIGARETTES. (S. 12.)

Det voks fram ein passivitet og ei “sjølvoppgiving”, noko ein såg att i talet på engelske lånord:

Passiviteten kjem typisk fram i den kritikklause og slappe opptaking av engelsk-amerikanske lånord i språket vårt der dei *ikkje* trengst, ein prosess som går lenger hos oss enn t.d. i vårt granneland Sverige (Danmark synest å ha den nordiske rekorden). Ofte er det gode og velkjende norske ord som blir utbytte utan minste språkleg vinning eller nyansering, med den innfødde jubel over glasperlene. (S. 26.)

Skard meinte det var “groteskt” når eit danseband i Gudbrandsdalen kalla seg *The Deep Lågen Boys*, og eit tilsvarande band i Telemark heitte *The Heddal Lovers* (sst.).

Den språkleg uniformeringa vart etter Skard sitt syn forsterka av at riksmåseliten ikkje lenger var interessert i å samarbeide. Det kom til uttrykk i riksmålsreaksjonen imot 1938-rettskrivinga på 1950-talet og i vulgærpropaganda imot nynorsk og dialektar (s. 29f.). Riksmåseliten hadde i fylgje Skard gått inn i ein allianse med massekulturen, og utnytta tendensen til at det ikkje lenger var ideologiar og fornorsking som styrte språkutviklinga: Med kommersialiseringa hadde marknadstenking fått høgare status, og forretningsstanden ville på si side unngå ord og former som stakk seg ut. Riksmålet gjekk då inn som del av massekulturen – saman med engelsk.

Målreising og massekultur vekte merksemd i målrørsla, og kan sjåast på som ein del av politiseringa der på 1960-talet (noko som òg vert uttrykt i det ideologiske skriftet *Målreising 1967* som var ei tilråding frå ei målpolitisk programnemnd i Noregs Mållag). For seinare amerikakritikk er boka også ein premissleverandør (jf. Bryn 1993) – jamvel om tonen var moraliserande og prega av ei ovanfrå-og-ned-haldning. (Skard handsama liknande spørsmål i *Trans-Atlantica. The Memoirs of a Norwegian Americanist* [1978].)²¹⁵

²¹⁵ Skard tok opp problemstillingar kring internasjonalisering, einsretting vs. mangfald, engelsk som kulturelt ungdomssymbol, framandgjering, urbanisering, nivellering, “business-kultur” etc. Men jamvel om Skard var vonbroten over utviklinga i USA, presiserte han at diffusjon av negative trekk frå USA til Noreg ikkje kunne kallast “Americanization”; det ville vere urettvist mot det beste i amerikansk tradisjon (Skard 1978:177f.). USA

I riksmålsorganet *Ordet* fekk Skard ei negativ melding som gjekk over to nummer (Salomonsen 1964). Meldaren Erling Salomonsen, skreiv at “emnet er nokså utterpet” (s. 339) og det er “forstemmende lesning” og “et polemisk stridsskrift som efter et velkjent måldemagogisk mønster frakjenner den annen sproggruppe enhver eksistensberettigelse” (s. 378). Han viser til den “begeistede mottagelse boken har fått i nynorsk- og samnorskretser” (s. 333). Spørsmålet om kulturell og språkleg engelsk-påverknad kjem Salomonsen lite inn på (til saman ca. 1 av 19 sider [s. 334, 337, 380]). Synspunktet er at språklån frå engelsk ikkje representerte nokon fare, det var anten tale om sjargong som ville forsvinne, eller fagord som ein elles mangla uttrykk for. Salomonsens synspunkt samsvarar med det vi elles kan finne innanfor kultur-konservative krinsar på denne tida.

Einar Haugen har i *Riksspråk og folkemål* (1966) sagt seg usamd med Skard på eitt punkt, nemleg at leiarane av riksmålskulturen var med på å fremje massekulturen. I staden meiner Haugen at det på 1960-talet skjedde eit radikalt brot med den tradisjonelle målstriden. Tradisjonelt hadde norsk målstrid, slik Haugen såg det, vore ført mellom to ulike *elitar*: den “den offisielle elite” (som representerte riksmål, dansk-norsk embetsmannskultur, øvre borgarskap og paternalistisk norsk patriotisme) vs. “folkeeliten” (som representerte målsak, partiet Venstre, folkehøgskulen og norskdøm, dvs. eliten som Sigmund Skard sjølv tilhørde). Desse to elitegruppene var i fleire tiår viktige premissleverandørar for norsk kulturliv. I etterkrigstida skjedde det ei endring: Elitane vart utfordra av ein tredje kultur og ein ny elite, “masseeliten”, som representerte forretningsverda, økonomien, underhaldningsbransjen, den internasjonale kulturen etc. Språkleg kom masseeliten mest tydeleg til uttrykk gjennom bruk av engelsk (s. 244).

Mykje tyder på at Haugen har rett. Jamvel om kjerna av riksmålstilhengjarar har vore lite interesserte i å åtvare imot engelskspråkleg og USA-basert massekultur, er det vanskeleg å sjå at dei skal ha gått i noko kompaniskap med massekulturen. Det er i staden Haugens scenario om “masseeliten” som har slege til – med særleg kraft dei siste tiåra der nyliberalismen har stått sterkt og amerikansk massekultur er vorten spreidd gjennom satelitt-fjernsyn, video, Internett, dataspel etc.

var meir eit føregangsland for prosessar som Skard enno ikkje heilt visste utgangen av, og som han var uroa for.

Skard trekte seg etter kvart frå amerika-studiane og gjekk tilbake til dei klassiske studiane. Med denne tilbaketrekkinga kan Skard òg sjåast på som representant for ein generasjon av europeiske intellektuelle som i etterkrigstida kom til å setje opp klassiske tradisjonar som motsetnad til utviklingstrekk frå USA (jf. Pells 1997:202). Nettopp i tilbaketrekkinga kan der seiast å liggje ein sivilisasjonskritikk. Men ein kan òg ane ei ovanfrå-og-ned-haldning til massekulturen – til å lese vekeblad, til å høyre på Radio Lux – og til massen.

8.4.3.2 Noregs Mållag

Noregs Mållag hadde tidlegare vore innom spørsmålet om engelskpåverknad, både den språklege og kulturelle (særleg i samband med reaksjonane på Sigmund Skards bok *Målstrid og massekultur* frå 1963). I *Målreising 1967* står det om “det sterke presset vi møter frå verdsspråka” – fyrst og fremst engelsk (s. 169; jf. s. 106–108). I det målpolitiske ordsiftet på 1970-talet var spørsmålet om purisme like fullt lite framme; det same galdt for den kulturelle amerikapåverknaden (jf. gjennomgåing av det målpolitiske tidsskriftet *Mål og makt*). Etter politiseringa på 1960-tale, hadde ein vorte mindre oppteken av normstrid. I staden var distriktspolitikk eit viktig emne, og ein fokuserte meir på rettar for nynorskbrukarar, på “nasjonal” eller “sosial” ideologi for målrørsla og ikkje minst på dialektbruk.

Det var fyrst på midten av 1980-talet at Mållaget tok opp engelskpåverknaden som sak. Det ironiske kampanjeslagordet “Nynorsk is a better language” på midten av 1980-talet vekte ein del merksemd. Mållaget kom òg med fråsegner imot bruk av engelsk for meieriprodukt (1982) og imot at radioprogrammet *Norsktoppen* skulle opnast for engelskspråklege tekstar (jf. *Klassekampen* 25. april 1986). I 1988 sende Noregs Mållag ein søknad til Norsk kulturråd om løyving til prosjektet “Norsk er betre enn engelsk i Noreg”. I søknaden (som fekk avslag) heitte det mellom anna:

Noregs Mållag ser med stor uro på at engelske ord et seg inn i norsk daglegmål med aukande fart om dagen. Dette trugar både nynorsken som bruksmål og norsk mål i det heile. Til liks med Norsk språkråd vil Noregs Mållag setja i gang vernebuande tiltak mot denne flaumen av engelsk språkgods i norsk. (Søknad, 30. november 1988, frå Noregs Mållag til Norsk kulturråd. Norsk språkråds arkiv.)

Mållaget ville i prosjektet arbeide ut språkbrev med framlegg til avløyssarord (og hadde alt engasjert språkvitarar til å gjere det). I tillegg ynskte ein å gjere ei gransking av engelske ord i media.

Noregs Mållag var på slutten av 1980-talet det kanskje mest aktive forumet for eksplisitt kritikk av engelskpåverknad. I *Norsk Tidend* kjem slik kritikk til uttrykk mellom anna i intervju med Magne Rommetveit (nr. 3/1989) som “ser på invasjonen av anglo-amerikansk språk som det største trugsmålet mot norsk”. I nr. 3/1989 har *Norsk Tidend* eit intervju med Amerika-forskaren Steinar Bryn som kritiserte måten ein i Noreg etter hans syn misforstod engelske uttrykk, t.d. ved å bruke nemninga *fast food* på ein “nøytral” måte, medan det i USA berre vekte negative assosiasjonar. Kritikken frå Bryn bygde på føresetnaden om at ein skulle ha respekt for den kulturen og språket ein låner frå (ein føresetnad som kan problematiserast ut frå tanken om at ved språklån i dei fleste tilfelle vil skje ei større eller mindre nyanseforskyving, jf. kap.

4.2). I nr. 1/1990 har *Norsk Tidend* eit intervju med Dagfinn Worren, ein av dei mest aktive i mållaget sin kampanje imot engelskpåverknad, og tittelen på intervjuet var “Elsk norsk – ikkje engelsk”. Når så Rolf Theil Endresen i 1989 heldt eit føredrag “Til forsvar for det norske språket?” (Endresen 1989/1990) der han problematiserte og kritiserte synspunkta åt dei som var redde for engelskpåverknad, er det nettopp utsegner frå Noregs Mållag han refererte til.

8.4.4 Anti-amerikanisme?

Omgrepet “anti-amerikanisme” vert noko laust brukt om svært kritiske haldningar til USA – til det amerikanske samfunnssystemet, til amerikansk kultur (jf. Knut Hamsun i *Fra det moderne Amerikas Aandsliv* [1889]) og til USA som drivkraft for kapitalisme, utbytting og imperialisme (jf. europeisk venstreside). Generelt har anti-amerikanismen hatt dårlege vilkår i Noreg i etterkrigstida. Vest-orienteringa i norsk politikk etter 1945 vart gjennomført av Det Norske Arbeidarpartiet, med fagrørsla som sterk støttespelar (Slagstad 1998:274). Når så høgresida i tillegg såg på USA som “den frie verda”, var der ikkje så stort rom for USA-kritikk. Kritikken vart isolert til visse venstreorienterte miljø, særleg miljøet kring avisa *Orientering* (skipa 1952).

Med den politiske radikaliseringa på slutten 1960- og på 1970-talet kom det ei meir kritisk haldning til USA (med fokus på krigføringa i Vietnam, raseopptøyer, amerikansk støtte til diktatur i Sør-Amerika, USA som symbol på kapitalismen etc.). Jens Bjørneboe, som hadde tilhald i “kulturradikale” krinsar og stod i riksmålstradisjonen, uttrykte haldninga i essayet *Vi som elsket Amerika* (1965):

Hele det opprinnelige bilde av Amerika var borte, og de skyggesider man alltid hadde visst om fra det amerikanske samfunn; brutalitet, hykleri, sanseløst pengebegjær og tilbedelse av “sterke menn”, slo med ett over i den offentlige utenrikspolitikk og kom til å prege den nyanseløst. (S. 22–23.)

Kritikken av USA kom likevel ikkje til å resultere i motstand imot dei kulturelle og språklege uttrykka derifrå. Det hadde ein heller ikkje sett i *Orientering*. Tvert imot er det karakteristisk at også USA-motstandarane på 1960- og 1970-talet henta mange impulsar frå nettopp USA. Ord som *drop out*, *sit-in*, *hippie* og den nye bruken av ordet *alternativ* som ‘opposisjonell’ (med samansetjingar som *alternativgruppe*, *alternativforlag* etc.) er døme på det. Ein var fyrst og fremst oppteken av det politiske og økonomiske systemet som USA representerte, og av USA som representant for moderniseringsprosessar.

I målrørsla og i miljø som var aktive t.d. under folkerøystinga om EF-medlemskap i 1972 finn vi ein kulturell motstand imot visse moderniseringsprosessar, og dersom

ein identifiserer desse prosessane med USA (noko det ikkje nødvendigvis er dekning for), kan ein til ein viss grad snakke om ei form for anti-amerikanisme. Steinar Bryn (1992:139) skriv at “Anti-amerikanismen stod på sitt sterkaste rundt 1972.” Derimot var der ikkje særleg fokus på den *språklege* påverknaden.

Eit interessant trekk er at dei radikale, unge lingvistane i Landslaget for språklig samling i 1977 vedtok eit nytt prinsippprogram der det i paragraf åtte heitte at “LSS ser det anglo-amerikanske språkpresset som en stor fare for norsk mål i dag, og vil arbeide for å verne det norske målet mot dette presset”.²¹⁶ Øyvind Gulliksen skreiv fleire artiklar om emnet i *Språklig Samling*, mellom anna om litteratur som nytta anglisismar (1978), omsetjingsproblematikk (1977) og presentasjon av forskning om engelsk-påverknad (1980a, 1980b). Han såg på språkproblemet som eit meir omfattande kulturproblem:

At det er viktig å studere åssen engelsk-amerikansk verker inn på norske språk- og kulturforhold, fekk jeg ei konkret påminning om sist 17. mai. Da kom dattera mi på seks år heim fra barnefesten, bunadkledd men med Pepsi-Cola solskjerm og hendene fulle av gratis gaver fra vildvestbladet Sølvpilen. (Gulliksen 1980a:4.)

Derimot var det for LSS problematisk med nokon eintydig purisme imot engelsk, mellom anna av di ein i folkeleg bymål gjorde bruk av anglisismar, og av di anglisismar også kunne gi ein rikare språkstil (jf. Gulliksen 1980b:11). Løysinga var å skilje mellom engelskpåverknad som “kommer ned over Kolsåstoppen og det som siver ut fra Club 7” (s. 12).²¹⁷

8.4.5 Norsk språkråd på 1970- og 1980-talet

Engelskpåverknad var ikkje av dei mest sentrale emna for Norsk språkråd på 1970-talet. Det vart likevel teke opp i ein del samanhengar, mellom anna i *Språknytt*, ikkje minst i spørsmålsspalta der det òg kom til uttrykk puristiske haldningar. Det vart føreslege norske avløyсарord og stundom bad ein lesarane om å kome med framlegg (t.d. 3/1974 om *mobbing* og *hammock*). I *Språknytt* 1976 heiter det at i spørsmålet om anglisismar “prøver vi å skapa ei viss puristisk holdning [...] t.d. ved å foreslå avløyсарord [...]” (*Språknytt* 1/1976:10). Også lesarane reagerer: I 4/1974 er der eit lesarinnlegg frå B. Bilberg som skreiv at “Flommen av engelske ord synes ikke å ta slutt”; ein burde “bruke norske ord i stedet for engelske, slik at vi kan holde på vår

²¹⁶ I *Språklig Samling* 2/77, s. 3, står det “denne kulturen” i staden for “dette presset” i gjengivinga av prinsippprogrammet. Gulliksen (1/80:4) nyttar derimot “dette presset” i gjengivinga av programvedtaket.

²¹⁷ “Kolsåstoppen” refererer til NATO-basen, medan “Club 7” var ein musikkklubb med mellom anna jazz.

norske språkkultur i større grad enn det vil være mulig hvis vi skal godta engelske ord overalt.”

Under punktet “Rådgeving” stod det i 1982 at Språkrådet fekk “ein god del spørsmål om avløyсарord for engelske ord og uttrykk”, og at ein kom med framlegg til avløyсарord (s. 26).

I boka *Råd om språk* (Norsk språkråd 1983) er der samla nokre svar som Språkrådet har gitt til publikum i perioden 1972–82. Der kjem det til uttrykk skepsis imot ein god del anglisismar (jf. kap. 8.5.1). Det viser seg elles at Språkrådet på eige initiativ har teke kontakt med private firma om bruken av engelsk:

Vi prøver å motarbeide bruken av engelsk ved å vende oss direkte til de firmaene som har satt inn annonsene, og be dem bruke norske ord i størst mulig utstrekning. Visse kretser har en tendens til å innføre engelsk der det er helt unødvendig. (S. 45–46.)

På midten av 1980-talet verkar det som om Språkrådet intensiverte merksemda mot engelskpåverknad. I 1984 meldte Norsk språkråd at det hadde vendt seg til “viktige språkbrukarar som vi meiner bruker engelsk i utrengsmål”, som t.d. SAS, Kongsberg våpenfabrikk, Norsk Data, Statoil og Norske Meierier (jf. Årsmelding for Norsk språkråd 1984:30). Meierisamvirket hadde ein særleg mykje korrespondanse med, på grunn av bruken av nemninga “milk” som hadde vore nytta i mjølkereklame for ungdom, t.d. slagordet “Milk is a better drink” 1982 (jf. kp. 4). Bruken fekk lesarbrevskribentar til å engasjere seg, og folk sende brev til Språkrådet. Etter oppmoding frå årsmøtet kom “Tiltak mot engelsk påverknad på norsk” inn som eige punkt i årsmeldinga for 1986. Det vart sagt at ein tiltakande engelsk språkpåverknad kunne utgjere ein trugsel både mot språket og kulturen: “Den engelsk-amerikanske kulturen har fått gjennomslag på mange område, og har svekt tiltrua hos mange til våre eigen kultur.” (Årsmelding 1986.) I 1988 og 1989 tok Språkrådet opp spørsmålet i *Språknytt* (t.d. med artiklar av Einar Lundebj), og sekretariatet sende brev til fleire offentlege institusjonar og private firma, mellom anna til *Hennes og Mauritz* om bruken av slagordet “Back to School” og til Freia sjokoladefabrikk om sjokolademerket *Basic*. Språkrådssekretariatet hadde òg korrespondanse med Oslo kommune om namnet *Oslo City* på eit nytt kjøpesenter.

8.4.6 Oljespråket

Kring 1980 framstod Noreg for alvor som ein oljenasjon, og oljespråket vart meir aktuelt. Fleire uttrykte uro over faren for blandingspråk, domenetap for norsk og omgjering av norsk til eit andrerangs språk (jf. Myking 1997:11). I denne fasen kom to forskingsarbeid som fekk mykje å seie. I *Oljespråk* (1983) av Einar Flydal vart den

engelskspråklege dominansen kopla til ei meir omfattande kulturell og språkleg kolonisering. Flydal peikte dessutan på forståingsproblem som ein tryggleiksrisiko, og viste til økonomiske argument for ei terminologisk fornorsking. Tone Gulbrandsen si hovudfagsoppgåve *Med fireflaiten åffsjår* (1983, publisert 1985) tok føre seg bruk av anglisismar blant oljearbeidarar og haldningane oljearbeidarane hadde til dei engelske orda. Desse to arbeida verka i fylgje Johan Myking (1997:12) “som premisseleverandør i ordskiftet”; dei påverka opinionen, dei språkfaglege miljøa og politikarane.

Også Norsk språkråd var oppteke av oljespråket. I årsmeldingane frå 1974 og åra framover heiter det at Språkrådet var med i terminologiarbeidet. Særleg intensivt kan det arbeidet ikkje ha vore. Det var heller ikkje Språkrådet eller styresmaktene, men statsoljeselskapet som gjorde det viktigaste vedtaket: I 1983 vedtok Statoil at norsk skulle vere arbeidsspråk på Gullfaksfeltet, og året etter sette selskapet i gang eit større prosjekt for å lage oljeterminologi, Terminol-prosjektet (utført ved Norsk termbank, Universitetet i Bergen). I tillegg har det i perioden 1994–1997 vore utført eit forskingsprosjekt, “Nordsjøen som språkleg-kulturelt laboratorium”, der ein har analysert fleire sosiologiske, lingvistiske, teksttypologiske og sociolingvistiske aspekt ved terminologiprojektet. Johan Myking har i ein oppsummerande artikkel, “Oljespråket – kva kom det ut av laboratoriet?” (1997) peikt på tre viktige grunnar Statoil kan ha hatt for å setje i gang ei fornorsking av oljespråket:

Ein grunn var tryggleik og arbeidsmiljø for nordmenn som arbeidde om bord og som hadde avgrensa engelskkunnskapar. Den faktoren vart ofte nemnd i media.

Ein annan grunn har å gjere med marknadsstrategi. Ved å gjere norsk til arbeidsspråk, sette Statoil ein standard for kva som skulle krevjast for å få konsesjon på norsk sokkel. Som norsk selskap fekk dermed Statoil eit konkurransefortrinn i høve til konkurrentar frå utlandet (jf. Sæbøe 1997).

Det kjem likevel an på om ein tenkte heilt instrumentelt på språkspørsmålet i Statoil. Dersom ein har som utgangspunkt at også kultur og ideologiar kan ha ein innverknad, vil også rolla til einskildpersonar i Statoil vere av interesse. På 1970- og byrjinga av 1980-talet gjorde unge, nyutdanna og idealistiske ingeniører viktige val på vegner av statsoljeselskapet. Slik Johan Myking (1997:21) ser det, peikar deira val indirekte tilbake på det kulturpolitiske klimaet:

Når drivkreftene bak fornorskingprosessen skal skildrast, er det likevel etter mi meining umogeleg å komma utanom den rolla einskildindividet har spela, og dermed den kulturelle motivasjonen. Det norske statsoljeselskapet var i første del av 1980-talet drive av unge ingeniørar. Dei hadde i stor grad ei idealistisk innstilling til å visa at norsk språk og kultur var fullt brukeleg – ikkje minst ut frå erfaringar dei hausta i møtet med teknologileverande amerikanarar. Mange av dei [...] hadde rolla både som fagspesialistar og avgjerdsamt, og denne dobbeltrolla forklarar truleg langt på veg

korleis dei kunne få så stor innverknad. Eg er ikkje i tvil om at desse personane hadde støtte for denne praksisen i toppleiinga i Statoil. Og dette var tale om personar som var i stand til å reagere på grunnlag av forskning, dokumentasjon og eit generelt kulturpolitisk klima i samfunnet. (S. 21.)

Kring 1980 var det ideologiske hegemoniet i studentkrinsar og i samfunnsordskiftet dominert av venstresideretorikk og at den grønne bylgja frå 1970-talet. Framleis var der tru på statsstyring i det politiske apparatet. Såleis kan valet av oljespråk sjåast på som ein indikator på at ideologiar og språkkulturelle verdiar kan spele ei rolle.

Men er det her tale om *purisme*? Isolert sett dreier fornorskingsstrevet seg om statusplanlegging. Sjølve utføringa – det praktiske terminologiarbeidet – er i sin tur basert på internasjonalt aksepterte terminologiske prinsipp. Det kan likevel vere grunnlag for å hevde at der også ligg til grunn ein puristisk tenkjemåte. For det fyrste var målet med Terminol-prosjektet å utrydde etablerte termar og avløyse dei med termar som var oppfatta som reinare. For det andre låg der, som Johan Myking (1997b:189) skriv, i prinsippet om morfologisk motivasjon (som arbeidet i Terminol-prosjektet var tufta på) innebygd ei kopling til purisme, både gjennom trua på at ordlagingar baserte på morfologisk motivasjon vil verke meir forståelege for folk flest (og dermed meir demokratisk) og gjennom idealet om å byggje på heimlege element.

8.4.7 “Aksjonen for språkleg miljøvern”

Bakgrunn og føremål

Eitt av dei mest omfattande og utoverretta tiltaka imot engelskpåverknad i Noreg var “Aksjonen for språkleg miljøvern”. Denne haldningskampanjen gjekk føre seg i fyrste halvdel av 1990-talet, og var retta imot “unødvendig og uheldig bruk av engelsk i norsk”. Profilen på aksjonen var annleis mykje av det Norsk språkråd elles hadde gjort – han tok i bruk uvande verkemiddel (brosjyrar, annonsar, fjernsyn, plakatar, klistremerke etc.).

Måten aksjonen kom til, må forståast ut frå diskusjonen om engelskpåverknad utover på 1980-talet, og det veksande engasjementet i Språkrådet for spørsmålet. Sekretariatet kom her med ein del innspel overfor styret.²¹⁸ For å få til ei haldningsendring, var strategien at Språkrådet ikkje skulle gå i dei optrakka stigane i form av t.d. vitenskaplege konferansar, men satse på å nå folk gjennom massemedium og reklame, i tillegg til statlege og offentlege organ som skulen. Næringslivet vert utpeikt som ei viktig målgruppe, det same vart ungdomen. I årsmeldinga for 1989 heiter det:

²¹⁸ Idéen om å setje i gang ein *kampanje* kom frå sekretariatet i Språkrådet. Eit utkast kom i eit internt notat datert 16. februar 1989 med tittelen “Kampanje mot anglonorsk” (forfatta av Dag Finn Simonsen). I notatet viste ein til at Kulturdepartementet stilte seg positivt til haldningsarbeid for å motarbeide “anglonorsken” (s. 2).

Språkrådet gir nå topp-prioritet til arbeidet for å motvirke unødvendig bruk av engelsk i norsk, og sekretariatet har gjennom det meste av året arbeidd med opplegget for en større holdningskampanje mot «anglonorsk». (S. 19–20)

Språkrådet fekk økonomisk støtte til aksjonen frå Kyrkje- og kulturdepartementet og Statens informasjonsteneste.²¹⁹ (Derimot fekk ein avslag frå NAVF på eit treårig forskingsprosjekt om “Engelsk språkstoff i norsk – tilpassing og holdninger”. På den måten kom paradoksalt nok politikken før forskinga.) I samband med aksjonen kom der ei rad tiltak og publikasjonar frå Språkrådet:

- *Språknytt*. Eit spesialnummer (nr. 2–1990) var vigd til aksjonen. Det kom dessutan stoff om og frå aksjonen i dei fleste andre nummer på byrjinga av 1990-talet.
- Brosjyrar.
- Annonsar i blad som *Tique*, *Økonomisk Rapport*, *Kapital*, *Illustrert Vitenskap* og *Norsklæraren*.
- Innslag i *Fulle fem*, Statens informasjonstjeneste sin bolk i NRK fjernsynet.
- Diplom for godt namnevevt.
- Diverse informasjonsmateriale, mellom anna 3000 plakatar, 8000 klistremerke og 7000 haldningsknappar.
- Deltaking i ålmenta. Representantar frå Språkrådet var aktive i media; dei skriv artiklar, deltok i polemikk, vart intervjuet og møtte opp på debatt- og temamøte.
- Kontakt med bedrifter som brukte engelsk (t.d. McDonald’s og Norske Meierier).
- Faglege konferansar: I 1994 vart det skipa til ein konferanse om norsk som framtidsspråk i arbeidslivet og i 1995 ein konferansen om purisme på norsk (med fagleg drøfting av anglonorsk-kampanjen).

For grunngiving av aksjonen finn vi i *Språknytt* 2–1990 fire viktige argument:

1. *Motverke dårlege språkhaldningar og fremje gode*. I fylgje *Språknytt* har mange nordmenn ei haldning om at norsk er fattigare enn engelsk. ”Kulturell mindreverdiskjensle” vert nemnt, og “Vi er sterkt uroa over det vi ser på som ei utbreidd beundrarhaldning til framandspråket engelsk.”

2. *Engelsk kan skape eit demokratisk problem*. Det vert vist til at mange nordmenn har vanskar med å skjønne engelske ord som *display*, *knowhow* og *leasing*.

3. *Førebyggje rot i språkssystemet*. Dersom det fonologiske, morfologiske og ortografiske systemet frå engelsk får innpass i norsk, skaper det komplikasjonar, hevdar Språkrådet. Det gjeld f.eks. ved bruk av –s som fleirtalssuffiks i substantiv, og det gjeld apostrofbruk, særskriving av samansette ord og det faktum at forholdet

²¹⁹ I tillegg kom det inn mindre summar og praktisk støtte frå nokre andre institusjonar, råd og utval. Tine Meierier og Norsk kulturråd gav 10 000 kr. kvar, Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening gav 15 000 kr., og det kom ulik økonomisk og praktisk støtte frå fleire råd, forlag og utval.

mellom skrift og tale er annleis i engelsk enn norsk, med dei konsekvensane det fører med seg.

4. *Norsk kan vere truga som språk*. Her har argumentasjonen både gått på korpus- og statuspåverknad. Engelske lån kan verte så omfattande at dei avløyser norsk ordlagingsstradisjon, bryt opp det morfologiske systemet, og er ein trugsel mot den språklege og nasjonale identiteten (jf. òg Lundeby 1987, 1988). I tillegg kan norsk språk tape domene.

Agumenta vart òg sedde i høve til dei overordna oppgåvene for Norsk språkråd. Ein fokuserte særleg på fyrste punktet i føremålsparagrafen, at Norsk språkråd skulle fremje “den kulturarv som norsk skriftspråk og talespråk representerer”. I *Språknytt* 2/1990 viste ein dessutan til at Norsk språkråd i føremålsparagrafen har til oppgåve å “fremme tiltak som kan øke kunnskapen om norsk språk, dets historie og egenart”, å drive haldningsarbeid (jf. føremålsparagrafen: “fremme toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som bruker norsk språk i dets forskjellige varianter”) og take brukardemokratiske omsyn (jf. føremålsparagrafen: “verne om den enkelte brukers rettigheter når det gjelder bruken av språket”). Det vart dessutan i fleire brosjyrrar vist til den didaktiske funksjonen åt Språkrådet (jf. føremålsparagrafen: “gi råd og rettledning til myndighetene og allmennheten”). Sjølv om haldningsaksjonen representerte ein ny handlemåte for Språkrådet, stod han ikkje i strid med føresegnene, og det var viktig for Språkrådet å få presisert det.

Brosjyrrar

Vi skal her gå litt nærmare inn på korleis argument og haldningar vart uttrykte i nokre utvalde brosjyrrar som kom ut i samband med kampanjen.

Bruk hodet, snakk norsk (1991)

I årsmeldinga for 1991 er denne brosjyren kalla ei “storsatsing”.²²⁰ Målgruppa var næringslivet, og Språkrådet fekk hjelp frå næringslivsorganisasjonar til distribusjon. 7500 eksemplar vart dessutan sende som vedlegg til Norsk Journalistlag sitt fagblad, *Journalisten*. I fylgje årsmeldinga for 1992 gjekk heile fyrsteopplaget på 20 000 med, og det vert prenta eit andreopplag på 12 000.

Tittelen “Bruk hodet, snakk norsk” er òg overskrifta på framsida. Denne tittelen har i ettertid vore kritisert (jf. Kristoffersen 1997): Dersom ein tek brosjyren ut av kampanjesamanhengen kan han intuitivt gi assosiasjonar i retning det norsk-sjåvinistiske (med slagside mot dei som bur i Noreg og talar innvandrarspråk). For Språkrådet var derimot slike assosiasjonar heilt fjerne; det var tale om å hevde verdiane av norsk i høve til engelsk. På framsida er der òg med eit sitat frå Herbert

²²⁰ Teksten i brosjyren var basert på eit utkast frå sekretariatet i Språkrådet, medan eit reklamebyrå bearbidde utkastet (Årsmelding 1991:39).

Svenkerud som skal byggje opp under desse verdiane: “Og nå må vi endelig kvitte oss med forestillingen om at norsk er et fattig språk. Den som hevder slikt, røper bare sin egen språklige fattigdom.”

Inne i brosjyren, etter overskrifta “Er norsk et truet språk?”, fylgjer to dramatiske spørsmål: “Har vi nordmenn grunn til å frykte at morsmålet vårt skal svekkes? Kanskje gå helt til grunne?” Teksten gir ikkje noko klårt ja-/nei-svar, men implikaturen om at norsk er truga, er tydeleg nok. Det vert for det fyrste vist til dei språklege autoritetane, *språkforskarane*, og at dei er uroa:

Både her i Norge og i andre land er det språkforskere som frykter for at de små lands språk ubønhørlig vil måtte vike plassen for de såkalte verdensspråkene – og da første rekke engelsk.

Sidan Norsk språkråd har ein offisiell status, har folk flest tiltru til rådet og til “språkforskere”. Når ein fyrst har ført språkforskarar inn på banen, ligg det implisitt at desse går god for det neste resonnementet – om posisjonen til engelsk og trugslane for norsk:

Engelsk har de siste tiårene erobret en posisjon i verden som ikke noe annet språk noen gang før i historien har hatt. Ser man litt mørkt på det, kan man lett forestille seg at dette nye verdensspråket med sin tyngde og prestisje kan komme til å fortrenge alle de mindre folkespråkene – mellom dem også norsk. (S. 3)

Realitetane i desse påstandane er omdiskuterte, og i ettertid har Språkrådet også fått kritikk for dei, m.a. av Rolf Theil Endresen og Gjert Kristoffersen (Simonsen 1997). At påstandane står på fyrste sida og med store bokstavar, gir dei likevel tyngd.

På neste sida kjem der nokre modifikasjonar: Det finst ulike syn på “i hvilken grad norsk er truet av engelsk” og “hvor stort tap dette i så fall vil være” (“dette” truleg i tydinga i ‘om engelsk tek over for norsk’). Modifikasjonane kjem likevel såpass på etterkant at dei får mindre kraft. Dessutan problematiserer ein ikkje spørsmålet *om* norsk faktisk er truga av engelsk; det vert slege fast som eit faktum.

Ein annan modifikasjon i brosjyren er at engelske lånord ikkje treng å vere den største trugselen for norsk språk, og at domenetap kan vere endå farlegare. Det er likevel mest tale om “Alle de engelske lånordene i norsk språk” (underforstått: der er mange av dei), og vist til at jamvel “det prestisjetunge franske språk sliter med tiltagende dominans fra engelsk.” Verbet “sliter” indikerer at engelskpåverknaden er stor og ikkje ynkeleg. Under overskrifta “Bort med mytene” viser ein til at “utrolig mange her i Norge” meiner at norsk er fattigare og har eit mindre ordforråd enn engelsk, og at norsk ikkje passar til alle føremål. Brosjyren problematiserer slike mytar, og viser kor vanskeleg det er å vurdere språk i høve til kvarandre. Delen vert avslutta med argument for at språk er knytt til personlegdom og identitet, og at mindreverdige haldningar til norsk kan verke som ein sjølvoppfyllande profeti.

Ja til norsk (1990)

Ja til norsk er eit skulehefte med eit opplag på 125 000. Fyrste året vart det sendt ut til alle vidaregåande skular og alle ungdomsskular, med tilråding frå departementet. I åra etterpå vart det gitt ein del tusen eksemplar til alle skular med 7.-klassar.

Brosjyren vil snu på ein del språkhaldningar, t.d. om at norsk er fattigare enn engelsk. Det vert peikt på kor vanskeleg det er å vurdere ord-rikdom i eit språk, men at ein i Noreg ikkje har noko å skjemma seg over; t.d. skal Henrik Wergeland vere ein av dei forfattarane som nytta flest ulike ord. (At han nytta dansk, vert ikkje nemnt.)

Når det i brosjyren står “Nedvurderer vi morsmålet, nedvurderer vi samtidig oss sjølve”, er det bruk av engelsk ein refererer til. Kjensleappellerande er også argumentet om at nordmenn fangar meir interesse i utlandet ved å halde på det som er genuint norsk. I forlenginga av det argumentet vert det vist til ein reportasje frå *Bergens Tidende* om turistfirma som køyrer utanom norske bygdebyar:

Det første engelske turistar reagerer på, er dei fjollete namna på dei mange nye butikkane. Er vi komne til USA, spør dei, før dei ser det radbrekte språket – og forstår at det heile er talentlause forsøk på amerikanisering. Først ler dei, men så blir dei triste over å sjå at dei er komne til eit land som dei hadde venta seg noko heilt anna av: Turistar kjem til Noreg for å oppleve det norske, og ikkje dårlege kopiar av USA. “Kvifor driv nordmenn eit slikt hærverk med bygdene sine?” er det gjengse spørsmålet, fortel ho. (S. 10–11.)

Her appellerer ein til skamkjensle overfor den opplevinga andre har av Noreg og av norsk språkbruk. Gjennom bruk av engelske reklameskilt tilfredsstiller ikkje nordmenn forventingane turistar har om autentisitet. Brosjyren peikar også på fleire andre faktorar som gjer det problematisk med overdriven bruk av engelsk: forståingsproblem, språkstrukturelle problem, bruken av småe språk i høve til større språk.²²¹

Namn i neon (1993)

Brosjyren *Namn i neon* er i fylgje undertittelen “Eit tilbod til bedrifter, etatar og organisasjonar”. Bodskapen er å fremje bruken av norske namn og arbeide for å få dei “skrivne på norsk vis”. Det vert vist til elementære rettskrivingsfeil ved bedriftsnamn: feil bruk av stor og liten forbokstav, særskriving av samansette ord, feil bruk av bindestrek og apostrof. Dei som finn på gode norske namn vert karakteriserte som fantasifulle, medan dei engelskpåverka vert tilsvarande fantasilause.²²²

Norsk – i nye tusen år? (1996)

Brosjyren *Norsk – i nye tusen år* er retta mot skuleungdom. Gjennom spørsmål og oppgåver skal elevane kunne aktiviserast. Fokus er no i større grad på statuspåverknad enn på korpuspåverknad, noko som heng saman med eit tilsvarande fokusskifte i aksjonen som heilskap (jf. nedanfor). Brosjyren viser til faren for domenetap, og at språkdaude er eit aktuelt fenomen. I denne samanhengen vert det argumentert for at norsk skal haldast oppe som eige språk, og at nordmenn skal bruke norsk. Dette representerer noko nytt: Når ein på 1960- og 1960-talet kom med negative visjonar om framtida for norsk språk, var verdien av norsk teken for gitt.

²²¹ I 1994 vart heftet evaluert av lærarar gjennom spørjeskjema. Svare er handsama i eit internt dokument (utarbeidd av Jon Peder Vestad 1994). Lærarane legg vekt på den pedagogiske sida (om og korleis stoffet passar for den aktuelle aldersgruppa etc.), og er middels nøgde. Det har derimot ikkje kome tilbakemeldingar som går på den språkpolitiske sida ved hefta.

²²² *Namn i neon* skil seg noko ut frå dei andre brosjyrane gjennom eit meir ryddig og tiltalende grafisk oppsett, lite tekst på kvar side, og har også ein gjennomført lettare og ironisk stil.

Brosjyrane frå Språkrådet er generelt kampanjeprega. Dei appellerer til kjensler og haldingar, og utnyttar samtidig statusen til Språkrådet gjennom implikaturar om at det skjer ein språkpåverknad som frå ein lingvistisk synsstad kan verke skadeleg. Noko som er interessant ved kampanjepreget er vektlegginga av det personlege mellom einskildindividet og morsmålet. Her er eit døme frå *Norsk i nye tusen år*:

Ikkje berre gjev morsmålet det største språklege registeret. Det sit også djupare enn vi tenkjer over til vanleg. Det er ein del av oss sjølve, av identiteten vår. Synest vi at norsk er keisamt, dumt eller utilstrekkeleg, da er det kanskje oss sjølve vi er misnøgde med?

Respekterer vi oss sjølve, er det lettare å møte dei kulturelle impulsane som kjem utanfrå. Det blir òg lettare å godta at andre menneske har andre morsmål, som er nett like viktige for dei som norsk er for oss.

Nedvurderer vi morsmålet, nedvurderer vi samtidig oss sjølve. (S. 4.)

Språksynet er herderiansk: Norsk språk (dvs. morsmålet) vert oppfatta som eit autentisk og inderleg uttrykk for einskildindividet. Samtidig er det tale om “vi” og om “oss”, dvs. om individet som del av kulturen og samfunnet. Den underliggjande tanken er at gjennom unødvendig bruk av engelsk og anglisismar kjem einskildindividet i eit mistilhøve med seg sjølv og med samfunnet. Å fornekte sitt eige språk, vil dermed uttrykkje mindreverdskjensle og sjølvforakt. Derfor vert det ei viktig oppgåve for Språkrådet å få fram rikdommen i norsk språk.

Denne inderleggjeringa av språket kan problematiserast, ut frå tanken om at identitetar er skiftande, og at språkskifte reint prinsipielt ikkje treng å føre med seg manglande sjølvrespekt. Even Hovdhaugen kom med ei slik allmenn problematisering i artikkelen “Språk og nasjon” (1991). Under kampanjen kom det like fullt få reaksjonar på denne måten å vurdere språk på.

Invasjons-retorikk

Tittelen “Aksjonen for språkleg miljøvern” alluderer til miljø-retorikken på byrjinga av 1990-talet. På denne tida var “alle” blitt for miljøvern, og statsminister Gro Harlem Brundtland var “verdas miljøvernminister”. For å vri på eit plussord tala Språkrådet alt i 1988 om “at det trengst eit aktivt språkmiljøvern.” (Årsmelding 1988:22.)

Når ein bruker nemninga “miljøvern” er det underforstått at det som ureinar, representerer noko som ein ikkje vil ha. I spesialnummeret av *Språknytt* vert engelskinnsлага jamførde med sjukdomar:

I tillegg har brukarane av norsk ikkje vaksinert språket godt nok, dvs. passa godt nok på det. Her kjem bruken av nemninga “engelsk sjuke” inn. “Engelsk sjuke” har vore

den folkelege nemninga for rakitt, som er ein mangelsjukdom (pga. vitaminmangel). Haldningskampanjen vil då fungere som ei språkleg vitamininnsprøyting, og kunne verne mot den type sjukdomar. Det vert tala om “beundrarhaldning til framandspråket engelsk” (Språknytt 2/90:2).

I brosjyrar, artiklar og i debatten vert det òg nytta krigsmetaforikk med ord som “invasjon”. Eit døme på det finn vi i artikkelen “Internasjonalisering og opprusting av morsmålets institusjoner” (1995), skriven av Geirr Wiggen, ein av dei mest sentrale i språkrådsaksjonen. Wiggen skriv at den “angloamerikanske språktonen” “sniker” seg inn einskildindividida (s. 72), og at det går føre seg “en språklig-kulturell invasjon av underbevisstheten” (sst.) og ei “mental kolonisering” (s. 73). Wiggen bruker også krigsmetaforikk når han viser til korleis USA bruker språket som konkurransefortrinn:

Bruken av angloamerikanske ord og uttrykk blir i den sammenhengen å likne med jamne slipp av språklige “falskjermjegere” på fremmed land, som over tid arbeider for å gjøre det fremmede landet mer mottakelig for engelskspråklige kommersielle framstøt. (S. 73.)

Også professor Egil Pettersen nyttar invasjonsmetaforar når han på vegner av Norsk språkråd presenterer kampanjen i *Språk i Norden 1989*. Pettersen talar om ein “flom av engelske ord” (s. 78), om “Svermeriet for engelsk” (s. 79), og at “Som en farsott rammer den engelske sjuken” (s. 80). Om omfanget, sett i eit historisk perspektiv, skriv Pettersen: “Vi må huske på at uansett hva som tidligere har skjedd, har vi aldri før opplevd en så massiv invasjon av fremmedord, og i løpet av så kort tid.” (S. 78.) Pettersen åtvarar mot at norsk språk vert eit “blandingsspråk, der systemet i ortografi og morfologi går i sakte oppløsning” (sst.). Gjennom engelskpåverknaden er norsk utsett for “forsøpling” og “forurensning” (sst.). Alternativet vert då “kamp”:

Kampen mot anglisismene er et høgt prioritert område for Norsk språkråd, og mye blir gjort så langt muligheter og midler rekker, men det er dessverre ikke så langt. Det er en vanskelig kamp som ofte virker håpløs. Det er en kamp mot snobbethet, jåleri, mot språklig-nasjonal mindreverdigheitskompleks, mot mangel på respekt for eget språk. Men først og fremst er det en kamp mot sterke kommersielle krefter som ser sin fordel i å bruke engelsk som påvirkningmiddel, særlig på ungdommen. (Pettersen 1989:77.)

Felles for dei metaforgruppene som er nemnde her, er at dei fokuserer på grensekrenkingar: Der er noko eller nokon som invaderer språket utanfrå. Norsk språk og norske språkbrukarar får ein offerfunksjon. Denne offerfunksjonen er særleg tydeleg hos *ungdomen*:

Film, video, popmusikk har først og fremst ungdommen som målgruppe, og det er den som mest “digger” alt engelsk. Avhengig som den er av det moteriktige, lar den seg lett påvirke også språklig. [...] Kommersielt innstilte firmaer og institusjoner spekulerer derfor i denne ungdommens svakheter for det engelske. (S. 84.)

Kjell Venås er også oppteken av ungdommen. På vegner av Norsk språkråd skriv han i *Språk i Norden* 1991: “I kampanjen vendt mot ungdommen har vi lagt vinn på å gjera nettopp dei unge vakne for kor dumt det er å hoppe på den internasjonaliserte marknadskarusellen som blir stelt i stand for dei i den vanlege reklamen.” (Venås 1991:45.) Perspektivet er ovanfrå-og-ned: Dersom ein ikkje rettleiar ungdommen, står han i fare for å falle i dei anglo-amerikanske fangarmane. Ein slik måte å vurdere ungdommen på, gjeld ikkje alle publikasjonar frå Språkrådet i samband med “Aksjonen for språkleg miljøvern”. (Mellom anna vert det også gjort eit lita gransking av haldningar som ungdom har [Simonsen og Uri 1992].) Den generelle tendensen er likevel at ein ser på ungdommen som offer for einsidig overføring. At ungdom t.d. sjølv kan bruke engelsk på ein kreativ måte, og også påvirke resten av språksamfunnet (noko t.d. Gulliksen 1978, 1980a, 1980b, Graedler 1998:244f. og Preisler 1999 er inne på), nemner ein ikkje.

Mottaking

Aksjonen skapte blest og interesse for lånordproblematikken blant folk flest. Leiaren for Norsk språkråd, Geirr Wiggen (1991:27), skriv:

Norsk språkråds avisklipptjeneste viser at knapt noe språklig tema har fylt avisspaltene mer det siste året. Og blant de mange reportasjene, leserbrev, artiklene og kronikkene skal en leite lenge etter dem som forsvarer denne engelskbruken.

Språkrådet laga i 1992 ei oversikt over institusjonar og organisasjonar som hadde fått tilsendt materiell, og kva tilbakemelding desse hadde gitt (notat av 10. juni 1992). Dei aller fleste var positive; fleire tok opp spørsmålet internt i organisasjonen.²²³ Nokre få meinte at emnet fall utanfor interessefeltet (Norges ingeniørorganisasjon, Norsk Hydro etc.). Om Freia A/S heiter det: “Slutter seg i prinsipp til aksjonen, men kan ikke med arbeidsplasser og kapital som innsats til enhver tid ha språklig miljøvern som rettesnor i markedsføringa.” (Språkrådet sitt referat, sst.)

²²³ Det galdt t.d. i medlemsblad (Norges fotballforbund, Kommunalansattes fellesorganisasjon, Landslaget for norskundervisning, Norges Husmorforbund, forfatterforeiningar, Norsk Musikerforbund, Norske Meierier, NSB, Reklamebyråforeiningen etc.), ved å gjere tilsette og avdelingar kjende med aksjonen (fleire departement og høgskular, Postdirektoratet, fylkeskommunar, Oslo kommune, Trondheim kommune, Forbrukerrådet etc.).

Politisk fekk kampanjen oppslutnad frå alle politiske parti, med unntak av Framstegspartiet (som pga. sin liberalistiske politikk var imot offentleg språkstyring). Denne så å seie allmenne politiske oppslutnaden er påfallande, då kampanjeretorikken ikkje berre krinsa kring engelsk språk, men òg fokuserte på dei negative sidene ved anglo-amerikansk kulturpress. Det ville truleg ha vore langt vanskelegare å få såpass tverrpolitisk støtte for ein slik kampanje midt på 1980-talet – under den kalde krigen.

Kampanjen møtte like fullt motstand frå ein del språkvitarar. Ein av dei fyrste som ytra seg var Even Hovdhaugen, professor i lingvistik, med artikkelen “Lånord og myter” i *Språknytt* 3/1990. Hovdhaugen meinte at kampanjen imot engelske lånord var full av mytar og fordommar, og han tok opp fire slike:

1. “Altfor mange lånord kan være skadelig for norsk.” Hovdhaugen skriv at alle språk har lånt frå andre språk, og at dess rikare ordforrådet til eit språk er, dess rikare er språket.

2. “Norsk er i dag utsatt for en spesielt sterk og farlig påvirkning fra engelsk.” I fylgje Hovdhaugen er engelskpåverknaden langt mindre enn det den nedertyske var. Ein klarer seg ikkje utan lån, og berre eit fåtal av orda i norsk språk er arveord.

3. “Lånord gjør språket uforståelig og skaper kommunikasjonskløfter.” Bruken av engelsk i reklame tilbakeviser påstanden: “dersom den ikke klarer å få folk i tale, går den konk.” (S. 6.) Hovdhaugen problematiserer også argumentet om at bruk av engelsk er “jålete”. Han spør: “er det gitt at språket bare skal være et effektivt og krystallklart kommunikasjonsmiddel?”. Då må det være lov å jåle seg, for språk skal også “more, pirre, skape noe nytt, leke, åpne for fantasi, utvide verden” (sst.). Eventuelle forståingsproblem kan løysast gjennom ortografisk tilpassing.

4. “Det norske språket trues pga. påvirkningen fra engelsk.” Hovdhaugen peikar på at norsk har ein svært privilegert posisjon blant verdas språk. Norsk er altså ikkje i fare. Hovdhaugen meiner dessutan at anti-påverknadsretorikken ikkje rimar med tanken om eit fleirkulturelt samfunn:

Bak ropet om norsk bare for norske ord ligger assosiasjonen om Norge bare for nordmenn ubehagelig nær. (Sst.)

Ein annan som kritiserte Språkrådet, var professor Finn-Erik Vinje. Han gav intervju og skreiv innlegg og kommentarar der han dels ironiserte over og dels kom med argument mot “Aksjonen for språkleg miljøvern”. Det var særleg eit intervju i *Skoleforum* 9/1991 og eit innlegg i same tidsskriftet (16/1991) som vekte merksemd. I intervjuet kallar Vinje aksjonen for “et drøyt stykke demagogi”, og meiner namnet gir assosiasjonar i retning rasisme og framandfrykt:

Språkrådets anti-engelske kampanje lanseres under slagordet “Språklig miljøvern”. Det impliserer at språkpåvirkningen utenfra er forerensning, på lik linje med sur nedbør, og det er sant å si et drøyt stykke demagogi. I våre dager, med skumle tilløp til Norge-for-nordmenn-holdninger både her og der, burde Språkrådet veid sine ord. (Vinje 1991a:28)

Vinje viste til at ein alltid har lånt frå andre språk, at talet på engelske lån er lite i høve til latin, gresk, tysk og fransk, og at bruk av engelsk har ein stilistisk funksjon, særleg blant ungdom, som det ikkje treng å vere noko gale med. Eventuelle problem med skrivemåte og bøyning kunne løysast gjennom tilpassingar. Vinje gjentok synsmåtane i eit svar (1991b) på motinnlegg frå Geirr Wiggen (1991).

Vinje har ein status i ålmenta som “språkkjendis”. Derfor vekte hans utsegner også merksemd; særleg kritikken av nemninga “språkleg miljøvern” gjorde eit visst inntrykk internt i Språkrådet.²²⁴ Vinje kom med kritikk av språkrådsaksjonen også i fleire av bøkene han gav ut på 1990-talet. I *Bedre norsk. Språkråd fra A til Å* (1998) kallar han aksjonen for “reaksjonær”, og viser til Israel Levin og hans utsegner om lånord som “Culturens Gesandter” (jf. danskkapitlet).

I tillegg til kritikken mot sjølve aksjonen kan det nemnast at Rolf Theil Endresen (1989/90) var tidleg ute med kritikk imot den allmenne otten for engelskpåverknad.

Seinare har det kome meir kritikk av “Aksjonen for språkleg miljøvern”, også internt i Språkrådet. Her kan det visast til usemja om kampanjenamnet. Under eit språkrådsseminar om purisme i 1996 kom Tove Bull inn på at denne usemja:

Litt lite gjennomtenkt var det nok å kalle han “Aksjonen for språkleg miljøvern”. Eg likar ikkje dei assosiasjonane namnet gjev til språkleg ureining – som om engelske innslag i norsk skulle føre til ureining. (...) Nokre av oss har ønskt å gå bort frå uttrykket “språkleg miljøvern”. Dette har vore litt kontroversielt. (Tove Bull i paneldebatt, i Simonsen 1997:49)

Kjell Venås kunne i replikk til Bull opplyse at språkrådsstyret vart delt om lag på midten i synet på aksjonsnamnet (Venås i paneldebatt, Simonsen 1997:57). I eit internt notat datert 27. oktober 1997 (forfatta av Dag Finn Simonsen) vart det føreslege å kvitte seg med nemninga “språkleg miljøvern”:

De som kritiserer bruken av [begrepet], har rett: Er det behov for miljøvern for språket, kan behovet ikke knyttes ensidig til lånord og påvirkning utafra. Det må knyttes til strukturelt betinga dårlig språk mer allment, og eventuelt til det Einar Haugen kaller “språkets økologi”, et beslekta begrep, men uten puristisk tilsnitt. (Norsk språkråds arkiv.)

²²⁴ Jf. samtale med Dag-Finn Simonsen 30. mai 2000.

I eit brev frå Norsk språkråd til ein dansk student (datert 29. november 1996 og under- teikna kontorsjef Arnold Thoresen og Dag Finn Simonsen) heiter det om meiningane blant folk:

Det har ikke vært noen meningsmåling om dette. Noen er svært positive til aksjonen, de fleste er trolig lite interessert, og noen oppfatter faktisk arbeidet som nasjonalistisk, ja rasistisk. Det siste er bakgrunnen for at en er blitt forsiktig med å bruke metaforen “språklig miljøvern”. (Norsk språkråds arkiv.)

I det same brevet står det også at “rådets interesse med årene har svingt mer i retning av faren for domenetap (at engelsk overtar hele bruksområder)”.

Domenetap

Overgangen til å tale om “statusvern”, som Språkrådet byrja med på midten av 1990- talet, innebar meir enn eit namneskifte. I eit språkrådsnotat (skrive av Dag Finn Simonsen) datert 27. oktober 1997 vert det vist til at ei “forskyving i denne retningen har alt foregått ei tid”. Tendensen til å fokusere meir på domenetap er attspegla i årsmeldingane. Medan “Aksjonen for språkleg miljøvern” var ført opp som eige punkt i 1993, var det i årsmeldinga for 1994 tale om “Statusvern for norsk”. Kjell Venås hadde i *Språk i Norden 1993* ein artikkel om “Domenetap for norsk?”. Det fyrste faglege seminaret Språkrådet arrangerte i samband med anglonorsk-kampanjen (i 1995), handla òg om språkstatus. I innleiinga til seminarrapporten kjem Tove Bull inn på at språkrådskampanjen er vorten tolka som “ein puristisk kampanje mot engelske lånord i norsk” (Bull 1995:5). Det tykkjer Bull “er vanskeleg å forstå, for oppfatninga byggjer på ei mistyding.” (sst.):

Kampanjen har hatt – og har framleis – to brennpunkt: det språkleg-visuelle nærmiljøet vårt og dei samfunnsdomena der engelsk etter kvart har fått ein sterkare plass. Språklege domene og faren for domenetap har komme stadig sterkare fram. Arbeid retta mot engelske lånord i norsk er heilt marginalt i kampanjesamanheng. Derimot er det ein del av den heilt ordinære verksemda til Norsk språkråd å arbeide med normering av skrivemåten av ord, også engelske lånord. (Sst.)

Bulls resonnement er ikkje heilt lett å seie seg samd i. Dersom ein les kampanje- materialet og artiklane som kom i samband med “Aksjonen for språkleg miljøvern”, ser ein ei sterk merksemd på korpuspåverknad. (Det er dessutan lånorda som har vekt merksemd hos det breiare publikummet.) Som Bull delvis sjølv er inne på, er status- påverknaden eit emne som har kome sterkare fram *etter kvart*.

Effekten

Det er vanskeleg å vurdere effekten av “Aksjonen for språkleg miljøvern”. Ingenting tyder på at talet på engelske lån har minka i løpet av 1990-talet; heller tvert om. Kor vidt omfanget av engelske lån hadde vore større om ein ikkje hadde hatt kampanjen, er det knapt råd å avgjere.

Ein skal likevel ikkje sjå vekk frå at aksjonen har hatt indirekte verknader. For det fyrste har han gjort fleire merksame på engelskpåverknaden. Derest har all medie-merksemda, bruken av kampanjemateriell i skulen og referering i fleire bøker gjort at mange har fått med seg kva Språkrådet meiner om saka. I den samanhengen kan ein tenkje seg at aksjonen har hatt ein psykologisk påverknad: Dag-Finn Simonsen (tilsett i Norsk språkråd) har i eit personleg intervju (30. mai 2000) vore inne på tanken om at Språkrådet kan fungere som eit språkleg “over-eg” ved at det set ein puristisk standard. Jamvel om folk bruker anglisismar, kan eksistensen av eit “over-eg” som åtvarar mot anglisismar verke til å gi eit dårleg språkleg samvit, og eventuelt indirekte halde ein frå visse typar anglisismar. Denne indirekte verknaden kan òg gå på å skape ei meir positiv haldning til avløysarord eller til andre måtar å handtere dei engelske orda på (t.d. gjennom ortografisk tilpassing). Ein slik effekt må vurderast gjennom ei meir omfattande haldningsgransking.

8.4.8 Nasjonalisme

I kampanjemateriellet til “Aksjonen for språkleg miljøvern” vert norsk språk sett på som viktig del av nasjonen, og einskildindividet får ein plass i nasjonen gjennom språket (jf. ovanfor). Nemninga “norsk” vert også mykje brukt, t.d. gjennom titlar som “Si ja til norsk”, “Bruk hodet, snakk norsk” og slagordet “Si det på norsk” (brukt på eit klistremerke under aksjonen). I artikkelen “Internasjonalisering og opprusting av morsmålets institusjoner” (1995) presiserer Geirr Wiggen at aksjonen handlar meir om folk og nasjonen enn om språket isolert sett:

Når Norsk språkråd i det siste har mant norskspråklige kvinner og menn til “språklig miljøvern/statusvern” med brodd mot unødvendig engelskinnblanding i dagens norske språkbruk, er det framfor alt den kulturelle identiteten og sjølbevisstheten til den enkelte i samtidas og den nære framtidens Norge rådet har hatt i tankene. Det er altså ikke språket sjøl, men *det språket og språkbruken gjør med oss her og nå*, som særlig fortjener vår oppmerksomhet i denne sammenhengen. (Wiggen 1995:72.)

Wiggen legg vekt på språket som nasjonalt symbol: “Det norske språket er trulig den viktigste, om enn ikke den eneste, enkeltfaktoren som gjør at vi kjenner oss norske, som gir oss nasjonal identitet.” (Sst.) I ein annan samanheng set han aksjonen inn i ei

ramme med nasjonal frigjering frå kulturimperialisme – med klåre allusjonar til unionstida med Danmark:

Kampanjen mot “anglonorsk” dreier seg om at norskspråklige må kvitte seg med den språklig-kulturelle mindreverdigheitsfølelse som ligger under den forførende og unødvendige bruken frå det engelsk-amerikanske “herrespråket” [...] Det er et tiltak for å vekke det lille språksamfunnet til kulturell sjølbewissthet, trygghet og stolthet, for å kaste av slaveholdninga og husmannsånden. Vi sier: Ryggen rak! Norsk duger! Fra hundreårig strid om språklig frihet i norsk kulturhistorie burde mange kjenne seg igjen i denne holdninga. (Wiggen 1991:29.)

Vektlegginga av nasjonale argument finn vi også hos Einar Lundeby i artikkelen “Fremmedord – hva gjør vi med dem?” (1987). Som hos Wiggen er der ein viss moraliserande tendens:

Det norske språket er en del av vår identitet – av den individuelle og den nasjonale identitet. Er det riktig av oss å la denne nasjonale arveskatten bli stadig mer utvannet med fremmed språk? Dette knefallet for den engelsk-amerikanske påvirkningen, for det kommersielle reklamespråket, for språklig snobberi – er det oss som nasjon verdig? (Lundeby 1987:86.)

På 1980-talet tok også Noregs Mållag og Norsk målungdom opp spørsmålet om nasjonalitet i samband med engelskpåverknaden. (Målungdomen var særleg oppteken av nasjonalitetsspørsmålet – noko som mellom anna er dokumentert i *Mål og makt*, særleg ved byrjinga av 1990-talet – men der kom engelskpåverknad meir perifert inn.)

Bruken av nasjonalistisk retorikk samsvarar med den generelle tendensen på 1990-talet til å setje sterkare fokus på nasjonale spørsmål. I samband med OL på Lillehammer i 1994 vart det produsert ei rad nasjonale symbol. Folkeavrøystinga om norsk EU-medlemskap handla òg mykje om det nasjonale – om ”sjølvvråderett”. Vi ser òg tendensen i skuleverket: I arbeidet med ny læreplan for grunnskule og vidaregåande opplæring (Reform 94) vart det lagt større vekt på å formulere eit felles kunnskapsgrunnlag ut frå felles nasjonale kjelder. Utdanningsminister Gudmund Hernes sendte i 1992 ut eit høyringsutkast med sterk vektlegging av det “norske”, “nasjonal egenart”, “eget og andre lands religioner”, “vårt eget land” etc. (der vart t.d. samar omtala som “nordmenn med annen kulturell bakgrunn” [jf. Tønnesson 1993:364]). Det kom på 1990-talet ei omfattande forskning om norsk nasjonalisme der gamle synsmåtar vart problematiserte; det gjeld mellom anna forskingsprosjektet “Utviklinga av ein norsk nasjonal identitet på 1800-talet” ved Universitetet i Oslo (jf. Sørensen 1998). Forskingslitteraturen om emnet er etter kvart vorten omfattande, både med meir populære innslag og meir teoretiske drøftingar (jf. sst., Østerud 1994).

På 1990-talet kom kulturfilosofen Stein Bryn med innspel om engelskpåverknad i høve til førestellingar om “det norske”. Bryn fekk stipend frå NAVF for å forske på amerikansk påverknad på norsk kultur, og reiste rundt i landet med lysbiletreføredrag om emnet. Han skreiv òg monografien *Amerikanisering av norsk kultur* (1992) og doktoravhandlinga *The Americanization of Norwegian culture* (1994).

Bryns utgangspunkt var at norske verdier, haldningar og tradisjonar var truga pga. amerikansering: *Fun Cafe* i Molde henta magien frå ein annan samanheng enn *Kaffistova*. Amerikansk *fun* og *action* var nemleg noko anna og noko langt meir spennande enn norsk *moro* og *handling*. Visse verdier og handlingar vart dermed knytte til engelsk. Bryn meinte ein måtte gjere noko med “vår mangelfullt utviklede kulturelle identitet, vår manglende kunnskap om vår egen kultur” (s. 38). For norsklærarane såg han ei oppgåve i å “gjenreise både kunnskap om og respekten for våre egen kulturbakgrunn” (s. 38), og å fokusere på nasjonale heltar som Bjørnson og Nansen.²²⁵

Bryns argumentasjon hadde fleire likskapstrekk med det Sigmund Skard kom med i *Målstrid og massekultur* (1963). Bryn la derimot klårare vekt på nasjonsbygging: Både kulturelt og språkleg burde ein markere det norske som noko viktig og positivt.

8.4.9 Finn-Erik Vinje

Også i eit språksamfunn som det norske – med sterke tradisjonar for offentleg språknormering – har private bedrifter som aviser og fjernsynskanalar ei viktig normeringsrolle. I tillegg har ein også i Noreg rom for einskildpersonar som kan framstå med ei normerande kraft. Eit døme på det er professor Finn-Erik Vinje. Han har vore språkkonsulent i NRK, forfattar av ei stor mengd handbøker og artiklar om praktisk språkbruk, og hatt funksjon som “språkleg rikssynsar” i media. Han har popularisert språkstoff, t.d. gjennom dei ti språkvettreglane som staten har spreidd gjennom brosjyrar og plakatar.

Den fyrste handboka frå Finn-Erik Vinje, *Moderne norsk* (1968), vart presentert som ei normativ handbok i grammatikk- og stillære. Førebiletet var tilsvarande bøker for svensk og dansk. (Erik Wellanders *Riktig svenska*, Åke Åkermalms *Moderna svenska*, Erik Rehlings *Skriftlig Form* og Aage Hansens *Vort vanskelige sprog*.) Engelske lån er hos Vinje handsama i underkapitlet “Fremmede ord” (s. 28f.). Her får også purismen sitt: “En kan trygt si at den konsekvente purisme har utspilt sin rolle”

²²⁵ Bryn åtvare rett nok imot eit essensialistisk kultursyn der der innhaldet i det norske var gitt på førehand. Ein måtte utvide forståinga av det norske. Såleis var der visse engelsk-amerikanske element som var komme for å bli. *Rocke-stugu* på Otta var i fylgje Bryn eit glimrande namn; det sameina det moderne (rock) med det tradisjonelle (stugu) (s. 151). *Hard Rock Café* gjorde derimot ikkje det (sst.). Når gjeld kriterium for å skilje mellom gode og dårlege utvidingar av “det norske”, var Bryn uklår.

(s. 28), “Ideen om språkrensing (purisme) i den tradisjonelle forstand har ikke mange tilhengere i dag” (2. utg., s. 54). Det vert vist til ein ikkje kan klare seg utan internasjonale ord, ikkje minst til tekniske føremål. Derimot er lånord problematiske dersom dei kjem i staden for “gode norske ord eller tidligere innlånte, hevdvunne ord” (s. 55); då “bør de fremmede avvises.” (Sst.) Problematiske er det òg når eit lånord ikkje let seg tilpasse norsk uttalevane og bøyingsssystem, t.d. *thriller*, *juice* og *chips*. Ord som bryt med det tradisjonelle forholdet mellom skriftbilette og uttaleform bør òg unngåast, t.d. *camping*, *design* og *weekend*. Vinje viser til at svenskane oftare har gått lenger i å nasjonalisere skriftbiletet, t.d. i ord som *bagg*, *jett* og *popp* (former som også Vinje vil ha innført i norsk [s. 56]). Også fleirtals-s av substantiv bør ein halde seg for god til å bruke; endinga inneber ei komplisering av det eksisterande bøyingsverket (sst.). Eit tredje tilfelle gjeld den semantiske utvidinga av ord, forårsaka av engelsk-amerikansk påverknad, t.d. *panel* (også om diskusjons-panel), *filosofi* (også om ‘teori’ og ‘idé’) og *romanse* (som ‘kjærleikshistorie’). “Slike innlån er av tvilsom verdi for språket vårt”, fordi dei skaper fleire homonym (s. 57–58). Vinje ser positivt på omsetjingslån; dei glir lett inn i språkssystemet, og er ofte gjennomsluktige. Slike omsyn er viktige, i alle fall “for en språkrøkt som ledes etter demokratiske prinsipper” (s. 60). I somme tilfelle må ein likevel ty til ordlaging på heimleg grunn (sst).

Vinje meiner at ein del engelske lån kjem gjennom svenske kanalar (t.d. svensk fjernsyn). Svenske ord i seg sjølv “gir oss et ryggstø mot den engelsk-amerikanske påvirkningen, som er langt mer bekymringsfull”; derimot det kan vere fare på ferde når svesismar kjem i staden for norske ord og vendingar (s. 61). I *Svecismer i moderne norsk* 1972 er Vinje meir varsam, men meiner at t.d. *indoktrinering*, *tribunal*, *sniffe*, *digge* (s. 60f.) kjem frå svensk.

I 1971 vart Finn-Erik Vinje språkkonsulent for bokmål i NRK, og var det i 22 år. Som del av språkkonsulenttenesta sendte han ut språkbrev til medarbeidarane. Boka *Å veie sine ord* (1980) samlar eit utval av språkbrev frå 1971–1979. Her er Vinje mest oppteken av kva som er “rett” og “gale”. I spørsmål om ordval kjem også spørsmålet om “godt” og “dårleg” inn, og då spelar engelske ord ei viktig rolle: “Den engelsk-amerikanske påvirkning er det alvorligste problemet for moderne norsk språkrøkt” (s. 262). Engelske ord vert særleg handsama i samband med “moteord”, som ein bør vere varsam med (s. 117). Vinje argumenterer for norsk uttale av utanlandske ord (s. 269). Samstundes ser han at uttalen heng saman med skrivemåten, slik at det er lettare å få norsk uttale ved skrivemåtar som *musikal* (for *musical*), *jus* (for *juice*), *jobb* (for *job*) og *klubb* (for *club*). Såleis vil Vinje fornorske skrivemåten og uttalen:

Personlig er jeg villig til å gå langt i retning av å fornorske innlån som er i ferd med å rydde seg rom i vårt språk. De beste utsikter til å lykkes har vi ved ferske innlån, og

jeg synes at norske språkrøktorgan ofte har forsømt sine muligheter for å gripe inn i denne introduksjonsfasen og hevde en fornorsket skrivemåte/uttale. Norsk språknemnd burde tidligere ha godkjent skrivemåten *teip* –det skjedde i 1966; nemnda burde på et tidligere tidspunkt ha oppdaget at vi her stod overfor et ord som dukket opp med krav om varig borgerrett. (...) Nå synes visst mange at *teip* bare er lattervekkende.

Dersom engelsk skrivemåte gjer det uråd med norsk uttale, er det i visse tilfelle best å halde seg vekk frå ordet (s. 268). På det grunnlaget rår han NRK-medarbeidarane frå å nytte nemninga *Holmenkollen Ski Festival*, som i 1974 vart det nye offisielle namnet på *Holmenkollrennene* (s. 146). Det kan òg nemnast at Vinje talar til fordel for norske avløyssarar for “engelsk-amerikanske ord og vendinger”; *drakeflyger* for *hanglider* (s. 141), *langspillplate* for *longplayingplate*, *fristopper* for *sweeper*, *frispiiller* for *sweeper* og *stormøte* for *teach in* (s. 151).

Dei døme som her er nemnde, er trekte ut av samanhengen dei står i. Derfor vert det for lettvindt å nytte dei som prov på at Vinje har stått for ein konsekvent engelskpurisme (for det er heller ikkje tilfellet). Døma viser like fullt at ein framståande språkkonsulent som Vinje har kome med engelskpuristiske innslag, og det går inn som ein del av det allmenne språkpolitiske klimaet i Noreg på 1970- og 1980-talet.

Frå januar 1974 og fram til 1989 gjekk programposten “Språkrøret” i NRK-radioen der Finn-Erik Vinje svara på spørsmål om språk. I løpet av 15 år hadde ein kring 200 sendingar, og det kom inn over 8000 brev frå lydarane. Boka *Språkrøret* (1991) har samla eit utval av spørsmåla og kommentarane frå Vinje. På denne tida har Språkrådet hatt gåande ein kampanje imot “anglonorsk”, og Vinje har markert seg som ein kritikar. Av spørsmål om engelskpåverknad tek han særleg grundig føre seg eitt (over 6 1/2 sider). Ein lydar vil ha “slutt på den engelske ordimporten! Hvis det fortsetter slik som nå, vil nordmenn i neste generasjon oppgi norsk, og gå over til å snakke engelsk!” (s. 148). Her stig den liberale Vinje fram og vil “roe de velmenende personer i alle språkpolitiske leirer som lufter sin bekymring for innlåningen” (sst.). I fylgje Vinje er påverknaden frå engelsk liten, og skjer i utkanten av ordforrådet. Dessutan er dei fleste språklåna uproblematisk; dei verkar ikkje på den norske språkstrukturen. Også omsetjingslån vert trekte fram som forholdsvis uproblematisk. Vinje viser her til ei svensk gransking som viser liten engelskprosent i løpande tekster.²²⁶ Vinje vil derimot åtvare imot lån som kan innebere eit systembrot (t.d. *musical*); desse bør i så fall tilpassast norsk uttale, stavemåte og bøyning (t.d. til *musikal*).

²²⁶ Han tenkjer her truleg på Chrystal 1988.

Den meir liberale haldninga til anglisismar kjem også til uttrykk i *Bedre norsk. Språkråd fra A til Å* (1998). Her vert engelske ord handsama fleire stader, t.d. under “fremmedord”, med sitat frå Israel Levin og “Culturens Gesandter”. At Norsk språkråd har hatt ein kampanje mot engelske lånord (jf. nedanfor), er for Vinje reaksjonært. Vinje handsamar ortografiske tilpassingsformer som *kundesørvis*, *finisj* og *sjarter*, og kallar desse for “freidige skrivemåter”; han nemner òg at desse ikkje er godkjende i grannespråka. Ein får formidla ei nokså negativ haldning til norvagisering.

Vinjes engelsk-liberalitet speglar ikkje av det meir restriktive synet han har på fleire andre språklege spørsmål (t.d. dialektbruk, normavvik etc.). I fylgje føreordet i *Bedre norsk* har han her “kaldblodig underslått opplysninger om at alternative uttrykksmåter er gangbare.” (s. 7.) Han innrømmer at skriftnorma han føreskriv er “konservativ” (sst.). Han baserer seg “stort sett” til reglar frå Norsk språkråd, men kombinerer dei med “andre ansette kilder” og med “utbredt språkbruk slik den kommer til uttrykk hos gode og sikre skribenter.” (sst.)²²⁷

8.4.10 Språkhaldningar

Det eksisterer ikkje større granskingar av haldningar til bruk av engelsk i norsk (tilsvarande Preisler 1999b si spørjegransking for dansk). Derimot finst der nokre delgranskingar blant ulike brukargrupper, særleg ungdomsgrupper.

Dag Finn Simonsen og Helene Uri (1992) har granska haldningar blant 91 skuleelevar ved tre vidaregåande skular i Oslo. Spørsmåla galdt haldningar til bruk av engelsk i ulike domene (butikknamn, popptekstar etc.), nasjonalkjensle, innstilling til bruk av engelsk, formeining om kunnskap i engelsk. Resultatet er nokså samansett. Der var rett nok fleire argument *for* enn *imot* bruk av engelsk. Dei mest positive haldningane til engelsk gjekk på at det var “tøft”, “rikere”, “mer presist enn norsk”. Men det var òg ein del som uttrykte otte for at engelsk kunne gjere folk usikre i norsk.

Inger Masvie har i hovudfagsoppgåva *English in Norway. A Sociolinguistic Study* (1992) vurdert språkhaldningar i høve til alder, kjønn og geografi. Tenåringar er meir positivt innstilte til engelske lånord enn vaksne, menn er meir positive enn kvinner, og studentar frå Oslo er meir positive enn studentar frå Farsund. Studentar frå Farsund var òg noko meir positive til norsk skrivemåte av engelske ord enn studentar frå Oslo (58,8 % i Farsund var positive, 47,1 % i Oslo var positive). Derimot var oslo-studentane meir positive til bruk av norske bøyingsendingar for engelske ord. Det kan i fylgje Masvie tolkast på bakgrunn av den meir allmenne positive haldninga til

²²⁷ Medan Vinje på 1970-talet var medlem av Landslaget for Språklig Samling, og i 1981 protesterte mot liberalisering av bokmålsrettskrivinga, har han karakteristisk nok gjennom 1990-talet hatt fleire artiklar i Riksmålsforbundet sitt tidsskrift *Ordet*. Her må det vere grunnlag for å tale om ei haldningsending.

engelske lånord i eit storbymiljø. Godtek ein fyrst lånorda i norsk, har ein også færre problem med å gi dei norsk bøyning.

Språkhaldningar kan òg lesast indirekte ut av av den funksjonen bruk av engelsk får i ein norskspråkleg kontekst. I den samanhengen er det relevant å trekkje fram ein del hovudfagsavhandlingar i engelsk (Devenish 1990, Grønli 1990, Valberg 1990) og Anne-Line Graedler (1995 og 1998) si doktoravhandling. I desse arbeida er det granska eit utval av tekstar i høve til Roman Jakobson sin typologi over språkfunksjonar. Studiane tyder på at den mest dominerande språkfunksjonen for engelske lånord er referensiell; orda er nytta for fenomen ein manglar norske ord for. Den referensielle funksjonen verkar like fullt sjeldan åleine – der er ofte ekspressive og appellative tilleggsfunksjonar (jf. Graedler 1998:244f.). Her kan vi tolke ut ein del språkhaldningar: Når ein bruker engelsk for å skape autoritet t.d. i tekniske domene, ligg der implisitt forventingar om at bruk av engelsk faktisk gir ein viss autoritet (jf. s. 225). Skriftprodusenten tek då utgangspunkt i haldningar som ein meiner eksisterer hos mottakarane. Det same gjeld bruk av engelsk som symbol for det moderne, for teknologiske nyvinnar, for næringslivstermar, for ungdommeleg stil etc. (jf. Devenish 1990, Grønli 1990, Valberg 1990).²²⁸ Graedler (1995) er oppteken av korleis bruk av anglisismar går inn i oppbygginga av eit verdisystem i skjønnlitterære tekstar: Bruk av engelsk refererer til USA, til individualisme, maskulinitet, personleg fridom, kjensleavstand etc.

²²⁸ Der treng sjølv sagt ikkje å vere samsvar mellom forventingar om språkhaldningar og faktiske språkhaldningar. I tillegg kan språkhaldningar endre seg. Ein må likevel gå ut frå at ein t.d. i ein reklametekst vil freiste å appellere til språkhaldningar ein meiner finst blant reklamemottakarane. På den måten kan studiar av språkfunksjonar gi innsikt i språkhaldningar.

8.5. Purisme på lingvistiske nivå

8.5.1 Leksikalsk purisme

Vi kan sjå den leksikalske purismen i høve til a) nynorskpurismen, b) bokmåls-purismen og c) purismen imot engelsk.

Nynorskpurismen

Den leksikalske purismen i nynorsk har hatt ein heilt klår tendens: Han har i hovudsak vore retta imot danske og nedertyske ordformer og ordlagingselement (særleg ord med prefiksa *an-*, *be-*, *er-*, *ge-*, *hen-* og *und-*, og ord med suffiksa *-aktig*, *-bar*, *-haftig*, *-heit*, *-inna* og *-eri*). Mindre puristiske har ein vore overfor internasjonalar. Denne profilen heng saman med utgangspunktet for nynorsken: Han oppstod i opposisjon til dansk, og det har vore viktig å markere avstand til former som er vortne assosierte med dansk og med bokmål.

For lagning av nyord gav Ivar Aasen prinsipielle retningslinjer i kapitlet “Ordannelse” i *Norsk Grammatik* (1864). Han laga òg ei avløyсарordbok for danske ord, *Dansk-Norsk Ordbog* (som fyrst vart publisert i 2000 og såleis ikkje har spela så stor rolle i nynorsknormeringa). (Aasen laga dessutan nokre ord for internasjonalar; fleire finst i *Heimsyn* [1875]). Seinare vart det laga fornorskingsordbøker, t.d. Steinar Schjøtt *Dansk-norsk ordbog* (1909), Chr. Vidsteen *Dansk-norsk Ordbog* (1907) og Leiv Heggstad *Fornorskingsordbok* (1917).

Med Norsk språknemnd i 1952 kom normeringa av ordtilfanget inn i fastare former: Språknemnda fekk ansvar for å godkjenne ordlister for bruk i skulen, og dermed vart ordlister meir autoritative for ordutvalet (jf. Omdal og Vikør 1996:127). Alf Hellevik, som frå 1960 var redaktør for *Nynorsk ordliste*, tok inn ein del slike ord som han sjølv meinte nynorsken kunne ha trong for; her fylgde han den “einerådande” praksisen å tidlegare ordboksforfattarar (jf. sst., Nes 1984:6f.). Då Norsk språkråd vart skipa i 1972, kom godkjenningsordninga for lærebøker i gang. Ei sterkare normering av ordtilfanget gjorde at det på denne tida kom ei skarpare markering av dei formelle grensene for nynorskorda (jf. Omdal og Vikør 1996: 127–128).

I årsmeldingane frå Norsk språknemnd er der fleire brev frå innsendarar som funderer på nynorskord, t.d. for “berøring” (Årsm. 1969:9), “anvendt”, “bemerke”, “beretning” (Årsm. 1963:9) og “bestemmelsesord” (Årsm. 1964:19), og ein innsendar fortel at han er “opprådd” (Årsm. 1969:9). Nes (1984:40) viser at uviljen imot *-heit*-ord i nynorsken vart sterkare utover på 1970-talet. I *Språknytt* 1/1975 heiter det: “Etterstavinga (suffikset) *-het* finst ikkje i offisiell skriftleg nynorsk.” (s. 16.)

På 1980-talet stilte fleire nynorskskribentar seg skeptiske til ordpurismen. Eit prinsipielt oppgjer kom Lars S. Vikør med i artikkelen “Nynorsk for folket” i 1980.).²²⁹ I 1981 sette Norsk språkråd ned ei nemnd for å vurdere ordtilfanget i nynorsk. Nemnda la i 1983 fram ei fleirtalstilråding, den såkalla “Venås-tilrådinga” (etter formannen Kjell Venås), og ho opna for ei liberalisering av ordtilfanget. (Innstillinga, dissensen og ein del av ordskiftet er dokumentert i Lauvhjell 1983.) I Norsk språkråd fekk derimot fleirtalstilrådinga ikkje støtte; årsmøtet vedtok i staden ei heller vid fråsegn:

Tilrådinga om nynorsk ordtilfang, både fleirtalsinnstillinga og dissensen, alle fråsegner som er komne inn til Språkrådet i samband med høyringsrunden, og referata frå møta om saka blir lagde til grunn for arbeidet med nynorsk ordtilfang i framtida. (Venås 1987:53)

Utover på 1980-talet opna Språkrådet for eit varsamt opptak av einskilde “anbeheitlese”-ord, t.d. *moglegheit* (1984), *anbod* (1988), *bestemme* (1986), *forskjell* (1984).

På 1990-talet kom det ny debatt om ordtilfanget, både i aviser og tidsskrift (særleg *Norsklæraren*), i Noregs Mållag og ikkje minst i fagnemnda i Norsk språkråd (dokumentert i Skjekkeland 1999). I 1995 vedtok Språkrådet å fylgje Venås-tilrådinga, og i 1999 gjorde det vedtak om “Retningsliner for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker”. Retningslinene var i hovudsak baserte på ei tolking av Venås-tilrådinga, men sette opp klårare kriterium for å normere *kategoriar* av ord – tidlegare hadde ein normert (meir eller mindre tilfeldige) einskildord (jf. Sandøy 1998, Skjekkeland 1999). Retningslinene indikerer ei liberalisering. Dei kan likevel ikkje seiast å representere noko fundamentalt *brot* med nynorskpurismen; der er sette opp restriksjonar imot visse ordkategoriar, for på den måten å støtte opp om tradisjonsformer.²³⁰

²²⁹ Same året fekk Språkrådet brev frå fleire skular (elevar og lærarar) med spørsmål om kvifor daglegdagse ord i talemålet åt elevane ikkje fanst i ordbøkene, medan avløyсарorda verka framande. Korleis kunne det høve med påstanden om at nynorsken bygde på dialektane? (Jf. Grønvik 1987:18.) På det tidspunktet hadde òg dialektargumentet vorte mykje viktigare. Purismekritikarane viste til at fleire anbeheitlese-ord var svært frekvente i daglegtalen, og at dei hadde historisk heimel; fleire hadde funnest i norske dialektar sidan 1350-talet – i alle fall finn vi mange av dei i mellomnorske dokument frå den tida (jf. Nes 1983:25). (Jamvel Ivar Aasen kunne i 1848:99-100 konstatere at tradisjonelle abstraktsuffiks som -dom, -leik, -nad og -skap anten var “Sjeldnere Former” eller “meget sjelden”, og i hovudsak avløyste av forma -heit.) Purismen var dermed med på å skape eit mistilhøve mellom skriftnormalen og faktisk skriftbruk, ikkje minst av di fleire av dei “forbodne” orda var i bruk i nynorsk skriftproduksjon (jf. Lauvhjell 1983, Nes 1983).

²³⁰ I nynorskseksjonen på årsmøtet åt Norsk språkråd 3. februar 1999 vart “Retningsliner for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker” vedtekte. Retningslinene har fyrst fem allmenne prinsipp der det står at ein skal ikkje halde ute ord som har stor utbreiing i dialektane, med visse avgrensingar. I dei spesifikke retningslinene er der sett opp avgrensingskriterium som gjeld prefiksa *an-* og *be-*, verb som endar på

Når det gjeld *bruken* av “anbeheitelse”-ord, har Våga (1998) gjort ei gransking av 8 nynorske lokalaviser for åra 1983/84, 1990 og 1997. Det viser seg at det i denne perioden ikkje skjedd nokon nemneverdig vekst i bruken av slike ordformer, trass i liberaliseringa. Verdt å merke seg er det òg at der ikkje er noko direkte samsvar mellom *bruk* av ord og om orda er godkjende eller ikkje (s. 89). Eit tilsvarande inntrykk får ein frå Helge Sandøy (1994) si gransking av nynorskord i *Nynorsk frekvensordbok* (Vestbøstad 1989). “Tradisjonelle” nynorskorda (som *tilråding* [77 tilfelle] og *åtak* [51]) heldt seg godt i høve til “anbeheitelse”-ord (som *anbefaling* [0] og *angrep* [17]). Det kan tyde på at der eksisterer eit stilideal som har ei meir autonom rolle i høve til skriftnormeringa.

I nynorsk fagterminologi spelar Nikolaus Gjelsvik ei viktig rolle med utviklinga av ein juridisk terminologi, jf. *Von og veg* (1935); ei anna juridisk ordliste er Asgeir Olden *Juridisk ordliste* (1978). Nyare tiltak i den same leia er fornorskingsbøkene til Magne Rommetveit: *Norsk landbruksordbok* (1979), *På godt norsk* (1986) og *Med andre ord* (1993). *Norsk teknisk ordbok* (1981) høyrer òg til denne tradisjonen.

Sigmund Christensen har i artikkelen “Nynorsk teknisk fagspråk” (1986) kome inn på faginterne problem som nynorsk purisme skaper i høve til ingeniørtermar: Det beste ville vere å få mest mogleg felles termar for nynorsk og bokmål. Han viser mellom anna til småe fagmiljø, og til at berre 5 % av termene er avvikande morfo-semantisk mellom bokmål og nynorsk. Myking (1999:53f.) skriv at ein i nynorsknormeringa har lagt vekt på to omsyn: skuleelevane og det folkelege talemålet. Dei særlege problema som er knytte til presisjonsnivå etc. innanfor avgrensa bruksområde, vert sjeldan diskuterte, i alle fall ikkje innanfor norminstitusjonane (s. 55). “Hovudintrykket er [...] at dei som utviklar teknisk terminologi på nynorsk, får ta seg fram som best dei kan.” (Sst.)

Bokmålspurismen

Den som på 1800-talet markerte seg sterkast som leksikalsk purist i Noreg, var Knud Knudsen, særleg gjennom *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* (1881, jf. kap. 8.3.2.4). På 1800-talet var det nettopp fornorskingslina som vart knytt til ordpurisme; det kjem mellom anna fram i kritikken frå Arne Garborg i *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse* (1877:49, jf. kap. 8.3.2.3).

-ige med avleiingar, ord på *-else* som har synonym på *-ing*, ein god del konstruksjonar med *-heit* og substantiv i inkjekjønn på *-ande* (jf. oversikt hos Skjekkeland 1999: 53–54).

Knudsen (1881:XIVf.) peikar på at ein del av orda hans har slege gjennom: *almen-skole, ordskifte, boklighet, sætningsskæde, særsetning, gammelkær og bakstræver*.²³¹

Den allmenne oppfatninga har likevel vore at innsatsen hans har hatt “lite å seie” (Torp og Vikør 1993:194); det var i røynda få framlegg som kom i bruk.

Her er det rom for problematisering.²³² Ein skal ikkje sjå vekk frå ein viss indirekte påverknad. Dei mange artiklane og debattbøkene spelar her ei rolle. Alt på 1840-talet vendte Knudsen seg til lærarstanden; i artikkelen *Skolen og fremmedordene* (1841) argumenterte han for at skulen måtte take på alvor bruken av framandord, og forby bruk av “alle ikke uundværlige fremmedord”. At Ole Vig var med, gjorde at ein generell ordpurisme vart spreidd i lærarkrinsar (jf. 8.3.2.4). Det er peikt på at Knudsen sine idéar verka inn på på korleis “førande språkfolk” som Moltke Moe og Didrik Arup Seip stelte seg til spørsmål om ordtilfanget, og at han kan ha “styrkt tendensen til overdriven purisme hjå somme målfolk” (Lauvhjell 1983:19).

På sikt kom likevel ikkje ordpurisme til å verte noka retningsline for normeringa av det vi i dag kjenner som bokmål. (Moglege grunnar til det har vi diskutert i kap. 8.3.2.4.) Hos ein autoritativ bokmålsbrukar som *Aftenposten* vil ein rett nok halde ute ord som er t.d. er dialektale og ikkje i bruk i den talemålsvarieteteten som er normeringsgrunlaget for bokmålet. Då er det likevel tale om motstand imot indre og ikkje ytre språktrekk.

Purisme imot engelsk

Det har i norsk normering (dvs. både bokmåls- og nynorsknormeringa) ikkje vore nokon prinsipiell purisme retta imot engelske leksikalske lån.

Visse utslag har vi likevel. Vi har alt vore inne på merksemda på nye engelske ord då Norsk språknemnd og Alf Hellevik tok opp engelskpåverknaden som sak på 1960-talet (jf. kap. 8.4.1) og likeins fokuseringa på engelske ord under “Aksjonen for språkleg miljøvern” på 1990-talet (jf. kap. 8.4.7).

Ei interessant kjelde frå 1970- og 80-talet er boka *Råd om språk* (Norsk språkråd 1983). Der er det samla nokre svar som Språkrådet har gitt til publikum i perioden 1972–82. Svara er “offisielle” ved at dei er godkjende av fagnemnda. Engelsk er spesifikt nemnt fleire stader, mellom anna med ei liste over avløyсарord (s. 122). I svar

²³¹ Knud Knudsen var særleg oppteken av å avløyse framandord som ofte var i bruk, t.d. *Kultur* og *Industri*, og avløyse desse med meir gjennomsiktige ord; bruksfrekvensen verka til å gjere ugjennomsiktige framandord ekstra problematiske for dei som var mindre mål-lærde (Knudsen 1881:XIX).

²³² At det er vanskeleg å vurdere den reelle påverknadskrafta åt Knudsen, heng òg saman med at der enno ikkje er komen nokon vitskapleg analyse av Knudsen som leksikograf, og heller ingen studie av kven som las Knudsen. Det er heller ikkje utarbeidd noko samla oversiktsverk om Knudsen. Som Oddmund Hoel (1996:65) skriv, er det påfallande kor lite vitskapleg merksemd Knudsen har fått i høve til Aasen. Der er rett nok skrivne mykje om Knudsen i språkhistoriske framstillingar, men det er stort sett ikkje basert på inngåande forskning.

på spørsmål om kva ein skal kalle ulike engelske ord, t.d. *brain drain* (s. 27), *catering* (s. 30), *factoring* (s. 48), *hardware*, *software*, *input* etc. (s. 73), kom ein med framlegg til avløyssarar – utan grunngiving. For andre engelske ord peikte ein derimot på språkstrukturelle problem; det galdt t.d. *taxi* (s. 42) som har det framande teiknet *x*, og som hadde eit problematisk tilhøve mellom skrift og norsk uttale [tæksi], og på same måten for *flash* (s. 51) der den norske uttalen var annleis enn kva skrivemåten tilsa. I andre tilfelle heitte det berre at “Det skulle være helt unødvendig å bruke dette engelske ordet” og at “Det burde være en enkel sak å finne dekkende norske ord”, det gjeld t.d. for *producer* (s. 133). Vi merker generelt ei negativ haldning til anglisismane i *Råd om språk*. Der er likevel tilfelle der ein er positiv til anglisismar; det galdt t.d. verbformer av typen *kompromisse* (s. 98) som “har den fordelen at den sparer plass og konsentrerer uttrykket”, og det gjeld *offset* (s. 124) som er så gamalt i norsk at det er urealistisk at eit avløyssarord vil slå gjennom. I tilfellet med *pub* (s. 135) tek ein opp spørsmålet om korleis ein eventuelt skal endre skrivemåten, anten til *pøbb* (jf. bluff > bløff.) eller *pubb* (jf. club > klubb).

Einar Lundeby gir i artikkelen “Fremmedord – hva gjør vi med dem?” (1987) ei utgreiing som truleg er illustrerande for det offisielle synet på leksikalske lån frå engelsk. Lundeby viser til at engelske lån kan vere både nyttige og gjere språket rikare; det gjeld ord som dekkjer nye omgrep eller tydingar, og som er tilpassa norsk stavemåte og bøyning, t.d. *stress*, *test*, *rader*, *drill*, *mobbing*, *mikse* (s. 85, 86). På same tida er nettopp engelske lån av dei mest *problematiske*: Det er “bare anglisismene som utgjør noe virkelig problem i vår tids ordforrådsfornyelse”, skriv Lundeby (sst.). Han viser til lingvistiske, pedagogiske og nasjonale grunnar: dei engelske orda er a) vanskelege å tilpasse norsk språkstruktur, b) kan øydeleggje utnyttinga av heimlege ordlagingselement, c) er ikkje gjennomsiklige, d) står i strid med den historiske arven som norsk språk er ein del av. I fylgje Lundeby er det semje i Språkrådet om dei synspunkta han har kome med (s. 88).

I 2000 kom Norsk språkråd med eit nytt tiltak, “Ordsmia”, som omfattar eit e-post-forum for diskusjon om einskildord og vevsider med informasjon og ordlister over autoriserte ord. Med i e-postforumet var det invitert medlemmer av Språkrådet, tilsette og studentar ved språkinstitutt, medifolk og ulike språkinteresserte. I “Ordsmia var det frå mars til desember 2000 1096 innlegg; per 7. januar 2001 var der 164 påmelde. (Opplyst av Jon Grepstad, Norsk språkråd, 7. januar 2001. Jf. Internettadresse: <<http://www.sprakrad.no/ordsmed1.htm>>.) Diskusjonen i “Ordsmia” handlar svært ofte om det rette avløyssarordet for ulike engelske fagtermar. Utgangspunktet for “Ordsmia” er at då Språkrådet i 1998 vedtok retningslinjer for norvagisering av importord (jf. kap. 8.5.2), samstundes vedtok at ein skulle prioritere arbeidet med å finne avløyssarord for

heilt nye engelske framandord (jf. pkt. 2 i prinsippa, kap. 8.5.2). I samband med diskusjonen om ortografisk tilpassing var det fleire som etterlyste nettopp ordlagingsarbeid (jf. Årsmelding 1998).

Graedler (1998:29) skriv at sidan nynorsk tradisjonelt har vore meir puristisk enn bokmål, er det òg truleg at ein vil finne færre engelske ord i nynorsktekstar enn i bokmålstekstar. Det har ikkje vore gjort systematiske granskingar på grunnlag av ein slik hypotese. Sidan nynorsken er mindre brukt enn bokmålet i teksttypar og sjangrar med mange anglisismar (poppstoff, sportssider, tabloidpressen etc.), er det òg vanskeleg å jamføre ut frå det inntrykket ein har av skriftbruken i dag. Det er òg verdt å minne om at den nynorske purismen i hovudsak har vore retta imot dansk og bokmål, t.d. ikkje imot internasjonalar. Rett nok har der vore ein anti-anglismekampanje i Noregs Mållag, men utover på 1990-talet har ikkje Mållaget vore særleg oppteke av engelskpåverknad.

8.5.2 Ortografisk purisme

Historisk er prinsippet om ortografisk tilpassing av lånord nært knytt til programmet om å fornorske dansken, dvs. Knud Knudsen sitt program. Knudsens idéar slo gjennom delvis i rettskrivingsendringa som kom i 1862. Der skifta ein ut skrivemåten *ph* med *f* (*Philosophie* > *Filosofi*) og likeins *c*, *ch* og *q* i ord der uttalen var [k] med *k* (*Charakter* > *Karakter*, *qvalm* > *kvalm*).

Ei yttarlegare ortografisk tilpassing kom i 1885 gjennom autorisasjonen av Aars sine rettskrivingsreglar (7. utgåva) for dansk-norsk (med overgangane frå skrivemåtane *x* > *ks*, *th* > *t*). Desse nye tilpassingsreglane var baserte på framlegg frå skandinavismet i Stockholm i 1869. Igjen er det rimeleg å sjå tilpassinga i samanheng med den allmenne fornorskinga av dansken.

I nynorskleiren var ein mindre opptekne av spørsmålet om ortografisk tilpassing: Ivar Aasen (1864:376) meinte at lånord som hadde kome inn og vorte tilpassa norsk språkstruktur, fortente ein plass i norsk, men sa seg samstundes skeptisk til nye framandord som både kunne skape rot i systemet, og tevla med heimlege ord. Gustav Indrebø (1976:164) kalla tilpassingsspørsmålet ein “detalj” der det var mogleg å få til eit nordisk samarbeid; ein kunne t.d. fylgje svenskane som (slik Indrebø såg det) nytta meir nasjonale skrivemåtar, t.d. *centimer* > *sentimeter*. Denne relativt positive haldninga til norvagisering har ikkje vore heilt samstemt hos målfolket, men der har heller ikkje vore nokon utprega negativitet imot strategien overfor lånord som alt eksisterte i språket. For tida etter 1945 er det vanskeleg å skilje mellom synspunkta innanfor bokmålsleiren og nynorskleiren.

I 1897 vart det sett ned ei rettskrivingsnemnd for dansknorsken, og ho kom i 1898 med ei innstilling, *Om en del rettskrivnings- og sprogsprøsmål* (Aars et al. 1898). I kapitlet “Skrivemåten av fremmede ord” delte innstillinga mellom tre ordgrupper: a) “nødvendige” ord som var så frekvente og integrerte i språket at dei kjendest som heimlege (t.d. prest) og som dessutan hadde fått ein fast og etablert uttale i norsk, b) “overflødige” ord som bør halde på framand skrivemåte, slik at dei vart vanskelegare å bruke (t.d. corage, gage) og c) nødvendige men ikkje allment kjende fagord (t.d. decadance, journal). Den sistnemnde gruppa burde halde på framand stavemåte heilt til dei hadde oppnådd dei eigenskapane som høyrde til i den fyrste gruppa. For nasjonalisering av skrivemåten vart det så gitt ein del retningsliner; det galdt mellom anna *sj*-lyden (*g, ch, sh, sch > sj*), *on > ong* (*bullion > buljong*), *in > æng*, *c > s* (*concert > konsert*).

Når så Matias Skard i 1912 kom med offisiell ordliste for landsmål, *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlæring*, var der fleire nasjonaliserte skrivemåtar av importord: truleg på grunnlag av det strevet som tidlegare hadde gått føre seg i den leia.

I den departementale presiseringa av 1917-rettskrivinga, *Den nye rettskriving* (1918), kom ein god del tilpassingar av skrivemåten for importord, særleg frå latin, gresk, fransk og tysk. No fekk ein mellom anna skrivemåtane *nasjon* (for nation) (noko nynorsk hadde ei stund alt), *artikkel* (for artikkel), *toalett* (for toilett), *kjemi* (for chemi), *tråler* (for trawler), *gerilja* (for guerilla). Tilpassingane galdt både for landsmål og riksmål. Vi merker oss at norsk no gjekk såpass radikalt til verks at ein også skapte ein avstand til svensk og dansk. Tilpassingane var såpass omfattande og prinsipielle at det er grunnlag for å hevde at det frå no av fanst eit mønster for norvagisering av ord frå desse fire språka (Grønvik 1980:47, Sandøy 2000b:92).

I *Tilråding om ny rettskriving* (1935) heitte det om skrivemåten av framandord:

Vanlige fremmedord bør en skrive lydrett så langt råd er. I mer sjeldsynte fremmedord, særlig historiske, litterære og tekniske ord, kan en derimot lettere la den gamle tradisjonelle (og derved også internasjonale) skrivemåten stå ved lag. (Tilråding 1935, s. 52)

Under høringsrunden var det mange som ville gå endå lenger i lydrett stavemåte, det gjeld særleg med bruk av *s* i staden for *c*, også i framlyd (*centimeter > sentimeter*), men 1938-rettskrivinga nøydde seg med norvagisering i innlyd (*procent > prosent*).

I 1959 vart nokre einskildord norvagiserte i samband med det nye framlegget til læreboknormal (jf. Sandøy 2000b:95).

I 1984 handsama Norsk språkråd spørsmålet om ortografisk tilpassing av ein del lånord. Bakgrunnen var eit tidlegare møte mellom dei nordiske språknemndene, og ei tilpassingsliste over ord som ein var komen fram til der. Kulturdepartementet gav i eit brev til Norsk språkråd (dagsett 22. juli 1984) uttrykk for ein del prinsipielle synspunkt, mellom anna at “Ordet bør være i utstrakt skriftlig bruk før det får særskilt norsk normering.” Dvs. at ord vart ortografisk tilpassa fyrst når dei var ein del av allmennspråket.

I 1987 gav Einar Lundeby eit føredrag på årsmøtet i Norsk språkråd om “Prinsipper for normering av fremmede ord” (Norsk språkråd 1987: 51–59). Eit samandrag vart sendt til Kulturdepartementet, og departementet har seinare referert til dette som prinsipielle retningsliner for norvagisering (jf. Sandøy 1997:35).

I 1996 hadde Språkrådet opp som sak ortografisk tilpassing av ein del importord. Saka vekte stor mediemerksemd, der var ein god del avisskriveri om henne, og særleg Riksmålsforbundet gjekk imot planane om tilpassing (jf. Sandøy 2000b:99; 179f.). På årsmøtet vart det gjort vedtak om ortografisk tilpassing av kring 60 ord. Kulturdepartementet godkjende 46 av desse, og bad i brev av 23. mai 1996 om ei prinsipiell avklåring av grunnlag og retningsliner for norvagiseringspolitikken. Departementet viste til det ein oppfatta som retningsliner for Språkrådet (Lundeby 1987b), mellom anna at norsk skrivemåte ikkje skulle innførast før ordet var etablert og hadde fått ein fast eller dominerande uttale i norsk.

Norsk språkråd og Kulturdepartementet vart samde om å lage ei utgreiing om spørsmålet, med Helge Sandøy som ansvarleg. Hans utgreiing kom i 1997: *Lånte fjører eller bunad? Om norsk skrivemåte av importord*. Prinsippframlegget i utgreiinga vart vedteke av årsmøtet i Norsk språkråd 12.–13. februar 1998.

Prinsippene i kapittel 7 i utredningen *Lånte fjører eller bunad?* legges til grunn ved normering av importord.

Språkrådet mener for øvrig at norvagiseringen bør foregå i et moderat tempo hvor man tar rimelig hensyn til reaksjoner fra publikum.

Jf. Årsmelding for Norsk språkråd 1998, jf. Internett: <http://www.sprakrad.no/import.htm>.

Oversikta nedanfor er dei prinsippa som ein seinare har vorte samd om å fylgje, og er henta frå Internett: <http://www.sprakrad.no/import.htm>. Dei vedtekne prinsippa nedanfor viser til sidetal frå *Lånte fjører eller bunad?* (1997):

1 Dersom nye ord som blir tekne i bruk i norsk allmennspråk, ikkje alt har ei form som høver inn i det norske ortografiske mønsteret, skal ein gi dei norsk ordform (ved anten fornorsking eller norvagisering). (s. 99)

2 Ein skal prioritere arbeidet med å finne norske avløyssarord for heilt nye engelske fremmdord. (s. 100)

3 Det er ei oppgåve for Språkrådet å "overvake" språksituasjonen slik at det kan finne ut i kva høve ein bør satse på eit avløyssarord, og i kva høve det skal arbeide for ei norvagisert ordform. (s. 102)

4 Ein bør arbeide for at flest mogleg av importorda som går inn i allmennspråket, blir norvagiserte. (s. 103)

5 Ord som det er fagterminologisk grunn for å norvagisere, skal følgje dei same prinsippa som allmennspråklege ord. (s. 103)

6 Når det gjeld importord som er vanskelege å tilpasse norsk lydstruktur, bør ein prioritere arbeidet for eit norsk avløyssarord. (s. 103)

7 Det bør vises tilbakeholdenhet med forandring av termer som er i internasjonal bruk, for eksempel målenheter, særleg når ordet er avledet av et navn. Eksempler: becquerel, pasteurisere." [Lundeby 1987] (s. 103)

8 Engelske ord som er bygde opp slik at dei er gjennomsiklige også for nordmenn som kan engelsk, bør ein vere tilbakehalden med å norvagisere. Ein bør først satse på å få innarbeidd omsetjings- eller avløyssarord for dei. Engelske ordstammar skal ein derimot vurdere å gi norvagisert skrivemåte, ev. i tillegg til at ein kjem med framlegg om avløyssarord. (s. 104)

9 Ord som refererer berre eller nesten berre til saksforhold i engelsktalande land, bør halde på den engelske skrivemåten. Det same må i ein viss grad òg gjelde for ord frå språk som færre nordmenn kan. (s. 104)

10 Når ein skal avgjere om ein bør satse på norvagisering eller avløyssarord, bør ein jamføre med situasjonen i dei skandinaviske grannelanda. (s. 104)

11 Når importorda går inn i allmennspråket, bør Språkrådet snarast råd vurdere om det skal foreslå eit avløyssarord eller vedta ei norvagisert ordform - eller gjere begge delar. (s. 108)

12 Ein skal norvagisere nye importord etter det dominerande mønsteret for tilpassing til norsk uttale. (s. 108)

13 Norvagiserte ordformer skal ha same skrivemåte i bokmål og nynorsk. (s. 109)

14 Norvagiserte substantiv, verb og adjektiv skal setjast inn i norske bøyingsklassar slik at dei får tradisjonelle norske bøyingsendingar. (s. 122)

15 Adjektiv i nøytrum får konsonantforenkling framfor t-en: røff - røft. (s. 122)

16 Dei norvagiserte orda skal følgje nærare definerte prinsipp som er lista opp i utgreiinga. (s. 110-120)

17 Når eit ord med dominerande utalandsk skrivemåte er nytt i skriftnorma, bør ein tillate både utalandsk og norvagisert skrivemåte. (s. 123)

18 Når ei norvagisert ordform har vore tillaten og brukt i 20 år, bør ein vurdere å gjere ho til eineform. (s. 124)

19 Når Språkrådet blir spurt til råds om skrivemåten, skal det gi uttrykk for at ein helst ser at den norvagiserte blir brukt der han er tillaten. Språkrådet sjølv skal også halde seg til dei normerte norvagiserte skrivemåtane. (s. 124)

20 Ord som ikkje har vore behandla og normerte før, kan leggjast fram for årsmøtet kvart år. (s. 124)

21 Importord som har vore normerte før, skal behandlast ved slutten av kvar valbolc for Språkrådet. (s. 125)

22 Fagnemnda førebur framlegga og bør så langt råd prøve å behandle ord i grupper. (s. 125)

23 Språkrådet prioriterer arbeidet med dei ordgruppene som kan behandlast etter etablerte norvageringsmønster. (s. 125)

Føresetnaden om at norvageringa bør gå føre seg i eit moderat tempo, tilseier òg at ein eventuell norvagerert skrivemåte som er heilt ny, vil måte stå ved sida av den etablerte forma. Der skal gå 20 år før den norvagererte forma eventuelt kan verte eineform.

Morfologisk purisme

I nynorsknormeringa kan ein sjå purismen imot “anbeheitelse”-ord også som ei form for morfologisk purisme, av di det dreier seg om ordlagingsselement som er oppfatta som ureine.

Dersom vi held oss til handteringa av engelskpåverknad, ser vi derimot lite merksemd på morfologiske aspekt. I norvageringsordskiftet var det *skrivemåten* som stod i fokus.

Anne-Line Graedler (1996:70) har i si doktoravhandling sett på kor mange av dei engelske lånorda i hennar tekstkorpus som er bøygde med ei norsk ending. Det viser seg at et dei fleste verba (89 %) er bøygde, medan berre 22,5 % av substantiva og 35 % av adjektiva er bøygde. Desse skilnadene mellom ordklassane skuldast fyrst og fremst at mange av substantiva og ein god del av adjektiva ofte vert ståande *ubøygde* (utan verken norsk eller engelsk bøyingsending); verb må derimot som regel alltid bøyast.

Medan Stene (1945:155) viste til at engelske adjektiv ofte ikkje var morfologisk integrerte i norsk, viser det seg å ikkje stemme i Graedler (1998:107) sitt materiale. Av einstavingsadjektiv er det berre eit fåtal som ikkje fylgjer det allmenne mønsteret (det gjeld t.d. *in, far, live* og *out*). Av fleirstavingsadjektiv er det derimot mange som vert ståande ubøyge. Den mest vanlege bøyingsendinga for adjektiv er *-e*, t.d. *ålreite*.

Det som har vore “problemet” med substantiv er engelsk fleirtals-s. I Graedlers materiale viser det seg at 42 % av dei bøygde substantiva får norsk fleirtalsending, medan 58 % får -s-ending.

Visse ord kan formelt sett også skrivast med fleirtals-s, t.d. *fan* (også ein *fans*), *inch*, *evergreen* (også *evergreenar*), *gallon*, *slide*, *royalty* (også *royaltiar*). Nokre ord frå ein del andre språk er det òg råd å bruke fleirtals-s ved, t.d. *peseta*, *peso*,

Ein har dessutan “klips”-substantiv der den engelske fleirtalsforma vert brukt som stamme på norsk, og ein tilfører norsk ending, t.d. ein *caps* – *capsane*, eit *kjeks* – *kjeksa*. Det er ein tilpassingsmåte Språkrådet har støtta.

V

Avslutning

9 Jamføringar og konklusjonar

9.1 Innleiing

Denne studien har teke føre seg puristiske utviklingstrekk på grunnlag av sju overordna problemstillingar:

1. Kva er purisme?
2. Kva plass har purismen hatt i språkstandardiseringa?
3. Kva har maktutøving og nasjonalisme hatt å seie for utviklinga av purismen?
4. Er purismen i dansk, svensk, færøysk og norsk fyrst og fremst utvikla gjennom heimlege tradisjonar eller gjennom påverknad utanfrå?
5. Kva rolle spelar purisme for handteringa av engelskpåverknad i dansk, svensk, færøysk og norsk språknormering?
6. Kva rolle spelar purisme i høve til språkinterne faktorar?
7. Kva generelle konklusjonar kan vi trekkje om purismen i høve til meir allmenn teori om språknormer og språknormering?

Desse problemstillingane har leidd til åtte hypotesar:

1. Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av dansk, svensk, færøysk og norsk som skriftspråk.
2. Purismen byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk.
3. Purismen har vore nært knytt til maktutøving i dei nordiske språksamfunna.
4. Svensk og dansk språknasjonalisme er utvikla ovanfrå, gjennom byråkratisk inkorporering, medan færøysk og nynorsk språknasjonalisme er utvikla nedanfrå, gjennom folkeleg mobilisering.
5. Nasjonalisme er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purismen, men har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka.
6. Utforminga av purismen i dansk, svensk, færøysk og norsk er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå.
7. Det har skjedd ei intensivering av purismen på 1980- og 1990-talet, særleg i dei skandinaviske språksamfunna, på grunn av engelskpåverknad.
8. Fokuseringa på engelskpåverknad heng saman med auka merksemd om nasjonale spørsmål.

I dette kapitlet skal vi take utgangspunkt i desse problemstillingane og i hypotesane som er avleidde av dei, og trekkje ein del liner mellom dei fire språksamfunna som har stått i fokus. Drøftinga byggjer i hovudsak på kapitla om dei ulike språksamfunna, dvs.

kapittel 5 for dansk, kapittel 6 for svensk, kapittel 7 for færøysk og kapittel 8 for dei to norske målformene. For den sjuande problemstillinga skal vi gå litt vidare inn på normeringsteorien.

9.2 Kva er purisme?

I kapittel 2 vart det gitt denne definisjonen av språkleg purisme:

Purisme er ein normeringsideologi der målet er å halde språket reint frå framande innslag som vert oppfatta som “ureine”. Dette målet er gjerne kombinert med arbeid for å avløyse framande innslag med heimlege, eller å tilpasse dei til ei form som er heimleg. Purismen kan vere retta imot alle lingvistiske nivå, men er oftast fokusert på det leksikalske.

Når det heiter at purisme er ein normeringsideologi, er det underforstått at purismen er på eit noko høgare medvitsnivå enn t.d. språkhaldningar om reint språk, og at han meir tydeleg kan koplast til språkpolitiske tiltak. Ein ideologi treng likevel ikkje å kome til uttrykk som eit eksplisitt program; han kan òg vere indirekte til stades, som idégrunnlag for korleis ein meiner einskildspråk skal sjå ut. Eit slikt idégrunnlag kan sporast på ulike måtar, og denne studien har lagt til grunn eit relativt breitt kjeldefang.

Eit kjernepunkt i purismen er idealet om *det reine språket*. Som nemnt i innleiinga er det ingen språk som er “reine” i lingvistisk forstand. Uttrykket *det reine* er såleis tolka sosialantropologisk: som førestellingsgrunnlag for språklege kategoriseringar og grensesetjingar. Det som i den puristiske tenkjemåten er oppfatta som *reint*, er former som vert identifiserte sterkt med språket, og som er med på å definere eigenarten til det (gjennom strukturelle eigenskapar, historisk hevd, talemålsgrunnlag, symbolverdi, bruksfrekvens etc). Omvendt vert det med det ureine; det dreier seg om former som, slik puristane ser det, ikkje høyrer til språket (det gjeld t.d. lånord, framande affiks, framande bøyingselement, framand ortografi og dialektismar). Nettopp spenninga mellom det reine og det ureine vert her viktig.

I vår purisme-definisjon refererer det ureine i utgangspunktet til *framande* språkinnslag, dvs. ikkje til heimlege innslag som dialektismar, sosiolektar og stilistiske trekk. Om purismeforståinga her er vid, er ho ikkje så vid som hos George Thomas i *Linguistic purism* (1991:12); hos honom omfattar purismen motstand både imot heimlege og framande språkelement (jf. 2.2).

No er det ikkje uproblematisk å skilje mellom det heimlege og det framande. Det kom mellom anna fram i striden om danismar i svensk på byrjinga av 1900-talet, der fleire av “danismane” viste seg å vere dialektale trekk (jf. 6.3.6). Problematisk er òg

motstanden imot visse affiks av nedertysk opphav i nynorsk og færøysk; desse har vore såpass lenge i bruk i norsk og færøysk tale at dei i og for seg kan karakteriserast som dialektismar (jf. 8.3.2.3). Også i den dansknorske språkkonservatismen finn vi eit grensedragingsproblem; motstanden imot “udannede” former frå landsmålet kan sjåast på som motstand imot stilistiske trekk og dialektismar dersom ein vurderer alle variantar av norsk som eitt språk, men det er òg mogleg å tale om landsmålet/nynorsken (og nærskylde dialektar) som eit anna språk enn dansk/dansknorsk/bokmål (jf. 8.3.2.2).

På eit meir abstrakt nivå kan vi sjå motstand imot heimlege trekk som resultat av dei same homogeniseringsprosessane som ligg til grunn for purismen. Forståing av slike parallellar kan gi auka innsikt både i purisme og i standardspråk. I visse samanhengar har det då òg vore relevant å gå inn på ein del grensetilfelle; det gjeld mellom anna der stilistiske trekk har vore med på å danne meir generelle førestellingar om språkleg reinleik (t.d. visse sider ved puritas-tradisjonen). Desse grensetilfella er i denne studien granska som *føresetnader* for purismen, ikkje som utslag av honom. Alternativet – å tale om eit vidt puristisk paradigme for svært mange homogeniseringsprosessar – gjer at ein kan ende opp med å ikkje kunne skilje mellom purisme og språkstandardisering (jf. 9.2.2).

Sjølv om grensa mellom dei to kategoriane ikkje alltid er like lett å setje, har det vore eit mål å ha eit skilje her.

Like fullt endar vi opp med eit relativt ope purisme-omgrep. Det heng saman med at dei subjektive førestellingane får ein plass: Dersom normeringsaktørane har ei klår oppfatning om at det dreier seg om framande språkelement, må det vere grunnlag for å tale om purisme, jamvel om ein ut frå eit meir snevert lingvistisk perspektiv kan hevde det motsette. På denne måten vert tilnærminga meir utprøvande. Resultatet er at nokså mange normeringsstrategiar og normeringstiltak får merkelappen “puristisk” (men likevel ikkje så mange som hos Thomas).

Noko som er viktig å merke seg, er at ikkje alt er like puristisk og heller ikkje puristisk på same måten; det finst ulike grader av og former for purisme (jf. òg hypotese 2, kap. 9.2.2).

Eitt skilje går i denne samanhengen mellom dei lingvistiske nivåa. Som det kjem fram i definisjonen, kan purismen vere retta imot anna enn ord; han kan òg gjelde morfologi, ortografi, syntaks, fonetikk etc.

Eit anna skilje dreier seg om kva som er den ideologiske motivasjonen. Sjølv om der som oftast er fleire motiv og bakgrunnsfaktorar til stades på same tid, vil visse ideologiske grunnlag vere sterkare enn andre; det kan vere a) ulike former for nasjonalisme, b) ynsket om at flest mogleg i samfunnet skal forstå språket, c) ynsket

om at eins eiga sosiale gruppe skal kunne oppnå prestisje gjennom språket, d) ynsket om å oppnå høgare kultur og danning gjennom språkleg reinleik etc.

Der vil òg vere skilnader i høve til om ein oppfattar språket som eit relativt klårt definert system (som Ivar Aasen og V.U. Hammershaimb gjorde det) eller har ei meir pragmatisk oppfatning av korleis språket skal utvikle seg (t.d. tilnærmingstanken og fornorskingstanken, jf. kap. 8.3.2).

Purisme-omgrepet vert ikkje så sjeldan tolka negativt i tydinga 'overdriven språk-reinsing'. Her er målet derimot å ha eit purisme-omgrep utan polemisk slagside. Utgangspunktet er purismen som eit interessant studieobjekt – at han refererer til førestellingar og tiltak som er viktige for å forstå utviklinga av dei nordiske og dei europeiske standardspråka, og at eit historisk perspektiv kan gi innsikt i måten ein seinare taklar påverknaden frå engelsk på.

9.3 Purisme og språkstandardisering

Hypotese 1

Purismen har spela ei avgjerande rolle i standardiseringa av dansk, svensk, færøysk og norsk som skriftspråk.

Som grunnlag for å skilje mellom det som høyrer til, og det som ikkje høyrer til språknorma, kan purismen spele ei rolle i individueringa og standardiseringa av språk. Spørsmålet vert så kor stor denne rolla er.

George Thomas (1991:12, 195) går lengst når han hevdar at purisme er eit universelt trekk ved standardspråk, og er nødvendig for å oppnå fundamentale sosiolingvistiske eigenskapar som solidaritet, separasjon og prestisje (jf. kap. 2.2). Ut frå Thomas sitt resonnement vil der alltid liggje til grunn ei eller anna form for purisme ved språkstandardisering. Det resonnementet må forståast ut frå den vide definisjonen han gir av purisme (jf. kap. 9.2.1). Her er òg problemet: Dersom språkstandardisering alt gjennom definisjonen føreset purisme, er det i røynda uråd å vurdere sambandet mellom purisme og språkstandardisering som ein hypotese. For at ein hypotese skal vere interessant, må det vere mogleg å falsifisere honom. Derfor har vi eit anna utgangspunkt enn Thomas: Det må prinsipielt sett vere mogleg å ha språkstandardisering utan purisme.

For å vurdere om purismen har vore avgjerande for språkstandardisering, er der fleire kriterium som kan nyttast:

- gradar av purisme

- ulike lingvistiske nivå purismen kan verke på
- ulikskapar i om purismen er retta imot dei fleste språk eller imot ganske fåe
- ulikskapar i utbreiing av puristiske tankar blant språknormerarar
- korleis purismen kjem til synes i argumentasjon
- faktisk normering

Studien har sett særleg nøye på argumentasjon i språkdebatten og på den normeringa som har skjedd på ulike lingvistiske nivå. Når så graden av purisme skal vurderast, kan vi her bruke ei tredeling som George Thomas (1991:172f.) gjer mellom mild, moderat og ekstrem purisme.²³³

Mild purisme er kjenneteikna ved bruk av fåe puristiske tiltak. Desse tiltaka vert i hovudsak retta imot lånord frå språk som låntakarspråket ikkje står i noko språkleg slektskap med (“loanwords from a single non-related source”). Dei avløyсарorda som vert føretrekte er anten internasjonalar, lånord frå språk som står i eit språkleg slektskap, eller omsetjingslån. Dialektismar og nylagingar er ein meir skeptisk til.

Ved *moderat purisme* tek ein framleis omsyn til ikkje-puristiske faktorar, men går vidare. I tillegg til dei tiltaka som gjeld for mild purisme, vil ein ikkje gi innslepp for lånord frå relaterte språk og internasjonalar (når desse fungerer som synonym). Det ein vil nytte som avløyсарord kjem frå fire kategoriar: assimilerte lån frå relaterte språk, omsetjingslån som samsvarar med heimlege ordlagingsreglar, nylagingar og dialektismar.

Ekstrem purisme vil undertrykkje alle andre omsyn enn dei puristiske. Skepsisen er her også retta mot fleire omsetjingslån og mot språk som ein står i nært slektskap med. Avløyсарingsformene er av fire slag: nokre omsetjingslån, nydanningar, dialektismar og arkaismar.

Dansk

Det nyare danske skriftspråket fekk ei fastare rettskriving gjennom bibelomsetjinga (1550). Noka dyrking av “reine danske” former er det i fyrste omgang mindre av – det var puritas-idealet, det ambivalente tilhøvet til latin og trongen for statleg styring som var dei viktigaste føringane, ved sida av tysk-påverknaden (jf. kap. 5.3.1). Fyrst på 1600-talet kom språkpatristiske og danskpuristiske ytringar frå mellom anna Peder Syv og Henrik Gerner (jf. kap. 3.3.1). Purismen kom då òg til uttrykk i skriving om litteratur (jf. Brunsmann, kap. 5.3.2). Ein ville utvikle ein stil som var dansk, ikkje utanlandsk. I grammatiske verk (av t.d. Peder Syv, Henrik Gerner og Lavrids Kok)

²³³ Thomas tek i si tredeling berre med handtering av leksikalske lån, ikkje ortografisk og morfologisk purisme. Men sidan dei sistnemnde purismeformene har spela ei ikkje uvesentleg rolle i dei nordiske språksamfunna, vil vi her take omsyn til dei.

kom òg språkrensingstanken til uttrykk. På 1600-talet anar vi òg konturane av ein dansk litterær kanon, og tilvising til honom vart ein måte å stemple ei form som rein nok – og dermed god nok (jf. kap. 5.3.2).

Ei yttarlegare standardisering skjedde på 1700-talet (jf. kap. 5.3.3). Skriftspråket kom no i bruk for ei rad nye føremål som tidlegare var reserverte for latin; i tillegg vart skriftspråket meir relevant innanfor handel, i allmugeskular, i ein sterkare offentleg administrasjon etc. Vi kan no tale om ein ny standardiseringsfase. Det gjekk føre seg eit omfattande omsetjingsarbeid, og vart utvikla ein språkstil for sjangrar og teksttypar der ein ikkje hadde nytta dansk tidlegare.

Den danske purismen var fyrst mild ved at han var retta imot språk som stod fjernt frå dansk, nemleg fransk; dessutan gav han rom for internasjonalismar. På 1700-talet gjekk purismen eit hakk vidare – i moderat retning – ettersom han vart retta imot internasjonalismar, særleg i fagterminologien, og i tillegg hadde fleire nylagingar. Denne puristiske tendensen heldt fram på 1800-talet, då med åtvaringar imot tysk (jf. kap. 5.3.7). Både på 1800-talet og i fyrste halvdel av 1900-talet var der dessutan personar som argumenterte for ein meir ekstrem purisme; dei gjekk laus også på omsetjingslån frå tysk, og ville nytte det Thomas karakteriserer som arkaismar og dialektismar. Ein slik ekstrem variant slo likevel aldri gjennom i språknormeringa som heilskap. På 1800- og 1900-talet var dessutan dansk ikkje lenger i ein standardiseringsfase. I etterkrigstida har dansk purisme vore relativt mild; det gjeld òg overfor engelske lån (jf. kap. 5.4).

Svensk

Det svenske standardspråket utvikla seg på 1500-talet med bibelomsetjingane av 1526 og 1541, likeins med utbygginga av eit svensk forvaltingsspråk etter kvart som det voks fram ein svensk statsadministrasjon på 1500- og 1600-talet. Bibelspråket var som i dansk prega av tysk syntaks. Det tyske førebiletet finn vi òg i forvaltingsspråket. Svensk skil seg likevel ut gjennom bøyingstilpassinga av latinske substantiv på slutten av 1500-talet (Loman 1956a og b) (jf. kap. 3.3.1). Tilpassinga er særmerkt for svensk, og kan med godvilje tolkast som eit tidleg utslag av ortografisk purisme.

Språkpatristiske og puristiske ytringar finn vi lite av på 1500-talet. Fyrst ut på 1600-talet, under göticismen, kom dei til uttrykk, og då på ein ganske sterk måte (jf. kap. 3.3.1, 6.3.1.2).

På 1600-talet skjedde der ein overgang frå e-ending til a-ending i infinitiv av verb, i ubunden form av linne hokjønnsord og i adverb (jf. kap. 6.3.1). Det er grunn til å tru at markering overfor dansk spela ei viss rolle her. Gjennom kanselliordningane i 1661, 1713, 1719, 1720, 1733 og 1809 kom der presiseringar om å unngå lånord og skrive så

rein og tydeleg svensk som råd var. Tidsskriftet *Then Svenska Argus* (1732), som innleidde den nysvenske perioden, kom òg med formaningar om å nytte heimlege former og ikkje ape etter dei framande (kap. 6.3.2). På 1700-talet var tanken om den reine svensken framme hos grammatikarane, likeins hos Leopold som i 1801 kom med den standardiserte rettskrivinga for svensk. Gjennom rettskrivingsordskiftet på 1700-talet fekk ein diskutert og framført døme på nasjonal skrivemåte av utanlandske ord (t.d. hos Sven Hof), og Leopold gav i 1801 normative retningsliner for korleis dei ortografiske tilpassingane skulle skje (jf. kap. 6.3.3, 6.3.4).

Desse utviklingstrekk illustrerer poenget om at dess viktigare skriftspråket vart for samfunnet, dess meir oppteken vart ein av å regulere det. I reguleringa spela purismen ei viktig rolle.

I høve til Thomas si tredeling kan ein karakterisere purismen som moderat, men den medvitne ortografiske og morfologiske tilpassingspolitikken gav ein særleg styrke. På byrjinga av 1900-talet ser vi visse tendensar i retning ekstrem purisme, nemleg gjennom åtvaringane i *Språk och stil* imot danismar og norvagismar (dvs. to nærliggjande språk) og jamvel imot omsetjingslån og semantiske overføringar frå desse språka (jf. kap. 6.3.6). På det tidspunktet var standardiseringsfasen i hovudsak over, noko som gjer at vi må sjå etter heilt andre bakgrunnsfaktorar for nettopp denne purismen.

Færøysk

Den færøyske purismen vart etablert på same tid som det færøyske skriftspråket i siste halvdel av 1800-talet (jf. Djupedal 1964, Debes 1982, Thomassen 1982, Rasmussen 1987, Brunstad 1995). Det vil ikkje seie at det færøyske skriftspråket i seg sjølv kom til å fungere som noko bolverk mot framandspråklege innslag, men prinsippa bak den skriftnormalen som V. U. Hammershaimb kodifiserte, gav føringar. Aktørane som utvikla språket gjennom omsetjing, skriving og terminologiarbeid, etablerte derest ein puristisk ordlagingstradisjon. Dei som stod for det språkpolitiske organisasjonsarbeidet, utbreiinga av språket, utbygging av støtteapparat for språket etc., førte tradisjonen vidare.

Der er ei utbreidd oppfatning hos færøyske språknormerarar at purisme har vore nødvendig for å utvikle færøysk: Utan eit aktivt grenseforsvar kunne dansk språkdominans lett kome til å overhøvla det nyetablerte skriftspråket (jf. 7.1, 7.3.). Denne oppfatninga har gjort purismen nærverande for alle som har arbeidd med færøysk språkrøkt.

Færøysk purisme har eit omfang og ein intensitet som gjer at han passar inn i det Thomas kallar ekstrem purisme. Det ekstreme har kome til uttrykk mellom anna

gjennom ordbøker, språkleg rådgiving og argumentasjon for språket. Like fullt har ein ikkje gått så ekstremt til verks som i islandsk. Der har ikkje vore nok folkeleg støtte for ein slik politikk, og ein finn i faktisk språkbruk langt fleire danismar og internasjonalsmar enn det offisiell normering tilseier.

Norsk

Då dei to norske skriftspråka vart utvikla på 1800-talet, kom puristiske strategiar tydeleg til synes. Skaparen av landsmålet, Ivar Aasen, var tvitydig, men vi ser klare puristiske element i synet hans på nedertyske og danske ordlagingsselement (jf. kap. 8.3.2.3). Utgangspunktet var som i færøysk: språkleg frigjering frå dansk. Skulle nynorsken verke som bruksmål, var det viktig å utvikle nynorske nemningar og å verne nemningane imot press frå majoritetsspråket. Jamvel om der i målrørsla har vore strid om normeringa, har puristiske ordlagingar og eit puristisk stilideal vore ein viktig del av nynorsknormeringa. Purismen har vore viktig for sjølvforståinga blant aktivistar i nynorskleiren og har spela ei rolle for forståinga av nynorsk som noko anna enn bokmål. Det vil ikkje seie at det puristiske ordlagingsidealet *må* liggje til grunn for nynorsknorma, eller at nynorskbrukarar generelt har vore tilhengjarar av purismen. Liberaliseringstendensar på 1980- og 1990-talet tilseier at ordpurismen kan endrast, utan at det tyder at språket i seg sjølv vil gå i indre oppløysing (jf. 8.3.2.3, 8.5.1). Her spelar det truleg ei rolle at nynorsken etter kvart har fått ei utbreiing og ein skrifttradisjon som gir stabilitet (jf. sst.).

Nynorskpurismen har hatt ekstreme utslag (t.d. i krinsar kring mållaget Vestmannalaget). I hovudsak har han likevel vore moderat; ein har godteke internasjonalsmar, og etter kvart også former som opphaveleg vart karakteriserte som bokmålsformer. Rett nok har ein gitt særleg rom for dialektismar og det Thomas vil kalle arkaismar (dvs. trekk ved det Thomas karakteriserer som ekstrem purisme), men den orienteringa heng saman med normeringsgrunnlaget for nynorsken: dialektane, ikkje elitemålet i hovudstaden.

Også i strategiane for bokmål finn vi puristiske prosjekt. Knud Knudsen var ein ekstrem ord-purist (jf. kap. 8.3.2.4). Det fekk han ikkje gjennomslag for (jamvel om purismen gav ein viss nasjonal legitimitet til fornorskingsstrevet). Derimot fekk den ortografiske og morfologiske purismen hans ein viss suksess: Alt i 1862 kom eit rettskrivingsvedtak med ortografisk tilpassing av ein del danske og framande former. Denne tilpassinga var viktig i idéen bak fornorskinga. (At verken den ortografiske eller morfologiske tilpassingspolitikken har vore *konsekvent* gjennomført, heng saman med at andre normeringsstrategiar har verka samtidig.) Ein annan strategi, den dansk-norske språkkonservatismen, har ikkje vist like sterk motstand imot framandord (inter-

nasjonalismar eller nedertyske nemningar), men markert avstand til barbarismar, i tillegg til markeringar imot landsmålet/nynorsken (jf. kap. 8.3.2.2).

Utanom Knudsens ordpurisme har bokmålspurismen vore mild-moderat: retta imot barbarismar (dialektismar) og prega av tilpassing av eksisterande lånord. Her er det mogleg at dei føringane som Knudsen skapte, var for tvitydige. Den ekstreme ordpurismen vart paradoksal i høve til den pragmatismen han viste overfor danismar gjennom bruken av “dannet dagligtale” som normeringsgrunnlag.

Konklusjon

Hypotesen er at purismen har spela ei *avgjerande* rolle i standardiseringa av dansk, svensk, færøysk og dei to norske standardspråka. For å falsifisere hypotesen, må vi sjå på om vi kan finne alternativet: fråværet av purisme. Det viser seg då at det i alle språksamfunna har vore element av purisme.

Jamvel om purismen stod svakt i dansk på 1500-talet, fekk dansk (og svensk) ein sterkare purisme i den perioden då skriftspråket vart relevant for fleire, særleg frå 1700-talet. Denne fasen kan sjåast på som vel så avgjerande for språkstandardisering. For svensk, færøysk og dei to norske målformene verkar det som om purismen er til stades under heile standardiseringsprosessen. Svensk og dansk skil seg derimot ut ved å vere ferdig standardiserte når dei andre skriftspråka vert reiste.

Nettopp på grunn av at kronologien i standardiseringa er så ulik, er det problematisk å samanlikne dei ulike språka etter kor sterk eller svak intensitet purismen har hatt. Med alle moglege atterhald kan ein like fullt plassere dansk som det språket som generelt sett har hatt minst intensitet i purismen. Dersom vi tenkjer oss ei line med lite purisme på venstre sida og mykje purisme på høgre, vil dansk kome eit stykke til venstre for midten (men ikkje heilt borte i venstre hjørnet), deretter fylgjer svensk, så bokmål, dernest nynorsk og til slutt færøysk eit stykke på høgresida av purismelina.

Når det gjeld lingvistiske nivå vil leksikalsk purisme stå sterkt i færøysk og i eldre dansk purisme, men svakt i nyare dansk. Svensk og norsk har her stått i ein mellomposisjon. I ortografi og morfologi har moderne norsk og svensk gått lengst i nasjonalisering; dansk fekk tidleg retningsliner for korleis nasjonaliseringa skulle gå føre seg, men har ikkje fylgt etter på same måten i moderne tid.

Eitt fellestrekk ved dei fire språksamfunna er at purismen har vore retta imot visse språk, men ikkje alle. Eit anna trekk er at purismen vore viktig i visse fasar av standardiseringa, men ikkje heile tida. Argumentasjonen har òg ymsa etter kva tidsperiode det har vore tale om; 1600-talet var prega av patriotisme, markeringstrong og diktarynske. 1700-talet hadde òg inne folkeopplysningsaspekt ved sida av

patriotismen. 1800-talet brakte med seg ein sterkare nasjonalisme og etter kvart også skandinavisme. På 1900-talet har færøysk og nynorsk vore puristisk, medan svensk og dansk har kome over i ein annan fase der medviten purisme ikkje har vore så aktuell.

Etter denne gjennomgåinga står hypotesen framleis relativt sterkt.

Hypotese 2

Purismen i Vest-Europa byggjer på tradisjonar som kan knytast til puritas-idealet i klassisk retorikk

I klassisk retorikk vart det operert med fire retoriske dygder, dvs. overordna ideal for god språkbruk; desse var puritas (reinleik), perspicuitas (klårleik, eintydigheit), ornatus (utsmykking) og aptum (føremålstenleg språkbruk) (jf. kap. 3.2.1). Særleg læra om *puritas* (eller *sermo purus*) etablerte eit ideal for rein språkbruk (dvs. rein latin). Quintilian sette opp fire argument for rein språkbruk, og desse fungerte samtidig som retningslinjer:

- Ratio ('fornuft': Systematikk i formverket var fornuftig).
- Vetustas ('alder': Dess eldre formene var, dess betre var dei som oftast).
- Auctoritas ('autoritet': Språkbruk hos autoritetar var eit førebilete).
- Consuetudo eller usus ('språkbruk': Faktisk bruk hos dei danna var eit ideal).

Den europeiske eliten fekk utdanning i latin, og gjennom undervisninga vart dei latinske reinleikskriteria spreidde til ulike land. I tillegg kom dei stilistiske og retoriske mønstra frå latin til å verte viktige for korleis ein bygde opp og utvikla nye europeiske standardspråk i renessansen (jf. kap. 3.3.1).

Dansk

Der er fleire spor etter puritas-tradisjonen i måten danske grammatikarar og litteratar tenkte om det reine språket på 1600-talet på. Gjennom påverknad mellom anna frå Martin Opitz og den tyske morsmålstradisjonen kom Peder Syv, Henrik Gerner og Johan Brunsmand med tilvisingar til antikke førelegg i sine resonnement om rein dansk (jf. kap. 3.3.1, 5.3.2). På 1700-talet viste Ludvig Holberg til Quintilian for å forsvare skrivemåten. Knud Rahbek argumenterte for den reine dansken ut frå klassisk retorikk i læreverket *Om den danske Stiil* (1802, 1822). I tillegg til dei meir eksplisitte tilvisingane ser vi puritas-idealet indirekte i måten ein tenkte og argumenterte kring språknormering på, som hos ordboksforfattaren Christian Molbech på 1800-talet (jf. kap. 5.3.9).

Svensk

Puritas-idealet kom til uttrykk hos svenske språkpatriotar på 1600-talet (jf. kap. 3.3.1, kap. 6.3.1). Tilvisingar til klassisk tradisjon var viktig for legitimiteten til svensk språk (jamvel om jamføringane mellom svensk og klassiske språk var vel fantasifulle). Rettskrivingsteoretikarar som Sven Hof på 1700-talet uttrykte dei retoriske ideala gjennom ynskemåla om *klarhet*, *tydlighet*, *wighet* og *korthet* (jf. kap. 6.3.3). I skipinga av Svenska Akademien i 1786 kom dei klassiske ideala til synes, mellom anna gjennom argumentasjonen for språkleg “renhet” og for uttrykka *snille* og *smak*, som refererte til den engelske purismeteorikaren Hugh Blair og hans omgrep *genius* og *taste* (jf. kap. 6.3.4). Desse språkideala finn vi att i Leopolds rettskriving av 1801. I så måte verka puritas-tradisjonen tydelegvis inn på standardiseringa av svensk.

Færøysk

Den som fyrst formulerte eit færøysk språkreisingsprogram, Jens Christian Svabo, viser i eit manuskript frå slutten av 1700-talet til Quintilian for å grunngi ortografien han nyttar (jf. kap. 7.3.1). Denne tilvisinga må sjåast i samanheng med at Svabo var student i Danmark. Seinare i færøysk språknormering finn ein ikkje særleg med referansar til klassisk retorikk og til puritas-idealet. Det er mogleg at der (som hos Ivar Aasen) kan vere idépåverknad gjennom vektlegginga av indre samanheng i språk-systemet (*ratio*), på alder og samanhengen med det norrøne opphavsspråket (*vetustas*) og på kanoniseringa av språkføringa åt ein del målhovdingar, t.d. Jakob Jakobsen og Christian Matras (*auctoritas*), men det er vanskeleg å sjå slike samband.

Norsk

Det retoriske puritas-idealet finn vi særleg i argumentasjonen for rein dansk og i den språkkonservative leiren, t.d. i kampen imot språkleg “Raahed” hos Henrik Wergeland og Asbjørnsen og Moe, der “Kulturen” vart sett opp mot “Barbariet” (jf. kap. 9.3.2.2). Særleg sterkt stod Quintilian-tradisjonen i perioden fram til 1830-talet. Vi kan òg lese av retoriske ideal hos dei som meinte at fornorskinga gjekk for langt, og hos dei som tykte at tilnærming braut ned dei stilistiske og høgverdige eigenskapane ved riksmålet.

Ivar Aasen refererte ikkje eksplisitt til klassisk retorikk, men indirekte finn vi spor av puritas-idealet i måten han argumenterte for ein rein norsk på: Lånord kunne verke forstyrrande på ordlaginga (*ratio*), dei eldre formene var betre enn dei innlånte (*vetustas*), autoriteten vart omdefinert til å gjelde bøndene (*auctoritas*), på same måten som han knytte bruksargumentet til talemålet åt bøndene (*usus*) (jf. kap. 9.3.2.3). Hos

ein nynorskskribent som Aasmund O. Vinje ser vi meir eksplisitte tilvisingar til antikke stilideal (jf. Skard 1938).

I Noreg vart den klassiske tradisjonen på 1800-talet kopla til politisk konservative krefter og til embetsmannsstanden. Etter kvart som den gamle eliten tapte meir politisk og institusjonell makt, kom også symbolet for deira kulturelle kapital under åtak. Argumentasjon for målreising, fornorsking og purisme hadde ofte ei slagside imot den klassiske lærdomstradisjonen. Knud Knudsen uttrykte det i boka *Latinskole uten latin* (1884).

Klassiske fag fekk ein veikare posisjon på slutten av 1800-talet, og som eit resultat av det kom den retoriske tradisjonen til å stå veikare i Noreg enn i andre europeiske land utover på 1900-talet (jf. Skard 1982:210).

Konklusjon

Hypotesen er at purismen i dei vest-europeiske og nordiske språksamfunna byggjer på føresetnader frå klassisk retorikk. For svensk og dansk kan hypotesen heilt klårt ikkje falsifiserast; der var puritas-tradisjonen synleg fram til 1800-talet. På 1800-talet skjedde ei svekking av tradisjonen. For færøysk og dei to norske målformene er ikkje tilvisingane så klare. Vi ser like fullt påverknadsmønster frå puritas både i bokmåls- og nynorsknormeringa. For færøysk er derimot nærværet lite synleg.

9.4. Maktutøving og nasjonalisme

Hypotese 3

Purismen har vore nært knytt til maktutøving i dei nordiske språksamfunna

Tilknyttinga mellom purisme og makt må sjåast i samanheng med dei funksjonane standardspråk har.

Nemninga ‘standardspråk’ refererer fyrst og fremst til visse institusjonelle eigenskapar som eit språk har gjennom utbreiing i skuleverket, administrasjon, religion, viktige skriftprodusentar, ordbøker, grammatikkar etc. Desse institusjonelle eigenskapane er avhengige av støtte og legitimitet i statsapparatet eller andre maktkrefter, t.d. aviser (jf. Bartsch 1987:101, Haugen 1990:49f.). Gjennom posisjonen sin kan standardspråket framstellast som “høgare”, “finare”, “betre” eller “reinare” enn andre varietetar.

Historisk sett har dei fleste standardspråk vakse fram ved at eliten har brukt sitt eige talemål som normeringsgrunnlag, og diskriminert andre former. Dersom der

eksisterer to eller fleire skriftspråk i eit samfunn, er det rimeleg å gå ut frå at det språket som ikkje vert nytta av eliten, vil få problem (jf. Bartsch 1987:240). Såleis er der ei nær kopling mellom makt og standardspråk. Purismen kjem inn i maktspelet ved at ein gjennom å definere visse språkformer som reine og andre som ureine, kan stadfeste og styrkje prestisjen til eit språk. På den måten stadfestar ein også den makta språket og språkbrukarane har overfor andre språk og språkbrukarar. Det vil ikkje seie at språkstandardisering nødvendigvis er tufta på instrumentelle handlingar hos eliten – det vil vere ein for unyansert analyse. (Ein føreset då at aktørane for fleire hundre år sidan hadde tilsvarende verdiar og rasjonelle innstilling som maktutøvarar på 1900-talet, og det treng ikkje å vere tilfellet.) Funksjonen har likevel ofte vore at eliten har stadfesta posisjonen sin, og at makta er vorten meir konsentrert.

Føresetnadene for koplinga mellom språk, purisme og makt er allmennhistoriske: Religiøse stridar og reformasjonen på 1500-talet gjorde at det oppstod trong for å spreie religiøse skrifter på morsmåla. Framveksten av handelskapitalismen var føresetnad for meir avanserte kontraktsforhold, bokføring etc., dvs. for eit økonomisk språk på morsmåla. Utbygginga av statar var føresetnad for utviklinga av forvaltingspråk. Og framveksten av eit lesande publikum på 1700-talet gav tildriv for nye teksttypar og sjangrar. Desse faktorane var med på å fremje fellesskap mellom dei som brukte det same språket. Den fellesskapen kunne i neste omgang utnyttast til å markere solidaritet og separasjon på – i kyrkja, i handelskapitalismen, i staten og i den litterære ålmenta. Her kom òg purismen inn: Gjennom purisme kunne ein presisere kven som skulle omfattast av kommunikasjonsfellesskapen, kven som skulle haldast utanfor, og kva språkformer som skulle ha høgast prestisje. Dei som stod for denne presiseringa, hadde makt.

Makt kan fungere på ulike måtar. Vi kan setje opp ein skala med overgrep og tvang på den eine sida, og friviljug samarbeid om tilgang til knappe goder på den andre.

Der har på den eine sida vore tvang og propaganda knytt til purisme og spreininga av standardspråka. Defineringa av dei ureine språktrekka har i mange tilfelle fungert undertrykkjande t.d. overfor dialektar, sosiolektar, kontaktspråk etc. Denne undertrykkinga har hatt negative verknader for språkbrukarar når desse er vortne usikre på eigen språkbruk og har kjent seg hemja. Det er karakteristisk at ei slik undertrykking fyrst og fremst har råka dei som har stått lengst vekke frå maktposisjonar.

På den andre sida har dei puristiske grensemerkingane vore med på å skape ein fellesskap i språksamfunnet. Ein slik fellesskap har for mange ein eigenverdi – han gir ei kjensle av å høyre til noko større. Fellesskapen kan òg fungere demokratiserande: Dersom idealet er at språket skal nå flest mogleg innanfor ulike stender, sosiale klassar

og geografiske område, vil det òg vere eit mål at flest mogleg forstår språket. Framande ordformer (t.d. latinske former som berre vert forstådde av den akademiske eliten) kan stå i motsetnad til eit slik mål.

Denne studien er mest prega av konfliktmodellen, men viser samstundes til at ein må få med dei integrerande sidene.

Før vi går vidare inn på dei einskilde språksamfunna, skal vi innom ein annan hypotese som heng nært saman med makthypotesen, og som dreier seg om nasjonalisme.

Nasjonalismen kom på slutten av 1700-talet og framover til å prege fleire sider av språkutviklinga i Europa. For det fyrste vart språkspørsmålet viktig for fleire nasjonalistiske rørsler. For det andre verka nasjonalismen på normeringa og utbreiinga av fleire nye europeiske standardspråk. For det tredje gav idealet om samsvar mellom språk og nasjon mønster for korleis eksisterande språk skulle normerast (jf. kap. 3.8). Der finst derimot ulike måtar nasjonalismen har verka på (jf. hypotese 5), på same måte som det finst ulike måtar han har utvikla seg på. Nettopp i utviklingsmåtane kan vi sjå ein del interessante skilnader mellom dei språksamfunna som står i fokus her; svensk og dansk ser ut til å ha utvikla seg ovanfrå, medan færøysk og nynorsk ser ut til å ha utvikla seg nedanfrå. Her kan vi hente hjelp i Anthony D. Smith (1986:77f., 1998:193f.) sine modellar; han skil mellom byråkratisk inkorporeringsnasjonalisme og folkeleg mobiliseringsnasjonalisme.

Hypotese 4

Svensk og dansk språknasjonalisme er utvikla ovanfrå, gjennom byråkratisk inkorporering, medan færøysk og nynorsk språknasjonalisme er utvikla nedanfrå, gjennom folkeleg mobilisering.

Byråkratisk inkorporeringsnasjonalisme (ovanfrå) kjenneteiknar dei eldre, etablerte statane der det i hovudsak er den statsberande eliten som har definert nasjonen, og der folket gradvis er integrert i ein nasjonal fellesskap. Den nasjonale fellesskapen er oftare basert på politiske og territoriale faktorar enn på etnisitet og kultur. Det er likevel ikkje tale om ein konsekvent ikkje-kulturell nasjonalisme.

Folkeleg mobiliseringsnasjonalisme er på si side fremja av grupper utanfor den etablerte eliten og utanfor det geografiske nærmiljøet for makta. I denne nasjonalismemodellen bruker ein tradisjonsstoff som har ein folkeleg basis, t.d. eventyr, segner, husflid og språk, og gir tradisjonsstoffet status som nasjonalt symbol. Denne forma for nasjonalisme er prega av opposisjon, og fremja av ein alternativ intelligentsia.

Det må presiserast at vi i b e tilfella talar om idealtypar, den realhistoriske utviklinga er meir kompleks.

Dansk

Under omsetjinga av den danske bibelen av 1550 heldt danskekongen n ye auge med normeringa – der var alt d  kl re maktinteresser til stades.

P  1600-talet kom det svulstige spr kpatristiske ytringar om eigenskapane dansk hadde i h ve til andre spr k (jf. kap. 3.3.1, 5.3.1). Danske intellektuelle deltok i ein europeisk propagandakrig der kongane og fyrstehusa fekk produsert skrifter som framstelte deira statar og deira spr k som dei gjevaste. Motivet for at dei einskilde akt rane deltok med skriftlege bidrag, ymsar. I fleire tilfelle verkar det som om dei patriotiske ytringane var n dvendige formuleringar for   tale om andre saker (t.d. n r Peder Syv skreiv om versel re). Funksjonen var likevel ei stadfesting av makt. Makt-demonstrasjonen var no retta utover imot andre spr k og statar.

P  1700-talet gjorde staten vedtak om lese- og skriveoppl ring (konfirmasjonsoppl ring). Det f rte med seg at standardspr ket vart spreidd p  same tid som det gjekk f re seg ei innstramming og fornying av norma i dansk. At fleire var interesserte i   bruke skriftspr ket, deltake i skriftlege debattar og gjere seg kjende med resultat fr  vitenskapen, verka ogs  som tildriv for   gjere spesialistspr ket meir forst eleg. Dermed finn vi demokratiserande effektar av purismen. Dei demokratiserande aspekta var framme i fleire av tidsskrifta og hos fleire av puristane som opererte p  1700-talet.

P  same tida gjekk det f re seg puristiske markeringar imot “barbarismar”. Desse markeringane kan sj ast p  som maktpolitiske trekk i oppbygginga av eit spr kleg-kulturelt hegemoni med basis i K benhavn, og var retta innover.

Alt p  1500- og 1600-talet finn vi i Danmark ein patriotisme p  vegner av spr ket. Ei aktiv nasjonsbygging tok form p  1700-talet (jf. kp. 3.6, 5.3.4) der dei nasjonale eigenskapane ved spr ket vart trekte fram. Etter tapet av Syd-Slesvig i 1864, d  store tyskspr klege omr de forsvann or riket, vart det s  offisiell dansk politikk med bygging av ein *nasjonalstat*.

P  slutten av 1800-talet gjorde den allmennpolitiske tilstanden at Danmark byrja   markere seg imot Tyskland (jf. kap. kap. 5.3.7). D  kom purismen imot tysk inn, saman med sterke pro-nordiske haldningar. Denne purismen kan vanskeleg forst ast p  annan m te enn gjennom den allmennpolitiske utviklinga. Danmark var pressa – politisk, kulturelt og spr kleg – og der var trong for   markere det danske i h ve til grannen i s r. Den utoverretta makt-demonstrasjonen heldt fram til ut p  1900-talet.

Den danske nasjonaliteten grodde langsamt fram med medverknad fr  den statsst dde eliten. I s  m te h yrer han til den byr kratiske inkorporeringsnasjonalismen. Her er det likevel n dvendig med ei nyansering. P  slutten av 1800-talet kom der eit folkeleg

engasjement i dansk nasjonalisme gjennom skandinavismen, grundtvigianismen, folkehøgskulerørsla etc. Også i språkpolitisk samanheng ser vi slike tendensar på 1940-talet gjennom Dansk forening til nordisk sprogrøgt. Sjølv om verken denne rørsla eller andre puristiske tiltak vart noka folkesak, var det her tale om nasjonalt engasjement frå ein folkeleg elite, utanfor statskontroll og statsinitiativ. Desse tiltaka underslår likevel ikkje at hovudtendensen i Danmark er ein nasjonalisme ovanfrå.

Svensk

Utbygginga av eit svensk bibelspråk og forvaltningsspråk på 1500- og 1600-talet skjedde under sterk statleg styring, og kom i ein periode med statsvekst; fyrst under Vasa-dynastiet (1523–1654) og seinare utover på stormaktstida i siste halvdel av 1600-talet (jf. kap. 3.3.1 og 6.3.1).

På denne tida hadde ein eit dilemma: Sverige var mektig økonomisk, politisk og militært, men hadde ikkje særleg kulturell prestisje i Europa. Svaret på det var mellom anna *göticismen*, eit patriotisk program for kulturell sjølvhevdning som på 1600-talet fungerte som statsideologi (Hall 2000:73). Det kom fleire skrifter som framstelte svensk språk som det eldste og mest verdige språket i verda (t.d. av Johannes Magnus, Olof Rudbeck og Georg Stiernholm). Særleg Stiernholm (1643) hadde puristiske ytringar og nylagingar. Igjen vert det for unyansert å sjå dei patriotiske utsegnene som reine instrument for staten, men rammene for aktiviteten var likevel staten.

I samband med forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge på slutten av 1600-talet, tyder fleire hyperkorrekte former og formaningar om korrekt språkbruk på eit visst normpress både om å skrive svensk (og ikkje dansk) og å skrive ein så rein svensk som råd var (jf. kap. 6.3.1.2). Den kulturelle einsrettinga staten sette i verk her, var rein maktpolitikk.

Sverige skil seg noko ut frå dei andre skandinaviske landa gjennom akademi-tradisjonen. Patrik Hall (2000) har vist korleis den svenske staten alt på 1500-talet utvikla eit system der intellektuelle vart integrerte i eit lydig forhold til statsapparatet. Gjennom Svenska Akademien var staten med på å føre denne politikken vidare.

Forsvenskingspolitikken overfor finsk og samisk på 1800-talet er ikkje puristisk i trong tyding, men synleggjer ei klår språkpolitisk line frå statsmakta overfor minoritetar (jf. kap. 6.3.7.1). Denne politikken understrekar òg at Sverige fell inn i Smiths modell for byråkratisk inkorporeringsnasjonalisme.

Færøysk

For den lokale eliten i den færøyske nasjonalistrørsla (ungdomslaga, sjølvstyrepartet etc.) har færøysk vore eit viktig symbol i striden for sjølvstende. Vi ser då òg at når

Jóannes Patursson på 1890-talet gjekk imot den meir ortofone rettskrivinga som Jakob Jakobsen stod for, var manglande historisitet (gjennom etymologiske former) eitt moment. Dei som seinare har utprega seg som puristar, har ofte vore tilhengjarar av sjølvstyre, medan det motsette er tilfellet med dei som ikkje har vore tilhengjarar av sjølvstyre (jf. kap. 7.3.2, 7.4.6). Her er det tale om ein maktkamp – mellom den etablerte eliten på Færøyane (som representerte dansk og var meir liberal overfor lån frå dansk) og dei som ville fremje færøysk språk, kultur og sjølvstyre (og var puristiske).

Sidan denne maktkampen ikkje var statsstyrd, men kom frå visse grupper i periferien av staten, må færøysk målreising og språknasjonalisme kunne sjåast på som eit klassisk døme på det Anthony Smith har kalla “folkeleg mobiliseringsnasjonalisme”. Frå færøysk hald har ein òg heile tida framstelt språkstriden som ein strid mellom færøyingar og Danmark.

I løpet av 1990-talet kan det derimot verke som om nettopp denne nasjonsoppfatninga er omforma, og vorten mindre politisk orientert (jf. hypotese 5).

Norsk

I Noreg framstod maktutøving som ein viktig faktor i purismen imot svensk i tida etter 1814. Her var det ei elitegruppe som ville verne om sine interesser overfor svenskspråklege embetsmenn og politisk samansmelting. I tillegg var språket symbol for “Kulturen” og for dei danna overfor resten av folket (jf. 8.3.2.2). Det same var tilfellet i den dansk-norske språkkonservatismen. Det vert rett nok for enkelt å redusere purismen til instrumentell maktbruk: Eliten freista på denne tida å formulere eit nasjonssyn, og hadde ikkje eit reint instrumentelt forhold til det nasjonale. Like fullt var nasjonsbygginga og purismen med på å stadfeste posisjonen som eliten hadde.

Samtidig fekk aldri den elitebaserte nasjonsoppfatninga hegemoni i landet. Der kom ein kamp mellom ulike interesser og nasjonsoppfatningar. Norsk målstrid er eit resultat av denne kampen.

I Noreg på 1800-talet finn ein den folkeleg mobiliseringsnasjonalismen innanfor målreisingsstrategien, folkemålsradikalismen og fornorskingsstrategien. Det var her tale om grupper som ikkje hadde funne seg til rette i maktapparatet. Såleis kan ein seie at den purismen som er knytt til nynorsk høyrer til mobiliseringsnasjonalismen, medan bokmålet står i eit spenningstilhøvet mellom nasjonalismeformene, ettersom bokmålet også støttar seg til elitære krefter som la vekt på dei historiske banda til dansk og til ei embetsmannsorientert kulturoppfatning.

Forståing og demokratisering har vore eit mål for fleire puristiske nynorskforkjemparar, på same måten som det har vore det for talsmenn for fornorsking, særleg

Ole Vig og Knud Knudsen. Hos dei var det tale om eit folkeopplysningsprosjekt basert på ideala i den nye venstrestaten (jf. kap. 8.3.2.4). Folkeopplysning finn vi også som mål i tilnærminglina, men her stod tanken om nasjonal integrasjon gjennom samarbeid meir sentralt (jf. kap. 8.3.2.5). Dessutan har staten (med unntak av dei seinare åra) stått i eit nært forhold til tilnærmingstanken.

Konklusjon

Hypotesane er for det fyrste at purismen har vore nært knytt til maktutøving i dei nordiske språksamfunna. Derneft er der ein hypotese at språknasjonalismen har utvikla seg ovanfrå i dansk og svensk, medan han har kome nedanfrå i nynorsk og færøysk. Gjennomgåinga gir generelt støtte for hypotesane. Fleire nyansar må likevel leggjast til for måten nasjonalismen utvikla seg i Danmark på slutten av 1800-talet.

Hypotese 5

Nasjonalismen er ikkje nokon nødvendig føresetnad for purisme, men har gitt purismen ei særleg kraft i den perioden han har verka

Den fyrste føresetnaden i hypotesen er vorten dokumentert i den historiske delen av studien. Når det så gjeld krafta nasjonalismen har hatt, kan det høve å gå litt nærmare inn på kjenneteikn for kva som har lege i den nasjonalistiske ideologien og tilsvarende kjenneteikn for korleis språk har gått inn som aspekt i nasjonalismen (jf. nedanfor).

<i>Kjenneteikn ved nasjonalismen</i>	<i>Kjenneteikn ved språk som aspekt ved nasjonalismen</i>
--------------------------------------	---

<p>a) <i>Sjølvkategorisering</i> Det finst eit nasjonalt medvit og ein vilje blant fleirtalet i ei gruppe til å definere seg som medlemmer av ein nasjon.</p> <p>b) <i>Førestelling om felles avstamming</i> Tanken er at ei gruppe har band til felles forfedrar.</p> <p>c) <i>Spesifikke kulturdrag</i> Der er felles drag som språk, skikkar, klestype, etc. Sjølv om ikkje desse er “objektive eigenskapar”, er det ikkje heilt tilfeldig kva slags kulturdrag som vert nytta.</p> <p>d) <i>Sosial organisasjon</i> for samhandling med personar innanfor og utanfor nasjonen.</p> <p>d) <i>Kompleksitet</i> Medan den etniske fellesskapen består av personar ein reint konkret kan vere i kontakt med, er nasjonen ein abstraksjon, og føreset eit moderne, komplekst samfunnsliv.</p>	<p>a) <i>Markere historisitet</i> Markering av det historiske sambandet til fortida har vore med på å gi legitimitet til språka.</p> <p>b) <i>Markere og skape autentisitet</i> At språket er autentisk vil seie at det attspeglar det som vert oppfatta som det opphavlege, det ekte, ved nasjonen.</p> <p>c) <i>Skape kontrast overfor andre grupper</i> Gjennom språket og sær eigenskapar i språket får vi eit synleg kriterium for kvar skiljelinene mellom ulike grupper går. I neste omgang vil også kontrasten og separasjonen mellom ulike språk verke inn på å markere grensene for språka.</p> <p>d) <i>Autonomi</i> Tesen om autonomi går ut på at språket skal vere normert frå eit sjølvstendig normsentrum og ut frå normeringsprinsipp som er baserte på heimleg trong.</p>
--	---

Vi tek i denne modellen (jf. ovanfor) utgangspunkt i arbeid av sosialantropologen Fredrik Barth (1969), den finlandssvenske samfunnsgranskaren Erik A. Allardt (1979 og 1981), Anthony D. Smith (1986, 1998) og Brunstad (1995). Systematisering byggjer særleg på Brunstad (1995:64f., 1997:20f.).

Ikkje alle desse kjenneteikna på nasjonalisme og på språk som aspekt ved nasjonalisme vil til ei kvar tid vere til stades. Nokre står dessutan i motsetnad til kvarandre, og har ulik styrke alt etter kva retning av nasjonalismen det er tale om. Men isolert sett kan alle dei fire kjenneteikna som er lista opp i rubrikken til høgre, ha ei tilknytning til purismen: Når ein held ute framande former, og i staden freistar å byggje på heimleg språkmateriale, kan ein både syne att den historiske tradisjonen (gjennom etymologiske former og former med litterær og historisk hevd), markere språkleg autentisitet (gjennom å unngå former som vert rekna som atypiske), skape kontrast overfor andre språk (fyrst og fremst overfor konkurrerande språk) og halde ved like autonomien til språket (ved å stå fritt i normeringa og ikkje måtte take omsyn til dei formene majoritetsspråket nyttar, ved å unngå ordlagingsformer som kan øydeleggje heimleg ordlagingsstradisjon etc.).

Fleire av dei integrerande og segregerande trekka ved nasjonalismen har føringar langt tilbake i tid: Også i perioden før nasjonalismen var utvikla, hadde ein bruk av språket som politisk symbol, bruk av språket som skiljeline mellom statar, vektlegging av historisitet, kopling mellom sosial og språkleg identitet etc. (jf. Smith 1998:190f.). Truleg finn vi historiske parallellar til dei fleste av dei trekka vi reknar som

nasjonalistiske. Skal vi trekkje fram det som er særlege ved nasjonalismen, må det vere *samansetjinga, intensiteten og krafta*: Desse trekka vart viktigare og fekk ein meir omfattande verknad gjennom nasjonalismen. Det samsvarar med den marxistiske tesen om at “kvantitet går over i kvalitet”: Dersom der skjer ein stor nok kvantitativ auke av t.d. folkesetnaden, produksjonen, talet på tilhengjarar av ein ideologi etc., vil det også føre med seg kvalitative endringar i måten folkesetnaden, produksjonen, ideologien fungerer i samfunnet. På 1700- og 1800-talet vart visse idéar, mytar og identitetsband såpass forsterka at ein kvalitativt ny ideologisk skapning vart fødd – nasjonalismen.

Dansk

Alt på 1500- og 1600-talet var der i Danmark ein patriotisme på vegner av språket. Ei aktiv nasjonsbygging tok form på 1700-talet (jf. kp. 3.6, 5.3.4) der dei nasjonale eigenskapane ved språket vart trekte fram. Etter tapet av Syd-Slesvig i 1864, då store tyskspråklege område forsvann or riket, vart det så offisiell dansk politikk med bygging av ein *nasjonalstat*.

På 1800-talet retta nasjonalismen seg særleg mot Tyskland. Purismen imot tyske lån vart ein refleks av det. Tilknyttinga til kulturell og språkleg skandinavisme kan òg sjåast i ein slik samanheng. Danmark var pressa – politisk, kulturelt og språkleg – og der var trong for å markere det danske i høve til grannen i sør. At det kom ein språkpurisme imot tysk såpass seint som 1800-talet kan verke påfallande, i og med at det skjedde ei sterk hevding av dansk *språkstatus* overfor tysk i siste halvdel av 1700-talet. Men ein kan òg sjå purismen imot tysk i forlenginga av denne språkstatusmarkeringa.

Svensk

Der var ein kontinuitet i svensk purisme og nasjonsbygging; nasjonalismen fekk gradvis ei form med sterk påverknad frå den svenske staten. Språkpolitikken som kom i den nasjonalistiske tidsbolken må sjåast på som ei forlenging av den språkpolitikken som tidlegare hadde etablert seg. Språkpolitikken på 1600- og 1700-talet hadde mange trekk som kan minne om nasjonalisme (jf. göticismen, forsvenskinga av Skåne, Halland og Blekinge). Den nye nasjonsoppfatninga som oppstod etter tapet av Finland i 1809 hadde ein skilnad fyrst og fremst i høve til språkminoritetar på slutten av 1800-talet; det var no eit mål å homogenisere og assimilere. Purismen imot dansk-norsk på byrjinga av 1900-talet kan òg seiast å representere noko nytt – ein kulturnasjonalisme med ei nasjonsoppfatning som ikkje la så stor vekt på det territorielle og statspolitiske, men meir på etniske eigenskapar og kulturelle objekt. Samstundes var det ein kulturnasjonalisme som var nært knytt til statleg nasjonsbygging. Igjen er det tale om

ein kontinuitet. Det er såleis ikkje heilt presist å seie at purismen fekk ei *særleg* kraft under nasjonalismen, men der skjedde nokre modifiseringar.

Færøysk

Den færøyske nasjonalistrørsla spela ei viktig rolle for profilen som færøysk rettskriving fekk etter normeringsstriden på 1890-talet (jf. kap. 7.3). Gjennom purisme fekk ein presisert dei sidene ved språket som kunne markere grenser, historisitet og nasjonal autentisitet. Eit anna aspekt som er poengtert seinare, er autonomi; at færøysk skal kunne normerast på ein så sjølvstendig måte som råd er, og at ikkje det heimlege ordlagingsmønsteret skal verte øydelagd.

I færøysk har nasjonalismen stått sentralt også i perioden etter 1945. I desse tiåra har der vore ein samanheng mellom purisme og nasjonalistisk orientering (t.d. avisa *14. september*), medan dei som har vore interesserte i å halde på sambandet med Danmark lenge var mindre puristiske (t.d. representert gjennom avisa *Dimmalætting*). Denne koplinga mellom politisk nasjonalisme og purisme finn vi fram til 1980-talet.

På 1990-talet har det nasjonale spørsmålet vorte intensivert gjennom spørsmål om sjølvstyre eller samband med Danmark. Samstundes verkar det som om den politiske nasjonalismen er frikopla frå purismen. Det er ikkje grunnlag for å hevde at avisa *Dimmalætting* er mindre puristisk, eller at tilhengjarar av samband med Danmark er vesentleg mindre opptekne av færøysk språk. I staden ser det ut som om det gradvis har utvikla seg ein kulturnasjonalisme med færøysk språk som “upolitisk” symbol for alle færøyingar. På denne måten kan det verke som om tilhøvet mellom purisme og nasjonalisme vert styrkt (jf. hypotese 8).

Norsk

Både i nynorsk- og bokmålspurismen har der vore klare innslag av nasjonalistisk tenking. Alle fem normeringsstrategiane på 1800-talet (rein dansk, dansk-norsk språkkonservatisme, målreising, fornorsking og tilnærming) opererte i realiteten innanfor ei nasjonalistisk forståingsramme (jf. kap. 8.3.2). Derimot var innhaldet og intensiteten i nasjonalismen ulik. Hos rein dansk-tilhengjarane var dei nasjonale argumenta for purisme ikkje så viktige som puritas-ideala, og færre nytta språket som symbol på nasjonen (8.3.2.1). Vi finn likevel også der tilvisingar til det nasjonale. Talsmennene for dansk-norsk språkkonservatisme meinte det var innanfor eliten – den danna delen av folket – at nasjonaliteten kunne kome til uttrykk (8.3.2.2). Dermed meinte dei at deira normeringsprosjekt var meir nasjonalt enn det Ivar Aasen stod for, og såg det som nasjonalt legitimt å halde bygdemålsformer utanfor normalen. I landsmålsrørsla var utbreiing i bygdedialektar (dvs. i talemålet åt det “eigentlege” norske folket) og

historisk tilvising til gamalnorsk kriterium på kva som var rein norsk (8.3.2.3). Hos Knudsen stod dei nasjonal-demokratiske aspekta særleg sentralt; forståing og bruk i danna daglegtale skapte eit nasjonalt normeringsideal (8.3.2.4). Innanfor tilnærming-lina var prosjektet å få til ei språkleg (og nasjonal) samling (8.3.2.5). Det ureine var yttarleggjåande språktrekk i kvar av målformene, og kunne bryte samlingsprosjektet.

Nasjonalisme er ikkje den einaste ideologien som kan koplast til normeringsstrategiane, men gav føringar for korleis ein agerte.

Fornorskingspolitikken overfor samar og finsktalande seier òg noko om makt og nasjonalisme. Jamvel om der ikkje var ein open statsstyrd purisme overfor kvensk og samisk, er det rimeleg å sjå den lokale purismen i Nord-Troms og Finnmark imot kvenske og samiske innslag i norsken som vart nytta i området der, som refleksar av den meir allmenne fornorskingspolitikken frå staten (jf. kap. 8.3.4).

Konklusjon

Hypotesen må seiast å ha fått støtte frå den historiske gjennomgåinga. Det viser seg rett nok at svensk nasjonalisme i større grad viser ein kontinuitet, men òg der fekk ein nokre nye vinklingar på 1800-talet, t.d. overfor minoritetsspråka.

9.5 Heimlege tradisjonar eller påverknad utanfrå?

Hypotese 6

Utforminga av purismen i kvart av dei nordiske språka er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå

Då dei store europeiske nasjonalspråka vart vidareutvikla og standardiserte på 1400-, 1500- og 1600-talet framstod latinsk språk og romersk retorikk som førebilete. Såleis finn vi i dansk, svensk, nederlandsk, tysk og fleire andre språk påverknad frå latinsk syntaks og stil (jf. kap. 3.3.1). Denne påverknaden var knytt til ei førestelling om latin som “det reine språket”: Dess meir latinpåverka stilen var, dess reinare var han.

Etter kvart utvikla det seg meir nasjonalspråklege ideal. Men framleis kom det påverknad utanfrå i måten ein tenkte reint språk på, og Tyskland vart ei viktig inspirasjonskjelde.

Dansk

Dansk purisme henta tidleg mønster frå tysk purisme. Det ser vi alt i samband med bibelomsetjinga som skulle haldast så nær den tyske bibelomsetjinga som råd var (jf. kap. 5.3.1). Tyske morsmålselskap og tysk morsmålsretorikk påverka dansk stilistikk på 1600-talet (jf. kap. 3.4.2), og på 1700-talet var danske puristar influerte av tilsvarende språkrensingar i det tyske språkområdet (jf. kap. 5.3.3). Dei fleste avløyarsord for latinske og franske ordformer var då òg omsetjingslån frå tysk. Det er knapt noka overdriving å kalle dansk purisme på denne tida for ein variant av den tyske. Årsaka til denne orienteringa var dels den nære tilknytninga til Tyskland (mange lærde reiste til Tyskland for å studere) og dels at tyskarar hadde vist veg med å bruke morsmålet om emne som tidlegare var reservert for latin og fransk. Fyrst kring midten av 1800-talet, då Tyskland og tysk vart oppfatta som trugsmål, retta ein skytset imot tysk (jf. kap. 5.3.7).

Svensk

Den store svenske språkpatristiske sjølvhevdninga på 1600-talet, göticismen, fell inn i eit felles europeisk mønster med tilsvarende språkpatristiske ytringar i andre europeiske land (Danmark, Tyskland etc.) der ein kappast om å ha det mest prestisjefulle språket (jf. kap. 3.3.1).

Som i Danmark gav tysk eit mønster. Sverige orienterte seg på same tid noko meir mot det franske enn kva Danmark gjorde. Opprettinga av Svenska Akademien i 1786 skjedde etter franske førebilete, og målet for akademiet – å arbeide for det svenske språkets “renhet, styrka och höghet” – svara til mottoet åt det franske akademiet. Ein finn òg tildriv frå den engelske opplysningstradisjonen (og tidsskriftet *Spectator*) gjennom det puristiske programmet i *Then Swenska Argus* på 1700-talet (jf. kap. 6.3.2).

Tilhøvet mellom den svenske og den danske statsmakta har tradisjonelt vore kjøleg, og ein har i Sverige vore oppteken av å markere seg imot Danmark, også språkleg. Dansk som positivt førebilete finn vi fyrst på 1940-talet gjennom påverknaden frå Dansk forening til nordisk sprogrøgt, som inspirerte til opprettinga av ei svensk språknemnd i 1944 (jf. kap. 6.3.9).

Færøysk

Den færøyske purismen har fått mykje påverknad frå islandsk språkrøkt. Dels er islandsk nytta som inspirasjonskjelde for å i det heile drive med nyordlaging, og dels har islandske røynslar gitt idéar for korleis ein skal løyse konkrete ordlagingsproblem (jf. kap. 7.3.5). Islandsk-orienteringa er ikkje heilt konsekvent gjennomført, då ho ikkje har hatt full folkeleg oppbakking. Som retningsline for normering har islandsk

likevel vore suveren. Nynorsk målreising hadde ein viss påverknad, men frå 1920-talet av og framover har ikkje nynorsken vore noka stor inspirasjonskjelde.

Norsk

Av puristisk påverknad utanfrå er dei retoriske mønstra frå puritas-idealet til stades, både i rein dansk-purismen, den dansknorske språkkonservatismen og målreisingspurismen. Verdt å merke seg er kor problematisk den nordisk-orienterte språkreinsinga i tidsskriftet *Saga* vart etter 1814 (jf. kap. 8.3.2.1). På grunn av dei nye politiske tilhøva kunne ein ikkje lenger så lett nytte dei språklege ideala som var baserte på danske tilhøve. Dansk purisme kom like fullt til å ha ein påverknad utover på 1800-talet, ikkje berre i rein dansk-purismen og språkkonservatismen: Også Knud Knudsen refererte til danskar i argumentasjonen imot leksikalske innslag frå tysk og nedertysk (jf. kap. 8.3.2.4).

Den nynorske purismen viser parallellar med målreisingspurisme i t.d. færøysk, tsjekkisk, vest-frisisk etc. Der har likevel ikkje vore mykje direkte tilvising til desse blant nynorskfolket (eit unntak gjeld i høve til færøysk). Islandsk purisme vart aldri noko mønster. Der er generelt vanskeleg å sjå så konkrete inspirasjonskjelder utanfrå for nynorskpurismen (jf. kap. 8.3.2.3).

For båe målformene gjeld det at ein til tider har vist til svensk for tilpassingar av lånord (jf. kap. 8.5).

Konklusjon

Hypotesen er at purismen i stor grad er utforma etter mønster utanfrå. Vi finn klåre spor frå utanlandske språksamfunn i utforminga av purismen særleg på 1600- og 1700-talet for dansk og svensk, likeins for færøysk på 1800-talet. Klårast er spora i dansk og færøysk som kan seiast å vere variantar av høvesvis tysk og islandsk purisme. For nynorsken er der parallellar til andre språksamfunn, men påverknadfaktorane er meir diffuse. Samstundes vendte dansk purisme seg etter kvart imot tysk, og den færøyske purismen hadde ikkje nok støtte på Færøyane til å kunne gjennomførast på islandsk manér. Vi ser såleis meir eit samspel mellom heimlege tradisjonar og påverknad utanfrå.

Hypotesen må derfor presiserast: Utforminga av purismen i dei nordiske språka er i stor grad utvikla gjennom mønster henta utanfrå kvart einskild språksamfunn, men har fått ei spesiell utforming gjennom heimlege tradisjonar og føresetnader.

9.6 Purisme og engelskpåverknad

Hypotese 7

Det har skjedd ei intensivering av purismen på 1980- og 1990-talet, særleg i dei skandinaviske språksamfunna, på grunn av engelsk-påverknad.

Dansk

I normeringslitteratur har det danna seg ei oppfatning om at Danmark er det minst puristiske av dei nordiske språksamfunna (jf. kap. 5.1). Men jamvel om Danmark legg større vekt på ususprinsippet, er ikkje skilnaden så enorm som ein stundom kan få inntrykk av. Det har i dansk opinion vore ei interesse for engelskpåverknad som neppe står tilbake for interessa i andre land (jf. kap. 5.4.3). Det er elles ingenting som tyder på at det finst monaleg fleire engelske lånord i dansk enn i dei andre skandinaviske språka (jf. kap. 4.3). Dessutan har *Retskrivningsordbogen* hatt restriksjonar til inntak av engelske lånord, og der har vore ein politikk for å halde fleirtals-s ute av rettskrivinga (jf. kap. 5.5).

Noko som derimot har særmerkt dansk, er den liberale haldninga som danske språkvitarar og normgivarar har gitt uttrykk for (jf. kap. 5.4.4). Her ser vi òg det særmerkte ved haldningsendringa på 1990-talet. Det er nettopp framstående språkvitarar som då har teke opp spørsmålet om engelsk i dansk, og ein del av dei har argumentert puristisk. Av dei skandinaviske språksamfunna er det ingen land det har kome så mykje vitenskapleg litteratur om engelskpåverknad som i Danmark på 1990-talet. At Dansk Sprognævn, etter samråd med kulturministeren, arbeider med formulere strategiar for ein dansk språkpolitikk i eit meir internasjonalt samfunn der engelsk dominerer, tyder òg på ei haldningsendring (jf. kap. 5.4.4). Vi ser òg fleire oppslag i aviser om engelskpåverknad.

For normeringspraksisen på 1990-talet er det lite som tyder på at ein har sett i gang eller vil setje i gang tiltak som skal innebere meir nyordlagning, meir ortografisk purisme eller strengare morfologisk purisme.

Svensk

Svenske språkvitarar og normeringsorgan var tidlegast ute i Norden med å setje engelskpåverknad på prosjektkartet (jf. kap. 6.4). Såleis kom det i Sverige alt på 1980-talet i gang eit forskingsprosjekt om engelskpåverknaden, det vart arrangert ein større konferanse, og Svenska språknämnden organiserte ein haldningskampanje om bruk av engelsk vs. svensk i Sverige. På 1990-talet har fleire språkvitarar engasjert seg i spørsmålet om domenetap for svensk, og i 1998 fekk Svenska språknämnden i oppdrag frå regjeringa å arbeide ut ein handlingsplan for svensk språk.

Det er vanskeleg å sjå ei *generell* intensivering av purismen. Svensk har gjennom heile etterkrigstida ført ein moderat purisme der tilpassing til svensk ortografi og morfologi er nokre av dei tiltaka som har vore ført mot lånord. Fleire lån frå engelsk har ført til nye utfordringar for den ortografiske og morfologiske tilpassinga, men det ein har gjort av tilpassingar, har like fullt i hovudsak vore ei vidareføring og fornying av tidlegare puristisk politikk (jf. kap. 6.3.4, 6.5). Det som derimot er nytt pga. merksemda kring engelskpåverknad, er eit breiare offentleg ordskifte om språkpolitikk. Det viser seg mellom anna gjennom Svenska språknämndens *Förslag till handlingsprogram för att främja svenska språket* (jf. kap. 6.4).

Færøysk

Det er vanskeleg å sjå noka intensivering av færøysk purisme som fylgje av engelskpåverknad og diskusjonen kring honom. Den færøyske purismen har vore såpass retta imot dansk at til og med merksemda om anglisismar har vore kopla til dansk (jf. kap. 7.1). Tendensen har elles vore meir pragmatisme i normeringa. Pragmatismen tyder ikkje nødvendigvis at purismen er svekt – det er meir tale om at færøysk står så solid at ordboksarbeid og språkleg rettleiing kan få ein annan profil.

Norsk

Då ein i Noreg på byrjinga av 1990-talet sette i gang “Aksjonen for språkleg miljøvern”, skjedde det ei fokusering av purismen imot eitt språk, engelsk. Fokuseringa var såpass intens, at ho også aktualiserte purisme som normeringsprinsipp. At det offisielle normeringsorganet tok til å diskutere purisme prinsipielt (jf. Simonsen 1997), kan sjåast i ein slik samanheng.

Når Norsk språkråd på 1990-talet gjorde tiltak for ortografisk og morfologisk tilpassing av lånord (særleg engelske), var ikkje det noko heilt nytt. Ein hadde tradisjonar for det tilbake frå 1800-talet. Likevel er det tydeleg at tildrivet for dette tilpassingsarbeidet kom frå den merksemda som hadde vore på engelskpåverknaden.

Konklusjon

Hypotesen er at purismen har fått auka intensitet i samband med handteringa av engelskpåverknad.

Vi merker oss at det i alle språksamfunna – med unntak av det færøyske – har kome ei sterkare merksemd på engelskpåverknad i løpet av 1980- og 1990-talet. I den fyrste fasen var det korpuspåverknaden som stod i fokus, og særleg i norsk og svensk språkdebatt kom der puristiske utsegner. I tillegg til det vi kan karakterisere som puristiske utsegner, har purisme som normeringsideologi vorte meir diskutert både i

Danmark, Noreg og Sverige. Problematiseringa av purismen på Færøyane viser seg å ha skjedd uavhengig av diskusjonen om engelskpåverknad.

At purismen er aktualisert i dei skandinaviske språksamfunna, vil ikkje seie at der har skjedd ei vesentleg meir restriktiv normering i løpet av 1980- og 1990-talet. Der er heller ikkje noko som tyder på at merksemda på engelsk har gjort engelskpåverknaden mindre. Derimot er det, ut frå språkdiskusjonen, grunnlag for å meine at der er ein samanheng mellom merksemda om engelskpåverknad og aktualisering av purisme. At purisme har fått ein framståande plass i språkdiskusjonen i alle dei skandinaviske landa, er nytt i høve til t.d. byrjinga av 1980-talet.

For å gi eit meir utfyllande svar på om purismen er intensivert, må vi vurdere språkhaldningar og faktisk språkbruk på eit breiare plan. Det har det ikkje vore høve til her. Konklusjonen vert at hypotesen ikkje står solid, men like fullt ikkje er falsifisert for dansk, svensk og norsk. Færøysk utgjer eit klårt avvik.

Hypotese 8

Fokuseringa på engelskpåverknad på 1980- og 1990-talet heng saman med større merksemd om nasjonale spørsmål.

Dansk

Medan mange danske forfattarar og intellektuelle på 1970-talet ville dekonstruere førestellingar om dansk eigenart og nasjonalitet som falsk ideologi, vart haldninga noko annleis utover på 1980- og 1990-talet. Det kom då i gang forskning og fornya diskusjon om spørsmål ved dansk identitet og nasjonalitet. Også hos dei som diskuterte engelskpåverknad på 1990-talet, ser vi tilvisingar til dansk identitet, og ein aksept for tanken om at dansk nasjonalitet faktisk var verksam blant folk i Danmark (jf. kap. 5.4.5). I aviser kopla ein anglifisering med amerikanisering. Derimot var dei som var særleg opptekne av nasjonale spørsmål (t.d. i samanheng med EU-avrøystingane, jf. Juni-bevægelsen), ikkje spesielt opptekne av språkspørsmål. Generelt verkar det som om det var diskusjonen om tilknytning til EU, den veksande innvandringa og generelle internasjonaliseringsspørsmål, og ikkje språkspørsmål, som var drivkrefter for diskusjonen om det nasjonale.

Svensk

Patrik Hall skriv i *Den svenskaste historian* (2000:278) at pga. at Sverige har hatt ein nokså effektiv homogeniseringspolitikk og ikkje har opplevd ytre trugsmål, vart den svenske nasjonalismen langt på veg “usynleg” dei fyrste tiåra av etterkrigstida. Han

var der, internalisert gjennom ideologien om “folkhemmet”, men dei færreste var medvitne om honom. På same måten kan vi tolke svensk purisme: Fram til 1990-talet var retorikken kring svensk språknormering i stor grad dominert av “rasjonelle” og “ikkje-nasjonalistiske” argument. Lånord kunne vere problematiske av di dei var vanskelege å forstå, vanskelege å tilpasse svensk språkstruktur etc., ikkje av di dei var symbol for noko usvensk, og heller ikkje av di det eventuelt var viktig å take vare på svensk språk.

På 1990-talet har det skjedd ei endring. Det kom eit offentleg ordskifte om vilkåra for at svensk skulle overleve som sjølvstendig språk og om verdien av eit svensk standardspråk. Ein tala om ein nasjonal språkpolitikk, og viste til trugsmål frå engelsk.

Utover på 1990-talet er det fyrst og fremst statusen for svensk som har stått i fokus. Merksemda på korpuspåverknad har ikkje vore så framtreddande.

Færøysk

I og med at det dei seinare åra ikkje har skjedd noka aktualisering av færøysk purisme imot engelsk, og heller ikkje kome noka større merksemd om engelskpåverknad, stemmer ikkje denne hypotesen for færøysk.

Det må samstundes, som vi var inne på i hypotese 5, leggjast til at ein på 1990-talet kan sjå ei endring av måten språk og nasjonalisme vert kopla på: Færøysk språk er i større grad vorte eit felles kulturnasjonalt symbol. Det er i den samanhengen lite som tyder på at purismen er i ferd med å verte svekt, snarare tvert om.

Norsk

Vi ser i norsk språkdebatt ei tydeleg tilvising til det nasjonale i åtvaringane mot engelsk både på 1980- og 1990-talet. Det kom ikkje minst fram i “Aksjonen for språkleg miljøvern”. Også i andre samanhengar kom der eit sterkare fokus på nasjonale spørsmål på 1980- og 1990-talet. (Det såg ein mellom anna under OL på Lillehammer i 1994, folkeavrøystinga om norsk EU-medlemskap og i samband med reformarbeidet i skulen. Den omfattande forskinga og akademiske diskusjonen kring nasjonalisme på 1990-talet høyrer òg med her.) Det må eggjast til at ein i Noreg gjennom fleire tiåra har hatt ei sterkare eksplisitt vektlegging av det nasjonale; det har ikkje vore så tabuisert som i Danmark og Sverige (jf. Tønnesson 1993:367). Det heng igjen truleg saman med den forma for nasjonalisme ein har hatt i Noreg; han har ikkje kome så sterkt ovanfrå som i Danmark og Sverige, men meir nedanfrå gjennom folkeleg mobilisering.

Konklusjon

Den engelske sosiologen Michael Billig skriv i *Banal Nationalism* (1995) at nasjonalismen er vorten ein så sjølvsgad del av tenkjemåten og handlemåten i fleire samfunn at han framstår som “banal”. Refleksjonen kjem fyrst når nasjonaliteten vert utfordra, t.d. gjennom innvandring, kulturmøte, språkkontakt og deltaking i internasjonale organ som EU, der ein må overføre suverenitet. Billig teiknar eit bilete som fyrst og fremst skildrar dei gamle nasjonalstatane (der det ikkje har vore “nødvendig” med ei så sterk markering av nasjonaliteten). Like fullt får det òg med utviklingstrekk i andre samfunn. På 1980- og særleg 1990-talet vart fleire av dei nasjonale trekka tydeleggjorde gjennom omveltingar, t.d. endringar i mediestrukturen (med oppløysing av kringkastingsmonopol), Internett, innvandring, etniske og nasjonalistiske konflikter i ulike delar av verda, endringar i velferdsstaten etc. Gjennom omveltingar kjem etablerte strukturar og verdiar til synes. Det som tidlegare var “sjølvsgagt” viser seg å ikkje vere det likevel. Den merksemda vi fekk på nasjonale spørsmål på 1990-talet kan forståast ut frå denne samanhengen.

Nasjonale spørsmål har generelt fått sterkare merksemd i heile Europa i løpet av 1980- og 1990-talet. Såleis kan merksemda om engelskpåverknad og nasjonale spørsmål i og for seg sjåast uavhengig av kvarandre. At det skjer ei kopling mellom dei to fenomena tyder ikkje nødvendigvis at der er ein kausalsamheng der det eine heng saman med det andre. Her talar vi òg om ei utvikling som har gått føre seg i løpet av dei seinare åra, og som derfor er særleg vanskeleg å vurdere utfallet av. Dermed vert denne hypotesen eigentleg uråd å vurdere ut frå det makroorienterte perspektivet som er valt her. For å setje søkjelyset på komplekse samanhengar mellom språk- og samfunnutvikling, har hypotesen like fullt vore innsiktsgivande.

9.7 Purisme i høve til språkinterne faktorar

Denne studien har fokusert på språkeksterne faktorar for motstand mot språklån. Dersom vi også skulle ha teke føre oss dei språkinterne grammatiske restriksjonane som kan liggje i fonologi, morfologi, syntaks etc., kunne vi ha arbeidd ut ein hypotese om korleis språkinterne faktorar verka i høve til språkeksterne faktorar (deriblant purisme). Ei slik utviding av studien ville verte for omfattande. Såleis er det her meir tale om å få fram ein del moglege relasjonar mellom dei to faktorane.

Dansk

At dansk på 1700- og 1800-talet fekk ein god del omsetjingslån for franske og latinske nemningar, var resultat av medvitne puristiske val.

Det same var tilfellet då dansk i 1892 fekk retningsliner for ortografisk tilpassing av ein del lånord, særleg franske. Då laga ein ikkje retningsliner for lån frå engelsk – av di dei var så fåe. Heller ikkje seinare har ein fått slike retningsliner. Denne mangelen, som skuldast språkeksterne faktorar, er truleg ei viktig forklaring på kvifor engelske ord i langt mindre grad er tilpassa til dansk ortografi.

I motsett lei peikar dei komplekse tilhøva mellom uttale og skrift i dansk; desse har gjort det lettare å godtake framande skrivemåtar, av di språkbrukarane er så vane med avvik mellom tale og skrift. Her vil eigenskapar ved skriftnorma tydelegvis vere med på å forklare den veike ortografiske purismen i dansk. No kan ein på den andre sida hevde at også skriftnorma er eit resultat av dei språkpolitiske vala som faktisk er gjorde i Danmark. Likevel kjem ein ikkje vekk frå at det mønsteret som er etablert, faktisk eksisterer, og at så lenge ein ikkje gjer dei språkpolitiske vala, har ein ei føring for korleis ortografien skal handsamast. Det tyder i så fall på at der eksisterer visse “indre” faktorar i form av analogi.

Dei danske røynslene viser elles at det ikkje treng å vere nokon nær samanheng mellom ortografisk og morfologisk tilpassing (ein samanheng som fleire har vore opptekne av, jf. Graedler 1996:75). Den morfologiske tilpassinga i dansk har nemleg ikkje ført til ei tilsvarande ortografisk tilpassing.

Svensk

Også i Sverige har det gjennom fleire hundre år vore ført ein medviten purisme. At svensk tidleg fekk ein konsekvent ortografisk og morfologisk tilpassingspolitikk for lånord, er døme på det. Dermed fekk ein ei rettskriving som gav støtte for ortografisk og morfologisk purisme.

Jamvel om argumentasjonen imot lånord og lånte former særleg på 1900-talet har fokusert på såkalle “rasjonelle” problem med uttale, skrivemåte, bøyingsstilpassingar, og ein i stor grad har unngått å vedkjenne seg eit puristisk program, har også den “rasjonelle” normeringsideologien klåre puristiske trekk.

Færøysk

Færøyske puristar har ikkje så sjeldan vist til den etymologiske rettskrivinga, den komplekse bøyingsmorfologien og den motiverte ordlaginga som medverkande årsak til at ein har fått færre lånord enn dei skandinaviske språka. I hovudsak har ein likevel lagt vekt på den språkpolitiske sida, og aldri redusert motstanden imot lånord til ein refleks av språkinterne faktorar. Det er i staden tale om både språkinterne og språkeksterne faktorar.

Det er grunn til å tru at færøysk som kasusspråk med rikt bøyingsssystem krev ei omfattande morfologisk tilpassing av lånorda. Derimot er det ikkje grunnlag for å tru at bøyingssystemet skal halde lånord ute – det er *tilpassinga* som er analogiregulert.

Utelatinga av bokstavar som *c*, *w*, *x* og *z* frå alfabetet *kan* vere med på å halde visse framande ord ute, eller stiller i alle fall krav om ortografisk tilpassing (jf. kap. 7.5.1). I så fall vil språkforma truleg verke bremsande på lånord. På den andre sida skuldast utelating av bokstavane nettopp ein puristisk språkpolitikk.

Norsk

At ein i nynorsk har freista å unngå “anbeheitelse”-ord, skuldast ikkje eigenskapar ved nynorsken i seg sjølv, men medvitne val hos dei språkpolitiske aktørane. Det same er tilfellet med den tilpassinga av danske ord som har skjedd i *bokmålet*. Når ein har skapt om det danske språket til eit bokmål med meir eller mindre norske former, er det språkpolitikk som ligg bak. Det same gjeld den formelle tilpassinga av språklån.

Det skal ikkje underslås at den rettskrivinga Aasen konstruerte (og som la stor vekt på indre samanheng og etymologi) kunne gi føringar i retning purisme som Knud Knudsens meir pragmatiske, synkrone og mindre systematiske rettskrivingsframlegg ikkje gjorde. Det vil då rett nok vere ideologien kring rettskrivingane som seier noko om purismen, men utan rettskrivingane hadde ein heller ikkje hatt ideologiane. Som nemnt ovanfor kan ein då tenkje seg at Knudsens ekstreme ordpurisme ville vere vanskeleg å kombinere med hans rettskrivingspragmatisme.

Konklusjon

Studien gjer det tydeleg at purismen har spela ei viktig rolle i høve til språkinterne faktorar. Det er såleis ikkje grunnlag for det synet Oddrun Grønvik (1991:161–162) har forfekta om at ideologisering kring purismespørsmålet meir er uttrykk for “etterpåklokskap” (jf. drøftinga i kap. 1.4).

Samtidig skal vi vakte oss frå å forstå all motstand imot framande språkinnslag som avspegling av ideologi. Det er trekk ved fonetikk, syntaks, morfologi, ortografi og leksikon som ikkje kan plasserast i høve til språkstyring og puristisk ideologi. I tillegg er låneprosessen ein viktig faktor: om ordet kjem gjennom skrift eller tale, kor lenge innlåningsfasen varer, utbreiing av ordet, stilistisk og pragmatisk funksjon, marknadsføring, strukturell kompleksitet etc. (jf. Chrystal 1988:16f., Graedler 1998:48f., Graedler 1996:68, Jarvad 1995:84f.). Erik Hansen (1985) har gjort ein analyse av direkte lån og omsetjingslån i *Nye ord i dansk 1955–75*, og viser der at lange samansette ord frå engelsk i stor grad vert omsette, medan korte ord i større grad vert lånte direkte. Slik Hansen ser det, vert dei lange samansetjingane for vanskelege å handtere

på dansk, medan dei korte rotorda vert for vanskelege å omsetje. Der vil også vere andre språkstrukturelle faktorar som spelar inn, særleg i lydverket (jf. sst.).

Her skal vi sjå nærmare på korleis *analogi* kan verke inn: For det fyrste må vi gå ut frå at både den medvitne språkpolitikken og dei generelle utviklingstrekka er med på å skape eit *mentalt skjema* for korleis språket skal sjå ut. Sidan færøysk og til ein viss grad nynorsk har vore så fokusert på purisme overfor visse ordlagingsformer, er det rimeleg å vente at brukarane av språka ut frå sine mentale skjema automatisk vil kode om visse lån (t.d. “anbeheitelse”-ord) til noko som høver med heimleg språkstruktur, dvs. at skjemaet fungerer som eit puristisk filter. Slik kan ein òg tenkje seg den ortografiske tilpassingspolitikken som Norsk språkråd har vedteke i høve til importord, vil fungere (jf. Sandøy 1997 og 2000). Dersom politikken vert internalisert av språkbrukarane, kan han på sikt fungere som eit filter for omdanning av nye lån til “norsk” skrivemåte. Manglande tilpassingspolitikk i dansk kan på si side forståast som mønster for å unngå omdanning av nye lån til “dansk” skrivemåte.

I slike tilfelle er der ingen skilnad på effekten av purisme og språkinterne faktorar – det er meir tale om internalisering av dei fastsette normene.

Vi kan her gå vegen om islandsk. Jón Hilmar Jónsson skriv om korleis mønstra i islandsk etter hans syn fungerer som forsvarsmekanismer imot språklån:

Det spørs om ikke denne sterke tendensen til “gjennomsiktig orddannelse” [som finnes i islandsk] langt på vei er en effektiv forsvarsmekanisme i seg selv mot tilførsel av ugjennomsiktig, fremmed ordtilfang uavhengig av bevisst puristisk innstilling eller fordømmelse av utenlandsk språkpåvirkning. Dette inntrykket styrkes av den måten språket stundom reagerer på overfor fremmedord som i sin opprinnelige form oppfattes som avledninger eller sammensetninger. Slike ord møter som regel mye sterkere motstand enn de som blir oppfattet som usammensatte ord. Det gjelder ord som *tele-visjon*, *telefon* og *mikroskop*, foruten en rekke fremmede prefikser og suffikser som har stått mer eller mindre utenfor det islandske ordforrådet (ledd som *de-*, *kon-*, *-sjon*, *-isme* osv.). Det forekommer at slike ord blir forkortet, og dermed reduseres faren for at de tildeles “falsk gjennomsiktighet”: *helikopter/kopti*, [...] *registur/gistur*, *gisti*. Men språket kan også reagere ved å danne forståelige strukturer og gi fremmedordene hjemlig karakter. (Jón Hilmar Jónsson 1988:25.)

No kan ein gå Jón Hilmar Jónsson i rette ved å seie at den analoge tendensen til gjennomsiktig orddanning meir er eit aspekt ved ein medviten og styrt språkpolitikk enn ein eigenskap ved islandsk språk i seg sjølv. (Kjartan G. Ottósson har gjort greie for den medvitne purismen i *Íslensk málhreinsun* [1990].) Likevel har Jón Hilmar Jónsson eit poeng, og det kjem fram når den medvitne politikken er etablert. Som nemnt ovanfor vil dei puristiske mønstra verke til å automatisere ein språkbruk som i meir eller mindre grad svarar til puristiske ideal.

Når det gjeld prinsippet om gjennomsiiktig orddanning, har ein i nordisk språknormering lagt vekt på språksosiale sider – på forståingsargumentet (jf. Dahlstedt 1962), dvs. på purisme. Det har George Thomas gått til åtak på i *Linguistic purism* (1991:52), han meiner argumentet er basert på ein hypotese som er uprova. Ein som har freista å gå utanom dei puristiske og ikkje-puristiske argumenta, er i denne samanhengen Johan Myking. I artikkelen “The concept of ‘motivation’ in terminology” (1997b) drøftar han motivasjonsomgrepet, og peikar på at medan tidlegare forskning har lagt hovudvekta på morfologisk motivasjon, har kognitiv lingvistikk i større grad sett på motivasjon som eit tekstuelt, kontekstuelt og kulturelt fenomen. Motivasjon kan sjåast på som eit ideal for å gjere kommunikasjon betre, og ut frå intersubjektive normer for samhandling vil der blant språkbrukarane vere eit strev for å oppnå eit slikt ideal. Motivasjonsprinsippet (og ikonitetsprinsippet) kan, ut frå denne forståinga, jamførast med Grice sine samtalemaksimar (særleg kvantitetsprinsippet, måteprinsippet og relevansprinsippet), og knytast til dei same kommunikasjonsideala og den same mentale tolkingsprosessen. I så måte vert det tale om automatisering av mønster som alt er til stades; det vil i så fall svare til det vi tidlegare har vore inn på om analogi.

Hovudpoenget – at ein ikkje kan fråtake purismen ei viktig rolle – står like fullt fast.

9.8 Purismen og allmenn teori om språknormer og språknormering

Denne studien har òg som mål om å vinne innsikt om purisme i høve til språknormering generelt. Det er utgangspunktet for den sjette problemstillinga.

Ut frå arbeidet med normeringsteori og med dansk, svensk, færøysk og norsk språknormering, har vi alt gjort nokre konklusjonar om sosiolingvistiske funksjonar som purismen har (solidaritet, separasjon, prestisje), om rolla purismen spelar i språkstandardisering, om tilhøvet mellom purisme, makt og nasjonalisme, om internasjonale påverknadsfaktorar for purisme og om purisme i handteringa av engelskpåverknad. I desse konklusjonane ligg der generaliseringar som har normeringsteoretisk relevans: Dei påstår noko om korleis normering går føre seg. Vi skal ikkje her take opp att konklusjonane, men viser til handsaminga av hypotesane ovanfor.

Som studien viser, har historiske føresetnader spela ei vesentleg rolle for utviklinga av purismen. Puritas-tradisjonen frå romersk retorikk er døme på det. Liknande reinleikskrav og språkreinsing kan ein derimot finne også utanfor Europa, t.d. i kinesisk og arabisk skriftradisjon. Purismen vi har studert i dansk, svensk, færøysk og norsk kan såleis seiast å gå inn i ein verdsomspennande tradisjon. Men framleis veit vi for lite om kva som er grunntankar og grunnhaldningar ved idealet om

det reine språket. For å kome nærmare ei slik innsikt, vil ei løysing vere å gå utanom Europa, og granske korleis tanken om det reine er knytt til språk i ulike samfunn. Også språk utan purisme, eventuelt med ekstremt svak purisme, vil det vere interessant å trekkje inn i ein slik samanheng. Det trengst altså fleire komparative studiar. Ei anna utfordring gjeld teoriutviklinga. Komparasjonar føreset allmenne tilnæringsmåtar som det er mogleg å trekkje allmenne slutningar av. Såleis har normteori ein viktig funksjon.

9.8.1 Konstitutive og regulative normer

Då vi tok opp normomgrepet i kap. 2.4, festa vi oss særleg ved skilnaden mellom fastsette og internaliserte normer. Desse omgrepa seier noko om prosessen frå det som kan vere eit puristisk utkast (fastsett norm) til det som kan fungere rettleiande på språkbruken (internaliserte normer).

Det er òg mogleg å nærme seg normomgrepet frå ein synkron synsvinkel. Synkront kan vi skilje mellom to grunnleggjande normtypar, såkalla konstitutive og regulative normer.²³⁴

Konstitutive normer er normer (og reglar) som gjer det mogleg med ei viss type erkjenning eller handling; dei er nødvendige for at handlinga i det heile skal finne stad. Døme frå den utanomspråklege verda er spelereglar i sjakk eller backgammon – utan reglane vert spela meiningslause. Konstitutive normer definerer ein praksis, dvs. dei fastset kva for aktivitetar og handlingar som er sosialt relevante (jf. Bartsch 1987:172). Overført til språk kan vi seie at konstitutive språknormer er normer som gjer det mogleg med ein viss type språkbruk eller språkbruk generelt. Det er i hovudsak tale om den tause, internaliserte semja om kva som er meiningsfull, mogleg og relevant språkbruk, t.d. innanfor syntaks, semantikk, pragmatikk etc.

Regulative normer skil seg frå dei konstitutive ved at dei i og for seg ikkje er nødvendige; dei er meir hjelpemiddel for å oppnå handling og erkjenning. Vi kan tenkje oss at rettskrivingsreglar og uttalereglar er døme på regulative normer (jf. Gullvåg 1991:23).

Skiljet mellom konstitutive og regulative normer seier noko om kva for normer som er primære (konstitutive) og kva normer som er sekundære (regulative).²³⁵

Verkar så purismen konstitutivt eller regulativt? Dersom det er tale om språkbruk generelt – om kommunikasjon mellom menneske i dei danske, svenske, færøyske og

²³⁴ Skiljet mellom det konstitutive og det regulative vart fyrst formulert av Kant; seinare vart det aktualisert av John Rawls og av John Searle (1990:33) (jf. Gullvåg 1991:22).

²³⁵ Etter John Searle (1990) sin språkhandlingsteori kan konstitutive normer klassifiserast som kvalifiseringar (språkhandlingar som i seg sjølve definerer røyndomen), medan regulative normer er direktivar (retta mot mottakaren for å påverke haldningane og handlingane hans).

norske språksamfunna – er det klart at purismen ikkje verkar konstitutivt. Heller ikkje rettskrivingsreglar er alltid nødvendige, ikkje ein gong for skriftspråket: Ein kan bryte svært mange rettskrivingsreglar utan at den skriftlege kommunikasjonen bryt saman. (Fyrst når språkbruken er absurd eller uforståeleg, skjer brotet.) Rett nok kan ein hevde at rettskrivingsreglar og purisme *på sikt* er nødvendig for at skriftspråksbruken skal fungere, på same måte som desse faktorane på sikt kan vere nødvendige for at einskildspråk skal kunne eksistere. Då er vi derimot på eit diakront plan, og talar om noko som ikkje kan dekkjast ut frå omgrepsparet konstitutive versus regulative normer.

Viss vi no går eit steg vidare, kan vi sjå at skiljet mellom konstitutive og regulative normer er relevant ikkje berre for korleis normer faktisk fungerer, men også for korleis folk tenkjer seg at språk må sjå ut. Då ser vi ikkje på kva som konstituerer språket som kommunikasjonsmiddel (som er den måten nemninga ‘konstitutiv norm’ vert nytta på i språkfilosofien), men på kva som konstituerer språket som eit individuert normsystem:

- I Vestmannalaget eller Høgnorskringen (organisasjonar som arbeider for ein svært tradisjonalistisk nynorsk) er der ei oppfatning om at visse trekk ved nynorsken er konstituerande for honom (som i-ending i bunden form singular av svake femina [‘i-målet’] og forma *Noreg* [i motsetnad til *Norge*]).

- Riksmålsforbundet hadde lenge eit tilsvarende forhold til faneformer som *nu*, *efter*, *frem* og *sne*.

- Under diskusjonen om den nye dansk-færøyske ordboka kom det argument om at godkjenning av fleire danismar ville vere drepende på færøysk språk. Ivan Hansen spurde om korleis eit bokforlag kunne vere så iskaldt at det “uttan at blunka hirða knívin í móðursmálshjartað” (*Dimmalætting* 16.1.96).

- I det norske ordsiftet om engelskpåverknad fann vi påstandar om at lån frå engelsk kunne bryte ned det morfologiske systemet, øydeleggje heimleg orddanning og representere ein trugsel mot heimleg språk og heimleg språkidentitet (jf. Lundeby 1987, 1988; Norsk språkråd 1990). Underforstått: engelsk er med på å bryte ned dei konstitutive normene.

Ein kan i aller høgste grad diskutere realitetane i det som her vert sagt. Poenget er at dei som ytrar seg, har ei meining om kva som individuerer eit språk (dvs. kva som skil ut eit skriftspråk i høve til andre), og at på eit førestellingsnivå kan denne meininga verke konstitutiv. I ein slik samanheng kan også purismen fungere konstitutivt.

9.8.2 Operative og preskriptive normer

Ved sida av skiljet mellom konstitutive og regulative normer er der eit anna skilje som går inn i ein synkron måte å forstå språknormer på, men på eit mindre fundamentalt

nivå. Skiljet går mellom *operative* og *preskriptive* normer, og er formulert av Helge Dyvik (1993:170) i artikkelen “Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk”. (Dyvik talar fyrst om “empiriske normer”, men har seinare gått over til nemninga “operative normer” som også skal nyttast her.)

Med operative normer meiner Dyvik “uformulerte normer som faktisk er operative i et språksamfunn” (s. 171); dei vert faktisk nytta i språkleg kommunikasjon. Dei preskriptive normene er på si side normer som kjem frå ein normautoritet (t.d. Norsk språkråd), og kan i hovudsak jamførast med det Sundby kallar fastsette normer. Dyvik er oppteken av kva som kan individuere skriftspråk. For honom er då dei preskriptive normene ikkje berre sekundære, men stort sett *irrelevante* (s. 172). Han bruker normvariasjon i bokmål som døme:

Det er for eksempel meningsløst å hevde at vi har to skriftspråk-varianter her i landet kalt moderat og radikalt bokmål, under henvisning til vedtak i offisielle organer. Offisielle organer kan ikke skape skriftspråk, så Norsk språknemnds eller Norsk språkråds annaler kan ikke være det empiriske grunnlag for individueringen av dem. (s. 173)

Slik Dyvik ser det, er dei preskriptive normene relevante berre gjennom innverknad på den operative norma – “hvorvidt de har fått det, er et rent empirisk spørsmål” – og må vurderast gjennom studiar av språkbrukarane sine intuisjonar og i høve til faktisk språkbruk (s. 173).

Dyvik går reint synkront til verks, og frå ein synkron synsstad er det vanskeleg å ikkje gi Dyvik rett.

Ser vi derimot normspørsmålet frå ein diakron og prosessuell synsvinkel, t.d. gjennom utviklinga av europeiske skriftspråksnormer, vert biletet noko annleis: Der har offentleg normering spela ei ganske viktig rolle. Det gjeld t.d. for utskiljinga av svensk og dansk skriftspråk i høve til kvarandre (med purisme som ein viktig reiskap). Det gjeld òg for utskiljinga av t.d. norsk bokmål som eit sjølvstendig språk i høve til dansk. Likeins gjeld det vidareutviklinga av norsk gjennom ulike rettskrivingsendringar (t.d. 1907, 1917 og 1938) der fastsette normer etter kvart er tekne i bruk, og vortne internaliserte av språkbrukarane. No seier ikkje Dyvik at preskriptive normer er irrelevante i ein diakron prosess; det er individueringa han er oppteken av. Men dersom vi overfører resonnementet til også å gjelde normeringsaktiviteten, kan ein kome til å oversjå det diakrone aspektet, og berre fokusere på den synkrone normtilstanden.

9.8.3 Diakron versus synkron tilnærming

Skilnaden mellom ei diakron og ei synkron tilnærming til normspørsmålet kan illustrerast ved hjelp av denne modellen (jf. nedanfor):

	<i>Synkron språktilstand</i>	<i>Diakron prosess</i>
<i>Offisielle normer</i> (normutkast)	Preskriptive normer	Fastsette normer
<i>Verksame normer</i> (intersubjektive)	Operative normer	Internaliserte normer

Det fyrste omgrepsparet i modellen – motsetnaden mellom preskriptive og operative normer – refererer til den måten Dyvik vil beskrive ein synkron språktilstand. Her kan ein ut frå resultatet på eit gitt tidspunkt seie noko om kor vellukka eller mislukka eit normeringsframlegg har vore. Frå denne synsstaden er det lett å kritisere purismen; ein kan som Johnny Thomsen (1993) på Færøyane og Jørn Lund og Erik Hansen (1994) i Danmark vise til at i dei tilfella normgivaren ofte har stor puristisk iver, er der eit misforhold mellom puristiske framlegg og faktiske normer. Odd Kjetil Rangnes (1990:221f.) har i ein studie av språkhaldningar hos oljearbeidarar peikt på ein påfallande skilnad mellom offisielle termar, dvs. dei preskriptive normene for oljespråket (slik desse vert uttrykte i oljeordlister og Norsk termbanks termdatabase), og den reelle termbruken på oljeplattformane. Normerte termar kan t.d. vere *drivrør*, *ventiltre* og *rørkoplingshylse*, medan dei brukte termane er *kelly*, *juletre* og *musehull* (for engelsk *kelly*, *christmas tree* og *mouse hole*) (s. 208). Dei operative normene er, skriv Rangnes, “fagmiljøets egne, uformelle og underbevisste normer, etablert og opprettholdt gjennom praktisk bruk i konkrete arbeidssituasjoner.” (S. 221.)

Det andre omgrepsparet – fastsette og internaliserte normer – liknar det fyrste, men er meir fokusert mot den psykologiske prosessen der einskildindividet etter kvart tek inn over seg normene. På den måten viser omgrepsparet til diakroni. Nettopp diakroni representerer ein meir *dynamisk* måte å nærme seg normeringsspørsmålet på: At eit normframlegg ikkje har slege gjennom på eit gitt historisk tidspunkt, tyder ikkje at det ikkje vil kunne slå gjennom seinare. Eit døme frå dansk er *Fødselsdag*, som på 1800-talet var lite frekvent i høve til *Geburtsdag*, men likevel vart ført opp som den einaste lovlege forma i Molbechs ordbok; denne ordforma har seinare kome i bruk som

eineform i dansk. Purismen kan òg verke på andre måtar enn at konkrete normframlegg vert tekne i bruk: Sjølv om Knud Knudsen og Dansk forening til nordisk sprogrøgt ikkje fekk gjennomslag for så mange av ordlagingane sine, hadde verksemda deira høgst sannsynleg ein indirekte effekt på språkklimaet.

9.8.4 Deskriptiv og normativ tilnærming til purismen

Utgangspunktet for denne studien var å granske purismen på ein mest mogleg deskriptiv måte. Purismen skulle kartleggjast og analyserast.

Det vil ikkje seie at studien ikkje har ei slagside. Om ein sjølv har eit “nøytralt” utgangspunkt, er ikkje det ein analyserer nødvendigvis nøytralt, og det vert heller ikkje nøytralt så snart ein analyserer det. Purisme er ein ideologi som kan operere på ulike plan. Han kan ikkje granskast berre ut frå observasjon av eksplisitte ytringar og av språkbruk; der må gjerast ein hermeneutisk rekonstruksjon. I all slik rekonstruksjon vil der vere eit normativt element. Verken språk eller puristisk ideologi er noko ein kan stå i eit heilt utvendig forhold til.

Likevel er det ikkje grunnlag for å meine at ein studie av eit språkideal og av normativ språkåtferd skal vere meir normativ enn andre lingvistiske studiar. Fonetiske beskrivingar av norsk tale kan fungere meir normativt, t.d. ved å verte nytta som grunnlag for kunstig tale med éin uttalevariant. Likeins kan eit å sjå til deskriptivt oppslagsverk som *Norsk referansegrammatikk* fungere normativt ved å stadfeste den posisjonen dei offisielle rettskrivingsvarietetane har. Deborah Cameron nyttar i *Verbal Hygiene* (1995: 7–9) *The Oxford English Dictionary* som liknande døme. Eit hovudpoeng hos henne er at skilnaden mellom preskripsjon og deskripsjon ikkje alltid er så stor. Både tilnærmingane ber med seg visse normer og synspunkt på korleis språket skal fungere. Til sjuande og sist dreier det seg, slik Cameron ser det, om ein kamp om å kontrollere språket:

The point is that *both* prescriptivism *and* anti-prescriptivism invoke certain norms and circulate particular notions about how language ought to work. [...] On that level, ‘description’ and ‘prescription’ turn out to be aspects of a single (and normative) activity: A struggle to control language by defining its nature. (S. 8.)

Like fullt er det frå vår synsstad ein skilnad mellom å ha som utgangspunkt å vere deskriptiv (dvs. drive normforskning), og å ha som utgangspunkt å vere normativ (dvs. drive språknormering).

I samband med den norske “anglonorsk”-kampen vart det i 1996 arrangert eit seminar der også spørsmålet om deskripsjon og normativitet kom opp. Utgangspunktet var eit ordskifte om den rolla språkvtitarar spelar i høve til Norsk språkråd og til språk-

normering meir generelt. Norsk språkråd er som alle normeringsorgan føreskrivande, men rådet nyttar seg òg av deskriptiv forskning om norsk språkutvikling som grunnlag for normeringa. Ei som har vore aktiv i Norsk språkråd, Tove Bull, seier at der i visse samanhengar er ei “gråson” mellom språkpolitikk og lingvistikk: “Språkrådet er eit språkpolitisk organ, og det ein driv med der, er språkpolitikk. Samtidig er det vel slik at ein har fagleg kunnskap som kan vere nyttig i den politiske aktiviteten.” (Bull 1997:57.) For somme vert denne gråsona oppfatta som kulissar for språkpolitisk manipulering. Gjert Kristoffersen (s. 52f., s. 57) kritiserer det han meiner er ei samanhending mellom politikk og vitskap i Norsk språkråd. Lingvistar baserer seg ofte på verdidommar som også andre har. Ei tilvising til det faglege vert då ein måte å legitimere individuelle haldningar på. Kristoffersen kjem i denne samanhengen med det klassiske skiljet mellom “det som er” og “det som bør vere”:

Språkforskere skal analysere, observere og forstå. Sjølsagt kan de ha holdninger til hva som skjer, og synes det er beklagelig dersom norsk mister domener. Men det gjør vi nå – og nå inkluderer jeg meg sjøl, jeg har naturligvis også holdninger til dette – som medlemmer av språksamfunnet. Vi må være svært forsiktige med å bruke vår faglige status som legitimasjon [sic] for den type holdninger som blir markedsført her. (Gjert Kristoffersen, Simonsen 1997:52.)

Men kombinasjonen av språkvitskap og språkpolitikk er òg vorten forsvara. I debatten om Norsk språkråd sitt engasjement mot påverknad frå engelsk hevda t.d. Kjell Venås og Einar Lundeby at det er språkfolk som veit mest om kva som går føre seg om språkutviklinga, og at desse har ei særskild plikt til å engasjere seg i slike spørsmål.

Til Kristoffersen: Du snakket om vitenskapsmenn og -kvinnens holdning i samfunnsdebatten. Jeg mener det er forskjell på å blande seg inn i en debatt på sitt eget spesialområde og å gi seg ut for å være autoritet på andre felt enn sitt eget. I forbindelse med språklig påvirkning fra utlandet, er det vi språkfolk som har oversikt over konsekvensene av det som foregår. (Einar Lundeby, Simonsen 1997:57.)

Lars S. Vikør stod for det same synet, og gav korreks til dei han meinte stod for ein “lingvaldarwinisme” og ei positivistisk tru på verdinøytral vitskap:

Det er interessant at idealet om den verdinøytrale vitskapen, som vi trudde var gravlagt etter all positivismekritikken på sekstitalet, no dukkar opp att, slik vi hørt i Gjert Kristoffersens innlegg. Etter mi mening har alle vitskapsfolk eit samfunnsansvar på fagområdet sitt, anten dei er atomfysikarar, genteknologar eller språkfolk. I vår samheng er det ein tendens til – eg seier ikkje at det gjeld Gjert Kristoffersen – at somme standpunkt er meir “verdinøytrale” enn andre. Det er “verdinøytralt” å vere lingvaldarwinist, men verdibelasta politisk å gå inn for å forsvare språk aktivt samfunnsmessig. (s. 59.)

Synspunktet i denne studien går i retning av det Lars S. Vikør forfektar. Samstundes bør det presiserast at det må vere eit mål å halde det deskriptive og det normative noko frå kvarandre: Målet for vitskapen må vere å søkje innsikt og sanning, ikkje å tene ei eller anna politisk sak. At eit politisk engasjement så kan vere både tildriv for forskning og resultat av forskning, vert ei anna sak.

9.9 Er det positivt eller negativt med purisme?

Spørsmålet er relevant. Vi kjem ikkje vekk frå at purismen har hatt fleire negative effektar: Han peikar ut visse språktrekk som ureine, og diskriminerer dei. Denne diskrimineringa kan gjere språkbrukarar usikre på eigen språkbruk. Der er òg ein negativ sosial effekt ved at purismen kan fungere elitistisk, og vere med på å byggje opp og halde ved like eit språkleg hegemoni for eliten. Purismen kan dessutan leggje band på den språklege kreativiteten når visse uttrykksformer vert haldne strengt utanfor standardnorma. Eit anna moment er at purismen kan fungere kulturelt einsrettande: Frå innvandringsdebatten i Skandinavia har det kome krav om at innvandrarar må lære seg perfekt norsk, svensk eller dansk, dvs. ikkje nytte dei etniske variantane i form av “kebabnorsk”, “rinkebysvenska” eller “perkerdansk”.

Ei normforskning som ikkje problematiserer dei negative sidene ved språknormering og purisme, og bruker usus som legitimering, kan gjere seg skuldig i det Klaus Gloy kallar *Pilatus-syndromet* (Gloy 1993). Dersom ein berre konstaterer at eit fenomen finst, utan å peike på alternativ, kan ein òg vere med på å gi legitimitet til fenomenet – framstille det som “naturleg”. Då kan forskinga fungere normativt.

Samstundes er purismen for kompleks til at ein kan stemple honom som eintydig negativ. Purisme kan også sjåast på som ein føresetnad for at mindre brukte språk skal stå imot språkpress frå majoritetsspråk; i så måte vil purisme vere ein viktig del av strevet for å halde oppe eit språkleg mangfald i verda. Puristiske grenser kan òg skjerpe den kritiske språkevna, og fungere språkleg nyskapande. I tillegg kan krav om heimleg ordtilfang og strevet etter gjennomsiiktig orddanning fremje forståing og verke demokratiserande på språksamfunnet som heilskap.

Såleis er purisme verken bra eller dårleg – i seg sjølv: Purismen får ulike funksjonar alt etter konteksten og etter kva innretting han har. Nettopp ved at språkbrukarar gjer seg nytte av purismen – for separasjon, for fellesskap eller for prestisje – tyder på at han er aktuell. Her er vi inne på noko som gir nettopp ei historisk og jamførande tilnærming ein verdi: Purisme er som språkpolitisk fenomen svært utbreidd, og han gir generell innsikt i korleis standardspråk er vortne til, korleis dei fungerer, og korleis språkkontakt under visse omstende kan handterast. I den

dagsaktuelle samanhengen er purisme relevant for å forstå handteringa av engelsk-påverknaden. I tillegg gir koplinga mellom purisme og dei allmenne førestellingane om *det reine* innsikt i korleis folk tenkjer seg språk meir allment. På den måten kan studiar av purisme også vere med på å gi auka forståing av kva språk er.

Vi avsluttar denne purismestudien med ei anna røyst – ei røyst frå poesien: Friedrich Hölderlin (1770–1843) og hans dikt *Mnemosyne* i Olav H. Hauge si omsetjing. Her finn vi den evige puristen – eller anti-puristen – og ei problematisering av kva språk er:

MNEMOSYNE

(Brot)

Teikn er me, utan meining,
utan kvide er me, og tungemålet vårt
har me gløymt millom framande.
Når det nemleg er strid
um menneski og månane gjeng veldigt
på himmelen, so talar òg
havet og elvar lyt
leita seg veg. Men *ein*
er utan tvil. Den som
kan brigda det dagleg. Snautt treng
han lover. Og det syng, bladet, og då blakrar eiketre attmed
snøfjelli. For ikkje maktar
dei himmelske alt. Soleis snur det seg, dvergmålet,
med desse. Lang er
tidi, men det ovrar seg
det sanne.

Referansar

Munnlege referansar og brev

Personlege intervju:

- Erik Hansen, 10. november 1997
- Jørn Lund, 3. desember 1997
- Henrik Galberg-Jacobsen, 19. mars 1998
- Jóhan Hendrik Winther Poulsen, 12. oktober 1998
- Johnny Thomsen, 20. oktober 1998
- André Niclasen, 21. oktober 1998
- Jógvan í Lon Jacobsen, 22. oktober 1998
- Dag Finn Simonsen, 30. mai 2000

Personlege brev og e-brev: Det vert vist til referansar i fotnotar og i brødteksten.

Arkivmateriale

a) Norsk språknemnds arkiv

- Møtereferat
- Korrespondanse med andre nordiske språknemnder
- Brevveksling mellom Einar Lundeby og Arne Hamburger
- Årmedingar (er også trykte)

b) Norsk språkråds arkiv

- Møtereferat frå styret og fagnemnda
- Korrespondanse. (Gjeld særleg møtereferat og brev frå Svenska språknämnden.)
- Brev
- Interne dokument
- Årsmeldingar (er også trykte)
- Utklipp frå norske aviser: Avisar og dato står i teksten; i viktige tilfelle i litteraturlista.

c) Dansk Sprognævns arkiv

- Møtereferat frå arbeidsutvalet og årsmøte
- Korrespondanse
- Dansk Sprognævns utklipparkiv frå danske aviser:

e) Føroyska málnevndin

- Møtereferat

Aviser

Det er vist til avisdatoar og ofte til artikkelforfattar i brødtekst eller fotnotar. Viktige artiklar står i litteraturlista.

- Danske aviser: Berlingske Tidende, Flensborg Avis, Frederiksborg Amts Avis, Fyens Amts Avis, Fyens Amts Stiftstidende, Information, Jydske Tidende, Jyllands-Posten, Lolland Falster Folketidende, Næstved Tidende, Politiken, Randers Amtsavise, Vendsyssel Tidende, Vestkysten, Aarhus Stiftstidende.
- Færøyske aviser: Dimmalætting, Sosialurin, 14. September.
- Svenske aviser: Dagens Nyheter, Svenska Dagbladet.
- Finlandssvensk avis: Hufvudstadsbladet.
- Norske aviser: Morgenbladet, Aftenposten, Arbeiderbladet, Norsk Tidend.

Andre referansar

Det er her vist til både kjelder og litteratur. (Morsmålsordbøker og rettskrivingsordbøker står etter tittel, spesialordbøker etter forfattar.)

- Allardt, Erik A. 1979: Implications of the Ethnic revival in Modern, industrialized Society. A Comparative Study of Linguistic Minorities in Western Europe. I *Commentationes Scientiarum Socialium*. Helsingfors: Societas Scientiarum Fennica
- Allardt, Erik A. og Christian Starck 1981: *Språkgrensar och samhällsstruktur*. Finlandssvenskarna i ett jämförande perspektiv
- Almqvist, C.J.L. (1829) 1881. *Svensk Rättstafnings-Lära*. Stockholm: Svenska Akademien.
- Anderson, Benedict. 1983. *Imagined Communities*. London-New York: Verso.
- Andersen, Henrik. 1996. Ny ordbog med fejl. *Mål & Mæle* 1, 9–14.
- Andersson, Ture. 1918. Sturzen-Beckers danismer. *Språk och stil* 18, 54–74.
- Andreassen, Hanus. 1999. Øll skapan er frigerandi. *Frøði* 1/5, 21.
- Andreassen, Irene. 1992. Det finske målet på nordkalotten med hovudvekt på Nord-Sverige og Nord-Noreg. *Mål og makt* 3/92, 32–45.
- 1994. Kontakt med norsk og samisk i kvendialekter. I Kotsinas, Ulla-Britt og John Helgander (red.). *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförendring i Norden*. MINS 40. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholm universitet, 140–150.
- Andreassen, Poul. 1989. Rikard Long 100 år. *Varðin* 56 (1–4), 176–187.
- Andresen, Anton Fredrik. 1994. *Opplysningsidéer, nyhumanisme og nasjonalisme i Norge i de første årene etter 1814*. Nytt lys på vår første skoledebatt. KULTs skriftserie nr. 26. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Ánna, Jógvan við. 1961–1977. *Føroysk málspilla og málrøkt*. I –IV. (I:1961, II:1966, III:1971, IV:1977.) Tórshavn: Eige forlag.

- Annamalai. E. (red.) 1979. Language movements in India. CIIL Conferences and seminars series, 5. Central Institute of Indian Languages.
- Arill, David. 1918, Smärre bidrag 5. Nordljus. *Språk och stil* 18, 249.
- Arnholtz, Arthur, Erik Dal og Aage Kabell. 1953. *Fra Bielke til Gerner*. Danske metrikere 2. København: Schultz.
- Arni Magnusson 1916. *Brevveksling med Torfæus*. København-Kristiania: Gyldendalske Boghandel.
- Árni Magnússons levned og skrifter I. bind. 1930. København: Gyldendalske Boghandel - Kommissionen for det Arnamagnæanske Legat.
- Aschehoug og Gyldendals store norske leksikon. 1993–94. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Baden, Jacob. 1767. *Anweisung zur dänischen Sprache*. København.
- Bagge, Sverre og Knut Mykland. 1987. *Norge i dansketiden*. Oslo: Cappelen.
- Baldur Jónsson. 1997. Isländska språket. I Karker et al. 1997, 161–176.
- Barnes, Micahel P. 1998. *The Norn Language of Orkney and Shetland*. Lerwick: The Shetland Times Ltd.
- Barth, Fredrik 1969: *Ethnic Groups and Boundaries*. Oslo: Universitetsforlaget
- Bauer, Laurie. 1983. *English Word-Formation*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Becker-Christensen, Christian 1988. Bogstav og lyd: dansk retskrivning og rigsmålsudtale. København: Gyldendal.
- Beinke, Christiane. 1990. *Der Mythos franglais*. Zur Frage der Akzeptanz von Angloamerikanismen im weltgenössischen Französisch – mit einem kurzen Ausblick auf die Anglizismen-Diskussion in Dänemark. Frankfurt am Main: Peter Lang.
- Beiti, Ólavur í. Eitt frálikt “sjálvttøkuborð”. *Dimmalætting* 9. januar 1996.
- 1996. “Utgávan er bæði grátulig og láturlig...” *Dimmalætting* 13. januar 1996.
- Bek. 1892. Bekentgørelse nr. 24 af 27. februar 1892. København: Kulturministeriet.
- Bekimra sprogskeni. (Pseudonym.) Sikken eitt held! *Dimmalætting* 11. januar 1996.
- Berg, Ruben G. 1903. Smärre bidrag 2. *Språk och stil* 3, 144.
- 1904. Smärre bidrag 4. Några danismer. *Språk och stil* 4, 189–192.
- 1911. Levertinska danismer. *Språk och stil* 11, 245–282.
- Bergenholtz, Henning. 1992a. *Korpusset DK87–90*. Århus: Handelshøjskolen i Århus.
- 1992b. *Dansk frekvensordbog*. København: G.E.C. Gads Forlag.
- Bergman, Gösta. 1946. Det gemensamma nordiska ordförrådet. *Nordisk tidskrift* 1946, 295–306.
- 1954. Nämnden för svensk språknämnd. I *Språkvård*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 11. Stockholm: Norstedt, 1–31.
- 1962. Om främmande ord och deras anpassning. I Dahlstedt, Karl-Hampus, Gösta Bergman og Carl-Ivar Ståhle. *Främmande ord i svenskan*. Verandis skriftserie 17. Stockholm: Bonniers, 32–47.
- 1991 (1968). *Kortfattad svensk språkhistoria*. Stockholm: Prisma Magnum.
- Billig, Michael. 1995. *Banal Nationalism*. London: Sage Publications.
- Björck, Steffan. 1946. *Heidenstam och sekelskiftets Sverige*. Stockholm: Natur och Kultur.
- Bjørneboe, Jens. 1972 (1966). *Vi som elsket Amerika*. Oslo: Pax.
- Bjørnson, Bjørnstjerne. 1900. *En Tale af Bjørnstjerne Bjørnson om Maalsagen*. Kristiania.
- [1902] 1999. Den store Feiltagelse. (Opphavleg i *Aftenposten* 16. februar 1909.) I Langslet 1999, 409–411.
- Bloomfield, Leonard. 1933. *Language*. New York: Holt.
- Bojsen, Else. 1988. Dansk Sprognævns telefonrådgivning. *Språknemndenes telefonrådgivning. Nordisk språksekretariats rapporter* 9. Oslo: Nordisk språksekretariat, 14–72.
- 1989. Dansk under engelsk-amerikansk fortryllelse? I *Språk i Norden* 1989. Oslo: Nordisk språksekretariat, 39–46.

- Bokmålsordboka*. 1993. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bonniers svenska ordbok*. 1980. Stockholm: Bonnier.
- Brask, Peter et al. 1984. *Lærdom og magi 1480–1620*. Dansk litteraturhistorie 2. København: Gyldendal.
- Bratt, Ingar. 1977. *Engelskundervisningens framväxt i Sverige*. Tiden före 1850. Årsböcker i svensk undervisningshistoria volym 139. Stockholm: Föreningen för svensk undervisningshistorie.
- Braunmüller, Kurt. 1998. *De nordiske språk*. Omsett frå tysk av J. O. Askedal. Oslo: Novus.
- Brimnes, Anna M. 1999. Hvat vænta vit okkum av eina móðurmálsorðabók? *Frøði* 1/5, 18.
- Brink, Lars. 1988. Nordens folkesprog i fare? *Nyt fra Sprognævnet* 4. København, 4–7. (Også prenta i Jørgensen 1991, 107–110.)
- Brunsmann, Johannes. 1686. *Den siungende Himmel-Lyst*. 2. utgåva. København.
- Brunstad Endre. 1995. *Nasjonalisme som språkpolitisk ideologi*. Om nynorsk, frisisk og færøysk målreising. Oslo: Noregs Forskingsråd.
- 1997. Purisme og nasjonalisme. I Simonsen 1997, 17-24.
 - 1998a. Svart engelsk. I *Syn og Segn* 4, s. 314-321.
 - 1998b. Stressless. I Akselberg, Gunnstein og Jarle Bondevik (red). *Ord etter ord*. Heidersskrift til Oddvar Nes. Bergen: Norsk Bokreidingslag, 79-87.
 - 1998c. Purism towards English. I Niemi, Jussi, Terence Odlin & Janne Heikkinen (ed.). *Language Contact, Variation, and Change*. Joensuu: University of Joensuu, 1-14
 - 2000. Dansk purisme mot engelsk? *Nordica Bergensia* 22, 69–93.
- Bryn, Steinar. 1990. Vil du ha det moro eller vil du ha fun? En kritisk kommentar til Norsk språkråds “Aksjon for språklig miljøvern”. *Norsklæraren* 5, 36–39.
- 1992. *Norske Amerika-bilete*. Om amerikanisering av norsk kultur. Oslo: Det Norske Samlaget.
 - 1994. *The Americanization of Norwegian Culture*. Ph.d.-avhandling. University of Minnesota, Faculty of the Graduate School. (Faksmileutgåve publisert 1997.) Ann Arbor: UMI Dissertation Services-Bell & Howell.
- Bull, Tove. 1988. Dagens Vinje – gårdsdagens Vinje. I *Syn og Segn* 3, 179–193.
- 1994. Språkskifte og språkbevaring blant norske kystsamer. I Kotsinas, Ulla-Britt og John Helgander (red.). *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförendring i Norden*. MINS 40. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholm universitet, 129–139.
 - 1995. Innleiing. I d.s. (red.). *Norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv*. Norsk språkråds skrifter 1. Oslo: Norsk språkråd, 5–7.
 - 1997. Språkrådet sin kampanje. I Simonsen 1997, 49–51.
- Burchfield, Robert. 1985. *The English Language*. Oxford: Oxford University Press.
- Calvet, Louis-Jean. (1987) 1998. *Language Wars and Linguistic Politics*. Omsett frå fransk til engelsk av Michel Petheram. Oxford: Oxford University Press.
- Carlsson, Beyron. 1902. *Den skinnsjuka grefven*. Stockholm.
- Carstensen, Broder 1993. *Anglizismen-Wörterbuch*. Der Einfluß des Englischen auf den deutschen Wortschatz nach 1945. Grunnlagt av Broder Carstensen og vidareført av Ulrich Busse. Berlin-New York: Walter de Gruyter.
- Cassirer, Peter. 1986. Kronikk. *Dagens Nyheter* 8. august 1986. Stockholm.
- Celander, Hilding. 1904. Språklig skandinavism. *Språk och stil* 4, 70–91.
- 1908. Danismer i nusvenskt ordförråd. *Språk och stil* 8, 201–250.
- Chomsky, Noam og Morris Halle. 1968. *The Sound Patterns of English*. New York: Harper and Row.
- Christensen, Sigmund, 1986. Nynorsk teknisk fagspråk. *Norsk Tidend* 3.
- Christiansen, Niels Finn. 1992. Folkets danskhed. 1864–1920. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 153–189.
- Chrystal, Judith. 1986. Hotet från väster. *Språkvård* 2, 7–11.

- 1988. *Engelskan i svensk dagspress*. Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 74. Stockholm: Esselte Studium.
- Clausen, Sven. 1945. *Årbog for nordisk målstræv VIII*. København: Nyt Nordisk Forlag.
- Clausén, Ulla. 1978. *Nyord i färöiskan*. Ett bidrag till belysning av språksituationen på Färöerna. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- 1983. Språkvård och främmande ord. *Språkvård* 4, 18–28.
- Clyne, Michael. (red.) 1992. *Pluricentric Languages*. Differing Norms in Different Nations. Berlin-New York: Mouton de Gruyter.
- Collett, Camilla og Peter Jonas. 1844. En Vandring og et Eventyr. *Den Constitutionelle* 17–18.
- Columbus, Samuel. (1678) 1963. *En svensk ordeskötsel*. Utg. med innleiing og kommentar av Sylvia Boström. Stockholm : Almqvist/Wiksell.
- Coulmas, Florian. 1985. *Sprache und Staat*. Studien zur Sprachplanung und Sprachpolitik. Berlin-New York: Mouton de Gruyter.
- 1992. *Language and Economy*. Blackwell: Oxford UK-Cambridge USA.
- 1999. *The Blackwell Encyclopedia of Writing Systems*. Oxford: Blackwell.
- Crous, E og J. Kirschner. 1928. *Die gotischen Schriftarten*. Leipzig.
- Crystal, David. 1988. *The English Language*. London: Pinguin Books.
- 1995. *Cambridge Encyclopedia of the English Language*. Cambridge. Cambridge University Press.
- 1997. *English as a global language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Dahl, Árni. 1996. Hevur Froðskaparfelagið við nýggja málpolitikki sínum nakran tilverurætt? Ella: hevur Vitenskapiliga Selskapið við sinum nýggja sprogpólitikki nakað eksistensberattiils? *Sosialurin* 10. januar 1996.
- Dahl, Hans. 1875. *Dansk hjælpeordbog til fredning af det hjemlige og uddrivelse af det unyttige fremmede i vort modersmål*. København.
- Dahl, Hans-Fredrik. 1975. *Hallo-Hallo! Kringkastingen i Norge 1920–1940*. Oslo: Cappelen.
- Dahl, Helge. 1957. *Språkpólitikk og skolestell i Finnmark 1814 til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dahl, Torsten. Engelske spor i moderne dansk. Nogle spredte iagttagelser. I *Festskrift til Peter Skautrup*. Århus: Universitetsforlaget i Aarhus, 251–256.
- Dahlstedt, Karl-Hampus. 1962. Vad är främmande ord? I Dahlstedt, Karl-Hampus, Gösta Bergman og Carl Ivar Ståhle. *Främmande ord i nusvenskan*. Verdandis skriftserie 17. Stockholm: Svenska Bokförlaget, 1–31.
- 1968. Svenskan och det första främmande språket. *Språkvård* 3, 3–12.
- 1976. Akademisk språkpuls. *Språkvård* 4, 24–27.
- 1977. Demokrati och språkvård. *Språkvård* 2, 14–15.
- Dalin, Olof von. 1925. *Then swænska argus*. I urval. Red. av Bengt Hasselmann. Uppsala: Almqvist.
- Danielsen, Helge. 1997. “Rakrygget og selvtillidsfuldt Fædrelandssind.” *Om holdninger til det nasjonale i Aftenpostens redaksjonsmiljø i siste del av unionstiden*. KULTs skriftserie nr. 77. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Dansk Biografisk Leksikon*. 1979. Red. av Sv. Cedergreen Bech. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag.
- Dansk Sprognævn. 1997a. Lov om Dansk Sprognævn. Lov nr. 320 af 14. mai 1997. København: Kulturministeriet.
- 1997b. Lov om Dansk retskrivning. Lov nr. 332 af 14. mai 1997. København: Kulturministeriet.
- 1997c. Bekendtgørelse om Dansk Sprognævns virksomhed og sammensætning. Kulturministeriets bekendtgørelse nr. 707 af 4. september 1997. København: Kulturministeriet.
- 1997d. Udatert innbyding til konferansen “Great or shit? Om den engelske indflydelse på dansk sprog”. København: Dansk Sprognævn.

- Danske Folkebøger 12*. 1932. (Innleiing og teksten Historia om D. Fausto [1588]). Utg. av R. Paulli. København: Gyldendalske Boghandel.
- Danske Studier* 1909. Nr. 42.
- Davidsen-Nielsen, Niels. 1998. Fordanskning af engelske låneord – Kan det nytte? I Hansen, Erik og Jørn Lund (red.). *Det er korrekt*. Dansk retskrivning 1948–98. København: Hans Reitzels Forlag, 79–93.
- 2000. Styrk Nordens sprog. *Berlingske Tidende* 28. oktober 2000.
- Davidsen-Nielsen, Niels og Michael Herslund. 1997a. Dansk han med sin tjener talte. Kronikk i *Politiken* 23.mars 1997. (Også prenta i Davidsen-Nielsen et al. 1999, 11–18.)
- 1997b. Engelsk indflydelse på dansk – er der brug for sprogrøgt? Kronikk i *Berlingske Tidende* 23. juni 1997. (Også prenta i *Sprint* 2/1997, 1–4.)
- Davidsen-Nielsen, Niels, Erik Hansen og Pia Jarvad (red.). 1999. *Engelsk eller ikke engelsk? That is the question*. København: Gyldendal.
- Debes, Hans J. 1982. *Nú er tann stundin*. Tórshavn: Føroya skúlabókagrunnur.
- 1991. *Jóannes Patursson*. Ein byrjan til eina politiska ævisøga. Tórshavn: Forlagið Søgumál.
- Det Norske Nationalblad*. 1817. 9. hefte.
- Devenish, Ingrid Ann. 1990. English Influence on Norwegian Pop Music Language. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Diderichsen, Paul. 1962. *Dansk prosahistorie I*. København: Københavns Universitet - Gyldendal.
- 1968. *Sprogsyn og sproglig opdragelse*. København: Nyt Nordisk Forlag Arnold Busck.
- Dimmalætting*. Tórshavn.
- Djupedal, Reidar. 1964. Litt om framvoksteren av det færøyske skriftmålet. I Hellevik, Alf og Einar Lundeby (red.). *Skriftspråk i utvikling*. Tiårsskrift for Norsk språknemnd. Skrifter 3. Oslo: Norsk språknemnd, 144–186.
- DN I. 1847. *Diplomatarium Norvegicum I*. Christiania.
- Donatus. Aelius. 1979. I Pinborg, Jan og Erik Dal. *Tre latinske Grammatikker*. Donatus, Fundamentum, Regulæ. København: Munksgaard.
- Donsk-føroysk orðabók*. 1967. Sjå Skarði .
- Donsk-føroysk orðabók*. 1977. 2. utg. Sjå Skarði .
- Donsk-føroysk orðabók*. 1995. 3. utg. Sjå Petersen.
- Dorian, Nancy. 1981. *Language Death*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Douglas, Mary. 1966. *Purity and Danger: an analysis of concepts of pollution and taboo*. London: Routledge & Kegan Paul.
- Duekilde, Anne. 1998. Christian Molbech 1793–1857. I Akselberg, Gunnstein og Jarle Bondevik. (red.) *Ord etter ord*. Heidersskrift til Oddvar Nes. Bergen. Norsk Bokreidingslag, 92–104.
- Dyvik, Helge. 1985. *Grammatikk og empiri*. En syntaktisk modell og dens forutsetninger. Skriftserie B, nr. 24–25. Bergen: Institutt for fonetikk og lingvistikk, Universitetet i Bergen.
- 1993. Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk. I Blaauw, Knud og Helge Nordahl (red.), *Standardspråk og dialekt*. Bergen-Oslo: Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 159–174.
- Eco, Umberto. 1997. *The Search for the Perfect Language*. Omsett frå italiensk av James Fentress. London: FontanaPress.
- Eckert, Penelope. 1989. *Jocks and burnouts*. New York: Teachers College Press.
- Edlund, Lars-Erik og Birgitta Hene. 1992. *Lånord i svenskan*. Om språkförändringar i tid och rum. Högenäs: Wiken.
- Ehn, Billy, Jonas Frykman og Orvar Löfgren. 1993. *Försvenskningen av Sverige*. Det nationellas förvandlingar. Stockholm: Natur och Kultur.

- Ehrenberg-Sundin, Barbro. 1990. Ekonomi på svengelska. *Språkvård* 4, 19–20.
- Ehrnebo, Paula. 1997. Finskan i Sverige. I Karker et al. 1997, 130–136.
- Eide, Tormod. 1990. *Retorisk leksikon*. Universitetsforlaget: Oslo.
- Eikhólm, Regin. 1996. Nýggja orðabókin – byrjanin til eina móðirmálsliga renesansu! *Sosialurin og Dimmalætting* 12. januar 1996.
- Eilschow, Frederik Christian. 1747. *Cogitationes de scientiis vernacula lingua docendis cum specimine terminologiae vernaculae*. København.
- 1749. *Forsøg til en Fruentimmer-Philosophie*. København.
- Ekrem, Inger. 1993. Nordmenns bidrag til den nylatinske litteraturen fra 1537 til 1900. I Andersen, Øivind og Asbjørn Aarset (red.). *Antikken i norsk litteratur*. Bergen: Det norske institutt i Athen – Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 27–64.
- Ellegård, Alvar. 1989. Engelskan i svenskan. *Språk i Norden 1989*. Oslo: Nordisk språksekretariat, 67–76.
- Ellis, Rod. 1994. *The Study of Second Language Acquisition*. Oxford: Oxford University Press.
- Endresen, Rolf Theil. 1989/90. Til forsvar for det norske språket? I *Språklig Samling* 4-1989/1-1990, 15–18.
- 1997. Språkrådet sin kampanje. I Simonsen 1997, 51–52.
- Endresen, Rolf Theil og Ole Bjørn Rongen. 1977. Kina. I Vikør, Lars S. (red.). *Språkpolitikk på fem kontinent*. Eit oversyn og ei jamføring. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Engen, Thor Ola og Lars Anders Kulbrandstad. 1998. *Tospråklighet og minoritetsundervisning*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Engelbretsdatter, Dorothe. 1955–56. *Samlede Skrifter I*. Siælens sang-offer. Oslo: Aschehoug.
- Engman, Max. 1991. Historikerna och nationalstaten. I Kvium, Christian (red.). *Historien og historikerne i Norden efter 1945*. Studier i historisk metode XXI. Århus: Aarhus Universitetsforlag, 41–63.
- 1994. Är Finland ett nordiskt land? *Den jyske Historiker* 69–70, 62–78.
- Ensk-føroysk orðabók*. 1984. Sjå Skarði.
- Ensk-føroysk orðabók*. 1992. Sjå Skáli.
- Eriksen, Anne Kristin. 1992. English loanwords in some recent Norwegian novels. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk språkvitskap. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Eriksen, Knut Einar og Einar Niemi. 1981. *Den finske fare*. Sikkerhetsproblemer og minoritetsproblematikk i nord 1860–1940. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eskeland, Lars. 1895. *Hjelpebok i norsk rettskriving*. Kristiania.
- Fafner, Jørgen. 1984. *Tanke og tale*. Den retoriske tradition i Vesteuropa. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Falk, Hjalmar. 1895. *Sprogets visne blomster*. Kristiania: Cappelen.
- Farmand. 1955, 1956, 1963, 1965, 1968, 1970. Oslo: Libertas.
- Fishman, Joshua A. 1971. *Language and Nationalism*. Two Integrative Essays. New York - Paris: Rowley.
- Feldbæk, Ole. 1991. Fædreland og indfødsret. I Feldbæk, Ole (red.). *Dansk identitetshistorie I*. København: C.A. Reitzel.
- 1992. Borgerskabets danskhed. 1720–1800. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 67–108.
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Boye Wangensteen. (red.) 1991. *Normer og regler*. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Fjørtoft, Olaus. 1972. *Fram*. Skrifter i utval. Redigert av Jostein Mykletun. Bergen: Eide.
- Flaitz, Jeffra. 1988. *The Ideology of English*. French Perceptions of English as a World Language. Berlin-New York-Amsterdam: Mouton de Gruyter.

- Flydal, Einar. 1983. *Oljespråk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1995. Moderne teknologi: språktilpassing av industriprodukter. I *Norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv*. Norsk språkråds skrifter nr. 1. Oslo: Norsk språkråd, 77–93, 100–103.
- Fodor, I. og C. Hagège. (red.) 1983. *Language reform: history and future*. 1–3. Hamburg: Buske.
- Forchhammer, Jette. 1983. *Børn før TV*. En kultursociologisk rapport om færøske børns fritidsaktiviteter omkring tidspunktet for indførelse af TV. København: Nord.
- Forchhammer, Ulver. 1952. Fremmede elementer i vort sprog. *Information* 6. september 1952.
- Framnes, Hallvard. 1946. Den norrøne artiumslina. *Syn og Segn* 1946, 373–384.
- Froðskaparrit*. 1955–1999.
- Frost, Pernille J. 1997. *En strid om ord*. Det politisk korrekte sprog. København: Fremad.
- Fuhrmann, Mannfred. 1990. *Die antike Rhetorik*. Eine Einführung. München-Zürich: Artemis Verlag.
- Furre, Berge. 1991. *Vårt hundreår*. Norsk historie 1905–1990. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Føroysk orðabók*. 1998. Red. av Jóhan Hendrik W. Poulsen, Marjun Simonsen, Jógvan í Lon Jacobsen, Arnfinnur Johansen, Zakaris S. Hansen. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Føroysk-donsk orðabók*. 1927–28. 1. utg. Red. av Jacobsen, M.A. og Christian Matras. Tórshavn–København: Felaget Varðin–J.H. Schultz Forlag.
- 1961. 2. utg. Red. av M.A. Jacobsen og Christian Matras. Revidert av Christian Matras. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne. (1877) 1972. *Den ny-norske Sprog- og Nationalitetsbevægelse*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- 1897. *Vor Sprogudvikling*. En Redegjørelse. Kristiania: Maalkassa.
 - 1980. *Brev. Verk 12*. Redigert av Sveinung Time. Oslo: Aschehoug.
- Gardt, Andreas. 1994. *Sprachreflexion in Barock und Früaufklärung*. Entwürfe von Böhme bis Leibniz. Berlin - New York: Walter de Gruyter.
- Gellerstam, Martin. 1986. Engelskinspirerad svenska i översättningar. I *Språkvård* 1, 11–14.
- 1999. SAOL 12. I *Språkvård*.
- Gellner, Ernest. 1983. *Nations and Nationalism*. Oxford: Blackwell.
- Gerdener, Wilhelm. 1986. *Der Purismus im Nynorsk*. Historische Entwicklung und heutiger Sprachgebrauch. Münster: Kleinheinrich
- 1991. Nynorsk purisme: Det historiske grunnlaget for ordtilfangsnormeringa. I Sandøy et al., 197–205.
- Gerner, Henrich. (1678–79) 1919. *Orthographia Danica*. I Bertelsen, Henrik (red.) *Danske Grammatikere III*. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, 11–146.
- Giil, Håkon Steinar. 1970. Ein grafonematiske studie i Christen Jensøns “Den norske dictionarium eller glosebog”, med ei utgreiing om mannen og verket hans. Upublisert hovudfagsoppgåve i nordisk. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Gijer, Erik Gustaf. 1816. *Den skandinaviska halvön*. *Iduna*.
- [1832–36] 1926–27. Svenska Folkets Historia. 3 delar i *Samlade Skrifter* del IV–VI. Stockholm: Norstedts.
- Giske, Kari og Harald Grytten. 1987. *Jens Petter Ekornes, mannen og bedriften*. Oslo: Bedriftsøkonomens forlag.
- Gjelsvik, Nikolaus. 1938. *Von og veg*. Norsk eller latinsk stilgrunnlag. Oslo: Norli.
- Gloy, Klaus. 1975. *Sprachnormen I*. Linguistische und soziologische Analysen. *Problemata* 46. Stuttgart: Frommann-Holzboog.

- 1993. Sprachnormforschung in der Sackgasse? Überlegungen zu Renate Bartsch, Sprachnormen: Theorie und Praxis. *Beiträge zur Geschichte der Deutschen Sprache und Literatur* 115/1, 30–65.
- Graedler, Anne-Line. 1995. *Morphological, semantic and functional aspects of English lexical borrowings in Norwegian*. Upublisert doktoravhandling. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Graedler, Anne-Line. 1998. *Morphological, semantic and functional aspects of English lexical borrowings in Norwegian*. Acta Humaniora Nr. 40. (Bearbeidd publikasjon av Graedler 1995.) Oslo: Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo og Universitetsforlaget.
- 1996. Forholdet mellom stavemåte og bøyning i engelske lånord. I Blaauw, Knud m.fl., *Engelske ord med norsk rettskrivning*. Bergen: Bergen Riksmålsforening, Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 67–78.
- Graedler, Anne-Line og Stig Johansson. 1995. Rocka, Hipt and Snacksy: Some Aspects of English Influence on Present-Day Norwegian. I Melchers, Gunnel og Beatrice Warren: *Studies in Anglistics*. Stockholm: Almqvist & Wiksell, 269–287.
- 1997. *Anglismeordboka*. Engelske lånord i norsk. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gregersen, Frans et al. (red.). 1975. *Klassesprog*. København: Borgen.
- Grenoble, Leonore A. og Whaley J. Lindsey (red.). 1998. *Endangered Languages*. Current issues and future prospects. Cambridge: Cambridge University Press.
- Grepstad, Ottar. 1997. *Det litterære skattkammer*. Sakprosaens teori og retorikk. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Gripsrud, Jostein. 1995. *The Dynasty Years*. Hollywood Television and Critical Media Studies. London: Routledge.
- Grundtvig, Svend. 1872. *Dansk Haand-Ordbog*. Med den af Kultusministeriets anbefalede Retskrivning. København.
- Grünbaum, Cathrina. 1984a. Språkvårdare och danismer. *Språkvård* 1, 3–15.
- 1984b. Cowboys och tjuvstrykers – en bok om s-pluralen. *Språkvård* 3, 9–17.
- 1986. I det allmänna språkbruket? *Språkvård* 1, 24–27.
- 1988a. Svenska språknämndens telefonrådgivning. *Språknemndenes telefonrådgivning. Nordisk språksekretariats rapporter* 9. Oslo: Nordisk språksekretariat, 115–152.
- 1988b. De nordiska språknämndernas telefonrådgivning – en samnordisk översikt. *Språknemndenes telefonrådgivning. Nordisk språksekretariats rapporter* 9. Oslo: Nordisk språksekretariat, 227–257.
- Grønli, Grethe. 1990. The influence of English on Norwegian advertising. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Grønvik, Oddrun. 1980. Framandorda og norsk språkutvikling i nyare tid. I *Språk i Norden 1980*, 39–60.
- 1987. Fra stridemne til språkforum. De fire første periodene i Norsk språkråd. I Mæhle, Leif, Einar Lundebø og Oddrun Grønvik (red.). *Fornyning og tradisjon*. Språkvern og språkrøkt 1972–1988. Oslo: Norsk språkråd/Cappelen, 9–24.
- 1991. Lånordproblemet i norsk. I Sandøy, Helge et al., 141–162.
- Guitarte, G. og R. Torres-Quintero. 1974. Linguistic correctness and the role of academies in Latin America. I Fishman, Joshua (red.). *Advances in Language Planning*. Haag: Mouton.
- Gulbrandsen, Tone. 1985. *Med fireflaiten åffsjår*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gulliksen, Øyvind. 1977. Bob Dylan på Briskeby. *Språklig Samling* 3/77, 10.
- 1978. Språkspell i Pepsi-generasjonen. Ei tolking av de to første bøkene til Audun Briseid. *Språklig Samling* 2/78, 7–10.
- 1980a. Ned i self-servicen å shoppe. Om engelsk-amerikanske lånord og kulturpåverknad. *Språklig samling* 1/80, 4–8.

- 1980b. “Med panoramavindu og air-condition”: Om engelsk-amerikanske lånord og kulturpåverknad. Del II. *Språklig Samling* 2/80, 10–14.
- Gullvåg, Ingemund. 1991. Språk og normar: eit filosofisk synspunkt. I Sandøy, Helge, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør 1991. *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, 12–34.
- Gundem, Bjørg. 1989. *Engelskfaget i folkeskolen*. Påvirkning og gjennomslag fra 1870-årene til først på 1970-tallet. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gundem, Bjørg. 1992. British and American Influences on the Teaching of English as a Foreign Language from the 1950s till the 1970s Mediated by the British Council and the Council of Europe. I Olsen, Anne Marie Langvall og Aud Marit Simensen (red.). *Om språk og utdanning*. Festskrift til Eva Sivertsen. Oslo: Universitetsforlaget, 131–147.
- Gundersen, Dag. 1990. Norwegian lexicography. I Hausmann, Franz Josef et al. *Dictionaries*. An international encyclopedia of lexicography. 2. volume. Berlin: de Gruyter, 1923–1928.
- 1996. Normering av fremmedspråklige innslag i moderne norsk. I Blaauw, Knud m.fl. (red.), *Engelske ord med norsk rettskrivning*. Bergen: Bergen Riksmålsforening, Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 41–51.
- Haas, Elke. 1980. *Rhetorik und Hochsprache*. Über die Wirksamkeit der Rhetorik bei der Entstehung der deutschen Hochsprache im 17. und 18. Jahrhundert. Frankfurt am Main: Peter D. Lang.
- Hagström, Björn. 1977. “Hví hefur nekarin fepur?” Något om form, uttal och stavning av danska lånord i färöiskan. *Fróðskaparrit* 25, 26–56.
- 1999. Móðursmálsorðabókin. *Varðin* 66, 206–212.
- Hall, Patrik. 2000. *Den svenskaste historien*. Nationalism i Sverige under sex sekler. Stockholm: Carlsson Bokförlag.
- Hallager, Laurents 1802. Norsk Ordsamling eller Prøve af Norske Ord og Talemaader. Kjøbenhavn: Popp.
- Hammershaimb, V. U. (1891) 1969. *Færøsk anthologi*. Tórshavn: Hammershaimbgrunnurin.
- Hansegård, Nils Erik. 1968. Tvåspråkighet eller halvspråkighet. Stockholm: Aldus/Bonnier.
- Hansen, Erik. 1975. Den hemmelige præmis. I Kjølner, Klaus (red.). *Analyser af sprogbrug*. Argumentation. København: Borgen, 88–102.
- 1981. *Skrift, stavning og retstavning*. København: Hans Reitzel.
- 1989. *Da lo hun så hjerteligt*. København: Fremad.
- 1990. Yes, det er dansk. *Politiken* (kronikk) 4. juli. København.
- 1991. Sprogpolitik. I Jørgensen 1991, 31–42.
- (red) 1995. *Fra tid til anden*. Dansk Sprognævn i 40 år. København: Gyldendal.
- Hansen, Erik og Henrik Galberg Jacobsen. 1986: *Om den nye Retskrivningsordbog*. Dansk Sprognævns skrifter 12. København: Dansk Sprognævn.
- Hansen, Erik og Jørn Lund. (red) 1988. *Sproget her og nu*. København: Dansk Sprognævn.
- 1994: *Kulturens Gesandter*. Fremmedordene i dansk. København: Munksgaard.
- 1998. *Det er korrekt*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Hansen, Ivan. 1996. Nýggja orðabókin. *Dimmalætting* 16. januar 1996
- Hansen, M. C. 1842. *Fremmed-Ordbog eller forklaring over de i det norske Skrift og Omgangs-Sprog almindeligst forekommende fremmede Ord og Talemaader*. Kristiania: Guldberg.
- Hansen, Poul. 1980a. Kronikk. *Næstved Tidende* 13. juni.
- 1980b. Kronikk. *Fyens Amts Avis*.
- Hansen, Svein Olav. 1994. *Drømmen om Norden*. Den norske Foreningen Norden og det nordiske samarbeidet 1919–1994. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hansen, Zakaris Svabo. 1997. Orðabókaarbeið í lítlum málsamfelag. *Málting* 20 (2/97), 2–10.

- Hansen, Zakaris Svabo og Jógvan í Lon Jacobsen. 1995. Nýggja donsk-føroysk orðabókin. *Málting* 15 (3/95), 14–21.
- Hansen, Aage. 1967. *Moderne Dansk. Bind 2*. København: Grafisk Forlag.
- Hanto, Kristian Ihle. 1986. *Ideologiar i norsk målreising*. Oslo: Novus.
- Harsdörffer, Georg Philipp. 1641–49. *Fraven-Zimmer Gespräch-Spiele*. (8 bind. Nürnberg.) Her sit. etter gjentrykk i Jones 1995.
- Hasselmo, Nils. 1974: *Amerikasvenska*. Lund: Esselte Studium.
- Hauge, Olav H. 1992. *Dikt i umsetjing*. Ny, auka utgåve. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haugen, Einar. 1950. The analysis of linguistic borrowing. *Language* 26. New York, 210–231.
- 1953. *The Norwegian Language in America*. A Study in Bilingual Behavior. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- 1966. *Language Conflict and Language Planning*. The case of modern Norwegian. Cambridge: Harvard University Press.
- 1969. *Riksspråk og folkemål*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1990. *Babels forbrødring*. Oslo: Universitetsforlaget, 72–78.
- Havránek, Bohuslav. (1936) 1966. Zum Problem in der heutigen Sprachwissenschaft und Sprachkultur. I Vachek, Josef (red.). *A Prague School Reader in Linguistics* 2. 2. optrykk. London: Bloomington, 413–420.
- Hazelius, Artur. 1870–71. *Om svensk rättstafning*. 2 bind. Stockholm: Norstedt.
- Hegge, Per Egil. 1997. Forsøk på språkstyring i Aftenposten. I Guttu, Tor (red.). *Hvem skal styre språket?* Bergen: Bergen Riksmålsforening-Riksmålsforbundet-Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 43–49.
- Heimsatlas*. 1995. Tórshavn: Føroya Skúlabókagrunnur.
- Heith, Anne. 1989a. Finländares rikssvenska hälsorisk. Hbl. 15.11.1989
- 1989b. Klingar ‘kurabuxor’ skönt. Hbl. 17.11.1989.
- Hellberg, Steffan. 1985. “...på olika nivåer i språket?”. *Språkvård* 1, 33–35.
- Helle, Øystein. 1993. Den klassiske talen som genre. *Norskklæringen* 2, 5–10.
- Hellevik, Alf. 1946a: Victor Rydberg og norsk målreising I. *Syn og segn*. Oslo, 385–392.
- 1946b. Victor Rydberg og norsk målreising II. *Syn og segn*. Oslo, 458–464.
- 1954. Norsk språkkodling – Norsk språknemnd. I *Språkvård*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 11. Stockholm: Norstedt, 53–70.
- 1963. *Lånord-problemet*. To foredrag i Norsk språknemnd med eit tillegg. Norsk språknemnd småskrifter 2. Oslo: Cappelen.
- 1970. Engelsk-amerikanske lånord og språkleg sjølvhjelp. I d.s. *Det rette ordet*. Ord og ordlegging i skrift og tale. Oslo: Det Norske Samlaget, 48–54.
- 1979. Språkleg påverknad frå engelsk og amerikansk. I d.s. *Språkrøkt og målstyring*. Eit utval av artiklar. Oslo: Det Norske Samlaget, 71–80.
- 1971. Om arbeidet til Norsk språknemnd. I *Norsk språknemnd. Årsmelding 1971*, 34–43.
- Hellqvist, Elof. 1922. *Svensk etymologisk ordbok. Del II*. Lund: Gleerups.
- 1930. *Det svenska ordförrådets alder och uppkomst*. Lund: Gleerups.
- Helmer-basen. Internett: <<http://www.hit.uib.no/hit/nta-pro.htm>> Bergen: Program for humanistisk informasjonsteknologi, Universitetet i Bergen.
- Hemstad, Ruth. 1996. Historie og nasjonal identitet. Kampen om fortiden i det dansk-tyske grenseland 1815–1840. KULTs skriftserie nr. 57. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Henriksen, Jeffrei. 1992. Hin ósakliga málvilluleiðin. *Málting* 5 (2/92), 24–27.
- Herder. J. G. (1772) 1992. *Om sprogets opprinnelse*. (Abhandlung über den Ursprung der Sprache.) Omsett frå tysk til riksmål av av Jan-E. Askerøi. Oslo: Aschehoug.
- Herslund, Michael. 1999. Dansk som “det andet sprog”. I Davidsen-Nielsen et al., 19–25.

- Hildebrand, Emil (red.). 1903–10. *Sveriges historia intill tjugonde seklet I–X*. Stockholm: Norstedt.
- Hjorth, Poul Lindegård. 1970. Sprognævn og offentlighed. Erfaringer fra arbejdet i Dansk Sprognævn. *Språk i Norden 1970*, 107–125. [
- Hobsbawm, E. J. 1990. *Nations and nationalism since 1780: programme, myth, reality*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 1996. *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–1865*. KULTs skriftserie nr. 51. Oslo: Noregs forskingsråd.
- 1998. Marcus Jacob Monrad som målpolitikar. I Fjeld et al. 1998.
- Hof, Sven. (1753) 1985. Swänska språkets rätta skrifsätt. Nyutg. red. av Mats Thelander. Skrifter utgivna av Institutionen för nordiska språk vid Uppsala universitet 16. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- Holberg, Ludvig. (1713) 1913. Anhang til den historiske Introduction. I d.s. *Samlede Skrifter*. 1. bind. Utg. av Carl S. Petersen. København: Gyldendalske Boghandel - Nordisk Forlag, 383–512..
- 1913. Om fremmede Ord i Modersmaalet. Epigt. 85. I d.s. *Samlede Skrifter*. 1. bind. Utg. av Carl S. Petersen. København: Gyldendalske Boghandel - Nordisk Forlag, 348–350.
- (1726) 1917. Ortographiske Anmærkninger. *Samlede Skrifter*. 4. bind. Utg. av Carl S. Petersen. København: Gyldendalske Boghandel - Nordisk Forlag, 797–798.
- Holm, Gösta. 1914. Något om svensk språkrensning före Viktor Rydberg. I (utan redaktörnamn) *Svenska studier tillägnade Gustaf Cederschiöld*. Lund: Gleerup - Svenska modersmålsläraresföreningen, 371–393.
- 1918. *Viktor Rydberg som språkrensare*. Avhandling. Göteborg.
- 1968. Engelskans vård i Sverige? *Språkvård* 2, 15.
- Holm, H. Rømer. 1955. Amerikaniserer reklamefolk hensynsløst det danske sprog? *Dansk Reklame* 1/55.
- Holmen, Anne og J. Normann Jørgensen (red.). 2000. *Sprogs status i Danmark år 2011*. Københavnstudier i tosprogethed 32. København: Danmarks pædagogiske Universitet
- Hovdhaugen, Even. 1990. Lånord og myter. *Språknytt* 3. Oslo, 5–6.
- 1991. Nasjon og språk. *Språklig samling* 3–4. Oslo, 20–25.
- Hudson, R. A. *Sociolinguistics*. 2. opplag. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hufvudstadsbladet*. 1989. Avisdebatt i november og desember 1989. Forfattarar og artikkeldatoar er gjengitt i fotnote i teksten.
- Hutchinson, John og Anthony D. Smith (red.). 1994. *Nationalism*. Oxford: Oxford Readers.
- Hylén, J. E. 1913. Danismer hos Gustav av Geijerstam. *Språk och stil* 13, 162–200
- 1917. Ett nytt fång damismer. *Språk och stil* 17, 112–125.
- Hyltenstam, Kenneth. 1996. Svenskan, ett minoritetsspråk i Europa – och i världen? I Ivars, A.-M. et al. *Svenskans beskrivning 21*. Lund: Studentlitteratur, 9–33.
- red. 1999. *Sveriges sju inhemska språk – ett minoritetsspråksperspektiv*. Lund: Studentlitteratur.
- 1999a. Inledning: Ideologi, politik och minoritetsspråk. I Hyltenstam (red.) 1999, 11–40.
- 1999b. Svenskan i minoritetsspråksperspektiv. I Hyltenstam (red.) 1999, 205–240. (Ein tidlegare versjon er publisert som Hyltenstam 1996.)
- Hänniger, Nils. 1969. *Nämnden för svensk språkvård 1944–1969*. Skrifter 36. Stockholm: Läromedelsförlagen.
- Härle, Gerhard. 1996. *Reinheit des Sprache, des Herzens und des Leibes*. Zur Wirkungsgeschichte des rhetorischen Begriffs *puritas* in Deutschland. Tübingen: Niemeyer.
- Höskuldur Práinsson. 2000a. Um áhrif dönsku á íslensku og færeysku. I Snædal, Magnús og Turið Sigurðadóttir (red.). *Frændafundur 3*. Reykjavík: Háskulaútgáfan, 115–130.
- Høverstad, Torstein. 1953. *Ole Vig*. Ein norrøn uppsedar. Hamar: Forlaget Norrøn livskunst.

- Høysgaard, Jens. (1747). Accentuered og Raisonnered grammatica. I Bertelsen, Henrik (red.). *Danske grammatikere IV*. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, 249–488.
- Ibsen, Henrik. (1928–57) 1999. Brev 1872–1883. *Samlede verker*. Hundreårsutgaven. Bind 17. 2. utg. Oslo: Gyldendal.
- Ilsøe, Harald. 1991. Danskerne og deres fædreland. Holdninger og opfattelser ca. 1550–1700. I Feldbæk, Ole (red.). *Dansk identitetshistorie I*. Fædreland og modersmål 1536–1789. København: C. A. Reitzels Forlag, 27–88.
- Indrebø, Gustav. 1930. Austlandsmaal og Vestlands-maal. Framandord. I d.s. 1976, 110–118.
- 1934. Idégrunnlaget for målreisingi. I d.s. 1976, 40–55.
 - 1937a. God norsk. Innlegg i målbrigdesaki. I d.s. 1976, 119–153.
 - 1937b. Rettskrivingsstræv i utlandet og her. I d.s. 1976, 154–177.
 - 1951. *Norsk Målsoga*. Utg. av Per Hovda og Per Thorson. Bergen: Norsk Bokreidingslag.
 - 1976. *Kva er målreising?* Ei artikkelsamling ved Jarle Bondevik og Oddvar Nes. Bergen: Norsk Bokreidingslag.
- Isaksen, Jógvan. 1999. Tølande meg. *Frøði* 1/5, 20.
- Íslenzk orðabók. 1978. Reykjavík: Bókaútgáfa Menningarsjóðs.
- Itkonen, Esa 1978. Grammatical Theory and Metascience. Amsterdam Studies in the Theory and History of Linguistic Sciences, serie IV. *Current Issues in Linguistic Theory*. Amsterdam.
- Jacobsen, Henrik Galberg. 1973. *Sprogrøgt i Danmark i 1930erne og 1940erne*. København: Dansk Sprognævn.
- 1979. De eksplicite præmisser i Dansk Sprognævns rådgivning. *Språk i Norden* 1979, 34–47.
 - 1984. Sprognævn - sprogrøgt - sprogsyn. *Selskab for Nordisk Filologi. Årsberetning 1983-1984*. København: Selskab for Nordisk Filologi, 30–36.
 - 1988. Retskrivningen. Fra Dejj til pai. I Hansen og Lund 1988, 53–79.
 - 1990. Dansk ortografi efter 1870. I Kunøe, Mette og Erik Vive-Larsen (red.). *3. Møde om Udforskningen af Dansk Sprog*. Århus.
 - 1994. Sprogændringer og sprogvurdering. Om nogle aktuelle engelskinspirerede ændringer i dansk og om vurderingen af dem. *Danske Studier* 1994, 5–28. [Ein revidert versjon av artikkel i *Kulturbrev* 7. november 1993. København: Undervisningsministeriet].
 - 1997. Nye love om rettskrivningen og om Sprognævnet. *Nyt fra Sprognævnet* 3/1997. (Har òg med *Lov om Dansk Sprognævn* af 1997 og *Lov om dansk rettskrivning af 1997*, saman med Bek. nr. 707 av 4.9. 1997).
- Jacobsen, Jógvan í Lon. 1996. Heimurin fyri tær open. *Varðin* 63, 155–157.
- 1998. Móðursmálsorðabókin sum grundarlag undir øðrum orðabókum. *Málting* 22, 14–23.
- Jakobsen, Jakob. 1889. Nogle Ord om Færøsk, samt et Forslag til en ny færøsk Retskrivning. (I Dimmalætting 20–25, 18. mai–22. juni 1889.) I Jakobsen 1957, 23–43.
- 1897. *Det norrøne sprog på Shetland*. København: Wilhelm Priors Hofboghandel.
 - 1957. *Greinir og ritgerðir*. Tórshavn: H. N. Jacobsens Bókahandil.
- Jakobsen, Karen Sonne. 2000. Et mangesproget Danmark. *Information* (kronikk) 25. juli 2000.
- Jakobson, Roman. (1938) 1962. Sur la théorie des affinités phonologiques entre les langues. I d.s. *Selected Writings I*. Haag: Mouton, 234–246.
- Jansson, Tore. 1997. *Språken och historien*. Falun: Norstedt.
- Jarvad, Pia. 1995. *Nye ord – hvorfor og hvordan?* København: Gyldendal.
- 1996. Elastiksprung og mountainbike. Nypurisme i Norden? I Westman, 117–135.
 - 1999a. *Nye Ord*. Ordbog over nye ord i dansk 1955–1998. København: Gyldendal.
 - 1999b. Den engelske påvirknings art og mængde. I Davidsen-Nielsen et al., 103–118.
- Jensen, Eivind Bråstad. 1991. *Fra fornorskningsspolitikk til kulturelt mangfold*. Stonglandseidet: Nordkalott-forlaget.

- Jensen, Thorkild Borup. 1992. Danskhed i litteraturens kalejdoskop. 1920–1990. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 207–255.
- Jensøn, Christen. (1646) 1946. *Den norske Dictionarium eller Glosebog*. Bergen: J. W. Eides Forlag.
- Jernudd, Björn H. og Michael J. Shapiro. 1989: *The Politics of Language Purisme*. Berlin & New York: Mouton de Gruyter.
- Jespersen, Otto. 1902. Engelsk og nordisk. En afhandling om låneord. *Nordisk tidsskrift för vetenskap, konst och industri*. Stockholm: 500–514.
- (1902) 1932. Sprogrøgt i d.s. *Tanker og Studier*. København: Gyldendal.
 - 1967 (1938). *Growth and Structure of the English language*. 9. utg. Oxford: Blackwell.
 - 1941. *Sproget*. Bernet - Kvinden - Slægten. København: Gyldendal.
- Jessen, Erland Ulrich. 1986. Nationalromantik: nationalisme, skandinavisme og historicisme. I *De nordiske skriftspråkernes utvikling på 1800-tallet*. 3. Nordisk språksekretariats rapporter 7. Oslo: Nordisk språksekretariat.
- Jóansson, Torður. 1997. English loanwords in Faroese. A thesis presented for the degree of Doctor of Philosophy at the University of Aberdeen. Tórshavn: Fannir. (Ei omsetjing til færøysk er utgitt i 1998 med tittelen *Ensk lánorð í føroyskum*. Tórshavn: Fannir.)
- Joensen, Høgni Debes. 1996. Hvagar gongur leiðin? *Dimmalætting og Sosialurin* 4. januar 1996.
- Jógvansson, Sjurður. 1993. Málið – eitt amboð at røkja av einslistum. Hugleiðingar og viðmerkingar til grein Hjalmar P. Petersens “Eldar, málstrev og vansar”. *Málting* 9, 28–30.
- Johannessen, Hanne K. 1999. *On the Role of English in Norwegian Civil Aviation Administration*. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk språkvitenskap. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Johannisson, Ture. 1974. Ordlistans första nio upplagor – en historik. I Johannisson og Gösta Mattsson. *Svenska Akademiens ordlista under 100 år*. Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 55. Stockholm: Esselte Studium, 1–54.
- Johansen, Arnfinnur. 1993a. Fólkanøvn – upprøni og merking. *Málting* 7, 16–35.
- 1993b. Hin fyrsta føroyska fólkanavnalógin. *Studia Anthroponymica Scandinavica* 11, 97–110.
- Johansen Arnfinnur og Jógvan í Lon Jacobsen. 1995. Den færøske modersmålsordbog – en midtvejsrapport. I Svavarsdóttir, Ásta et al (red). *Nordiske studier i leksikografi III*. Reykjavik: Nordisk forening for leksikografi, 233–243.
- Johansson, Stig. 1992. Engelsk – et *must* i norsk? On the role of English in Norwegian Language and Society. I Olsen, Anne Marie Langvall og Aud Marit Simensen (red.). *Om språk og utdanning*. Festskrift til Eva Sivertsen. Oslo: Universitetsforlaget, 65–84.
- Johnsen, Egil Børre. (red.) 1987. *Vårt eget språk I*. I går og i dag. Oslo: Aschehoug.
- Jón Hilmar Jónsson. 1988. Tendenser og tradisjoner i islandsk orddannelse. *Språk i Norden 1988*, 21–33.
- Jones, William J. 1995. *Sprachhelden und Sprachverderber*. Dokumente zur Erforschung des Fremdwortpurismus im Deutschen (1478–1759). Berlin: W. de Gruyter.
- Josephson, Olle. 1999. Folk och språkvetare – om attityder till svenska språket. I *Språkvård* 2, 4–14.
- Jämtelid, Kristina. 1996. *Engelska lånord förr och nu*. En jämförande studie av tidningsartiklar från 1965 och 1995. TeFa nr. 15. Uppsala: Uppsala universitet.
- Jørgensen, Jens Normann. 1986. Da professoren scorede selvmål. Kronikk i *Weekend-Avisen*. 19.–25. september.
- Jørgensen, J. Normann. (red.) 1991. *Det Danske sprogs status år 2001 – er dansk et truet sprog?* København: Danmarks Lærerhøjskole.
- Kachru, Braj B. 1986. *The Alchemy of English*. The Spread, Models and Functions of non-native Englishes. Oxford: Pergamon.

- (red.) 1992. *The Other Tongue*. English across Cultures. 2. utgåva. Urbana og Chicago: University of Illinois Press.
- Kall, Rolf. 1923. *Dansk Maalværn*. Samfundet Modersmaalets Skrifter Nr. 1. København: Chr. Erichsens Forlag.
- Kaplan, Robert L. og Richard B. Baldauf jr. 1997. *Language Planning From Practice to Theory*. Clevedon/Philadelphia/Toronto/Sydney: Multilingual Matters Ltd.
- Karker, Allan. 1971. Om svensk og norsk indflydelse på moderne dansk. *Språk i Norden* 1971, 29–36.
- 1980. Stavning og bøjning af fremmedord i dansk. *Språk i Norden* 1990, 7–26.
- (1993) 1995. *Dansk i tusind år*. 2. oplag. København: C.A. Reitzels Forlag.
- 1998. Det nordiske argument i dansk retskrivning. I Hansen, Erik og Jørn Lund (red.). *Det er korrekt*. Dansk retskrivning 1948–98. København: Hans Reitzels Forlag, 94–103.
- Karker, Allan, Birgitta Lindgren og Ståle Løland. (red.). 1997. *Nordens språk*. Oslo: Novus forlag.
- Karlsgrén, Hans. 1994. Kommersiella namn. I Jóhannesson, Kristinn et al. *Övriga namn*. Handlingar från NORNA:s nittonde symposium i Göteborg 4–6 september 1991. Uppsala: Norna-förlaget, 63–80.
- Kedourie, Elie. 1960. *Nationalism*. London: Hutchinson.
- Key, Ellen. 1906. *Några tankar om skandinavismens framtid*. Stockholm: Bonnier.
- Kirkness, Alan. 1975. *Zur Sprachreinigung im Deutschen 1789–1871*. Eine historische Dokumentation. Tübingen.
- 1984. Das Phänomen des Purismus in der Geschichte des Deutschen. I Wener Besch et al. (red.). *Sprachgeschichte*. Ein Handbuch zur Geschichte der deutschen Sprache und ihrer Erforschung. Berlin & New York: Walter de Gruyter.
- Kisbye, Torben et al. (red.). 1992. *A short history of the English language*. Århus: Aarhus University.
- Kjartan G. Ottósson. 1990. *Íslensk málhreinsun*. Sögulegt yfirlit. Rit Íslenskrar málnefndar 6. Reykjavík.
- 1997. Purisme i islandsk. I Simonsen (red.) 1997, 31–37.
- Klarspråksbulletinen*. 1998. Stockholm: Regeringskansliet.
- Kloss, Heinz. 1978. *Die Entwicklung neuer germanischer Kultursprachen seit 1800*. 2. utvida utgåva. Düsseldorf: Pedagogischer Verlag Schwann (Sprache der Gegenwart; 37).
- Klinge, Matti. 1984. *Runebergs två fosterland*. Helsingfors: Söderström.
- Kluge, Friedrich. 1989. *Etymologisches Wörterbuch der deutschen Sprache*. 22. oplag. Berlin-New York: Walter de Gruyter.
- Knudsen, Knud. 1845. Om Lydene, Lydtegnene og Retskrivningen i det norske Sprog. *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 205–273.
- 1850. Om Norskhed i vor Tale og Skrift. *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur*, 205–273.
- 1878. *Den landsgyldige norske uttale*. Kristiania: Cammermeyer.
- 1881a. *Unorsk og norsk eller Fremmedords avløsning*. Kristiania: Cammermeyer.
- 1881b. *Af Maalstriden 1881*. Svar til Prof. J. Storm og Litterat A. Larsen m.m. Kristiania: Cammermeyer.
- 1884. *Latinskole uten latin*. Kristiania: Cammermeyer.
- 1866. *Om tilnærmelse mellem Norsk, Dansk og Svensk*. Kristiania: Cammermeyer.
- Kock, Lavrids. (1660). 1915. Introductio ad lingvam Danicam. I Bertelsen, Henrik (red.). *Danske grammatikere I*. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, 35–74.
- Kofod, Lucianus. 1866. *Om Nordens sproglige enhed*. Et foredrag. Stockholm.
- Koht, Halvdan. (1921) 1973. Arbeidarreising og målspørsmål. I Hanssen, Eskil og Geirr Wiggen (red.). *Målstrid er klassekamp*. Oslo: Pax, 25–39.

- Korlén, Gustav. 1979. Om tyska attityder til främmande ord. I *Språkform och språknorm*. En bok till Bertil Molde på 60-årsdagen den 16. september 1979. Stockholm: Svenska Akademien og Svenska språknämnden, 167–178.
- Kristensen, Marius. 1904. H.C. Ørsted og det danske sprog. I *Danske Studier 1904*, 49–64.
- Kristiansen, Tore. 1990. *Udtalenormering i skolen*. Skitse af en ideologisk bastion. København: Gyldendal.
- 1991. Vi har brug for et sprogpolitisk paradigmeskifte. I Jørgensen 1991, 9–30.
- Kristoffersen, Gjert. 1997. Språkrådet sin kampanje. I Simonsen 1997, 52–54 og 57–60.
- Kulturdepartementet. 2001. Rundskriv nr. V-3/2001, 10. januar 2001. Sjø og <<http://www.sprakrad.no/aar2000htm>>. Oslo: Kulturdepartementet.
- Lainio, Jarmo. 1999. Språk, genetik och geografi – om kontinuitetsproblematiken och debatten om finska som minoritetsspråk. I Hyltenstam (red.) 1999, 138–204.
- Langslet, Lars Roar. 1999. *I kamp for norsk kultur*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Larsen, Amund. B. 1917. Naboopposition – knot. *Maal og Minne*.
- Larsen, Kaj. 1993. Hin fyrsti málreinsarin. *Málting* 9, 12–19.
- Larsen, Fritz. 1994a: Engelsk indflytelse på dansk – et tilbud man kan afslå? *Nyt fra Sprognævnet 1*. København: Dansk Sprognævn.
- 1994b. More than loan-words: English influence on Danish. *Rask 1*, Odense, 21–46.
- 1994c. Melding av Pia Jarvad 1995. Nye ord – hvorfor og hvordan? *Rask 1*. Odense, 145–152.
- 1997. Bokmelding av Knud Sørensen 1995. Engelsk i dansk. Er det et must? *Rask 5/6*. Odense, 187–198.
- Larsen, Mogens Baumann. 1978. Sprogsituationen i Danmark – en betragtning. I Sigurd, Bengt (red.). *De nordiske språkernes framtid*. Norsk språkråd skrifter 19. Oslo: Norsk språkråd, 19–25.
- Laurén, Christer, Johan Myking og Heribert Picht. 1997. Terminologi som vetenskapsgren. Lund: Studentlitteratur.
- Lausberg, Heinrich. 1967. *Elemente der literarischen Rhetorik*. Eine Einführung für Studierende der klassischen, romanischen, englischen und deutschen Philologie. 3. reviderte opplag. München: Max Hueber Verlag.
- Lauttamus, Timo. 1990. *Code-switching and borrowing in the English of Finnish Americans in an interview setting*. Kielitieteelisiä tutkimuksia. 20. Joensuu: University of Joensuu, Faculty of Arts.
- Lauvhjell, Arne. 1983. *Heit strid om nynorsk*. Dokument og meiningar 1980–1983. Oslo: Novus.
- Law, Vivian. 1996. Grammar. I Mantello, F. A. C. (red.). *Medieval Latin*. An Introduction and Bibliographical Guide. Washington D.C.: The Catholic University of America Press.
- Leira, Vigleik. 1992. *Ordlaging og ordelement i norsk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Leitner, Gerhard. 1991. English as a plurisentric language. I Clyne, Michael (red.). *Plurisentric languages*. Differing Norms in Different Nations. Berlin - New York: Mouton de Gruyter, 179–237.
- Leopold, Carl Gustaf & Nils von Rosenstein. 1801. *Afhandling om svenska stafsättet*. Stockholm. Svenska Akademien.
- Lindberg, Bo. 1993. *Europa och latinet*. Stockholm: Natur och kultur.
- Linde-Laursen, Anders. 1995. *Det nationale kultur*. Studier i dansk-svenske relationer. København: Nordisk Ministerråd.
- Linder, Erik Hj. 1952. *Ny illustrerad svensk litteraturhistoria. Femte delen*. Stockholm: Natur och kultur.
- Linder, Nils. 1882. *Regler och råd angående svenska språkets behandling i tal och skrift*. Stockholm.
- Lindroth, Sten. 1975–81. *Svensk lärdomshistoria*. II–IV. Stockholm: Norstedt.
- Lindstam, Carl Sigfrid. 1946. *Nordisk rättstafning*. En utredning och ett program. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 1. Stockholm: Svenska bokförlaget.

- Lisse, Chr. 1948. Nordisk og urnordisk i orddannelsen. Endelser og forstavelser i dansk. *Vort nordiske Modersmål IV*, 41–72.
- Ljung, Magnus. 1985. *Lam anka – ett måste?* En undersökning av engelskan i svenskan, dess mottagande och spridning. EIS Report No. 8. Stockholm: Department of English, Stockholms universitet.
- 1988: *Skinheads, hackers & lama ankor*: Engelskan i 80-talets svenska. Stockholm: Bokförlaget Trevi.
- Ljunggren, Karl Gustav. 1946. *Språkvård och språkforskning*. Lund: Gleerup.
- Lockwood, William B. 1950. Notes on the Faroese Language today. I *Transactions of the Philological Society*.
- Loman, Bengt. 1956a. Försvenskningen av latinska substantiv I. *Nysvenska studiar* 35, 84–137.
- 1956b. Försvenskningen av latinska substantiv II. *Nysvenska studiar* 36, 74–120.
 - 1982. Idéer och motiveringar i nordisk språkplanering under de senaste hundra åren. *Språk i Norden 1982*, 45–66.
 - 1986. En Inrättning, ägnad endast til Språkets förbättring. I Allén, Sture, B. Loman og B. Sigurd. *Svenska Akademin och svenska språket*. Tre studier. Stockholm: Norstedt, 1–141.
- Long, Rikard. 1979. *Kveikt og kannað*. Red. av Hanus Andreassen. Tórshavn: Føroya Skúlabólagrunnur.
- Lund, Jørn 1982. *Sprog og sprogbrug i dag*. København: Hans Reitzel.
- 1989. Tak for lån. *Språk i Norden 1989*. Oslo: Nordisk språksekretariat, 94–101.
 - 1989. *Okay? Amerikansk påvirkning af dansk sprog*. I serien *Dansk sprog*. København: Dansklærerforeningen.
 - 1991. Statsstyring, markedsmekanismer og brugsbehov. Om låneordsproblemet: Forholdet mellom purisme og liberalisme i de nordiske sprog. I Sandøy, Helge et al. (red). (Også prenta i *Språk i Norden 1991*.)
 - 1992a. Danskerne og deres sprog. 1945–1990. I Feldbæk, Ole (red.). *Dansk identitetshistorie 4*. København: C. A. Reitzels Forlag, 424–540.
 - 1992b. Drop it! *Språk i Norden 1992*, 76–83.
 - 1997. Sproglig diagnose. Lille USA. I spalten “Professor Higgins”. *Information* 29. mars 1997.
- Lundeby, Einar. 1955. Prinsipper for staving av fremmede ord. I *Nordiske språkspørsmål 1955*. Oslo: Norsk språknemnd, 1–11.
- 1968. Språkkrensning i Norden på 1700-tallet. *Maal og Minne*, 96–110.
 - 1987. Fremmedord – hva gjør vi med dem? I d.s. et. al (red), *Fornyning og tradisjon*. Språkvern og språkrøkt 1972–1988. Oslo: Norsk Språkråd, 79–89.
 - 1988a. Norsk? – Nei, utenlandsk! *Språknytt 1*. Oslo, 1–2.
 - 1988b. Engelske ord som passer i norsk. *Språknytt 2*. Oslo, 17.
- Lundgreen-Nielsen, Flemming (red.). 1992a. *På sporet af dansk identitet*. København: Spektrum.
- 1992b. De lærdes og poeternes danskhed. 1520–1720. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 43–65.
 - 1992c. Danskhed i krige og kriser. 1800–1864. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 109–151.
 - 1992d. De overvundnes litteratur. 1864–1920. I Lundgreen-Nielsen 1992a, 191–205.
- Lundh, Hans Lennart. 1951. *Skandinavismen i Sverige*. Studentforeningen Verandis småskrifter nr. 519. Stockholm: Bonnier.
- Lutzebäck, Rolf 1990. *Das Fremdwortproblem in der deutschen Sprach- und Kulturkritik von 1918–1945*. Eine Sprachhistorische Abhandlung. Frankfurt: R. G. Fischer.
- Lyons, John, 1981. *Language and linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Löfman, Majken. 1989. Kumma juttu om finlandssvenska. Hbl. 11.11.1989.
- Magnus, Johannes. (1554) 1620. Swea och Gothe Crönika. Sit. etter Hall 200.

- Mai, Anne-Marie. 1993a. Den beklædte sandhed. 1700-tallets litterære iscenesættelse af kvinder. I Jensen, Elisabeth Møller (red.). *I Guds navn*. Nordisk kvindelitteraturhistorie I. København: Rosinante/Munksgaard, 355–356.
- 1993b. Det rene sprog og den nye følsomhed. Kvindelige skribenter, modersmålet og følsomheden. I Jensen, Elisabeth Møller (red.). *I Guds navn*. Nordisk kvindelitteraturhistorie I. København: Rosinante/Munksgaard, 357–363.
- Malm, Mats. 1990. Samkenningars egentliga egenskapar. *Arkiv för nordisk filologi* 105, 111–130.
- Málvinur. 1996. (Pseudonym.) Føroyamálsdeildin. *Dimmalætting* 8. januar 1996.
- Marchand, Hans. 1969. *The Categories and Types of Present-Day English Word-Formation. A Synchronic-Diachronic Approach*. 2. utg. München: C. H. Beck.
- Marita. 1996. Viðmerkingar til málkjakið. *Dimmalætting* 13. januar 1996.
- Masvie, Inger. 1992. English in Norway. A Sociolinguistic Study. Upublicert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Mathesius, V. 1947. *Cestina a obecný jazykozpyt, souber statí*. Praha: Melantrich.
- Matras, Christian 1928. Hin føroyska málsurningum og støða hans í norrønum nýreisingarverki. *Varðin* 1928.
- 1954. Et bidrag om færøsk sprogrøgt. I *Språkvård*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 11. Stockholm: Svenska Bokförlaget–Norstedts, 85–95.
- Mattsson, Gösta. 1974. Ordlistans tionde upplaga – riktlinjer och kommentarer. I Johannisson og Gösta Mattsson. *Svenska Akademiens ordlista under 100 år*. Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 55. Stockholm: Esselte Studium, 55–116.
- McCrum, Robert, Robert MacNeil og William Cran 1992. *The Story of English*. Ny og revidert utgåve. London: Faber and Faber.
- Melin, Lars. 1987. Svengelska är inte så dumt. *Språkvård* 3, 24–26.
- Melin, Lars. 1993. Modeord under tjugo år. *Språkvård* 2, 9–19.
- Melin-Köpilä, Christina. 1996. *Om normer och normkonflikter i finlandssvenskan*. Språkliga studier med utgångspunkt i nutida elevtexter. Skrifter 41. Uppsala: Institutionen för nordiska språk, Uppsala universitet.
- Minervas kvartalsskrift*. 1957–75. Oslo: Den konservative studenterforening.
- Moe, Moltke. (1909) 1979. Nationalitet og kultur. I Hanssen, Eskil (red.) *Fra norsk språkhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Molde, Bertil. 1971. Språkvården och språket. *Språkvård* 4, 2–9.
- 1978. Radior och tevear – några ordböjningsproblem. *Språkvård* 3, 3–16.
- 1979. Principer för Svenska språknämndens rådgivningsarbete. *Språk i Norden* 1979, 17–21.
- 1997. Svenska språket. I Karker et al. 1997, 73–94.
- Monrad, Marcus Jacob. 1854. Om Theater og Nationalitet og om en norsk dramatisk Skole. I *Norsk Tidsskrift for Videnskab og Litteratur* 1854–55, 1–33.
- 1858. (Melding av Dølen.) *Morgenbladet* 17. oktober 1858.
- Munch, P. A. (1832) 1969. Norsk Sprogreformation. (Opphavleg prenta i Vidar 1832.) I Hanssen, Eskil (red.). *Om norsk språkhistorie*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1873–76. *Samlede Afhandlinger I–IV*. Udgivne efter offentlig foranstaltning af Gustav Storm. Christiania: Cammermeyer.
- Müller, Max. (1871) 1890. *Lectures on the Science of Language*. 2. utg. New York: Scribner.
- Myking, Johan. 1997a. Oljespråket – kva kom det ut av laboratoriet? Føredrag på konferansen KULT-slutt, Oslo 28.11.1997. *Småskrifter* nr. 25. Bergen: Norsk termbank, Universitetet i Bergen.

- 1997b. The concept of ‘motivation’ in terminology. Some reflections on its definition and applicability. I Lundqvist, H. Picht og Qvistgaard (red.). *Proceedings of the 11th European Symposium on LSP*. København: Handelshøjskolen i København.
- Mæhlum, Brit. 1992. *Dialektal sosialisering*. Oslo: Novus.
- 1999. Norsk fagspråkforskning. Ein manglande (?) tradisjon. *Nordica Bergensia* 20, 17–62.
- Mønnesland, Svein. 1995 (1992). *Før Jugoslavia og etter*. 3. utgåva. Oslo: Sypress Forlag.
- Målreising 1967*. 1967. Tilråding frå ei målpolitisk programnemnd i Noregs Mållag. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nauerby, Tom. 1996. *No Nation is an Island*. Language, Culture, and National Identity in the Faroes Islands. Århus: Aarhus University Press.
- Nes, Oddvar. 1984. *Om nokre affiks i nynorsk – mest om –heit*. Andre utgåva. Bergen: Nordisk institutt: Universitetet i Bergen
- Neustupny, J. V. 1989: Language purism as a type of language correction. I Jernudd et al., 211–224.
- Niclasen, André. 1992. Tann skeiva málrøktarkósín. *Málting*, 2–11.
- 1994. *Málmeiningar 1989–1994*. Tórshavn: Frítt orð.
- Nielsen, Niels Åge. 1944. H.C. Ørsted og den nordiske sprogrøgt. I *Vort nordiske modersmål III*. København: Dansk forening til nordisk sprogrøgt-Gyldendal, 10–25.
- 1950. Dansk sprogrensning i 1700-tallet. *Arkiv for nordisk filologi*, bind 64, 246–277.
- 1967. Dansk sprogrensning. Træk af udviklingen efter 1750. Foredrag på årsmøtet 23. januar 1967. *Norsk språknemnd. Årsmelding 1966*. Oslo: Norsk språknemnd.
- Nordby, Trond. 1991. *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet*. Oslo: Uniersitetsforlaget.
- Noreen, Adolf. 1903. *Vårt språk*. Nysvensk grammatik i utførlig framställning. Första bindet. Lund: Gleerups Förlag.
- 1894–1924. *Spridda Studier* 1–4. Stockholm: Geber.
- Norsk riksmålsordbok*. 1937–1983. Red. av Trygve Knudsen og Alf Sommerfelt. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Norsk riksmålsordboks tilleggsbind V–VI*. 1995. Red. av Trygve Knudsen, Alf Sommerfelt og Harald Noreng. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Norsk språknemnd. Sjå ovanfor for årsmeldingar, brev, korrespondanse, referat og klipparkiv.
- Norsk språkråd. Sjå ovanfor for årsmeldingar, brev, korrespondanse, referat og klipparkiv.
- 1983. *Råd om språk*. Oslo: Norsk språkråd.
- 2000. Strategisk plan for Norsk språkråd 2000–2003. Oslo: Norsk språkråd.
- Nudansk ordbog*. 1992. København: Politiken.
- Nynorskordboka*. 1993. 2. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Nynorskordlista*. 1996. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Næs, Katrin. 1999. Eingin umbering longur – ikki at duga at stava! *Frøði* 1/5, 16–17.
- O’Dell, Tom. 1997. *Culture Unbound*. Americanization and Everyday Life in Sweden. Lund: Nordic Academic Press.
- Odlin, Terence. 1989. *Language transfer*. Cross-linguistic influence in language learning. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ohlsson, Stig Örjan. 1978. *Skånes språklige försvenskning 1*. Lundastudier i nordisk språkvetenskap, serie A, nr 30. Lund: Walter Ekstrand Bokförlag.
- 1979. *Skånes språklige försvenskning 2*. Lundastudier i nordisk språkvetenskap, serie A, nr 31. Lund: Walter Ekstrand Bokförlag.
- Olrik, Hans. 1911. Svensk og dansk folkelyne. (Melding av Gustav Sundbärg, Det svenska folklynet.) *Nordisk tidskrift för vetenskap, konst och industri*, 373–394.
- Olsson, Henry. 1916. Danismer hos Per Hällström. *Språk och stil* 16, 91–131.

- Omdal, Helge. 1996. Språknormering – for deg eller meg? I d.s. *Språknormering og språkbrukar*. Kristiansand: Høgskolen i Agder, 131–148.
- Omdal, Helge og Lars S. Vikør. 1996. *Språknormer i Norge*. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Opitz, Martin. (1624) 1886. Buch von der Deutschen Poeterey. Nytrykt i Witkowski, Georg (red.). Neudruck deutscher Literaturwerke des XVI. und XVII. Jahrhunderts Nr. 1. Halle a.d. Saale. Her etter Jones 1995 og Härle 1996.
- Ordet*. 1950–2000. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Ordbog over det danske Sprog*. 1–28. 1919–54. København: Gyldendal.
- Palmér, Johan. 1953. *Språkutveckling och språkvård*. Skrifter utgivna av Modersmållärarnas förening nr. 64. Tredje opplaget. Lund: Gleerup.
- Papazian, Eric. 1992. Er det normativt å beskrive et normalmål? Om grensa mellom språkvitenskap og språkpolitikk. *Norskraft* 82, 1–35.
- Patursson, Jóannes. 1932. *Yrkingar*. Tórshavn: Hitt føroyska studentafelagið.
- 1966. *Tættir ur Kirkjubøar søgu*. Tórshavn.
- Pedersen, Aud-Kirsti. 2000. Dialektendring og språkkontakt. Upublisert manus. Tromsø.
- Pedersen, Inge Lise. 1990. Fra klenodie til pisallik. I *Ord og sag* 10. Århus: Institut for Jysk Sprog og Kulturforskning, Aarhus Universitet, 5–12.
- 1996. Dialektforskningen i Danmark med særligt henblik på forholdet til strukturalisme og sociolingvistik. I Henriksen, Carol et al. (red.). *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Oslo: Novus, 237–273.
- Pedersen, Per-Bjørn. 1994. Norsk oljespråk i eit tiårs perspektiv. I Myking, Johan, Helge Sandøy og Ivar Utne (red.). *Festskrift til Lars Vassenden*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Pells, Richard. 1997. *Not like us*. How Europeans have loved, hated and transformed American culture since World War II. New York: Basic Books.
- Pennycook, Alastair 1994. *The Cultural Politics of English as an International Language*. London og New York: Longman.
- Petersen, Carl S. 1929. Fra folkevandringstiden indtil Holberg. I d.s. og Vilhelm Andersen. *Illustreret Dansk Litteraturhistorie 1*. København: Gyldendalske Boghandel.
- Petersen, Hjalmar P. 1993. Eldar, málstrev o.a. vansar. *Málting* 8 (2/93), 12–22.
- 1995a. *Donsk-føroysk orðabók*. 3. utg. Red. av Hjalmar P. Petersen med hjelp av Marius Staksberg. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- 1995b. Innlænt orð í føroyskum. *Málting* 13, 2–8.
- 1997. Skensil mótvegis skrímsli. *Málting* 20 (2/97), 12–23.
- Petersen, Pia Riber 1984. *Nye ord i dansk 1955–75*. Dansk Sprognævns skrifter 11. København: Dansk Sprognævn
- Pettersen, Egil. 1957. *Norskhet i språket hos Dorothe Engelbretsdatter*. Bergen: Institutt for nordisk filologi, Universitetet i Bergen.
- 1989. Kampen mot anglonorsk. *Språk i Norden 1989*. Oslo: Nordisk språksekretariat, 77–88.
- 1996. *Ka e' tiss?* Bergensmålet gjennom tidene slik forfatterne har brukt det. Bergen: Alma mater.
- Phillipson, Robert 1993. *Linguistic Imperialism*. Oxford: Oxford University Press.
- Pinborg, Jan og Erik Dal. 1979. Efterord i *Tre latinske Grammatikker*. Donatus, Fundamentum, Regulæ. København: Munksgaard, 219–260.
- Politikens filosofileksikon*. 1996. København: Politikens Forlag.
- Poplack, Susan. 1988. Contrasting patterns of code-switching in two communities. I Heller. *Codeswitching*. Anthropological and Sociolinguistic Perspectives. Haag: Mouton de Gruyter, 215–44.

- Poulsen, Jóhan Hendrik W. 1989. Engelsk påvirkning på færøsk. *Språk i Norden 1989*. Oslo: Nordisk språksekretariat, 47–56.
- 1996a. Fløga – lítil orðsøga. I *Málting* 17 (2/96), 20–24, og i *Spráket lever!* Festskrift til Margreta Westman. Stockholm: Svenska språknämnden.
 - 1996b. Intervju med J.H.W. Poulsen. Mær dámar ikki sjálvttøkuborðið. *Dimmalætting* 5. januar 1996.
 - 1998. Nøkur nýggjyrði míni. Upublisert liste over ord.
 - 2000. Føroyskt fyri íslenskum árinum. I Snædal, Magnús og Turið Sigurðadóttir. *Frændafundur* 3. Reykjavík: Háskúlaútgáfan, 131–137.
- Preisler, Bent. 1998. Anglo-amerikansk-orienteret ungdomskultur, køn og sprogforandring. I Pedersen, Inge-Lise og Jann Scheuer (red.). *Sprog, køn og kommunikation*. København: C. A. Reitzels Forlag, 201–212.
- 1999a. *Danskerne og det engelske sprog*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag.
 - 1999b. Engelsk ovenfra og nedenfra: Sprogforandring og kulturell identitet. I Davidsen-Nielsen et al. 1999, 39–64.
- Press 97. Internettadresse: <<http://spraakdata.gu.se/lb/konk/up.html>> (Pr. 1. februar 2001.)
- Pulkkinen, Paavo 1989. Anglicismerna i finska språket. *Språk i Norden 1989*. Oslo: Nordisk språksekretariat, 89–93.
- Quintilianus, Marcus Fabius. 1972. *Ausbildung des Redners*. (Omsett og utgitt av Helmut Rahn, med originaltekst frå *Institutiones oratorie* parallelt med den tyske teksten.) Darmstadt: Wissenschaftliche Buchgesellschaft.
- Qurik, Randolph og H. G. Widdowson (red). 1985. *English in the world: teaching and learning the language and literatures*. London: Longman.
- Rahbek, Knud. 1822 (1970). *Om den danske Stil: en haandbog til de lærde Skolers Brug*. 3. noget forbedrede oplag. København: Københavns Universitets Fond til Tilvejebringelse af Læremidler.
- Rahman, Tariq. 1996. British Language Policies and Imperialism in India. *Language Problems and Language Planning* 2, 91–115.
- Ramus, Jonas. 1702. *Ulysses et Otinus et idem sive disquisitio historica & geographica qva*. København.
- Rangnes, Odd Kjetil. 1996. Språkholdninger og terminologiendring. I Omdal, Helge (red.) 1996, 93–99.
- 1999. Oljeterminologi og språkholdninger: bruk av spørreskjema i lys av “dobbel hermeneutikk”. I *Nordica Bergensia* 20, 207–227.
- Rask, Kirsten. 2000. *Sprogrenserordbog – tal dansk!* Odense: Forlaget Hestnes.
- Rask, Rasmus. 1826. Forsøg til en videnskabelig dansk Retskrivningslære med Hensyn til Stamsproget og Nabosproget. *Tidsskrift for Nordisk Oldkyndighed*. København.
- Ravn, Hans Mikkelsen. (1649) 1953. Ex Rhytmologia Danica msc. Epitome Brevissima. I Arnholtz, Arthur, Erik Dal og Aage Kabell (red.). *Danske metrikere I*. (Med dansk omsetjing.) København: Schultz, 147–325.
- Reidinger, Roger. 1999. Om andra språks inflytande på de nordiska språkens terminologier – historiskt och nu. *Nordica Bergensia* 20, 207–246.
- Renan, Ernest. (1882) 1887. Qu'est-ce qu'une nation? I d.s. *Discours et conférences*. Paris: Calmann Levy, 227–310.
- Reuter, Mikael. 1987. Vad är finlandssvenska? *Språkbruk* 1/87.
- 1989. Finlandssvenskan ett språk för sig? Hbl. 20.10.1989
 - 1997. Svenskan i Finland – norm och status. *Språkbruk* 1/97, 3–4.
- Retskrivningsordbog, udgivet af Dansk Sprognævn*. 1955. Redigert av Jørgen Gladher. København: Dansk Sprognævn.

- Retskrivningsordbogen*. 1986. København: Dansk Sprognævn/Gyldendal.
- 1996. 2. utg. København: Dansk Sprognævn/Aschehoug.
- Rischel, Jørgen, 1961. Om retskrivningen og udtalen i moderne færøsk. I *Føroysk-donsk orðabók*. Andre utgåva. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag, XIII–XXXVI.
- Rommetveit, Magne. 1993. *Med andre ord*. Oslo: NKS-forlaget.
- Rosted, Jakob. 1810. *Forsøg til en Rhetorik i et Udtog af Hugo Blairs Forelæsninger over Rhetoriken, med hensyn til Undervisningen i de lærde Skoler*. Christiania: Eige forlag. (“Trykt paa Forfatterens Forlag hos N.J. Berg.”)
- Rothman, Sven. 1911. Danismer i Oscar Levertins språk. *Språk och stil* 11, 36–71.
- Rudbeck, Olaus. (1672) 1937. Atland eller Manheim. I Nelson, Axel (red.). *Lychnos-Bibliotek* 2:1. Uppsala: Almqvist & Wiksell.
- Rydberg, Victor. 1873. Tysk eller nordisk svenska. *Svensk Tidskrift*. Skrifter XIII.
- Rydqvist, Johan Er. 1850–1883. *Svenska Språkets Lagar* 1–6. Stockholm: Magnus.
- 1870. *Ljudlagar och skriftlagar*. Stockholm: Norstedt.
- Rytter, Olav. 1971 (1934). *Slavisk målreising*. Framvoksteren til dei moderne slaviske litteraturmåla. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sahlstedt, Abraham, 1769. *Swensk ordbok med latinsk uttolkning*. Stockholm: Svenska forskriftsällskapet.
- Samvirke*. 1998. Nr. 7 og nr. 12. København.
- Sand, E.S. 1956. Bør fremmedordene fordanskes? I *Dagens Nyheder* 19. august 1956.
- Sandøy, Helge. 1974. Eit språk i kamp. Om færøysk målreising. *Mål og makt*, 2–21.
- (red.) 1975. *Språk og politikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
 - 1995. Rettskrivingsarkitekturen. I Bull, Tove (red.). *Norma i nynorsk*. Norsk språkråds skrifter nr. 2. Oslo: Norsk språkråd, 17–24.
 - 1997a. *Lånte fjører eller bunad?* Om norsk skrivemåte av importord. Oslo: Norsk språkråd og Kulturdepartementet. (Ei revidert utgåve er publisert som Sandøy 2000b.)
 - 1997b. Purisme i færøysk. I Simonsen (red.) 1997, 39–45.
 - 1998b. Normering av ordforrådet. Om opptak av gamle importord i nynorsk. *Nordica Bergensia*, 50–100.
 - 1999a. Engelske ord i norsk. I Davidsen-Nielsen, Niels et al. (red.), 65–89.
 - 2000a. Nation und Sprache – das Norwegische. I Gardt, Andreas (red.). *Nation und Sprache*. Die Diskussion ihres Verhältnisses in Geschichte und Gegenwart. Berlin: Walter de Gruyter, 865–905.
 - 2000b. *Lånte fjører eller bunad?* Om importord i norsk. Oslo: LNU/Cappelen Akademisk Forlag.
 - 2000c. Moderne importord. Ei gransking av språkholdningar i dei nordiske språksamfunna. Prosjektbeskriving til forskingsprosjekt. Upublisert manus.
- Sandøy, Helge, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikør 1991. *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Schiewe, Jürgen. 1988. Sprachpurismus und Emanzipation: J. H. Campes Verdeutschungsprogramm. I *Germanistische Linguistik* 96–97.
- Schnabel, Marcus. 1775. Prøve paa hvorvidt det gamle norske Sprog endnu er til udi det Hardangerske Bondemaal. DKNVS Skrifter, N.S., B.1. (Elektronisk versjon: <http://bdb.bibsys.no/vis/00159589x>.)
- Schnelle, H. 1976. Empirische und transzendente Sprachgemeinschaften. I Apel, K.-O. *Sprachpragmatik und Philosophie*. Frankfurt: Suhrkamp Verlag, 399–440.
- Schnitler, Carl W. 1911. *Slægten fra 1814*. Kristiania: Aschehoug.

- Scotton, Carol Myers. 1987. Differentiating Borrowing and Codeswitching. I Ferrara, Kathleen m.fl. (red.). *Linguistic Change & Contact*. (Texas Linguistics Forum; Vol. 30). Austin: University of Texas, Department of Linguistics, Austin, 318–325.
- Searle, John (1969) 1990. *Speech Acts. An Essay in the Philosophy of Language*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Seip, Didrik Arup. 1923–83. Christen Jensøn. I *Norsk Biografisk Leksikon*. Oslo: Aschehoug.
- Seip, Jens Arup. 1974. *Utsikt over Norges historie*. Bind 1: Tidsrommet 1814–ca. 1860. Oslo: Gyldendal.
- Sejersted, Jørgen. 1999. Tidigmoderne protestantisk inderlighet. Christopher Meidel, Iver Brink og Salomos Høysang. I Malmio, Kristina (red.). *Om barocken i Norden*. Meddelanden från avdelning för nordisk litteratur. Helsingfors: Helsingfors universitet, 107–142.
- Selberg, Ole Michael. Standardspråk og dialekt i Polen. I Blaauw, Knud og Helge Nordahl. *Standardspråk og dialekt*. Bergen-Oslo: Bergen Riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 107–120.
- Selmer, H. P. 1869. *Om det danske sprogs tilstand og vilkår*. Kjøbenhavn: Kristian Vissings boghandel.
- Seltén, Bo 1987. *Svensk ordbok*. Acta Wexionensia Ser. 3. Language & Literature 1. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- 1993. *Ny svensk ordbok*. Lund: Studentlitteratur.
- Selås, Magnhild. 1996. Trykklette endingar i talemålet i Tórshavn. Ei sosiolingvistisk gransking. Uprenta hovudfagsavhandling i nordisk. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Simonsen, Dag Finn og Helene Uri. 1992. Skoleelevers holdninger til anglonorsk. I *Norsk læreren* 1, 27–34.
- Simonsen, Dag Finn. 1996. *Nordens språk i EUs Europa*. Oslo: Nordisk språksekretariat.
- (red.) 1997. *Purisme på norsk?* Norsk språkråds skrifter 4. Oslo: Norsk språkråd.
- (red.) 1999. *Godt språk i lærebøker*. Rettleiing i lærebokarbeid. Norsk språkråds skrifter 6. Oslo: Norsk språkråd.
- Sivertsen, Eva 1964. Rettskrivningsreform i engelsk? I Hellevik, Alf og Einar Lundebø (red.). *Skriftspråk i utvikling*. Tiårsskriftet for Norsk språknemnd 1952–1962. Norsk språknemnd skrifter 3. Oslo: Cappelen.
- Skáli, Arnfinnur í, Jonhard Mikkelsen og Zakarias Wang. 1992. *Ensk-føroysk orðabók*. Hoyvík: Stiðin.
- Skalicka, V. 1979. *Typologische Studien*. Wiesbaden: Vieweg.
- Skard, Matias. 1912. *Nynorsk ordbok for rettskriving og litteraturlesnad*. Kristiania: Aschehoug.
- Skard, Sigmund. 1938. *A. O. Vinje og antikken*. Studier i norsk åndshistorie. Oslo: Det Norske Videnskaps-Akademi.
- 1958. *American Studies in Europe I–II*. Philadelphia: University of Philadelphia Press.
- 1963. *Målstrid og massekultur*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- 1982. Norsk klassisk tradisjon. I Kaggerud, Egil. (red.) *Klassisk og norsk*. 12 essays om antikken og den klassiske innflytelse i Norge. Oslo: Gyldendal, 194–220.
- 1988. *Trans-Atlantica*. Memoirs of a Norwegian Americanist.
- Skard, Vemund. 1980. *Norsk språkhistorie III*. 1814–1884. 2. foreløpige utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Skarði, Jóhannes av (red.). 1967. *Donsk-føroysk orðabók*. 1967. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- 1984. *Ensk-føroysk orðabók*. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.
- Skarði, Jóhannes av og Jóhan Hendrik W. Poulsen. 1977. *Donsk-føroysk orðabók*. 2. utg. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag.

- Skautrup, Peter (1944–1970) 1968. *Det danske sprogs historie I–V*. 2. opplag, fotografisk opptrykk av 1. utgåva. København: Gyldendalske Boghandel.
- Skjekkeland, Martin. 1999. *Tysk-danske lånord i nynorsk og bygdemåla*. Om ein frisk debatt – og om ei gransking av ordtilfanget i to bygdemål. Forskningsserien nr. 16. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Skjæveland, Yngve. 1996. *Nasjonal retorikk i Det Norske Nationalblad 1815–1821*. KULTs skriftserie nr. 62. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Skyum-Nielsen, Erik. 1986. *Om sproglig normgivning*. København: Danmarks Lærerhøjskole.
- Slagstad, Rune. 1998. *De nasjonale strateger*. Oslo: Pax Forlag.
- Smith, Anthony D. 1983. *Theories of Nationalism*. 2. utgåva. Oxford: Oxford University Press.
- 1986. *The Ethnic Origins of Nations*. Oxford UK–Cambridge USA: Blackwell.
- 1998. *Nationalism and Modernism*. A critical survey of recent theories of nations and nationalism. London - New York: Routledge.
- Solheim, Jorun. 1998. *Den åpne kroppen*. Om kjønnsymbolikk i moderne kultur. Oslo: Pax.
- Solstrand-Pipping, Helena. 1993. Finlandssvenskan i går, i dag och i morgon. *Språkbruk* 3/93, 3–9. *Sosialurin*. Tórshavn.
- Språknytt*. 1973–2000. Oslo: Norsk språkråd.
- Språkvård*. 1969–2000. Stockholm. Svenska språknämnden.
- Språklig Samling*. 1959–2000. Oslo: Landslaget for språklig samling.
- Språk i Norden*. 1970–1999. Oslo: Nordisk språksekretariat/Nordisk språkråd.
- Staksberg, Marius. 1996. Sa-possessiv. *Målting* 18, 28–34.
- Statistisk sentralbyrå. 2000. Statistisk årbok 2000. Her er nytta Internett-utgåva. <<http://www.ssb.no>> Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Stegane, Idar. 1987. *Det nynorske skriftlivet*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Stene, Aasta 1945. *English loan-words in modern Norwegian: a study of linguistic borrowing in the process*. London–Oslo: Oxford University Press, Johan Grundt Tanum Forlag.
- Storsveen, Odd Arvid. 1997. “Fornuftig Kierlighed til Fædrelandet”. En analyse av norsk patriotisme mellom 1784 og 1801. I d.s. m.fl. *Norsk patriotisme før 1814*. KULTs skriftserie nr. 88. Oslo: Noregs forskingsråd, 5–163.
- Stortingsmelding* nr. 13. 1997–98. Oslo.
- Stevens, Peter. 1992. English as an International Language: Directions in the 1990s. I Kachru (red.) 1992, 27–47.
- Ståhle, Carl-Ivar. 1962. De främmande orden och den svenska ordbildningen. I Dahlstedt, Karl-Hampus, Gösta Bergman og Carl-Ivar Ståhle. *Främmande ord i svenskan*. Verandis skriftserie 17. Stockholm: Bonniers, 74–83.
- 1965. Om språkvårdens oppgifter. *Språkvård* 1, 5.
- 1970. Det nordiska rättstavningsmötet 1869 och hundra års svensk rättstavning. *Språk i Norden* 1970, 5–36.
- 1974. Språkvård och språkvårdsnormer. *Språkvård* 2.
- Ståhle, Synnöve. 1989. Finlandssvenskan ett eget språk. Hbl. 26.10.1989.
- 1989b. Ge oss en finlandssvensk norm. Hbl. 26.11.1989.
- 1989c. Finlandssvenskan vårt eget språk. Hbl. 18.12.1989.
- 1989d. Apropå kullerbyttor. Hbl. 29.12.1989.
- Sudmann, Arnulv. 1970. Nordisk språksamarbeid. *Språk i Norden* 1970, 66–106.
- Sundbärg, Gustav. 1911. *Det svenska folklynnnet*. Aforismer. Stockholm: Norstedt.
- Sundby, Nils Kristian 1978. *Om normer*. Oslo-Bergen-Tromsø: Universitetsforlaget.
- Svabo, Jens Christian. 1970. *Dictionarium Færoense*. II. Indledning og registre. Utgitt etter handskriftene (1770-åra – 1820-åra) av Christian Matras. København: Munksgaard.

- Svavarsdóttir, Ásta 1994. Sprogsamfund, sprogpolitikk og ordboger. I *LexicoNordica* 1, 219–237.
- Svenska Akademiens Ordlista*. 9 (1950), 10 (1973), 11 (1986), 12 (1998). Stockholm: Nordstedts.
- Svenska datatermgrupper. Internett: <<http://www.nada.kth.se/dataterm/>> (1. februar 2001.)
- Svenska språknämnden. 1998. Handlingsplan för att främja svenska språket. *Språkvård* 2.
- Svenska skolverket. 2000. Barnomsorg och skola i siffror 2000. Del 2. Svenska skolverkets rapport nr. 185. Jf. Internett: <<http://www.skolverket.se/fakta/statistik/sos/sos/sos002/ind.>> Stockholm.
- Svensson, Lars. 1981. *Ett fall av språkvård under 1600-tallet*. Lundastudier i nordisk språkvetenskap, Serie A:33. Lund: Lunds universitet.
- Sverrir Tómasson. 1993. Formáli málfraeðiritgerðanna fjögurra í Wormsbók. *Íslenskt mál* 15. Reykjavík, 221–240.
- Swedberg, Jesper. 1716. *Schibboleth*. Svenska Språkets Rycht och Richtighet. Skara.
- Swedenborg, Lillemor (red.). 1986. *Nyord i svenskan från 40-tal til 80-tal*. 1986. Stockholm: Svenska språknämnden – Esselte Studium.
- Syv, Peder. (1663) 1915. Nogle betenkninger om det Cimbriske Sprog. I Bertelsen, Henrik (red.). *Danske grammatikere I*. Fra midten af det syttende til midten av det attende aarhundrede. København: Gyldendalske Boghandel, Nordisk Forlag, 175–292.
- Szubert, Andzej. 1999. Falske lån. *Mål & Mæle* 2/22, 10–13.
- Sæbøe, Randi. 1996. Fagspråk, sosial funksjon og sosial mening. Noen vitenskapsfilosofiske betraktninger om språksituasjonen i norsk petroleumsvirksomhet. I Myking, Johan et al. *Terminologi – system og kontekst*. KULTs skriftserie nr. 71. Oslo: Noregs forskingsråd.
- 1997. Markedsstrategi eller kulturell identitet? En analyse av språkplanleggingen i norsk oljevirksomhet. *Småskrifter* 24. Bergen: Norsk termbank, Universitetet i Bergen.
- Söderberg, Barbro 1983. *Från rytters och cowboys til tjuvstrykers: S-pluralen i svenskan*. En studie i språklig interferens. Acta Universitatis Stocholmensis, Stockholm Studies in Scandinavian Philology, New Series 16. Stockholm: Almqvist & Wiksell.
- Sørensen, John Kousgård. 1983. Peder Syv. *Dansk biografisk Leksikon*. Bd. 14. København: Gyldendal, 273–275.
- Sørensen, Knud 1973. *Engelske lån i dansk*. Dansk Sprognævns skrifter 8. København: Dansk Sprognævn.
- 1987. Engelsk indflydelse på moderne dansk syntaks. Ringgaard, K. (red). *I. møde om Udforskningen af Dansk Sprog*. Århus: Institut for Nordisk Sprog og Litteratur, Aarhus Universitet.
- 1995. *Engelsk i dansk, er det et must?* København: Munksgaard.
- 1997. *A Dictionary of Anglicisms in Danish*. Historisk-filosofiske skrifter 18. København: Det Kongelige Danske Videnskabers Selskab.
- 1999. To anglicismeordbøger. *Arkiv för Nordisk Filologi* 114, 143–149.
- Sørensen, Øystein. 1997. *Bjørnstjerne Bjørnson og nasjonalismen*. Oslo: Cappelen.
- 1998. (red.) *Jakten på det norske*. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- 2000. Kampen om Norges sjel – Nasjonale idéer 1770–1905. Norsk idéhistorie bind 3. Upublisert. Manuskript til bok som vert utgitt i 2001.
- Sørland, Siri. 1993. ‘Trick’, ‘trikk’ or ‘triks’. Some aspects of ortographic adaptation of English loanwords in standard Norwegian. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk språkvitskap. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sörlin, Sverker. 1994. *De läradas republik*. Om vetenskapens internationella tendenser. Malmö: Liber-Hermods.
- Saaby, Viggo og P. K. Thorsen. *Saabys Retskrivningsordbog*. 1904. København: Gyldendal.

- Tallhage, Eva. 1991. Lånorden i svenska, danska och norska under efterkrigstiden. En jämförande studie. Upublisert seminararbeid ved Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet.
- Tandefeldt, Marika. 1989. Lagg av, Synnøve! Hbl. 22.12.1989
- 1997. Rikssvensk syn på svenskan i Finland. *Språkbruk* 2/97, 3–8.
 - 1999. Finlandssvenskan i tusen år. *Språkbruk* 3/99, 3–9.
- Tanums store rettskrivningsordbok 1996. 8. utg. Red. av Boye Wangensteen. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Tausen, Svenning 1996. *Orð og orðað*. Tórshavn: Sprotin.
- Tegnér, Esaias d.y. (1874) 1922. Om språk och nationalitet. I d.s. *Ur språkens värld 1*. Stockholm: Bonnier.
- (1880) 1922. Språkets makt över tanken. I d.s. *Ur språkens värld 1*. Stockholm: Bonnier.
- Teleman, Ulf. 1969. Språkvårdens argument. I *Språket i blickpunkten*. Skrifter utgivna av Svenskläraryöningen 10. Stockholm: Gleerups, 194–216.
- 1979. *Språkrätt*. Om skolans språknormer och samhällets. Lund: LiberLäromedel.
 - 1984. Svenskan och språkvården under 40 år. *Språkvård* 4, 5–19.
 - 1991. En modern handbok i språkriktighet. *Språkvård* 4, 15–19.
 - 1992. Det svenska riksspråkets utsikter i ett integrerat Europa. *Språkvård* 4/92, 7–16.
- Teleman, Ulf og Margreta Westman. 1997. Behöver vi en nationell språkpolitik? *Språkvård* 2, 5–16.
- 1999. Länga leva svenska språket? *Svenska Dagbladet* 17. august 1999.
- Thomas, George 1991. *Linguistic purism*. London & New York: Longman.
- Thomason, Sarah Grey og Terrence Kaufman. (1988) 1991. *Language Contact, Creolization, and genetic Linguistics*. Berkeley: University of California Press.
- Thomsen, Johnny 1986. Ensk-føroysk orðabók. (Bokmelding). *Brá* 8, 11–23.
- (1989) 1993a. Problems of Faroese lexicography. I Louis-Jensen J. og J.H.W. Poulsen. *The Nordic Languages and Modern Linguistics* 7. Tórshavn, 615–624.
 - 1993b. Eitt sindur um orðabókagerð. *Málting* 7, 2–13.
 - 1996. Brúka argjakonur lepastift? ella Nyta argjakvinnur varrastift? *Málting* 16, 10–24.
 - Rangt og rætt. (Melding). *Málting* 17, 36–39.
- Thomsen, Roðin. 1996. Nøkur orð um Donsku-Føroysku orðabókina. *Dimmalætting* januar 1996.
- Thorell O. 1981. *Svensk ordbildningslära*. Stockholm: Esselte.
- Thorkildsen, Dag. 1994. Skandinavismen – en historisk oversikt. I Sørensen, Øystein. (red.) *Nasjonal identitet – et kunstprodukt*. KULTs skriftserie nr. 30. Oslo: Noregs forskingsråd.
- Tilråding 1935. Tilråding om ny rettskrivning. Fra den departementale rettskrivningsnevnd av 1934. Oslo: Kyrkje- og undervisningsdepartementet.
- Tjelle, Arne. 1994. Rettskrivinga av 1941. Bakgrunn, politisk spel og ideologisk analyse. (Opphavleg hovudfagsavhandling i nordisk.) *Nordica Bergensia* 2. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Tollefson, J. 1991. *Planning language, planning inequality*. Harlow: Longman.
- Torp, Arne. 1982. *Norsk og nordisk før og nå*. Oslo: Universitetsforlaget.
- 1998. *Nordiske språk i nordisk og germansk perspektiv*. Oslo: Novus.
- Tønnesson. Stein. 1993. Norden speiler seg: Identitetsdebatten 1986–93. I *Historisk Tidsskrift* 3/72, 360–397.
- Udlændinge. 2000. En talmæssig belysning af udlændinge i Danmark. København: Indenrigsministeriet.
- Vachek, Josef 1989. *Written Language Revisited*. Artikkelsamling utvald og redigert av Philip A. Luelsdorff. Amsterdam - Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.

- Valberg, Inger. 1990. "The perfect look". A study of the influence of English on Norwegian in the area of fashion and beauty. Upublisert hovudfagsavhandling i engelsk. Oslo: Institutt for britiske og amerikanske studiar, Universitetet i Oslo.
- Venås, Kjell. 1985. Om ordlaging på heimleg grunn. *Språk i Norden* 1985, 26–45.
- 1986. Tankar om det språksosiologiske klimaet i Norden. I *Språk i Norden* 1991, 6–24.
 - 1987. Korleis bør nynorske ord sjå ut? Om stilen og ordfanget i nynorsk? I Mæhle, Leif, Einar Lundeby og Oddrun Grønvik (red.). *Fornyng og tradisjon*. Språkvern og språkrøkt 1972–1988. Oslo: Norsk språkråd/Cappelen, 50–66.
 - 1990a. *Den fyrste morgonblånen*. Tekstar på norsk frå dansketida. Oslo: Novus.
 - 1990b. Etymologisk mot talemålsnær normering. I *Maal og Minne* 3-4. Oslo: Bymålslaget:192–198
 - 1990c. Om mytar og mistydingar. *Språknytt* 3. Oslo:6–7.
 - 1991a. Orientering om aksjonen for språkleg miljøvern. *Språk i Norden*, 37–60.
 - 1991b. *Mål og miljø*. Tredje utgåva. Oslo: Novus.
 - 1996. *Då tida var fullkomen*. Ivar Aasen. Oslo: Novus forlag.
 - 1997. Purisme – historisk oversyn. I Simonsen (red.) 1997, 9–16.
- Vestbøstad, Per. (red.) 1989. *Nynorsk frekvensordbok*. Dei vanlegaste orda i skriftleg nynorsk henta frå aviser, sakprosa og romanar 1978–84. Bergen: Alma Mater.
- Vikør, Lars S. 1965. Språk og reklame. *Språklig Samling*, 5 og 10.
- (1980) 1983. Nynorsk for folket? (Opphavleg prenta i *Syn og Segn* 4/1980.) I Lauvhjell (red.), 52–68.
 - 1990. I staden for –heit. Ein studie i syntaktisk purisme. *Maal og Minne* 1–2. Oslo, 23–54.
 - 1993. *The Nordic Languages*. Oslo: Novus.
 - 1994. *Språkplanlegging*. Prinsipp og praksis. Andre utgåva. Oslo: Novus.
 - 1998. Normering av fremmedord i internasjonalt perspektiv. I Fjeld et al. 1998, 122–135.
- Vinje, Finn-Erik. 1971. *Svecismer i moderne norsk*. Norsk språknemnds skrifter nr. 9. Oslo: Norsk språknemnd/Cappelen.
- Vinje, Finn-Erik. 1980. *Å veie sine ord*. Rapportar om språkbruken i NRK. Trondheim: Tapir. [S. 367.]
 - 1991a. "Språklig miljøvern" et drøyt stykke demagogi. Finn-Erik Vinje intervjuet av Jan Olav Bruvik i *Skoleforum* 9. Oslo, 27–31.
 - 1991b. Norsk er ikke truet av engelsk! *Skoleforum* 16. Oslo, 24–25.
 - 1991c. *Språkrøret*. Pauli ord om språkdjevler og kraftgloser. Saman med Olav Vesaas. Oslo: Scanbok.
 - 1996. Omstaving av fremmedord i norsk og nordisk. I Blaauw, Knud m.fl. *Engelske ord med norsk rettskrivning*. Bergen: Bergen Riksmålsforening, Riksmålsforbundet og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur, 9–39.
 - 1998. *Bedre norsk*. Språkråd fra A til Å. Bergen: Fagbokforlaget.
- Våga, Hans Marius. 1998. Det nynorske ordtilfanget – ei undersøking av bruken av anbeheitelse-ord i nynorsk etter 1983. Upublisert hovudfagsavhandling i nordisk. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Wal, M. van der 1995. *Geschiedenis van het Nederlands*. Utrecht: Het Spectrum (Aula).
- Walton, Stephen. 1996. *Ivar Aasens kropp*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Webster's Third New International Dictionary*. 1976. Springfield: Merriam.
- Weibull, Martin. 1906. Geografisk öfversikt af det svenska väldet under senare hälften af 1600-tallet, 370–384.
- Weinreich. Uriel. (1953) 1974. *Languages in contact*. Findings and problems. New York: Mouton de Gruyter.

- Weiss, Peter. 1999. *Ordning i bruket, skäl till vanan*. Ortographische Grundpositionen bei schwedischen Grammatikern des 18. Jahrhunderts. Scripta Septentrionala Vol. 1. Saarbrücken: AQ-Verlag.
- Welhaven, Johan Sebastian. 1834. *Norges Dæmring*. Et polemisk digt. Christiania: Johan Dahl.
- Wellander, Erik. 1939. *Riktig svenska*. Stockholm: Svenska Bokförlaget.
- 1943. *Språkvård och kulturarv*. Stockholm: Norstedt.
 - 1964. *Språk och språkvård*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 30. Stockholm: Svenska Bokförlaget.
 - 1973. *Riktig svenska*. 4. reviderede opplaget. Stockholm: Esselte Studium.
- Westman, Margareta. 1986. Vad kan vi göra inom olika sfärer av språkbruket? *Språkvård* 1, 30–32.
- 1996. *Språket lever!* Festskrift til Margareta Westman den 27 mars 96. Skrifter utgivna av Svenska språknämnden 80. Stockholm: Norstedts.
- Wessén, Elias. 1956. Stavningen av främmande ord i svenskan. I *Nordiska språkfrågor 1955*. Skrifter utgivna av Nämnden för svensk språkvård 16. Stockholm: Nämnden för svensk språkvård.
- Weyhe, Eivind. 1996. Bendingarmunur í føroyskum málførum. *Íslenskt mál og almenn málfræði* 18, 71–118.
- Widmark, Gun. 1992. Vi och Wellander. *Språkvård* 3, 7–16.
- Wiggen, Geirr 1991. Demagogisk om Norsk språkråd. Kronikk i *Skoleforum* 14. Oslo, 26–30.
- Internasjonalisering og opprusting av morsmålets ressurser. Hva gjør Norsk språkråd med dette? I Bull, Tove (red.). *Norsk som framtidsspråk i arbeidsliv og næringsliv*. Norsk språkråds skrifter 1. Oslo: Norsk språkråd, 71–76..
- Winge, Vibeke 1991. Dansk og tysk i 1700-tallet. I Feldebæk, Ole (red.): *Dansk identitetshistorie I*. København: C. A. Reitzel.
- Wingstedt, Maria. 1998. *Language Ideologies and Minority Policies in Sweden*. Historical and contemporary perspectives. Stockholm: Centre for Research on Bilingualism, Stockholm University.
- Wærenskjold, Leif. 1964. *Vi finner oss ikke i det*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Zachariassen, Frida. 1980. *Strev í málrøkt*. Tórshavn: Eigið forlag.
- Ørsted, H. C. 1814. *Tentamen nomenclaturæ chemicæ omnibus linguis Scandinavico Germanicis communis*. (Gjengitt og delvis omsett av Kristensen 1904.)
- Östergren, Olof. 1908. *Stilistisk språkvitenskap*. Stockholm.
- Østergård, Uffe. 1994. Norden – europæisk eller nordisk? *Den jyske Historiker* 69-70, 7–37.
- Østerud, Øyvind 1994. *Hva er nasjonalisme?* Oslo: Universitetsforlaget.
- Åkermalm, Åke. 1979. *Modern svenska*. Språk- og stilfrågor. Lund: Liber.
- Aarnes, Sigurd Aa. 2000. Stud.philol ved Universitetet i Oslo 1945–50. Et faghistorisk eksempel. *Nordica Bergensia*, 25–51.
- Aars, Jonathan. 1866. *Retskrivnings-regler til skolebrug*. Kristiania: Fabritius.
- 1889. Norske retskrivningsregler. Kristiania: Fabritius.
- Aars, J. S.W. Hofgaard og Moltke Moe. 1898. *Om en del retskrivnings- og sprogsprøsmål*. Redegjørelse til det kongelige departement for kirke- og undervisningsvæsenet. Kristiania: Brøggers bogtrykkeri.
- Aasen, Ivar. (1836) 1984. Om vort Skriftsprog. I Walton, Stephen (red.). *Om grunnlaget for norsk målreising*. Seks artiklar av Ivar Aasen med innleiding av Stephen J. Walton. Voss: Vestanbok, 53–57.
- 1848: *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Christiania: Trykt hos Werner & Comp.
 - 1850. *Ordbog over det norske Folkesprog*. Christiania
 - 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Christiania: Trykt hos Werner & Comp.
 - (1854) 1917: Grundtanker til en Afhandling om en norsk Sprogform. *Maal og Minne* 7, 4-33.

- (1860) 1958. Om Sprogets Dyrkning. I Djupedal, Reidar (red.). *Brev og dagbøker*. Oslo: Det Norske Samlaget, 298.
- 1864. *Norsk Grammatikk*. Christiania: P. T. Mallings Forlagsboghandel.
- (1873) 1977. *Norsk Ordbog*. Femte utgåva. Oslo: Fonna Forlag.
- 1925. *Norsk Maalbunad*. Samanstilling av norske ord etter umgrip og tyding. Redigert av Sigurd Kolsrud. Oslo: Det Norske Samlaget.
- 2000. *Dansk-norsk Ordbog*. Redigert av Bondevik, Jarle, Oddvar Nes og Terje Aarset. Bergen: Norsk Bokreidingslag.

Forkortingar

Bek.	Bekendtgørelse
DFO	<i>Donsk-føroysk orðabók</i>
EFO	<i>Ensk-føroysk orðabók</i>
et al.	et alii/aliae/alia ['og fleire']
f.	fylgjande side(r)
FDO	<i>Føroysk-donsk orðabók</i>
FO	<i>Føroysk orðabók</i>
jf.	jamfør
kap.	kapittel
pga.	på grunn av
SAOL	<i>Svenska Akademiens ordlista över svenska språket</i>
S./s.	Side
Sit.	Sitert
Sst./sst.	Same stad
t.d.	til dømes

